


Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærarutdanning

## **Trondenes kannikgjeld**

*- makt og rikdom gjennom seinmellomalder og reformasjon*

**Sigrun Høgetveit Berg**

*Avhandling levert for graden philosophiae doctor – oktober 2013*





## **Fyriord**

Eit avhandlingsarbeid er krevjande, det er ein langdistanse. Godt då, å ikkje måtte gjera jobben aldeles åleine.

Lars Ivar Hansen, du er fenomenal. I vårt meir enn 13 år lange akademiske samliv har du vore ei kjelde til inspirasjon – alltid interessert, engasjert, iderik og ikkje minst raus med dei store kunnskapane dine.

Eg har også vore så heldig å vera ein del av ei vital forskingsgruppe, Creating the New North (CNN), som gjennom seminar, ekskursjonar, konferansar – og ikkje minst frukostar – har vore ein framifrå akademisk skule.

Det same kan seiast om heile Institutt for historie og religionsvitskap, der ungdomen blir testa og tukta – og trekt inn i eit fagleg-sosialt fellesskap eg trur få miljø kan mætsje. Mange har lese og kommentert og drøfta delar av denne avhandlinga undervegs – takk til alle – og særleg til Magne Njåstad, som på slutten gav meg gode innspel gjennom eit overordna blick på det heile.

Takk også til min noverande sjef og arbeidsplass, Helen Sagerup og Seksjon for forskningstenester på HSL-fakultetet, for stor fleksibilitet og oppmuntrande tilrop.

Og til Det norske instituttet i Roma, der eg både har fått stipend og arbeidsro og vore med på spennande seminar – jamvel i sjølvaste Vatikanet. Ein ekstra takk til bibliotekar Germana Graziosi for å ha hjelpt meg inn i Biblioteca Lancisiana.

Matilda – min faste formgjevar – du er ein knupp! Og min kjære Harald Dag og ungene; vore det ikkje for dikko, hadde eg vore ferdig for lengst. Takk, lell.

Og takk, Ivar Aasen.

Tromsø, 20. oktober 2013

Sigrun



## INNHALD

<b>Del I Innleiing og bakgrunn</b> .....	8
<b>Kapittel 1: Innleiing – problemstillingar og perspektiv</b> .....	9
1.1 Historiske og geografiske rammer .....	10
Kva er Trondenes? .....	10
Kvifor 1350–1620? .....	13
1.2 Teoretiske tilnærmingar .....	14
Pierre Bourdieus sosiale felt.....	14
Reinhard Kosellecks omgrepshistorie .....	21
1.3 Kva er reformasjonen? I Danmark-Noreg? I nord? .....	24
Kva tyder “reformasjon”? .....	25
På norsk .....	29
1.4 Historiografi .....	33
Framstillinga av Trondenes og det nordlege Noreg .....	33
Framstillinga av kyrkjeorganisasjon og kyrkje(økonomisk) historie.....	34
Framstilling av reformasjonen .....	35
1.5 Kjelder og metode .....	36
Jordebøker og rekneskap .....	37
Skattelister og manntal .....	38
Diplomatariske kjelder .....	39
Lovmateriale.....	39
Materielle kjelder .....	40
1.6 Avhandlingsstruktur .....	40
<b>Kapittel 2: Trondenes kannikgjeld og aktørane der</b> .....	41
2.1 Det nordlege Noreg i vekst og fall .....	41
2.2 Aktørane .....	47
Dekanen.....	47

Dei lokale prestane .....	48
Domkapitlet.....	48
Erkebispem.....	50
Paven/kurien.....	51
Superintendenten.....	52
Kongen/statsmakta .....	52
Lensherren .....	53
Lokale aktørar .....	54
Samar.....	55
2.3 Føresetnadane for Trondenes kannikgjeld .....	56
<i>Fabrica</i> – kyrkjebygget.....	56
<i>Mensa</i> og utviklinga av kyrkjeorganisasjonen .....	59
<b>Del II Inntekter og verdjar i Trondenes .....</b>	<b>67</b>
Kapittel 3: Kva slags inntekter og verdjar var knytte til kannikgjeldet? .....	68
3.1 Landskuld .....	68
Smør eller fisk? .....	69
Landskuldnivået .....	71
3.2 Tiend.....	74
Frå firedeling til tredeling .....	76
Om bondeluten i nord.....	77
Om den kyrkjelege disponeringa av tienda .....	80
3.3 Donasjonar: sjelegåver og testament.....	82
3.4 Skattar og avgifter .....	86
3.5 Bøter .....	91
3.6 Handel .....	91
Kapittel 4: Korleis fordelte inntektene og verdiane seg mellom kannikgjeldaktørane?.....	94

4.1 Om dekanens økonomiske interesser før reformasjonen .....	95
Det særleg attraktive Trondenes-gjeldet?.....	96
Mensa-/fabricafordeling og disponering.....	96
Kollegiatkyrkja .....	99
Inntektene .....	100
Utgiftene.....	103
4.2 Om superintendentens økonomiske interesser gjennom reformasjonen .....	107
Domkapitlet.....	107
Inntektene .....	109
Landskulda.....	109
Tienda.....	110
Andre inntekter .....	114
Bruttoinntektene.....	114
Utgiftene.....	115
4.3 Om erkebispens økonomiske interesser .....	117
Inntektene .....	117
Utgiftene.....	120
4.4 Om kongens økonomiske interesser.....	121
4.5 Om dei økonomiske verdiane si utvikling.....	125
<b>Del III Trondenes kannikgjeld som felt .....</b>	<b>126</b>
<b>Kapittel 5: Trondenes kannikgjeld som felt.....</b>	<b>127</b>
5.1 Felt.....	127
5.2 Habitus og kapital.....	133
Habitus .....	133
Kapital .....	135
Religiøs kapital i Trondenes.....	138
5.3 Makt og kapital i trondenesfeltet.....	145
<b>Del IV Feltet Trondenes før reformasjonen .....</b>	<b>146</b>

Kapittel 6: 1350–1430: Kannikgjeldet blir forma .....	147
6.1 Danninga av det utvida kannikgjeldet .....	147
6.2 Striden om kallsretten 1404–1427 .....	154
6.3 Det kyrkjeadministrative feltet stig fram .....	161
Kapittel 7: 1430–1480: I Svein Erikssons tid .....	163
7.1 Svein Eriksson ferdiggjer og innreier Trondenes-kyrkja .....	163
7.2 Oppattbygging av erkesetet under Aslak Bolt .....	167
7.3 Tida etter Aslak Bolt .....	175
7.4 Feltet Trondenes i sterk endring .....	183
Kapittel 8: 1480–1506: Uro i erkesetet .....	191
8.1 Kampen om finnmarkskapella på 1480-talet .....	191
8.2 Kampen om retten til kannikgjeldet rundt 1500 .....	197
Reiste Sakse Gunnarsson og familien til Roma? .....	200
8.3 Sekelskiftet .....	207
Kapittel 9: 1506–1537: Nasjonal styrke bygd på regionale ressursar .....	213
9.1 Kampen mot heidningane .....	214
9.2 Kampen om handel og skatt .....	222
9.3 Kampen for trua .....	228
9.4 Trondenes ved inngangen til reformasjonshundreåret .....	239
<b>Del V Feltet Trondenes gjennom reformasjonshundreåret .....</b>	<b>243</b>
Kapittel 10: 1537–1563: Frå nordnorsk til dansk til nordnorsk .....	244
10.1 Stormen i 1537 – og etterdønningane i nord .....	244
Opprør frå ein politisk opposisjon? .....	246
Torbjørn Olavsson Bratt .....	249
Nye kort utdelte .....	254
10.2 Tilpassinga i det kyrkjeadministrative feltet .....	256



Kampen om kannikgjelda.....	257
Kampen om kyrkjeordinansen .....	261
Nye posisjonar i feltet?.....	264
10.3 Tilpassinga i det regionale feltet .....	265
Oppløysinga av kollegiatet.....	265
10.4 Reformasjonen godt i gang?.....	270
<b>Kapittel 11: 1564–1622: Kyrkjeorganisasjonen festar seg .....</b>	<b>275</b>
11.1 Utfordringa frå den verdslege statsmakta.....	276
Maktkampen mellom Hans Gaas og Evert Bild og domkapittelopprøret i Trondheim .	280
11.2 Kampen om lønsemda.....	282
Jordegodsverdiane .....	283
Tienda.....	287
Handelen.....	291
Utanrikspolitikk og skattlegging .....	295
11.3 Kampen om den kyrkjelege inntektsstrukturen.....	298
Kampen om reformatsen .....	298
Trondenes’ – og Tromsøs – særstilling mellom kannikgjelda .....	305
Avvikling av kommunet og avklaring om kannikgjelda .....	306
11.4 Kampen om trua .....	309
Åndeleg tilstand i nord .....	310
Korleis møter ortodoksien samane? .....	313
11.5 Ei synlegare statsmakt i nye nettverk .....	316
<b>Del VI Konklusjonar.....</b>	<b>319</b>
<b>Kapittel 12: Trondenes gjennom seinmellomalder og reformasjon.....</b>	<b>320</b>
12.1 Trondenesfeltet gjennom seinmellomalderen .....	320
Tilhøvet Trondenes–Nidaros.....	328
12.2 Trondenesfeltet gjennom reformasjonshundreåret.....	334

Tilhøvet Trondenes–Trondheim–København .....	335
Som sokneprest .....	336
Som dekan .....	338
Som superintendent .....	339
12.3 Trondenes ved utgangen av reformasjonshundreåret .....	342
<b>Kapittel 13: Reformasjon i Trondenes – ei samansett reformasjonshistorie ....</b>	<b>344</b>
13.1 Tidslag .....	345
13.2 Erfaringsrom og forventingshorisont i Trondenes kannikgjeld .....	347
13.3 Reformasjonen – starten på salingstida? .....	352
<b>Vedlegg 1: Sokneprestar, dekanar, superintendentar, erkebisp og kongar ....</b>	<b>356</b>
<b>Vedlegg 2: Tiend- og landskuldinntekter .....</b>	<b>358</b>
<b>Vedlegg 3: Liste over figurar .....</b>	<b>359</b>
<b>Litteratur og kjelder .....</b>	<b>360</b>

## **Del I      Innleiing og bakgrunn**

## Kapittel 1: Innleiing – problemstillingar og perspektiv

Den store steinkyrkja på Trondenes har utstrålt makt og rikdom sidan høgmellomalderen. Trondenes kyrkje og det store prestegjeldet rundt, som omfatta 14 kyrkjer i det som er dagens Sør-Troms, var mot slutten av den katolske tida i Noreg det mest ettertrakta prestegjeldet i det utstrekte erkebispedømmet Nidaros. Kannikane ved domkapitlet i Nidaros hadde slått prestegjeldet inn under seg som eit kannikgjeld, og det var ei av hjørnesteinsbedriftene i erkebispesitt mektige rike. Før reformasjonen i 1536–37 var Trondenes Noregs rikaste prestegjeld<sup>1</sup> og ein sentral ressursleverandør, både i form av økonomisk kapital og menneskelege ressursar, inn til erkebispesetet. Gjennom reformasjonshundreåret blir Trondenes sin posisjon som det mest ettertrakta kallet i Trondheim stift oppretthalde, samstundes som kannikgjeldet ikkje spelte den same rolla i den dansk-norske statskyrkja, som det hadde gjort i det katolske erkebiskekyrkja.


Avhandlinga tek såleis utgangspunkt i denne hypotesen: Det ressursrike Trondenes gjekk frå å vera eit regionalt senter i eit etnisk samansett område i seinmellomalderen, til å bli ein perifer utkant i ein sentralisert dansk-norsk stat etter 1600. Reformasjonen er avgjerande for denne utviklinga, men *korleis*, og kva var *innhaldet* i reformasjonen i Trondenes? Hypotesen skal drøftast gjennom studiet av Trondenes kannikgjeld si rolle i den hierarkiske kyrkjeorganisasjonen og i den geografiske regionen kannikgjeldet var ein del av, frå 1350 til 1620. I analysen vil eg sjå Trondenes som eit *sosialt felt* der kyrkjeorganisasjonen og regionen møtest, eit felt som dannar ein heilskap av dei relasjonane som blir skapte mellom aktørane på tvers av sosiale og geografiske rom. Og eg vil følgje korleis aktørane i dette feltet søkte makt ved å kjempe om tilgangen på og kontrollere bruken av dei ressursane som vart skapte i feltet.

Denne avhandlinga har såleis to siktemål: Ho skal følgje Trondenes kannikgjeld gjennom etablering, utbygging, konsolidering og omstrukturering gjennom seinmellomalderen og i reformasjonshundreåret. Og ho skal på bakgrunn av dette svara på spørsmålet om kva reformasjonen var i Trondenes.

---

<sup>1</sup> Lysaker 1987(a): 26; Steinar Imsen, i “Reformasjonen i Nidaros (erke)bispedøme”, innlegg på “Reformasjonsseminaret”, Tromsø museum – Universitetsmuseet, Tromsø 30.–31. mars 2011.

Figur 1: Kart over Trondenes kannikgjeld



## 1.1 Historiske og geografiske rammer

### Kva er Trondenes?

Trondenes er ei halvøy i dagens Harstad kommune med rike kulturminne attende til steinalderen. Halvøya er slik forma at ho gjev god hamn på begge sider og mykje tyder på at det har vore eit eigna busetjingsområde som gav god tilgang på og kontroll over ressursar. Såleis fortel sagaen at den mektige Sigurd budde på Trondenes tidleg på 1000-talet, og representerte med bror sin på Bjarkøy, Tore Hund, ei mektig høvdingslekt i Sør-Troms då kristningsverket for alvor tok til også i nord. Kong Øystein Magnusson seier at han let byggje

kyrkje på Trondenes,<sup>2</sup> så allereie tidleg på 1100-talet har det stått ei fylkeskyrkje på Trondenes. Den noverande kyrkja vart truleg påbyrja rundt 1200.<sup>3</sup> Prestegjeldet med same namn voks i seinmellomalderen til å omfatte heile dagens Sør-Troms og hadde i perioden for denne avhandlinga så godt som same utbreiinga som det verdslege lenet Senja – frå Kvæfjord, Trondenes og Ibestad i sør, til Senja og Malangen i nord.<sup>4</sup> Senja-lenet blir mot slutten av perioden lagt under Bergenhus, i 1598 slått saman med Salten, Tromsø og Andenes og i 1604 med Helgeland, Vesterålen og Lofoten til *Nordlandene* len.<sup>5</sup> Trygve Lysaker har meint at Trondenes i ein tidsperiode mot slutten av seinmellomalderen var eit *eige* len i tillegg til Senja len – og at Senja len då omfatta berre den nordlege delen av kannikgjeldet. Rolf Fladby har avvist dette og konkludert med at det berre kan ha vore tale om vekslande namnebruk på det same lenet: “Jeg antar derfor at vi kan trekke linjen fra Senja fogderi tilbake til Senja len, som trolig ble kalt Trondenes len så lenge erkebisen satt med lenet<sup>6</sup>, og videre bakover til det Trondenes fylke som vi finner hos Aslak Bolt.”<sup>7</sup> I tillegg til å nytte “kannikgjeld” og “prestegjeld” om einannan og “Senja len” når det er snakk om den verdslege administrative eininga, kjem eg for variasjons skuld stundom til å nytte “Sør-Troms” om den geografiske regionen, sjølv om det ikkje var eit omgrep i samtida.

Trondenes var altså ei soknekyrkje og eit prestegjeld, som etterkvart blir eit kannikgjeld. Kannikane ved domkapitlet i Nidaros hadde slått kallsretten til prestegjeldet under seg, og medan ein av dei sat som titulær sokneprest, hadde han vikarprestar som gjorde den daglege prestetenesta. Alle inntektene til kyrkja gjekk til soknepresten, medan vikarprestane fekk løn av han. Frå 1430 blir Trondenes å følge dekanen – altså domkapittelformannen i Nidaros – som personleg inntektskjelde. Dette sambandet heldt seg gjennom reformasjonen heilt til kannikgjeldet blir oppløyst og Trondenes går attende til å bli eit ordinært prestegjeld i 1731.

I tillegg er det sterke grunnar til å tru at hovudkyrkja på Trondenes i løpet av 1400-talet vart ei såkalla kollegiatkyrkje. Vikarprestane budde saman – i kollegiat – på Trondenes og dreiv der ein døgntinuerleg liturgi, medan dei i tillegg gjorde ambulerande presteteneste rundt om i dei underliggjande annekskyrkjene i det store prestegjeldet. Prestefellesskapet og

---

<sup>2</sup> *Morkinnskinna*: 187.

<sup>3</sup> Eide 2005.

<sup>4</sup> I Aslak Bolts jordebok blir området omtalt som Trondenes fylke. (AB: 165–167.) Sjå meir om drøftinga av Trondenes-namnet og kva det omfatta i kapittel 2.3.

<sup>5</sup> *NRR* 3: 542, 1598; 4: 47, 1604; Fladby 1978: 52, 63.

<sup>6</sup> Erkebisen sat med Trondenes som verdsleg forlening eitt eller to år rundt 1518.

<sup>7</sup> Fladby 1978: 15.

messesongen, kyrkjeinteriøret og den rike kyrkjekunsten – som framleis er delvis bevart – og boksamlinga som var i trondeneskyrkja, tyder på at Trondenes må ha vore eit åndeleg sentrum og eit lærdomssete i nord fram mot reformasjonen.<sup>8</sup>

Trondenes kannikgjeld var den største jordeigaren i Senja len, både før og gjennom reformasjonen. Men tiendinntektene frå det rike fisket var ei endå større inntektskjelde for kannikgjeldinnehavaren. Og til liks med erkebispemenn var kannikane i domkapitlet også involverte i den lukrative handelsverksemda som fiskeria og inntektene derifrå genererte, noko dei held fram med også gjennom reformasjonshundreåret.

Handla gjorde også den verdslege lokale eliten – med jekteskipperane i spissen, som førde fisken sørover til Bryggen, der hanseatane tok den vidare ut i Europa og førde med seg korn, salt og andre varer attende til nordfararane. Jekteskipperane var altså delvis lokale nordlendingar, delvis byborgarskap frå Bergen og Trondheim som segla på nordlanda. I Trondenes utvikla det seg fruktbare nettverk mellom den verdslege og den geistlege eliten – delvis grunna tette familiære band – som gjorde at den økonomiske aktiviteten var særleg stor utover i seinmellomalderen. Desse omfatta også erkebispens mange setesveinar – verdslege ombodsmenn som skulle ta seg av dei økonomiske og administrative interessene hans (mange av dei også jekteskipperar) – som var plasserte innafor det som var Trondenes kannikgjeld.

Kannikgjeldet låg også i grenseland mellom det norrøne *Hålogaland* og det samiske *Finnmork*, som i mellomalderen omfatta eit mykje vidare territorium enn det Finnmark me kjenner i dag. På slutten av 1100-talet fanna Finnmark område sør for Namdalen i Trøndelag, både på dagens norske og svenske side, og austover område i Finland, Karelen og på Kolahalvøya.<sup>9</sup> Langs kysten var busetjingsområda uklære, men sjølv om hovudtyngda av den samiske busetjinga i Trondenes var i dei austlege innfjordane, budde det også samar innimellom den norrøne busetjinga lenger ut på kysten. I tillegg låg Trondenes i eit grenseområde mot russarane. Heilt sidan fredsavtala i 1326, hadde det norske og det russiske statsoverhovudet delt området mellom Kolahalvøya og Lyngen, og tidvis heilt aust til

---

<sup>8</sup> Bergesen 2011(b): 104–107, 249; Lysaker 1976: 395–396; Lysaker 1978(a): 105–106. Det var Trygve Lysaker som først sette fram teorien om at Trondenes var ei kollegiatkyrkje – seinare har mellom anna Lars Ivar Hansen (Hansen 2003(b)) og Rognald Bergesen (Bergesen 2011(b)) slutta seg til dette. Og begge sistnemnde har avvist Asbjørn Svartvassmo sin teori om at kyrkja heller kunne ha vore eit augustinarikonvent. (Svartvassmo 1988.)

<sup>9</sup> Berg, Storm og Bergesen 2011: 153.

Malangen, mellom seg.<sup>10</sup> I spreidde, men klare vitnemål blir trondeneskyrkja gjennom heile seinmellomalderen og reformasjonshundreåret forstått som ei viktig brikke i kampen mot dei vantrule – mot heidenske samar og skismatiske russarar.<sup>11</sup>

Trondenes kannikgjeld var med andre ord stort og ressursrikt, med ei spesiell og sentralt plassert organisering, og me finn spor av det i eit etter måten rikt arkeologisk og historisk kjeldemateriale. Det byr seg på alle måtar fram som forskingsobjekt.

Figur 2: Trondenes i det nordafjellske



### Kvifor 1350–1620?

Eg har valt å avgrense analysen til perioden mellom 1350 og 1620. Kannikgjeldet som me møter det gjennom seinmellomalderen oppstår i den tidlege oppattbyggingsfasen etter

<sup>10</sup> Hansen og Olsen 2004: 173.

<sup>11</sup> DN XVII-787, 1500; Berg, Storm og Bergesen 2011: 153–158; Bratrein, upublisert manus: 43; Bratrein 2004(b); Andreassen & Bratrein 2011(a): 326.



svartedauden. Det opphøyrer i 1731 – det vil seia, då går det over til å bli fleire ordinære prestegjeld med residerande sokneprestar. Men sidan denne avhandlinga først og fremst ser etter kva for endringar reformasjonen førde til i Trondenes, vel eg å avslutte “reformasjonshundreåret” rundt 1620. Då har Christian IV omsider fått på plass ein norsk lov (1604), eigen kyrkjeordinans (1607) og nyleg feira 100-årsjubileum for Luthers tesar på kyrkjedøra i Wittenberg i 1517. Superintendent Anders Arrebo slår i 1620 fast at Trondenes framleis skal vera eitt av kannikgjelda i Trondheim stift, og ikkje minst set det omkring 1620 for alvor inn ei stor og djup økonomisk krise i fiskerisamfunna i nord.

## 1.2 Teoretiske tilnærmingar

Siktemålet med denne avhandlinga er altså å følgje Trondenes kannikgjeld gjennom seinmellomalder og reformasjon og sjå kva for makt den “store steinkyrkja på Trondenes har utstrålt” i denne perioden. For å prøve å gripe kva slags maktuttrykk dette er, vender eg meg til Pierre Bourdieu sine omgrep, og for å prøve å gripe den samansette reformasjonshistoria vender eg meg til Reinhard Koselleck sine omgrep.

### Pierre Bourdieus sosiale felt

Kva slags makt kan ei kyrkje utstråle i eit førmoderne samfunn som Trondenes på 1400- og 1500-talet? Sjølve kyrkjebygget og det interiøret ho var oppsett med må for alle som såg ho og visste av ho, frå lokalsamfunnet på Trondenes, det store prestegjeldet som etterkvart omgav kyrkja og det erkebispedømet, og etterkvart stiftet, ho var ein del av, ha vore uttrykk for vilje og evne til å bruke stor ressursar over lang tid. Kyrkja var den nordlegaste steinkyrkja i den kristne verda, og ho vitna om rikdom. Det var fleire aktørar som var direkte og indirekte involverte i kyrkjeorganisasjonen rundt Trondenes, og denne avhandlinga skal handle om korleis desse aktørane søkte makt ved å kjempe om dei ressursane som etablerte og dreiv kyrkja på Trondenes og prestegjeldet hennar. Eg prøver altså å sjå etter ein type kyrkjepolitisk makt. Men kva er egentleg det? Makt er eit krevjande omgrep å definere. “Det er stort og noe konturløst og lar seg ikke klart avgrense mot materielle og kulturelle forhold så som økonomiske og militære ressurser eller religiøs og åndelig påvirkningskraft. Makt handler ikke minst om muligheter,” skriv Steinar Imsen, og vel heller difor å sjå på *potensialet for makt* som ligg i korleis aktørane brukar og kombinerer rollene sine.<sup>12</sup> Og for å koma innunder dette maktomgrepet, som ikkje klart let seg ”avgrense mot materielle og kulturelle forhold”,

---

<sup>12</sup> Imsen 2004(f): 36.

vil eg bruke Pierre Bourdieus feltteori. Dei økonomiske, politiske, kulturelle og sosiale relasjonane som definerer verdier og makttilhøve rundt Trondenes meiner eg fruktbart kan analyserast ved hjelp av Bourdieus ulike typar *kapital* i sosiale *felt*. Sjølv om Bourdieu ikkje har noko samanfattande definisjon av makt, og ofte er vorte skulda for å ha uklare bruk av maktomgrepet, gjerne i ein slags glidande overgang mellom makt og kapital<sup>13</sup>, vil eg i denne samanhengen forstå makt som definisjonsmakta over, tilgangen på og bruken av ressursar.

Kven kunne så kjempe om denne makta i Trondenes? Ei fruktbar – og nøytral – felles nemning er *elite*. Denne nemninga ”vert som regel nytta om ei samfunnsgruppe, oftast ein minoritet, som har makt eller påverknad over andre og vert oppfatta som overlegen i ei eller anna form”, skriv Jo Rune Ugulen, og stør seg Michael Manns fire område for makt når han opererer med fire typar elitar; økonomisk, ideologisk, militær og politisk.<sup>14</sup> Desse makttypane går nødvendigvis inn i einannan. ”Det vil i alle samfunn vera ei stor grad av overlappende nettverk av elitar, ettersom ei form for makt ofte medfører større eller mindre grad av makt også på andre maktområder.”<sup>15</sup> I trondenesfeltet vil den ideologiske makta klart vera ei religiøs makt, men det kan likevel vera vanskeleg å trekkje klare skilje mellom elitane. Når Ugulen argumenterer for at ein gjerne kan dele opp i ein verdsleg og ein geistleg elite, sidan dei ”ikkje sjeldan hadde motstridande interesser”, er ikkje det ei like openberr inndeling i trondenesfeltet.<sup>16</sup> Her møter me geistlege og verdslege elitar så innvovne i einannan – med kyrkjelege jordeigarar, gjerne i sameige med verdslege eigarar, prestar og kannikar som er jekteeigarar, og erkebispnen og heile familiens hans som tørrfiskgrossistar – at eit klart skilje ikkje er brukande. Dei motstridande interessene er like gjerne synlege *mellom* dei geistlege elitane, som mellom geistlege og verdslege elitar.

Michael Mann understrekar at kampen om makt ikkje nødvendigvis berre kjem frå menneskas sterke driv mot ideologisk, økonomisk, militær eller politisk tilfredsstilling, men også frå organisatoriske og institusjonelle måtar å oppnå ulike typar av makt på.<sup>17</sup> Eitkvart overskot som enkeltindivid – åleine eller saman – produserer, krev sosial organisering på eitt eller anna nivå for å bli teke vare på.<sup>18</sup> Dette rimar med korleis Bourdieu sine ulike aktørar – som kan

---

<sup>13</sup> Kühle 2004: 53, 55–56. Det er elles ei svært vanleg skulding mot mange av Bourdieus omgrep, og hans og andres bruk av dei.

<sup>14</sup> Ugulen 2006: 17–19, 33; Mann 1986: 2.

<sup>15</sup> Ugulen 2006: 33.

<sup>16</sup> Ugulen 2006: 20.

<sup>17</sup> Mann 1986: 2.

<sup>18</sup> Mann 1986: 51; Ugulen 2006: 19.

vera både individ og institusjonar – kjempar om makt gjennom posisjonering i ulike type nettverk innanfor eit *sosialt felt*.

Eit sosialt felt tek utgangspunkt i sosiale *rom* der menneskeleg samhandling går føre seg. Eller for å snu på det – det er menneskeleg samhandling, relasjonane mellom menneska, som konstituerer rom. Slik sett dreier ein analyse av éin eller fleire romlege strukturar seg om dei relasjonane som ulike menneskelege aktørar har til kvarandre. Bourdieus felt er eit nettverk, eit sett av relasjonar, mellom aktørar med ulike posisjonar. Desse posisjonane er ankra i visse former for makt som byggjer på tilgangen på kapital.<sup>19</sup> Feltet er avgrensa og mogeleggjør ulike relasjonar og interaksjonar mellom aktørane, men dei kivar og kjempar alle om noko som er felles for dei, noko dei saman kan setja ein verdi på. Trondenes kyrkje og circumferensen hennar i kannikgjeldet i hundreåra rundt reformasjonen kan vera eit slikt felles kampprom, fylt med både einskildpersonar og institusjonar som mogelege aktørar – som til dømes erkebisp, dekan, konge, domkapittel, jordleigarar, jekteskipperar, lokale prestar, annekskyrkjer og sjelegåvegjevarar. Benno Werlen har påpeikt korleis Bourdieu opnar for analysar av ”fleir-dimensjonale sosiale rom”, i staden for at me berre har å gjera med eit eindimensjonalt ’rom’-omgrep.<sup>20</sup> Alt etter kva som er i fokus kan me med utgangspunkt i nokonlunde same avgrensa område analysere ulike typar sosiale felt, som delvis kan ha enkelte overlappingar, men som slett ikkje treng å ha det. Eit felt kan såleis vera eit sosialt rom med fleire dimensjonar, og kan også ha eigne underfelt kvar med sin eigen logikk, spesifikke reglar og regularitetar – som ringar som grip inn i einannan, der ingen er uberørte av dei andre.<sup>21</sup>

Feltet blir til når ein skapar grensene for det, seier Bourdieu: “[G]rensene for feltet er grensene for verknadene av feltet, eller i ei anna meining, ein agent [aktør] eller ein institusjon er medlem av eit felt i den grad agenten eller institusjonen opplever og produserer feltverknadene innanfor feltet”.<sup>22</sup> Bourdieu meiner vidare at det er feltet som bør vera i sentrum for forskingsoperasjonane,<sup>23</sup> og ein kvar forskar må konstruere sitt eige objekt – og må velja det som er praktisk og nyttig av metodar og teknikkar for å gjera analysen.<sup>24</sup>

---

<sup>19</sup> Werlen: 154.

<sup>20</sup> Werlen 1993: 153–154.

<sup>21</sup> Bourdieu og Wacquant 1995: 89.

<sup>22</sup> Bourdieu og Wacquant 1995: 314.

<sup>23</sup> Bourdieu og Wacquant 1995: 9.

<sup>24</sup> Bourdieu og Wacquant 1995: 208.

Trondenes kannikgjeld er mitt objektet, og det er utviklinga i kannikgjeldet gjennom meir enn 250 år eg skal analysere.

Uløyseleg knytte til ei bourdieusk feltanalyse er også omgrepa *habitus* og *kapital*.

Religion og tilhøvet til kyrkja er ein uunngåeleg større eller mindre del av eitkvart mellomaldermenneske sin *habitus*. Habitus kan oppfattast som eit “sett av internaliserte disposisjoner for handling”<sup>25</sup> som individuelle aktørar ber med seg anten dei vil eller ikkje. Mange har samanlikna det med grunntanken i Noam Chomskys generative grammatikk, at språket er ein djupstruktur som ligg i oss – felles for alle, men som i praksis ovrar seg ulikt når han blir uttrykt på den individuelle, språklege overflata.<sup>26</sup> Bourdieu seier habitus er ein ”strukturert og strukturerande struktur”.<sup>27</sup> ”Strukturert” av fortidige og notidige omgjevnader, som utdannings- og oppfostringserfaringar, ”strukturerande” ved at han er med og formar notidig og framtidig praksis og det er ”ein struktur” ved at han er systematisk heller enn tilfeldig ordna.<sup>28</sup> Habitus er med andre ord eit sett av varige handlingsdisposisjonar forma av aktøren si erfaring, som også stadig får påfyll, og denne erfaringa er strukturert slik at ho kan overførast til stadig nye område og situasjonar – på ein systematisk måte. Det er gjennom erfaringa at aktøren ”møter”, tolkar og formidlar den objektive strukturen, og det er såleis eit samspel mellom den subjektive erfaringa og den objektive tilstanden i eit felt. Habitus saman med feltet (og den kapitalen aktørane har der) utgjer difor element i det som blir føresetnader for praksis. For å forstå kvifor aktørar handlar som dei gjer, må me difor sjå og forstå deira habitus i den gjensidige og kontinuerlege utviklinga innan dei sosiale felta dei opererer i. Eller sagt med andre ord – på same vis som ulik bruk av ein dialekt kan plassere eit individ i eit geografisk rom, kan habitus plassere eit individ i eit sosialt rom.<sup>29</sup> Ulike felt kan gje ulik habitus.<sup>30</sup> I tillegg til å sameine det individuelle og det sosiale, det subjektive og det objektive, er altså habitus lenka mellom fortid, notid og framtid. Habitus vil konstant redefinere seg sjølv, ved at stadig nye erfaringar blir inkorporerte i handlingsdisposisjonane.

---

<sup>25</sup> Hansen 1997(b): 323.

<sup>26</sup> Gorski 2012: 347.

<sup>27</sup> Bourdieu 1994d: 170, hjå Maton 2008: 51.

<sup>28</sup> Maton 2008: 51.

<sup>29</sup> Gorski 2012: 347. Denne språklege samanlikninga har sine avgrensingar – bruken av ein dialekt kan vel ofte vera ei medveten handling som er “wholly controlled from within by the individual will”, seier Gorski, og legg til at slik ville nok Bourdieu definitivt ikkje at habitus skulle forståast.

<sup>30</sup> Nygaard 2013: 21.

*Kapital* er eitt av Pierre Bourdieus mest kjende og brukte omgrep, som han har "teke attende" frå økonomien, som han sjølv seier. Dette av di eitt av hovudprosjekta hans har vore å syne at det er meir enn økonomisk rasjonell og nyttemaksimert interesse som driv aktørane i samfunnet: "Det er faktisk umulig å redegjøre for strukturen og virkningene av den sosiale verden uten å reintrodusere kapitalen i alle dens former, og ikke bare den ene formen som anerkjennes av økonomisk teori."<sup>31</sup> Difor opererer Bourdieu med tre grunnformer for kapital: den økonomiske, den kulturelle og den sosiale. Økonomisk kapital refererer til pengar og varer og andre disponible ressursar knytt til eigedom og innehav, sosial kapital til nyttige eller prestisjefylte nettverksrelasjonar og kulturell kapital til symbolsk mektige kulturelle kjenneteikn utleidd frå utdanning, familiebakgrunn og eiger.<sup>32</sup> Og det er særleg den kulturelle kapitalen – det å bruke økonomiske omgrep og førestillingar på det ikkje-økonomiske området – som er Bourdieus nyvinning, meiner Philip Gorski.<sup>33</sup> Kulturell kapital er alt som er dyrka eller kultivert og dessutan akseptert som verdifullt. Det er likevel viktig å merke seg at den økonomiske kapitalen er den mest fundamentale, og at kulturell og sosial kapital kan sjåast som transubstansierte, altså vesensendra, former for økonomisk kapital.<sup>34</sup> Dei fleste eigenskapar kan vera ei form for kapital, seier Bourdieu, det avgjerande er kva som kan produsere ulikskapar og omsetjast til anerkjenning og prestisje. Såleis er kapital ikkje berre eit anna ord for ressurs – Bourdieu sjølv insisterer på at kapital ikkje er éin ressurs, men eit sett av relasjonar. Ein type ressurs blir ikkje ein type kapital før han inngår i eit sett med felles anerkjende verdier.<sup>35</sup>

Bourdieu understrekar også at kapitalane er feltsesifikke – det vil seia at dei gjeld for sitt historisk spesifikke felt, og det gjev ikkje mening å snakke om kapital generelt.<sup>36</sup> Innanfor feltet kan dei ulike kapitalane også vekslast inn i einannan i ein slags felles valuta.

Å konvertere økonomisk kapital inn i annan kapital – kulturell og sosial – er på mange vis berre ein annan måte å seia at ein kjøper seg makt og påverknadskraft. Det vil me finne mange døme på. Men det er kanskje særleg når det går andre vegen – når ein brukar kulturell og sosial kapital til å skaffe seg makt og påverknad, ja, når ein til og med i neste omgang

---

<sup>31</sup> Bourdieu 2006: 6.

<sup>32</sup> Grenfell 2008: 223.

<sup>33</sup> Gorski 2012: 338.

<sup>34</sup> Moore 2008: 102.

<sup>35</sup> I tillegg til desse tre grunnkapitalformene opererer Bourdieu med *symbolsk* kapital, som er noko vanskelegare å plassere, sidan korkje Bourdieu eller Bourdieu-forskarar nyttar omgrepet eintydig. Er det alt anna enn økonomisk kapital, er det ei overordna form for kulturell kapital eller er det ei form for kapital som dei andre tre grunnformene kan synast i? Me kjem attende til drøfting av dette i kapittel 5.

<sup>36</sup> Gorski 2012: 338.

skaffar seg *meir* økonomisk kapital ved hjelp av annan kapital, det blir særskilt interessant. “Kirkens makt var [i mellomalderen] grunnleggjande av kulturell art”, skriv Sverre Bagge.<sup>37</sup> Ja, men i Trondenes var ho også i høgste grad av økonomisk art, noko me også vil finne mange døme på. Å konvertere kapital er for Bourdieu eit grunnleggjande prinsipp i forståinga av korleis makt og privilegium kan utviklast ved hjelp av dei ulike kapitalane.<sup>38</sup> Calhoun har tolka skiljet mellom kapital og makt hjå Bourdieu som eit forhold mellom det potensielle og det faktiske, der kapital er ei kjelde som gjev avkasting i form av makt.<sup>39</sup> Det oppfattar eg som ein nyttig distinksjon.

Vidare kan ein då seia at det er *sjølv konverteringa* som kan opne opp for spennande perspektiv. Sjølv konverteringsprosessen kan vera med og skapa *meir* samla kapital, men kapitalen kan på denne måten òg minkast og brukast opp. Aktørane freistar medvete og umedvete å bruke, bevare og auke kapitalen for å betre posisjonen sin, men det er likevel viktig å hugse at *meir* – eller mindre – samla kapital kan påverke posisjonane i feltet, men ikkje nødvendigvis i eit nullsumspel. Det at éin aktør får eller skapar eller genererer *meir* kapital treng ikkje tyde at ein annan får mindre. Det kan skapast *meir* kapital på ein slik måte at fleire aktørar tener på det samstundes. Men ofte er det sjølv sagt ein kamp om kapitalar som gjer at når ein vinn, er det ein annan som tapar. Craig Calhoun har understreka korleis moglegheitene og vekslingssratane i konvertering av kapitalar langt frå er universell, men likevel nyttige omgrep også for eldre tid – ein må berre tilpasse dei tid og rom, slik at dei representerer *felles anerkjende verdier* for feltdeltakarane.<sup>40</sup> Det er likevel vanskeleg å måle kva som er kursen – kor mykje kulturell kapital ein får for så og så mykje økonomisk kapital, kor mykje kulturell kapital ein kan konvertere 30 vågar turrfisk eller 12 pund smør inn i? Å finne den eksakte mengda av kapital er med andre ord nyttelaust. Men poenget er like mykje å syne at det er *evna til* å konvertere kapital som gjev makt og påverknadskraft – *evna til* å snu seg, til å manøvrere, til å skapa seg handlingsrom; *evna til* å føre konverteringsstrategiar for å endre posisjonen i feltet.

Pierre Bourdieus feltanalyse er mykje nytta på moderne og samtidige samfunnstilhøve. ”Men siden Bourdieu ikke anvender feltbegrepet på førmoderne samfunn, forblir feltteorien først og fremst en teori om økende kompleksitet innenfor det moderne prosjektet.” Seier Tore Slaatta i

---

<sup>37</sup> Bagge 2003(a): 89.

<sup>38</sup> Bourdieu 1986: 278–281.

<sup>39</sup> Calhoun 1993: 69.

<sup>40</sup> Kühle 2004: 57.

ein artikkel i *Sosiologi i dag* frå 2002.<sup>41</sup> Ein kvar mellomalderforskar vil truleg ikkje gå med på at samfunna me studerer ikkje er komplekse, og Bourdieu sjølv legg ikkje noko ”moderne filter” over dei samfunna som kan studerast som felt.<sup>42</sup> Men det me kan veta om mellomaldersamfunnet i Trondenes kannikgjeld, med dei kjeldene me har tilgjengeleg, gjev sjølvsagt ikkje like godt grunnlag for å gjera ein kompleks feltanalyse, som til dømes av utdanningssystemet i Frankrike etter andre verdskrigen eller forhandlingane på ekteskapsmarknaden i sveitsiske bondesamfunn. Fleire mellomalderforskarar har likevel med hell nytta og hatt nytte av Bourdieus felt- og kapitalomgrep.

I boka *To be the Neighbor of Saint Peter. The Social meaning of Cluny's Property, 909–1049* (1989), viser Barbara H. Rosenwein korleis eigeidomsoverføringar til klosteret i Cluny langt frå var tilfeldige, men gav sosial meining ved å ende stridar, byggje nettverk og skapa alliansar, til dømes ved giftarmål.<sup>43</sup> Jordegods vart gjeve, teke attende, delvis gjeve på nytt – samstundes som gjevarane gjerne sat att med ein del av jorda sjølv – slik at jordeigarane ofte var naboar og delvis eigde jord saman med klosteret. Desse transaksjonane – ikkje berre med klosteret, men med Peter sjølv, himmelens døropnar, som nærast vart sett på som ein av mange naboar du gjorde forretning med – meiner Rosenwein er eit døme på korleis samfunn utvikla horisontale i staden for vertikale, underordnande strukturar, for å laga varige og stabile relasjonar og alliansar, i ei tid og eit område med svak sentralmakt. Økonomisk kapital i form av jordeigedom vart såleis veksla inn i – konvertert til – andre typar av kapital.

Rosenwein understrekar at transaksjonane endrar form over tid – dei blir meir varige og tener etter kvart ”berre” meir spesifikke religiøse funksjonar. Catharina Andersson følgjer i si doktoravhandling, *Kloster och aristokrati. Nunnor, munkar och gåvor i det svenska samhället till 1300-talets mitt* (Andersson 2006), opp Rosenwein med empiri frå nokre hundreår seinare og syner korleis det svenske aristokratiet sine gåver til klostra ikkje berre vart gjevne for å få attende geistlege tenester, som forbøn og sjelemesser, men også for å knyte band vidare i det verdslege samfunnet rundt dei geistlege institusjonane.<sup>44</sup> I analysen sin brukar ho symbolsk kapital som eit sentralt omgrep når ho undersøker donasjonane, alliansane og den sosiale posisjoneringa.<sup>45</sup>

---

<sup>41</sup> Slaatta 2002: 104. Sjå også Kühle 2004: 60.

<sup>42</sup> Kühle 2004: 60–61; Calhoun 1993: 66, 69, 71.

<sup>43</sup> Rosenwein 1989.

<sup>44</sup> Andersson 2006.

<sup>45</sup> Andersson 2006: 243.

Lars Ivar Hansen viser også til Rosenwein og Andersson når han argumenterer for at det gjev meining å sjå “eigedom” som eit relasjonelt omgrep, og meiner difor feltanalysen til Bourdieu kan vera fruktbar når ein skal studere eigedom og eigedomsoverdragingar i mellomalderen.<sup>46</sup> Han har sjølv nytta Bourdieu som innfallspor til korleis fyresdalsbøndene forholdt seg til slektskap og eigedom, i sin analyse av kvifor Øvre Telemark skil seg så markant ut frå andre regionar når det gjeld eigedomstilhøve i mellomalderen. Kyrkja eigde der minimalt med jordegods, og var det av di bøndene var så langt unna sentralmakta at dei meir og mindre styrde seg sjølve utan geistleg eller verdsleg innblanding, eller gav dei korkje gåver eller donasjonar til kyrkja av di dei rett og slett trudde mindre på helvete? Nei, seier Hansen, dei hadde truleg ein alternativ sosial logikk med eit relasjonelt eigedomsomgrep, der arve- og odelsstorleikar vart nytta i ei vidare sosial planlegging eller tilpassing – som det altså er fruktbart å studere i lys av Bourdieus feltanalyse.

Omfordeling av eigedom. Kamp om inntekter gjennom sal, kjøp, makeskifte, bøter og gåver. Strid om inntekts- og statusgjevande ombod som sokneprest og dekan. Alt dette er sentrale, realhistoriske faktorar i studiet av Trondenes kannikgjeld. Men det som kanskje framfor alt gjer det spennande å sjå kannikgjeldet som eit sosialt felt med ulike type kapitalar i omløp, er det religiøse og statspolitiske skiftet som går føre seg med reformasjonen som startar på 1530-talet. Då skjer ei omkalfatring og redistribusjon av makt, eigedom og posisjonar i feltet Trondenes, noko som skulle vera eit framifrå døme på korleis spelarar endrar posisjon, korleis korta blir delte ut på nytt og korleis spelet går vidare, for å seia det med den mykje nytta kortspelmetaforen til Bourdieu.

I kapittel 5 vil eg gå nærare inn i korleis eg kjem til å bruke Bourdieus feltteori og omgrepsapparat i studiet av Trondenes kannikgjeld.

### **Reinhard Kosellecks omgrepshistorie**

I kapittel 13 vil eg drøfte reformasjonshistoria i Trondenes i eit vidare og meir generelt perspektiv, ved særleg å bruke Reinhard Kosellecks omgrepshistoriske termar. Korleis kan *erfaringsrom* og *forventingshorisont*, *salingsstid* og ulike *tidslag* i historiske forløp forståast i ein reformasjonssamanheng?

---

<sup>46</sup> Hansen 2010(a).



Skiljet mellom språk/tekst og historie/røyndom er i dag eit sentralt spørsmål for forskarar innan humaniora og ein del av samfunnsvitskapane. Hå Koselleck møttest språk og historie i *omgrepet*. Språk er historisk på to ulike måtar, seier Koselleck; som *indikator* som seier noko om korleis den historiske røynda endrar seg, og som *faktor*, om korleis språket sjølv er med og medverkar til desse endringane.<sup>47</sup> Omgrepet er eit møtepunkt mellom språk og historie, og føresetnaden for møtepunktet, for konvergensen, er det fleirtydige: ”Både begrepet og de politiske og sosiale sammenhengene det inngår i, vil være arenaer for en rekke forskjellige aktører, interesser og tendenser.”<sup>48</sup>

I artikkelen "Begriffsgeschichte und Sozialgeschichte"<sup>49</sup> frå 1972 grunnjev Koselleck omgrepshistoria i tre steg. For det fyrste meiner han at omgrepshistoriske lesingar kan fungere som hjelpereiskap for historikaren, som ein spesialisert kjeldekritisk metode. For det andre opnar eit slik kjeldenært studium for ei sjølvstendig verd av språklege strukturar som eksisterer parallelt med dei ikkje-språklege strukturane i sosialhistoria – omgrepshistorie blir såleis ein sjølvstendig disiplin. Det tredje steget i grunngevinga er der dei omgrepshistoriske språklege og dei sosialhistoriske ikkje-språklege strukturane møttest – desse strukturane vil alltid stå i eit gjensidig avhengigheitstilhøve til kvarandre. Omgrepshistoria er difor ein vitskap som sosialhistoria må forhalde seg til, ved at ho reflekterer samanhengen mellom omgrep og røyndom. I omgrepa kan me på same tid *synkront* få tematisert ein tilstand, ein struktur og *diakront* endringa i denne tilstanden, denne strukturen, slik at det blir ei *samtid* i ordets rette forstand. Utgangspunktet er den einskilde historiske situasjonen, ein samtidig hendingsaugneblink, som aldri er fullstendig samtidig med seg sjølv utan at han også inneheld andre tidsskalaer eller tidsnivå.<sup>50</sup> Fortrinnet til omgrepshistoria, seier Koselleck, er nettopp at ved å veksle mellom synkrone og diakrone analysar, ved å skifte perspektiv, kjem det uregelmessige fram i ulike tidslag: Gamle ord har fått nytt innhald – samstundes med at dei skildrar tilstandar som har vore. "Usamtidig samtidighet" kjem til syne – noko som er vanskeleg å få auga på på annan måte enn gjennom omgrep som er varige og blir brukte over lang tid.

I tilnærminga til det omfattande spørsmålet om kva som var brot og kva som var kontinuitet i reformasjonen på Trondenes, vil eg difor sjå på Kosellecks *tidslagomgrep*. I historievitskapen

---

<sup>47</sup> Jordheim 2001: 126.

<sup>48</sup> Asdal mfl. 2008: 19.

<sup>49</sup> Koselleck 2007: 57–81 (i dansk omsetjing).

<sup>50</sup> Jordheim 2004: 13.

er "historisk tid" den tida som er utleidd av menneskeleg erfart endring. Men historisk tid må ikkje tenkjast som ei lineær rørsle, meiner Koselleck, men snarare som lag av tidslege strukturar som alle har ulik fart, ulik varigheit og ulik styrke – men som grip inn i einannan og med det gjev rom for at historie utspelar seg der desse tidslaga (*die Zeitschichte*) møtest.<sup>51</sup> Også andre har hatt liknande perspektiv på korleis fenomen og prosessar “beveger seg i ulik “hastighet” og på ulike nivåer til samme tid.”<sup>52</sup> Like sidan Annales-skulen med Marc Bloch, Lucien Febvre og framfor alt Fernand Braudel for alvor tematiserte skilnadar på kort hendingstid, mellomlang konjunkturtid og “la longue durée” – strukturell tid – har slike oppfatningar og perspektiv om *ulik type relativ og lagdelt tid* som sameksisterer kronologisk ofte vist seg fruktbare i historiske analysar.<sup>53</sup> Og byr ikkje nettopp reformasjonshundreåret seg fram som ein slik periode prega av fleire ulike tidslag, med ulikt historisk forløp, som møtest og skapar endring i omgrepet *reformasjon*? Noko endrar seg raskt, anna endrar seg seint, samstundes som dei same prosessane går føre seg i andre delar av Danmark-Noreg og Nord-Europa – men også der som ulike historiske forløp, slik at noko både skjer og ikkje skjer på same tid, avhengig av kva for geografisk ramme du legg rundt hendingane.

Utviklinga av omgrepshistoria til Koselleck heng saman med det som er vorte ståande som "modernitetstesens" hans: Overgangen til moderne tid i europeisk historie er kjenneteikna av at forventingane menneska har til framtida i sterkare og sterkare grad blir lausrivne frå dei fortidige erfaringane. Denne overgangen tidfester Koselleck til hundreåret mellom 1750 og 1850, og han kallar det ”salingstida” (*die Sattelzeit*). Erfaringane menneska har er ikkje lenger det som avgjer kva slags forventingar dei har til framtida. Det blir større og større asymmetri mellom dei samla erfaringane – i *erfaringsrommet* – og det menneska kan vente seg framover – innanfor *forventingshorisonten*. Ein kan innvende mot Kosellecks salingstid at det ikkje kan vera éi tid, men mange – at det er eit allment fenomen. Som mellomalderhistorikar er det freistande å skulde Koselleck for å ha ei *for* statisk oppfatning av tida før salingstida – og at omgrepet er prega av etterpåkløkskap. Det føreset kanskje at dei fortidige aktørane hadde større oversikt og analytisk grep om samtida si enn det dei hadde. Er ikkje heller asymmetri mellom erfaring og forventing noko allment? Kanskje det, men eg tykkjer likevel reformasjonshundreåret har så vidt ulike type brot og endringar i seg, at det er spennande å teste ut omgrepet. For det er nettopp gjennom omgrepa me kan studere endringa, seier

---

<sup>51</sup> Koselleck 2007: 15.

<sup>52</sup> Amundsen og Laugerud 2010: 7.

<sup>53</sup> Kjeldstadli 1992: 212; Iggers 1997: 51, 56–57.

Koselleck, ved dei gamle, erfaringsmetta omgrepa som blir erstatta med nye forventingstunge omgrep. Når så desse omgrepa byrjar gripe inn i framtida, blir kampen om å definere framtida òg ein kamp om definisjonsmakt over omgrepa.<sup>54</sup> Slik me til dømes møter *kyrkje, biskop, nåde* og *frelse* i samband med reformasjonen. Kan me såleis sjå frampeik til denne salingstida i reformasjonshundreåret?

### 1.3 Kva er reformasjonen? I Danmark-Noreg? I nord?

Men før me drøftar reformasjonen i Trondenes i ljøs av Koselleck sine omgrep i siste kapitlet, la oss byrje frå start. Kva er bakgrunnen for reformasjonsomgrepet, og korleis er omgrepet nytta? I norsk språkbruk i dag er ”reformasjon” i all hovudsak knytt til årstala 1536–37, då den katolske kyrkja fall og den luthersk-protestantiske reformrørsla førde til ei ny, kongestyrd evangelisk-luthersk statskyrkjeordning i Danmark-Noreg. Og reformasjonen, i bunden form, er einslydande med denne hendinga. Norsk historieforskning og norsk historieskriving har svært ofte laga eit markant skilje – eit brot – med desse årstala, sidan både kyrkjeordninga vart ny og sidan Noreg vart eit ”ledemot av Danmarks rike”.<sup>55</sup>

Og ja, det var dramatiske og omveltande tider, og mykje av både teologi og kyrkjepolitikk vart endra ganske omgåande – på papiret, i alle fall – og det fekk statsrettslege konsekvensar. Men det er like påfallande kor mykje som ikkje vart endra med det same, og ikkje minst er det store europeiske, skandinaviske og regionale skilnader når ein går inn og ser på korleis reformasjonen arta seg ulike stader. Det store dansk-norske forskingsprosjektet DaNor<sup>56</sup> legg til grunn at det er fornuftig å sjå reformasjonen i heilstaten under eitt, av di nasjonen gjev feil avgrensingar.<sup>57</sup> Like fornuftig som å gå *over* nasjonsnivået er det då, vil eg leggje til, å gå *under* – og sjå på regionale skilnader i reformasjonen. Eit kjent perspektiv i nordnorsk historieskriving har vore at reformasjonen ramma landsdelen særleg hardt, av di økonomien langs kysten kvilte på den internasjonale turriskhandelen som kyrkja i så sterk grad var involvert i: “Trulig var ingen landsdel så integrert i den katolske kirke, som Nord-Norge, og årsaka til dette var tørrfischen.”<sup>58</sup> Difor er det særleg interessant å sjå kva for breiare

---

<sup>54</sup> Koselleck 2007: 13.

<sup>55</sup> Artikkel 3 i kong Christian III's handfesting av 30. oktober 1536. Trykt i Aarsberetninger fra det kgl. Geheimarchiv II, side 83ff. Hamre 1998: 599 (note 11), 602.

<sup>56</sup> “Religiøs tro og praksis i den dansk-norske helstat fra reformasjonen til opplysningstid, ca. 1500–1814.”: [danor.uib.no](http://danor.uib.no), sist sett 09.10.2013.

<sup>57</sup> Amundsen og Laugerud 2010: 6

<sup>58</sup> Bratrein og Niemi 1994: 164.

samfunnsendringar som reformasjonsprosessen i nord inngjekk i, og kva for langtidsverknader desse prosessane hadde.

Reformasjonen kan med andre ord vera meir enn berre nemninga for ei teologisk og kyrkjepolitisk hending (med ulik varigheit), det kan òg vera skildring av prosessar som går over ein lengre periode. La oss difor bore litt djupare i kva “reformasjon” eigentleg tyder. Omgrepet har antikke røter.

### Kva tyder “reformasjon”?

I den profane, latinske, språkbruken finn ein verbet *reformare* tidlegare enn substantivet *reformatio* – og då hjå Ovid og Apuleius med poetisk tyding utan politiske konnotasjonar. Deira bruk av verbet *reformare* viser til fysisk forvandling, endring og gjerne uttrykkjeleg endring til det betre.<sup>59</sup> Verbet byrjar bli politisk-moralsk ladd i det fyrste hundreåret e.Kr., då også med substantiva *reformatio* og *reformatior*, og etterkvart inneheld det ein forfallsdimensjon og ynske om ei attervending til (betre) tider som hadde vore. Dette la såleis grunnlaget for den forståinga av *reformatio* som vart gjeldande i lang tid: Ei førestilling om forfall som kunne betrast gjennom orientering mot verdiane, normene eller standarden som fortida brukte. Mot dette forfallet trongst altså ein moralsk, pedagogisk og politisk reformasjon, seier Seneca og Plinius. Vidare i det fyrste hundreåret får omgrepet også meir nøytrale bruksområde, ikkje minst juridisk, altså at det tyder endring, men ikkje med tilleggdimensjonen restituering, altså endring attende til noko betre som har vore. Kva dette ”betre som har vore” er, blir sentralt i bruken og forståinga av “reformasjon” utover i mellomalderen og særleg på 1500-talet. Kva er det som har forfalle, kva er det som skal reformerast og kva slags tidlegare tilstand er det som er idealet, norma ein vil attende til? Reformasjon, reform og reformere blir brukt både i verdslege og religiøse samanhengar fram igjennom tida, men den religiøse tydinga er særleg frå høg mellomalderen knytt til ulike rørsler og straumdrag i den katolske kyrkja. Innanfor kyrkja var mange opptekne av at ho var mogen for reform mot slutten av sein mellomalderen.<sup>60</sup> Men reform av kva? Utover på 1400-talet var reform og reformere framfor alt knytt til ei forventning om nyordning av kyrkja og verda, særleg grunna det store skismaet med splittinga av pavedømet som den katolske kyrkja

---

<sup>59</sup> Wolgast 1984: 313f.

<sup>60</sup> Oftestad 2001: 18.

hadde vore gjennom på 1300- og tidleg 1400-tal.<sup>61</sup> Og stadig oftare tydde “å reformere” eit ynske om å vende attende til ein idealstilstand som Gud hadde skapt i Byrjunga.<sup>62</sup>

Då Luther slo opp dei 95 tesane sine på kyrkjedøra i Wittenberg i 1517, er “reformasjon” ikkje nemnt. I det heile nyttar Luther høvesvis sjeldan omgrepet reformasjon sjølv,<sup>63</sup> og når han gjer det, er det primært om sjølve kyrkjeorganiseringa og -administreringa av saker som avlat, valfart og prestars havesykje.<sup>64</sup> I tillegg brukar han det i meir verdsleg tyding, som i 1520, då han forlangar ein ”gute reformation der universitetenn”.<sup>65</sup> Luthers medarbeidar, Philip Melanchthon, tek omgrepet flittigare i bruk, og allereie i 1537 nyttar han overskrifta “De iure reformandi” til bundesdagen i Schmalkalden. Men også han omtalar så seint som ved toårsdagen for Luthers død, i 1548, verket til Luther utan å nemne “reformasjon” éin gong.<sup>66</sup> I engelsk språk er den første dokumenterte bruken av reformasjon – refererande til Luther – av William Barlow i 1531: ”Martyn Luther...was iugged to be syngulerly chosen of god nowe in these latter days, for a dew reformacion of the hole worlde.”<sup>67</sup>

Mot slutten av 1500-talet deler dei ikkje-katolske kyrkjelege reformrørslene seg hovudsakleg i to retningar – det som er vorte oppfatta som arven etter Luther i den evangelisk-lutherske kyrkja, og det som er vorte sett på som ei radikal vidareføring av Luthers tenking. Den siste retninga, med sveitsarane Ulrich Zwingli og Jean Calvin i spissen, ville framleis reformere medan lutheranarane ville konsolidere, og fekk dimed etterkvart nemninga “den reformerte kyrkja” – rett nok ikkje offisiell språkbruk før med freden i Westfalen i 1648.<sup>68</sup>

Samstundes festar det seg ei sekulær tyding av “reformasjon” i løpet av 1400- og 1500-talet som ikkje korkje syner til ei attendeføring til noko betre eller ei retning mot noko bestemt ønskeleg i framtida – det dreier seg utelukkande om forbetring av ei bestemt sak.<sup>69</sup> Men etterkvart tek tydinga knytt til det religiøse feltet meir og meir over. I jubileumsåret 1617 blir termen “reformasjon” mykje godt berre nytta om dei kyrkjelege hendingane på 1500-talet, og

---

<sup>61</sup> Wolgast 1984: 321.

<sup>62</sup> Wolgast 1984: 317.

<sup>63</sup> Maurer 1961: 861

<sup>64</sup> Wolgast 1984: 326.

<sup>65</sup> Wolgast 1984: 325.

<sup>66</sup> Maurer 1961: 861.

<sup>67</sup> Oxford English Dictionary:

<http://www.oed.com/view/Entry/160997?rskey=bGnx0B&result=1&isAdvanced=false#eid>. Tyding 3b. Sist sett 09.10.2013.

<sup>68</sup> Seebaß 1997: 392, Wolgast 1984: 329.

<sup>69</sup> Seebaß 1997: 390.

i trongare tyding om Luthers gjerning.<sup>70</sup> Etter kvart utover på 1600-talet er forfallsdimensjonen i “reformasjon”, med forståinga *endring til noko tidlegare betre*, heilt borte. No er det berre *nyordning, forbedring*, som gjeld. I tillegg blir det i dette hundreåret nødvendig å skilja mellom “reformasjon” som teologisk og kyrkjepolitisk endring og “reformasjon” som omgrep for ein historisk epoke, og denne siste tydinga fester seg utover 1700-talet.<sup>71</sup> Dette skiljet er likevel ikkje absolutt, og omgrepstydingane grip i einannan og fører til ei vidare "dynamisering av omgrepet".<sup>72</sup> Og seinast på midten av 1800-talet er tydinga ikkje berre av “reformasjon”, men òg “reformatorisk” heilt fast knytt til hendingane på 1500-talet, og “reformasjonen” er ikkje berre ein kyrkjehistorisk, men òg vorte ein generell historisk epoke, meiner den nyaste tyske handboka på feltet; *Teologische Realenzyklopädie*.<sup>73</sup> Oppsummeringsvis kan me seia at “reformasjon” har og har hatt mange tydingar, både sekulære og religiøse, men den mest utbreidde tydinga seier noko om ei endring i europeisk kyrkjeorganisasjon og tilhøvet mellom kyrkje og stat som fann stad på 1500-talet. “Reformasjon” fekk ulikt innhald frå stat til stat, og eg skal i det vidare konsentrere meg om reformasjon i Noreg, i Nidaros/Trondheim og i Trondenes.

For lutherdomen kom reformasjonen til å tyde ny teologi, og dei viktigaste spørsmåla for Luther var – kort fortald – vektlegginga av Bibelen åleine, rettferdiggjering og nådeoppnåing gjennom tru åleine (ikkje gode gjerningar) og ”prestskapet av alle truande” (kvar og ein sitt tilhøve til Gud var det viktigaste – kyrkja skulle ikkje vera eit tolkande mellomledd). For pavekyrkja var den alvorlegaste utfordringa med reformasjonen ikkje primært eit spørsmål om rett teologi, men om kyrkjesplitting. Samstundes skjerpa det deira teologi også, noko som gjorde at den katolske motreformasjonen vart ei drivande teologisk kraft med jesuittane i spissen.<sup>74</sup> Og pavane sjølve, mange av dei som med sine personlege liv og virke på 1400-talet hadde vore sett på som personifiseringane av forfallet, vart frå 1550-talet leiande i reformarbeidet i den katolske kyrkja.<sup>75</sup>

Ein av føresetnadene for reformasjonen var oppfinninga av trykkekunsten. Nye tankar i form av bibelkommentarar, preiker og førelesingar, debatt- og stridsskrifter, pedagogiske og didaktiske tekstar, sakramentsrettleggingar, og ikkje minst salmar kunne spreiaast i hopetal til

---

<sup>70</sup> Wolgast 1984: 329.

<sup>71</sup> Wolgast 1984: 331.

<sup>72</sup> Seebaß 1997: 392.

<sup>73</sup> Seebaß 1997: 386, 393.

<sup>74</sup> Brohed (red.) 1990: 15.

<sup>75</sup> Oftestad 2001: 129.

store folkemengder. Men her til lands var det lite spreing av det trykte ordet gjennom reformasjonstiåra – her var ikkje trykkeri, ikkje universitet, ikkje store byar. Det var bispene som måte vera hovudformidlarane av den nye læra – på visitas, ved innkalla synodar og ved opplæring av heimlege presteemne. Fyrst tidleg på 1600-talet strøymde det nordover prestar med teologisk utdanning og med bøker i hand, og i ikkje før i 1634 vart det formelle teologiutdanningskrav. "[F]ørst da kunne man regne med at presteskapet stod inne for en luthersk religionstolkning og en luthersk verdensanskuelse", seier Gilje og Rasmussen.<sup>76</sup> Utdanna eller ikkje, (dei omvende) klerkane var dei som måtte føre ordet fram til allmugen. Korleis? Først og fremst på sitt eige språk – skulle kvar enkelt kristensjel kunne ha eit tilhøve til Bibelen og Gud, måtte dei forstå kva som stod der – og kva presten sa. Rett nok var dét i mange samanhengar dansk på norske preikestolar, men det var ikkje noko nytt fenomen for den norske ålmenta i 1537, at styresmaktene kommuniserte med dei på dansk. Men Luther var ikkje berre oppteken av å spreie Guds ord på morsmålet og ha morsmålsundervisning på dei høgare skulane – han meinte det var sær viktig med språkstudium på latin, gresk og hebraisk. Ein måtte vende seg til dei opphavlege kjeldene – i tråd med renessansen og humanismens program generelt – for når Gud ein gong hadde gjeve sine uttrykk på desse språka, så var det ei meining med det. Gresk og hebraisk var utvalde og heilage språk. Og det var særleg gjennom forfalne språkstudium og feiltolkingar gjennom heile mellomalderen, at kyrkja hadde kome på så galne vegar.<sup>77</sup> Det var den språklege kompetansen som framfor alt gjorde teologi til vitskap.<sup>78</sup> Dette var lutheranarane og dei reformerte samde om – men det skilde dei frå katolikkane.

Den europeiske humanismen som voks fram i kjølvatnet av renessansen på 1400-talet, var på mange måtar ein føresetnad for Luther og reformrørslene. Men dei leiande humanistane søkte å endre den katolske kyrkja innanfrå – dei ville ”rense og reformere”, men ikkje bryte.<sup>79</sup> Og sjølv etter brotet mellom Erasmus og Luther i 1524 hadde reformkatolisismen sterk påverknad på dei protestantiske rørslene. Mester Geble Pedersson, sjølve ”reformasjonspersonligheten”,<sup>80</sup> er eit godt døme på at dei som stod midt oppe i striden likevel kunne hanskast med dei mange reformatoriske endringane.<sup>81</sup> Han var ein av Olav Engelbrektssons næraste allierte på 1520- og 1530-talet, frå Herøy på Helgeland, ein humanistisk

---

<sup>76</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 28.

<sup>77</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 84.

<sup>78</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 143.

<sup>79</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 85.

<sup>80</sup> Ellingsen 1997: 86.

<sup>81</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 86–87, Ellingsen 1997: 86–104.

reformkatolikk, men vart Noregs fyrste superintendent i 1537 – truleg som overttydd lutheranar.

### På norsk

I *norsk* språkbruk har som sagt “reformasjon” tilsynelatande éin referanse – i alle fall den bundne forma av ordet; *reformasjonen*. Det viser til dei stats- og kyrkjepolitiske endringane i 1536–37, nett som *krigen* i bunden form viser til andre verdskrigen. Og begge ikkje så sjeldan skrivne (og uttalte) med stor førebokstav, berre for å understreke ”den politiske og sociale singularisering”.<sup>82</sup> Det at reformasjonen i bunden form refererer til omveltingane i 1536–37 og resultata av desse, er ikkje uvanleg i anna europeisk historieskriving. Men andre stader er han gjerne omtalt meir utdjupande, som på engelsk ”the protestant reformation” eller ”the anglican reformation” eller på tysk ”die lutherische Reformation”.

Så kvifor treng ein på norsk sjeldan presisere kva slags reformasjon det er tale om når me nyttar den bundne forma? Sjølv sagt av di Noreg var meir og mindre monoreligiøst etter reformasjonen – det har aldri vore behov for å presisere eller nyansere av di me i tida etter omveltingane på 1500-talet har hatt ei relativt homogen kyrkje- og trussoge, med ei etter kvart dogmatisk einevaldsstatleg statskyrkje. I tråd med dette har historieskrivinga vore prega av det luthersk-protestantiske hegemoniet, og ikkje minst har norske historikarar på mange vis halde seg unna spørsmål om religion og åndsliv. Når det gjeld den kyrkjelege mellomalderhistoria meiner Steinar Imsen det har vore ei utbreidd, om enn uttalt, oppfatning om at det indrekyrkjelege får teologane ta seg av. Og teologane på si side ”synes å ha ment at bare de har hatt den nødvendige kompetanse for å behandle det kirkehistoriske materialet profesjonelt.”<sup>83</sup> Gilje og Rasmussen seier i band 2 av *Norsk idehistorie* noko av det same: Den lutherske reformasjonen har vore oppfatta som einskapleg – relativt lik både i Tyskland og Danmark/Noreg. ”Historikere har tolket bildet på denne måten fordi de ofte har hatt lite kjennskap til religion, og kirkehistorikere har tolket det likeens fordi de ofte har hatt et ønske om å opprettholde et bilde av reformasjonen som enhetlig.”<sup>84</sup>

---

<sup>82</sup> Koselleck 2007: 107.

<sup>83</sup> Imsen (red.) 2005: 9–10.

<sup>84</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 35.



“Reformasjon” er det Reinhard Koselleck vil karakterisere som eit politisk og sosialt *grunnomgrep*. Der eitt av dei kring 120 oppslagsorda i *Geschichtliche Grundbegriffe*,<sup>85</sup> og er såleis ein term Koselleck meiner er særskilt tydingsberande eller samfunnsmessig ladd.<sup>86</sup> Heile poenget med eit grunnomgrep er at det er fleirtydig – noko litteraturen i dei snart 500 åra etterpå til fulle viser. Men det som framfor alt pregar den (dansk-)norske litteraturen på sjølve 1500-talet, er at omgrepet “reformasjon” *ikkje* blir nytta. Hjø oss er det eit ettertidig omgrep, som dels syner til den teologiske og kyrkjepolitiske utviklinga, dels til den kyrkje- og teologisk-historiske perioden, som drøfta tidlegare.

Ei av dei sentrale reformasjonshistoriebøkene på norsk, er Bernt T. Oftestad si *Tro og politikk* frå 2001, med undertittel *En reformasjonshistorie*. Der understrekar forfattaren at framstillinga hans er ei historie om *eitt* av dei mange straumdraga som for over Vest-Europa i første halvta av 1500-talet; den evangelisk-lutherske reformasjonen.<sup>87</sup> Reformasjonen som omgrep var ikkje noko einsarta fenomen, held han fram, og oppfatninga av omgrepet har endra seg gjennom tidene. Han brukar òg omgrepet ”de protestantiske reformasjoner”.<sup>88</sup> At reformasjonen ikkje var eit einsarta fenomen, har forskarane vore samde om lenge. Men, mest all norsk sekundærlitteratur talar om “reformasjonen” som om det var eit omgrep alle forstod kva innebar i samtida, alle var innforståtte med at det var ein reformasjon som gjekk føre seg. Oftestad, som sjølv talar om fleire reformasjonar, formulerer seg stundom som om reformasjonen var eit definert subjekt: ”De spørsmål reformasjonen hadde tatt stilling til, var omstridte også blant skolastikerne.”<sup>89</sup> På same vis kan ein sume stader lesa om ”reformasjonens innføring”,<sup>90</sup> men kva tyder det? Det er like problematisk som ”parlamentarismens innføring” – i båe tilfella kan ein få inntrykk av at nokon gjennomfører, innfører eit bestemt program som er kjent på førehand.

Når ein i norsk samanheng talar om at reformasjonen vart innført eller tok til eller vart vedteken i 1536, er det oftast handfestinga til Christian III frå 30. oktober det formelt blir vist til. Då opphøyrd Noreg som sjølvstendig rike og måtte ta den danske kyrkjeordninga med seg.<sup>91</sup> Men korkje her, eller i dei mange breva kong Christian III sende til sine danske

---

<sup>85</sup> Brunner et.al. c1972–c1997.

<sup>86</sup> Asdal mfl. 2008: 18.

<sup>87</sup> Oftestad 2001: 13.

<sup>88</sup> Oftestad 2001: 20.

<sup>89</sup> Oftestad 2001: 120.

<sup>90</sup> Rørvik 1998: 180, Ellingsen 1997: 73.

<sup>91</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 25-26, Rørvik 1998: 207.

lensherrar i Noreg i løpet av 1537, er “reformasjon” nemnt.<sup>92</sup> Sjølv om desse breva i dag blir omtalte som der kongen gjev sine instruksar i høve til “reformasjonen av kirken”.<sup>93</sup> Det som skulle bli det religionspolitiske hovuddokumentet, kyrkjeordinansen av 1537, er også taus om “reformasjon”,<sup>94</sup> det same er ”den norske reformasjonens *teologiske* hovedtekst”, Peder Palladius’ katekismekommentar,<sup>95</sup> og dei norske humanistane i Oslo og Bergen på slutten av 1500-talet.<sup>96</sup> Den tidlegaste<sup>97</sup> sikre bruken av “reformasjon” eg har funne er hjå Laurits Nielssøn, eller ”Kloster-Lasse”, frå 1608 – ei dansk omsetjing av eit latinskspråkleg brev frå 1606 frå danske og norske studentar i utlandet, stila til kong Christian IV.<sup>98</sup> Han talar mellom anna om ”den reformation gjort på religionen” og vidare den ”reformation og religionens fornyelse” og i tillegg ”endnu een ny reformation / møgit vlieligere” og ”reformeringar oc fornyelser i troen”. Det er ei kjelde som grundig reflekterer over kva reformasjonen inneber, men det er heller ikkje der nokon diskusjon av *bruken* av omgrepet. Etter å ha vore tilnærma usynleg i norske kjelder gjennom heile 1500-talet, er altså omgrepet på plass, heilt i takt med resten av Nord-Europa, og det stemmer såleis tidsmessig overeins med det *Geschichtliche Grundbegriffe* slår fast: På byrjinga av 1600-talet blir termen “reformasjon” mykje godt berre nytta om dei kyrkjelege hendingane på 1500-talet, og i trongare tyding om Luthers gjerning.<sup>99</sup> Men jesuitten Laurits Nielssøn sin bodskap i dette brevet er at reformasjonen ikkje har vore noko forbetring. Tvert om – hovudankepunktet hans er at Luther kjem med lite nytt i høve til tidlegare kjettarar, og reformasjonen søker gjera forfedranes gamle tru til ei villfaring. Som andre katolikkar og motreformistar utfordrar han lutheranarane til å reflektere over reformasjonsomgrepet og spør om ikkje heller det er “deformasjon” dei har stelt i stand.<sup>100</sup> Og slik går kampen om innhaldet i “reformasjon”, til pietismen på 1700-talet på nytt tek tak og krev ei retolking og fornying av reformasjonsomgrepet, særleg med vekt på den folkelege reformasjonens idear, som mest hadde vore fråverande her til lands,<sup>101</sup> og den historisk-

---

<sup>92</sup> *Diplomatarium Norvegicum*, III-1147, 1148, XXI-831, XXII-371, 396.

<sup>93</sup> Ellingsen 1997: 75.

<sup>94</sup> Ellingsen 1990.

<sup>95</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 53.

<sup>96</sup> Hansen 1998, Gilje og Rasmussen 2001: 81–117.

<sup>97</sup> Truleg er ord som “reform” og “reformatz” brukte i norske kjelder før, utan at eg har kome over det. Mellom anna tyder visse omsetjingar på at Jens Schjelderups stridsskrift frå 1572, i den såkalla ”biletstriden i Bergen”, kan ha nytta “reformasjon” i ei form eller anna. (Gilje og Rasmussen 2001: 160.) I Sverige, derimot, var det den tysk-utdanna presten Olaus Petri frå Uppsala som førde Luther sine tankar til svenskekongen, og var hovudmannen bak at Gustav Vasa erklærte Sverige for luthersk i 1531. Og han skreiv om “[n]är werlden ... reformerat warder, är thet gudz reformatie som ordhen och befalinga vtgiffuit haffuer och icke Luthers.” (*Svenska Akademiens ordbok*. Bd 28: 697.)

<sup>98</sup> Rørvik 1998: 196, 271.

<sup>99</sup> Wolgast 1984: 329.

<sup>100</sup> Rørvik 1998: 271–273, Wolgast 1984: 326, NN XX: 392.

<sup>101</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 301, 313.

kritiske bibelforskinga utfordrar skriftautoriteten i lutherdomen.<sup>102</sup> Til endå eit nytt fokus på Luther på tidleg 1900-tal,<sup>103</sup> og fram til i dag, då reformasjonen ikkje er einaste legitimeringa av lutherdomen, når dei lutherske kyrkjene i økumeniske samtaler ikkje lenger har som førehandsvilkår at skrifta åleine skal vera einaste kjelde og norm for læra.<sup>104</sup>

Utover 1700-talet festar altså tydinga “reformasjonen” som *historisk epoke seg*. Som i vurderinga av andre historiske periodar, blir då dei store spørsmåla når han starta, når han slutta – og, som sagt, kva slags brot var det? Var det, som teologiprofessor Cort Aslakssøn i 1621 skreiv i si historie om den dansk-norske kyrkja frå 1517–1621, ein ny start på line med den israelsfolket fekk etter frigjeringa frå Egypt, i ”det reformerede Evangeliske lærdoms Canaan”?<sup>105</sup> Eller fekk brotet andre type følgjer? Mange har sett på reformasjonen i Noreg som det store brotet med europeisk felleskultur – me vart ein konfesjonell luthersk kultur i ein europeisk utkant. Dette er delvis rett, samstundes som *heile* Europa etablerte konfesjonelle delkulturar på 1500-talet; luthersk, katolsk, reformert, så slik sett var det ikkje berre Noreg som vart på utsida av fellesskapen.<sup>106</sup> Reformasjonen utvikla seg altså jamsides med ei europeisk "konfesjonalisering", ei vidare oppsplitting av ulike retningar som skaut ut frå pavekyrkja, og som vart å prege 1500- og 1600-talet. Før opplysningstid på 1700- og 1800-talet igjen samlar ein europeisk felleskultur – likevel annleis enn det som utgjorde fellesskapen i den katolske seinmellomalderen.

Vil ein tidfeste nøyaktig er 1517 starten på Luthers kamp – som kom hit i 1536–37, med Christian III's handfesting og kyrkjeordinansen. Slutten er det verre med. Med religionsfreden i Augsburg i 1555 er det kyrkjepolitiske kompromisset stadfest og deretter er det ingen veg attende, men for Noregs del er det kanskje like relevant å tenkje 1607 som eit sluttpunkt, då det endeleg kjem på plass ein norsk kyrkjeordinans. “Reformasjonshundreåret” er etter kvart ein mykje brukt term om 1500-talet – og den gjev rom for opning både i framkant og etterkant. Som argumentert for over, vel eg å trekkje reformasjonshundreåret for Trondenes sin del til om lag 1620. Denne avhandlinga blir å slutte då, men å seia at reformasjonen i Trondenes slutta i 1620, er ikkje det same.

---

<sup>102</sup> Oftestad 2001: 181.

<sup>103</sup> Sjå mellom anna Normann 1937 og Kolsrud 1937.

<sup>104</sup> Oftestad 2001: 184.

<sup>105</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 144–146.

<sup>106</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 17–18.

Sjølv med eit slikt langstrekt perspektiv på reformasjonen vil det ikkje seia at 1500-talsmenneska ikkje opplevde at det gjekk føre seg, til dels alvorleg, endring. Til det betre eller til det verre. Men reformasjonen i Noreg kom korkje som resultat av eit nasjonalt eller folkeleg *krav* om endring. Her stod ikkje bønder fram med krav mot adel og kyrkjeskattar, humanistar mot ei tom og overflatisk kyrkje eller borgarar mot handels- og næringsrestriksjonar grunna faste og mengder av heilagdaggar. Dét må såleis vera ein av hovudgrunnane til at me ikkje finn omgrepet “reformasjon” i norske kjelder før på 1600-talet. Men ein form for ”reformatorisk bevissthet” må det ha vore hjå folk,<sup>107</sup> for *fenomenet* reformasjon blir fylt med omgrepsinnhald i *løpet av 1500-talet*.<sup>108</sup>

## 1.4 Historiografi

Forskingshistoria til emna som blir tekne opp i denne avhandlinga kan grovt delast i tre; framstillinga av Trondenes og det nordlege Noreg, framstillinga av kyrkjeorganisasjonen og kyrkje(økonomisk) historie og framstillinga av reformasjonen.

### Framstillinga av Trondenes og det nordlege Noreg

Trygve Lysaker er den som i breiast forstand har sett Trondenes på det historiske kartet. Hans bygdebok for Trondenes og gardssoge for herada Trondenes, Sandtorg og Skånland er ei oversiktleg og innhaldsrik framstilling av historia til trondenessoknet, særleg gjennom seinmellomalder og reformasjon, og ein grundig presentasjon av gardseigedomstilhøva.<sup>109</sup> Didrik Arup Seip, Andreas Holmsen, Eirik Kårstad og Lars Ivar Hansen har gjennom fleire arbeid om og med dei såkalla “Trondenes-jordebøkene” lagt grunnlag for den kunnskapen me har om jordeigedomstilhøve i Sør-Troms ved inngangen til seinmellomalderen og korleis seinmellomalderkrisa ovra seg i nord.<sup>110</sup> Lars Ivar Hansen, Håvard Dahl Bratrein og Reidar Bertelsen sine mange studiar om lokale og regionale utviklingstrekk gjennom nordnorsk mellomalderhistorie gjev både djupdykk og overordna perspektiv på politiske, økonomiske og busetjingshistoriske tilhøve i landsdelen, og Hansen har ein særleg stor forskingsproduksjon

---

<sup>107</sup> Oftestad 2001: 48.

<sup>108</sup> Viss “reformasjon” i *det heile teke* er nytta før 1500-talet. Sjølv om reformasjon er eit latinsk ord med antikke røter, hadde det vore spennande å finne ut om det nokon gong er nytta i norske kjelder før den tida me her har omhandla. Eg lurar på om eg faktisk tviler på det.

<sup>109</sup> Gardssogene kom i 1956 og bygdeboka i 1958, men alle vart nyttgjevne i 1978 – og det er dei siste utgåvene eg refererer til i avhandlinga.

<sup>110</sup> Seip 1954; Holmsen 1978; Kårstad 1981; Hansen 2003(b).

omkring dei fleiretniske tilhøva på Nordkalotten.<sup>111</sup> Hans *Astafjord bygdebok* i to band omhandlar dei indre delane av Trondenes kannikgjeld, og er eit framifrå døme på lokalhistorie som blir sett inn i ei nasjonal og internasjonal ramme.<sup>112</sup> Fisken og tørrfiskhandelens plass i den nordnorske økonomien er også grundig behandla av Alf Ragnar Nielssen, Ragnhild Høgsæt, Stein Tveite, Kari Lindbekk, Alf Kiil og Arnved Nedkvitne.<sup>113</sup> Rolf Fladby har gjeve ein oversikt over dei nordnorske administrative tilhøva i reformasjonshundreåret, Rune Hagen om kongemaktas utanrikspolitiske ambisjonar og manøvreringar på Nordkalotten rundt 1600, og ikkje minst trolldomsfølgjingane i nord som starta mot slutten av reformasjonshundreåret.<sup>114</sup>

### Framstillinga av kyrkjeorganisasjon og kyrkje(økonomisk) historie

Også i framstillinga av kyrkjeorganisasjonen i Nidaros og Trondheim er Trygve Lysaker eit sentralt namn. Han skreiv del to av historia til Nidaros erkebispesetol og bispesete; *Reformasjon og enevelde 1537–1804*.<sup>115</sup> I tillegg har han publisert fleire artiklar om Trondenes-kyrkja, prestegjeldet og personane knytte til dette, der særleg ”Var Trondenes kirke en kollegiatkirke i senmiddelalderen?”, “En gåtefull periode i nordnorsk historie” og “Erkebiskop Olav Engelbrektssons bakgrunn” er sentrale for denne avhandlinga.<sup>116</sup>

Antologien *Ecclesia Nidrosiensis*, redigert av Steinar Imsen, er eit oppdatert oppfølgjarverk til den tobandssterke saga om Nidaros erkebispesetol og bispesete frå 2003, og Lars Ivar Hansens artikkel “Trondenes kannikgjeld” frå denne antologien er utgangspunkt for dei drøftingane denne avhandlinga gjer omkring framveksten av kannikgjeldet før reformasjonen.<sup>117</sup> Rognald Heiseldal Bergsens doktoravhandling om funksjonen til kyrkjekunsten og kyrkjeinteriøret i trondeneskyrkja er også sentral for forståinga av kva slags verdiar kannikgjeldet romma.<sup>118</sup>

Audun Dybdahl sine mange arbeid om erkesetet sin økonomi, Christian Lykke si hovudoppgåve om Aslak Bolts økonomi og Vidar Trædal si doktoravhandling om kyrkjestader og kyrkjebygningar i Troms og Finnmark er uvurderlege oppslagsverk.<sup>119</sup> Elles har Lars Hamre, Oluf Kolsrud og Ludvig Daae gjort ein omfattande forskingsinnsats om

---

<sup>111</sup> Hansen 1986, Hansen 1990, Hansen 1997(b), Hansen 2000, Hansen 2010(b); Bratrein 1989, Bratrein 1994, Bratrein 2000, Bratrein 2004(a), Bratrein 2004(b), Bratrein 2007; Bertelsen 1993, Bertelsen 2011(a), Bertelsen 2011(b).

<sup>112</sup> Hansen 2000 og Hansen 2003(a).

<sup>113</sup> Nielssen 1993, Nielssen 2009; Høgsæt 1994; Tveite 1968, Lindbekk 1978; Kiil 1993; Nedkvitne 1983, Nedkvitne 1988.

<sup>114</sup> Fladby 1978; Hagen og Sparboe 2004, Hagen 2005, Hagen 2008, Hagen 2010, Hagen 2012.

<sup>115</sup> Lysaker 1987(a).

<sup>116</sup> Lysaker 1987(b), Lysaker 1976, Lysaker 1961.

<sup>117</sup> Imsen 2003; Hansen 2003(b).

<sup>118</sup> Bergesen 2011(b).

<sup>119</sup> Dybdahl 1979, 1996, 2003, 2004; Lykke 2000; Trædal 2008.

kyrkjelege tilhøve før reformasjonen – Kolsrud også om Noregs kyrkjesoge *etter* reformasjonen, gjeve ut som eit ufullstendig, men svært innhaldsrikt, manus først i 2007.<sup>120</sup> Men det viktigaste bidraget for denne avhandlinga om Trondheim stift etter reformasjonen, i tillegg til Lysaker si bok om saga til bispesetet, er frå Steinar Imsen, først og fremst i form av avhandlinga hans om *Superintendenten* frå 1982. Imsen har også og ei rekkje artiklar i Norsk historisk leksikon, og har særleg dei siste 10 åra vore av dei som har teke til orde for at norske historikarar og teologar må interessere seg for kyrkja si rolle på eit sjølvstendig grunnlag både før og etter reformasjonen. Nasjonalrammehistorikarane har ikkje vore særleg interesserte i den seinmellomalderlege katolske kyrkja anna enn som jordeigar, og teologane og kyrkjehistorikarane har vore for prega av den (sigrande) lutherske tradisjonen dei står i. Desse perspektiva drøftar han og andre i *Nytt lys på Olav Engelbrektsson* frå 2004 og særleg *Den kirkehistoriske utfordring* frå 2005.<sup>121</sup>

### Framstilling av reformasjonen

Øystein Rian er på ingen måte ein del av den lutherske tradisjonen når han i 2005 skriv ein artikkel han kallar “Reformasjonen som katastrofe i norgeshistorien”.<sup>122</sup> I artikkelen “Historie i tvangstrøye. Kongemakt og historieformidling i Danmark-Norge 1536–1814” utdjuar han poenget ved å konstatere at “[d]en katolske kirken ble derimot den store taperen i den historiske offentligheten”.<sup>123</sup> Synet på kyrkja og kva for rolle kyrkja spelte både før, under og etter reformasjonen, har prega korleis historie om reformasjonen i Noreg er vorten skriven. Den ortodokse og einsrettande kongemakta frå Christian IV har bidrege til at det har fått feste seg eit klart skilje *før* og *etter* reformasjonen – før og etter 1537. Dette periodeskiljet pregar framleis all historieundervisning frå grunnskule til universitet i Noreg, og først i nyare tid har det kome avhandlingar og studiar som overskrid skiljet og set 1500-talet sterkare inn i ein samanheng *mellom* 1400-talet og 1600-talet, som til dømes Anne Irene Riisøys doktoravhandling *Sex, rett og reformasjon* og band 2 i Aschehougs noregshistorie *Norge* av Magne Njåstad frå 2011.<sup>124</sup> Dels som eit resultat av dette er reformasjonen i seg sjølv vorte eit meir sentralt forskingstema, og då særleg med blick for dei ulike nasjonale og regionale skilnadane i reformasjonsforløpet i Skandinavia. Det heng også saman interesse for den såkalla dansketida i samband med førebuingane til markeringa av 200-årsjubileet for

---

<sup>120</sup> Hamre 1943, 1955, 1998 og ei rekkje artiklar i *KLNM*; Kolsrud 1913, 1917, 1924, 1958, 2007 og Daae 1863, 1897, 1907.

<sup>121</sup> Imsen 2004(f) og Imsen 2005.

<sup>122</sup> Rian 2005.

<sup>123</sup> Rian 2013: 89.

<sup>124</sup> Riisøy 2006; Njåstad 2011.

grunnlova og norsk sjølvstende i 1814, men kanskje vel så mykje grunna den europeiske Luther-dekaden, som går fram til 500-årsjubileet for Luthers Wittenberg-tesar i 2017. Større forskingsprosjekt som “DaNor” og “Døden i tidlig protestantisk tradisjon” har resultert i publikasjonar frå sentrale reformasjonsforskarar som Arne Bugge Amundsen, Henning Laugerud og Tarald Rasmussen, medan prosjektet “The Protracted Reformation in Northern Norway” er nyss kome i gang.<sup>125</sup> Denne avhandlinga er eit regionalt bidrag til ei breiare forståing av dei reformasjonsprosessane som gjekk føre seg i Danmark-Noreg.

## 1.5 Kjelder og metode

Det skriftlege kjeldematerialet til nordnorsk mellomalder er sparsamt. Sjølv om talet på skriftlege kjelder aukar i formidabelt omfang utover på 1500-talet, er likevel det springande punktet for ein historikar: Kor mykje er gått tapt? I kva grad kan me gå ut frå at det bevarte materialet gjev oss eit representativt innblikk i dei spørsmåla me har? Spørsmålet er vorte drøfta grundig dei siste 170 åra – og konklusjonen er vel ganske klar: Me må gå ut frå at “uhorvelege mengder” er tapt – grunna “skjødesløshet, uforsvarlig oppbevaring, krig, brann, vannskader, fuktighet, råte eller skadedyr”. Men også grunna likesæle og ringeakt. Dette er likevel ingen grunn til *ikkje* å freiste utfordringa. Fordelen er jo at ein på den andre sida kan vera rimeleg sikker på at ein har oversikt over det som finst, dessutan er ein av dei store fordelane med å skrive ei avhandling som går *gjennom* reformasjonen, at då kan ein nytte det mykje rikare etterreformatoriske materialet ikkje berre i retrospektiv samanheng, men også som kjelder til samtida.<sup>126</sup>

Ein må med andre ord bruke eit vidt spekter av *type* kjelder, og ein må vera open for å nytte det vesle ein har i ulike type samanhengar. Ein må tolke tekst i ein kontekst. Ei av dei største metodiske utfordringane er likevel å bruke og tolke dei ulike kjeldetypane slik at dei står i eit *rimeleg forhold* til einannan. Korleis handtere eit lite tekstfragment – ein kvittering frå ein tømmermann eller ei innskrift på eit altar – mot lange, forteljande brev frå ein erkebisp eller ein skrivar i pavekurien?<sup>127</sup> Frå før reformasjonen er det lite fullstendige eigedomsregister eller skatte- og andre inntektsoversiktar (sjå gjennomgang lenger ned) – men

---

<sup>125</sup> <http://www.danor.uib.no/>, <http://www.tf.uio.no/forskning/prosjekter/pd/> og [http://uit.no/prosjekter/prosjekt?p\\_document\\_id=317402](http://uit.no/prosjekter/prosjekt?p_document_id=317402), sist sett 22.8.2013.

<sup>126</sup> For ein historiografisk gjennomgang av jordeigedomshistoria og utviklinga av den retrospektive metoden frå Andreas Holmsen og Halvard Bjørkvik, sjå til dømes Dybdahl 1979: 12–17; Ugulen 2006: 9–12; Trædal 2008: 36–37.

<sup>127</sup> *Grönlands historiske mindesmærker*: 893; DN XVIII-100, 1476; Karlsson og Storm 1901; DN XVII-785–787.

einskildopplysningar frå ulike samanhengar om tiendbetaling, landskuldverdi og eigedomstilhøve. Og sjølv om dei ulike inntektsregistra til kongen frå 1567 (leidangsskatt, tiend, landskuld, bøter) er omfattande og gjer seg ut for å vera dekkande for heile området vårt (“Sennienn leenn”), er det likevel vanskeleg å samanlikne dei med dei årvisse regista me får frå ca 1610 og framover. Om tiendbeløpa er uttrykk for inntektene nett det året, korleis står i så fall dei i høve til den gjennomsnittlege tiendavkastinga? Er bøkene og sakefallslistene uttrykk for kriminalitetsraten nett det året – eller er det brotsverk oppsamla over lengre tid? Og kva med gardar som manglar i landskuldlisene, men er med frå 1610 og utover – var dei audelagde enno i 1567, eller har det vore eigarskifte i mellomtida?

Dette er alle døme på grunnleggjande kjeldekritiske utfordringar og spørsmål ein historikar må gå til arbeidet med. Det finst ingen fasitsvar på spørsmåla, det finst berre meir eller mindre grundig og plausibel argumentasjon rundt dei. Difor – *ad fontes*:

### Jordebøker og rekneskap

Dei første jordeboks- og rekneskapskjeldene finn me i *Diplomatarium Norvegicum*, band VI, der til saman fire dokument (nr. 198, 274, 302 og 356) utgjer dei såkalla trondenesjordebøkene. Desse er alle fire nedteikna rundt 1400, men gjev oversikt over jordeigedommen til trondeneskyrkja og ein del av det som vart annekskyrkjene i kannikgjeldet før svartedauden. Eigedomane som kom til etter svartedauden vart nedteikna i (dei no tapte) messe- og årtidebøkene “der nord”, som det står i det eine dokumentet.<sup>128</sup> Også for Trondenes kannikgjeld er deretter *Aslak Bolts jordebok* frå tidleg 1430-tal, med tillegg frå dei seinare erkebispene, særleg Gaute (1475–1510), ei sentral kjelde. Sammen med trondenesjordebøkene er *Aslak Bolt* hovudinntaket vårt til den første økonomiske utviklinga i seinmellomalderen. Ved reformasjonsutbrotet har me både *Olav Engelbrektssøns Jordebog* (1533) og *Olav Engelbriktssøns rekneskapsbøker* (1532–1538) som gjev viktig innsikt i erkebispøkonomien, men også om økonomiske verdiar i nord generelt og ikkje minst ein del personalopplysningar om kretsen rundt Olav.

Frå om lag 1512 finn me i *Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundrede* (NRJ) rekneskapskjelder for Bergenhus, som tok imot og ekspederte inntektene og verdiane som kom seglande nordfrå. Og saman med rekneskapa i *Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567* (NLR) er det fleire og fleire kjelder som belyser både økonomiske, sosiale, demografiske

---

<sup>128</sup> DN VI-302.



og familiære tilhøve i Trondenes. I 1558 finn med domkapitlet si jordebok – som rett nok ikkje inneheld alt godset domkapittelkannikane hadde i kannikgjelda – men som gjev interessant informasjon om dei ulike prebenda og altarstiftingane som framleis organiserte inntektene i det felles bordhaldet domkapitlet. I 1567 finn me dei første fullstendige oversiktene over kongens inntekter frå både verdsleg (leidangsskatt, landskuld og bøter) og kyrkjeleg (tiend og bøter) opphav. Også samiske skatteytarar kjem no til syne i listene. Desse lensrekneskapa er særleg nyttige av di dei framleis skil mellom det som er stiftets inntekter og det som er kongens inntekter – sjølv om jo kongen i utgangspunktet disponerte alt. Men det som sjølv sagt *ikkje* kjem fram i 1567-kjeldene, er landskuld- og tiendinntektene til kannikgjeldinnehavaren.

Dét kjem først i det som er vorte heitande *Trondhjems Reformats (TR)* frå 1589. Reformatsen er eigentleg ein kommisjonsrapport med oversikt over all den lokalkyrkjelege økonomien i Trondheim stift – og her kjem såleis økonomien i kannikgjelda inn – og det er i følgje Trygve Lysaker eit eineståande kjeldeskrift i reformasjonsnøreg.<sup>129</sup> Ikkje noko anna stift har noko tilsvarande. Reformatsen er ei presis oppteikning av tilhøva i 1589, og den vart ein norm for geistlege plikter og rettar til langt utpå 1700-talet.

Frå 1610–11 og framover er det årlege lensrekneskap med lister over landskuld og tiend – no skanna og publiserte digitalt på Arkivverket sine nettsider.<sup>130</sup> For kannikgjeldet sin del er det frå 1625 i Statthaldararkivet jordebøker over kyrkje- og prestebordsinntektene,<sup>131</sup> medan det i 1644 er innførslar i domkapittelkopiboka om dekanatinntektene både i 1628 og 1644.<sup>132</sup> Til slutt er det kjelda *Trundenes Jordbog M.DC.LXVI (TJ)*. Dette er ei “Fortegnelse Paa den Rente oc Indkomst. Som er lagd till Bispen i Trundhjem pro officio, oc det af Trundenes præstegeld i Nordland.” Ho er førd i pennen av visepastoren til bisp Erik Bredal, 28. april 1666, som svar på spørsmål frå kommisær Titus Bülche 5. oktober 1664.<sup>133</sup>

### Skattelister og manntal

Frå 1518 og utover finn me i *NRJ* ei rekkje ekstraskattar – som delvis blir ordinære skattar – der særleg Tiendpengeskatten frå 1520 (med restansar for dei følgjande par åra) er ei svært

---

<sup>129</sup> Lysaker 1987(a): 89.

<sup>130</sup> <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Digitalarkivet/Om-Digitalarkivet/Om-kjeldene/Lensregnskap>, sist sett 7.10.2013.

<sup>131</sup> [http://arkivverket.no/URN:db\\_read/db/39910/](http://arkivverket.no/URN:db_read/db/39910/), sist sett 7.10.2013.

<sup>132</sup> *TDK*.

<sup>133</sup> *TJ*.

verdifull kjelde.<sup>134</sup> Den skatten skulle vera ein tienddel av alle slags verdiar og eigedom i laust og fast, og den er innkravd på personnivå. Såleis får me namna på alle skatteytarane i Senja. Den kyrkjelege tienda er delvis omtalt under jordeboks- og rekneskapskjeldene, og sjølv om det er spreidde døme på tiendkjelder før reformasjonen, får me dei første sikre oversiktane med lensrekneskapa i 1567 og reformatsen i 1589. Informasjonen derifrå kan så haldast mot den grundige oversikta og samanstillinga av både personar, gardar og verdiar som kjem fram i *Skattematrikkelen 1647 (SM)*. I tillegg til personskattlegginga på gardsnivå, inndelt etter tinglag, får ein der innblikk i kor mykje eigedomane var skuldsette og kven som *eigde* desse. Det er også særskilt utskilt kven som betalte odelskatt og kven som betalte skatt som skipper og styrmann.

### Diplomatariske kjelder

Elles har eg nytta det som er å finne om sosioøkonomiske, politiske, kulturelle og religiøse tilhøve i seinmellomalder og tidleg nytid – først og fremst i *Diplomatarium Norvegicum (DN)* og *Regesta Norvegica (RN)*. Særleg i band 17 av *DN* – samlinga av pavebrev – er det mykje relevant materiale om nidarosprovinsen i seinmellomalderen, men her har eg også støytt på ei av hovudutfordringane for ein tolkingsvitskap som historie; den språklege. Latinen i pavebrev er ei utfordring i seg sjølv, og brorparten av dei er ikkje omsette til norsk. Då er ein prisgjeven dei sparsame opplysningane utgjevarane av band nummer 17 (frå 1902–1913) tok med i samandraga, ei utgjeving som har fått mykje redaksjonell kritikk.<sup>135</sup> Eg har også hatt nytte av materiale frå Pønitensariat-arkivet mellom 1450–1523 (*PØ*) i Vatikanet<sup>136</sup> og islandske annalar. Frå høvesvis 1523 og 1578 gjev *Norske Rigs-Registranter (NRR)* og *Norske Herredags-Dombøger (NHR)* inntak til statleg administrasjon og rettargang, og ulike type økonomiske og administrative kjelder frå dei såkalla skåpsakene i Riksarkivet.

### Lovmateriale

Det førreformatoriske lov materialet er sjølv sagt til nytte, både dei heimlege landskapslovene, *Magnus Lagabøtes landslov* og dei seinare rettarbøtene – i tillegg til internasjonal kanonisk rett. Etter 1537 oppstår det på ein del område eit lovvakuum – som det blir funne ulike type praktiske løysingar for. Den danske kyrkjeordinansen av 1539 (publisert i 1542) blir gjeldande for Noreg inntil vidare – og ein eigen norsk ordinans kjem ikkje på plass før i 1607.

---

<sup>134</sup> Sjø og Dybdahl 2005; Holmsen 1976: 11–28.

<sup>135</sup> Eg har likevel hatt god hjelp av Espen Karlsen, Per Pippin Aspaas og Synnøve des Bouvries med omsetjinga av dei for min del mest sentrale. *Regesta Norvegica* er enno berre komen til 1419, altså før hovudtyngda av dei pavebrev er interessant i.

<sup>136</sup> Jørgensen og Saletnich 2004.

I 1604 lanserer også Christian IV si norske lov, som mykje godt er ei omsetjing av Magnus Lagabøtes landslov. I mellomtida (om lag 1560) får superintendenten i Trondheim omsett den gamalnorske kristenretten til dansk,<sup>137</sup> av di den danske ordinansen var ubrukande i det store nordlege stiftet.

## Materielle kjelder

I mangelen på skriftlege kjelder er det sjølvsagt også fruktbart å vende seg til arkeologien og andre kjelder til materiell kultur. Dei kan fortelja mykje om fiskerisamfunna i nord generelt, og om trondeneskyrkja og kyrkjene i kannikgjeldet spesielt. Også kyrkjekunsten er ei verdifull kjelde til kunnskapen om Trondenes kannikgjeld – særleg i form av doktoravhandlinga til Rognald Heiseldal Bergesen frå 2011: *Sangere i det himmelske Jerusalem. Funksjonsanalyser av middelalderinventaret i Trondenes kirke*.<sup>138</sup>

## 1.6 Avhandlingsstruktur

Gjennom studiet av Trondenes kannikgjeld som eit sosialt felt ikkje berre før og *etter* reformasjonen, men før og *gjennom* reformasjonen, meiner eg at eg kan tilføre bidrag til forståinga av kva for posisjon Trondenes hadde i kyrkjeorganisasjonen før og etter 1537, kva for sentral rolle eliten i Trondenes og Sør-Troms spelte særleg på 1500-talet og ikkje minst kva for langsiktige samfunnsendringar den kyrkje- og statspolitiske endringa i 1536–37 førde med seg og var ein del av.

Avhandlinga er delt inn i seks delar. Del I er dette innleiingskapitlet og kapittel 2, som er eit bakgrunnskapittel der eg går gjennom den generelle økonomiske utviklinga i nord gjennom seinmellomalderen og reformasjonshundreåret, skisserer kva for aktørar me kjem til å møte og gjennomgår dei organisatoriske føresetnadane for det Trondenes kannikgjeld som voks fram etter svartedauden. Del II er ein gjennomgang av den økonomiske kapitalen som kannikgjeldet genererte (kapittel 3), og korleis denne kapitalen fordelte seg mellom dei ulike aktørane i kannikgjeldet (kapittel 4). Del III er ei grundigare drøfting av kvifor Trondenes kannikgjeld kan sjåast som eit sosialt felt (kapittel 5). Del IV og del V er ein analyse av utviklinga i dette trondenesfeltet, *før* (kapitla 6–9) og *gjennom* (kapitla 10–11) reformasjonen. Og avslutningsvis, i del VI, oppsummerer eg denne analysen i kapittel 12, før eg til slutt, i kapittel 13, drøftar reformasjonshistoria i Trondenes i eit vidare og meir generelt perspektiv.

---

<sup>137</sup> Kolsrud 1917.

<sup>138</sup> Bergesen 2011(b).

## Kapittel 2: Trondenes kannikgjeld og aktørane der

### 2.1 Det nordlege Noreg i vekst og fall

I si bygdebok for Trondenes frå 1958 teiknar Trygve Lysaker eit bilete av den økonomiske utviklinga på Trondenes gjennom seinmellomalderen og reformasjonshundreåra som ein òg finn i klassikarar som *Hva kan vi vite om agrarkatastrofen i Norge i middelalderen?*<sup>139</sup> og i nyare oversiktsverk om Nord-Noreg, som *Nordnorsk kulturhistorie*<sup>140</sup>, og framstillingar om som *Astaffjord bygdebok*<sup>141</sup>: Nedgangstidene på 1300-talet ramma også Nord-Noreg hardt. Dei økonomiske og demografiske konsekvensane av svartedauden og agrarkrisa var store, med sterk svekking av folketallet, stort landskuldfall og delvis samanbrot av økonomisk, sosial, politisk og kulturell infrastruktur. Men også ei strukturendring av næringstilpassinga, slik til dømes Alf Ragnar Nielssen har synt med studien sin av Vestvågøya.<sup>142</sup> På eitt eller fleire vis ramma krisa på kort sikt alle lag i samfunnet, anten du som stor jordeigar fekk desimert leigeinntektene frå jorda di og stod utan arbeidsfolk, eller du som leigande jordbrukar mista arbeidsføre medlemmer av hushaldet i sjukdom og død. I eit større perspektiv er det likevel mest fruktbart å sjå ”nedgangstidene på 1300-talet” som ei krise for *jordeigarar*, men som ei lette for *jordleigarar*.

Folkeauken utover i høgmellomalderen førde nordpå ikkje først og fremst til nyrydding, men fiskeriutvikling. Turrfisken og den internasjonale turrfiskhandelen, som utgjorde ein stor del av både leidangsskatt og tiend allereie frå 1100-talet, vart viktigare og viktigare, og opna etter kvart for heilt nye næringstilhøve i nord utover på 1300-talet: Det var høg bytteverdi og sikker avsetjing for fisken, noko som førde til ekspanderande busetjing langs kysten, særleg i sesongfiskeværa, men òg i permanent busette vær nordover og austover kysten i Troms og Finnmark.<sup>143</sup> Dette gagna mange. Dei som hadde mista inntekter grunna landskuldfallet fekk høve til ny næringsverksemd, dei som dreiv jorda fekk betre plass og dei som selde arbeidskrafta si fekk nye mogelegheiter til innkome. Den såkalla ”seinmellomalderkrise” var difor ikkje så djup langs kysten av Nord-Noreg som mange andre stader i landet, og då botnen

---

<sup>139</sup> Holmsen 1978: 107–126.

<sup>140</sup> Bratrein og Niemi 1994.

<sup>141</sup> Hansen 2000 og Hansen 2003(a).

<sup>142</sup> Nielssen 1977.

<sup>143</sup> Det er vanskeleg å trekkje klare grenser mellom typar fiskevær – sidan desse er i utvikling gjennom heile mellomalderen og dei kan ha innslag av både fast busetjing og/eller utvida sesongbusetjing. Om det var fisket *i seg sjølv*, eller om det var suget etter kornet ein kunne få attende som skapte ekspanderande fiskevær, er også ei nyleg drøfta problemstilling (Bertelsen 2011(a)). Nielssen 1977: 198–202; Lysaker 1978(a): 93; Holmsen 1978: 109, 117; Bertelsen 1993; Bratrein og Niemi 1994: 161; Nielssen 2009: 85, 97–98.

var nådd ein gong etter 1350 gjekk det raskare oppover enn i det jordbruksbaserte innlands-Noreg.<sup>144</sup> Fiskarbønder og lønsarbeidarar fekk det betre – med større plass og betra levekår. Som andre stader der folketalsspresstet slapp taket etter svartedauden, fekk også kjøt og fisk større del i kosthaldet i nord, samstundes som fiskeprisane steig.

Utover 1400- og 1500-talet opplevde såleis Nord-Noreg ei blømande oppgangstid, med ikkje berre nasjonal, men òg stor internasjonal innvandring som heldt seg til byrjinga av 1600-talet.<sup>145</sup> Føresetnaden for den gode omsetjinga av dei rike fiskeressursane vart etterkvart Hansa-kontoret på Bryggen i Bergen. Det nord- og austersjøiske handelsforbundet opna og sikra tilgangen til europeiske marknader for fisken frå nord, samstundes som hansaen, med monopol, forsynte kysten nordover med korn. Sjølv omsetjinga skifta karakter utover i seinmellomalderen: Frå at bergenskjøpmennene i høgmellomalderen kom til Vágar og kjøpte fisk, vart dette i løpet av andre halvdel av 1300-talet snudd opp ned, og nordlandsjektene for sørover til Bergen i staden – og handelen gjekk føre seg der.<sup>146</sup> Kong Olav Håkonsson freista rett nok i 1384 å få handelen i nord til å gå på Vágar – også for å at folk kunne vera med og yte motstand mot russerar og karelar (”att their mögu modstotu veita Rutzum eder Karlum ner their villia vorum monnom skada giera”).<sup>147</sup> Dette vart likevel berre eit slag i lufta.<sup>148</sup> Det var ikkje berre hansaen og bergensborgarar (det vil seia kjøpmenn, skipparar og andre sjølvstendige næringsdrivarar, formelle *borgarbrev* kom seinare<sup>149</sup>) som utøvde sine økonomiske interesser i nordområda; tidleg på 1400-talet hadde også engelskmennene vore aktive med handel på Hålogaland og Finnmark og erkesetet hadde sidan 1200-talet fått handelsprivilegium frå den engelske kongen.<sup>150</sup> Men rundt 1440 fekk rådmenn og borgarar i Bergen, med hjelp av kongen, kasta ut engelskmennene frå handelsverksemda i nord, og dei innanlandske kjøpmennene, *nordfararane*, kunne igjen få dominere og ha monopol på jektefarten, som dei hadde rettarbot på sidan 1361.<sup>151</sup> I 1455 fekk også trondheimsborgarane høve til å segle på Nordlanda, men det ser ut til at dei også først og fremst leverte fisken på Bryggen i Bergen.<sup>152</sup> Hansaen hadde såleis handa på roret med handelen og leveransane frå

---

<sup>144</sup> Holmsen 1971: 9–11.

<sup>145</sup> Lysaker 1987(a): 390; Bratrein 2000: 57; Hansen 2001.

<sup>146</sup> Nielssen 2009: 85; Bertelsen 2011(b).

<sup>147</sup> *NgL* III: 222–223, originaltekst her henta frå *Norske middelalderdokumenter*: 367; *RN* VII-1191, 1384.

<sup>148</sup> Tveite 1968: 224; Bertelsen 2011(b): 14.

<sup>149</sup> Nedkvitne 1988: 89.

<sup>150</sup> Dybdahl 2003: 308.

<sup>151</sup> *DN* XX-776, 1429; I-670, 1420; I-756, 1436; XX-820 og 822, 1439; *NgL* 2 r., bd. 1, nr. 63; *NgL* III: 181;

Tveite 1968: 224–25.

<sup>152</sup> *NgL* 2. r., bd. 2, bd. 1, nr 68; Storm 1895: 186.

skipa nordfrå, sjølv om det ikkje er utenkjeleg at dei innanlandske nordfararane også hadde sitt å seia om korleis og med kven dei selde fisken sin vidare til.<sup>153</sup> I 1494, til dømes, måtte bisp, lensherre, lagmann og bergensbyrådet vera med å regulere fiskeproduksjonen og mekle mellom hanseatane på den eine sida og skipparar, nordfararar, i sær dei frå Finnmark, på den hi.<sup>154</sup> Det var futar og prestar som var skipparar eller eigde skip, men først og fremst bønder og bygdefar.<sup>155</sup> Denne dominerande stillinga heldt hansaen gjennom reformasjonshundreåret, men etterkvart med aukande innslag av innanlandske handelsfolk i tillegg, før dei på byrjinga av 1600-talet mista grepet og fekk større konkurranse og etterkvart heilt vart avløyst av norske kjøpmenn.<sup>156</sup>

Nord-Noreg hadde såleis gjennom seinmellomalderen fått tilgang til og vorte avhengig av internasjonale marknader – for å få seld fisken, for å få kapital til fisket, men også for å få tilgang på korn. Korvidt kornet var ein føresetnad for eller eit supplement til busetjingsekspanjonen i nord i seinmellomalderen, har vore mykje omdiskutert mellom forskarar dei siste 50 åra. Det har både å gjera med i kva grad gardsbusetjing blir sett på som det normale og den ønskte buforma *når ein først er vorte introdusert til det*, og i kva grad bytterelasjonar i ein redistributiv økonomi har føresett både korn og fiske for best utnytting av dei naturgjevne tilhøva i nord.<sup>157</sup> Kåre Lunden poengterte til dømes i 1967 at busetjing i nord slett ikkje var ”undenkbar” utan tysk kornimport,<sup>158</sup> medan Arnved Nedkvitne på den andre sida i 1988 hevda at folk trengde korn anten dei var fatige eller rike: ”De som ikke hadde råd til å skaffe seg korn, ville sulte.”<sup>159</sup> I seinmellomalderen var i alle høve korn vorte den viktigaste atkaupsvara for fisken som vart eksportert, og sjølv om det var eit produkt som samfunna langs kysten truleg lenge delvis hadde greidd seg utan, var dei etterkvart òg vorte avhengige av det. Ikkje berre grunna dei kaloriane mjølet, brødet og grauten tilførde, men òg grunna kulturell og sosial endring gjennom mellomalderen. Reidar Bertelsen argumenterer for at ”kornsuget” i nord i seinmellomalderen kan ha vore resultat av ”den massive og økende kulturelle påvirkninga som kystbefolkninga ble eksponert for gjennom tørrfiskhandelen, religionsskiftet og alle andre aspekter som fulgte med integreringa i den framvoksende staten”, medan kornavhengigheita i tidleg mellomalder først og fremst var knytt til

---

<sup>153</sup> Tveite 1968: 228–29.

<sup>154</sup> *NgL* 2 r., bd. 3, bd. 1, nr 81.

<sup>155</sup> Hansen 2000: 255; Nedkvitne 1988: 268; Kiil 1993. Sjå òg kapittel 11.2.

<sup>156</sup> Tveite 1968; Nielssen 2009: 86, 88.

<sup>157</sup> Bertelsen 2011(a): 84–86.

<sup>158</sup> Lunden 1967: 116.

<sup>159</sup> Nedkvitne 1988: 26.

aristokratiet og at det er ”et åpent spørsmål om det er brød, grøt eller øl som var hovedanvendelsen”.<sup>160</sup> Øl var eit viktig element i den norrøne mat- og gjestebodskulturen, og såleis ein uunngåeleg del av det sosiale interiøret i det norrøne samfunnet.<sup>161</sup> Då dette ekspanderte i nord, følgde ølet med som ein forsterkar av dei kulturelle relasjonane mellom dei norske som allereie var i nord og dei som kom. Fleire forskarar meiner at denne kulturelle sida ved kornimporten var vel så viktig som den næringsmessige sida – kystbefolkninga i nord, både samar og nordmenn, hadde trass alt mange stader fint greidd seg utan nemneverdig tilførsel av korn gjennom heile jernalderen.<sup>162</sup>

Men uavhengig av *kvifor* kornet var viktig, kom den handelen det var ein del av, som gagna Nord-Noreg i hundreåret fram mot reformasjonen, etterkvart på 15- og 1600-talet til å bli ei ulukke for landsdelen. Det internasjonale økonomiske systemet som fiskehandelen inngjekk i, påverka alle som var involverte – heilt ned til den einskilde fiskar og kornkjøpar i nord. Etter reformasjonen var det fleire årsaker til at lønnsmda fall. Først og fremst vart etterspurnaden mindre grunna konkurranse frå andre fiskeri, der fleire produkt med betre og betre kvalitet kom på marknaden.<sup>163</sup> I tillegg kan det til ein viss grad ha spela inn at færre katolikkar førde til færre som fasta og med det færre som berre kunne eta fisk delar av året. Det er usemje mellom forskarane om når desse andre produkta verkeleg vart konkurrentar til den nordnorske turrfisken. Nederlanda skaut fart med klippfisktilverking av fisk frå Newfoundland på 1500-talet,<sup>164</sup> men i følgje Arnved Nedkvitne kom desse produkta først inn på engelske marknader og hadde difor lita tyding i dei post-reformatoriske avtaksområda for den norske fisken, det vil seia Nederlanda, vest i Tyskland og Baltikum, før 1730.<sup>165</sup> (England, som hadde vore hovudmarknaden for den norske turrfisken på 1300- og 1400-talet, hadde innan 1500-talet i stor grad gått over til å importere torsk frå Island.<sup>166</sup>) Men i alle høve sakk fiskeprisen og heldt ikkje tritt med den generelle prisstiginga på jord- og kornvarer utover 1500-talet. Etter at prisen på fisk på 1400-talet hadde vore meir enn det seksdoble av prisen på korn, sakk fiskeprisen dramatisk på 1500-talet.<sup>167</sup> På Bryggen i Bergen fall fiskebytteverdien for fisk i høve til korn med nesten det halve frå 1520 til slutten av 1500-talet.<sup>168</sup> Håvard Dahl Bratrein

---

<sup>160</sup> Bertelsen 2011(a): 85.

<sup>161</sup> Orning 2011: 58–62.

<sup>162</sup> Bertelsen 1993; Bertelsen 2011(a): 86.

<sup>163</sup> Nedkvitne 1988: 39–40.

<sup>164</sup> Nielssen 1993: 87.

<sup>165</sup> Nedkvitne 1988: 27, 36.

<sup>166</sup> Nielssen 2009: 104.

<sup>167</sup> Nedkvitne 1983: 343.

<sup>168</sup> Schreiner 1941: 373; Lunden 1967: 116; Holmsen 1976: 24; Nedkvitne 1988: 40–43; Hansen 2003(a): 35.

ser òg det var nye økonomiske konjunkturar frå midten av 1500-talet, men han meiner blømingstida i fiskeria varte like til 1620 (og såleis heldt folketalet seg), sjølv om verdiane som vart skapte ikkje kom den enkelte fiskeseljær og skatteytar til gode.<sup>169</sup> For folk i nord som ikkje kunne auke kornproduksjonen for å oppretthalde levestandarden til det aukande folketalet, var løysinga å fiske meir. Men altså til lågare prisar og ditto dårlegare lønsemd.<sup>170</sup>

Og 1600-talet skulle bli verre. Nord-Noreg opplevde ein sterk økonomisk nedtur, medan det var optimistisk nydyrking i sør. I tillegg til uår med dårleg skrei-innsig,<sup>171</sup> endå høgare kornprisar, flekktyfus og anna sjukdom og ein tredveårskrig som førde til handelskrise og stadig hardare skattetrykk, kom det til syne meir strukturelle problem, som mellom anna Kari Lindbekk har kalla ei ”forsyningskrise”.<sup>172</sup> Hansaen var kasta på dør, men norske handelsmenn greidde ikkje bringe inn korn slik som hansaen kunne. Som Alf Ragnar Nielssen har peika på; det såg ut til å ha vore motstridande krefter i sving. Fiskeprisen sakk, men det krigsutløyste auka skattetrykket utover 1600-talet, betalt i fisk, gjorde at fangstmengda auka. Kanskje særleg vart innsatsen sett inn i sesongfiskeria, medan folketalveksten i landbruksområda innanfor fiskeværa heldt forsyninga av arbeidskraft oppe. I andre halvdel av 1600-talet, derimot, var inntekts- og fiskeproduksjonsnedgangen i nord eit uomtvisteleg faktum.<sup>173</sup>

Trygve Lysaker meiner det tok lang tid før København tok inn over seg dei endra økonomiske tilhøva rundt fiskehandelen i Nord-Noreg, og dette vart særleg synleg gjennom skattlegginga.<sup>174</sup> Tidleg på 1500-talet byrja kongen i København å leggje ut stadig nye ekstraskattar. Det eskalerte i andre halvdel av hundreåret og tok heilt av tidleg på 1600-talet, noko som merkast i nord, sidan skattesystemet i seg sjølv var basert på ein jordbruksøkonomi og ikkje særleg tilpassa ein fiskarbondes økonomiske yteevne.<sup>175</sup> Men utover 1600-talet – som kommunikasjonane vart betre og statsforvaltinga fekk større innsikt i norske tilhøve – kom det etterkvart også til visse utslag av positiv særbehandling overfor norske instansar og undersåttar. I 1646 slapp folk frå Salten og nordover unna med å betala

---

<sup>169</sup> Bratrein og Niemi 1994: 167; Bratrein 2000: 57, 59; Nielssen 2009: 87.

<sup>170</sup> Hansen 2000: 273; Hansen 2003(a): 35.

<sup>171</sup> Nedkvitne 1988: 335; Holmsen 1978: 111.

<sup>172</sup> Nielssen 1993: 87; Lindbekk 1978: 113.

<sup>173</sup> Nielssen 2009: 88.

<sup>174</sup> Lysaker 1978(a): 132.

<sup>175</sup> Hansen 2000: 276; Hansen 2003(a): 35.



halv skatt,<sup>176</sup> og mot slutten av 1600-talet vart finnmarkingane heilt fritekne for den alminnelege skatten.<sup>177</sup>

Store delar av kystsamfunna i nord var altså i blømande økonomisk utvikling frå 1400-talet grunna den internasjonale fiskehandelen, men mellom anna grunna den same handelen sakka områda akterut og den økonomiske utviklinga stoppa opp etter reformasjonen. Samstundes med at økonomisk og politisk makt var flytta sørover, gjorde dette Nord-Noreg i endå sterkare grad til ein periferi i Danmark-Noreg. Kongen hadde jo slått under seg eigedomane til erkebispene og forlent desse vidare – hovudsakleg til danske adelsmenn som sjeldan eller aldri viste seg. I tillegg var Nord-Noreg kome så langt frå stats- og sanksjonsmakta at griske futar og handelsmenn kunne tumle fritt, samstundes som òg svenskane byrja syne skattleggingsinteresse i ein del område. Frå 1551 slo Gustav Vasa under seg dei gamle skattleggings- og handelsprivilegia til dei svenske birkarlane og gjorde skattlegging av samane i områda med svenske skattekrav til eit kongeleg privilegium.<sup>178</sup> Plassert i utkanten av det dansk-norske staten, avhengig av dei internasjonale marknadene, var Nord-Noreg på 1600-talet vorte eit tapsprosjekt utnytta på det grøvste av fut, lensherrar og neglisjert av kongen i København.

Om ikkje den moralske indignasjonen skin like sterkt gjennom som i bygdeboka til Trygve Lysaker, skriven i 1958, er det ingen forskarar som seinare har stilt nemneverdige spørsmål ved dette hovudperspektivet. Mange har likevel moderert det – og sett på den økonomiske og sosiale utviklinga i nord i meir samansette perspektiv, ikkje berre langs ein utbytande nord-sør-akse. Og det *eg* skal gjera, er å skrive *Trondenes kannikgjeld* si historie gjennom seinmellomalder og reformasjon. Det er kannikgjeldet som er den raude tråden – og hovudsiktemålet er ikkje å avgjera kven som utnytta kven, men å sjå kva for inntekter og verdiar kannikgjeldet genererte, for så å sjå korleis kampen om desse ressursane gjekk før seg mellom dei aktørane som *kunne* delta i kampen. Dette blir altså først og fremst ei historie om dei synlege aktørane. Vidare i dette bakgrunnskapitlet vil eg først stutt gå gjennom desse aktørane, for deretter å sjå på kva for føresetnader kannikgjeldet voks fram under, i ljøs av den generelle utviklinga i nord som drøfta i dette delkapitlet.

---

<sup>176</sup> *NRR* 8: 398–399.

<sup>177</sup> Bratrein og Niemi 1994: 172.

<sup>178</sup> Hansen 2011: 310.

## 2.2 Aktørane

### Dekananen

I Nidaros var dekanen i seinmellomalderen leiar for domkapitlet – altså den geistlege administrasjonen med prestar (kannikar eller korsbør) rundt erkebispem og domkyrkja. Dekanombodet skal ha vorte oppretta saman med erkebispedømet allereie i 1152/53,<sup>179</sup> men det kom truleg aldri i funksjon – me har ingen kjelder om det før det vart (oppatt)oppretta i 1419.<sup>180</sup> Dekananen var ikkje nødvendigvis førstedignitet i domkapitlet – i Skandinavia var det tilfelle berre i Nidaros og Roskilde, og i København, der han var den einaste digniteten. I Bergen var han andredignitet (der var erkediakonen den fremste), i alle Uppsalas domkapittel var han tredjedignitet. I tillegg til å leie arbeidet i domkapitlet hadde dekanen særleg ansvar for domkyrkja og messene der.<sup>181</sup> Den første dekanen me kjenner namnet på er Ivar Gunnarsson i 1419.<sup>182</sup> Frå 1430 blir dekanatet tillagt Trondenes kannikgjeld som inntekt, og frå Trond Ivarsson sin funksjonsperiode (1480–1492) blir dekanatet regelmessig utnemnd ved paveleg provisjon. Frå 1523 er det bevart detaljerte tenesteplikter for nidarosdekanen: Han skulle residere personleg ved domkyrkja, ordne domkyrkjekulten og leie det fellesbordhaldet til kannikane. Han skulle “forsvare” domkyrkjas og kapitlets eigedom og vera stiftsforvaltar i erkebispens stad når han var fråverande. Han skulle også leie visse offentlege festdagar og preike ved utvalde høve preike for folket.<sup>183</sup>

Etter den kongelege maktovertakinga i 1537 held dekanen fram som leiar av domkapitlet og når superintendenten kjem på plass i 1546, blir dekanatet ein del av superintendentombodet. Den første lutherske dekanen og superintendent i Nidaros var Thorbjørn Olavsson Bratt frå Andenes, omtalt av Ludvig Daae som ein av “de mange udmerkede Nordmænd, maaskee især geistlige, som ere udgaaede fra vore nordligste Egne”.<sup>184</sup> Dekanatet, som fleire av dei andre faste kapittelstillingane, heldt fram som *økonomisk eining* sjølv etter at det sosiale og økonomiske fellesskapet i domkapitlet vart oppløyst utover i reformasjonshundreåret.<sup>185</sup>

---

<sup>179</sup> I ei forordning frå Pave Hadrian IV (1154–1159) heiter det at Nidaros erkebispedømme skal inndelast i tre erkediakonater, og domkapitlet skal “forestås (?) av en dekan” (RN I-[100], [235]); DN I-1, 1196 (LD nr. 32); Bagge 2003(b): 62.

<sup>180</sup> Pirinen 1958: 38.

<sup>181</sup> Hamre 1998: 256.

<sup>182</sup> DN XVII-386, 387, 978, 1419; RN IX-[1347], 1348, [1354], [1356]. Sjå også kapittel 6.

<sup>183</sup> Pirinen 1958: 39.

<sup>184</sup> Daae 1863: 14.

<sup>185</sup> Imsen 2004(g).

## Dei lokale prestane

Då kannikgjeldinneharane residerte ved domkyrkja, hadde dei vikarprestar som gjorde den daglege tenesta for seg i kannikgjelda. Prestane på Trondenes blir i førreformatoriske kjelder omtale som *sira* og *herr*. Kanniken Ogmund Olavsson, som sat med Vesterålen kannikgjeld på slutten av 1300-talet, omtalar i testamentet sitt Torgils, som “læigupreste minom”.<sup>186</sup> Etter reformasjonen blir dei omtala som visepastor og kapellanar, eller berre prestar. Skilnaden mellom desse var i måten dei vart løna på – anten ved del av prestebordsinntektene eller direkte av kannikgjeldinnehavaren.<sup>187</sup> I Trondenes ser det ut til at kannikgjeldinnehavaren har løna alle direkte, men at det truleg var ein viss rangordning prestane imellom, i alle fall så lenge dei budde i eit kollegiat ved hovudkyrkja fram til omlag 1560. Etter det flytta dei ut i det store kannikgjeldet og vart kapellanar ved annekskyrkjene, men både i reformatsen frå 1589 og i Erik Bredals skildring av kannikgjeldet frå 1666 blir alle omtala som “prest”.<sup>188</sup>

## Domkapitlet

Domkapitla voks fram saman med utviklinga av Noreg som eigen erkeprovins, men det er usikkert om dei kan førast heilt attende til 1152/53.<sup>189</sup> Det felles bordhaldet til kannikane i domkapitlet vart ikkje oppretta før med erkebisp Sørle i 1253.<sup>190</sup> Kannikane vart løna både med personlege prebende og delar frå det felles bordhaldet – og såleis hadde dei både personlege økonomiske interesser og fellesskapsinteresser.<sup>191</sup>

Dei særskilte kannikgjelda fanst i ei eller anna form ved alle norske domkapitla.<sup>192</sup> I Noreg har me vitnemål om kannikgjeld frå både i Nidaros, Stavanger og Bergen allereie på midten av 1200-talet, men dei fleste av desse inntektene gjekk til det felles bordhaldet av di prebenda etter sigande var for småe og gav for lite inntekter for kannikane – eit vanleg klagemål frå domkapitla rundt om i Europa i høg- og seinmellomalderen.<sup>193</sup> Utover i seinmellomalderen fekk kannikgjelda større tyding for kvar enkelt kanniks økonomi. Nokre vart lagde fast til eit prelat, altså ei stilling i domkapitlet, slik Trondenes vart lagt til dekanen i Nidaros og Haug kyrkje på Eiker til erkepresten i Oslo<sup>194</sup>, medan andre kom ut på den opne marknaden kvar

---

<sup>186</sup> DN II-468, 1381.

<sup>187</sup> Hamre 1983: 27.

<sup>188</sup> Hamre 1983: 90; *TJ*.

<sup>189</sup> Imsen 2004(g).

<sup>190</sup> Hamre 1958(b): 195; Bagge 2003(b): 62.

<sup>191</sup> Eit godt døme på ein kanniks interesser, nettverk og verdiar finn ein i førnemnde Ogmund Olavssons testamente frå 1381. DN II-468.

<sup>192</sup> Torkelsen 1971: 313.

<sup>193</sup> DN I-34, 1246; III-10, 1267, 11, 1268, 13, 1277; II-15, 1272; V-7, 8, 1271. Hamre 1977(a): 228–229.

<sup>194</sup> DN VI-107, 1323.

gong dei vart ledige. Særleg i Nidaros finn me mange kannikgjeld, og det er eit interessant spørsmål kvifor dei fleste kannikgjelda vart så *store* i den nordlege delen av erkebispedømet; Trondenes omfatta til saman 14 eldre og nyare kyrkjer og kapell, Tromsø omfatta 8 kyrkjer og Vesterålen 10. Kannikgjelda på Nordmøre, til dømes, var også rike – men små i utstrekking og omfang; Kvernes hadde 4 kyrkjer, Tingvoll 3 og Aure 5.<sup>195</sup> I følgje Lars Hamre må det ha liggje ein kyrkjepolitisk strategi bak, når han skriv at i ”hvert fall de store nordnorske kannikgjeldene må være skapt ved en utstrakt og bevisst anneksering”.<sup>196</sup> Til dømes har me vitnemål om korleis Tromsø i 1419 vart slått ilag med Ilevollen for å få eit stort nok beneficium til det nyoppretta dekanatet.<sup>197</sup> Desse var ikkje store nok kvar for seg som kannikgjeld og vart difor unionerte.<sup>198</sup> Kort tid etter at Svein Eriksson overtok dekanatet i 1430 vart Tromsø bytt ut med Trondenes – medan Ilevollen vart verande eit prebende knytt til dekanatet fram til reformasjonen.<sup>199</sup>

Saman kom også kannikane i domkapitlet til å utgjera ei til tider kraftfull politisk eining, og både styrken og svakheita til domkapitlet, var at dei stadig kom i ein mellomposisjon – mellom paven, erkebisen, lokale prestegjeld og kongen. Dét må ha vore ein av grunnane, meiner Lars Hamre, til at dekanatet vart oppretta i 1419.<sup>200</sup> Ei eiga erkediakonstilling vart truleg oppretta i Nidaros under Olav Trondsson (1458–74),<sup>201</sup> og måten domkapitlet organiserte kommunebordet sitt var alminneleg anerkjent.<sup>202</sup> Då Åbo i 1493 ville ha hjelp til å organisere kommunebordet sitt, vende dei seg til Nidaros.<sup>203</sup> Gjennom reformasjonshundreåret vart domkapitlet i Nidaros verande ei sterk eining – som “en av de kirkelige institusjoner som ikke ble revet med i det jordskjelv som gikk over stiftet i reformasjonens første fase”.<sup>204</sup> Men sjølv om dei fekk behalde dei viktigaste inntektskjeldene sine, mista dei retten til å utnemne seg sjølve og velja sin eigen leiar. Smått om senn vart dei felles sosiale og økonomiske interessene og pliktene oppløyse, kannikane stifta familie og med det andre fellesskap.

---

<sup>195</sup> TR: 67–68, 70, 88, 90. Alle desse tala baserer seg på den etterreformatoriske kjelda *Trondhjems reformats* frå 1589, men den reflekterer truleg også tilhøva mot slutten av seinmellomalderen. Sjå kap 10.

<sup>196</sup> Hamre 1983: 23–25.

<sup>197</sup> DN XVII-386, 387, 978, 1419; RN IX-[1347], 1348, [1354], [1356].

<sup>198</sup> Høgsæt 1994: 259; Trædal 2008: 159–160.

<sup>199</sup> Grankvist 1982: 48–50.

<sup>200</sup> Hamre 1955: 457–458.


<sup>201</sup> Sjølv om kong Christoffer av Bayern i 1444 kallar dekan Svein Eriksson for “ærke dækin” i Trondheim (DN I-790; Lykke 2000: 24.) Sjå òg kapittel 7.3.

<sup>202</sup> NgL 2 r., 3. bd: 420–421.

<sup>203</sup> DN XVIII-124–126, 129–131, 1493.

<sup>204</sup> Lysaker 1987(a): 23–24

Figur 3: Kart over kannikgjelda



## Erkebisen

Erkebisen var den uomstridde leiaren for den norske kyrkja fram til Olav Engelbrektsson måtte reise frå landet på våren 1537. Heilt sidan den norske erkeprovinsen vart oppretta i 1152/53 var sjølve erkebispedømet Nidaros eit uvanleg stort bispedøme. Og det var inntektsbringande, med store landeigedomar, særleg i Trøndelag, tiendinntekter og handelsprivilegium. Finnmark stod utanfor den kyrkjelege soknestrukturen i heile mellomalderen, så alle dei kyrkjelege inntektene derifrå gjekk til erkebisen og prestane der

vart løna direkte av han. Til å krevja inn inntekter og elles skjøtte alle dei ulike interessene sine, fekk erkebisen etterkvart eit utbygd nettverk av verdslege ombodsmenn i heile det store bispedømet, såkalla *setesveinar* (sjå lenger ned). Erkebisen hadde også betydeleg militær makt, og han vart etterkvart leiar av det norske riksrådet. På byrjinga av 1500-talet hadde såleis den norske erkebisen såpass store mengder av verdsleg og geistleg makt og innflytelse, at Nidaros er vorte omtala som “erkebisperiket”.<sup>205</sup> Og internt i dette erkebisperiket var det altså mange ulike kyrkjelege aktørar, og det er såleis viktig å ha føre seg at dekanen, domkapitlet og erkebisen alle hadde dels samanfallande og dels sjølvstendige interesser, i sær i spørsmål om økonomi og forvaltinga av eigedom.

### **Paven/kurien**

Ein fjerde kyrkjeleg aktør det er verd å nemne, er paven – eller aller helst, administrasjonen hans, *kurien*. Dei seinare åra har norsk og nordisk mellomalderforskning interessert seg meir for den katolske delen av norsk historie, mellom anna i form av dei norske sambanda til pavestolen gjennom mellomalderen.<sup>206</sup> Paven var ein ankeinstans både for norske geistlege og for norske lekfolk som hadde gjort alvorlege kristenrettsbrot – og Roma var eit pilegrimsmål for dei kristne også i dei nordlegaste delane av kristenverda. Den mest personlege kontakten mellom kurien og den norske kyrkja, var gjennom pavens sendemenn i nord; pønitiariarane og nuntiusane. Kvart språkområde hadde ”mindre-pønitiariar” eller underpønitiariar underlagt stor-pønitiariaren, ein kardinal i pavens næraste krins. Underpønitiariarane var utsende frå pavens botskontor for å kunne forvalte skriftemålssakramentet og gje absolusjon og nåde rundt i den vide kristenverda – og til pilegrimane frå dei ulike språkområda som kom *til* Roma.<sup>207</sup> Dei vart i følge Eldbjørg Haug mellommenn mellom ein geografisk periferi og pavedømmet, ”og bidro til sentraliseringen av det pavelige monarki”.<sup>208</sup> Nuntiusane, eller kollektorane, skulle samle inn kuriens pengar, men også etterkvart handle på pavens vegner i andre saker, som ein diplomat. Nuntiusane vart kuriens ambassadørar.<sup>209</sup>

To gonger i seinmellomalderen var paven innblanda i spørsmålet om kven som skulle ha kallsretten til Trondenes – like etter danninga av kannikgjeldet, mellom 1404 og 1427, og mellom 1498 og 1500. Den pavelege provisjonsretten var eitt av verkemidla kurien hadde utvikla utover i mellomalderen, starta under Innocens IV (1243–1254) og skote fart under

---

<sup>205</sup> Holmsen 1976: 27.

<sup>206</sup> Sjå mellom anna Jørgensen og Saletnich 2004 og Imsen 2005.

<sup>207</sup> Gallén 1968: 175; Jørgensen og Saletnich 2004: 27.

<sup>208</sup> Haug 2008: 154.

<sup>209</sup> Skånland 1965: 400.

Avignon-tida på 1300-talet, for å sikre inntekter og sentralisere makt til pavestolen.<sup>210</sup> Provisjonsretten gjekk kort ut på at paven meinte seg å ha mynde over utnemningar på bispestolane – både for å få trugne menn der, men òg for å sikre den veksande kurien inntekter. På same vis som kannikane ved domkapitlet i Nidaros var titulære sokneprestar til innbringande prestegjeld, med vikarprestar på staden, vart dei pavelege administratorane titulære bispar og innehavarar av tallause beneficium rundt om i heile kristenverda. Motstanden mot denne praksisen, som blir sett på som eitt av dei fremste døma på korleis kurien økonomisk utnytta paven si leiarstilling, og det førde ofte til internkyrkjelege maktkampar.<sup>211</sup> At paven blanda seg borti eit underordna prestegjeld som Trondenes, har me få døme på i Noreg, sjølv om til dømes både Bonifacius IX (1389–1404) og Innocens VII (1404–1406) reserverte for seg alle kanonikat, prebende og beneficium som vart ledige i deira regjeringstid.<sup>212</sup> Stort sett var det bispestolar han brydde seg med – men det seier noko om dei rike inntektene som Trondenes var utstyrt med. Men etter maktovertakinga i 1536–37 vart paven brått ein ikkje-aktør i saga om Trondenes.

### Superintendenten

Men det kom nye. Ei av nyskapingane i den dansk-norske reformasjonen, var ombodet som superintendent.<sup>213</sup> Han avløyste bispen som kyrkjeleg leiar for stiftet – han var framleis dekan, men det var kongen som tok over bispemakta og bisperettane. Superintendenten skulle vera ein statstenestemann – eit tilsynsbod som skulle sjå etter embetsutøvinga til presteskapet og at den kongeleg vedtekne religionsutøvinga og kyrkjeorganiseringa gjekk rett for seg.<sup>214</sup> Saman med lensherren (stiftsbefalingsmannen) var det han som skulle styre stiftet på vegner av kongen. Sjølve superintendentnemninga greidde aldri å ta plassen til “bisp”, og utover mot slutten av reformasjonshundreåret ser me dét ofte brukt. Etter 1700 vart det på nytt offisiell språkbruk.<sup>215</sup> Som dekan heldt superintendenten fram med å vera titulær sokneprest til Trondenes heilt til kannikgjeldet vart oppløyst i 1731.

### Kongen/statsmakta

Kvifor er *kongen* ein aktør i Trondenes kannikgjeld? Før reformasjonen gav han erkebisen kamp om kristenrettsbøtene og etter reformasjonen overtok han tiendinntektene til erkebisen. Både før og etter reformasjonen var han ein stor jordeigar og kjempar såleis om dei same

---

<sup>210</sup> Haug 1996: 54–57; Imsen 2000: 180–181.

<sup>211</sup> Hansen 2003(b): 269.

<sup>212</sup> DN XVII-338, 1406; Hansen 2003(b): 269.

<sup>213</sup> Imsen 1982.

<sup>214</sup> Imsen 1982: 8, 11–17.

<sup>215</sup> Imsen 2004(g). Berre lovboka heldt fast på nemninga superintendent heilt fram til.

verdiane som dei kyrkjelege aktørane i kannikgjeldet. Og etter 1537 er han jo overhovedet i kyrkja. Kongemakta er mindre synleg i Trondenes enn dei kyrkjelege aktørane før reformasjonen – i alle fall i kjeldene. Forvaltninga av dei verdslege eigedoms- og skatteinteressene hans vart sett bort til ulike lensherrar – som også kunne vera kyrkjelege aktørar. Erkebispem, til dømes, var ein stor lensinnehavar. Sysselmannen var kongens ombodsmann og skatteinnkrevjar, men *korleis* det i praksis gjekk føre seg, varierte. “Kongemakten bygde i stor grad på lokale forutsetningar”, skriv Magne Njåstad, og gjennom seinmellomalderen skjer det ei desentralisering av statsmakta – også den dømande. “I de fleste delene av Norge spilte de lokale tingene en viktig rolle”, og lensmannen gjekk frå å vera sysselmannens lokale tenar til å bli lokalsamfunnets tillitsmann, ikkje kongens – på same vis som lagrettemannsombodet utover i seinmellomalderen i større grad vart rekruttert lokalt.<sup>216</sup> *Futen* voks frå slutten av 1400-talet fram først og fremst som lensherrens private betjent, før han i løpet av 1500-talet vart kongens ombodsmann.<sup>217</sup> Men når det var ekstraskattinnkrevjing arbeidde han meir direkte for kongen allereie tidleg på 1500-talet, og det er særleg gjennom rekneskapa hans me møter statsmakta i kjeldene i tiåra fram mot reformasjonen.<sup>218</sup>

## Lensherren

Den verdslege administrative motstykket til Trondenes kannikgjeld, var gjennom seinmellomalderen og reformasjonshundreåret *lenet* – Senja len. Først truleg sett saman av dei fire tinglaga Astafjord, Fauskevåg, Kvæfjord og Sand – det gamle Trondenes fylke. Aslak Bolt omtalar på 1430-talet heile området nord til Malangen som “Throndaness fylke”,<sup>219</sup> og seinast i 1567 omfatta Senja len også Dyrøy, Gryllefjord og Gibostad tingstader. Lenet kom etterkvart under Bergenhus, og i løpet av 1500-talet vart det ein del av det store Nordlandene len.<sup>220</sup> *Før* lena var landet administrativt inndelt i syslar. I høgmellomalderen var det sysselmennene som var kongens regionale administratorar og styrde desse sysla – ofte rekrutterte frå distrikta rundt der dei skulle styre. Sysselmannen styrde rettspleia, kravde inn dei kongelege inntektene og stod i spissen for militærforvaltninga.<sup>221</sup> Men utover i seinmellomalderen, truleg frå andre halvdel av 1400-talet i nord, tok lenet over som nemning på forvaltningsområde, og lensstyret vart overlete til (den fjernare plasserte) lensherren – med

---

<sup>216</sup> Njåstad 2011: 30–31.

<sup>217</sup> Fladby 1959: 466; Fladby 1963; Bjørkvik 1996: 136. Nemninga fut – eller *fogd* – vart også brukt på ein del andre, dels overlappende måtar. Fladby 1963: 24–25.

<sup>218</sup> *NRJ* 2 og 3.

<sup>219</sup> *AB*: 165–168.

<sup>220</sup> Fladby 1978: 13–15, 88–89; *NLR* 5: 185 ff. I 1647 var det i Gryllefjord sitt område også kome tingstadene Berg og Baltestad, og Gibostad hadde skifta namn til Gisund. *SM*: 43–46.

<sup>221</sup> Andersen 1972: 651–656.



sine futar, også dei ofte framande til dei lokale samfunna dei skulle operere i.<sup>222</sup> Dei viktigaste lena var dei såkalla slottslena, eller hovudlena, og lensherren til desse vart gjerne kalla hovudsmann. Særleg etter 1537 blir lensherren ein sentral politisk aktør – som saman med superintendenten fekk i oppgåve å styre kongeriket Danmark-Noreg nord for Dovre.

### Lokale aktørar

Dei lokale aktørane me først og fremst møter i denne avhandlinga er den lokale eliten; den både geistlege og verdslege økonomiske eliten. Som me var inne på i kapittel 1.2 er det tenleg i ein mellomalderssamanheng å forstå eliten i eit samfunn som nokon med ideologisk, kulturell, økonomisk eller militær makt. Desse elitane vil operere og opptre i overlappande nettverk; i Trondenes i hovudsak i form av setesveinar, jekteskipperar, byborgarar, ombodsmenn, lokale prestar, fut og lagrettemenn.<sup>223</sup> Eliten i Trondenes er med andre ord ikkje først og fremst storbønder og aristokrati, som mange stader lenger sør i landet, men først og fremst får dei inntekter frå fiske og handel. Dei eig sjølvsagt jord i tillegg, og også i Trondenes er eliten prega av tette og nære familiære nettverk.

*Setesveinar* er nemninga på erkebispens verdslege ombodsmenn, med administrative, økonomiske og militære oppgåver ute i det store erkestiftet.<sup>224</sup> I følgje Sættargjerda i Tunsberg frå 1277 skulle erkebisen ha rett på 100 skattefrie menn i si teneste, noko Aslak Bolt refererer til då han i 1449 omtalar sine “hundradha setho svennæ”.<sup>225</sup> Det er først mot slutten av seinmellomalderen dei trer fram i stort antal – i 1533 er 49 av erkebisp Olav Engelbrektssons 69 setesveinar heimhøyrande i nord. 9 av desse er i Sør-Troms.<sup>226</sup> Fleire av desse var også sjølv handelsaktørar og hadde eigne jekter. *Jekteskipperane* var dei som frakta fisken mellom Trondenes og Bergen – mange budde i nord, men fleire var også byborgarar og rådmenn i Bergen eller Trondheim, såkalla *nordfararar*. Utover i seinmellomalderen og gjennom reformasjonshundåret opptre fleire av dei i kjeldene som *knappar* eller i *knapeadelen*. Dette er nemninga på det flytande sjiktet mellom lågadel og storbønder – og i nord brukt om dei som hadde noko til overs etter handelen på Bryggen og såleis kunne handle litt på eigahand på vinterstid, når Trondenes var utan samband med kjøpstaden.<sup>227</sup>

Jekteskipperane tilhørde den økonomiske og sosiale eliten i bygdesamfunnet, men

---

<sup>222</sup> Njåstad 2011: 92–96; Hansen 2000: 319; Imsen 2004(h); Bjørkvik 1996: 196.

<sup>223</sup> Hansen 2003(a): 47–50.

<sup>224</sup> Hamre 1970(b); Lykke 200: 28–29; Dybdahl 2003: 311–313.

<sup>225</sup> DN XXI-452, 1449. Sjå meir i kapittel 7.2.

<sup>226</sup> OER: 40–42.

<sup>227</sup> Lysaker 1978(a): 187–189; Kiil 1993: 25.

jektebruket deira var, i alle fall frå 1500-talet og framover, ofte bygd opp på kollektivt bruk, i det såkalla *bygdefaret*. Bøndene i bygda hadde *både* fortrinnsrett og plikt til å skipe varene sine med bygdefarsjekta.<sup>228</sup>

## Samar

Innanfor (og nordanfor, vestafor, austafor og sørafor) det som var Trondenes kannikgjeld levde det samar med hovudsakleg to type næringstilpassingar; kystsamar (sjøsamar) og innlandssamar. Me ser altså at grensene til *Finnmork* – der det budde samar – også gjekk langs ein aust-/vestdimensjon, ikkje berre mellom nord og sør langs kysten. Viss det i det heile gjev meining å snakke om *grenser* mellom norrøn og samisk busetjing, så samanfletta som busetjingsmønsteret ser ut til å ha vore. Det er stor grunn til å forstå dette tilhøvet som *dynamisk* gjennom seinmellomalderen og reformasjonshundreåret – og ikkje som statiske grenser som lett kan dragast opp. Likevel – om me skal halde oss til vise grove kategoriar, kan ein seia at kystsamane i større grad enn innlandssamane var bufaste, og sjølv om næringstilpassinga deira mange stader mykje godt var lik nordmennene si, oppfatta (og vart oppfatta) begge gruppene seg klart som noko anna enn nordmenn – eller *bumenn*. Sett frå nordmenn si side var det “dei andre” – slik til dømes *Historia Norvegiae* skildrar dei som “heidningefolket” som bur i ei veldig audemark rundt nordmennene – om enn framande på ein annan måte enn karelarane og russarane, av di dei blir beskrive som både buande innom og utanfor kongedømetts territorielle grenser.<sup>229</sup> Men *av* samane budde altså kystsamane nærare norske busetjingar enn innlandssamane, skildra av Audhild Schanche i den såkalla “blomkålsmodellen”: Busetjingsområda kjem til syne som finmaska mønster med den norrøne befolkninga på sentrale lokalitetar i fjordane og den samiske befolkninga innimellom eller ved sida av og innover i landet – både på dei store øyane og på fastlandet.<sup>230</sup> Såleis vart kystsamane i større grad påverka av det norske levesettet enn samane på innlandet, og det ser ut til at dei tidlegare enn innlandssamane knytte seg til kristendomen og det verdisystemet kyrkja kunne by på.<sup>231</sup> Allereie på slutten av høg mellomalderen ser dei også ut til å ha vorte meir *statstilknytte* gjennom innkrevjing av skattar, misjonsframstøyt og rettshandheving. Mange let seg truleg av praktiske omsyn døype og gjekk til nattverd, men kristninga av dei ulike samiske grupperingane var ein langstrekt prosess som strekte seg over fleire hundre år –

---

<sup>228</sup> Kiil 1993; Hansen 2000: 255; Lysaker 1978(a): 183f. Sjå også kapittel 11.2.

<sup>229</sup> Holmsen 1977: 59–60; Hansen 2004: 67–71; Hansen og Olsen 2004: 80–82, Salvesen 1969: 21.

<sup>230</sup> Schanche 1989: 171–183.

<sup>231</sup> Hansen 2000: 314.

og gjennom heile perioden for denne avhandlinga.<sup>232</sup> Den svenske religionshistorikaren Håkon Rydving har skissert tre ulike måtar forholdet mellom den tradisjonelle samiske og den nye kristne religionen kunne utvikle seg: Gjennom 1) at alternative konfigurasjonar levde side om side, 2) ved synkretisme, altså samansmelting eller 3) total absorpsjon, altså at den gamle forsvann i den nye. Med utgangspunkt i dette kategoriserer han såleis samiske grupper etter korleis dei i ulik grad aksepterte den nye religionen, i spekteret frå tradisjonalistiske aktivistar og passive tradisjonalar, via nøytrale og til passive kristne og kristne aktivistar.<sup>233</sup> Men det er verd å understreke – som Rydving sjølv og andre gjer – at det er rom for stor regional og kronologisk variasjon innanfor det samiske området.<sup>234</sup>

Det samiske må såleis ha vore ei utfordring både for staten og kyrkja gjennom både seinmellomalder og reformasjonshundreår, og sjølv om *kjeldematerialet* først og fremst synleggjer samane mot slutten av perioden, vil deira rolle i Trondenes kannikgjeld bli drøfta både i del IV og del V.

### 2.3 Føresetnadane for Trondenes kannikgjeld

Dei kyrkjelege inntektene var frå mellomalderen delt inn i *fabrica* og *mensa*; det vil seia det fysiske kyrkjebygget og prestens bordhald.<sup>235</sup> Ein del av inntektene skulle altså gå til bygging og vedlikehald av kyrkja og ein annan del, som oftast mykje større, skulle gå til å løne presten. Denne delinga galdt både for landskuldinntektene og tiendinntektene til kyrkja, og til ein viss grad vart også andre inntekstypar regulerte etter denne todelinga. I dette delkapitlet skal eg først drøfte kva me veit om den fysiske historia til kyrkjebygget på Trondenes – *fabrica* – før deretter å nøste i utviklinga av Trondenes før det nye kannikgjeldet voks fram etter svartedauden.

#### *Fabrica* – kyrkjebygget

I følgje *Morkinskinna* let kong Øystein Magnusson byggje kyrkje på Trondenes tidleg på 1100-talet: “A Þrandarnesi let ek oc kirkiu gøra. oc lagðag fe til.”<sup>236</sup> Ingen andre sagaverk tillegg Øystein denne gjerninga, og det er mogeleg skrivaren har blanda tiltaket saman med andre byggverk Øystein stod bak. Likevel – dei fleste forskarar ser i dag ut til å ha akseptert

---

<sup>232</sup> Hansen 2000: 312; Hansen og Olsen 2004: 321. Sjå meir i kapittel 9.1 og 11.4.

<sup>233</sup> Rydving 1993: 14, 158–159.

<sup>234</sup> Rydving 1993: 14; Hansen og Olsen 2004: 316.

<sup>235</sup> Hamre 1959 og Hamre 1966.

<sup>236</sup> *Morkinskinna*: 187.

opplysninga.<sup>237</sup> Det er ikkje den som står på Trondenes no, så truleg har det stått ei trekyrkje “eller en form for provisorium” der først.<sup>238</sup> Det er knytt mykje og stor usikkerheit til bygningshistoria til den noverande kyrkja. Ho er oppigjennom datert med fleire hundre års mellomrom, frå seint 1100-tal til midten av 1500-talet, men det ser ut til å vera semje om at byggjeperioden har vore svært lang.<sup>239</sup> Det er særleg den dendrokronologiske dateringane av dei ulike takdelane som har sein datering (1399–1400, 1434 og 1504–05). Bygningsarkeolog Ole Egil Eide oppsummerte i 2005<sup>240</sup> det han meiner er det beste me kan veta om kyrkja i dag, og åttvarar mot å la takdateringane vera styrande for dateringane av den underliggjande muren. Eide byggjer si datering på murverket og utlegginga av grunnplanet. Han meiner kyrkja er sett saman av tre typar murverk frå tre ulike periodar, og at byggjestart var seint 1100-tal eller 1200. Då vart heile grunnplanen lagt ut, noko den einsarta sokkelprofilen som går rundt heile kyrkja, vitnar om. Vidare seier han at kor og sakristi truleg vart fullførde rundt 1250, at veggane i skipet var mura seinare og at kyrkja stod utan tak på skipet heilt fram til 1430-talet. Gjennom resten av sekelet vart ho ferdigstilt med veggar og tak – og etterkvart innreidd med mykje av den kyrkjekunsten me kjenner frå seinare kjelder, og som står der enno i dag. Kyrkja var vigd til St. Nikolaus, i dag mogelegvis representert i form av ein helgenfigur som står oppå høgaltarskåpet.<sup>241</sup>

Eides utlegging av bygningshistoria er den rådande i dag – sjølv om det framleis er mange uavklarte spørsmål.<sup>242</sup> Særleg interessant er det kvifor ho vart påbyrja så stor, kvifor det var ein så lang byggjestopp og ikkje minst at skipet ser ut til å ha stått utan tak i over hundre år.

Til det første spørsmålet har mellom andre Lars Ivar Hansen antyda at dei andre kyrkjene i Sør-Troms, om ikkje frå starten, så i alle fall tidleg i si historie, gjekk inn i eit avhengigheitsforhold til Trondenes. (Meir om dette i neste delkapittel.) I ljøs av dette kan ein tenkje seg at Trondenes – slik kyrkja står i dag – opphavleg var tenkt for eit kollegiat av prestar.<sup>243</sup> Det kan forklare dei store dimensjonane som det ser ut til at kyrkja var planlagt med rundt 1200. Men kvifor stoppa så byggjeaktiviteten opp i andre halvdel av 1200-talet? Finansieringa må ha svikta, og “skipets kolossalt massekrevene østgavl er åpenbart aldri blitt

---

<sup>237</sup> Hansen 2003(b): 261, note 46; Bratrein 1970: 71.

<sup>238</sup> Trædal 2008: 458.

<sup>239</sup> Eide 2005: 4; Trædal 2008: 457–460; Bergesen 2011(b): 13–14.

<sup>240</sup> Eide 2005.

<sup>241</sup> DN XVII-787, 1500; Hansen 2003(b): 255; Bergesen 2011(b): 82–83. Helgenfiguren er ein bisp, som mogelegvis er St. Nikolaus. Meir om interiøret i kapittel 7.

<sup>242</sup> Trædal 2008: 457; Bergesen 2011(b): 14.

<sup>243</sup> Eide 2005: 23.

påbegynt, det samme gjelder vestgavlen”, seier Eide.<sup>244</sup> Særleg merkeleg er det, med tanke på alle sjelegåvene som samstundes fløynde inn mot slutten av hundreåret og fram til svartedauden.<sup>245</sup> Kunne desse inntektene gått til mensa? Truleg ikkje, for med sjelegåvene kom det som oftast spesifikasjonar om kva som skulle gå til mensa og kva som skulle gå til fabrica. Vart kanskje inntektene på eitt eller anna vis redistribuerte frå hovudkyrkja, viss det var slik at Trondenes framleis hadde underliggjande kyrkjer? Eller gjekk det føre seg eit skifte i eigarskap og patronatsrett over kyrkja i løpet av 1200-talet, som førde til endring i finansieringa? Vidar Trædal har antyda det, og han er også inne på at bygginga av steinkyrkja på 1200-talet kan ha gått føre seg samstundes med at den førre trekyrkja framleis stod, og at byggverket på ulikt vis kan ha vorte påverka av dette.<sup>246</sup> Reidar Bertelsen og andre arkeologar har teke til orde for at byggjestoppen kan ha hatt med teknologiske utfordringar å gjera. Kanskje møtte 1200-talssteinbyggjarane på nordgrensa for kva den kalkmørtelen dei brukte, kunne tåle? Kanskje vart kyrkja ståande uferdig så lenge, av di det tok tid før byggjevitskapen hadde kome med betre løysingar for ei steinkyrkje på 68 grader nord?<sup>247</sup>

Bisp Nannestad nemner i 1750 at kyrkja hadde to tårn og moglegevis eitt i kyrkjegardsmuren, men desse var borte i 1835.<sup>248</sup> Dei kan tidlegast ha kome til etter 1434 og kanskje endå seinare. Sjølv kyrkjegardsmuren har også ei omdiskutert historie. Lenge meinte forskarane at muren hadde vore betydeleg større enn i dag – kanskje opp mot 4 ½ til 5 meter.<sup>249</sup> Dette avviser Inge Sjørgård i masteravhandlinga si frå 2005 og seier at muren på aust- og nordsida “ikke har vært særlig høyere enn andre kirkegårdsmurer”, men at den i nordaust kan ha vore opptil 5 meter høg.<sup>250</sup> Han syner at også muren er bygd i tre periodar – og også den var ferdigstilt seinast rundt 1430.<sup>251</sup> Både Sjørgård og tidlegare forskarar argumenterer med at muren var bygd delvis som ein del av det vernet trondeneskyrkja trengde som grensekyrkje mot nord. Men Sjørgård konkluderer med at muren ikkje kan ha vore ei regulær befesting av kyrkja, men meir ei form for kullisse – “*en vellykket illusjon*” – som skulle sjå stor ut frå sjøen.<sup>252</sup> Sjølv om det var stadige herjingsåtak frå russarar og karelar heilt sør til Malangen

---

<sup>244</sup> Eide 2005: 23.

<sup>245</sup> Hansen 2003(a): 267.

<sup>246</sup> Trædal 2009: 115–116. Slik også Nils Ryjord var inne på i oppmålinga av kyrkja i 1911. (Lysaker 1978(a): 110.)

<sup>247</sup> Personleg samtale med Reidar Bertelsen; Trædal 2008: 131.

<sup>248</sup> Trædal 2008: 460.

<sup>249</sup> Lysaker 1978(a): 107; *Nannestad*.

<sup>250</sup> Sjørgård 2005: 2.

<sup>251</sup> Sjørgård 2005: 43.

<sup>252</sup> Sjørgård 2005: 66.

mellom 1200- og 1400-talet, er det, som Sørgård skriv, ingen “kildebelegg for at kirken ble angrepet i middelalderen”.<sup>253</sup>

### **Mensa og utviklinga av kyrkjeorganisasjonen**

Men attende til kong Øystein. Som altså ser ut til å ha hatt ein plan – som allereie før den ambisiøse oppfølginga med den store kyrkjebygninga på Trondenes rundt 1200, gjorde Trondenes til eit kyrkjeleg sentrum på 1100-talet. Organisatorisk må den første trondeneskyrkja ha vore ei form for hovudkyrkje eller fylkeskyrkje med tiltenkt same funksjonar som tilsvarande fylkeskyrkjer i Trøndelag.<sup>254</sup>

Alt tyder på at det godset kong Øystein la til kyrkja var konfiskert høvdinggods frå Trondenes-/Bjarkøy-slekta, som kongemakta la under seg etter den såkalla “Selsbane-episoden”.<sup>255</sup> Lars Ivar Hansen har synt korleis det opphavlege kyrkjegodset i seinmellomalderen kan attfinnast i form av gardar som var heileigde og deleigde av kyrkja, det vil seia at to kyrkjer eller kyrkjelege institusjonar saman eigde gardane. Dette meiner han kan tyde på eit større hopehav mellom dei sentrale institusjonane, og at såleis erkebispem og kongemakta tidleg på 1100-talet *saman* søkte å etablere kyrkja på Trondenes som eit maktsentrum, med fleire underliggjande kyrkjer, som Kvæfjord og Sand, plasserte omkring – liknande ein engelsk “minster-modell”.<sup>256</sup> Eit slikt samarbeid kan altså vera ei forklaring på kvifor Trondenes-kyrkja vart planlagt så stor. Hansen argumenterer vidare for at framover mot 1200 blir deretter eit ordinært soknesystemet utbygd også i Sør-Troms.<sup>257</sup>

Vidar Trædal er usamd med Lars Ivar Hansen i at Sand og Kvæfjord i utgangspunktet vart etablerte i eit avhengigheitstilhøve til Trondenes og avviser ein eventuell minstermodell i Sør-Troms.<sup>258</sup> Han meiner at mangelen på prestegardar i Sand og Kvæfjord *ikkje* er av di desse kyrkjene vart administrerte av prestar frå Trondenes, men av di dei må ha vore etablerte som private gardskyrkjer på eksisterande gardar.<sup>259</sup> Han er likevel samd i at kyrkjebygginga på Trondenes truleg må ha vore eit kongeleg tiltak, men meiner me av den grunn ikkje “kommer nærmere en begrunnelse for det flertallige prestskapet den ble planlagt for”.<sup>260</sup>

---

<sup>253</sup> Sørgård 2005: 66; Lysaker 1978(a): 106.

<sup>254</sup> Hansen 2003(b): 262; Trædal 2008: 115, 455.

<sup>255</sup> Hansen 2003(b): 262.

<sup>256</sup> Hansen 2003(b): 262–263, 265–266.

<sup>257</sup> Hansen 2003(b): 267.

<sup>258</sup> Trædal 2008: 140–142.

<sup>259</sup> Trædal 2008: 116–121, 126–127; Hansen 2003(a): 266.

<sup>260</sup> Trædal 2008: 116.

Men uansett kvifor storleiken vart som han vart – kong Øystein må på eitt eller anna nivå hatt ein plan, for plasseringa av kyrkja på Trondenes var ikkje tilfeldig. I tillegg til å ha konfiskert jorda til den gamle eliten, sette kongemakta kyrkja så å seia i tunet til høvdingslekta på Trondeneset – som for å seia frå kor og kva makta no var. Dette var i tillegg eit grenseområde mot nord og aust – mot samar og russarar. Også rundt *namnet* Trondenes kan ein gjera seg refleksjonar. I same tida som kong Øystein let byggje kyrkje på Trondenes gjekk den såkalla prosessen mot Sigurd Ranesson.<sup>261</sup> Der blir Trondenes nemnt som tingstad for eit fylkesting: “Þa stefndi Sigurðr konvngur þhing á Þrandarnesi.”<sup>262</sup> Men korkje der eller når Trondenes elles blir omtalt på 1200- og 1300-talet, finn me namnet som noko anna enn ein stad eller ei kyrkje. Den først sikre bruken av namnet som *eit område*, finn me, som tidlegare nemnt, i jordeboka til Aslak Bolt. Han omtalar Sør-Troms som “Thronaness fylke”. Me veit altså ikkje *når* det vart eit slikt type namn – og kva det omfatta, jamfør drøftinga i kapittel 1.1 om korvidt Trondenes på noko tidspunkt i seinmellomalderen var eit eige len (i tillegg til Senja), slik Lysaker har meint, men Fladby har avvist.<sup>263</sup> Men kanskje starta det med kannikgjeldet? Aslak Bolts namnebruk *kan* ha samanheng med at kannikgjeldet hadde vorte heitande Trondenes, etter hovudkyrkja.<sup>264</sup> Det vore kanskje ikkje unaturleg at erkebispemnemninga på området, og såleis var med og definerte det som også vart den verdslege avgrensinga, som vart heitande Senja len. Gustav Indrebø, som Fladby støt seg på i sin argumentasjon, meinte jo at den eldre sysleinndelinga med fjordungar ikkje nådde så langt nord som Sør-Troms.<sup>265</sup> Dei lokale forvaltningsgrensene må ha vore uklare nettopp av di det, som før nemnd, var samar som både var og ikkje var rekna som kronas undersåttar. Den noko usikre namninga som syner seg i kjeldene kan såleis også vera vitne om at Trondenes framleis vart oppfatta som i eit grenseområde, fleire hundre år etter at sentralmaktene eventuelt hadde ein plan.

Trondenes-kyrkja voks altså fram, om enn i ujamne byks, som ei kyrkje plassert sentralt både i kongemakta og erkebispens bevisstheit. Korleis det førnemnde hopehavet mellom desse to førde til utskiljing og fordeling av interesser mellom kongemakta og kyrkja etter etableringa rundt 1100, er som både Hansen og Trædal har peika på, ganske uklart. Men allereie på

---

<sup>261</sup> Storm 1877.

<sup>262</sup> Storm 1877: 11.

<sup>263</sup> Lysaker 1978(a): 94–95; Fladby 1978: 13–15. Sjå vidare drøfting i kap 11.1.

<sup>264</sup> Hansen 2000: 320.

<sup>265</sup> Fladby 10978: 15.

slutten av 1200-talet ser domkapitlet ut til å ha slått inn under seg kallsretten til Trondenes, då kanniken Audun Torbergsson Raude var sokneprest der. Audun tilhørde dei næraste krinsane både til erkebisp og kongen. Han var truleg korbrosen som representerte erkebisp Jon Raudes domkapittel under tingingane om Sættargjerda i Tunsberg i 1277, låg nokre år seinare saman med domkapitlet i bitter strid med erkebispetterfølgjaren Jørund og hadde lenge “haldit kirkjuna norðr á Hálogalandi er á Þrándarnesi heitir”<sup>266</sup> då han i 1313 vart vald til bisp til Holar. Han gjekk då for å vera den fremste mellom kannikane, og i følgje Laurentius’ saga meinte mange at kannikane valde han av di dei sjølve ikkje fekk noko innpass hjå kongen, så lenge Audun var i nærleiken.<sup>267</sup> Han var lenge Håkon Vs fehirde i Nidaros og av hans mest betrudde menn.<sup>268</sup> I 1291 er “sira Audun på Trondenes” ein av fleire prestar i nord som hadde vore innblanda i striden mellom erkebisp og dei verdslege stormennene som gjekk kyrkja imot etter Magnus Lagabøte og Jon Raudes forlik og fredsperiode på 1270-talet. I *DN* III-30 tek erkebisp Jørund opp vitnemål om dei mange brotsverka Bjarne Erlingsson til Giske/Bjarkøy hadde påført kyrkja; han hadde kalla tilbake erkebispens myntrett, oppheva Vágaboka, forbode dei nye tiendinntektene frå Hálogaland og lete lekmenn dømme i geistlege saker.<sup>269</sup> Erkebisp hadde forgjeves kalla Bjarne inn på teppet.<sup>270</sup> “sira Audun kannik” – altså Audun Torbergsson Raude – er her eitt av vitna, og eitt av brotsverka til Bjarne er at han har bøtelagt “sira Audun på Trondenes” av di denne hadde kravd inn horbøter. Det kan sjølvsagt vera tilfelle at kannik Audun hadde ein vikarprest på Trondenes som heitte Audun, men mest truleg er desse to audunane den same. Det er ingen motsetning mellom kannik Audun og horbotinnkrevjaren Audun.<sup>271</sup> Om ikkje det hadde kome inn under domkapitlet tidlegare, vart kanskje Trondenes eit kannikgjeld i Audun si tid? Lagnaden til prestegjeldet på 1200-talet er som sagt uviss etter den kongelege etableringa rundt 1100, men gitt det samarbeidet mellom sentralmaktene som me har drøfta over, *kan* Trondenes heile vegen ha vore eit prestegjeld med særleg status – og difor vorte gjeve til eller teke av ein så sentral figur, både i verdslege og geistlege kretsar, som Audun.

<sup>266</sup> *ÍF* XVII: 319; Pollestad 2001: 96.

<sup>267</sup> *ÍF* XVII: 319; Pollestad 2001: 96.

<sup>268</sup> Stefansson: [http://nbl.sn.l.no/Audun\\_Torbergsson\\_Raude/utdypning](http://nbl.sn.l.no/Audun_Torbergsson_Raude/utdypning), sist sett 09.10.2013.

<sup>269</sup> *NgL* II: 481–83, *RN* II-187, 1277, [283], [1280/81]; *DN* III-30, 1291.

<sup>270</sup> *RN* II-[614], [625], 1290 [1290–1291].

<sup>271</sup> Trygve Lysaker viser til *DN* III-30 når han i Trondenes bygdebok (Lysaker 1978(b): 100) skriv om Audun Torbergsson Raude som sira Audun på Trondenes, og legg til at Audun “ble senere valgt inn i Domkapitlet som kannik”. Han kommenterer ikkje den “sira Audun kannik” som opptre i same kjelda. Magnus Stefansson, derimot, meiner Audun Torbergsson Raude truleg var kannik allereie i 1277. Eg trur, som sagt, i alle høve at dei to audunane i *DN* III-30 er den same mannen. Også “sira Sigvat” opptre både som vitne og som “offer” i same dokumentet.



Men kva skjedde med Trondenes då Audun Torbergsson Raude for til Holar? Heldt det fram som eit kannikgjeld? La oss først drøfte moglegheita for at det ikkje gjorde det: Det me veit om presteskapet til Trondenes på 1300-talet, veit me frå trondenesjordebøkene og prestestemne i Vágan i 1321 og 1335.<sup>272</sup> Både Gudmund Petersson og Ivar Frugge blir i trondenesjordebøkene omtalte som prestar som “song der”, altså i trondeneskyrkja, då dei ulike eigedomane vart gjevne til kyrkja. Det står ingenting om at dei er kannikar, på den andre sida er det kanskje rart om det vore vikarpresten, og ikkje soknepresten, som er nemnd når eigedomsregister blir oppskrive. På same vis vore det rart om “sira Ogmund på Trondenes”, som i 1321 er ein av prestane i nord som går med på erkebispens nye katedratikum-betalingar (sjå lenger ned) for Hålogaland, var vikarprest. Ein skulle tru det var soknepresten som møtte opp på prestestemne i Vágar for å ordne slike oppgåver.

Figur 4: Prestar i trondeneskyrkja før svartedauden

Audun Torbergsson Raude	Oml 1280 – seinast 1313	Kannik i Nidaros, bisp i Hólar frå 1313
Ivar Frugge	1290-åra – oml 1320	Auduns visepastor/vikar?
Ogmund	Oml 1321–tidleg 1330-åra	
Gudmund Petersson	Seinast 1335–1340-åra	

(Hansen 2003(b): 274, note 31; *ÍF XVII*: 319; *DN III*-30, 1291; I-63 og II-144, 1321; *DN VI*-302, 356, oml 1400.)

Med andre ord – Gudmund og Ivar *kan* ha vore kannikar eller dei *kan* ha vore vikarar – me får ikkje sikrere kunnskap om nett dette spørsmålet gjennom desse dokumenta. Men kva er sjansen for at domkapitlet tidleg på 1300-talet skulle gje frå seg eit innbringande kannikgjeld når dei først hadde fått tak i eit? Truleg ganske liten. For dei same trondenesjordebøkene fortel oss at sjelegåvene strøymde inn til kyrkja før svartedauden, og ei stor kyrkje fekk store gåver. I følgje Trygve Lysaker signaliserer dét også noko meir; det er lite truleg at sjelegåvene vart gjevne Trondenes, om ikkje Trondenes på denne tida “hadde vært et åndelig sentrum”.<sup>273</sup>

Utviklinga på Trondenes gjennom 1200-talet må truleg også sjåast nært i samanheng med utviklinga av Vágar. Vágar var det tidlegaste urbane samfunnet i nord, skriv Reiar Bertelsen, og var allereie på 1000-talet “et møtested for framstående menn fra Hålogaland”.<sup>274</sup> I følgje *Morkinskinna* let kong Øystein byggje kyrkje også der rundt 1100, og i løpet av høgmellomalderen var det både kjøpstad, utskipingshamn for turrfisk og ting – med eiga

<sup>272</sup> *DN I*-163, II-144, 1321; IV-217, 1335; VI-302, 356, [om lag 1400].

<sup>273</sup> Lysaker 1978(b): 94.

<sup>274</sup> Bertelsen 2011(b): 9.

lovbok – Vágaboka – som vart erstatta av Landslova i 1282.<sup>275</sup> I både 1321 og 1352 var det prestestemne i Vágar, begge gongene med erkebispem – høvesvis Eiliv og Olav – til stades.<sup>276</sup> Det var med andre ord ein “flersidig sentralfunksjon” som voks fram gjennom høgmellomalderen, og Bertelsen meiner mykje av grunnen må ha vore at Vágar var strategisk plassert – både i høve til seilingsrutene mellom fiskefelta og dei folkerike norrøne og sjøsamiske busetjingane og ikkje minst i høve til maktbalansen i området: “[S]eilingsavstanden til flere viktige norrøne maktsentra i yngre jernalder var noenlunde lik: Borg på Vestvågøya, Hadsel, Sand på Tjeldøya, Bjarkøy/Trondenes, Steigen og Salten. Her kunne disse stormennene møtes uten å føle at noen av dem hadde overtaket.”<sup>277</sup> Men etter svartedauden går det nedover med sentrumsfunksjonen til Vágar. Folket i nord frakta fisken sin sjølv sørover, og det var ikkje behov for ein kjøpstad der bergenskjøpmennene kunne koma og handle fisk. Eit forsøk på å halde oppe dei gamle handelsmønstra prøvde som tidlegare nemnd kongemakta i ein skipan frå 1384 å påleggje fiskarane å møte opp i Vágar som før – men det hadde liten verknad.<sup>278</sup>

Ser ein denne utviklinga i ljøs av utviklinga på Trondenes, vore det kanskje ikkje så urimeleg å spørja seg følgjande: Om det var slik at kongemakta – i fellesskap med erkebispem – hadde ein plan som skissert over, kvifor bygde dei ikkje storkyrkje i Vágar, der det allereie var eit sentrum, i staden for på Trondenes? Men det spørsmålet kan likegodt snuast om: Nettopp av di det var eit sentrum i Vágar, var det lurt å etablere eitt til. Og kanskje endå viktigare – kongemakta tok i bruk dei nettverka som allereie eksisterte mellom maktsentra nord i Hålogaland, og såleis er det truleg meir fruktbart å sjå Trondenes og Vágar tenkt som komplementære sentrumsfunksjonar, i staden for konkurrerande.

Men sjølv om sjelegåvene strøymde til og Trondenes vart kannikgjeld allereie før 1300, blir ikkje gåta om kvifor bygginga av trondeneskyrkja stoppa opp i denne tida, noko mindre. Kan det ha noko å gjera med Vágar si stilling, som må ha vore på sine høgder på slutten av 1200-talet? Det er vanskeleg å svara på, men sikkert er det at tida etter svartedauden påverka dei begge: Som *sentrum* gjekk det nedover for Vágar, grunna omlegging og utvikling av handelsmønstra, medan for Trondenes gjekk det oppover, grunna restrukturering av kyrkjeorganisasjonen.

---

<sup>275</sup> *Morkinskinna*: 187; Bertelsen 2011(b): 10–11.

<sup>276</sup> *DN I*-163, II-144, 1321; *AB*: 190–191; *DN IV*-357, 1352.

<sup>277</sup> Bertelsen 2011(b): 13.

<sup>278</sup> *NgL III* nr 121; *RN VII*-1191, 1384.

Og denne restruktureringa er det altså me får tilgang til gjennom trondenesjordebøkene. Dei fire dokumenta som utgjer trondenesjordebøkene er altså alle nedskrivne i tiåra før og etter 1400 og omhandlar jordeigedomen som var kome i Trondenes og kyrkjene rundt si eige *før* 1350.<sup>279</sup> Me kan lesa at Øystein på Aurom gav 1 spansleie i Holmstad ved Sortland til trondeneskyrkja for sonen sin, Gunnar, si sjel, Ivar bonde gav til same kyrkja 1 spann og 18 mark for si eiga sjel, medan Gudrid gav 1 spann i Lia i Lavangen til ibestadkyrkja for husbonden Eirik si sjel.<sup>280</sup> I tillegg kan me ut av jordebøkene lesa mangt anna om samfunnet på Trondenes på randen av høg mellomalderen: Leiglendingsvesenet er allereie godt utvikla, det blir gjeve sjelegåver ikkje berre til Trondenes, men også til det som kom til å bli annekskyrkjene, me får namnet på fleire prestar, den samiske folkesetnaden er i fjordane rett aust for Trondenes, det er ikkje fiskevær og busetnad på yttersida av Senja før 1350, jordleiga blir betalt i smør, prestane bur rundt i kyrkjesokna og det er ”presteenke-jord” i omløp – noko som tyder på at sølibatskravet heller ikkje i Trondenes er gjennomført.<sup>281</sup>

Me skal koma meir attende til det trondenesjordebøkene kan fortelja oss om sjølve landskuldnivået både før og etter 1350 i kapittel 3, men for denne avhandlinga er det viktigaste trondenesjordebøkene fortel oss *at* dei er komne til. I alle fall to av eigedomsregistra er sette opp i Nidaros – og det mest omfattande, *DN VI-302*, har i tillegg ei autorisasjonsstadfesting utferda i domkapitlet.<sup>282</sup> Jordebøkene er såleis uttrykk for kyrkja sitt behov for å registrere og kartleggje kva for eigedomar og inntekter ho hadde, og dokumenta synleggjer den reorganiseringsprosessen domkapitlet sette i gang etter det store tapet av eigedom, inntekter og arbeidskraft som kyrkja opplevde etter svartedauden. Andreas Holmsen og Eirik Kårstad slår fast at trondenesjordebøkene er det fremste prøvet på den planen domkapitlet hadde om å gjera Trondenes til eit kannikgjeld.<sup>283</sup> Det er berre ei liten hake ved denne argumentasjonen, og det er nettopp opplysninga frå dei islandske annalane om at Audun Torbergsson Raude allereie før 1300 – som kannik – sat som sokneprest til Trondeneskyrkja. Og sjølv om Trondenes mest truleg heldt fram som kannikgjeld også etter at Audun for til Holar, treng det ikkje å ha omfatta andre sokn enn trondenessoknet før svartedauden. Viss ein følgjer Lars Ivar Hansens hypotese om ein minstermodell som sidan vart oppløyst i

---

<sup>279</sup> *DN VI-198*, 274, 302, 356, oml 1400. Seip 1954; Holmsen 1978: 117–119; Kårstad 1981: 433–437; Hansen 2003(b): 259–261.

<sup>280</sup> *DN VI-302*, oml 1400.


<sup>281</sup> Lysaker 1987(b): 336f; Holmsen 1978: 118–119; Hansen 2003(b): 259–261.

<sup>282</sup> *RN VIII*: 360, oml 1400.

<sup>283</sup> Holmsen 1978: 119; Kårstad 1981: 435–436.

ordinære sokn, er det lite truleg at kannikgjeldet allereie i høgmellomalderen omfatta fleire kyrkjer enn Trondenes. Kvifor skulle kannikgjeldinneharane gje slepp på inntektsbringande annekskyrkjer om dei allereie var innlemma i kannikgjeldet? Då er det meir sannsynleg at minstermodellen allereie var oppløyst til fordel for fleire sjølvstendige sokn, *før* Trondenes vart kannikgjeld. Eit anna argument som står oppunder dette, er at i trondenesjordebøkene er ny skuld fastsett for dei *enkelte eigarpartane*, ikkje samla for gardane som heilskap.<sup>284</sup> Det vil seia at det var dei enkelte eigarane som kvar for seg sette den nye skulda, og Andreas Holmsen ser dette som eit prov for at dei nye skuldtala går attende til ei tid då dei enkelte kyrkjene representerte ulike eigarar – altså før dei var vorte annekskyrkjer. Argumentasjonen til Holmsen og Kårstad – og seinare andre som har arbeidd med Trondenes kannikgjeld – er såleis like gyldig om ein berre presiserer at trondenesjordebøkene vitnar ei *utviding* av kannikgjeldet eller ei *nydanning* av kannikgjeldet.

Figur 5: Kart over Trondenes kannikgjeld



Dei kyrkjene som inngår i dette utvida og/eller nydanna kannikgjeldet er såleis Trondenes, Ibestad, Kvæfjord, Sand, Bjarkøy, Tranøy og Lenvik, og uavhengig av kva slags opphav desse har hatt – kven som grunnla dei – må dei seinast i løpet av 1200-talet vorte del av den

<sup>284</sup> Holmsen 1978: 123.

alminnelege soknestrukturen som bispen hadde patronatsretten til, kanskje med unnatak av Bjarkøy.<sup>285</sup> Kyrkja på Dyrøy og kyrkjene på yttersida av Senja; Torsken, Gryllefjord, Berg, Mefjord, Øyfjord og Baltestad, må ha kome til kannikgjeldet utover i seinmellomalderen, etter at trondenesjordebøkene var nedteikna rundt 1400.<sup>286</sup> Denne utvidinga kjem me attende til i kapittel 7.

Med denne bakgrunnen etablert, er det på tide å gå laus på kva for inntekter det nydanna kannikgjeldet kom til å generere gjennom seinmellomalder og reformasjon – og ikkje minst, kven som nytte godt av desse økonomiske verdiane.

---

<sup>285</sup> Trædal 2008: 131, 149.

<sup>286</sup> Trædal 2008: 142–147. I 1589 er også Hillesøy kyrkje på yttersida av Kvaløya med i kannikgjeldet, medan Bjarkøy ikkje er det. Sjå meir om dette i kapittel 11.3.

## **Del II      Inntekter og verdier i Trondenes**

## Kapittel 3: Kva slags inntekter og verdjar var knytte til kannikgjeldet?

Hovudinntektskjeldene frå eit prestegjeld var landskuld (jordleige) og tiend. Dei to store jordeigarane i Trondenes før reformasjonen var dekanen og erkebispem, og tiendinntektene skulle delast mellom erkebispem, sokneprestem, kyrkjebygget og allmugen (den såkalla *bondeluten*). Etter reformasjonen overtok kongen erkebispem sine eigedomar og landskuldinntekter og erkebispem sin fjerdedel av tienda. Det er mykje som er usikkert knytt til bondeluten i Nord-Noreg – både om korleis han vart utrekna, om han i det heile teke var operativ *før* reformasjonen (det vil då seia at tienda eventuelt berre vart delt på tre) og om når, viss han då hadde vore operativ, vart avskaffa *etter* reformasjonen. I tillegg til landskuld og tiend hadde den som sat med trondeneskyrkja inntekter av gåver og donasjonar og nokre typar bøter, skattar og avgifter. Før me går til dei enkelte aktørane i kapittel 4, skal me sjå på korleis desse ulike inntektene var sette saman.

### 3.1 Landskuld

Landskulda var i seinmellomalderen vorte verdimålet på ein eigedom. Kor mykje ein gard var skuldsett i sa i utgangspunktet noko om kor mykje den som dreiv ein gard måtte betala i årleg leige til den som eigde garden.<sup>287</sup> I høgmellomalderen reknar ein jamt over med at den årlege leiga var 1/6 av bruttoavkastinga på eigedomen, men at desse normaltilhøva braut saman og landskulda vart regulert individuelt, på svært ulike nivå, utover seinmellomalderen.<sup>288</sup> I tillegg var landskulda mange stader utgangspunktet for korleis leidangsskatten skulle utliknast, men truleg ikkje i Nord-Noreg. Sidan Asgaut Steinnes si avhandling frå 1930-talet om gamal skatteskipnad i Noreg<sup>289</sup> har det vore semje om at leidangsskatten i nord primært var ein personskatt, slik det hadde vore i heile riket før landslova til Magnus Lagabøtar i 1274 – altså ikkje utlikna på sjølve gardane, men direkte på bønder, husmenn og andre.<sup>290</sup> I vårt område seier landskuld altså først og fremst noko om jordleiga, og brorparten av alle leiglendingar i Trondenes bygsla, altså leigde jorda si anten av trondeneskyrkja, kongen, private godseigarar eller av erkebispem. Som elles i landet hadde dei kyrkjelege institusjonane gjennom mellomalderen fått overført mykje jordeigedom i form av sjelegåver frå sjølveigarar.<sup>291</sup>

---

<sup>287</sup> *MLL*: 110–111.

<sup>288</sup> Johannessen 2004(b).

<sup>289</sup> Steinnes 1933: 191.

<sup>290</sup> Hansen 2000: 133; Dybdahl 2001: 25.

<sup>291</sup> Helle 1995: 164–65; Holmsen 1976: 128–29, Lunden 1965, 1973: 255, 257, Lysaker 1978(b): 94.

Ettersom landskulda etter kvart gav jord eit offisielt verdimål, skaut òg utviklinga mot partseige fart.<sup>292</sup> Ein gard kunne ha fleire eigarar, og bonden kunne til dømes eige *ein* del og leige *andre* delar i den garden han budde på og dreiv. I eit slikt tilfelle betalte han ikkje landskuld til seg sjølv for den parten han eigde, men sjølv sagt måtte han betala leige til dei andre eigarane for deira partar i garden. Partane vart ikkje delte ut i marka, det var ideelle gardspartar, slik at drifta på garden ikkje nødvendigvis vart påverka av stadig skiftande eige- og leigetilhøve. Dette eigeomssystemet blir av historikarar gjerne kalla *skuldeige*, og var frå mellomalderen og fram til krongodssala frå 1660-åra den dominerande eigeommsforma i landet.<sup>293</sup>

### Smør eller fisk?

Landskulda vart betalt og målt i ulike produkt. Det vanlegaste mellomalderbetalingsmålet i Noreg var smør eller korn, difor står landskulda i Trondenes-jordebøkene oppført i 'smørspann'.<sup>294</sup> Dette endrar seg utover i seinmellomalderen, og ved reformasjonen blir også landskulda målt i vågar fisk dei fleste stadene i nord. Men ikkje i Trondenes; enno i Olav Engelbrektsson si jordebok frå 1533 er 11 av 12 gardar oppsette med landskuld i spann smør.<sup>295</sup> Håvard Dahl Bratrein meiner at i praksis var likevel fisk betalingsmiddelet i store delar av det nordlege Noreg gjennom heile seinmellomalderen, slik at det altså gjekk frå å vera smør i teori og fisk i praksis, til å bli fisk i både teori og praksis. Så snart det var fisk tilgjengeleg, skulle ein tru at både jordleigar og jordeigar føretrekte denne vara – først og fremst av di ho er lett å lagre og lett omsetteleg.<sup>296</sup> I Aslak Bolts jordebok<sup>297</sup>, derimot, finn me oppføringar av *både* fisk- og smørleige til same eigeomen, noko som kan tyde på at landskulda også har vore betalt, i alle fall delvis, i smør også i Nord-Noreg. Samstundes er det nokre få døme hjå Aslak Bolt, frå nordre Nordland, på at den gamle skulda blir oppgjeven i smør, medan den nye bygselsforma er oppgjeven i fisk. Ein skal òg hugse på at smør var ein institusjonalisert og formalisert takseringsmåte – og lett å rekne om i fisk (1520: 1 våg turrfisk = 1 spann smør) – så truleg kunne både betalar og mottakar lett handtere bae delar både i teori

---

<sup>292</sup> Hansen 2000: 177; Holmsen 1978: 114–115.

<sup>293</sup> Johannessen 1999: 246.

<sup>294</sup> Eit spann tilsvavar ein laup sør for Trøndelag.

<sup>295</sup> *OEJ* 1926: 22, 104.

<sup>296</sup> Bratrein 2000: 59.

<sup>297</sup> *AB* 1997: 149B, 159B, 167B.



og praksis. Også etter reformasjonen heng det att restar av smørbetaling i Sør-Troms, også for nyrydda gardar,<sup>298</sup> før reformatsen i 1589 oppgjev alt lokalt kyrkjegods i fisk.

Ei meir nøyaktig datering på overgang frå smør til fisk, eller om fisk i visse område alltid har vore landskuldbetalinga, er ikkje godt å seia noko sikrare om grunna kjeldesituasjonen. Og kanskje er desse skilnadene berre tilfeldige uttrykk for den lange overgangsfasen frå smørbetaling til fiskebetaling som seinmellomalderen var. Erik Kårstad oppsummerer med at krongods (inkludert førreformatorisk erkebispegods) framleis vart betalt i smør i 1530, men var så å seia heilt gått over til fisk i 1567.<sup>299</sup> Bortsett frå nokre gardar i Trondenes – noko som understrekar det som er mest interessant for vårt tilfelle, nemleg at Trondenes ser ut til å vera det området der smør som betalingsmiddel heldt seg lengst. Men, berre tre år etter jordeboka til Olav Engelbrektsson kan ein lesa i rekneskapsbøkene hans at sakøre og tiend frå Trondenes er betalte med fisk,<sup>300</sup> og ulike verdslege rekneskap frå Bergenhus tidlegare på 1500-talet stadfester at kongens skatteinntekter kom i form av fisk.<sup>301</sup> Og i 1558 understrekar kongen at lensmannen i Trondheim skal “gjøre sin største Flid til at forvende Kongens Renter udi fisk”<sup>302</sup> – det var jo trass alt ei mykje meir praktisk vare å hanskast med over tid og avstandar. Likevel – Trondenes merker seg ut i nærområdet, også av di omrekningstilhøvet mellom smør og fisk rundt reformasjonsutbrotet ser ut til å variere mellom jordeigarane. For det vesle domkapittelgodset og klostergodset ser det ut til at 1 spann smør = 2 vågar fisk, som i resten av Nord-Noreg, medan av erkebispegodset, krongodset og borgargodset i Senja len, vart det rekna 3 vågar fisk for eitt spann smør allereie før 1567. *Kvifor* er ikkje godt å seia, meiner Kårstad, men kanskje kan det tyde “at kronen og de få private jordeiere klarte å gjennomføre en alminnelig heving av skyldnivået ved å bruke en omregning som lå nærmere de aktuelle prisforhold mellom smør og fisk.”<sup>303</sup> Det var, som før nemnt, på Bryggen rundt 1520 omtrent 1 til 1.<sup>304</sup> Det kan også tyde på at det har vore forhandlingar mellom den som eigde jorda og den som leigde jorda – der ikkje nødvendigvis det var jordeigaren som trekte det lengste strået. Fiskeprisen fall jo utover 1500-tallet både i høve til korn og smør, og med slike omskiftelege prisforhold kombinert med endra jordeigartilhøve, kan det ha vore rom for

---

<sup>298</sup> Kårstad 1976, kap II: 23.

<sup>299</sup> Kårstad 1976, kap II: 24–25. Domkapittel-, adels- og borgargods kan me ikkje seia like sikkert, men Kårstad meiner overgangsperioden truleg ikkje var så lang – det var trass alt upraktisk å operere med ulike einingar.

<sup>300</sup> *OER*: 133.

<sup>301</sup> *DN XXII-106*, 1513; Kårstad 1976, kap II: 23.

<sup>302</sup> *NRR* 1: 236.

<sup>303</sup> Hansen 2003(b): 269; Kårstad 1976, kap II: 23–26. For det store kannikgjeldgodset og adelsgodset veit me ikkje korleis omrekninga var.

<sup>304</sup> Kårstad unpubl., kap II: 26.

tingingar mellom leigar og eigar – der også vurderinga av verdien av fisk kontra verdien av smør var eitt av mange element som vart sette i spel.

### Landskuldnivået

Så langt om betalings*middelet* for landskulda – no djupare inn i verdiane, i volumet på landskulda. Utover reformasjonshundreåret kjem det etter kvart jamlege rekneskapskjelder som vitnar om landskuldinntektene i Trondenes, medan før reformasjonen er det særleg to kjelder me har informasjonen frå; *Aslak Bolts jordebok* frå 1432, som seier noko om erkebispens sitt gods, og dei såkalla Trondenes-jordebøkene, fire eigedomslistar nedskrivne mellom 1380 og 1400, som alle fortel om Trondenes-kyrkja sitt gods før svartedauden.<sup>305</sup> Desse Trondenes-jordebøkene er med og nyanserer kunnskapen me har om landskuldinntektene i den lange perioden frå høgmellomalderen og fram til dei etterreformatoriske rekneskaps- og jordebøkene. Dei er særskilt verdfulle av di dei gjev eit inntak til landskuldnivået på eit tidspunkt mellom høgmellomalderskuldstetjinga frå 1270-talet og Aslak Bolt si jordebok, av di tre av dei fire listene er utstyrte med opplysningar både om gamal og ny skuld, altså frå før 1350 og frå første generasjonen etter svartedauden fram mot nedskrivningstidspunkta. På meir enn 40 av dei om lag 100 eigedomane er det oppført både ny og gamal skuld.<sup>306</sup> Sjølv med desse kjeldene er det vanskeleg å kunne teikne eit bilete av *heile* utviklinga gjennom 1300-, 1400- og 1500-talet – og ikkje minst er det vanskeleg å veta kor mykje av dei etter kvart auka landskuldinntektene som kan skuldast prisstiging på eksisterande jordeigedom, og kor mykje som kjem av nyrydding. Og for ein stor jordeigar som kyrkja kan også landskuldinntektsauke skuldast donasjonar og anna type godstilleiging.

Gardar som var øydelagde etter svartedauden og oppattrydda før reformasjonen, med same eigartilhøve, er det vanskeleg å finne att i dei kjeldene me har. Dei var lokalkyrkjegods og hadde vorte kannikgjeldgods (og noko erkebispegods og kommungods til domkapitlet), utan at ein kan rekne det som nytileigna gods. Men sidan kyrkja var den jordeigaren med best orden i papira, det vil seia den aktøren med størst grad av skriftfesta eigedomsprov frå høgmellomalderen, kunne det som før var ein *del* av gard etter gjenryddinga bli til *heile* garden, i og med at kyrkja var den (einaste) som kunne leggje fram eigedomsprov.<sup>307</sup> Det var

---

<sup>305</sup> DN VI-198 [c. 1350?], 274, [c. 1370] 302, [c. 1370–80] og 356, uden Dag 1400. Nærare dateringar er gjort av Seip (1954), Lysaker (1958: 79), Kårstad (1981: 433–34) og Hansen (2003(b): 259–261).

<sup>306</sup> Holmsen 1978: 120, 123.

<sup>307</sup> Hansen 2000: 240.

heller ikkje uvanleg at øydegardar vart slått inn under prestegarden.<sup>308</sup> Sidan alt nytileigna gods etter svartedauden vart registrert i årtidboka og messeboka ”der nord”, som det står i eitt av dokumenta i trondenesjordebøkene<sup>309</sup>, kan me ikkje finne att detaljane om dette godset – sidan desse årtid- og messebøkene ikkje er bevarte. Det som likevel særmerkjer Sør-Troms si relativt tidlege landskuldauke *etter* nedgangen *før* 1400, var mengda av nyryddingar – særleg innover i dei tidlegare samisk busette fjordane og utover i fiskeværa. I Astafjord vart om lag halvparten av dei nyrydda gardane eineiegd krongods, medan andre halvparten vart kyrkjegods, gjeve som sjelegåver til kyrkja først og fremst til lokalkyrkja (altså kannikgjeldet). Og det var den mest innbringande jorda – den kyrkjelege halvparten utgjorde ¾ av den samla ”nyrydda” landskulda.<sup>310</sup> I tillegg gjekk det føre seg ei viss omfordeling av jordegods i form av makeskifte, særleg innafor kyrkja mellom erkebisen og kannikgjeldet.

I ”Ødegarder og oppgangstid i Trondenes. Bosetningen i bygdene opp mot Malangen i senmiddelalderen” frå 1981, meiner Erik Kårstad at Trondenes ser ut til å halde oppe skuldnivået noko betre enn dei andre distrikta rundt, men at også ein del andre område på Hålogaland syner eit stabilt og delvis aukande landskuldnivå i høve til *resten av landet*, i alle fall det siste hundreåret før reformasjonen.<sup>311</sup> Dette kan igjen tilskrivast den folkeauken delar av Nord-Noreg opplevde frå andre halvdel av 1400-talet, grunna det blømande fisket. Med andre ord – meir fisk fører til auka busetjing som fører til meir jordbruk, som igjen fører til auka landskuldinntekter.

Men desse overordna utviklingstrekka må sjølvstundt nyanseras både i tid og rom. Eit klassisk døme frå Det store nordiske øydegardsprosjektet er Alf Ragnar Nielssens studie av Vestvågøy, som med sine 4 distinkte natur- og næringsgeografiske område syner stor variasjon i øydelegging og landskuldfall. Frå ein øydeprosent på godt over 90 % på innersida av øya, var det på yttersida ”berre” oppunder 60 %.<sup>312</sup> Og trass i det ekstra kjeldematerialet me kan nytte oss av for Trondenes for 1300-talet, kan me heller ikkje der teikne eit eintydig bilete av landskuldutviklinga. Først og fremst av di me ikkje har eit totalt oversiktleg bilete med både gamal og ny skuld for alle gardar i Trondenes-jordebøkene og hjå Aslak Bolt. I tillegg kan skulda ha variert før, etter og mellom desse periodane, og ikkje minst spelar

---

<sup>308</sup> Sandvik 1968: 561.

<sup>309</sup> DN VI-302, oml 1400.

<sup>310</sup> Hansen 2000: 240, 242.

<sup>311</sup> Kårstad 1981: 445–446.

<sup>312</sup> Nielssen 1977; Holmsen 1978: 113.

graden av øydelegging òg inn. Ned på enkeltgardsnivå kan ein sjå føre seg at store, sentrale bruk held skulda høveleg bra oppe, men at mange øydegardar i eit distrikt likevel vil dra ned det *gjennomsnittlege* landskuldnivået. Kårstad, og seinare Lars Ivar Hansen,<sup>313</sup> meiner Trondenes-jordebøkene vitnar om eit landskuldnivå på dei gardane som framleis var i drift rundt ca 1400 på gjennomsnittleg 45 prosent av nivået i høgmellomalderen. Fram til landskulda endeleg stabiliserer seg på 1500-talet, søkk det ytterlegare til ned mot 11 prosent – eller 8 prosent av høgmellomalderskulda, alt etter kva for utrekningstilhøve mellom smør og fisk ein brukar.<sup>314</sup> Altså, samanlikna med jordebøkene til Aslak Bolt frå 1430-talet og Olav Engelbrektsson frå 1530-talet, jamnar det seg ut – landskuldfallet på Trondenes er til slutt like stort som på dei andre kyrkjelege eigedomane i resten av landet. Men Trondenes-jordebøkene seier oss altså noko om stoda på delar av nedturen.<sup>315</sup>

Det finst andre jordebokskjelder som er samtidige med trondenesjordebøkene (Bergens kalvskinn (ca 1360), Eysteins jordebok (1390-åra), Aslak Bolts jordebok frå Bergens bispestol (1408–28)), men ingen av desse oppgjev aktuell eller ny skuld. Med andre ord – det er trondenesjordebøkene som avvik frå det som ser ut til å vera det normale. Det normale i tiåra etter svartedauden, i følgje Andreas Holmsen, var freistnader frå dei fleste jordeigarane på å setja opp individuelle ”gjenreisingskontraktar” med potensielle leiglendingar for å få drivverdig jord og øydegardar på fote igjen. I desse avtalene vart det skissert eit løp med landskuldfridom og deretter reduserte satsar i fleire år frametter. Denne strategien var berre delvis vellukka, og han førde til skiftande og tidsavgrensa avtaler som ikkje vart prioritert nedskrivne før større jordeboksredaksjonar kom på banen. Dette var tilfelle i Oslo, på Opplanda, Vestlandet og i Trøndelag – men altså ikkje nordpå.<sup>316</sup> Kvifor vart såpass mange av eigedomane presenterte også med ny skuld så tidleg som i trondenesjordebøkene? Truleg av di jordeigarane meinte tilhøva allereie var så stabile, særleg grunna stor tilgang på andre ressursar, først og fremst fiske, at ein kunne setja i gang med ei slags ny ”matrikkelskuldssetjing” som skulle vera like varig som den frå seint 1200-tal.<sup>317</sup> Men også i trondenesjordebøkene finn me mange stader oppgjeve berre eitt skuldtal. Kan me då gå ut frå, som det ofte blir gjort, at dette berre er gamal skuld? Kanskje rett og slett situasjonen var så

---

<sup>313</sup> Hansen 2003: 268.

<sup>314</sup> Kårstad 1981: 441–445; Hansen 2003: 268.

<sup>315</sup> Holmsen 1978: 121.

<sup>316</sup> Holmsen 1978: 121.

<sup>317</sup> Holmsen 1978: 123–124.

god at den gamle skulda ikkje trengde reduserast?<sup>318</sup> Eller kanskje ein kan tenkje seg at det sume stader var omvendt – at det *eine* talet er den nye skulda?

Dette vil me ikkje få svar på, men det er ingen tvil om at landskuldnivået også i Trondenes fall dramatisk fram mot reformasjonen. Men det er altså *tilveksten* av jord, i form av nyrydding, gjenrydding og ikkje minst ulike donasjonar, som gjer at jordegodsinntektene av kannikgjeldet Trondenes ikkje søkk like mykje som sjølve landskuldfallet. Dette kjem me tilbake til seinare i kapitlet.

Utover på 1500- og 1600-talet steig etterkvart prisen på jord, etter som folketalet auka og jordetterspurnaden vart større. Det tok lang tid før skuldsetjinga kom opp att på høgmellomaldernivå, men på vegen fekk jordeigarane etterkvart etablert andre inntektstypar knytt til jordeigedomen. Bygselsavgiftene vart etterkvart betydelege – i form av fyrstebygssel (fyrste gong leigeavtala vart inngått) og tredjeårstake (innkravd kvart tredje år i leigeforholdet) – og dei gav jordeigaren eit stort økonomisk handlingsrom av di han med desse kunne kompensere for landskuldnivået som framleis lenge etter reformasjonen var ujamnt på dei ulike eigedomspartane etter prisfallet i seinmellomalderen.<sup>319</sup>

## 3.2 Tiend

Tiend – årstiend eller tilveksttiend – var ein kyrkjeskatt der kvar skatteytar skulle betala ein tidel av inntektene sine til kyrkja.<sup>320</sup> Dei geistlege sjølve hadde som regel tiendfritak.<sup>321</sup> Som nemnd i innleiingskapitlet har me ingen skriftlege kjelder frå mellomalderen som seier noko om innbetalinga av tienda på Trondenes – eller kor store inntekter det har vore snakk om – så alt me kan dra nytte av er etterreformatorisk materiale. Det ser ut til å ha variert noko frå landsdel til landsdel kva tienda vart betalt i. På Austlandet og i Trøndelag var tienda jamnast ei korntiend, men også andre produkt, som ost og smør (fetiend), vart det rekna tiend av. Og nordpå var sjølvsagt fisk og andre marine ressursar som rav og rekling og kobbefangst

---

<sup>318</sup> Holmsen 1978: 125.

<sup>319</sup> Lysaker 1978(a): 158; Johannessen 2004(c). Tredjeårstaka – eller tridjungstaka – finn me spor av allereie i 1536. (Dybdahl 2003: 294.) Det var på eit vis minne om bygselstilhøve frå mellomalderen – der den normale leigeperioden var tre år, jf *Magnus Lagabøtes landslov*, bolk VII, kap. 1, 2 (*MLL*: 110). Men sjølve omgrepet er etterreformatorisk. (Bjørkvik 1957: 412.)

<sup>320</sup> Den eldste tienda me kjenner i det norske lovområdet er den såkalla hovudtienda – som vart gjeven ein gong, ofte i samband med ekteskapsinngåing. Sønnefjells greidde kyrkja halde på dette ut mellomalderen, medan i Gula- og Frostatingslagen gjekk denne tienda i høgmellomalderen i all hovudsak over til å bli ei sjelegåve, ei ”prinsipielt frivillig yting”, sikra i lovgjevinga. (Hamre 1974: 280.)

<sup>321</sup> Hamre 1974(b): 286.

tiendlagt, men berre det som vart rekna for yrkesfiske til kommersielt sal.<sup>322</sup> I Noreg var det kong Sigurd Jorsalfar som i følgje sagaen innførte skatten på byrjinga av 1100-talet. I Sættargjerda i Tunsberg frå 1277 blir eit nytt, strengare tiendregulativ vedteke, og hovudføremålet med det var å auke kyrkjeinntektene frå den verdiskapinga som ikkje kom direkte av jordeigedom og fiske.<sup>323</sup> Til dømes leigeinntekter frå hus, skogar og skip. Regulativet møtte motstand frå lekfolk, og stormennene i formyndarstyret som sette Sættargjerda til side på 1280-talet hadde avskaffing av det nye tiendregulativet høgt på dagsordenen. Mellom anna erklærte Bjarne Erlingsson på eit ting i Vågan i 1282 at ingen nye tiend skulle gjelde, samstundes som han innskrenka sel- og skreйтиenda.<sup>324</sup> Kyrkja og bispane måtte gje seg, og i 1290 erklærte dei at gamle tienda (frå før Sættargjerda) skulle gjelde<sup>325</sup> – noko me har fleire døme på at ho gjorde i tida etter, sjølv om kyrkjeleiarane utover i seinmellomalderen stadig prøvde nye tiendkrav.<sup>326</sup> Dei etterreformatoriske tiendoppgåvene for Sør-Troms finn me, for kronas del, i lensrekneskapa (frå 1548/67 og 1610/11–1661), og for kyrkjas del i reformatsen frå 1589, i domkapittelboka i Trondheim (frå 1628 og 1644) og tillegget til *Trundenes Jordbog MDCLXVI*, vedlagt manntalet frå 1666, utarbeidd av bisp Erik Bredal.<sup>327</sup>

I desse etterreformatoriske kjeldene ser me på slutten av 1500-talet ein auke i tiendvolumet. Fisketienda var i utgangspunktet betalt med kvar tiande hjellhengt rundfisk, og i følgje Bratrein vart det ikkje rekna tiend av rogn og tran – tranen var sett på som ei godtgjersle for arbeidet med å gjera råfisk til turrfisk og med transporten frå fiskeværet til kyrkje og prest. Men etter som produksjonsmåten i fisketilverkinga og etterspurnaden endra seg, vart det etter kvart også større produksjon av råskjær, saltfisk og klippfisk, noko som endra både volum og innhald i tienda. Den store auken i tiendfiskemengda me ser frå 1567 til 1610 må primært skuldast at også råskjærproduksjonen vart rekna med, meiner Bratrein.<sup>328</sup> I tillegg blir det i denne perioden auka aktivitet på vår- og sommarfiske, og ei endring i etterspurnaden frå dei nye marknadane i Vest-Europa; dei ynskte truleg meir råskjær, i følgje Bratrein. Men også endring og effektivisering i sjølve innkrevjingsapparatet og ulik skattlegging av

---

<sup>322</sup> Holmsen 1978: 19; Bratrein 2004(a): 399.

<sup>323</sup> Seip 1942: 149.

<sup>324</sup> DN II-30, 17. september 1291.

<sup>325</sup> Hamre 1974(b): 282–284.

<sup>326</sup> NgL III: 107; DN II-95, 4. mai 1309; DN IV-269, 3. juli 1343.

<sup>327</sup> Sjå kjeldegjennomgangen i kapittel 1.

<sup>328</sup> Bratrein 2004(a): 400. I 1567 er det ingen spesifikasjon, det står berre *turrfisk*, medan i 1610 er det eit skilje mellom *rundfisk* og *råskjær*, og *rav* og *rekling*.

hovudyrkefiskarar og fiskarbondedefiskarar er sett fram som moglege delforklaringar på den store auken i volumet.<sup>329</sup>

Det var truleg berre nordmenn som vart kravd for tiend i mellomalderen. Dei første spora etter tiendbetaling frå samane finn me som faste avgifter på 1500-talet, medan systematisk tiendinnbetaling blir det først i samband med Kalmarkrigen, då russisk og svensk skattlegging opphøyrd og sjøsamane vart rekna som norske. I 1609 og 1614 blir det betalt finnetiend i Senja og Troms, og frå både fjellfinnar og sjøfinnar i Finnmark.<sup>330</sup>

### Frå firedeling til tredeling

Tiendinntektene vart før reformasjonen delte i fire; ein del til bispen (i Nidaros erkebispem), ein del til soknekyrkja for vedlikehald – det såkalla *fabrica*, ein del til soknepresten for bordhald, altså løn – det såkalla *mensa* og ein del til allmugen, den såkalla *bondeluten*, som dei skulle få og disponere til dei fatige i soknet.<sup>331</sup> I tillegg var det etter reformasjonen ei ytterlegare deling langs kysten i Trondheim stift: Det hadde utvikla seg ein praksis med at tienda til kyrkje og prest skulle delast i to når fiskarane dreiv fiske utansokns – ein del til heimepresten og ein del til presten der dei fiska.<sup>332</sup> Dette vart i 1594 omtalt som gamal sedvane,<sup>333</sup> og storleiken på presteiendi i reformatsen av 1589 vitnar om at denne praksisen godt kunne ha vore gamal mange stader. Likevel ikkje eldre enn reformasjonen, meiner Ragnhild Høgsæt.<sup>334</sup> Dette er ei særmerkt ordning – me finn ikkje noko liknande andre stader i Europa.<sup>335</sup> Og ho kompliserer ytterlegare det me kan veta om det totale tiendvolumet – i og med at me saknar ein del av preste- og kyrkjetienda. Kongens tiend, derimot, kan me ha full oversikt over gjennom lensrekneskapa, og denne gjekk utelukkande til tiendeigaren der fisket gjekk føre seg.

---

<sup>329</sup> Høgsæt 1994: 6–7; Nedkvitne 1988: 624.

<sup>330</sup> Bratrein 2004(a): 399; Nedkvitne 1988: 618–619; *NLR* 5: 219.

<sup>331</sup> Hamre 1974(b): 285; *NgL* III: 83/*RN* II-317, [1281–82].

<sup>332</sup> *NRR* 8, 72–74, 1641; Forordninger 1710 23/6 hjå Nedkvitne 1988: 618–19; Hansen 1979: 2–3.

<sup>333</sup> Lysaker 1987(a): 91.

<sup>334</sup> Høgsæt 1994: 2, 19–20. Og praksisen heldt seg lenge: På 1660-talet klagar lødingspresten over at fiskarane hans i Torsken hadde betalt all kyrkjetienda i Torsken. (RA Prestens manntall 1663–65, Lødingen og Trondenes). Dette kan vera eit uttrykk for at tilhøva har normalisert seg i Torsken, medan lødingspresten prøver halde fast på gamle privilegium. (Nedkvitne 1988: 618.)

<sup>335</sup> Om ordninga var eldre enn reformasjonen, kunne ein spekulere i om denne todelinga var med og finansierte den seinmellomalderlege kyrkjebygginga i fiskeværa. Håvard Dahl Bratrein (personleg opplysning) trur ikkje det er tilfellet og er tvilande til at kyrkjer skal ha vorte etablert på tiend frå fiskeværa. Men *at* den kyrkjelege infrastrukturen vart utbygd, gjorde sjølv sagt tiendinnsamlinga lettare. I det heile – kor effektivt system ein hadde for tiendinnkrevjing var avgjerande for om ho vart betalt eller ikkje.

Etter reformasjonen fall etterkvart bondeluten bort, og tienda vart deretter tredelt; ein til presten, ein til kyrkja og ein til kongen. Innføringa av denne fordelingsnøkkelen fekk sine lokale tilpassingar, og for Nord-Noreg sin del er det reist tvil ikkje berre om den etterreformatoriske tredelinga, men òg om den førreformatoriske firedelinga. Utgangspunktet for denne tvilen er spørsmålet om *når* tienda gjekk frå å vera firedelt til tredelt. Raskt etter reformasjonsutbrotet vart det nemleg strid om tienda – og særleg bondeluten.<sup>336</sup> I den danske kyrkjeordinansen av 1537, som òg vart gjeldande for Noreg, er han avskaffa, og tienda delt i tre.<sup>337</sup> Men kongemakta syner vingling i gjennomføringspraksisen, og ikkje før i Christian V si norske lov frå 1687 blir det endeleg fastslått at tredelinga skal vera landsnorm.<sup>338</sup> Det er likevel usikkert på dette tidspunktet om tredelinga var gjennomført for heile landet – og om ho nokon gong vart det.<sup>339</sup>

### Om bondeluten i nord

Så korleis var stoda i nord? Når vart tienda tredelt i praksis? Stridens kjerne er altså den såkalla bondeluten og korleis denne vart disponert – noko som òg hadde vore omstridd før reformasjonen, med mellom andre Aslak Bolt, som i 1436 prøvde å taka halvparten av denne til universitetsstudium for fatige klerkar<sup>340</sup>, og bispedøma i Oslo og Hamar, som hevda disposisjonsrett over bondeluten i tråd med kristenrettens reglar på 1520- og 1530-talet.<sup>341</sup> I 1558 gjev superintendent Hans Gaas ein del opplysningar til kong Christian III om tilhøva i stiftet sitt.<sup>342</sup> Der klagar han over at bøndene framleis disponerer bondeluten av korntienda i Trondheims len (men seier ikkje noko om heile stiftet), og i følgje Sølvi Sogner insinuerer han at det er bøndene sjølve, ikkje dei fatige, som nyt godt av denne luten. Dei same klagemåla om framleis firedeling kjem i 1597, og Sverre Steen konkluderer i 1935 med at tredelinga aldri vart gjennomført i Trondheims stift.<sup>343</sup> Jørn Sandnes reknar med ei firedeling

---

<sup>336</sup> Kolsrud 2007: 329–336.

<sup>337</sup> Ellingsen 1990: 87; Sogner 1961–63: 61.

<sup>338</sup> I kyrkjeordinansen av 1537 var det òg ein eigen Noregs-artikkel, og Christian III lova å koma nordover for å gje Noreg ein eigen ordinans – som passa tilhøva her. Det gjorde han aldri – og når etter kvart dei norske bispane fekk samla seg og på oppdrag av Christian IV i 1604 leverte eit eige framlegg om ein norsk kyrkjeordinans, vart denne mykje godt avvist av kongen. Det som vart den vedtekne norske kyrkjeordinansen av 1607 skilde seg svært lite frå den opphavlege danske, og i denne står det ingenting om tienda. (Gilje og Rasmussen 2001: 40; Ellingsen 1990: 13–14.) Sjå meir i kapittel 11.4.

<sup>339</sup> Imsen 1999: 446–447; Sogner 1961–63: 67, 70.

<sup>340</sup> *DN* V-660, 20. desember 1436; Sogner 1961–63: 62–63.

<sup>341</sup> *DN* II-1053, 1516; XXII-128, 1524; XXII-176 og 179, 1531; XXII-225, 1532; XII-530, 1532; Sogner 1961–63: 63; Kolsrud 2007: 331. Kolsrud meiner at like sidan 1430-talet var det sunnanfjells bispem som disponerte bondeluten. (Kolsrud 2007: 331.)

<sup>342</sup> *DN* XII-666, [Hösten] 1558.

<sup>343</sup> Steen 1935: 139.



i Trøndelag alle fall fram til ca 1614,<sup>344</sup> medan Ragnhild Høgsæt meiner, særleg på bakgrunn av ein markant auke i korntienda på Helgeland rundt 1700, at tredelinga truleg først var eit faktum der etter Christian Vs lov i 1687 og ulike andre innskjerpingar – eit ”massivt angrep på de delene av den opprinnelige tienden som allmuen i Nordlandene under ulike påskudd hittil hadde klart å unndra offentlig kontroll.”<sup>345</sup>

Eit vidare kompliserande element – eller forklarande på den usikkerheita som rår – er at det kan ha vore skilnad på tiendbrøken frå produkt til produkt, og at noko av tienda kunne vore betalt i ein fast sum (ei form av såkalla ”soknekjøp”, svensk ”sämja”),<sup>346</sup> utan at me har kjelder som på noko vis underbyggjer dette for vårt område. Med eit døme frå Fosen syner Sølvi Sogner at det kan ha vore skilnad på fisketienda og korntienda, då futen i 1580 fekk medhald i at medan korntienda hadde vore firedelt, hadde fisketienda sidan ”arilds tid” vore tredelt.<sup>347</sup> Altså at fisketienda rett og slett var halde utanom bondeluten. Sogner meiner at dette kan ha å gjera med at fisketienda vart sett på som mindre verdifull. Men det kan òg ha å gjera med det Håvard Dahl Bratrein argumenterer for når det gjeld Nord-Noreg; at bondeluten av fisketienda aldri er vorte innkravd i nord, men er vorten behandla som ”en ikke-andel, en returprovisjon”.<sup>348</sup> Dette ser han i samanheng med *vargtoll* og *tiendekanne*, begge utrekna i samband med tiendinnkrevjinga. Vargtoll var ei avgift som kan ha samanheng med utrorsavgifta, *landvarden*, i mellomalderen, og som det etter kvart var fiskarane som fekk for å tilvirke råfisk til ferdig turrfisk. Tiendekanne var ein del av fisketienda som ser ut til å ha vorte omsett i kanner – med øl – til allmugen. I Nordlandene utgjorde desse to 3 stk av 120 stk fisk (eit storhundre), altså tilsvarande 1/4 av den totale tienda, og dei var begge typar returprovisjon som gjekk direkte til fiskarane ved tiendbehandlinga av turrfisken på 1600- og 1700-talet.<sup>349</sup>

Slik eg kan forstå det, står det med andre ord fram to hovudalternativ om bondeluten i nord:

1) At tienda var firedelt, men det som tilsvara bondeluten av fisketienda vart fordelt til fiskarane direkte og gjekk ikkje inn til den samla tiendfordelinga som kyrkja gjorde. I dette

---

<sup>344</sup> Sandnes 1971: 310.

<sup>345</sup> Høgsæt 1994: 13–17.

<sup>346</sup> Høgsæt 1994: 3: Soknekjøpet var ein praksis der ein del av tienda kunne bytast ut med ein annan – til dømes i eit område der det var knapt med ei vare. I nordnorske lensrekneskap frå 1600-talet finn ein innføringar med ”fisk for korn”, fisk for ost” osv. Av og til kunne dette soknekjøpet òg vise til ein fast sum betalt i tiend, i staden for den prosentvise tienda.

<sup>347</sup> Sogner 1961–63: 69–69.

<sup>348</sup> Bratrein 2004(a): 403.

<sup>349</sup> Bratrein 2004(a): 404; 1999: 447.

tilfellet var det altså 7,5 % av tiendytarane sin fiskeproduksjon som gjekk til tiendfordeling mellom prest, kyrkje og (erke)bisp. Denne ordninga heldt seg gjennom mellomalderen og reformasjonen og vart ikkje avskaffa før på 1700-talet. Kvar enkelt tiendmottakar fekk altså ikkje større prosentvise fiskeinntekter etter reformasjonen. 2) At bondeluten fungerte som i andre delar av landet i mellomalderen, men vart etter kvart avskaffa, ved *lov* i 1537 og i *praksis* gjennom nærare to hundreår etter reformasjonen. I dette tilfellet var det heile tida 10 % av produksjonen som vart ytt i tiend, men kvar enkelt tiendmottakar fekk altså meir inntekter når brøken vart auka frå ein firedel til ein tredel, og det var ein mindre part å dele på.

Men, det me i alle høve veit er at det – i nord som i resten av landet – var ei *førestilling* om ein bondelut, og at det rådde stor usikkerheit både mellom kongens og kyrkjas menn om korleis ein skulle handtere denne delen av tienda som dei danske lovgjevarane tydelegvis trudde dei kunne fjerne med eit pennestrøk i kyrkjeordinansen i 1537. Striden om bondeluten, både før og gjennom reformasjonen, går jo først og fremst på korleis denne skal *disponerast* – og som me såg i brevet frå Hans Gaas i 1558 synest problemet vera at bøndene sjølve har fått rå med bondeluten som dei har vilja. Er det det som er tilfellet i nord også – at fiskarane og fiskarbøndene har fått rå seg sjølve? Og kanskje særleg i sesongfiskeværa, der delinga av preste- og kyrkjetienda på værprest og heimeprest har gjeve eit endå større forhandlingsrom for tiendmottakarane. Firedelinga av tienda var klart nedfelt i Frostatingslova, så det mest trulege er då at denne fiskarsjølvråderetten har utvikla seg i løpet av seinmellomalderen, nett slik bondesjølvråderetten hadde utvikla seg i Trøndelag. Eg har mindre tru på, som Bratrein meiner, at bondelut-fjerdedelen aldri har vore samla inn i nord – i alle fall ikkje utanfor fiskeværa. Kvifor skulle Nord-Noreg på dette området ikkje vorte omfatta av mellomalderlovene? Dei fatige måtte i så fall berre greidd seg med tienda av korn og ost – vargtoll og tiendekanne kunne jo ikkje hjelpe dei. På den andre sida veit me at leidangsskatten i nord ikkje vart utrekna på grunnlag av landskulda, som elles i riket etter Landslova, men vart verande ein personskatt. Kanskje kan dette òg ha påverka tiendytninga på noko vis? Sjølv om det kommersielle fisket har røter attende til tidleg i mellomalderen, var det på ingen måte like innbringande på landskapslovene si tid som ved reformasjonen. Med andre ord – det eventuelle unntaket frå bondeluten av fisketienda tydde eit mykje mindre relativt inntektstap for tiendmottakarane i høg mellomalderen enn ved reformasjonen. Så sjølv om slik hevd hadde festa seg – anten ved at unntaket alltid hadde vore der, eller det fekk utvikle seg gjennom seinmellomalderen – er det merkeleg at me ikkje ser meir spor i kjeldene til at statsmakta prøver få bukt med ordninga.

I Finnmark var situasjonen klarare. Der hadde det ikkje vore nokon vanleg soknekyrkjeleg struktur sidan erkebispem hadde dominert området, og prestane var tilsette og løna direkte av han – og etter reformasjonen direkte av kongen. Såleis hadde ikkje dei automatisk fått sin del av tienda, noko som heldt fram etter reformasjonen, då tienda gjekk rett i statskassa.<sup>350</sup> I følgje Lysaker prøvde kvar einaste superintendent etter reformasjonen å gjera noko med den svært vanskelege økonomiske situasjonen for klerkane i Finnmark.<sup>351</sup> Om ikkje tienda hadde vore firedelt lenger sør, kan ho sjå ut til å ha vore det her, for når bispen Isak Grønbech (1596–1617) talte prestane si sak overfor statsmakta, meiner han for det første at dei burde få halvparten av preste-tienda frå dei tilreisande fiskarane (som praksis var lenger sør, som me har vore inne på), og han vil veta om tienda framleis skal delast i fire delar. I så fall burde vilkåra som følgde med bondeluten gjerast om. Det viste seg å vera ei vanskeleg sak, og i 1614 avviklar like godt lensherren Claus Daa heile bondeluten i Finnmark og avgjer at tienda skal delast i tre i heile Trondheims stift.<sup>352</sup> (Som me har sett, lukkast han truleg dårleg med det.) Og etter at superintendent Peder Schjelderup (1622–1642) har vore på visitasreise nordpå, får finnmarksprestane i 1631 endeleg sin tredel av tienda, som prestane elles i riket.<sup>353</sup> Men også i lang tid etter dette var det usemje om delinga av tienda frå nordlandsfiskarane i Finnmark mellom fiskværssokna og heimeprestane, og først i 1710 kjem ei forordning for heile bispedømet som deler tienda likt mellom desse to.<sup>354</sup>

### Om den kyrkjelege disponeringa av tienda

Om spørsmålet om bondeluten av tienda er uklårt, er heller ikkje den kyrkjelege disponeringa av tienddelane eintydig. Som me har sett, er det i alle fall etter reformasjonen ei deling av preste-tienda i fiskeværa mellom værprest og heimeprest. Den etter lova klare delinga av tiend mellom kyrkjebygget (fabrica) og tiend til bordhaldet til presten (mensa),<sup>355</sup> blir òg stundom disponert på anna vis. Særleg fabricadelen ser me at kunne bli brukt til andre føremål enn kyrkjeinventar og vedlikehald av kyrkjebygga, til dømes kunne visitasutgifter bli kompensert ved at soknepresten fekk delar av fabricatienda – ei erkjenning av at det følgjer ekstra utgifter

---

<sup>350</sup> Hamre 1977(b): 30–31.

<sup>351</sup> Lysaker 1987(a): 142.

<sup>352</sup> Ra, Norske henlagte Sager 1578–1625, 12/12 1614, hjå Lysaker 1987(a): 99.

<sup>353</sup> Lysaker 1987(a): 142.

<sup>354</sup> Bratrein 2004(a): 403; Nedkvitne 1988: 619.

<sup>355</sup> Kjent i Noreg seinast frå slutten av 1100-talet. Trædal 2009: 43.

for presten å ta imot eit følgje som erkebispens.<sup>356</sup> Fabricadisponeringa blir etterkvart eit stort konfliktområde etter reformasjonen, mellom anna på Trondenes, grunna dei mange forfalne kyrkjene som var openberre prov på at fabricaen må ha vore nytta til anna enn kyrkjevedlikehald.<sup>357</sup>

I seinmellomalderen var det leke ombodsmenn som skulle samle inn tiendfabricaen og inntektene av fabricagodset på vegner av kyrkja. Dette blir sett på som eit kompromiss mellom det lokalsamfunnet som hadde vore med og reist og vedlikehalde kyrkjebygget og den kyrkjelege sentralmakta. Kyrkja prøvde rett nok lenge å oppnemne eigne folk som ombodsmenn, mellom anna kjem det påbod i provinsialstatuttet frå 1327 om at ingen lekmann må ha kyrkjeombod viss det er mogeleg å få ein klerk til det. Men i all hovudsak vinn den leke kyrkjeombodsinstitusjonen fram, og på 1400-talet ser han ut til å vera einerådande, i følgje Lars Hamre.<sup>358</sup> Men i domkyrkja fekk bispene sine eigne til ombodsmenn, eller kyrkjeverje, som det kom til å bli heitande – der skulle fabrica disponerast av bisp og domkapittel ilag, og domkyrkjeverjene skulle vera kapittelsmedlemer.<sup>359</sup> I 1475 utnemnde erkebisp Gaute Ivarson Ivar Trondsson til ombodsmann for seg og domkyrkja på Nordmøre,<sup>360</sup> og frå 1549 har me ei kjelde som namngjev kyrkjeverjene til domkyrkja i Nidaros sidan den tid, og alle desse var kannikar som innkasserte både bispetiend og landskuld.<sup>361</sup> Men under erkebisp Erik Valkendorf si tid tok han over ombodet sjølv, etter sigande av di han såg at domkyrkjebygninga trengde meir ressursar og betre stell enn det dei tidlegare ombodsmennene hadde greidd å samle inn. Dette heldt fram under Olav Engelbrektsson – som i sin tur førde til at fabricagodset som hadde tilhøyrt domkyrkja vart sekularisert ved reformasjonen.<sup>362</sup> No var dette rett nok ikkje særleg stort – og hadde aldri vore nok til å vedlikehalde den store domkyrkja. *Ho* var totalt avhengig av heile

---

<sup>356</sup> AB: 188; Hamre 1974(b): 285.

<sup>357</sup> Hamre 1974(b): 285; Lysaker 1987(a): 21, 93, 110; Kolsrud 2007: 380.; DN XII-641, 642, 1552; NRR 2: 551, 1584; NRR 3: 580, 1599; NRR 4: 244, 1608.

<sup>358</sup> Hamre 1963: 413–414; 1971: 128–129. Gudmund Sandvik meiner at ein av grunnane til at fabricagodset minkar i seinmellomalderen er at denne ombodsmannsordninga ikkje alle stader viser seg like effektiv når det gjeld innkrevjing (Sandvik 1968: 561–62). Etter reformasjonen utviklar innkrevjinga seg slik at ombodsmannen, eller kyrkjeverja, samla inn fabricatienda, medan futen samla inn fabricainntektene frå landskulda.

<sup>359</sup> Hamre 1959: 118; Lunden 1967: 596. Bispens ombodsmann kunne vera prest eller lek, å ha anten berre ansvaret for mensalgodset, eller også avgiftene og bøkene – og fabricagodset, som DN X-249 syner.

<sup>360</sup> DN X-249, 1475. Han vart òg ombodsmann for kyrkjene i Tingvoll, Sunndal, Stangvik, Kverness og Aure.

<sup>361</sup> DN XII-629, 1549.

<sup>362</sup> Hamre 1959: 120.

erkebispedømet sine store inntekter, og “stod og falt bokstavelig talt med den katolske kirke”.<sup>363</sup>

Også bispane brukar *sin* lut av tienda på ulikt vis. Og særleg spørsmålet om éin bisp si disponering skal få følgjer også for etterkomarane hans, blir eit tilbakevendande stridstema.<sup>364</sup> Dette er særleg grunna måten tienda blir innkravd på. I fleire bispedøme vart tiendinnkrevjinga seld eller bortleigd til mellommenn som kunne gjera fortieneste på arbeidet, såkalla *tiendkjøp*, eller også at tiendytarane sjølve, soknefolket, kjøpte bispetienda, såkalla *soknekjøp*.<sup>365</sup> I Sør-Troms har me likevel ikkje døme på dette – der er det erkebispens setesveinar som krev inn bispetienda.

Me veit med andre ord ein del om korleis tienda utvikla seg gjennom mellomalderen – og at det var ein stor inntektspost for dei som nytte godt av henne, er tvillaust. Spørsmål om *kva* det skulle svarast tiend av, *kven* som skulle betala, *korleis* ho skulle betalast og *korleis* ho skulle disponerast, får me stadig vitnemål om at skapar konflikt. Men det er som før nemnd ingen handfaste tal på kor store desse inntektene var for erkebisp og dekanen før reformasjonen. Det som likevel er det særskilt interessante med tienda i Trondenes kannikgjeld, er at det ser ut som om soknepresten, både før og etter reformasjonen, disponerer *både* mensatienda og fabricatienda. Korvidt han hadde eigen ombodsmann når prestekollegiatet var i drift på Trondenes fram til rundt 1560, er usikkert, men utover i reformasjonshundreåret kjem ombodsmannen, eller kyrkjevevjerjane, tydelegare til syne.

### 3.3 Donasjonar: sjelegåver og testament

Når landskuldinntektene for jordeigarane stig utover i seinmellomalderen, er det som før nemnd ikkje lett å skilja mellom det som kjem frå reell *prisauke* på jordeigedom og *nyrydding* og/eller *gjenrydding* av øydegardar. For kyrkja sitt vedkomande stig òg landskuldinntektene ved at ho får gåver – ho får donert eigedom i form av sjelegåver og testament. Attende som motgåve skulle gjevaren få sjelemesser, som oftast i form av årtidhald, høgtiding av dødsdagen til den gåva var gjeven for, for å lette denne sjela sitt opphald i skjærselden.

---

<sup>363</sup> Dybdahl 1989: 292; Lysaker 1987(a): 21.

<sup>364</sup> Hamre 1974(b): 285.

<sup>365</sup> Høgsæt 1994: 4–5; Dybdahl 2003: 297.

Somme gonger var òg motivasjonen for gáva meir verdsleg, ved at ein sjuk eller aldrande gjevar fekk opphald ved til dømes eit kloster i såkalla *provent*.<sup>366</sup>

Heilt sidan dei fyrste hundreåra var gåvegjeving grunnlaget for at kyrkja kunne byggje opp egne formuar, gjennom såkalla *donationes in pios usus*, og gåver til kyrkja vart rettsleg grunnfest då Konstantin den store på 300-talet fekk anerkjent kyrkja som juridisk person. Kyrkjelydane vart egne rettssubjekt som kunne tileigne seg og forvalte lausøyre, pengar og fast eigedom. Dette førde i første omgang til ein del konflikhtar når kyrkja vart etablert i Noreg, av di det braut med gamalnorsk rettsoppfatting som ikkje opererte med nokon "juridisk person". Tvert om – ei kyrkje med eigedom var ikkje noko sjølvstendig eining; ho måtte ha ein eigar.<sup>367</sup> Jamsides med kyrkja si lære om donasjon vart det difor utvikla reguleringar for *innhaldet* av gåvene, eit slags kompromiss mellom donasjonsinstituttet og den sterkt regulerte slektsarvelovgjevinga i landskapslovene. Gåveinstituttet kom såleis for alvor inn i norsk lovgjeving med opprettinga av eigen kyrkjeprovins i Nidaros i 1152/53. Den pavelege sendemannen Nikolaus Brekespear fekk med seg kyrkje og kongemakt til å vedtaka at einkvar, både kvinne og mann, skulle stå fritt til å gje bort ein tienddel av arven, både jordegods og lausøyre, og ein fjerdedel av det godset han eller ho hadde erverva sjølv – såkalla tiendgåve og fjerdingsgåve. Gåvene kunne gjevast også til andre enn kyrkja, som frendar og ubeslekta. Lagtinga vedtok desse nye bestemmingane til ulike tider, og når dei kom med i Landslova vart tiend- og fjerdingsgåver som var gjevne for *sjelefrelse* prioriterte i høve til andre gåver ein person måtte ynskje å gje.<sup>368</sup>

I forlenginga av læra om donasjon innførde kyrkja frå romarretten testamentet, noko det heller ikkje var grunnlag for i germansk rett. Med eit testament kunne einskildpersonar til beste for si eiga sjel sjølve innsetja den han eller ho ville skulle arve, noko som ogso streid fundamentalt med den automatiske slektsarven i landskapslovene. I sitt radikale kristenrettsframlegget frå 1273 introduserte erkebisp Jon Raude for fyrste gong testament i lovs form – grundig bygt på synsmåtar frå kanonisk rett: Testament skulle vera noko ein gjorde på sine siste levedagar, som eit vitnemål om guddomeleg innskot, og det skulle prove at menneskets siste vilje skulle vera fri og bli teken omsyn til.<sup>369</sup> Sjela var meir verdfull og heilag enn verdslege ting, og dei disponeringane ein gjer for sjela si, med vitne til stades, kunne ikkje nokon overprøve. Jon la likevel visse små avgrensingar på kor mykje ein skulle kunne testamentere bort. I eit

---

<sup>366</sup> Hamre 1958; 1960; 1970; Lunden 1973: 255.

<sup>367</sup> Hamre 1958: 224.

<sup>368</sup> Hamre 1958: 227–228; 1970: 311.

<sup>369</sup> Hamre 1958: 228.

provinsialstatutt frå 1280 går han og dei andre bispane endå lengre og meiner at motstand mot gåver gjeve for sjela er bannsværk, og med tilvising til pavelege og keisarlege privilegium meiner han kvar og ein kan gjeva bort så mykje han vil av farsarven sin til kyrkja. Ikkje treng han spørja nokon om løyve til dette heller, for når det gjeld den gåva som nokon gjev den heilage kyrkja for sjela si, er den beste grensa den at inga grense blir sett; *þuiat i þeirri gjof er maðr gefr heilagri kirkiu firir saal sinni. er þat hit bezta endimark at ecki endimark se henni sett.*<sup>370</sup> I erkebisp Olavs provinisalstatutt frå 1351 blir det slått fast at klerkar med beneficium skal gje testamentarisk tiendgåve til kyrkjene dei har hatt inntekter av.<sup>371</sup>

Men – erkebisp sin kristenrett vart ikkje vedteken lov. Stormennene i formynderstyret etter Magnus Lagabøtes død i 1280 gjekk i spissen for ein antikyrkjeleg motreaksjon, og i ei rettarbot frå kong Magnus V i 1308 blir det understreka at det er Landslova sine bestemmingar om fjerdingsgåve og tiendgåve som skal gjelde også for storleiken på det folk ynskte å gje bort på sitt siste. Gav ein meir enn det utan samtykkje frå dei andre arvingane, altså utan *laudatio parentum*, vart det rekna for arvesvik.<sup>372</sup> Testamentføresegnene til Jon Raude vart altså ikkje vedtekne, men testamentinstituttet vart likevel teke opp i norsk lov, og testament vart sette opp både av lekfolk og klerkar utover i resten av mellomalderen. Og i fylgje Lars Hamre er det uvisst om dei legitime grensene for kor mykje ein kunne testamentere vekk alltid vart følgde.<sup>373</sup>

Sjelegåvegjevinga tok slutt med reformasjonen – sidan vilkåra for gåvene var borte med den nye kyrkjeordninga – og etter religionsskiftet vart det opna for å krevja attende gåver gjevne til kyrkja etter at den gjeldande godsinnhavaren var død.<sup>374</sup> Dette striddest prestane og adelen om utover i tiåra etter reformasjonsutbrotet, men adelen vann fram med kongens velsigning. Slik fekk til dømes Erik Rosenkrantz, arving til fru Ingjerd Erlendsdotter, i 1556 attende gåvene ho hadde gjeve for si eiga og mannen, Arald Kanes, sjel til domkyrkja i Nidaros i 1497.<sup>375</sup> Få lukkast likevel med dette, og fram til Christian Vs lov av 1687 var dei gamalnorske lovene som gav høve til tiend- og fjerdingsgåve gyldige.

Sjelegåvene som frå 1200-talet strøymde til norske kyrkjer, var først og fremst skuldpartar av gardar. Den oppdelinga av ideelle gardspartar – ”skuldeigesystemet” – me før har vore innom,

<sup>370</sup> *NgL* III: 236; Hamre 1974(a): 228.

<sup>371</sup> *DN* IX-150, *RN* VI-76, 1351 – nummer 25.

<sup>372</sup> Hamre 1960: 658; 1974(a): 227.

<sup>373</sup> Hamre 1974(a): 228.

<sup>374</sup> Kolsrud 2007: 203.

<sup>375</sup> *DN* XI-696, 3. november 1556.

skaut fart samstundes med sjelegåvene.<sup>376</sup> Og gjevarane var ikkje berre stormenn, men også jamne bønder som gav små partar av det dei hadde.<sup>377</sup> I følgje Lars Ivar Hansen var så mykje som 45% av alt jordegodset til Trondenes-kyrkja rett før svartedauden kome til kyrkja i form av gåver i løpet av ein sekstiårsperiode; frå omkring 1290 til omkring 1350.<sup>378</sup> Av det godset me veit proveniensen til i Trondenes-jordebøkene, har me eitt døme på gåve for bøneshald og eitt døme på gåve for gravstad (i *DN VI-356*). Resten av donasjonsprovenienseninnførslane, rundt 40, er alle sjelegåver.<sup>379</sup> Nokre av sjelegåvene var gjevne direkte til annekskyrkjene, men det store fleirtalet til trondeneskyrkja.

I to av innførslane står det korvidt gåva skulle vera til prestebordet eller til kyrkjebygget. Gudrid husfrue på Lekangen gav til Trondenes ½ spansleie til kyrkja og ½ spansleie til prestebordet i *DN VI-356*, og Berdor Skreppheest gav i 1347 18 mark leige i ytre Maranese til vedlikehald av Lenvik-kyrkja (*DN VI-274* og -302). Lars Hamre skriv i *KLNM* at i gåver frå *testament* vart gjerne det som var gjeve for gravstad tilgodesett fabrica, medan prestebordet fekk sjelemessegåvene.<sup>380</sup> Jørn Bakervik har i ei masteroppgåve frå 2005 analysert sjelegåvene i Gjerpen og Oslo prosti med utgangspunkt i jordboka til bisp Eystein frå 1390-åra.<sup>381</sup> Han finn at størstedelen av gåvene som er spesifiserte vart gjevne til prestebordet (meir enn 70%), medan under 20% vart gjeve til fabrica.<sup>382</sup> Og han stadfester det Hamre skriv: Så å seia alle gåvene som blir gjevne for gravstad, går til fabrica.<sup>383</sup> Me har ingen testamentkjelder som seier noko om dette på Trondenes, og som nemnt er det svært få av sjelegåvene som har spesifisert bruksområde. Men viss dei gåvene me finn i trondenesjordebøkene kjem frå testament, og fordelinga mellom gravstad/fabrica og sjelemesse/prestebord skulle stemme, vart det lite ressursar til kyrkjevedlikehald og mykje til prestane.

---

<sup>376</sup> Holmsen 1976: 128–129.

<sup>377</sup> Bakervik 2005: 95.

<sup>378</sup> Hansen 2003(a): 267.

<sup>379</sup> Fleire av innførslane er dei same, sidan dei fire listene overlappar kvarandre. I tillegg står det i ein del av innførslane berre at den og den ”gav” så og så mykje jord – utan å spesifisere kva han eller ho gav *for*. Sidan gåver for sjela ser ut til å ha vore den overveldande motivasjonen, tolkar eg desse innførslane også som sjelegåver.

<sup>380</sup> Hamre 1959: 117.

<sup>381</sup> Bakervik 2005.

<sup>382</sup> Bakervik 2005: 118.

<sup>383</sup> Bakervik 2005: 119.



### 3.4 Skattar og avgifter

I tillegg til tienda var det også ei rekkje andre skattar og avgifter som gav inntekter til kyrkja. Nokre av desse var betaling for kyrkjelege tenester i lokalsamfunnet, medan andre avgifter gjekk i utgangspunktet rett til bispen. Og i vårt tilfelle vil det alltid vera eit spørsmål om kven som nytte godt av kva, når soknepresten hadde vikarar til stades i kannikgjeldet og sjølv var ein kannik i erkebispesadministrasjonen. I tillegg reiser spørsmålet seg også her: Når me ikkje finn rekneskapskjelder frå vårt område på Trondenes, kan me vera sikre på at skatten eller avgifta nokon gong vart forsøkt inndrive der, eller i alle fall; er det ein moglegheit for at inndrivninga i beste fall var svært ujamn og ineffektiv?

Dei faste avgiftene til soknepresten for dei tenestene han eller vikarane hans utfører blir med ein samnemnar kalla *stolgebyr* (*iurae stolae*). I følge Lars Hamre i *KLNM* dreier det seg først og fremst om *útferd* eller *sálugipt* i samband med gravferd og *innarganga* for barselkvinner når dei etter fødselen skal attende i kyrkja.<sup>384</sup> Etter reformasjonen møter me òg *pusefe*, ei avgift i samband med ekteskapsinngåing. Då støyter me òg på nemninga *aksidensar* for stolgebyr, men til aksidens har ein òg kunna rekne offerinntekter.<sup>385</sup> Avgiftene varierte lokalt og etter ytarens avgiftsevne, men i kjelder frå Sør- og Austlandet kan me sjå at utferda var 1 ku eller tilsvarende for vaksne, noko mindre for barn og fatige, og innargang 1 vikamat smør eller 2 skilling.<sup>386</sup> Me har ingen kjelder om desse avgiftene frå Trondenes før reformasjonen, men i reformatsen, etter opprekninga av landskuld- og tiendinntekter frå kannikgjeldet, står det: ”Der till offertold, pusefee, kirckgang, wdferd och anden prestelig ridtzler.”<sup>387</sup> Men ingen tal. For dei andre kannikgjelda, derimot, finn me meir detaljerte opplysningar. Utferd og kyrkjegang skal alle stader betalast ”effter Recessen”; ei ku for utferd både for bonden og kona for dei som eigde meir enn seks kyr, frå 30 skilling og nedover for dei som eigde mindre. Seks skilling for pusefe – brurevigsle – og 2 skilling for barselkoners gjeninnføring i kyrkja.<sup>388</sup> Offertoll skulle i Tromsø betalast med pengar – 4 album for menn, kvinner og vaksne tenestefolk, for ungfolk 1 album. I dei andre prestegjelda nedover kysten var offertollen 1 pund fisk for kvar gift mann eller kvar ”formuendis bonde”. Ein må såleis kunne rekne med at 1 pund fisk også var satsen i Trondenes.<sup>389</sup>

---

<sup>384</sup> Hamre 1968(b): 566; 1972: 216.

<sup>385</sup> Amundsen 2004.

<sup>386</sup> *DN XV-69*, 1444; V-1013, 1513; *NgL* 2r., bd 1: 161.; Imsen 2004(c).

<sup>387</sup> *TR*: 90.

<sup>388</sup> Lysaker 1987(a): 73.

<sup>389</sup> Imsen 2004(d).

Desse avgiftene ville vera til inntekt for den som sat med Trondenes kannikgjeld, medan *katedratikum* ville vera ei utgift. Katedratikum var ei avgift som alle kyrkjelege institusjonar skulle betala til bispen i det bispedømet dei tilhørde, som eit symbol på bispestolens primære stilling i bispedømet. Avgifta kan ein finne allereie på 500-talet, ho vart gjeldande for heile pavekyrkja gjennom eit dekret frå 1218, men det fyrste vitnemålet om katedratikum i norske kjelder finn me tidleg på 1300-talet.<sup>390</sup> I 1321 vart erkebisp Eiliv samd med geistlege på Hålogaland at kvar prest og kvar kyrkje skulle betala 2 fullgode turrfiskar, høvesvis av sine mensa- og fabricainntekter.<sup>391</sup> Aslak Bolts synodalstatutt frå omkring 1430 stadfester vedtaket og samlar i tillegg liknande vedtekter frå resten av erkestiftet. Statuttet slår fast at fylkeskyrkjer med tiend skulle betala 2 spann smør årleg, andre kyrkjer med tiend 1 spann smør og kyrkjer utan tiend 1/2 spann.<sup>392</sup> I tillegg skulle retten sokneprestane hadde til å få heile fabricadelen av tienda det året erkebisen kom på visitas, reduserast til det halve. Men i Olav Engelbrektssons jordebok frå 1530-talet, der me har opplysningar om katedratikainnbetalningar frå kyrkjene i Trøndelag, ser det ut til at hovudkyrkjer betalar 1 spann og annektskyrkjer 1/2 spann årleg – altså ei halvering på hundre år. Korkje i denne eller i Aslak Bolts jordebok er det oppført katedratikainnbetalningar frå Trondenes eller andre prestegjeld i nord. Katedratikainntektene skulle i fyrste omgang gå til domkyrkjebygget i Nidaros, men i følgje Dybdahl var domkyrkjas fabrica minimalt i høve til alt godset erkebisen rådde over, og det ser ikkje ut til at erkebispene i seinmellomalderen har drege eit skarpt skilje mellom fabrica- og mensainntektene til domkyrkja og erkesetet.<sup>393</sup> Sidan me har ingen rekneskapskjelder som syner at katedratikum vart betalt inn frå kyrkjene nord i erkestiftet i seinmellomalderen, veit me ikkje at det faktisk har gått føre seg. Kanskje var det vanskeleg å drive inn denne avgifta nord for Trøndelag, sidan inntektene skulle gå til domkyrkja? Aslak Bolt framhevar statuttet frå 1321, der også Ogmund frå Trondenes skreiv under. Men han var ikkje sjølv på visitas lenger nord enn på Helgeland på 1430-talet. Ikkje før i 1476 har me kjelder som fortel om erkebispesvisitas på Trondenes, og det var då Gaute innvigde eit altar i trondeneskyrkja.<sup>394</sup> På den andre sida var Svein Eriksson ein av dei næraste rådgevarane til Aslak Bolt, så det er liten grunn til å tru at ikkje han følgde opp programmet erkebisen hadde sett seg føre også i Trondenes. Og Aslak Bolt understrekar at han har katedratikarettar også på Hålogaland, ved å vise til avtala frå 1321.

---

<sup>390</sup> DN III-63, 1306; IV-64, 1306; II-144, 1321; Dybdahl 2003: 300; AB: 190f.

<sup>391</sup> DN II-144, 1321.

<sup>392</sup> NgL 2. r., bd. 1: 255; Jørgensen 1997: 188.

<sup>393</sup> Dybdahl 2003: 300; 1996.

<sup>394</sup> DN XVIII-100, 1476.

Etter reformasjonen gjekk katedratikainntektene rett til kongen, og det er tydeleg at inntektene – og inndringa – har vore sviktande. I 1552 er domkyrkja i Trondheim i så dårleg stand at alle inntekter (både landskuld, tiend og anna) frå soknekyrkjene som kongen no rådde over, bortsett frå dei som sjølve trengde reparasjon, skulle inntil vidare gå til domkyrkja – bortsett frå kyrkjene på Trondenes og i Tromsø. I tillegg skulle alt katedratika i heile stiftet gå til det same.<sup>395</sup>

Katedratikum var altså ei avgift som skulle betalast *mellom* nivåa i kyrkjeorganisasjonen, og her ser ein den same kampen som mellom kyrkje og stat når det gjeld fritak frå skatt og andre plikter. I sættargjerda i Tunsberg får kongen etablert kven som skulle ha tiendfritak, medan kyrkja kjempar ein kamp for at prestegardar, til liks med adelege setegardar, skal ha landskuldfritak. Innanfor kyrkja går kampen, som me har sett før, om korleis mensa- og fabricainntektene skal nyttast og disponerast.

I same handvending som Aslak Bolt gjenopplivar katedratikum, spesifiserer han veitslevilkåra når han kjem på visitas. Før, seier Aslak, var det vanleg at sokneprestane fekk heile kyrkjetienda det året erkebispnen visiterte. Så mykje kan ikkje kyrkjene unnvera lenger, difor bestemmer han no, med samtykkje frå heile synoden og domkapitlet, at heretter skal sokneprestane berre få halve kyrkjetienda i visitasåret.<sup>396</sup> For trøndelags- og mørebygdene blir det vidare spesifisert kor mange nattleiger (verdimål for overnattingar) han har rett på, men for Hålogaland og Herjedalen er ikkje dette mogeleg, sidan han må sjå korleis det passar med oppgåvene når han kjem, og grunna dårleg ver og lang reise kan han ikkje visitere der kvart tredje år, som han burde.<sup>397</sup> Visitaspliktene som må ytast blir delvis vidareførde overfor superintendenten etter reformasjonen, men neppe “av samme omfang som i katolsk tid”, skriv Steinar Imsen. Og pliktene for dei lokalgeistlege går etterkvart over i det som blir kalla “gjesteri”, sjølv om dette også omfattar andre offentlege pålegg på prestane.<sup>398</sup>

Aslak Bolt fekk ikkje berre stadfest retten til katedratikum og overnattingar; i arbeidet sitt med å kartleggje og få oversikt over erkesetetets eksisterande og potensielle økonomiske inntekter, gjenoppliva og omdefinerte han ein del eldre avgifter som var nedfelte i tidlegare

---

<sup>395</sup> DN XII-641, 1552.

<sup>396</sup> AB: 188.

<sup>397</sup> AB: 190.

<sup>398</sup> Imsen 1982: 247.

lovverk. *Mikkelskorn* og *olavskorn* som opphavleg var samla inn for almisser til dei fatige, gjorde Aslak om til altarinntekter for sjelemesselesing i domkyrkja.<sup>399</sup> Desse to avgiftene var som namnet seier utgreidde i korn, medan *olavsskot* og *olavsfe* var avgifter på fehald. Me har rekneskapslister for desse avgiftene primært frå sjølve Trøndelag (både i Aslak Bolts jordebok og seinare i Olav Engelbrektssons jordebok). Avtaler om mikkels- og olavskorn vart gjorde med helgelendingane på ei av dei store visitasreisene til Aslak i 1432. I Steigen er *olavsfe* nytta i staden for olavskorn, og i følgje Dybdahl er det naturleg med mindre kornytingar så langt nord. Det kan òg, seier han, vera døme på at ulike skrivarar berre nytta ulike nemningar.<sup>400</sup> Erkebisp Aslak var ikkje så langt nord som til Trondenes, og kan me veta sikkert at desse gamle avgiftene vart revitaliserte i andre område enn der erkebisen tinga med allmugen? På same vis som med katedratikainntektene har me heller ingen kjelder som positivt stadfester at slike avgifter vart betalte frå Trondenes. Og om det var slik at det var *vara* avgifta vart betalt i, som ikkje passa og som gjorde at ho ikkje vart innkravd nord for Steigen, er det til å undrast over at ikkje den målmedvitne Aslak Bolt ikkje hadde såpass teft for kva som gav økonomiske inntekter, at han ikkje la eller gjenoppliva ei avgift på fiske. Når Aslak Bolt i jordeboka si definerer til kva for altar dei ulike mikkelskorninntektene frå erkebispedømet skal gå, er ikkje noko område i Nord-Noreg nemnd – heller ikkje Helgeland, der han jo var samstundes med visitasane i Trøndelag og på Møre i 1432.<sup>401</sup>

*Giof* eller *erkebispegåve*, som òg Aslak Bolt er gjeven æra for å ha (gjen)innført,<sup>402</sup> har me heller ikkje kjelder om frå Trondenes, og sidan dette i alle fall i utgangspunktet var ei friviljug yting, er det mogeleg ho heller ikkje seinare, då ho gjekk over til å bli ei fast yting, vart betalt der erkebisen ikkje for framom. På den andre sida, dekan Svein Eriksson var som før nemnd ein av dei næraste rådgjevarane til Aslak til Bolt, og han var med i følgjet til erkebisen som tinga med allmugen i Trøndelag om å gjeninnføre dei gamle avgiftene på 1430-talet. Med den innsatsen Eriksson etterkvart la ned med soknekyrkja for trondenesbøndene, er det lite truleg at han ikkje fekk bygdefolket med seg på desse avgiftene til erkebisen – sjølv om det hadde vore ein lang veg for erkebisen å få gjennomslag for krava sine hjå allmugen.<sup>403</sup>

---

<sup>399</sup> Dybdahl 2003: 301.

<sup>400</sup> Dybdahl 2003: 301.

<sup>401</sup> AB: 191–192.

<sup>402</sup> I motsetnad til mikkelskorn og olavsskattar, er ikkje erkebispegåve nemnd i kjeldene før Aslak Bolt si tid, men i avtala med ålmugen i Rødøy blir ho omtalt som ei eldre avgift. Lykke 2000: 87, 95 (note 482); DN V-616, 1432.

<sup>403</sup> AB: 1; Lykke 2000: 90.

Mikkelskorn, olavsskattane og erkebispegåve var ikkje avgifter som berørte kannikgjeldet Trondenes direkte – viss dei vart innbetalte, så gjekk dei frå allmugen til erkebisen. Men dei skulle jo disponerast av kannikane ved domkapitlet – det var kannikane som skulle lesa sjelemesser ved altara i domkyrkja. Såleis må den eventuelle innkrevjinga og disponeringa av desse gå inn i den store drøftinga om kva for relasjonar det var mellom kannikane, domkapitlet, erkebisen og prestegjelda – og om desse relasjonane var annleis i eit prestegjeld som Trondenes, som var eit kannikgjeld.

Både mikkelskorn, som gjekk til bestemte altar i domkyrkja og olavskornet, som gjekk til kommunet, overlevde reformasjonen. Mikkelskornet nytta kongen til å løne kongelege tenestemenn, medan olavskorn – eller *olavssæd* – er funne att i kjeldene som presteløn.<sup>404</sup> Erkebispegåva, som gjekk til erkebisen sjølv, må ha vorte avskaffa.

Ei type avgift som utgjorde til dels store inntekter for visse kyrkjer, var *landvarden*. Det var ei fast årleg avgift knytt til utror som fiskaren skulle betala til grunneigaren der han budde. Såleis er avgifta nært knytt opp til landskulda, men det var i utgangspunktet ei fast avgift per båt, og såleis varierte ho ikkje med storleiken på eigedomen der fiskaren rodde frå.<sup>405</sup> Landvarde var i utgangspunktet ei allmenn avgift til kongen, men etterkvart utvikla ho seg til å gjelde utror frå bestemte fiskevær. Vart så desse væra overførde til private og kyrkjelege institusjonar, følgde avgifta med som ein grunneigarrett.<sup>406</sup> Til dømes kan me i Aslak Bolts jordebok sjå at både Ballstad og Nusfjord i Lofoten gav erkebisen 800 fisk<sup>407</sup> kvar årleg i 1430-åra i landvarde, det vil seia om lag 130 vågar raskjær til saman. Det er nesten like mykje som all bokført ny skuld i heile Nord-Noreg hjå Aslak Bolt, i følgje Audun Dybdahl.<sup>408</sup> Som fisket gjekk nedover på 1600-talet, vart landvarden som utrorsavgift gradvis avvikla, eller omdanna til ein fast personskatt eller grunnavgift. I Nord-Troms vart landvarden ei jordavgift, ikkje som ein fast sum per matrikelgard, men som ein personskatt. Denne kunne, i fylgje Bratrein, variere mykje, og gjekk på 1600-talet over til å bli regulær landskuld.<sup>409</sup> For kannikgjeldet på Trondenes sine eigedomar har me ingen konkrete kjelder som fortel om landvardeinntekter, men det er ikkje utenkjeleg at dei få eigedomane på ytre Senja som

---

<sup>404</sup> Imsen 2004(a); Winge 2004.

<sup>405</sup> Bratrein 1999: 248–249.

<sup>406</sup> Dybdahl 2003: 292.

<sup>407</sup> Truleg ”storhundre”, dvs 120 fisk på ein hundre. Lykke 2000: 94; Dybdahl 2003: 292.

<sup>408</sup> AB: 158–159; Dybdahl 2003: 292; Nielssen 2009: 84–85. Men me finn ikkje spor av landvarden frå Ballstad eller Nusfjord i *Olav Engelbrektssons jordebok*.

<sup>409</sup> Bratrein 2004.

kannikgjeldet fekk hand om i seinmellomalderen<sup>410</sup> i utgangspunktet kan ha utløyst landvarde, og så er eventuelt denne etterkvart vorte innbakt i den ordinære landskulda.

### 3.5 Bøter

Eitt av dei store stridstema mellom statsmakt og kyrkjemakt seinmellomalderen igjennom var kven som skulle dømme og straffe – og med det få bøteinntekter – av brot på kristenretten.<sup>411</sup> Det store biletet er at kyrkja styrkte seg på kostnad av kongemakta. Og sjølv om kyrkja heilt klart vann sterkare rett til å dømme i det ho ser på som eigne saker i kristenretten, er det inga einsarta utvikling, for gjennom heile perioden ser me at både konge og kyrkja er dømande og bøteinnekvjande instansar.<sup>412</sup> Bøter gav inntekter til både statsmaktene, og dei vanlegaste brota på kristenretten som gav pengar i kassa for kyrkja var tiendbrot og ekteskaps- og samlivssaker, altså hor, legemål, frilleliv – ofte i blodskam, altså i for nært skylde slektsledd. I 1291 veit me at sira Audun på Trondenes hadde kravd inn bøter for hor.<sup>413</sup> I utgangspunktet var det bispen som skulle ha bøkene – og lokalprestane krov inn på vegner av dei, men bøteinntekter *kan* ha gått til soknepresten på Trondenes, som allereie i Auduns tid var kannik i Nidaros, i staden for til erkebisen. I 1514 gjev erkebisp Erik Valkendorf i alle fall alle kannikane rett til bøteinntektene frå avlsgardane deira.<sup>414</sup> Bøkene kunne vera både reine pengar, naturalytingar eller jordegods, og me ser i jordebøkene til erkesetet at mykje gods er kome til denne vegen. I Olav Engelbretssons rekneskapsbok finn me i 1536 at herr Nils Jemte har betalt erkebisen fire vågar i sakøyre – altså bot, men det står ikkje spesifisert for kva eller innkravd av kven.<sup>415</sup> Etter reformasjonen ser det ut til at bøkene for kristenrettssaker vart spesifisert til stiftet, men skiljet mellom kongens saker og stiftets saker er ikkje alltid like konsekvent – i alle fall ikkje før utpå 1600-talet.<sup>416</sup>

### 3.6 Handel

Dei fyrste handelsprivilegia i Noreg vart gjevne til erkesetet i Nidaros, og i Sættargjerda i Tunsberg fekk kyrkja fritak frå handelsrestriksjonar.<sup>417</sup> Difor fekk òg kyrkja inntekter av den

---

<sup>410</sup> Kårstad 1981: 457.

<sup>411</sup> Seip 1942; Riisøy 2000; Berg 2004.

<sup>412</sup> Riisøy 2000: 84, 94.

<sup>413</sup> DN III-30, 1291. I diplommet kjem det fram at desse bøkene hadde Bjarne Erlingsson kravd at Audun betalte attende – og i tillegg gjeve Audun bot for å ha vore bøteinnekvjar. Denne saka er eitt av fleire dømme på usemjene mellom kyrkja og stormennene under konge Eirik etter Magnus Lagabøter døydde i 1280.

<sup>414</sup> DN XI-296, 1514.

<sup>415</sup> OER: 133.

<sup>416</sup> NLR 5: 221, 1567.

<sup>417</sup> NgL II: 455–62; Blom 1960: 232.

rike handelen som turriskproduksjonen førde med seg. Først og fremst indirekte i form av tiendinntekter frå dei som dreiv handel, men dei geistlege kunne òg sjølve drive forretningar med overskotet av naturaliavarer som tiend, landskuld og skattar og avgifter vart innkravde i.<sup>418</sup> Grunna den verdslige adelens inntektsfall utover i seinmellomalderen stod dei geistlege att som den største handelsdrivande standen i Noreg.<sup>419</sup> Erkebisp Aslak Bolt var den største turriskgrossisten midt på 1400-talet, og sjølv den italienske handelsmannen Pietro Querini – til vanleg seglande mellom Nord-Italia og Flandern – vart imponert over erkebispens følgje då dei møttest langs helgelandskysten.<sup>420</sup> Det var som sagt overskotet sitt av tiend og landskuld erkebisp handla med, men det er usikkert om han sjølv kjøpte opp fisk for å selja vidare, eller om det berre var ei verksemd setesveinane hans dreiv.<sup>421</sup> Olav Engelbrektsson ser derimot ut til å ha hatt ei tydelegare rolle – som vøreigar, oppkjøpar og skipsreiar. Både innanlands og utanlands; i aust til Kvitsjøen og sørover til Skotland og Nederland. Sjølv om hansaen dominerte utanrikshandelen på 1400-talet, er også fleire kannikar kjende for å ha drive storhandel, både på 1300- og 1500-talet.<sup>422</sup>

Dette var ikkje friksjonsfritt. På 1500-talet i Bergen er det stadig klager, både frå hansaen og byborgarane (som sjølv ikkje var dei beste vener<sup>423</sup>) på at prestar og munkar dreiv handelsverksemd. Denne tok menneskap frå andre, var brot på borgarskapsprivilegia i byen og i strid med det befalingsmannen på kongsgarden meinte var prestars oppgåver: ”ingen preste mendh skullæ beuare segh met werdzens forfengeligæ hed under bandh”.<sup>424</sup> Handelsverksemd mellom dei geistlege heldt fram etter reformasjonen, og superintendent Hans Gaas har eigen jekt.<sup>425</sup> I 1556 åtvarar Evert Bild, kongens befalingsmann i Trondheim, domkapitlet mot den handelsverksemda dei dreiv på Nordlanda. Dette ”hui(l)ckid hanns Naade jngelunde wilde tilstede”, gav Evert beskjed om.<sup>426</sup> Og problemet heldt fram utover på 1600-talet, skriv Lysaker, då superintendenten måtte ty til kongens hjelp for å truge dei stadig fråverande

---

<sup>418</sup> Dybdahl 2003: 308.

<sup>419</sup> Blom 1960: 232.

<sup>420</sup> Wold 1991: 144; Wold 2004: 187.

<sup>421</sup> Blom 1960: 233; Nedkvitne 1983: 301–305; Lykke 2000: 101, 133; Dybdahl 2003: 310.

<sup>422</sup> Blom 1960: 233; Lykke 2000: 97.

<sup>423</sup> I 1494 var det strid om reguleringa av korleis turking og utsortering av rav og rekling skulle føregå.

Hanseatane klaga (*NgL* 2 r., bd. 3, bd. 1, nr 81), mekling måtte til mellom skipperar, nordfararar og især dei på den eine sida og hansaen på den hi. Bisp, lensherre, lagmann og bergensbyrådet var med og mekla.

<sup>424</sup> *DN* XIII-183, [før Sept 1521]; XVI-367, 1521; V-1055, 1528.

<sup>425</sup> *NLR* 3: 185, 1563.

<sup>426</sup> *DN* XII-660, 1556.

prestane – som var travelt opptekne med turrfiskhandel, bergverksdrift og trelasthandel – til å halde seg i ro og passe prestepliktene sine rundt i sokna.<sup>427</sup>

Me har ingen kjelder som seier at dekanen eller andre geistlege knytt til Trondenes før reformasjonen hadde turrfiskjekter, men i testamentet til Ogmund Olavsson frå 1381, kanniken som sat med Vesterålen kannikgjeld, er det lista opp tre fartøy og ei rekkje varer som tyder på at han òg dreiv import.<sup>428</sup> Det er såleis ikkje utenkjeleg at ein mann som Svein Eriksson hadde jekt – han var truleg ein entreprenør også på det økonomiske feltet.<sup>429</sup> På bakgrunn av ei pilegrimsmerkestøypeform funnen på Trondenes har den svenske arkeologen Lars Andersson sett fram teorien om at Svein Eriksson, som ein del av finansieringa for å ferdigstille trondeneskyrkja, fekk produsert St. Olavspilegrimsmerke på Trondenes, som så vart selde i Nidaros.<sup>430</sup>

”Erkebisp, domkapitlet, Bergens-rådmannen – det var hauk over hauk når det gjaldt muligheter til å få inntekter av tørrfisknæringa”, skriv Andreas Holmsen.<sup>431</sup> Sjølv om denne utsegna heng saman med alle dei inntektene ein kunne få av næringa – særleg tiend og landvarde – er det òg klart at handelsprivilegia var noko fleire aktørar kjempa om. For kyrkja må handelsverksemda mellom dei geistlege mange gonger ha vore utfordrande. På den eine sida var det eit inntekspotensiale i turrfisknæringa som må ha vore freistande for ein kvar erkebisp og domkapittel å få del i, på den andre sida kunne engasjementet heilt klart gå ut over andre gjeremål. Desse interessekonfliktane vart særleg tydelege etter reformasjonen, då kongemakta skulle prøve å balansere både dei geistlege og dei verdslege interessene i det same statskyrkjelege systemet.<sup>432</sup>

---

<sup>427</sup> *NRR* 7: 22, 1635.

<sup>428</sup> *DN* II-468, 1381; *RN* VII-936, 1381; Lykke 2000: 101; Nicolaissen 1922.

<sup>429</sup> Lykke 2000: 102.

<sup>430</sup> Andersson 1997: 178–181.

<sup>431</sup> Holmsen 1978: 116.

<sup>432</sup> Lysaker 1987(a): 142.



## Kapittel 4: Korleis fordelte inntektene og verdiane seg mellom kannikgjeldaktørane?

Korleis vart det rike inntektspotensialet nytta av dei ulike aktørane i Trondenes kannikgjeld? Når me no skal prøve talfeste og danne oss eit bilete av dei inntektene prestegjeldet genererte i hundreåra før og gjennom reformasjonen, skal me konsentrere oss om dei største aktørane; *dekanen, superintendenten, erkebisp*en og *kongen*. Dei hadde alle tiendinntekter, og i tillegg hand om mesteparten av jordegodset i området. Men også resten av kannikane ved domkapitlet, vikarane som gjorde presteteneste i kollegiatkyrkja på Trondenes og den verdslege eliten i Sør-Troms var direkte involverte i den inntektsfordelinga som vart gjort av tienda, landskulda og dei andre økonomiske kjeldene som me gjekk gjennom i kapittel 3.

Me har svært få kjelder frå før reformasjonen som kan seia noko representativt om mengda av økonomiske inntekter – både i kyrkjelege og verdslege einingar. Det meste av den kunnskapen me har om økonomiske tilhøve mellom høgmellomalderen, gjennom svartedauden og fram til reformasjonshundreåret, har forskarane kome fram til gjennom retrospektiv analyse basert på etterreformatoriske jordeboks-, rekneskaps- og skattekjelder. Det er likevel monaleg stor forskarsemje om hovudtrekka i jordeigdomsfordelinga i dei ulike landlutane før og etter 1537.

På *landsbasis* var den største inntektsomfordelinga i samband med reformasjonen at kongen overtok mest alt kyrkjegodset. I Noreg eigde kyrkja om lag 44 % av all jorda ved reformasjonsutbrotet, aristokratiet 12 %, sjølveigande bønder 40 %, medan kongen hadde berre om lag 4 %.<sup>433</sup> Altså ein heilt annan situasjon enn i *Sør-Troms*, der sjølveigarprosenten berre var 10, medan kongen eigde 25 % og det samla kyrkjegodset var noko over 50 %.<sup>434</sup>

Figur 6: Jordeigdomstilhøva ved reformasjonsutbrotet

	Kyrkja				Til saman	Aristokratiet	Kongen	Sjølveigar
	Domkap/ kannik- gjeld	Bisp	Lokal	Kloster og kgl kapell				
<i>Sør-Troms</i>	35 %	5 %		10 %	<b>50 %</b>	oml 12 %	oml 25 %	oml 10 %
<i>Noreg</i>	7–8 %	7–8 %	14–15 %	14 %	<b>44 %</b>	12 %	4 %	40 %

<sup>433</sup> Johannessen 2004(a). Jo Rune Ugulen har ei viss anna fordeling, i det han meiner er “dei tradisjonelle tala for jordeigdomsfordelinga i Noreg” i “[a]lle nyare norske historieverk” ved utgangen av seinmellomalderen: kyrkje 48 %, “bønder og bymenn” [sjølveige] 30 %, adel 15 % og krona 7 %. Han meiner vidare at særleg desse tala som gjeld bønder og bymenn og adel er vanskelege å lite på, av di det å trekkje det eksakte skiljet mellom desse er umogeleg. (Ugulen 2006: 10, 566–567.) Poenget i mi avhandling er likevel storleiken på kyrkjegodset – og tilhøvet mellom dette og særleg krona, så eg vel å halde meg til tala frå *Norsk historisk leksikon*.

<sup>434</sup> Bjørkvik og Holmsen 1972: 19.

I tillegg til den låge sjølveigarprosenten og den høge krongodsprosenten, er det særleg den indre fordelinga av kyrkjegodset som er spesiell i Sør-Troms – med den store delen av godset til domkapitlet (kannikgjeldet og domkapittelgodset samla) og det ikkje-eksisterande lokalkyrkjegodset. På landsbasis var lokalkyrkjegodsprosenten 14–15, medan domkapittel- og bispestolgodset var jamstort, med 7–8 % kvar. I heile Nordlanda len var det i følgje reformatsen frå 1589 13 prestegjeld, 48 annekskyrkjer, 14 korshus og 41 prestar. Finnmark hadde 17 kyrkjer med 12 prestar – og var i ei særstilling organisatorisk ved at prestane hadde liggje direkte under erkebisen og var løna einast av uvisse fiskeinntekter – dei fekk altså ingen regulære inntekter korkje av landskuld eller tiend.<sup>435</sup> Etter 1537 let kongen det lokalekyrkjelege godset vera hjå kyrkjesokna som løn for presten og til vedlikehald av kyrkjene (bortsett frå i Finnmark, altså), medan han la erkebispegodset og klostergodset under seg. Godset til kannikane i domkapitlet – som hadde vore særskilt stort i erkestiftet, med alle dei store kannikgjelda – vart også verande som underhald til domkapitlet, og domkapitlet i Trondheim greidde å overtyde kongen om at dei skulle få behalde kannikgjelda slik dei var organiserte før reformasjonsutbrotet.<sup>436</sup>

Med andre ord; kyrkja mista på langt nær all jorda si, sjølv om ho ikkje lenger styrde seg sjølv, men var underlagt kongen. Og som me har sett var det også andre store ressursar enn jordegods i nord, framfor alt inntektene frå fiskeria. Inntektspotensialet var såleis framleis stort i Trondenes kannikgjeld, men snudde reformasjonen om på *fordeliga* av inntektene derifrå? Kven fekk tienda, korleis fordelte bøteinntektene, skattane og avgiftene seg når kongen tok over makta i kyrkja? Og korleis utvikla handelen seg? I det heile teke – korleis disponerte no dei ulike aktørane dei økonomiske verdiane som kannikgjeldet genererte?

#### 4.1 Om dekanens økonomiske interesser før reformasjonen

Dei samla inntektene for kannikgjeldinnehavaren var sett saman av disposisjonsretten til prestegarden og landskuldinntekter av anna jordegods, tiendinntekter, offergåver og inntekter frå geistlege tenester (stolgebyra). Men kor mykje av dette hadde dekanen som sokneprest råderett over som eiga inntekt, og var det skilnader i så måte på eit kannikgjeld og eit vanleg prestegjeld? Lars Hamre skriv i *KLNM* om kannikgjeld at ”kannikane sit inne med ei rekkje

---

<sup>435</sup> TR: 77–92; Lysaker 1987(a): 87.

<sup>436</sup> DN XI-647, 1538; Torkelsen 1971: 314, Ellingsen 1990: 89.

av dei rettane over vedkomande kyrkje som elles vanleg tilkjem diocesanen [bispen]”<sup>437</sup>. Altså; i tillegg til vanlege sokneprestinntekter skal kannikgjeldinnehavaren ha inntekter som elles tilkjem bispen – og det må då vera bøter og tiendinntekter, utan at Hamre eller andre har nærare kunne spesifisere det.<sup>438</sup> Men bøteinntektene frå horbrotsverket i 1291 – som kanniken sira Audun innkasserte – tyder på det. Frå etterreformatoriske kjelder veit me at superintendenten hadde både mensa- og fabricainntektene (av både tienda og landskulda) av Trondenes kannikgjeld, men av Lødingen kannikgjeld, som han òg fekk tillagt seg tidleg på 1600-talet, hadde han berre mensainntektene.<sup>439</sup> Kan me av dette for det første slutte at slik var inntektene for dekanen som sat med Trondenes *også før* reformasjonen? Og hadde han desse rettane av di Trondenes var eit kannikgjeld, eller av di Trondenes stod i ei særstilling mellom kannikgjelda?

## Det særleg attraktive Trondenes-gjeldet?

### *Mensa-/fabricafordeling og disponering*

Å finne ut korleis landskulda og tiendinntektene fordelte seg mellom prestebordet og kyrkjebygget før reformasjonen, er vanskeleg. I utgangspunktet skulle ein fjerdedel av tienda og ein viss del av den eksisterande landskulda gå til høvesvis mensa og fabrica, og når nytt jordegods kom til kyrkjene i kannikgjeldet, ser det også ut til å ha vore føringar for korleis denne landskulda skulle fordelast (jf kap. 3.1). Men den einaste kjelda som seier noko om inntektsfordelinga i kannikgjeldet før reformasjonen, er ei av trondenesjordebøkene. I *DN VI-274*, som er lista over eigedomane til Trondenes, Lenvik og Tranøy kyrkjer, er det etter kvar av kyrkjene sine eigedomsregister oppsummert, i pengar, kor mykje ”prestekian” av landskuldinntektene av denne jorda er. Presttekja eller presttaka blir ofte omsett med mensa, noko òg utgjevarane av dette diplommet i *Regesta Norvegica* har gjort.<sup>440</sup>

Men kva vil det seia at presttaka er det same som mensa? Er presttaka berre mensadelen av jordeigedomane i kannikgjeldet? Eller er presttaka også mensadelen av tienda? I *KLNM* seier Lars Hamre at presttaka er ei like vanleg nemning som prestebord for ”den luten av den kyrkjelege eiga som var utlagd til underhald for soknepresten”.<sup>441</sup> Altså presttaka er mensa-

---

<sup>437</sup> Hamre 1977(a): 228.

<sup>438</sup> Hamre viser til striden mellom domkapitlet og erkebisp Jørund rundt 1300, som handla om korvidt disposisjonane over eiga inntekt som ein bisp gjorde, også skulle få permanente følgjer, altså vidare til neste bisp. (Hamre 1977(a): 228.)

<sup>439</sup> *TR*: 86–87; Schielderop 1642; Mortensen 1685.

<sup>440</sup> *RN VIII-949*, etter 1400.

<sup>441</sup> Hamre 1966: 533.

delen av jordeigedomane. Men Steinar Imsen og Knut Johannessen skriv i *Norsk historisk leksikon* at det ”gammelnorske begrepet presttaka, f., svarer stort sett til prestebordsgods, men omfattet også andre faste inntekter som lå til presteembetet”.<sup>442</sup> Og Gudmund Sandvik slår fast at presttaka også rommar ”presteluten av tienda (men ikkje utan unntak)” og at det ”kan nok seiast at ”prettaka” var eit samlande omgrep for alt som ”låg til” presten ved ei kyrkje.” Men, understrekar han, det er ulikt innhald i omgrepet i dei ulike kjeldene, så me finn ikkje eit fullstendig svar på spørsmålet.<sup>443</sup> Og i den einaste kjelda me har, *DN VI-274*, er det altså berre jordeigedomsdelen presttaka viser til, så me kan ikkje – for Trondenes’ vedkomande – konkludere med at presttaka er noko anna enn *landskuldinntektene*.

Den same kjelda gjev òg eit inntak til tilhøvet *mellom* mensa- og fabricainntektene av landskulda. Presttaka er på 116 mark, og det står vidare at ”kyrkjas part skal utgreiast av dette beløpet” (”Prestekian er vird med kirkiu luta. hundrad marka. ok sæxtan marka meðr. en kirkiu lutren varder hær or” [mi utheving]). Med andre ord: Av den samla presttaka skal det utgreiast kva som er fabricadelen av landskuldinntektene. Dette syner korleis jordeboklistene på mange vis er “work-in-progress” og underbyggjer teorien om at trondenesjordebøkene vart sette opp i ein kyrkjeleg-økonomisk reorganiserings- og restitueringsprosess som det nydanninga av kannikgjeldet var. Det er truleg også først når kannikgjeldet blir nyetablert at den spesifikke oppdelinga av godset i ein mensa- og ein fabricadel blir gjort, slik me òg ser i Eysteins jordebok. Deling av kyrkjeieige i fabrica og mensa hadde gått føre seg sidan 1100-talet, og fleire forskarar har meint at oppdelinga gjekk hand i hand med den opphavlege jorddotasjonen då nye kyrkjer vart etablerte. Men Lars Hamre argumenterer, mellom anna ved å vise til Eysteins jordebok, at desse oppdelingsprosessane heldt fram utover i seinmellomalderen.<sup>444</sup> *Sondringa* mellom fabrica og mensa har truleg vore praktisert før det, men sjølv *utskiftinga* av jorda vart nødvendigvis ikkje gjort før ein av ulike grunnar trengde å få organisert kyrkjeieiga. Det er såleis ikkje urimeleg å tenkje seg at det først er når det utvida kannikgjeldet Trondenes skulle etablerast at *utskiftinga* har vore naudsynt.

Går me så attende til trondenesdokumentet og formuleringa *kirkiu lutren varder hær or*, kan denne sjåast på to måtar. Viss det er ein ny rettstilstand som er skipa med dette dokumentet, som eg har argumentert for ovanfor, kan ein forstå det slik at når fabricadelen av landskulda

---

<sup>442</sup> Johannessen/Imsen 2004.

<sup>443</sup> Sandvik 1965: 44–45.

<sup>444</sup> Hamre 1959: 118–119.

på 116 mark først er fastsett, så skal denne fordelinga følgjast. På den andre sida kan ein sjå det slik at det er opp til soknepresten som disponerer presttaka, altså kannikgjeldinnehavaren, å vurdere til ei kvar tid kor stor del av kyrkjeieiga som skal gå til fabrica. Med andre ord, at soknepresten rett og slett får fabricadelen av landskulda også, slik Gudmund Sandvik meiner kan ha vore mogeleg.<sup>445</sup> Og sidan me ikkje har nokon kjelder som tyder på at vilkåra vart endra for kannikgjeldinnehavaren frå dekanen før reformasjonen til superintendenten (som framleis var dekan) i reformatsen etter reformasjonen, er det rimeleg å konkludere med at soknepresten hadde både mensa- og fabricainntektene av kannikgjeldet allereie frå utskiftinga av jordeiga gjekk føre seg rundt 1400, slik me ser det i trondenesjordebøkene. Men var det av di Trondenes vart eit kannikgjeld?

Som me såg i kapittel 3.2 var det dei leke kyrkjeombodsmennene som skulle stå for innkrevjinga og disponeringa av fabricainntektene til ei kyrkje – ikkje berre tienda, men òg landskulda. Men i domkyrkja fekk dei bruke eigne kannikar til å vera ombodsmenn. Kva så med kannikgjelda, fekk dei bruke kannikar eller andre geistlege som ombodsmenn? Det er ikkje godt å seia. Me har ingen førreformatoriske kjelder frå Trondenes som omtalar ombodsmenn i det heile, men me veit frå 1381-testamentet til Nidaros-kannik Ogmund Olavsson, som sat med Vesterålen kannikgjeld, at han hadde ein ombodsmann ”der nord” som var prest – sira Bård (som ikkje var den same presten som var Ogmund sin vikar – han er ein annan stad i testamentet omtalt som Torgils, ”læigupreste minom norder”).<sup>446</sup> Dette var likevel før 1400, før altså praksisen med lekfolk i kyrkjeombodsvervet festar seg. I Trondenes kannikgjeld er det likevel noko anna som kanskje spelar inn, nemleg at Trondenes òg vart ei *kollegiatkyrkje*. Dèt skulle, i fylgje Lars Hamre, etter kanonisk rett kvalifisere for å kunne disponere fabricadelen sin sjølv, det vil seia at kollegiatet i fellesskap hadde disposisjonsrett.<sup>447</sup> Og når kollegiatet på Trondenes var underlagt dekanen som sokneprest, må me gå ut frå at det var han som hadde siste ordet over desse inntektene. Kollegiatordninga vart truleg ikkje utvikla før godt utpå 1400-talet, så viss kannikgjelda fekk ordne seg med eigne, geistlege ombodsmenn, var det kanskje ein praksis som kom mot slutten av seinmellomalderen.

---

<sup>445</sup> Sandvik 1965: 54.

<sup>446</sup> DN II-468, 1381; Nicolaissen 1922.

<sup>447</sup> Hamre 1959: 118.

## Kollegiatkyrkja

Me kan altså ikkje veta sikkert om det var *kannikgjeldet* Trondenes eller *kollegiatkyrkja* Trondenes som gav soknepresten disposisjonsrett over både mensa- og fabricainntektene. Men også eit anna døme frå kannikgjeldet Vesterålen kan tyde på at kollegiatkyrkjestatusen spelte inn. Dét handlar om fabricainntektene som kom frå *tienda*. I 1500 gjev erkebisp Gaute mellom anna halve kyrkjetienda (altså fabricatienda) av Sortland til domkapitlet sitt felles bordhald som kompensasjon for at dei skal underhalde ein ekstra prest i domkyrkja.<sup>448</sup> Sortland sokn låg til Vesterålen (Hadsel) kannikgjeld. Med andre ord, det er ikkje kannikgjeldinnehavaren sjølv som har avgjerdsmynde over fabricatienda, og det er sjølv sagt heller ikkje ein (eventuell lokal, lek) ombodsmann. Det er erkebisp sjølv.<sup>449</sup> Noko som tek oss attende til problemstillinga me drøfta tidlegare – i kva grad presttaka, altså det soknepresten disponerte over, omfatta både jordegods og tiend. Denne saka i Sortland kan tyde på at også i kannikgjeld hadde erkebisp eit slags fordelingsnøkkelmynde over fabricadelen av *tienda* – uavhengig av kven som kravde denne inn og kva inntektene skulle brukast til. Men fabricadelen av *landskulda* kunne ikkje erkebisp leggje seg borti, så det *kan* ha vore ein situasjon i Vesterålen der kannikgjeldinnehavaren hadde hand om landskuldfabricaen, men ikkje tiendfabricaen. Altså ein mellomting mellom den uinnskrenka fabricaretten soknepresten til Trondenes truleg hadde, og det som var vanleg i dei fleste prestegjelda; at soknepresten *ikkje* hadde nokon disposisjonsrett over fabricainntektene. Det er likevel lite som tyder på det – i reformatsen er det ingen teikn på at innehavaren av Vesterålen har noko anna enn mensainntekter.<sup>450</sup>

At det var kollegiatkyrkjestatusen som i utgangspunktet hadde gjeve den uinnskrenka disposisjonsretten over fabricainntektene i Trondenes kannikgjeld, kan også andre etterreformatoriske døme gje argument for. Frå tidleg på 1600-talet er kannikgjeldet Lødingen også lagt til superintendenten, men derifrå disponerer han ikkje fabricainntektene.<sup>451</sup> Det gjorde heller ikkje innehavaren av Lødingen på reformatsen si tid – og då truleg heller ikkje før reformasjonen.<sup>452</sup> Då kollegiatet på Trondenes vart oppløyst rundt 1560, og prestane flytta ut til dei respektive annektskyrkjene i kannikgjeldet, får etterkvart også dei lokale kyrkjelydane ansvar for underhaldet av prestane – og vedlikehald av dei fleste kyrkjene. Men

---

<sup>448</sup> DN XI-278, 1500. Den halve kyrkjetienda heng ved domkapitlet gjennom reformasjonen og er framleis deira inntekt i 1558. “Jordebok i Trondheims domkapitels bok”, *NRJ* 5: 397.

<sup>449</sup> Fabrica-delen av *tienda* kunne også paven i prinsippet leggje seg bort i. (Hamre 1974(b): 285.)

<sup>450</sup> *TR*: 88–90.

<sup>451</sup> Lysaker 1987(a): 212–213; Mortensen 1685.

<sup>452</sup> *TR*: 86–87.

superintendenten hadde framleis hand om preste- og kyrkjetienda frå desse kyrkjene. Med andre ord, når prestane bur ved kyrkjene er ikkje vedlikehaldet noko som vedkjem soknepresten, sjølv om han har inntektene derifrå og kyrkjene framleis er ein del av kannikgjeldet. Men hovudkyrkja på Trondenes tok framleis superintendenten ansvaret for, og dei tre kyrkjene frå det gamle, ”eigentlege” Trondenes: Sand, Kvæfjord og Ibestad (Astafjord).<sup>453</sup> (Sjå vidare drøfting av denne situasjonen etter reformasjonen nedanfor.)

For å summere opp: Når det ser ut til at innehavaren av Trondenes kannikgjeld allereie før reformasjonen hadde hand også om fabricainntektene, må det vera resultat av fleire tilhøve. Det var eit kannikgjeld der utskiftinga av fabrica- og mensainntektene ser ut til å ha vorte gjort i samband med at kannikgjeldet vart nyskipa – noko som truleg gav den ”formande” kannikgjeldinnehavaren stort manøvreringsrom. I tillegg vart hovudkyrkja ei kollegiatkyrkje, noko som, med feste i kanonisk rett, gav innehavarane ytterlegare rom til å sjølv disponere fabrica. Om soknepresten såleis ikkje hadde ein lek ombodsmann til å samle inn inntektene, men hadde hand om dette sjølv, kan han likevel ha sett bort arbeidet til andre mot betaling. Eller han kan ha fått vikarane til å samle inn og fått sendt inntektene sørover til Trondheim. Det er grunn til å tru at denne situasjonen må ha gjeve stort handlingsrom til innehavaren også etter at kannikgjeldet var ferdig forma og gjort Trondenes-kallet særleg attraktivt, også mellom kannikgjelda. Korleis inntektene vart brukte i det svært rike kannikgjeldet vil då òg ha variert mykje frå sokneprest til sokneprest. Drøftinga av dette handlingsrommet kjem me attende til i del IV.

## Inntektene

Med bakgrunn i avklaringar og drøftingar me har gjort av inntektstypene til no, kan me endeleg nærme oss det konkrete spørsmålet: Kva vil det seia at Trondenes-kallet var særleg attraktivt, kva kan me veta om dei faktiske inntektene til dekanen – kannikgjeldinnehavar og sokneprest – før reformasjonen? Me har svært få kjelder som seier noko om dette og den konkrete administreringa av kannikgjeldet Trondenes i katolsk tid, difor må drøftinga hovudsakleg basere seg på etterreformatoriske kjelder.

I følgje trondenesjordebøkene disponerte dei kyrkjene som etterkvart utgjorde kannikgjeldet rett før svartedauden jordegods av ein verdi på om lag 330 spann smør. Det var tre gonger så

---

<sup>453</sup> Schielderop 1642; Lysaker 1978(a): 155; Lysaker 1987(a): 64; A.M. Hamre 1983: 29.

mykje som den andre store kyrkjelege jordeigaren i området, erkebisen, som hadde 104.<sup>454</sup> Etter landskuldfallet, øydelegging, gjenrydding og ny tilvekst, har Eirik Kårstad og Lars Ivar Hansen kome fram til at landskuldinntektene frå trondenesgjeldet sitt samla jordegods ved utgangen av seinmellomalderen må vera mellom 89 og 109 spann smør, altså mellom 25–33 % av nivået før svartedauden. Til samanlikning hadde *heile* Oslo bispesete (minus domkapittelgodset) i seinmellomalderen ca 520 spann smør i jordegodsinntekt.<sup>455</sup> Trass i den store reduksjonen i jordegodsinntekter også på Trondenes er inntektene for kannikgjeldinnehavaren likevel langt over det sjølv landskuldfallet på dei bevarte gardane frå før svartedauden skulle tilseia – med andre ord, det hadde kome ny jord til; talet på gardar i Trondenes-godset var om lag fordobla gjennom 1400-talet.<sup>456</sup>

Kårstad og Hansen har vidare kome fram til at det særleg var sør i kannikgjeldet at kyrkjegodstilveksten kom før reformasjonen, medan tilveksten i nord hovudusakleg kom etter.<sup>457</sup> Kannikgjeldet voks på sjelegåver, og ikkje uventande vart gåver gjevne til den nærast liggjande institusjonen. Domkyrkja og erkebisen fekk lite gåvegodsvekst frå Sør-Troms. Som tidlegare nemnd stod kyrkja sterkt når det galdt å få hand om oppattrydda jord, sidan ho oftast var den som hadde papir på eigedomstilhøva før øydelegginga. I tillegg vart gjerne ”papirlause” øydegardar, altså der ein ikkje kjende dei gamle eigedomstilhøva, slått direkte inn under prestegarden. Dette var til gagn for soknepresten i prestegjeldet, ikkje berre av di jordegodset og med det landskuldinntektene auka, men òg av di prestegarden og det som låg til denne var skattefri – som dei adelege setegardane – altså ikkje pliktig å betala leidang eller andre verdslege skattar.<sup>458</sup> Kva for inntekter soknepresten hadde av sjølv prestegarden Trondenes i seinmellomalderen veit me ikkje – ingen av trondenesjordebøkene oppgjev ny skuld for prestegarden. Men det har vore den desidert største garden i gjeldet – med 12 spansleiger jordegodsinntekt i følge *DN VI-274*.

I drøftinga vår over har me altså kome fram til at kannikgjeldinnehavaren også før reformasjonen fekk 2/4 av tienda til rådvelde – både prestetienda og kyrkjetienda. I tillegg betalte han ikkje sjølv tiend av eiga inntekt, sidan dei høgare geistlege frå Sættargjerda i

---

<sup>454</sup> Hansen 2003(b): 267.

<sup>455</sup> Dybdahl 1979: 274 (Bjørkvik sine tal); Dybdahl 2003: 291.

<sup>456</sup> Hansen 2003(b): 269; Kårstad 1981: 462.

<sup>457</sup> Kårstad 1981: 456f; Hansen 2003(b): 268.

<sup>458</sup> Sandvik 1968: 561; Dybdahl 2001: 28. I 1455 gav Christian I privilegiet til kvar enkelt kannik å ha skatt og *kongelege inntekter* av éin gard og landbu – det vil seia at den fremste garden i kvart prebende vart ein *predium principal*; innehavarane fekk både leidangen og landskulda av eigedomen.



Tunsberg i 1277 si tid normalt hadde tiendfritak.<sup>459</sup> Ifølgje Ragnhild Høgsæt kan me ikkje gå ut frå at tienddelinga mellom heimeprest og fiskeværsprest var eit førreformatorisk fenomen,<sup>460</sup> så dette gjekk truleg heller ikkje ut over tiendinntektene til dekanen. Konkrete tal om sjølve tienda har me som nemnd ikkje – det næraste er reformatsen i 1589 som oppgjev at kannikgjeldtienda var 266 vågar fisk ”i dett ringiste” og 900 vågar fisk ”i dett høyeste”. På same vis varierte ravinntektene mellom 60 og 120 vågar og korntienda mellom 21 og 60 tønner. Rekling gav 10 ”kjipper” og ostetienda var 12 vågar. I tillegg kom kval- og kobbetiende ”naar dett falder”.<sup>461</sup> Av det me elles veit om inntektsutviklinga mellom reformasjonsutbrotet og 1589, er det lite som tilseier at desse summene har endra seg vesentleg – bortsett frå naturlege årlege svingingar.

Som drøfta tidlegare i kapitlet, har me ingen kjelder som tilseier at dekanen fekk andre inntekter frå skattar og avgifter enn dei stolgebyra han som sokneprest skulle ha på vanleg vis. Korkje han eller erkebispem ser heller ut til å ha hatt landvardeinntekter frå eigedomar i Sør-Troms. Sakefallsinntekter frå bøter *kan* ha kome kannikgjeldinnehavaren til del, som Hamre var inne på i *KLNM*, der han skriv at ”kannikane sit inne med ei rekkje av dei rettane over vedkomande kyrkje som elles vanleg tilkjem diocesanen [bispen]”<sup>462</sup>. Han spesifiserer ikkje, men som nemnd tidlegare er det ikkje urimeleg å tenkje at ”ei rekkje av dei rettane” kunne omfatte bøter. Lysaker meiner ikkje dette, han legg kristenrettsbøtene til erkebispem.<sup>463</sup> Og den neste gongen me møter bøter i kannikgjeldet, etter den einskilde horsaka i 1291, er i Olav Engelbrektsson sine rekneskap, der Herr Nils Jemte i 1536 har betalt erkebispem fire vågar i sakøyre.<sup>464</sup> Herr Nils må ha vore prest på Trondenes – mest truleg den same som er omtalt som “Capellan Her Niels” i 1538 – altså dekanens kollegiatstyrar på Trondenes, som sender sakøyreinntektene til erkebispem.<sup>465</sup>

Dekanen og dei andre kannikane sin økonomi var òg påverka av kva for inntekter som låg til det felles bordhaldet – *mensa communis*. Fleire prebende i domkyrkja var sett av til kapittelbordet, og i sume tilfelle kan ein sjå at verdiar blir omdisponerte frå eit spesifikt kannikgjeld til det felles bordhaldet. Som til dømes når erkebispem gjev halve kyrkjetienda av

---

<sup>459</sup> Seip 1942: 109–110, 147–149; Hamre 1974(b): 286.

<sup>460</sup> Høgsæt 1994: 2, 19–20.

<sup>461</sup> *TR*: 90.

<sup>462</sup> Hamre 1977(a): 228.

<sup>463</sup> Lysaker 1978(a): 155.

<sup>464</sup> *OER*: 133.

<sup>465</sup> Dybdahl 2003: 307; *DN XII-584*, 1538.

Sortland annekstkyrkje i kannikgjeldet Vesterålen til bordhaldet i domkapitlet. Me har ingen slike døme frå Trondenes, men domkapitlet hadde nokre gardar i Sør-Troms som må ha vore lagt til visse prebende eller til det felles bordhaldet. Etter reformasjonen finn me gods som blir omtalt som kannikgods (domkapitlets kommungods, eg kallar det i det vidare *domkapittelgodset* eller *kommungodset*) – til saman 6 gard(spart)ar (4 i Kvæfjord og 2 i Astafjord) verdt 13,5 vågar og 1 pund i 1647.<sup>466</sup> Desse høyrde i 1558 til St. Nicolai prebende under domkapitlet i domkyrkja og vart etterkvart lagde til kapellane i Vår Frue kyrkje i Trondheim heilt til 1799.<sup>467</sup> Den totale rekneskapen for kannikgjeldinnehavaren kunne såleis ikkje sjåast isolert frå dei andre kannikane. I domkapitlet var det mange oppgåver, og kannikane i domkyrkja hadde mykje presteteneste, difor var det òg reglar for kor ofte og kor mykje ein kannik måtte vera til stades, *residere*, ved domkapitlet.<sup>468</sup> Dette spelte i neste omgang sjølvsgatt inn på kvar enkelt – og fellesskapen – sin økonomi.

## Utgiftene

Så langt bruttoinntektene, men kva med utgiftene? Kva sat dekanen att med i nettoutbyte etter at dei økonomiske pliktene var unnagjorde? Det som først og fremst kosta var sjølvsgatt vikaranes løn, utgifter til messa – lys, røykelse, vin, oblat – og avgiftene han måtte betala for kannikgjeldet oppover i kyrkjehierarkiet; katedratikum til domkyrkja i Nidaros og avgift til paven. I følgje reformatsen *etter* reformasjonen var vikarløna fritt opp til superintendenten å avgjera, i motsetnad til i dei fleste andre kannikgjelda, der vikarløna var spesifisert. Men korleis var det *før* reformasjonen, då prestekollegiet var stort og vikarane mange? Ein kan tenkje seg at kollegiatet si løn var nært knytt til disposisjonsretten soknepresten hadde over alle prestegardsinntektene på Trondenes – der dei heldt hus. Ein kan òg sjå for seg at bøndene i annekssokna la til litt ekstra, for at kollegiatprestane skulle koma til deira kyrkjer oftare. Frå 1340 veit me at bøndene i Hardanger og på Voss hadde lagt særskilte gåver til kyrkja i Ullensvang for å sikre at det alltid var leigeprest der. Leigepresten skulle ha 20 månadsmatbol i løn, og han som hadde kallet skulle ha 40 månadsmatbol til bordhald.<sup>469</sup> Men dette eventuelle tillegget til vikarløna ville då ikkje syne seg på dekanens utgiftspostar, og Lars Hamre slår fast at det er lite me veit om lønsvilkåra for vikarane.<sup>470</sup>

---

<sup>466</sup> SM: 46.

<sup>467</sup> Kårstad 1981: 457, note 74. Sjå meir i kapittel 11.2.

<sup>468</sup> DN XII-654; 1554: “Derffor haffuer der werit giordh *ein gammel skijck* [mi utheving] y saa maathe att tredie parten aff alle Canicker skulle hwer tredie aar were til stedis och residere hooss domkircken”. Sjå meir i kapittel 10.2.

<sup>469</sup> DN XII-90, 1340.

<sup>470</sup> Hamre 1968(b): 566; Sandvik 1965: 54–55.

Kva messeutgiftene utgjorde av totalkostnadane med kannikgjeldet har me ingen tal for. I Olav Engelbrektsson sine rekneskap finn me kva *erkebisp*en brukte på slike varer på 1530-talet. Christian Lykke meiner at messeutgiftene ikkje utgjorde mykje av dei totale utgiftene til Olav Engelbrektsson – vinen var høvesvis dyr, 19 mark for 1 amme (mellom 150 og 160 liter), men Olav kjøpte ikkje meir enn 2 ½ amme i 1536 (det var trass alt berre presten som drakk vin i nattverda).<sup>471</sup> Kor mykje prestane på Trondenes og i alle dei 13 andre kyrkjene drakk, er vanskeleg å veta, og dei totale messeutgiftene for kannikgjeldinnehavaren, med oblatar, røykelse og lys i tillegg, er såleis uråd å stipulere.

I tillegg var det avgiftene til paven, dei såkalla annatane. Annatar var fyrsteårsavkastinga av inntektene til ein ombodsinnehavar – altså skulle verdien av inntekta fyrste året ein overtok eit ombod eller ein prebende eller eit beneficium, betalast til paven. Fyrste gong me høyrer om betalningar frå kannikgjeldet, etter Eskil vart erkebisp i 1404, vart ombodet med tilhøyrande prebende og Trondenes av paven i 1406 taksert til 20 mark sølv.<sup>472</sup> I 1424 vart Trondenes åleine verdsett til 20 mark sølv,<sup>473</sup> og i 1427, då Svein Eiriksson får Trondenes, har verdien av kannikgjeldet stige til 30 mark sølv.<sup>474</sup> I 1430, før Trondenes var lagt til dekanen, var dekanatet åleine verdsett til 10 mark sølv.<sup>475</sup> I 1480, då Svein Eiriksson går av og får med seg ein pensjon på 10 mark sølv frå dekanatet, ser det ut til at alle inntektene til dekanen, sjølv dekanatet med prebende og kannikgjeldet er verdsett til 30 mark sølv for den nye innehavaren, Trond Ivarsson.<sup>476</sup> Dette skulle tilsvare 33 ”floreos renenses”.<sup>477</sup> Det er noko usikkert i pavebrevane i kva grad desse verdioverslaga gjeld berre kannikgjeldet eller heile dekanatet med dei tilliggjande prebenda i Trøndelag.<sup>478</sup> Men slik eg kan forstå det må 1424- og 1427-summane gjelde berre kannikgjeldet, medan 1480-summen er verdien av heile dekanatet. På den andre sida, når heile dekanatet med prebende og Trondenes kannikgjeld i 1499 blir estimert til å vera verdt over 60 mark sølv, er det grunn til å bli usikker.<sup>479</sup>

---

<sup>471</sup> Lykke 2000: 103.

<sup>472</sup> DN XVII-338, 1404.

<sup>473</sup> DN XVII-424, 1424.

<sup>474</sup> DN XVII-460, 1427.

<sup>475</sup> DN XVII-475, 1430.

<sup>476</sup> DN XVII-715–717, 1480.

<sup>477</sup> DN XVII: 1400. Altså rhinske florinar, eller gullgylden, som er noko anna enn italienske florinar, dei som det går seks av på 1 mark sølv på slutten av 1400-talet. (Gallén 1956: 155.)

<sup>478</sup> Hansen 2003(b): 272.

<sup>479</sup> DN XVII-766, 777, 1499; Hansen 2003(b): 272.

Så langt om dei påståtte verdiane, kva seier så dei kjeldene me har om dei faktiske *annatinnbetalingane*? Trond Ivarsson overtok dekanatet og kannikgjeldet etter Svein Eiriksson i 1480. På det eine diplommet frå 1480 som stadfester overtakinga, er det 8. mars året etter påført i marginen at nemnde dekan for sjølve dekanatombodet ("ipsius decanatus") med anneks har betalt 12 1/3 florinar i avgift.<sup>480</sup> To andre diplom frå 1481 stadfester dette.<sup>481</sup> I 1493, då Sakse Gunnarsson får paveleg godkjenning på at han har fått dekanatet og tilliggjande prebende og beneficium, betalar han 23 3/4 mark og så 10 mark sølv i annatar av *alle* inntektene sine.<sup>482</sup> Med andre ord, annatbetalinga til paven både i 1480 og 1493 – på mellom 30 og 33 mark eller florinar – stemmer godt med det me konkluderte med over, at verdien av heile dekanatet med prebende og kannikgjeld i 1480 var på 30 mark sølv.

Det er altså verdiane me støyter på rundt hundreårsskiftet som valdar problem. Då Sakse Gunnarson igjen får tilkjent Trondenes som sitt beneficium i 1500 (han vart i fyrste omgang valt til dekan i 1492<sup>483</sup>), skriv både han og erkebisp Gaute at avkastinga derifrå, altså kannikgjeldet, ikkje overstig 9 mark sølv i året.<sup>484</sup> Denne summen rimar dårleg med summen frå 1480 og 1493, som var ca 30 mark – kan verdien ha falle så mykje på 10 år? Den rimar også dårleg med verdioverslaget for *alle* dekaninntektene frå 1499, som var 60 mark sølv. Viss Trondenes kannikgjeld var den viktigaste delen av inntekta til dekanen, som i alle fall etterreformatoriske kjelder syner,<sup>485</sup> skulle ein tru det utgjorde meir enn 1/6 av samla verdi.

Det er som sagt usikkert i kva grad summene i kjeldene gjennom 1400-talet gjeld berre kannikgjeldet eller heile dekanatet, inkludert prebenda dekanen har i Trøndelag. Men 9 mark for *alle dekaninntektene* er truleg for lite og 60 mark er truleg for mykje i 1499/1500. Desse motstridande opplysningane er ikkje lette å bli kloke på, men dei må etter alt å døme sjåast i samanheng men den striden om retten til kannikgjeldet som oppstår på slutten av 1490-talet, når Sakse Gunnarsson blir skulda for økonomisk utruskap og i vel eitt års tid fråteke Trondenes.<sup>486</sup> Den saka kjem eg grundig attende til i kapittel 8.2, men poenget *her* er at sjølv om me greier skilja ut dei rekneskapsførde annatutgiftene av berre kannikgjeldet – 20 mark

---

<sup>480</sup> DN XVII-717, 1480.

<sup>481</sup> DN XVII-721, 722, 1481.

<sup>482</sup> DN XVII-763, 764, 1493. Lista over "Indtægter af geistlige Embeder i Nidaros Kirkeprovins" i DN XVII: 1400 ser ikkje ut til å vera fullstendig – mellom anna er ikkje DN XVII-763 nemnd, der Sakse betalar 23 3/4 mark.

<sup>483</sup> DN XVII-756, 757, 1492.

<sup>484</sup> DN XVII-787, 1500. I følge DN XVII: 400 var det 8 mark frå Trondenes og 1 frå dekanatet.

<sup>485</sup> Imsen 1982: 90; Lysaker 1987(a): 44.

<sup>486</sup> DN XVII-766, 777, 1500.

sølv i 1424, 30 mark i 1427 og ein stad mellom 8 og opp mot 60 mark sølv i 1500 – er det framleis vanskeleg å vurdere kva slas reell utvikling dette eigentleg er, for sølvverdien er ikkje lett å samanlikne 1400-talet igjennom.<sup>487</sup> Det er difor også svært vanskeleg å rekne om mark sølv i tilsvarande våg fisk eller spann smør. Men det er lite elles i det me veit om utviklinga i tiend- og landskulddinntekter gjennom 1400-talet som skulle tilseia at desse inntektene var høgare på 1420-talet enn rundt 1500 – heller det motsette.<sup>488</sup> Difor trur eg me inntil vidare må slå oss til ro med at dei årlege inntektene frå Trondenes kannikgjeld også rundt 1500 var mellom 20 og 30 mark sølv – og det vil altså vera dei annatutgiftene kvar ny kannikgjeldinneharar måtte betala til paven det året han overtok ombodet.

Kva katedratikabeløp dekanen har betalt, veit me ikkje, men viss me tek utgangspunkt i summene sette opp av Aslak Bolt i 1430-åra og i Olav Engelbrektssons rekneskapsbok frå 1530-talet, kjem me noko nærare. I følgje Aslak Bolt skulle fylkeskyrkjer med tiend betala 2 spann smør, andre kyrkjer 1 spann og kyrkjer utan tiend ½ spann. Av etterreformatoriske kjelder ser det ut til at alle annektskyrkjene genererte tiendinntekter, og det er ingen grunn til å tru at dei ikkje alltid hadde gjort det. Med andre ord, på Svein Eiriksson si tid var katedratikautgiftene 2 spann smør for trondeneskyrkja, og 1 spann for dei seks andre, det vil seia 8 spann. Me veit ikkje nøyaktig når dei 7 andre kyrkjene kom til, men når kannikgjeldet talde 14 kyrkjer ved utgangen av katolsk tid var katedratikaavgiftene halvert, det vil seia 1 spann for trondeneskyrkja og ½ spann for kvar av dei andre, alt i alt 7,5 spann. Med andre ord omtrent det same – avgifta var gått ned, men kyrkjene var vorte fleire.

Med dei spreidde og usikre tala me har for innhaldet i og verdien av dei ulike inntektene og utgiftene til dekanen, blir det umogeleg å seia noko nøyare om kva slags nettoverdi kannikgjeldinnehavaren sat att med når året var omme. Men sidan samansetjinga av løna til dekanen – Trondenes, Ilevollen og hans del av kommunbordet – ikkje ser ut til å ha endra seg sidan 1430-talet, er det lite truleg at det var betydeleg nedgang i nettoinntektene hans fram mot reformasjonen. Noko tapsprosjekt var Trondenes definitivt ikkje.

---

<sup>487</sup> Hansen 2003(b): 272.

<sup>488</sup> Sjå kapittel 8.3.

## 4.2 Om superintendentens økonomiske interesser gjennom reformasjonen

Den nye lutherske superintendenten, no kongeleg embetsmann, arva dekanatet<sup>489</sup> og heile kannikgjeldet etter reformasjonsutbrotet. Og Trondenes kannikgjeld var den viktigaste delen av superintendentens løn heilt fram til det vart oppløyst i 1731.<sup>490</sup> I 1606 fekk han også tillagt seg Lødingen prestegjeld,<sup>491</sup> og Strinda prestegjeld låg truleg til dekanatet heilt sidan Torbjørn Olavsson Bratt si tid.<sup>492</sup> Dette gjeldet hadde ikkje jordegods til seg, berre tiend og stolgebyr. I tillegg delte han inntekter frå det felles bordhaldet i domkapitlet med dei andre kannikane. Som sokneprest til Trondenes fekk han også i utgangspunktet dei faste stolgebyra som kyrkjegang, utferd, pusefe og offertoll.

Men før me går nærare inn i superintendentens økonomi etter reformasjonen, skal me ta ein tur innom domkapitlet. Sjølv om superintendenten framleis var dekan og såleis leiar for dei andre kannikane, vart han ikkje lenger vald av dei, men utnemnd av kongen. Og domkapitlet hadde eigne økonomiske interesser, i alle fall ut 1500-talet.

### Domkapitlet

Domkapitlet i Trondheim var det av domkapitla som kom best gjennom reformasjonen. I alle fall fram til rundt 1600 opprettheldt dei statusen og sjølvstendet sitt også i den nye kongelege embetskyrkja, først og fremst av di dei evna å forhandle seg fram til å behalde kannikgjelda som inntektskjelder, dei store kannikgjelda som domkapitlet trong for framleis å vera geistleg overklasse.<sup>493</sup> Og det var truleg nettopp av di dei hadde denne økonomiske makta i ryggen at dei i utgangspunktet sat med gode forhandlingskort overfor Christian III. Dessutan var det lenger frå Trondheim til København enn frå dei andre stiftsstadene, og lensherren – deira verdslege ”motpart” og kongens representant – sat i Bergen og ikkje i Trondheim.

I tillegg til kannikgjelda fekk dei ulike kannikane behalde prebenda som låg til domkyrkja – i alle fall ei stund. Og sjølv om dei fekk vidareføre kannikgjelda, vart det ein stor diskusjon mellom domkapitlet og kongen om kva for prestegjeld som *eigentleg var* kannikgjeld. Lysaker meiner likevel det er tydeleg at domkapitlet i Trondheim beheldt mykje sterkare

---

<sup>489</sup> Frå 1538 (DN XII-584) inneheld det først ”Nord-øyane” (det er uvisst kvar desse var, men Dybdahl har foreslått Nærøy prestegjeld i Namdalen, som var eit gammalt kannikgjeld), som seinare vart makeskifta med Strinda (Lysaker 1987(a): 44).

<sup>490</sup> Imsen 1982: 90; Lysaker 1987(a): 44.

<sup>491</sup> NRR 4: 160, 720, 1606.

<sup>492</sup> Lysaker 1987(a): 44.

<sup>493</sup> Hamre 1983: 26.

påverknad på stiftsstyringa enn noko anna kapittel i noko anna stift. Men då Anders Arrebo vart superintendent i 1618, hadde sentralstyresmaktene lenge sett med argusaugo på kannikgjeldgodane, og i 1620 kom det endelege vedtaket på kven som skulle reknast for å vera kannikgjeld med patronatsrett: Trondenes, Vesterålen, Verdal, Tromsø, Lofoten, Inderøy, Herøy. Dei resterande 17 prestegjelda som var (pro persona) eller i fylgje kannikane hadde vore kannikgjeld, skulle heretter få vanlege allmugevalde sokneprestar som ordinansen tilsa.<sup>494</sup>

I kannikgjeldet Trondenes disponerte, som me før har sett, superintendenten alle dei geistlege inntektene, bortsett frå den delen av tienda som gjekk til kongen. Han var òg den største jordeigaren, men det er som tidlegare nemnd i tillegg spor av felles domkapittelgods: Huseby og Rå i Kvæfjord, to Å-gardar i Ibestad, Voktor og Harbakken i Kvæfjord og Steinfjord i Berg høyrande til St. Nicolai prebende,<sup>495</sup> som frå 1584 følgde kapellanen i Vår Frue kyrkje i Trondheim heilt til 1799.<sup>496</sup>

I 1601 blir alt det som har vore domkapitlets felles kommungods delt mellom dei sju residerande kannikane i Trondheim.<sup>497</sup> Framleis kan ein finne dei gamle geistlege titlar som økonomiske einingar, ser det ut til, men det sit ikkje kannikar eller andre i desse stillingane. Og framleis i skattematrikkelen av 1647 finn me domkapittelgodset, på til saman 13,5 vågar og 1 pund fisk – som likevel er relativt lite i høve til bispnen (altså superintendenten) sitt. Dette må domkapitlet ha fått til felles bordhald ein eller annan gongen før reformasjonen, for det er ikkje rimeleg å tru at dei fekk noko meir enn dei alt hadde etter reformasjonen.

For domkapitlet kjem etter reformasjonen mellom barken og veden. Det blir slutt på skattefridomen.<sup>498</sup> Både mikkelskorn, som gjekk til bestemte altar i domkyrkja, og olavskorn, som gjekk til kommunet, overlevde reformasjonen, men fekk delvis nye bruksområde. Mikkelskornet nytta kongen til å løne kongelege tenestemenn, medan olavskorn – eller *olavssæd* – er funne att i kjeldene som presteløn.<sup>499</sup> Domkapitlet får andre oppgåver, primært

---

<sup>494</sup> Lysaker 1987(a): 116–121. Sjå meir i kapittel 11.3.

<sup>495</sup> *JTD* i *NRJ* 5, 2. hefte: 388.

<sup>496</sup> Steinfjord var ikkje forlona til Vår Frue. Kårstad 1981: 457, note 74; Lysaker 1978(a): 167.

<sup>497</sup> Imsen 1982: 87–89. I 1550-åra var inntektene frå fellesgodset 165 spann smør, men me veit ikkje *korleis* verdifordeling vart gjort mellom dei residerande kannikane. Superintendenten ser ut til å ha fått alle sine delar av domkapittelgodset i Trøndelag, nærare bestemt gardar i nærleiken av byen. (Dybdahl 1979: 171.)

<sup>498</sup> Lysaker 1987(a): 30.

<sup>499</sup> Imsen 2004(a); Winge 2004.

retta inn mot drifta av katedralskulen, og er når 1600-talet skrid fram ikkje lenger ein eigen økonomisk aktør.

## Inntektene

### Landskulda

Difor, attende til superintendenten. Han fekk ikkje, slik ordinansen tilsa, noko av løna si frå kongens kasse fordi han fekk dekaninntektene med seg.<sup>500</sup> Den første kjelda me har til kyrkjeleg jordegods i Trondheim etter reformasjonsutbrotet er altså jordeboka frå 1558 i domkapittelboka i Trondheim.<sup>501</sup> Der står først og fremst prebenda i domkyrkja oppførde, og me finn ingen spor av kannikgjeldgodset.<sup>502</sup> I lensrekneskapa av 1567 finn me heller ikkje kannikgjeldgodset – der er berre kongens gods oppført – framleis med det gamle erkebispegodset ført for seg (”Stigtens Gods”). Først i *Trondhjems reformats* frå 1589 finn me kannikgjeldgodset, og, som før nemnd, denne viser at landskuldinntektene har halde seg mest uendra sidan før reformasjonen.<sup>503</sup> Superintendenten haustar framleis 164 vågar fisk i landskuld frå Trondenes, og dette er både mensagods og fabricagods. Rundt 1610 er situasjonen den same.<sup>504</sup> Ei oversikt over presteinntekter i Statthaldararkivet frå 1625 (1626) oppgjev landskulda til å vera 164 vågar,<sup>505</sup> det same gjer ei innføring i domkapittelboka i Trondheim i 1628: ”mensalia” der er 164 vågar fisk,<sup>506</sup> medan det i 1644 er auka til 177 vågar.<sup>507</sup>

Figur 7: Superintendentens landskuldinntekter frå Trondenes kannikgjeld

	1589	1625/1628	1644/1647/1648	1661/1666
<b>Kannikgjeld-landskuld</b>	164 v	164 v	177 v / 160 v 0,5 pd / 165 v	185 v / 187 v (172 v 22 m + 9 v 1,5 pd 6 m i engslette- og grasleige)
v=våg, pd=pund, m=mark fisk				

<sup>500</sup> Lysaker 1987(a): 42ff.

<sup>501</sup> *NRJ* 5, 2: 363–397.

<sup>502</sup> I jordeboka er berre eitt prebende, på 25 spann smør, eksplisitt tilknytt dekanen (*NRJ* 5: 367), men Imsen argumenterer for at det kan vera eitt til på godt 21 spann. I alle høve meiner han dekanens inntekter frå domkyrkjeprebenda er uvisse, men ligg ein stad mellom 25 og 50–60 spann, som var summen på 1620-talet. (Imsen 1982: 88–89.) I 1646 fekk Erik Bredal St. Andreas-prebendet til dekanatet, og etter 1658 fleire prestegjeld i personlege forleningar, grunna si lojale haldning då svenskane okkuperte Trøndelag 1658–1660. (Imsen 1982: 89.)

<sup>503</sup> *TR*: 90. I reformatsen er rett nok ikkje førstebyggsel og tredjeårstake nemnt, noko som etterkvart også førde til store inntekter. (Lysaker 1978(a): 158.)

<sup>504</sup> Kårstad 1981: 456f; Lysaker 1978(a): 166–168.

<sup>505</sup> “*Garnisonsskatten 1626*”.

<sup>506</sup> Som framleis må tyde at både mensa- og fabricainntektene er rekna til superintendentens mensalia, sidan summen er identisk.

<sup>507</sup> *TDK*: fol 92 b.



Har landskulda auka eller har det kome meir gods til? Lensrekneskapa frå 1648 syner at kannikgjeldgodset er på 165 vågar, medan Skattematrikkelen av 1647 oppgjev 160 vågar og 0,5 pund.<sup>508</sup> Ei vidare auke, dels ved nytt gods og dels ved høgare landskuldtakstar på nokre eigedomar, gjekk føre seg fram til 1660-talet. I følgje Kårstad syner landkommisjonens jordebok av 1661 at kannikgjeldet var oppe i 185 vågar, medan *Trundenes Jordbog M.DC.LXVI* oppgjev ordinær landskuld til å vera 172 vågar og 22 mark, pluss 9 vågar 1,5 pund og 6 mark i eng- og grasleige – til saman 187 vågar.<sup>509</sup> I tillegg var det til saman 9 vågar og 2 bismerpund som låg til presteresidensar og ei presteenke.<sup>510</sup> Hovudprestegarden var, som tidlegare, ikkje rekna med i desse tala.

Sjølv om tala frå dei ulike kjeldene varierer noko, er likevel det store biletet relativt eintydig. Jordegodsinntektene til Trundenes kannikgjeld heldt seg stabilt framover i hundreåret etter reformasjonen. I høve til det opphavlege godset i trundenesjordebøkene var det i 1661 gått tapt 19 gard(partar) av til saman 83, men samstundes var det kome til 81 nye – og det meste av auken var skjedd før 1567, mest truleg til og med før reformasjonen, i fylgje Kårstad.<sup>511</sup> Likevel – også av jordegodstilveksten i hundreåret mellom 1567 og 1661 greidde superintendenten å få brorparten av dei nye eigedomane lagt til seg. 26 av dei nye om lag 45 nye gardane vart lagt til superintendentens trundeneskyrkje, medan 10 vart lagt til krona. Mange av desse låg nært gardar som kyrkja allereie eigde, og Kårstad meiner dei må ha vorte sett på som utskiljingar frå eksisterande eigedomar: “Kirken har på denne måte tydeligvis klart å hevde eiendomsrett til meget store områder.”<sup>512</sup>

### **Tienda**

I 1567 ser det ut til at fisketiend blir betalt berre frå anneksskyrkjene på yttersida, medan korn- og ostetiend er det kyrkjene innaskjers som svarar. I lensrekneskapa frå 1600-talet finn me òg noko fisketiend frå Sand/Fauskevåg, og i Erik Bredal sin rapport frå 1666 omtalar han tiend frå Fauskevåg og Toppsundet (“FuskeVog oc Topsund”) som gjekk til løn til vispepastoren på Trundenes.<sup>513</sup> Kva som er dei totale tiendinntektene genererte i kannikgjeldet avheng av særleg to tilhøve som drøfta i kapittel 3; korvidt (og når) tienda vart delt i tre i staden for fire,

<sup>508</sup> Kårstad 1981: 457; *SM*. I Skattematrikkelen altså omtalt som “Bispen i Trondheim” sitt gods.

<sup>509</sup> Kårstad 1981: 457; *TJ*. Bjørkvik og Holmsen (1972: 15) har omrekna alt til 187 fiskevågar.

<sup>510</sup> *TJ*: fol. 180.

<sup>511</sup> Kårstad 1981: 456–57; Hansen 2003(b): 268.

<sup>512</sup> Kårstad 1981: 460.

<sup>513</sup> *TJ*: fol. 180.

og korleis fordelinga av tiend til heimepresten og fiskeværspresten vart gjennomført. Men det me i alle høve veit er at tiendinntektene framleis gjekk opp ut 1500-talet, sjølv om truleg nedgangen i fisket allereie var starta. Dette hadde med utviding av tiendvolumet – altså utviding av kva det vart betalt tiend av, jf drøftinga tidlegare.

Figur 8: Superintendentens (og kongens) tiendinntekter frå Trondenes kannikgjeld

	1567	1589	1611–30	1625/1628	1643–46	1666
<b>Kannikgjeld-tiend</b>		fisk 266–900 v rav 60–120 v rekling 10 k korn 21–60 t ost 12 v kval, kobbe		fisk 400 v rav 60 v korn 37/27 t ost 12 v	fisk 400 v / (350 v)* rav 40 v korn 27 t ost 12 v	fisk 700 v korn 27 t ost 12 v
<b>Konge-tiend</b>	69 t korn 8 v ost 249 v fisk		29,7 t korn 8,16 v ost 309,6 v fisk	39,5 t korn 8,17 v ost 240,84 v fisk	12,17 t korn 6,83 v ost 150,5 v fisk	
v=våg, k=kippe, t=tønne *Bredal sin sum frå 1653, 1644 og 1645, nedskrive i 1666 ( <i>Trondenes Jordbog</i> )						

Dei samla tiendinntektene varierte frå år til år, og reformatsen frå 1589 opererer med stort spenn i tala: Fisketienda var ”i dett ringeste” 266 vågar fisk og 60 vågar rav, ”i dett høyeste” 900 vågar fisk og 120 vågar rav. Kornet varierte også mellom 21 og 60 tønner, medan reklingtienda og ostetienda var stabil på høvesvis 10 kippe og 12 vågar. I tillegg kom det stundom kval- og kobbetiend, men dette talfesta ikkje reformatsen.<sup>514</sup> Om ein prøver samanlikne med kongens tiendinntekter frå 1567, kjem det fram interessante tal. Uavhengig av om tienda allereie vart delt i tre eller i fire, skulle kannikgjeldet sin del ha vore dobbelt så stor som kongens. Men det som er oppført som kongetiend i 1567, er følgjande: 249 vågar fisk, 69 tønner korn, 8 vågar ost.<sup>515</sup> I og med at fisketienda varierte så mykje, kan 249 vågar til kongen godt vera halvparten av kannikgjeldtienda i 1567. Dei 8 ostevågane indikerer at kannikgjeldostetienda i 1567 skulle vore 16 vågar, og altså vorte redusert til 12 20 år seinare. Det *kan* òg stemme. Men at korntienda til kongen i 1567 er større enn korntienda til kannikgjeldet i gode år, ”i dett høyeste”, i 1589, rimar dårleg. Då må i så fall korntienda ha meir enn halvert seg på 20 år. Korleis forklare dette? I *fisketienda* kunne me ha venta oss ein relativt høgare del i kongetiend, sidan denne aldri vart delt mellom fiskeværet og heimesoknet, slik preste- og kyrkjetienda vart. Det er likevel usikkert om når denne todelinga kom i stand – me har ingen sikre haldepunkt om det før 1594 (sjå kap. 3.2). Men denne delinga kan altså ikkje forklare skilnaden i korn- og ostetiend.

<sup>514</sup> TR: 90.

<sup>515</sup> NLR 5: 218.

Andreas Holmsen si forklaring er at 1567 må ha vore eit gullår i kornavlinga, av di gjennomsnittleg kongekorntiend i lensrekneskapa mellom 1611–1620 berre er på 18,2 tønner i Trondenes – det vil seia om lag 36 tønner i kannikgjeldkorntiend – og at dette speglar betre det normale nivået.<sup>516</sup> Lars Ivar Hansen si gjennomsnittsutrekning frå lensrekneskapa for tidsrommet 1611–1630 er samla 29,7 tønner, det vil seia 59,4 tønner til kannikgjeldet. I fylgje dei same rekneskapa skulle fisketiendinntektene frå kannikgjeldet vera om lag 620 vågar om me reknar at superintendenten sin del var dobbelt så stor som kongen sin.<sup>517</sup> Om derimot heimehøyrande i kannikgjeldet fiska *utanom* kannikgjeldet, til dømes i Lofoten, skulle altså halvparten av kyrkje- og prestetienda bli att der, og dei totale tiendinntektene til kannikgjeldet bli noko mindre enn dobbel kongetiend, det vil seia noko mindre enn 620 vågar. Men ikkje så mykje som halvparten, for ein må rekne med at mange av fiskarane heimehøyrande i Sør-Troms fiska på yttersida av Senja, og kyrkjene der høyrde jo til kannikgjeldet – så tienda gjekk uansett til slutt til superintendenten. Superintendantens ”eigne” kjelder får me ikkje før i domkapittelboka, der han i 1628 oppgjev 400 vågar fisk, 60 vågar rav, 27 tønner korn og 12 vågar ost.<sup>518</sup> Og i 1644 var tiendinntektene uendra, bortsett frå at rav-tienda var sokke til 40 vågar.<sup>519</sup> I følgje lensrekneskapa er det doble av kongetienda i 1628 481,68 vågar fisk og i 1646 (lensrekneskapa manglar for 1644) 301 vågar.<sup>520</sup> Superintendent Erik Bredal oppgjev i 1666 at fisketienda i kannikgjeldet både 1643, 1644 og 1645 var på 350 vågar.<sup>521</sup> Med andre ord stemmer oppgåvene rimeleg godt i 1628; kongetienda er noko meir enn halvparten av superintendenttienda. Det vil seia ein liten del av ”utefisket” for tiendytarane i Sør-Troms har gått føre seg utanfor kannikgjeldet. Anten me lit på tala frå domkapittelboka eller frå Bredal for tidsrommet 1643–46, kan det sjå ut som om ein mindre del av fisket for sørtromsingane har gått føre seg utanfor kannikgjeldet – superintendentens tiendinntekter har i alle fall gått mindre ned enn kongens.

Men, ein må vera varsam med desse tala, sidan inntektene kan variere stort frå år til år, og Bredal har tydelegvis operert med eit gjennomsnittstal for kannikgjeldet sitt vedkomande i åra

---

<sup>516</sup> Holmsen 1978: 111.

<sup>517</sup> Hansen 1979, tabell IX.

<sup>518</sup> TDK, fol 92 b. Tiendopplysningane i domkapittelboka frå 1628 er likelydande – som for landskulda – med “Garnisonsskatten 1626”, bortsett frå at den sistnemnde oppgjev korntiend på 37 tønner i staden for 27. (Dybdahl 1979: 171.)

<sup>519</sup> TDK, fol 92 b.

<sup>520</sup> Hansen 1979, tabell IX; 1628: [http://arkivverket.no/URN:db\\_read/rk/20489/14/?size=full&mode=0](http://arkivverket.no/URN:db_read/rk/20489/14/?size=full&mode=0) og [http://arkivverket.no/URN:db\\_read/rk/20489/15/?size=full&mode=0](http://arkivverket.no/URN:db_read/rk/20489/15/?size=full&mode=0), sist sett 08.10.2013; 1646: [http://arkivverket.no/URN:db\\_read/rk/20763/15/?size=medium&mode=0](http://arkivverket.no/URN:db_read/rk/20763/15/?size=medium&mode=0), sist sett 08.10.2013.

<sup>521</sup> TJ: fol. 180.

1634, 1644 og 1645, medan lensrekneskapa sine tal på 240,84 vågar i 1628 og 150,5 vågar i 1646 er *nøyaktig* for dei åra. (Det blir også tydeleg om me ser på korn- og ostetienda, der kannikgjeldtienda i 1646 er dobbelt så stor som kongetienda, som ho “skal vera”, men i 1628 er ostetienda og særleg korntienda til kongen “for stor” i høve kannikgjeldtienda.<sup>522</sup>) Det me elles veit om inntekter frå fisket – og med det fisketienda – mellom 1620 og 1650, er at det var nedgangsår for fisket, på 1630-talet direkte krise. Og der lensrekneskapa er detaljerte på annekskyrkjenivå, set domkapittelboka berre opp samlesummar for tienda for alle kannikgjelda. Og Bredal fører opp *sine* summar 20 år etter, utan at han fortel kva slags førelegg han har. Oppføringa i domkapittelboka er ikkje eit rekneskap, og såleis truleg berre eit rundt estimat der skrivaren ikkje har hatt, eller ikkje hatt behov for, førstehands kjennskap til inntektsutviklinga.<sup>523</sup> Bredal skreiv som sagt 1640-tala 20 år etterpå, så det er kanskje tryggast å halde seg nærast lensrekneskapa. I 1666, derimot, det året Bredal skriv *Trundenes Jordbog*, har han førstehands kjennskap til tiendinntektene. Og då går det oppover igjen; 700 vågar får kannikgjeldet i fisketiendinntekter (rett nok eit ”ohngefehr” overslag, skriv Bredal), 27 tønner i korntiend og 12 vågar i ostetiend. Altså nøyaktig lik korn- og ostetiend som domkapittelboka oppgjev i 1628 og 1644. Med andre ord – fisketiendinntektene for kannikgjeldet går frå 700 vågar på byrjinga av 1600-talet, ned til 350 eller kanskje endå lågare, til 200-talet, før dei er oppe att på 700 vågar på 1660-talet. Korn- og osteetienda heldt seg uendra – sjølv om altså me ser at for kongens del er det større variasjon.

Basert på eksportoppgåvene i tollbøkene meiner Arnved Nedkvitne at tiendrekneskapa i andre halvdel av 1600-talet underregistrerer den nordnorske turriskproduksjonen – særleg utanfor dei store fiskeværa.<sup>524</sup> Årsakene kan vera mange, men ei hovudforklaring er truleg ulikt effektiv innkrevjing. I 1567 ser me at berre hovudværa var underlagt innkrevjing – ikkje berre i Sør-Troms, men òg i Lofoten og sørover Helgeland, medan utover på 1600-talet er i alle fall kongen sitt innkrevjingssystem, med utbygging av bondelensmannsinstitusjonen, vorte betre. Det er ikkje til å undrast over at det tok nokre år før kongen hadde på plass eit like effektivt innkrevjingssystem som det nettet av erkebispens setesveinar hadde vore. For kannikgjeldet sin del er det eit heilt ope spørsmål om tiendinnkrevjinga etter reformasjonen var like effektiv som i tida før. På den eine sida kan jo sjølve oppretthaldinga av kannikgjeldet og den personlege kontinuiteten i domkapitlet gje grunn til å tru at infrastrukturen i tiendinnkrevjinga

---

<sup>522</sup> 1628: [http://arkivverket.no/URN:db\\_read/rk/20489/15/?size=full&mode=0](http://arkivverket.no/URN:db_read/rk/20489/15/?size=full&mode=0) , sist sett 08.10.2013; 1646: [http://arkivverket.no/URN:db\\_read/rk/20763/15/?size=medium&mode=0](http://arkivverket.no/URN:db_read/rk/20763/15/?size=medium&mode=0) , sist sett 08.10.2013.

<sup>523</sup> Sjå vidare drøfting i kap. 11.2.

<sup>524</sup> Nedkvitne 1988: 623–625.

heldt seg, i alle fall dei første tiåra etter reformasjonen. På den andre sida kan oppløysinga av prestekonventet og vedlikehaldsplikta for dei 10 ”nyaste” kyrkjene i kannikgjeldet rundt 1560 også ha vore med på ei oppløysing av denne innkrevjingsinfrastrukturen. Særleg viss, slik me drøfta tidlegare, kannikjeldeinnehavaren hadde halde seg med *geistlege* ombodsmenn/kyrkjeverjer.

### *Andre inntekter*

Me får ikkje noko særleg kjennskap til avgiftsinnbetalingane i løpet av reformasjonshundreåret. Mange av stolgebyra varierte med storleiken på garden eller bruket. Kor mange som døydde og kor mange barselkvinner det var kvart år veit me ikkje – så det er vanskeleg å rekne på utferd og kyrkjegang. Men i 1661 klaga allmugen i Senja, Salten og Vesterålen over at utferdskua vart innkravd også hjå dei fatigaste, ”istedenfor 1 mark efter Ordinantsen”.<sup>525</sup> Prestane slo attende med å seia at den mark det var vist til i ordinansen, var ein større mark – men allmugen vann fram til slutt, og i 1684 vart både utferdsku og pusefe avskaffa. I førre kapitlet såg me på dei ulike type satsane for avgiftene, og det einaste me kan finne rimeleg sikre tal på, er offertollen – som skulle betalast med 1 pund fisk av kvar husbonde og ½ pund av husmenn.<sup>526</sup> Etersom reformatsen ikkje greidde finne ut ”huor mange bønder der hører till huer kircke” i Trondenes, er det vanskeleg å rekne offertollinntekter i 1589.

### *Bruttoinntektene*

I reformatsen i 1589 er dei samla landskuldinntektene av heile Trondenes kannikgjeld for superintendent Hans Mogensen 30 vågar meir enn all jordskulda i sjølve hovudsoknet Trondenes.<sup>527</sup> Og til saman er landskulda og eit gjennomsnitt av tiendinntektene i kannikgjeldet *412 spann smør*, eller 1236 bismerpund, *pluss* inntektene frå prestegarden, stolgebyra (som det ikkje er mogeleg å finne tal for) og 10 kippe rekling (som det er vanskeleg å rekne om i noko anna eining).<sup>528</sup> Til samanlikning har Steinar Imsen estimert dei *totale inntektene* til superintendenten ved same tid å vera *500 spann smør*.<sup>529</sup> Sjølv om inntektene gjekk noko nedover utover 1600-talet, hadde likevel superintendenten fått tillagt seg fleire inntektskjelder enn før reformasjonen – prestegjelda Lødingen og Strinda og nokre prebende. Så når fisketiendinntektene hadde teke seg opp att etter 1650 kunne superintendent

---

<sup>525</sup> Lysaker 1978(a): 164.

<sup>526</sup> Kårstad 1981: 462; Imsen 2004(d).

<sup>527</sup> Lysaker 1978(a): 157f.

<sup>528</sup> Imsen 1982: 90.

<sup>529</sup> Som er eit minimumstal, sidan ikkje dei skatte- og avgiftsfrie avlsgardane er med. Dette ville likevel ikkje skipla biletet av Trondenes kannikgjeld som den absolutt mest betydelege delen av superintendentlønna.

Erik Bredal i 1667 innkassere rundt 740 spann smør i prebende- og prestegjeldsinntekter. Og hovudtyngda av desse kom frå kannikgjeldet Trondenes.<sup>530</sup>

## Utgiftene

Utgiftene superintendenten hadde med kannikgjeldet endra seg ganske raskt etter reformasjonen. Utgiftspostane er dei same i 1589 som i 1667; kapellanløn, kyrkjedrift og -vedlikehald, men utgiftsnivået endra seg.<sup>531</sup> Av reformatsen får me veta at superintendenten sjølv fekk fastsetja kapellanløna, så kva dette kosta han er vanskeleg å veta. Men då prestekollegiet vart oppløyst mellom 1556 og 1561, og prestane flytta ut til annekskyrkjene og vart løna av kyrkjelydane der, fekk superintendenten betydeleg færre kapellantar å fø på – berre visepastoren og kapellanen på Trondenes stod framleis på løningslista. Den einaste grunngevinga reformatsen gjev for at superintendenten sjølv skal fastsetja løna, er at det er umogleg å finne talet på bønder og husmenn, difor er det vanskeleg å veta kor mykje jobb det blir – og med det vanskeleg å fastsetja løn. Men kvifor skulle dette vera vanskelegare enn i dei andre prestegjelda, som alle, bortsett frå Tromsø, fekk spesifisert vikarløna i reformatsen? Det kan mykje godt ha med innslaget av sesongflyttande samar å gjera, men dei fanst også sørover i dei andre kannikgjelda, så det er truleg også superintendentens personlege påverknad på reformatsen som kjem til syne her.<sup>532</sup>

Etterkvart får me kjelder som seier meir om vikarlønene – og ikkje minst om klaging på desse. Men det er først med Erik Bredal sin rapport i 1666 at me kan sjå lønsvilkåra i detalj.<sup>533</sup> Inntektene frå anneksprestegardane (”Præsternis Residentser”) går til prestane sjølve – og ei presteenke – og er til saman 9 vågar og 2 bismerpund. Jordegodsinntektene frå sjølve trondenesresidensen – som går til visepastoren der – skal ikkje ”regnis hen til Bispestolens Jordbog”, men vera ”Uberegnet”. Under prestegarden låg òg øydeplassane Kulseng, Nygård, Hesthagen og Arnøya. Bredal fortel vidare at den same visepastoren skal ha 30 vågar av fisketienda, 1 våg av ostetienda og prestens og kyrkjias part av fisketienda i Fauskevåg og Toppundet. Pluss offertollen og andre uvisse inntekter i ”gandske Trundenes Sogn” – altså ikkje i heile kannikgjeldet, men i soknet til trondeneskyrkja. I den same *Trundenes Jordbog*-kjelda finn me òg dei svara på spørsmåla frå kommisær Titus Bülche som må ha vore førelegg for rapporten til Bredal – for desse spørsmåla vart sende ut av Bülche i 1664. Den som fører

---

<sup>530</sup> Imsen 1982: 92.

<sup>531</sup> Imsen 1982: 93.

<sup>532</sup> Sjå meir om dette i kapittel 11.3.

<sup>533</sup> *TJ*: fol. 180.

svaret i pennen er truleg visepastoren, og han oppgjev at han, i tillegg til det Bredal skreiv, har 1 våg rav og 2 tønner korn.<sup>534</sup> Dei tre kapellanane i Kvæfjord, Sand og Astafjord skal ha all uvisse rente frå sine kyrkjer, og kapellanane i Torsken, Mefjord og Hillesøy skal ha det same frå sine, i tillegg til preste- og kyrkjetienda frå 3 utrorsbåtar kvar – til saman rundt 60 vågar fisk.

Nokre av sjelegåvene me finn i trondenesjordebøkene var gjevne direkte til anneksskyrkjene, men det store fleirtalet til trondeneskyrkja. Før reformasjonen kunne ein tenkje seg ei internfordeling der inntektene frå desse gåvene gjekk til anneksskyrkjene, men ingenting tyder på anna enn at kannikgjeldinnehavaren disponerte alt saman. Om han redistribuerte landskuld- og tiendinntektene til den enkelte anneksskyrkja i noko slags forholdstal, veit me heller ingenting om. Men det at allmugen i kyrkjesokna etter oppløysinga av prestekollegiet rundt 1560 kunne vera med og betala vikarlønene, seier både noko om kor dårleg inntektene var for kapellanane, men òg noko om at bondeøkonomien framleis var god.<sup>535</sup>

I alle fall fram til dei første tiåra på 1600-talet. For dette vart etterkvart det store stridstemaet i kannikgjeldet; kva for vilkår kapellanane hadde, både dei på sjølve Trondenes, men òg dei i resten av kannikgjeldet. Og det må ha hange saman med fabrica-disponeringa. For samstundes med oppløysinga av prestekollegiet fråskreiv som før nemnd superintendenten seg vedlikehaldsplikta for alle andre enn dei fire ”gamle” kyrkjene i Sør-Troms (dei ti andre kyrkjene skulle han halde med brød, vin og lys), men han heldt framleis på alle inntektene. Dette var i samsvar med lokalsamfunna sine ynske, skal ein tru superintendent Peder J.

Schjelderup i 1642:

”De andre Capeller eller Korshuse Haffuer Bønderne selff begieret at Bygge, holde Vedt Lige och lønne presterne som hos dennem skulde bo, som er m(et) deres breff oc Beuiis giffuet Vdj M. Hans gaasis tidt 1556, 1561, oc bispenn inth(et) aff sin rente forkortis, huilchet och siiden altidt er Holdet.”<sup>536</sup>

Det interessant spørsmålet om *kvifor* det vart slik, kjem me attende til i del V.

Som drøfta tidlegare finn me ingen spor av ombodsmenn på Trondenes før reformasjonen. På 1640-talet er det kyrkjevevjer i alle fall i nokre av dei nyare kyrkjene i kannikgjeldet, og frå

---

<sup>534</sup> *TJ*: fol. 188, Qvestio 1. I dette svaret fortel òg visepastoren at ålmugen har klaga fælt på dei andre anneksskyrkjeprestane sine vilkår, og kvar gardsmann har difor lagt i 2 pund fisk og kvar husmann 4 pund [må vera mark] til bordhald.

<sup>535</sup> Hamre 1983: 28–29.

<sup>536</sup> Schjelderup 1642.

Erik Bredal si tid veit me at superintendenten forpakta bort Trondenes-inntekta si til ein ombodsmann.<sup>537</sup> Frå 1661 var Nils Mortensson ombodsmann. Forpaktingsavgifta var då mellom 700 og 900 riksdalar årleg, og utanom dette beløpet skulle ombodsmannen på eiga rekning skaffe lys, vin og brød til alle kyrkjene i prestegjeldet. Likevel ser det ut til å ha vore eit overskot att, og det må ha vore meir lukrativt å vera bispens ombodsmann enn kongens fut, sidan Mortensson sa frå seg stillinga som kongens fut for å overta ombodsmannsjobben.<sup>538</sup>

Heller ikkje i reformasjonshundreåret har me tal som kan fortelja oss kva kannikgjeldinnehavaren sat att med av nettoinntekter. “Bispen var ikke regnskapspliktig over for noen.”<sup>539</sup> Men kva kan desse ulike utgiftspostane fortelja oss? Bredal meiner med sin rapport frå 1666 at utgiftene til kapellanløn og kyrkjevedlikehald syner han har lite igjen til ei anstendig superintendentløn. Sjølv om Imsen gjev Bredal rett i at kannikgjeldutgiftene er større enn på 1640-talet, meiner han likevel at utgiftspostane ikkje hadde noko ”dramatisk omfang”.<sup>540</sup> Og sjølv om fisken gav meir avkastning i 1589 enn i 1666, er det likevel grunn til å tru at superintendentinntektene også på Bredals tid var ”meget bra” – om ein samanliknar med dei andre superintendentane.

### 4.3 Om erkebispens økonomiske interesser

Ved reformasjonsutbrotet var erkebispen største turrfiskeeksportøren i Noreg. Han handla med det overskotet han fekk av tiend- og landskulddinnbetalingar, avgifter og bøter. Det er heilt uråd å estimere kva slags (eventuelt) overskot han fekk frå Sør-Troms åleine – truleg hadde heller ikkje erkesetet sjølv ei slik rekneskapsføring i seinmellomalderen. Men noko kan me sjølv sagt veta om inntektene og utgiftene – i vårt område – sett i samanheng, sjølv om ikkje dei svært få førreformatoriske kjeldene og heller ikkje dei etterreformatoriske kjeldene kan gje oss eit fullstendig bilete.

#### Inntektene

Erkebispen var den dominerande landeigaren i dei sørlege delane av bispedømet; ved reformasjonsutbrotet hadde han om lag 2170 spann smørskuld – og om lag 1398 av dette var i trøndelagsbygdene. Til samanlikning var krongodset der kring 152 spann – mindre enn kva

---

<sup>537</sup> Lysaker 1987(a): 204; Schielderop 1642; sjå meir i kapittel 11.1.

<sup>538</sup> Lysaker 1978(a): 158–60.

<sup>539</sup> Lysaker 1978(a): 158.

<sup>540</sup> Imsen 1982: 93, 95.



det minste av klostergodsa eigde.<sup>541</sup> Men han hadde òg store eigedomar i nord. På Aslak Bolt si tid var 1/10 av godsmassen nord for polarsirkelen, først og fremst i Lofoten, men han eigde òg gardar i Sør-Troms.<sup>542</sup> Rundt 1350 hadde erkebisen i følgje Lars Ivar Hansen 104 spann smør i jordegodsinntekter i Trondenes-fylket, 1/3 av det den jorda som skulle bli kannikgjeldet kasta av seg.<sup>543</sup> Men i Aslak Bolt si jordebok er det lite spor etter ny skuldsetjing i Trondenes, endå han altså hadde eigepartar i det same området og dels i dei same gardane som me finn nyskuldsette i trondenesjordebøkene ein generasjon tidlegare. No treng ikkje ny skuld for to eigarpartar i same garden følgjast åt – tvert om ser me tydeleg i trondenesjordebøkene at det er *gardpartar* som har fått ny skuld, ikkje heile garden. Det var altså, som Holmsen påpeikar, kvar enkelt eigar som kvar for seg sette ny skuld – utifrå kva som tente denne eigaren.<sup>544</sup> Og erkebisen og kannikgjeldinnehavaren *kan* ha hatt ulike mål og strategiar for skuldsetjingspolitikken sin – i alle fall kan dei ha prioritert arbeidet med å setja ny skuld på eigedomane sine ulikt. Det kan forklare kvifor det enno ikkje i Aslak Bolt si jordebok har kome ny skuld på eigedomane hans i Trondenes: Etter landskuldfallet prioriterte erkebisen dei mykje større og mykje meir innbringande eigedomane sine i Trøndelag, og på Aslak Bolt si tid er det rett og slett enno mykje ugjort i organiseringa og struktureringa av den gamle erkebispeeiga – noko Aslak Bolt såg og tok tak i. Rett nok var nokre av eigedomane hans i Trondenes-fylket noterte som aude, og ein kan seia at Aslak Bolt si jordebok gjev eit meir realistisk bilete av situasjonen etter svartedauden når det gjeld faktisk drift og med dét inntekter av jorda, enn det trondenesjordebøkene gjev. På 1430-talet var skuldfallet så godt som avslutta, mot for i trondenesjordebøkene, som skildrar situasjonen midt i nedgangen. Når me oftare hjå Aslak Bolt enn i trondenesjordebøkene får informasjon om *aude* gardar, meiner Kårstad dette er eit oppdatert bilete på situasjonen om lag når øydelegginga var på sitt mest omfattande, i dei tider gjenveksten starta i dette området<sup>545</sup> Men brorparten ev erkebispens eige i Trondenes-fylket har altså korkje ny skuld eller er notert som aude, så det økonomiske kartleggingsarbeidet for erkebisen var langtfrå avslutta, og det er difor vanskeleg å estimere jordegodsinntektene hans herifrå på 1430-talet.

---

<sup>541</sup> Dybdahl 1979: 273–274, 295f. Også til samanlikning var bispegodset i Bergen stift, det nest største stiftet i Noreg, mindre enn halvparten av erkebispegodset (Lysaker 1987(a): 20–21).

<sup>542</sup> Holmsen 1978: 112. Aslak Bolt hadde 33 eigedomar i Andenes-Trondenes, 87 i Salten, 119 i Lofoten/Vesterålen og 6 i Nord-Troms.

<sup>543</sup> Hansen 2003(b): 268.

<sup>544</sup> Holmsen 1978: 123.

<sup>545</sup> Kårstad 1981: 464.

Den svært lukrative landvarden, som gjev Aslak Bolt 800 fiskar frå både Nusfjord og Ballstad i Lofoten, finn me heller ikkje frå nokon av gardane i Trondenes-fylket.<sup>546</sup> I jordebøkene til Olav Engelbrektsson frå 1533 er derimot landskulddinntektene for erkebisen noterte, og dei 25 gardpartane frå Aslak Bolt si tid (5 av dei oppførde som aude), er vorte til 12, som samla kasta av seg 7 spann 1 pund smør, 2 fiskar og ei lakseelv.<sup>547</sup> Erkebisen har altså minka eigedomen sin i Sør-Troms mot slutten av seinmellomalderen.

Jordegodsinntekter er noko erkebisen får i kannikgjeldet, det er ”verdslege” inntekter, nett som inntektene hans av handelsverksemd. Det han får av kannikgjeldet, som ”geistlege” inntekter, er ¼ av tienda – som me altså ikkje har nokon førreformatoriske summeriske tal på, men som også for erkebisen må ha vore den viktigaste inntektsposten i rekneskapa.<sup>548</sup> I Olav Engelbrektssons rekneskapsbøker er det eit rekneskap frå Bergen i 1536 som fortel om 29 vågar fisk som er kome som tiendinntekter på jekta til Aslak frå Trondenes – men dette treng ikkje seia noko om det totale tiendvolumet. Det kan vera ei av mange skipslaster. Same kva tal ein retrospektivt legg til grunn, er det ingen ting som tilseier at heile erkebispefjerdedelen med fisketiend i 1536 skulle vera så låg som 29 vågar. For den første etterreformatoriske tiendkjelda, som me såg tidlegare i kapitlet, påstår at kongetienda (altså gamle erkebispetienda) i 1567 var 249 vågar fisk, 69 tønner korn og 8 vågar ost.

Av kannikgjeldet fekk erkebisen òg katedratikum – som skulle gå til domkyrkja, men vart disponert av erkebisen sjølv – og mikkelskorn, olavskorn og erkebispegåve. Og inntektene frå bøter, viss ikkje desse fylgde kannikgjeldet, som me drøfta i førre kapitlet. Frå den tida Aslak Bolt tinga med allmugen om mikkelskorn og olavskorn på 1430-talet, har me ingen dokumentasjon på at han var til Trondenes. Men summane på Helgeland var 1 våg korn eller 2 gilde fisk per mann alle stader, pluss 1 gild sperrefisk (dvs 2 samanbundne fiskar) i erkebispegåve (*gïof*), så truleg var dette òg betalinga frå Trondenes.<sup>549</sup> Om ein legg tiendpengeskatteliste frå 1521–22 til grunn, er det, i følgje Audun Dybdahl, 495 skattebønder i Senja len.<sup>550</sup> Det skulle då gje avgiftsinntekter til erkesetet på nesten 2000 gilde fiskar årleg. Det ville vore ein enorm sum – meir enn landvarden frå Nusfjord og Baltstad på 1430-talet til saman (sjølv om folketalet frå 1430 til 1520 hadde auka monaleg). Og sidan me

---

<sup>546</sup> AB: 158–159.

<sup>547</sup> OEJ: 22.

<sup>548</sup> Dybdahl 2004: 82.

<sup>549</sup> Dybdahl 2003: 302; Lykke 2000: 92.

<sup>550</sup> Dybdahl 2005: 39.

har få kjelder – og ingen frå Trondenes – som seier noko om den faktiske innbetalinga av dette, er det eit høgst ope spørsmål kor effektiv denne innkrevjinga var.<sup>551</sup> Og det som kom inn vart altså brukt til altarstiftingar ved domkyrkja, så ein kan seia det like mykje var inntekter til domkapitlet og kannikane som las messer ved desse altara, som det var erkebispeinntekter.<sup>552</sup> Omdefineringa av bruken av desse avgiftene, som frå gammalt skulle gå til fatigalmisser, blir av dei fleste forskarar tolka som eit ledd i Aslak Bolt sitt forsøk på å betre tilhøvet mellom erkebisp og domkapittel.<sup>553</sup> Meir om dette i del IV.

## Utgiftene

Erkebisen hadde altså mindre både av jordegods- og tiendinntekter frå Trondenes enn det dekanen hadde, men til gjengjeld hadde erkebisen skattane, avgiftene og i alle fall delar av bøtene. På Aslak Bolt si tid var avgiftsinntektene større enn landskuldinntektene.<sup>554</sup> Og sjølv om han hadde eit anna høve enn dekanen til å vera ein aktiv godsforvaltar og sjølv kunne regulere og eventuelt vedta nye avgifter, hadde han også mykje meir å bruke pengar på. Han hadde mellom anna to erkebispegardar å vedlikehalde, ein i Trondheim og ein i Bergen, og ei domkyrkje å byggje opp att, som brann i 1432.<sup>555</sup> Han hadde ein stor stab – militære og sivile, geistlege og verdslege. Og administrasjonsutgiftene auka truleg på seinmellomalderen igjennom.<sup>556</sup> Christian Lykke meiner Aslak Bolt var den første erkebisen som hadde setesveinar, og at desse etterkvart tok over mange av dei same oppgåvene som ombodsmennene hadde. Sjølv om erkebisen også heldt fram med å ha ombodsmenn utover på 1500-talet, til dømes for domkyrkja, som me såg tidlegare. Men til skilnad frå desse ser setesveinane ikkje ut til å ha hatt annan løn enn den skattefridomen dei fekk som erkebispens frie menn. Konkrete oppdrag fekk dei betaling for, som andre, men den daglege skjøttinga av erkebispens økonomiske og administrative saker, er ikkje spesielt utgiftsført nokon stad.<sup>557</sup>

Aslak Bolt betra kyrkja og sin eigen økonomi – og la det økonomiske grunnlaget for etterkomarane sine. Etter som erkebisen fekk ei stadig meir sentral rolle i riksstyringa – og fiskeeksporten ikkje vart mindre utover i seinmellomalderen – må utgiftene til erkebispens administrasjon ha vorte jamt større. Men han hadde økonomiske musklar – til tider større enn kongens, som når Christian II i 1517 (1518) pantsatte dei fleste nordnorske lena til erkebisp

---

<sup>551</sup> Lykke 2000: 90, 92.

<sup>552</sup> Lykke 2000: 91.

<sup>553</sup> Lykke 2000: 95; Joys 1955: 428.

<sup>554</sup> Lykke 2000: 132.

<sup>555</sup> Lykke 2000: 118f;

<sup>556</sup> Lykke 2000: 119.

<sup>557</sup> Lykke 2000: 121.

Erik Valkendorf. I det året var det altså gjennomført kyrkjestyre i Trondenes, då det verdslege styret og skatteinntektene låg hjå erkebisen og dei kyrkjelege hjå dekanen.<sup>558</sup> Med Olav Engelbrektsson sine ambisjonar kan ikkje utgiftene ha vorte mindre – særleg ikkje når han byrja å byggje Steinvikholmen i tillegg. Frå rekneskapsbøkene hans får me godt innblikk i lønsutbetalingar til folk han hadde både i si faste teneste og til handverkarar.<sup>559</sup> Audun Dybdahl trur likevel ikkje at utgiftene gjekk over styr: “I det store og hele må bunnlinjen i erkesetets regnskap vanligvis ha kommet ut på null, dvs. at man har satt tæring etter næring.”<sup>560</sup>

Av alle nordlege område var ikkje Sør-Troms det viktigaste for erkebisen som landeigar, men setesveintettleiken (ved reformasjonen var 49 av totalt 69 setesveinar i Nord-Noreg, og berre i Trondenes og på Senja hadde han heile 10 mann<sup>561</sup>) tyder jo på at han hadde store fiskehandelsinteresser i området – som gav inntekter, men samstundes må ha kosta.

#### 4.4 Om kongens økonomiske interesser

Som drøfta i kapittel 2, gav kongen truleg mykje av det konfiskerte høvdinggodset til Trondenes då han let byggje kyrkja. Men kongen eigde utover i seinmellomalderen framleis mykje jord i Sør-Troms; ved reformasjonsutbrotet om lag 25 % og i 1661 om lag 41 % av jorda.<sup>562</sup> I den etterreformatoriske auken låg det ein del gjenrydding/nyrydding, men først og fremst er det uttrykk for det godset kongen overtok etter erkebisen og klostera i 1537.

For *heile* Trondheim stift utgjorde dette store verdiar for kongen – berre klostergodset var om lag 8 gonger større enn det krongodset var i trøndelagsbygdene, og erkebispegodset var 13 gonger større.<sup>563</sup> Men i Trondenes var det, som me før har sett, relativt lite – klostergodset utgjorde 10 % og erkebispegodset om lag 5 %. Både erkebispegodset og klostergodset kan me følgje i dei etterreformatoriske kjeldene heilt til 1660-talet, for det blir ført i eigne rubrikkar. Alt klostergodset i Trondenes hadde høyrte til Bakke kloster ved Trondheim og i 1647 var det

---

<sup>558</sup> Lysaker 1978(a): 95; *NRJ* 1: 81.

<sup>559</sup> *OER*; Nissen 1998.

<sup>560</sup> Dybdahl 2004: 69.

<sup>561</sup> *OER*: 40.

<sup>562</sup> Bjørkvik og Holmsen 1972: 19.

<sup>563</sup> Lysaker 1987(a): 20–21.

skuldsett til 49 vågar fisk fordelt på 22 ulike gardpartar – og utgjorde framleis om lag 10 % av jordegodset i Senja.<sup>564</sup>

Men før dette – altså gjennom seinmellomalderen – er spørsmålet om korleis kongemakta styrkte seg såpass kraftig som jordeigar i feltet, interessant. Kongemakta kunne svinge seg opp i regionen av di ho kunne skattleggje den aukande befolkninga og den blømande økonomiske aktiviteten knytt til fiskeria. Inne i Astafjord, til dømes, gjekk kongen frå å eige maks 2,5 % av jorda i høgmellomalderen, til 26,65 % på byrjinga av 1600-talet.<sup>565</sup> Men korleis fekk ho tak i så mykje jordeigedom gjennom seinmellomalderen – ho fekk jo ingen sjelegåver? Dette er ikkje heilt lett å få auga på, meiner Lysaker, men nokre forklaringar finst.<sup>566</sup> Noko kom av det gamle adelsgodset kongen slo inn under seg, til dømes Gørvel Fadersdotter Sparre sin tredel av det som hadde vore Bjarkøy-gods, og noko kom i form av bøter og skattar og avgifter som sjølveigarar etterkvart måtte betala i form av jordeigedom.<sup>567</sup> I tillegg skulle nyryddingar i allmenning etter lova gå til kongen.<sup>568</sup> Hansen syner korleis halvparten av nyryddingsgodset – men berre ¼ av dei nye landskulddinntektene – i innfjordane i Astafjord gjekk til kongen.<sup>569</sup> Men heller ikkje han har noko fullgodt svar på kvifor kongen ser ut til å ha lagt såpass stor vinn på å skaffe seg jordeigedom i staden for å berre ha flest mogeleg skatteytande bønder.

Både gjenrydding av øydegardar og nyrydding er elles generelt vanskeleg å tidfeste til før eller etter reformasjonsutbrotet.<sup>570</sup> Sjølv om både trondenesjordebøkene og delvis Aslak Bolts jordebok viser at fleire av dei fiskerike samfunna i nord kom seg tidlegare på føtene att etter seinmellomalderkrisa enn mange område lenger sør, er det ikkje før i lensrekneskapa i 1567 me får ein peikepinn på kva som kan vera nye gardar. *Landskulda* i desse rekneskapa omfatta berre krongodset og det gamle erkebispegodset, medan det er gardsnamn knytt til ein del av personane i *leidangsskatten* som også har andre eigarar. Skattetrikkelen av 1647 er den første oversikta over *alt* jordegodset – med dei ulike eigarane til – i Senja len.

---

<sup>564</sup> SM: 46.

<sup>565</sup> Hansen 2000: 239. Då hadde kongen i tillegg overteke den minimale erkebispejordegodsdel på 1,4 %.

<sup>566</sup> Lysaker 1978(a): 81.

<sup>567</sup> Hansen 2000: 241; Lysaker 1978(a): 82.

<sup>568</sup> Sandnes 1971: 249–250.

<sup>569</sup> Hansen 2000: 242.

<sup>570</sup> Om utviklinga av eigarskapet til den gjenrydda/nyrydda jorda, sjå kapittel 11.2.

Men i 1567 får me altså greie på kongens gamle og nye jordegods, pluss tiendinntektene han overtok etter erkebispem. Dei nye jordegodsinntektene frå *stiftet* (som han altså overtok etter erkebispem), var 0,5 laup smør og 20,5 vågar 0,5 pund og 4 mark fisk (av det totale krongodset på 4 laupar, 1 pund 6 mark smør og 130 vågar fisk).<sup>571</sup> I lensrekneskapa frå 1611–1616 har dette halde seg veldig stabilt, og i skattematrikkelen av 1647 har verdien av det som var dei gamle stiftsgardane auka minimalt til 23 vågar og 1 pund, av samla krongods på 156 vågar og 1 pund fisk – pluss 14 vågar til, om ein tek med Giske-godset.<sup>572</sup> Bjørkvik og Holmsen har rekna den “reine” krongodsverdien som kongen tok inntekt av (utan klostergods og andre forleningar) i 1661 til å vera 166 vågar fisk.<sup>573</sup>

Figur 9: Kongens landskulddinntekter i Senja len

	1567	1647	1661
<b>Konge-landskuld</b>	<b>Konge:</b> 3 laup 1 pd 6 mark smør 109 våg 0,5 pd 4 mark fisk <b>Stift</b> (gamalt erkebisppegods): 0,5 laup smør 20,5 våg 0,5 pd 4 mark fisk	<b>Konge m/Giske:</b> 170 v 1 pd (stift 23 v 1 pd og Giske 14 v) <b>Bakke kloster:</b> 49 v ---- <b>Resten:</b> <b>Bispen:</b> 160 v 0,5 pd <b>Domkap:</b> 13,5 v 1 pd <b>Adel:</b> 43 v 2 pd <b>Odel:</b> 47,5 v <b>Lokalkyrkje:</b> 1 v 1 pd (alt i våg fisk)	<b>Krongods:</b> 166 vågar fisk

For å kunne jamføre med og sjå utviklinga i dei ”verdslege” jordegodsinntektene erkebispem hadde før reformasjonen i det området som fall saman med kannikgjeldet, er det interessant å kunne skilje ut det gamle erkebisppegodset/”stiftets” gods slik me har gjort over. Men når me i del V skal drøfte kongen og superintendenten som jordeigarar, er det jo storleiken på det *samla* krongodset som er interessant. Det gamle erkebisppegodset utgjorde definitivt ikkje så mykje, men medrekna Bakke klostergods blir kongen ein større jordeigar i Sør-Troms enn kannikgjeldinnehavaren utover på 1500-talet. Men Bakke-godset vart inndrege i 1537 og vidareforlent til danske adelsmenn umiddelbart, så kongen hadde ikkje årlege inntekter frå det.<sup>574</sup> Lik både dekanen, erkebispem og superintendenten hadde sjølvsgatt også kongen utgifter med jorda – i form av administrering og innkrevjing av inntekter. Men som drøfta for dei andre aktørane er det vanskeleg å skilja ut kva jordegodset i nett Senja kosta han.

<sup>571</sup> NLR 5; 210–217.

<sup>572</sup> SM: 46.

<sup>573</sup> Bjørkvik og Holmsen 1972: 15.

<sup>574</sup> Grunna krisetidene etter 1660 måtte kongen skøyte det til den nederlandske adelsmannen Jochum von Irgens i 1666, og det vart ikkje innløyst att før det gjekk til ein trønder og seinare seld til brukarane i 1762. (Lysaker 1978(a): 166–169.)

Som me såg tidlegare var tiendinntektene også etter reformasjonen framleis mest dobbelt så store for kannikgjeldinnehavaren som for kongen. Og også kongen hadde utgifter med tienda.<sup>575</sup> Det var bondelensmannen som krov inn tienda for kongen, etterkvart på vegner av futen, når denne under Christian IV klarare fekk rang *over* bondelensmannen, og ikkje sidestilt, som tidlegare på 1500-talet.<sup>576</sup> Bondelensmennene skulle ha 10 vågar kvar i løn for innkrevjinga, og om det var ein lensmann per tinglag, skulle det frå Senja i 1646 bli 90 vågar av kongetienda.<sup>577</sup> Med andre ord – 2/3 av fisketienda gjekk bort i løn til innkrevjaren.

Figur 10: Kongens tiendinntekter i Senja len

	1567	1611–30	1628	1646
<b>Konge-tiend</b>	69 t korn 8 v ost 249 v fisk	29,7 t korn 8,16 v ost 309,6 v fisk	39,5 t korn 8,17 v ost 240,84 v fisk	12,17 t korn 6,83 v ost 150,5 v fisk

Etter reformasjonen skulle bøteinntektene for brot på kristenretten til superintendenten, men andre typar bøter fekk kongen. Praksis syner seg likevel uklår – og i 1567 finn me til dømes i Vesterålen og Lofoten tre dommar for kjetteri – to av dei er også samstundes dømde for *brannsmål*.<sup>578</sup> Anne Irene Riisøy karakteriserer dette som “uspesifiserte seksuelle lovbrudd”<sup>579</sup>, men i lensrekneskapa sorterer dei under “Kronnenns sager” i staden for “Stigtenns sager”, som andre seksuallovbrotssaker. Men ho understrekar at det ser ut til å vera ein del inkonsekvens når det gjeld dette etter reformasjonen, og det kan ha å gjera med kor alvorleg brotsverket vart sett på.<sup>580</sup> Dette hadde jo også vore ein kontinuerleg strid mellom kyrkja og kongen mellomalderen igjennom, kven som hadde doms- og bøterett i kristenrettssaker. Mikkelskorn og olavskorn vart vidareførde, men omdefinerte til å brukast til løn til prestar og andre kongelege tenestemenn. Og kongen fekk sjølv sagt først og fremst dei verdslege skattane; han fekk leidangs- og etter kvart landskatt, i tillegg til mange spesial- og ekstraskattar som stadig vart utskrivne. Som før reformasjonen.

Kongen hadde hausta store skatteinntekter frå den veksande befolkninga og blømande fiskerinæringa mot slutten av seinmellomalderen, men dei økonomiske interessene hans i Sør-Troms auka på då kannikgjeldet og kyrkjeorganisasjonen kom under statleg kontroll i 1537.

<sup>575</sup> Bugenhagen rådde kongen til å la erkebispetienda gå til kyrkjene, men Christian III sa nei. (Kolsrud 2007: 189, 328ff.)

<sup>576</sup> Imsen 2004(e).

<sup>577</sup> Nedkvitne 1988: 618.

<sup>578</sup> *NLR* 5: 221.

<sup>579</sup> Riisøy 2006 : 198.

<sup>580</sup> I personleg e-post, 12.6.2013.

Både direkte gjennom nyerverva gods og tiend- og bøteinntekter, og indirekte gjennom den eventuelle påverknaden han hadde på forvaltninga av det store kannikgjeldgodset. *Den* problemstillinga kjem me attende til i del V.

#### 4.5 Om dei økonomiske verdiane si utvikling

Dei økonomiske inntektene frå det området som Trondenes kannikgjeld omfatta var store heilt sidan nydanninga rundt 1400. Fram til oppløysinga av kannikgjeldet i 1731 var det fleire aktørar som hausta av desse inntektene, men soknepresten var i heile perioden den som hadde hand om størstedelen av ressursane. Før reformasjonen var dét dekanen ved domkapitlet i Nidaros, etter reformasjonen var det superintendenten – som samstundes var dekan – i Trondheim stift. Men korleis sikra soknepresten desse ressursane? Korleis forvalta han kapitalen? Korleis var samspelet med dei andre aktørane som også hadde økonomiske interesser og moglegheit for utkome i kannikgjeldet? Kva slags prosessar, kva slags kampar var det som utspelte seg i fordelinga av desse ressursane?

At Trondenes, Sør-Troms og heile den nordlege kysten genererte store økonomiske ressursar på slutten av 1400- og på 1500-talet, er gamalt nytt. Mange forskarar har tidlegare analysert korleis desse økonomiske ressursane fordelte seg, og kven som nytte godt av dei, og fleire har konkludert med at mest alle verdiane vart sende ut av landsdelen. Men til kva vart ressursane brukte, og korleis måle verdjar? Når tienda og landskulda frå Trondenes blir sende til dekanen i Nidaros, betyr det nødvendigvis at lokalbefolkninga i Sør-Troms sit ribba attende? Når Trygve Lysaker (1978(a)) og Håvard Dahl Bratrein (1994) meiner at landsdelen vart økonomisk utarma, men samstundes var rik på kulturelle uttrykk grunna det internasjonale sambandet som turrfisknæringa skapte, må det vera interessant å spørja kva slags tilhøve det eigentleg var mellom ulike type verdjar, kva var tilhøvet mellom økonomiske verdjar og kulturelle verdjar, mellom økonomisk kapital og kulturell kapital? I neste kapittel skal me sjå meir inngåande på korleis Bourdieus feltanalyse og kapitalomgrep kan vera nyttige analyseverktøy for å forstå meir av korleis ulike nettverk vart danna og omdanna i den stadige kampen om ressursane og verdiane som kannikgjeldet Trondenes genererte i hundreåra før og etter reformasjonen.



### Del III      Trondenes kannikgjeld som felt

I innleiingskapittelet i del I vart Pierre Bourdieu sine omgrep om felt, habitus og kapital introduserte og drøfta. Kapittel 2 var ein gjennomgang av dei ulike aktørane *rundt* og framveksten *av* kannikgjeldet, og i kapittel 3 og 4 i del II har me sett på den økonomiske kapitalen som kannikgjeldet Trondenes genererte. Denne og dei tre neste delane har som siktemål å sjå korleis dei ulike aktørane søker og disponerer den økonomiske kapitalen – gjennom danning og omdanning av ulike nettverk og gjennom mobilisering av ulike verdiar og kapitalar. Med andre ord – kva går føre seg i feltet Trondenes før og gjennom reformasjonen?

Kapittel 5 er ei drøfting av Bourdieus teoriar og omgrepsapparat, kapittel 6 til 11 i del IV og V er ein analyse av feltet Trondenes før og gjennom reformasjonen, og kapittel 12 og 13 i del VI er konklusjonar i ei samanfattande avslutting og ei drøfting av *kva slags* reformasjonshistorie me kan sjå i Trondenes.

## Kapittel 5: Trondenes kannikgjeld som felt

Trondenes kannikgjeld er ikkje berre ei kyrkjeadministrativ eining i eit geografisk område i Sør-Troms i hundreåra før og etter reformasjonen. Det er ein ”verdigenerator” som produserer ressursar som står i relasjon til kvarandre – skattar, avgifter, varer, tenester, folk – og det er såleis eit sosialt rom, eit sosialt felt, som inneheld ”felles anerkjende verdier” som aktørar med ulike posisjonar kjempar om. Kannikgjeldet er ei avgrensa eining både geografisk og innanfor kyrkjeorganisasjonen, samstundes som denne avgrensinga endrar seg gjennom seinmellomalderen og reformasjonshundreåret. I feltet, derimot, er det ikkje alltid like klare yttergrenser, det er “potensielt ope og ... har *dynamiske grenser*”<sup>581</sup>, og det kan vera meir fruktbart å sjå posisjonane i feltet meir som tyngdepunkt som strålar ut påverknad og innflytelse, og som såleis dannar nettverk av relasjonar mellom posisjonane. Å tenkje i felt er å tenkje relasjonelt, seier Bourdieu.<sup>582</sup> I desse nettverka går det føre seg ein kamp om kva som høyrer til i feltet, kva som er dei ”felles anerkjende verdiane” og kva slags verdsettjingsstruktur desse verdiane skapar. Ein feltanalyse skal avdekkje korleis desse kampane utspelar seg i feltet, og dei blir ofte omtalte, også av Bourdieu sjølv,<sup>583</sup> i kortspelmataforar: Aktørane deltek i eit spel, der dei beste stikka blir tekne av dei som er dyktigast på å utløyse verdier gjennom dei korta ein har fått delt ut. I Trondenes blir kampen om makt høgaktuell med reformasjonen, og det som framfor alt gjer det interessant å sjå Trondenes kannikgjeld som eit felt, er religions- og styringsskiftet som går føre seg midt på 1500-talet. Korta blir delte ut på nytt, for å bruke spelmetaforen, men i kva grad endrar spelarane posisjon? Og kjem det til nye spelarar? Korleis blir ressursane omfordelte? Korleis går kampen om verdiane føre seg?

### 5.1 Felt

Eit sosialt felt har fleire dimensjonar og kan ha eigne underfelt som grip inn i ein annan.<sup>584</sup> Dei kan til dømes sjåast som horisontale versus vertikale, som aust-vest versus nord-sør, dei kan tolkast vertikale versus transversale (ein kan bevege seg opp og ned i same feltet eller frå felt

---

<sup>581</sup> Bourdieu og Wacquant 1995: 89.

<sup>582</sup> Bourdieu og Wacquant 1995: 82.

<sup>583</sup> Bourdieu og Wacquant 1995: 83–85.

<sup>584</sup> Bourdieu og Wacquant 1995: 89. Bourdieu opererer også med eit “maktfelt” som på eit vis er overordna eller ligg utanfor eller før dei andre felte – og som definerer makta som er til rådvelde for dei andre felte. Mange har hatt problem med å få ordentleg tak på dette forholdet mellom maktfelt og andre felt, og noko av grunnen, meiner Lene Maria Kühle, kan vera at det ser ut som om dette maktfeltet føreset ein (nasjonal)stat, noko som blir vanskeleg å handtere i ein del analysar. Så også i min. “[I]t is true that Bourdieu’s theory of fields seem to “lack ... any convincing account of the articulations between different national fields and sub-fields, and between those national fields and the increasingly important supranational fields, whether economic, political or cultural” (Lane 2000: 199). (Kühle 2004: 65.)

til felt)<sup>585</sup> eller dei kan vera religiøse versus verdslige. I tillegg til at felta har meir og mindre klare grenser, kan dei også ha ulik form og ulik storleik.<sup>586</sup> Bourdieu opererer vanlegvis med todimensjonale felt – med ein horisontal akse som uttrykkjer *ortodoksi*<sup>587</sup> og ein vertikal akse som uttrykkjer *hierarki*<sup>588</sup>. Dess meir hierarki i eit felt, dess høgare er det, og dess meir ortodoksi i eit felt, dess tynnare er det. Philip S. Gorski har oppsummert kombinasjonen av desse i det han meiner er fire grunnleggjande feltformer: 1) pyramidar, 2) tårn, 3) fjell og 4) store boksar.<sup>589</sup>

Figur 11: Fire grunnformer for felt




Figure 1. Field types.

(Etter Gorski 2012: 333.)

I trondenesfeltet meiner eg det er to dimensjonar, to underfelt som møtest: Det *kyrkjeadministrative* feltet, der prestegjeldet er ein del av den internasjonale pavekyrkja, som eitt kannikgjeld i erkebispedømet Nidaros, og det *regionale* feltet, der prestegjeldet er ein del av lokalsamfunna i Sør-Troms. Desse to underfelta synleggjer korleis det sosiale rommet Trondenes sprengjer grensene for det geografiske rommet Trondenes, men det er nettopp i

<sup>585</sup> Nygaard 2013: 19.

<sup>586</sup> Gorski 2012: 330.

<sup>587</sup> Graden av interesse (*illusio*) og det inneforståtte, det som blir teke for gjeve (*doxa*) hjå aktørane som held feltet saman. Sjå meir om *interesse/illusio* lenger ned.

<sup>588</sup> Graden av makt og prestisje.

<sup>589</sup> Gorski 2012: 333.

den overlappande sameininga av desse – i feltet Trondenes – at ein må søkje svar på korleis felles ressursar blir kjempa om, altså korleis kapital blir brukt og konvertert.<sup>590</sup>

Berøringspunkta mellom desse to underfelta er mange, og den heilt sentrale aktøren, omdreiingspunktet på mange vis, er soknepresten i kannikgjeldet – dekanen før reformasjonen og superintendenten etter. Det er denne posisjonen som gjennom heile perioden disponerer størstedelen av den kapitalen som det blir kjempa om i feltet.

Kan ein difor sjå hovudfeltet Trondenes som eit religiøst felt – utgangspunktet er jo ei kyrkjeleg eining? Ja, ville kanskje Bourdieu seia – eit religiøst felt, som autonomt frå andre felt, oppstår når det blir arbeidsdeling og klasseutvikling i eit samfunn, og grupper deler seg basert på religiøst arbeid som skapar ein spesifikk religiøs kapital – altså at det blir eit skilje mellom religiøs ekspertise og lekfolk.<sup>591</sup> Han meiner dei religiøse felta sin gullalder var nettopp mellomalderens Vest-Europa, då lekfolk var mest heilt ekskluderte frå å kunne opparbeide seg religiøs kapital.<sup>592</sup> Presteskapet styrde alt. Men korleis avgrense eit religiøst felt i eit gjennomkriste samfunn som det på 1400- og 1500-talet? Det blir vanskeleg å tidfeste "oppkomsten" til det religiøse feltet på Trondenes – då må ein fleire hundre år attende, eventuelt fleire hundre år fram. Det som derimot kunne vera lettare var å snakke om oppkomsten av det "protestantiske feltet" eller det "statskyrkjelege feltet" etter reformasjonen. Religionssosiologen Terry Reys definisjon av religiøst felt er "the social space in which religion most centrally takes place; a sub-space of society that is a network of relations between individual and institutional agents in various positions relative to the production, administration and control of forms of religious capital".<sup>593</sup> Både før og etter reformasjonen gjennomsyrrar kristendomen samfunnet i Trondenes kannikgjeld,<sup>594</sup> og inntektene – den økonomiske kapitalen – kjem frå både verdslege (jordeigedom) og religiøse (tiend) kjelder. Difor meiner eg det ikkje er særleg fruktbart å sjå det religiøse feltet fråskild resten av feltet Trondenes, eller å studere feltet Trondenes avgrensa "berre" som eit religiøst felt.<sup>595</sup> Dei to underfelta må heller ikkje forståast som høvesvis eit religiøst og eit verdsleg felt, men begge som både religiøse og verdslege.

---

<sup>590</sup> Hansen 1997(b): 325–326.

<sup>591</sup> Bourdieu 1991: 5; Rey 2007: 75–78.

<sup>592</sup> Bourdieu 1991: 26, Kühle 2004: 67. Terry Rey meiner Bourdieus religiøse felt best kan studerast i koloniale og tidlege post-koloniale samfunn som New England på 1600- og 1700-talet. (Rey 2007: 106.)

<sup>593</sup> Rey 2007: 155.

<sup>594</sup> Samane utfordrar grensene i dette feltet, sjå lenger ned.

<sup>595</sup> Også Bourdieu meiner religiøse felt ofte overlappar med andre felt – men det er litt uklart korleis. (Kühle 2004: 70–71.)

Og viss me då plukkar opp att Gorskis definisjonar, kan det sjå ut som at det *kyrkjeadministrative* underfeltet er eit typisk “pyramide”-felt, med “a high degree of hierarchy and a high degree of orthodoxy, which increase with position in the hierarchy”.<sup>596</sup> Det *regionale* underfeltet vil vera eit ikkje like typisk, men noko som liknar på eit “stor boks”-felt, med “low degrees of hierarchy and low degrees of orthodoxy but strong horizontal ties based on permeable organizations and overlapping networks”.<sup>597</sup> Det er sjølvsagt ein viss grad av hierarki også i det regionale feltet, med meir makt og prestisje knytt til dei med størst økonomisk kapital. Men “gjennomtrengelig organisering” og “overlappende nettverk” er merkelappar som passar. Saman skulle då pyramiden og den store boksen overlappe og utgjera *trondenesfeltet*. I kapittel 12 skal me sjå om det er så at desse formene passar på trondenesfeltet, og i kva grad dei endrar seg gjennom perioden.

Aktørane<sup>598</sup>, altså feltdeltakarane, må vera anerkjende av kvarandre, og dei må forhalde seg, medvetne eller umedvetne, til strukturen, relasjonane, i feltet. Aktørane kan vera individ, grupper eller institusjonar, og dei ulike posisjonane dei har vil alltid vera utgangspunkt for maktkamp, ulik dominans og innflytelse. Men Bourdieu meiner dei ulike posisjonane i eit felt er meir enn medvetne aktørar av kjøt og blod. Posisjonen dekan er meir enn den personen som med sin habitus til eikvar tid ikkjøtar stillinga. Det er posisjonen som både er sokneprest til Trondenes og leiar for domkapitlet i Nidaros – det er posisjonen dekan som kan utløyse kamp om makt og ressursar, til dømes i spørsmålet om korleis tienda blir disponert, der dekanen qua sokneprest til Trondenes og dekanen qua domkapittelleiar i Nidaros truleg kan ha ulike interesser.

Vidare meiner Bourdieu at nettverka i felta hans ikkje er sette saman av handlande aktørar, men av ”objektive samband mellom posisjonar”.<sup>599</sup> Og han understrekar altså at det å tenkje i felt er å tenkje relasjonelt: ”Det som finst i den sosiale verda, det er relasjonar – ikkje samhandlingar eller intersubjektive band mellom agentane, men objektive relasjonar som eksisterer ”uavhengig av individuelle medvit og viljar””. Difor, for å studere den sosiale verda, må ein studere relasjonane, strukturane og motsetningstilhøva i felta – som finst

---

<sup>596</sup> Gorski 2012: 333. Han nemner sjølv den romersk-katolske kyrkja og den gamle sovjetstaten som andre typiske døme.

<sup>597</sup> Gorski 2012: 333. Som døme på slike felt nemner Gorski radikale subkulturelle miljø som pønkarar og “social movement industries”.

<sup>598</sup> Bourdieu nyttar sjølv jamlegast omgrepet *agent*, men han blir ofte omsett med *aktør*. (Bourdieu & Wacquant 1995: 11f.)

<sup>599</sup> Bourdieu & Wacquant 1995: 81f.

uavhengig av dei enkelte individa som høyrer til der.<sup>600</sup> Eit individ, ein aktør, kan vera i fleire posisjonar, difor må posisjonane forståast som eit system av ulikskapar som er objektivt definerte i høve til kvarandre.

For å operasjonalisere det relasjonelle må me setja i hop det systemet av relasjonar – dei nettverka – som bind saman posisjonane i feltet. Altså: Korleis er nettverket mellom leiglendingar, setesveinar, dekan og erkebisp i feltet Trondenes? Eller nettverket mellom pave, erkebisp, dekan, visepastor, annekskyrkjeprest i det kyrkjeadministrative feltet Trondenes? Eller nettverket av andre jordeigarar, vikarprestar, sokneborn som treng sjelesorg, sokneborn som gjev sjelegåver i det regionale feltet Trondenes? Og korleis dette *endrar* seg fram mot og gjennom reformasjonen skal altså dei neste seks kapitla i denne avhandlinga dreie seg om.

Kampen i feltet er òg ein kamp om å kunne definere kven som kan høyre til innanfor grensene til feltet. Nye aktørar og posisjonar kan koma til, men spelereglane i eit felt er lagt, og nykomarar må forhalde seg til desse. Bourdieu vil såleis meine at i dei fleste tilfella vil feltet bli reprodusert, men han opnar òg for at spelereglane kan bli endra ved at verdsetjingsstrukturen i feltet blir omforma. Med andre ord – etter religionsskiftet ved reformasjonen kjempar framleis aktørane rundt trondeneskyrkja om dei same verdslege og åndelege verdiane: kallet, prestestillingar, jordeigedomar, tiendinntekter, syndeforlating og nåde. Men, verdsetjingsstrukturen kan aktørane vera med og endre. Kyrkjekunsten vil til dømes ikkje lenger ha den same symbolske kapitalen i den protestantiske statskyrkja som i den katolske pavekyrkja. Men kva med lokalprestane og sokneborna – er det grunn til å tru at dei umiddelbart ville minke verdsetjinga si av den kunsten dei kjende i kyrkja? Sjelegåver kan ikkje lenger gjevast og sjelemesser kan ikkje lenger kjøpast, men er det grunn til å tru at kristensjelene ikkje lenger ynskte å aktivt kunne gjera noko med si eiga syndeforlating og behov for nåde? Feltet er staden for styrkeforhold, og kampane står heile tida mellom reproduksjon og omforming – feltet er såleis dynamisk og elastisk. Og når aktørane gjennom maktkampane i feltet endrar dei objektive relasjonane, altså korleis posisjonane står i høve til kvarandre, kan dei sjølvstøtt òg prøve å endre spelereglane. Når kongen overtek både jordegodset til erkebisen og den kyrkjeadministrative leiarrolla etter reformasjonen, ja, då blir dei objektive relasjonane endra, og kongen kan vera med å forme spelereglane.

---

<sup>600</sup> Esmark 2006: 107.

Mange har møtt utfordringar ved å nytte Bourdieu for å skildre endring. Bourdieu har vore meir oppteken av kontinuitet og reproduksjon, enn endring og brot – av di han meiner det fyrste er meir grunnleggjande enn det siste.<sup>601</sup> Men kanskje særleg i studiet av førmoderne samfunn blir dette interessant: spenningane mellom det som fører til brot og rask endring og det som er djupare samfunnsstrukturar som endrar seg seint. På eitt vis er tilsynelatande alt ved det gamle i Trondenes også etter reformasjonen – kyrkja, ved domkapitlet, er framleis største jordeigaren, og kyrkja er framleis staden for å få nåde. Men måten både jord og nåde blir forvalta på, endrar seg. Verdiane er dei same, men korta er delte ut på nytt, nye aktørar er komne til i feltet og desse er med og endrar spelereglane og verdsetjingsstrukturen.

Om spelereglane blir endra internt i feltet, kan også eit felt transformere element utanfor seg sjølv og omdanne det til feltets eigen logikk, seier Bourdieu. Altså – kva kan Trondenes endre utanfor seg sjølv og omdanne til ein eigen logikk? Det kan vera grunn til å tru at forholdet mellom nordmennene og samane – som primært budde inne i fjordane aust for Trondenes, men også innimellom og jamsides den norrøne busetjinga utover mot kysten – endra seg med reformasjonen. Den intensiverte misjoneringa kom ikkje for fullt før på 1700-talet, men når det etterkvart går opp for kongen i København kva for misjonsmarker det framleis er i hans nordlegaste stift, ser me aukande freistnader på kristningsframstøyt overfor samane på 1600-talet.<sup>602</sup> I det regionale feltet Trondenes er samane til stades både før og etter reformasjonen, medan i det kyrkjeadministrative feltet vil forholdet mellom nordmenn og samar i alle høve vera eit grensefenomen, der samane i hundreåra før og etter reformasjonen er i ein langvarig prosess av å bli kristna. Dette må kunne seiast å vera døme på ein prosess der noko bli *omdanna* og *inkorporert* i heile feltet Trondenes sin eigen logikk.

Felt-omgrepet til Bourdieu er uløseleg knytt saman med fleire andre omgrep. Me skal i det vidare sjå nærare på habitus og kapital.

---

<sup>601</sup> Prieur 2006: 59.

<sup>602</sup> Berg, Storm og Bergesen 2011: 153–158.

## 5.2 Habitus og kapital

### Habitus

*Habitus* kan, som me drøfta i kapittel 1.2, oppfattast som eit “sett av internaliserte disposisjoner for handling”. For å forstå kvifor aktørar handlar som dei gjer, må me sjå og forstå habitusen deira i den gjensidige og kontinuerlege utviklinga innan dei sosiale felta dei opererer i. Habitus vil konstant redefinere seg sjølv, ved at stadig nye erfaringar blir inkorporerte i handlingsdisposisjonane, og habitus er såleis lenka mellom fortid, notid og framtid. Såleis kan “endra habitus” vera eit like fruktbart analyseomgrep som “mentalitetsendring” når me skal prøve forstå det komplekse innhaldet i og resultatet av reformasjonen. Gjennom reformasjonen går det føre seg ei tosidig utvikling: På den eine sida blir den protestantiske kyrkja sentralisert under kongen og ho monopoliserer tolkingane, avviser kyrkjefedrane og kanonisk rett og set Bibelen som den einaste rettesnora for sann og tru lære. På mange område er Bibelen også lenge lovbok, før Christian IVs norske lov av 1604 regulerer ei rekkje område som kanonisk rett hadde teke seg av før reformasjonen. Dei europeiske reformprosessane som heldt fram utover på 1500-talet blir i Danmark-Noreg strengt avviste av ein ortodoks Christian IV. Det katolske høvet til å gå til skrifte, gjera opp for seg og leva vidare blir avvist. Samstundes privatiserer den nye kyrkja einskildmenneskas tilhøve til Gud – du er einast ansvarleg direkte overfor Gud og som Luther seier; *sole scriptura*, skrifta åleine, skal vise veg. Denne individualiseringa starta allereie på slutten av seinmellomalderen – Luther kom ikkje or inkje – og opnar seinare vegen for demokratisering og etter kvart modernisering, og kan såleis vera eit døme på at habitus og sjølv feltet kan endre seg med ulik takt. Altså – det blir ei spenning mellom kyrkjjas forsøk på ortodoks monopolisering og den, av kyrkja sjølv oppmoda, aukande individualiseringa av trua. Det kan difor oppstå utakt; konflikhtar, ulike rasjonalitetar og tilsynelatande anakronistiske motsetnader mellom aktørane i feltet, før dei er synkroniserte igjen.

Eit materielt "utaktdøme" frå feltet Trondenes er marknaden for turrfiskhandelen. Som me har sett vart både landskuld og tiend betalt i fisk, og når denne næringa stagnerte med minkande marknader og etterkvart dramatisk fall i fiskeprisane frå slutten av 1500-talet, vart dei økonomiske tilhøva i feltet Trondenes endra for dei ulike aktørane, utan at til dømes skattleggingssystemet eller dei lokale prestanes utsikter til inntekter i første omgang



reflekterte dette. Det er dette utaktfenomenet som i bourdieuske termar blir kalla *hysteresis*,<sup>603</sup> og det er eit hovudargument for at habitusomgrepet alltid må brukast i samanheng med felt, elles mistar det sin relasjonelle, og dermed dynamiske karakter.<sup>604</sup> Altså – for å forstå ein del av motsetningane mellom aktørane i det vakuumet som på mange måtar reformasjonen var gjennom 1500-talet, må me sjå korleis deira habitus heng saman med feltet.

Bourdieu blir ofte feillese dit at det alltid er målmedvet og intensjon hjå aktørane og deira strategiar, og med det blir *interesse* (“*illusio*” hjå Bourdieu<sup>605</sup>) redusert til å alltid handle om hang til økonomisk eller materiell profitt.<sup>606</sup> Men habitus er korkje mekanisk respons på ytre tvang *eller* rasjonell individuell handling,<sup>607</sup> og strategiane til aktørane spring difor ut frå *møtet mellom* habitus og sosiale omstende.<sup>608</sup> Bourdieu utvikla i si tid felt-omgrepet på bakgrunn av refleksjonar rundt Webers religionssosiologi.<sup>609</sup> Webers utgangspunkt er ein økonomisk modell der dei sosiale aktørane berre rettar seg etter ein regel i den grad interessa for å følgje regelen overgår interessa for å bryte han. Weber nytta modellen for å avsløre dei spesifikke interessene til hovudaktørane i det religiøse spelet; prestar, profetar og trollmenn. Så – kva slags reglar handla desse etter? I kva for reglar var dei religiøse interessene – den religiøse eigenverdien – sterkast? Bourdieu vil ikkje stille spørsmåla slik og seier heller at før me prøver skildre reglane som aktørane har interesser i, må me sjå etter kvifor slike reglar eventuelt er verknadsfulle.<sup>610</sup> Kan ein alltid måle kva slags interesser som dreg og veg tyngst? På ein måte er interesse inkarnasjonen av habitus, som i seg sjølv er skapt av feltomgjevnadane som individet passerer gjennom.<sup>611</sup> Interesse er difor meir enn eigeninteresse, seier Bourdieu, og han tek avstand frå førestillinga om dei materielle interessenes primat og følgjeleg freistnaden på å byggje generelle teoriar om økonomisk rasjonelle aktørar.<sup>612</sup> Nettopp ved å sjå at habitus, kapital og felt heng saman i ei treeinig analytisk rørsle, kan ein utvide interessesfæren til å handle om noko meir enn materialistisk interesse i medveten, intensjonell og planlagt framrykking mot kalkulererte mål, seier Loïc J.D.

---

<sup>603</sup> Maton 2008: 60.

<sup>604</sup> Maton 2008: 63.

<sup>605</sup> Bourdieu nyttar etterkvart termen *illusio*, i staden for det strengt materialistiske *interesse*, "sidan eg alltid talar om dei spesifikke interessene som på ei og same tid er føresette og produserte av måten historisk avgrensa felt fungerer på." (Bourdieu & Wacquant 1995: 101.)

<sup>606</sup> Bourdieu & Wacquant 1995: 39.

<sup>607</sup> Bourdieu 1999: 144, 152.

<sup>608</sup> Broady 1990: 234.

<sup>609</sup> Bourdieu & Wacquant 1995: 100f.

<sup>610</sup> Bourdieu & Wacquant 1995: 100f.

<sup>611</sup> Grenfell 2008: 154.

<sup>612</sup> Broady 1990: 209; Gorski 2012: 361–362.

Wacquant i innleiinga til Bourdieu og Wacquant 1995.<sup>613</sup> *Interesse* er (difor sjølv sagt) historisk arbitrær, ein historisk konstruksjon som fordrar analyse ved hjelp av empiri.<sup>614</sup> Og *min* analyse skal då prøve å avdekkje kva for interesser aktørane i trondenesfeltet handlar etter – tilseier habitusen til aktørane i trondenesfeltet at maktkampen først og fremst handlar om å kara til seg mest mogeleg pengar, eller kjem det til syne andre rasjonalitetar?<sup>615</sup>

## Kapital

Det som avgjer plasseringa til dei ulike posisjonane i eit felt, er den samla, kvalitative mengda ressursar aktørane har – det Bourdieu kallar kapital.

*Økonomisk* kapital er altså pengar – eller andre verdimål, som smør eller turrfisk – som ein kan kjøpe eller betala med. I kapittel 3 gjekk me gjennom kva for kjelder som genererte økonomiske inntekter i Trondenes kannikgjeld, og her trengst ei ytterlegare presisering av kvifor eg reknar nett dei inntektene i kannikgjeldet som relevant for Trondenes *som* felt: Når det gjeld landskulda er det i utgangspunktet berre dei jordegodsinntektene som ligg til dekanen/superintendenten som høyrer til i *kannikgjeldet*. Tiend frå kannikgjeldet har både erkebisp og seinare konge også, men landskuldinntektene til erkebisp og konge høyrer strengt tatt ikkje inn i dei verdiane som kannikgjeldet generer. Dei er verdslege inntekter i Sør-Troms. Såleis kan det verke utilstrekkeleg å ikkje ta med dei verdslege inntektene frå leidangs- og landskatt også i det totale reknestykket om dei ulike aktørane maktgrunnlag. Men hovudspørsmålet mitt er kva for inntekter og verdiar kannikgjeldet genererer *qua felt*. Og i feltet Trondenes er landskuldinntektene noko ein kjempar om, kristenrettsbøtene likeså, medan dei verdslege skattane er det ikkje kamp om på same måten – dei involverer ikkje dei kyrkjelege aktørane og er ikkje felles anerkjende verdiar (i forståinga av at dei ikkje er tilgjengelege for alle) i feltet. Og eg er altså på jakt etter korleis denne økonomiske kapitalen kan konverterast til annan kapital – i kampen om posisjonane i feltet – og eg er på jakt etter

---

<sup>613</sup> Bourdieu & Wacquant 1995: 39.

<sup>614</sup> Det er ved hjelp av interesse Bourdieu har fått feltanalysen inn på spelmetaforen – *illusio* kjem av *ludus*, latin for *spel*. (Bourdieu & Wacquant 1995: 83.) For samstundes som interesse ikkje berre er motsatsen til mangel på interesse, er det også motsatsen til likesæla – “ataraksien”. (Bourdieu & Wacquant 1995: 39.) Ved å ha interesse, eller vera i ein tilstand av *illusio*, då er du fanga, verjelaust, i spelet, men ved ein tilstand av ataraksi – likesæle – er du ikkje det. Ved *illusio* er du interessert, du vedgår at spelet fører fram mot noko som gjev meining, det motiverer deg, men ved ataraksi vedkjem ikkje spelet deg (men om ein manglar interesse eller motivasjon, kan ein likevel vera del av spelet). Og aktørane tilhøve til religion og kyrkje er i mellomalderen så definitivt prega av *illusio*, ikkje ataraksi. Det er vanskeleg å kunne tenkje seg eit mellomaldermenneske i feltet Trondenes som kunne stille seg likesæl til kyrkja og religionen.

<sup>615</sup> Gorski 2012: 362.

andre uttrykk for verdiar som kan nyttast som kapital i denne kampen. Og for å koma dit , må me ta ein runde om Bourdieus fjerde kapitalomgrep – den symbolske.

Bourdieu's kapitalagenda har vore å syne at den økonomiske, materielle kapitalen er vel så interessant å studere *i ljøs av* hans to immaterielle motpartar – den kulturelle og den sosiale.<sup>616</sup> Men i tillegg til desse tre grunnkapitalformene kjem den symbolske kapitalen, som er noko vanskelegare å plassere sidan Bourdieu sjølv ikkje nyttar omgrepet heilt eintydig. Loïc J. D. Wacquant skriv at symbolsk kapital er eitt av dei mest komplekse omgrepa Pierre Bourdieu har utarbeidd, og han meiner at heile arbeidet til Bourdieu kan lesast som ei jakt på dei diverse formene og verknadene av den symbolske kapitalen.<sup>617</sup> Er han noko heilt anna enn dei tre grunnkapitalane? Korleis er tilhøvet til dei andre kapitalane? Er han noko dei andre ikkje er? Er det ei samleform eller utelukkar han andre kapitalar? Er det ein kapital som står over dei hine?

Bourdieu's lesarar er ikkje samde – me kan illustrere med eit døme frå to mellomalderforskarar som har nytta Bourdieu's omgrep: Catharina Andersson omtalar det å gje gåver til klostra som ei prestisjefyllt sosial handling som knyter band, og dermed er sjølve gåvegjevinga, i eit samfunn som veit å setja pris på dette, noko som gjev symbolsk kapital.<sup>618</sup> Lars Ivar Hansen brukar omgrepet delvis likt, sjølv om han heller ikkje er heilt klar, når han omtalar bønder i Fyresdal som gjer andre typar eigedomsoverdragingar enn det ein ser elles i landet: ”Men i de overordnede eiendomsdisponeringene opererte tydeligvis telemarksbøndene etter et annet system og etter en annen oppfatning av sosial/symbolsk kapital...”<sup>619</sup> Andersson seier vidare at ho er tvilande til å nytte heile Bourdieu's omgrepsapparat av di ho meiner det ”svåriligen kan överföras till en medletida kontext”, men at symbolsk kapital er vel brukande og eit relativt uproblematisk omgrep å bruke metodisk for mellomalderforskarar – i ”motsats till exempelvis kulturellt kapital”.<sup>620</sup> Altså – kan symbolsk kapital vera det same som sosial kapital, som Hansen meiner, og er det definitivt ikkje det same som kulturell kapital, slik Andersson skriv?

---

<sup>616</sup> Bourdieu 2006: 6.

<sup>617</sup> Bourdieu & Wacquant 1995: 104, fotnote 32.

<sup>618</sup> Andersson 2006: 67.

<sup>619</sup> Hansen 2010(a): 159.

<sup>620</sup> Andersson 2006: 67, fotnote 99.

Det ser ut til å vera tre hovudsynspunkt på tilhøvet mellom symbolsk kapital og dei andre kapitalformene: Sume forskarar ser symbolsk kapital som eit overordna, meir generelt omgrep for kulturell kapital, til dømes Donald Broady, som samstundes understrekar at sosial kapital med det ikkje er ei underform av symbolsk kapital.<sup>621</sup> Andre, som Robert Moore, meiner det kapitale hovudskiljet går mellom økonomisk og symbolsk kapital, der alle andre kapitalformer, ikkje berre den kulturelle, er underformer for symbolsk kapital.<sup>622</sup> Symbolsk kapital er såleis alle former for kapital som ikkje er materiell.<sup>623</sup> Medan atter andre, som Kim Esmark, meiner alle dei tre grunnkapitalformene kan syne seg i symbolsk kapital: ”Symbolsk kapital er simpelthen den form eller tilstand, enhver kapital eller blanding av kapitaler kommer til at antage, når den/de bringes i spil i en social sammenheng, hvor den/de bliver anerkendt, tilskrevet værdi og dermed giver social anseelse.”<sup>624</sup> Altså, den symbolske kapitalen er ikkje ei tilleggsform, men ei slags tilslørande eller ei endrande kapitalform – Bourdieu talar om den ”symbolske alkymien”<sup>625</sup>. Ho er uttrykk for mengda av verdi og anerkjening som den eine og hin eigenskapen blir tillagt. For dei fleste eigenskapar kan som nemnd vera ei form for kapital, det avgjerande er kva som kan produsere ulikskapar og omsetjast til anerkjening og prestisje. Slik eg les Bourdieu sjølv ser han ut til å helle mest i denne siste retninga, med uttaler som at den symbolske kapitalen ”er den forma som den eine eller hin av dei nemnde kapitaltypane kler seg i, når den blir erfart gjennom dei persepsjonskategoriane som erkjenner den spesifikke logikken til kapitaltypen”<sup>626</sup> eller ”er en hvilken som helst egenskap [...] som når den oppfattes av sosiale aktører forsynt med de persepsjons- og verdsettelseskategoriene som gjør det mulig å oppfatte, kjenne og gjenkjenne den, får symbolsk virkning”<sup>627</sup>. Men samstundes seier han, i total motsetjing til Broady, i artikkelen ”Kapitalens former” frå 1983 (på norsk i *Agora* Nr. 1-2, 2006), at: ”Det er unødvendig å si at sosial kapital er så totalt styrt av kjennskapens logikk og anerkjennelse at den alltid fungerer som symbolsk kapital.”<sup>628</sup> Kva skal ein då med omgrepet sosial kapital eller andre underformer? Er det då likevel eigentleg berre eitt skilje, som Robert Moore meiner, mellom økonomisk og symbolsk kapital?

---

<sup>621</sup> Broady 1990: 171.

<sup>622</sup> Moore 2008: 103.

<sup>623</sup> Rey 2007: 156.

<sup>624</sup> Esmark 2006: 94.

<sup>625</sup> Bourdieu 1996: 89.

<sup>626</sup> Bourdieu & Wacquant 1995: 104.

<sup>627</sup> Bourdieu 1996: 89.

<sup>628</sup> Bourdieu 2006: 21, fotnote 21.

Moore meiner det er to viktige, men hårfint ulike måtar, både i Bourdieus egne arbeid og i andre som har nytta Bourdieu, å forstå former for symbolsk kapital på.<sup>629</sup> Den første måten er å sjå symbolsk kapital som dei verdiane, smakane og levesetta som visse grupper har greidd å opphøgje over andre slik at dei blir tildelt sosiale fordelar. På den andre måten forstår ein symbolsk kapital som eit uttrykk for kvalitative ulikskapar innafor ei sosial gruppe. Sosialt medlemskap i ei gruppe gjev ikkje i seg sjølv ein habitus som tildeler ein symbolsk kapital som er lik for alle – det er medvitet om kva slags kapital du har som formar habitusen, som gjer om du kan framvise ein "velforma" habitus eller ikkje. Brukar ein berre den første måten å forstå symbolsk kapital på, blir Bourdieus kapitalomgrep lite anna enn ein ny type terminologi for status og habitusomgrepet ein ny type terminologi for sosialisering, meiner Moore. Men det er først når ein tek i bruk den andre måten å forstå former for symbolsk kapital på, at det blir mogeleg å sjå variasjon innafor grupper og komplementaritetar mellom fraksjonar, i staden for berre enkle gruppemotsetningar og den dertil assosierte tendensen til å drive essensialisme og reduksjonisme.

Dette verkar å vera ein ryddig distinksjon. Men for å teste vidare om det er fruktbart å operere berre med eitt kapitalt skilje – mellom økonomisk kapital på den eine og symbolsk kapital på den andre, må ein, som Bourdieu sjølv påpeiker, gå empirisk til verks inn i eit konkret felt. Difor – til Trondenes. Kva slags verdiar er det som blir anerkjende, attkjende og verdsette i Trondenes? I tillegg til jordegods og naturalressursar som gjev tiend og landskuld, kva er det det blir kjempa om?

### Religiøs kapital i Trondenes

Same korleis ein meiner dei tre grunnkapitalformene forhold seg til symbolsk kapital, er det i mine augo definitivt fruktbart å operere med underformer for kapital; vitskapleg kapital, utdanningskapital, administrativ kapital, språkleg kapital, politisk kapital og så bortetter. I analysen av feltet Trondenes må ei sentral underform vera religiøs kapital. Og sidan Bourdieu insisterer på at all kapital er feltspesifikk – kva er så den religiøse kapitalen i feltet Trondenes?

I boka *Bourdieu on Religion. Imposing Faith and Legitimacy* definerer Terry Rey kapital som "any form of socially produced possession [...] or resource, either material or symbolic, that

---

<sup>629</sup> Moore 2008: 102–103.

amounts to power to maintain or improve one's status in society."<sup>630</sup> Han har vidare som utgangspunkt at symbolsk kapital kan vera alle typar kapital som ikkje er materiell, og han gjev følgjande definisjon av religiøs kapital: "socially and/or culturally produced capital (possessions understood either as an object belonging to or a trait or authority inherent to) pertaining to the religious field, like sacraments and 'salvation goods' and the authority to administer them."<sup>631</sup>

Men er ikkje dette grunnleggjande skiljet mellom materiell og ikkje-materiell kapital vanskeleg å tenkje seg i mellomalderen? Det er ingen gjennomført pengeøkonomi, og kan ikkje til og med religiøs kapital, som relikviar ("a socially produced possession"), vera ein slags økonomisk kapital? Ein bit av ein kross eller eit bein frå ein helgen er verdfullt av di det blir tillagt verdi i feltet i katolsk tid, såleis er det definitivt (tung) symbolsk kapital, men i tillegg kan ein bruke det som betalingsmiddel og kjøpe seg gravplass eller sjelemesse – og då er det vel økonomisk, materiell kapital? Etter reformasjonen blir dei fleste av desse relikviane etterkvart heilt tømde for kapital, då helgendyrkinga blir avbrote.

I helgendyrkinga kan ein finne både materiell og ikkje-materiell religiøs kapital. Hovudkyrkja på Trondenes var vigd til St. Nicholas av Lyra, og over høgaltaret finn me i dag ein St. Nicholas-figur og ein St. Margareta-figur. Desse helgenskulpturane var i seg sjølve uttrykk for materiell religiøs kapital, men seier ikkje også dyrkinga av dei noko om ikkje-materiell religiøs kapital? Religion har både materielle og ikkje-materielle uttrykk – som bilete, ikonografi, andaktspraksis og -reiskapar, salmar og songar – som er "ikke bare *uttrykk for tro* men [...] også selv *formative for tro*."<sup>632</sup> Det at ikkje Trondenes vart noko pilegrimsmål kan ha å gjera med den sterke posisjonen til St. Olav og dyrkinga av han i Nidaros.<sup>633</sup> Den religiøse kapitalen St. Nicholas kunne mobilisere var kanskje ikkje stor nok til å kunne konkurrere med St. Olavs kapital og bygge opp ein valfartsstad på Trondenes. Derimot finn me eit handfast uttrykk for den ikkje-materielle religiøse kapitalen som kom av helgendyrkinga på Trondenes, i namneskikken – som gjennom skattelister, manntal og anna personifisert kjeldemateriale er det beste kjeldetilfanget til helgenkulten me har i ettertida.

---

<sup>630</sup> Rey 2007: 154.

<sup>631</sup> Rey 2007: 155.

<sup>632</sup> Amundsen og Laugerud 2010: 9.

<sup>633</sup> Sjå meir i kap 12.1.

Hovudkyrkja på Trondenes var også ei kollegiatkyrkje, og ei samling av fleire prestar kan ein i utgangspunktet tenkje var produktivt for mengda av intellektuell kapital. Sjølv om prestar er menneske av kjøt og blod, og såleis i høgste grad materielle, må ein vel kunne kalle det intellektuelle fellesskapet deira for ein slags ikkje-materiell religiøs kapital. Og i forlenginga av den tanken må ein kunne sjå boksamlinga til dette kollegiatet på Trondenes, som eit klart vitne om materiell religiøs kapital.

I følgje Terry Reys definisjon kan, for ei kristensjel som er aktør i eit felt, religiøs kapital vera sosialt eller kulturelt produsert eige eller innehav. Med økonomisk kapital i form av landeigedom og landskuldinntekter kan ein til dømes gje sjelegåver og kjøpe sjelemesser som gjev religiøs kapital, i form av årtidhald, som igjen gjev sosial kapital til ein sjølv og familien, av di ein med det er ein viktig bidragsytar i nettverket rundt kyrkja, i feltet Trondenes. Dette er ein type offentleg framvist religiøs kapital – ei gåve blir gjeven, ei messe blir kjøpt – noko som blir allment kjent og verdsett. Samstundes kan det gje gjevaren ein meir privat ikkje-materiell religiøs kapital, i form av sjelefred, lettare samvett og ro andsynes møtet med døden.

Men aktørane i feltet Trondenes var ikkje berre kristensjelene, det var òg institusjonar, og for ei kyrkje eller eit sokn kan sjølvsagt utsjånaden og særleg utsmykkinga av ei kyrkje vera ei form for religiøs kapital. Dette korresponderer med det ein ofte forstår med kulturell kapital, nemleg kunstgjenstandar og kunstforståing. Då Svein Eriksson var dekan i Nidaros og sokneprest til Trondenes 1430 til 1480, ikkje berre starta han med å gjera kyrkjebygget ferdig, han tilførde kyrkja ei stor mengde kostesame varer som til dømes korstolar, ein av dei laga som dekanstol til Svein,<sup>634</sup> skulpturar og nokre av altarskåpa me framleis finn der. Og han var heilt klart ein kunstkjennar – det var ikkje kva som helst som vart bestilt frå dei nordtyske byane.<sup>635</sup> Såleis omsette Eriksson sin økonomiske kapital, i form av inntektene frå prestekallet, til materiell religiøs kapital for kyrkja, og han synte sjølv korleis han hadde kulturell og ikkje-materiell religiøs kapital i form av forståing for korleis kunst kunne ha verknad i kyrkjerommet.

Men ikkje berre kyrkjeinteriør og utsmykking var viktig for institusjonane, det å ha relikviar kunne som nemnd vera svært høgt verdsett økonomisk og religiøs kapital. Det som for det blotte auga er ein liten trebit med praktisk tala null kapital av noko slag, kan altså få enorm

---

<sup>634</sup> Bratberg 2000.

<sup>635</sup> Brodahl 1925: 107. Meir om Svein Erikssons kapitalbruk i kapittel 7.

verdi om innehavarane av denne trur eller veit at dette er ein liten del av ein heilag kross. Så makta til å kunne veta eller til å kunne definere kva som er verdfullt i eit felt, er sjølvsgagt ei makt som gjev stor religiøs kapital i seg sjølv.<sup>636</sup> (I følgje Rey meiner Bourdieu at religiøs kapital einast er produsert av folk med slik type makt, nemleg religiøse spesialistar som prestar og profetar, og at denne kapitalen så berre blir konsumert av lekfolk.<sup>637</sup> Dette er ei oppfatting fleire har kritisert,<sup>638</sup> og det er også ei avgrensing eg finn lite fruktbar.)

Då er me over i den type religiøs kapital som kjem i form av myndigheit, jf Reys "possession understood [...] as [...] authority inherent to". Til dømes myndet prestar har til å dele ut sakrament og sjelesorg, men som også for mottakarane vil gje (privat) religiøs kapital, som omtalt over. Eller utnemningsmyndet paven og erkebispnen har til beneficium og prestekall, som på si side kan utløyse økonomisk kapital for den som får hand om kallet og dermed gjev vedkomande sosial kapital i form av stand og stilling innafør ei eller fleire grupper.

I det heile teke – dei kyrkjelege tenestene som kyrkja tilbaud – med og utan betaling i form av økonomisk kapital – var mange og såleis uttrykk for ulike former for religiøs kapital. Å motta skriftemål, gje syndeforlating og nåde, lesa sjelemesser og selja lys til lystenning for dei døde, messe, dåp, vigsel, jordfesting og gravplass – alt dette er verdier som ein kvar kristen trakta etter, og er såleis heilt klart "felles anerkjende verdier i feltet". Å gje ei sjelegåve – for eiga eller andre si sjelefrelse – i form av jordegods til kyrkja, for å så få attende lesing av sjelemesser og tenning av lys på visse dagar, må jo vera det ultimate mellomalderdømet på korleis Bourdieu sine kapitalar fungerer. Det er økonomisk kapital som blir veksla inn i religiøs kapital, og er i tillegg uttrykk for – investering i – sosial kapital. Kyrkja hadde noko å tilby, som lekfolk ynskte seg. Med sjelegåvegjevinga konverterte gjevarane på si side sin økonomiske kapital til religiøs kapital. Det fanst, som Sverre Bagge skriv, eit "bytteforhold mellom kirkens uendelige overskudd av åndelige skatter og de troendes begrensede overskudd av materielle skatter".<sup>639</sup> Og folk gav, noko Kåre Lunden meiner endra den sosiale strukturen grunnleggjande ved *medlemskapen* ein såleis kunne få i den jord-disponerande kyrkjeorganisasjonen.<sup>640</sup>

---

<sup>636</sup> Bagge 2003(a): 88–90.

<sup>637</sup> Rey 2007: 155.

<sup>638</sup> Rey 2007: 131.

<sup>639</sup> Bagge 2003(a): 88.

<sup>640</sup> Lunden 1973: 253.



I tillegg til at kapitalformene kan vekslast inn i einannan, kan ein òg her sjå korleis ulike medlemmer av ei gruppe – til dømes ein familie eller eit prestekollegium – på denne måten kan akkumulere økonomisk og religiøs kapital som til saman gjev alle medlemene i gruppa større sosial kapital. For den sosiale kapitalen, seier Bourdieu, er den til ei kvar tid potensielt mobiliserbare summen av ulike kapitalar som kvar medlem av gruppa innehar.<sup>641</sup> Og gruppa kan vera stor. Den katolske kyrkja var internasjonal, med utbygde bispedøme over heile den vestlege verda – bispedøme som i prinsippet var likeverdige. Paven var i utgangspunktet ”berre” bisp i Roma, men pavedømet utvikla seg til å bli eit hierarki med paven og kurien på toppen. Den organisasjonen som kyrkja bygde ut i løpet av mellomalderen kunne inga verdsleg makt måle seg med. Og især ikkje den dansk-norske statsmakta i nord. Den fellesskapen som kyrkja tilbød – med heile den kristne verda – må ha vorte sett på som ei form for religiøs og sosial kapital. Eit kriste nettverk mot ”dei andre”, mot heidningane – samar, men særleg russarar og karelar på tokt frå aust – som var svært nærverande i Sør-Troms.

Desse døma på kva som kan vera religiøs kapital er heilt klart former for symbolsk kapital – “[non-material] possession or resource [...] that amounts to power to maintain or improve one's status in society” (jf Rey). Og for å koma endå nærare ei forståing av korleis religiøs kapital på Trondenes ovrar seg som symbolsk kapital, kan me sjå på eit anna døme: Innan kvart felt byggjer dei ulike kapitalane opp eit spesifikt hierarki av verdsetjing, ein verdsetjingsstruktur, så også i feltet Trondenes. For: Er ei sjelegåve gjeven til ei av annekskyrkjene under Trondenes, til dømes Gryllefjord, like høgt verdsett som ei sjelegåve gjeven til trondeneskyrkja? Altså, om gåva fordrar like stor økonomisk kapital og har den same typen religiøse kapital, har ho like stor symbolsk kapital i begge kyrkjene? Med andre ord – kan annekskyrkja Gryllefjord generere like mykje symbolsk kapital for gjevaren som Trondenes? Symbolsk kapital vil alltid reprodusere dei ujamne relasjonane og dei ulike makt- og klassestrukturane innebygde i den økonomiske kapitalen, hevdar Moore.<sup>642</sup> Så viss det er slik at det gjev meir symbolsk kapital å gje ei gåve til Trondenes enn til Gryllefjord, gjeld det likevel ikkje alle gjevarar? Er det slik at vekslinga over i symbolsk kapital alltid vil bli meir avgjort av kven som faktisk gjev sjelegåva, enn kor mykje økonomisk kapital som blir lagt i ho eller til kva for kyrkje ho blir gjeven?

---

<sup>641</sup> Bourdieu hjå Broady 1990: 179, fotnote 17.

<sup>642</sup> Moore 2008: 104.

For det er, som Moore seier vidare, to krav til korleis symbolsk kapital kan bli tileigna.<sup>643</sup> Det eine er at han kan ikkje bli skild frå personen – han er kroppsleggjort. Med andre ord – det vil alltid vera avgjerande for den symbolske kapitalen kven det er som gjev ei sjelegåve. Og det andre er at han einast kan bli tileigna over tid – det er noko varig ved symbolsk kapital.

Versus økonomisk kapital, understrekar Bourdieu sjølv, som det er mogeleg å tileigne seg veldig mykje av veldig kjapt. Det ser altså ut som om "gamle pengar", for å nytte eit moderne uttrykk, gjev større sjanse for å kunne tileigne seg høg symbolsk kapital. Igjen; kven det er som har den økonomiske kapitalen og med den gjev sjelegåve, avgjer kor stor den symbolske kapitalen blir. Også i seinmellomaldersamfunnet kan me tenkje oss at ein laup smør gjeven i sjelegåve frå ein sentralt plassert gamal gard med odel vil bli verdsett annleis enn ein laup smør frå ein gjenrydda audegard i periferien.

Og då er me attende til Moores poeng om at den fulle nytta, den fulle forståinga av symbolsk kapital får me først når me ser korleis denne kapitalen kan vera uttrykk for kvalitative ulikskapar innafor ei gruppe. Det er medvitet om kva slags kapital du har som formar habitusen, som gjer om du kan framvise ein "velforma" habitus eller ikkje, og som då avgjer kor stor den symbolske kapitalen er.

Viss me difor skal halde oss til det, i følgje Moore og Rey, grunnleggjande skiljet mellom økonomisk (materiell) og symbolsk (ikkje-materiell) kapital, er det klart at religiøs kapital i feltet Trondenes før og etter reformasjonen er former for symbolsk kapital. Men ikkje berre det; som dømet med relikviane viser, meiner eg religiøs kapital òg kan vera ei form for økonomisk kapital – i alle fall i seinmellomalderen. Når Moore insisterer på den fundamentale skilnaden på økonomisk og symbolsk kapital, understrekar han at det er viktig å forstå korleis økonomisk kapital heilt openbert berre er instrumentell og totalt styrt av eigeninteresse hjå aktørane – det å få større profitt, høgare løn, betre rente.<sup>644</sup> Dette er også eigenskapar ved andre former for symbolsk kapital, men på sine distinkte måtar prøver desse heile tida å fornekte og undertrykkje eigeninteressene ved å framstå som usjølviske og påstå at dei har indre, ibuande verdi. Også dette skiljet har eg vanskar med å få heilt grepet på i eit mellomalderfelt – at tileigning og innehav av symbolsk kapital, versus økonomisk kapital, må innehalde ei slags fornektning av å ope setja ord på og setja pris på.

---

<sup>643</sup> Moore 2008: 109.

<sup>644</sup> Moore 2008: 103.

Difor trur eg ikkje, i eit mellomalderstudium, det er klokt å setja eit absolutt skilje mellom materiell og ikkje-materiell kapital, når ein skal prøve å få grep om den symbolske kapitalen. Og då tykkjest me vera attende til Esmark og slik eg forstår Bourdieu sjølv: Alle former for kapital kan vera symbolske, også den økonomiske. Det nyttigaste og mest fruktbare med kapitalomgrepet er å bruke det som ein reiskap for å skildre det som er hovudagendaen til Bourdieu – nemleg at aktørane sine interesser er noko meir enn økonomisk og materiell interesse, kapital er noko meir enn økonomisk kapital. Samstundes meiner Bourdieu det er viktig å hugse på at sosiale handlingar ikkje må tilsløre at alle kapitalar er røtt i økonomisk kapital. Bourdieu seier at den verkelege logikken for kapitalens funksjon – for vekslinga mellom kapitalane og korleis kapital blir tileigna og bevart – ikkje kan forståast utan at me overvinn to motsette, men like partiske, oppfatningar:

”... på den ene siden økonomismen, som på bakgrunn av at alt i siste instans er reduserbart til økonomisk kapital, ignorerer det som gir de andre kapitalformene deres spesifikke effektivitet, på den andre siden semiologien [...] som reduserer sosialt bytte til kommunikasjonsfenomener og ignorerer det brutale faktum at alt kan reduseres til økonomi.”<sup>645</sup>

Det er vanskeleg å seia om desse polariserte oppfatningane var reindyrka til stades i feltet Trondenes gjennom reformasjonshundreåra. Men også i eit førmoderne samfunn utan gjennomført pengeøkonomi vil aktørane i eit felt ha ei formeining om at det finst ulike type kapitalar, ulike måtar å skapa, tileigne og bevare det dei tykkjer er verdfullt på.

I drøftinga over har eg landa på to distinksjonar i mi forståing og bruk av kapitalomgrepet i feltet Trondenes; eg skil ikkje grunnleggjande mellom materiell og ikkje-materiell kapital, og alle kapitalformer kan vera uttrykte gjennom symbolsk kapital. Følgjeleg blir eg å operere med tre former for kapital; økonomisk, sosial og religiøs, der den siste er ei form for kulturell kapital, viss ein skal jamføre med Bourdieus tre grunnformer; økonomisk, sosial og kulturell. Den økonomiske kapitalen har eg gått gjennom i kapittel 3, med sosial kapital forstår eg ”nyttige eller prestisjefylte nettverksrelasjonar” og med religiøs kapital forstår eg, jf Terry Reys definisjon, sosialt og/eller kulturelt produsert kapital – materiell eller ikkje-materiell – som kan knytast til kyrkjeorganisasjonen på Trondenes si interesse, og/eller som prestar eller lekfolk knytt til kyrkja har autoritet til å kunne administrere eller inneha.<sup>646</sup>

---

<sup>645</sup> Bourdieu 2006: 23.

<sup>646</sup> Rey 2007: 155.

### 5.3 Makt og kapital i trondenesfeltet

Feltanalyse er i utgangspunktet augneblinksbilete av statiske tilstandar, men felt er som regel dynamiske – difor trengs historie. Feltanalysen skal altså etablere eit forklarande samband mellom maktformene som dei ulike posisjonane har og avdekkje den rådande ”speltilstanden” på den sosiale arenaen som feltet er.<sup>647</sup> Stridane i den til ei kvar tid rådande speltilstanden gjeld kva slags og korleis kapitalformer skal verdsetjast, og korleis dei kan omsetjast i annan kapital. Kortspelet om Trondenes handlar om økonomisk kapital, men ikkje berre det – også om religiøs og sosial kapital frå 1350 til 1620. Det er i dette spennet mellom økonomisk, sosial og religiøs kapital eg i dei to følgjande avhandlingsdelane vil sjå korleis posisjonane dannar og omdannar nettverk i feltet Trondenes før og gjennom reformasjonen.

I siste avhandlingsdelen vil eg deretter sjå korleis feltet har endra seg gjennom perioden. I drøfting av slik type endring har både Bourdieu og andre lagt mykje vekt på korleis felt oppstår og blir borte, og i kor stor grad dei er sjølvstendige og sjølvstyrde. Eg vil derimot leggje vekt på Philip Gorskis tre endringsdimensjonar, som, i følgje han sjølv, ikkje har vore utforska i like stor grad, nemleg endring i feltet si form, sin storleik og sine grenser.<sup>648</sup> Endring i *form* viser til dei til dei fire grunnformene av felt som Gorski har utleidd av Bourdieus eigne todimensjonale felt, som vist tidleg i dette kapitlet. Endring i *storleik* er relativt uproblematisk å sjå føre seg – men kanskje vanskelegare å måle. Ein høveleg distinksjon kan vera mellom absolutt og relativ storleik – kor mange eller kor mykje er det av ulike ressursar og aktørar i eit felt. Endring av *grensene* er litt meir utfordrande å analysere, men me kan skilje mellom to grunnformer, meiner Gorski; endring i lokalisering og i gjennomtrengelgheit av grensene.<sup>649</sup>

Som nemnd innleiingsvis har Craig Calhoun tolka skiljet mellom kapital og makt hjå Bourdieu som eit forhold mellom det potensielle og det faktiske, der kapital er ei kjelde som gjev avkasting i form av makt.<sup>650</sup> Så la oss gå vidare – og sjå kva for aktørar som på best mogeleg måte greier å få avkasting frå denne kjelda.

---

<sup>647</sup> Maton 2008: 51.

<sup>648</sup> Gorski 2012: 330–333.

<sup>649</sup> Begge desse grunnformene kan ein vidare dele i to; lokalisering i nullsumspel og ikkje-nullsumspel og gjennomtrengelgheit i grad og retning. (Gorski 2012: 331–332.)

<sup>650</sup> Calhoun 1993: 69.

## **Del IV      Feltet Trondenes før reformasjonen**

Feltet Trondenes er sett saman av det fysiske og organisatoriske kannikgjeldet, med to underfelt; det regionale og det kyrkjeadministrative. Utover 1400-talet er dekanen protagonisten – hovudrolleinnehavaren – det er han som har mest kapital i feltet. I det lange hundreåret fram mot reformasjonen går den overordna aksa mellom dekanen og erkebisp; den eine spelarom er avhengig av den andre sin posisjon. Men domkapittel, setesveinar, kurie, lokal verdsleg elite, vikarar, samar, hansa og statsmakt er også aktørar i ulike posisjonar og relasjonar rundt i feltet, og i kvart delkapittel, i kvar periode, vil eg prøve å etablere korleis posisjonane til desse aktørane spelar inn på og blir påverka av tilhøvet mellom dekan og erkebisp. I sume periodar kan det vera andre aksar som er tydelegare, enn den mellom desse to.

Difor – hovudspørsmålet er korleis dei relasjonelle posisjonane mellom aktørane i feltet Trondenes blir danna – og omdanna. Kva slags kampar kjempar dei? Kva for felles anerkjende verdiar kjempar dei om? Kva for kapitalar blir mobiliserte – i konflikt og i samarbeid?

## Kapittel 6: 1350–1430: Kannikgjeldet blir forma

Trondenes var truleg eit kannikgjeld sidan høgmellomalderen. Som me såg i kapittel 2 var Audun Torbergsson Raude kong Håkon Vs mest betrudde mann og biskop til Holar frå 1313–1322. Han var omtalt som kannik i domkapitlet sidan slutten av 1200-talet og hadde i 1313 lenge “haldit kirkjuna norðr á Hálogalandi er á Þrándarnesi heitir”.<sup>651</sup> Men kannikgjeldet som me møter det under Svein Eriksson på 1400-talet, er etter alt å døme eit resultat av omstruktureringsprosessar etter svartedauden. Fram til Svein blir dekan og får kannikgjeldet i 1430, er det såleis to store kampar som blir kjempa i feltet Trondenes: Korleis danninga av det nye, utvida kannikgjeldet går føre seg og striden om sjølve kallsretten.

### 6.1 Danninga av det utvida kannikgjeldet

Om Trondenes hadde vore eit kannikgjeld allereie i høgmellomalderen, er det likevel uråd å veta kva dette kannikgjeldet omfatta, slik me drøfta det i kapittel 2.3. Var det berre hovudsoknet på Trondenes, eller var også andre kyrkjer med? Og var Trondenes vorte kannikgjeld før eller etter den såkalla minstermodellen Lars Ivar Hansen argumenterer for var oppløyst? Likevel – uavhengig av korleis kyrkjeorganisasjonen i Sør-Troms såg ut tidleg på 1300-talet, må svartedauden og etterdønningane av denne ha gjort store utslag – både med omsyn til kva for aktørar som hadde interesser i Trondenes, og kva for verdiar det vart kjempa om i feltet.

La oss først gå til dei kyrkjelege aktørane. I følge islandske annalar døyrr erkebisp Arne og heile domkapitlet minus ein; kanniken Lodin, i svartedauden.<sup>652</sup> Ludvig Daae omtalar tida som eit vendepunkt, “men et sørgeligt Vendepunkt i den romerske Kirkes Historie i Norge”.<sup>653</sup> Den etterfølgjande erkebisen, Olav (1350–1370), var tidlegare abbed i Nidarholm og møtte etterkvart store økonomiske utfordringar, sjølv om han i starten av 1350-åra heldt konsil både i 1351 og 1352, og betalte annatane sine punktleg til kurien.<sup>654</sup> Etterfølgjaren Trond Gardarsson (1371–1381), som truleg hadde vore kannik i Nidaros sidan 1348, i alle fall

---

<sup>651</sup> *ÍF XVII*: 319.

<sup>652</sup> *Isl. Ann.* VII, hjå Joys 1955: 383–384; Haug 1996: 109. Det er usikkert om annalistane har meint kannikane som var til stades i Nidaros, eller alle kannikane. I alle fall vart valet av den etterfølgjande erkebisen vanskeleg, sidan domkapitlet var utradert, og paven nytta høvet til å reservere seg provisjonsretten for erkesetet.

<sup>653</sup> Daae 1897: 123.

<sup>654</sup> Storm 1897: 107–108; Joys 1955: 392; Dybdahl: <http://snl.no/nbl/biografi/Olav/utdypning>, sist sett 30.9.2013.

frå 1363,<sup>655</sup> hadde definitivt store problem med pavelege plikter – og han både overtok og sende vidare gjeld, til saman 328 florinar, etter han døydde i 1381.<sup>656</sup>

Etter Olav og Trond kom det to utlendingar på erkebispesetolen; Nikolas Jakobsson Finkenow (Rusare) (1382–85/6) og Vinald Henriksson (1386–1402).<sup>657</sup> Paveleg provisjon til norske bispesete ser ut til å ha vorte vanleg frå rundt 1350,<sup>658</sup> og den danske adelsmannen Nikolas danka i 1387 ut kanniken Håkon Ivarsson, som var domkapitlet i Nidaros sin eigen kandidat.<sup>659</sup> Dette hadde truleg ikkje skjedd om det ikkje var for at dronning Margrete no var komen i førarsetet etter Håkon VI's død og støtta Nikolas.<sup>660</sup> Nikolas var i følgje dei islandske annalane lekmann, men han var korsbror i Roskilde og Aarhus, og i følgje Eldbjørg Haug hadde han truleg ein geistleg løpebane.<sup>661</sup> Han hadde juridisk utdanning frå Karlsuniversitetet i Praha (som forgjengaren Trond), men ingen lokal maktbasis – begge delar nyttig for Margrete. Han var heilt avhengig av Margrete – og var i følgje Haug utan tvil hennar mest betrudde mann då han vart utnemnd til erkebisp.<sup>662</sup>

Rusare døydde allereie i 1386, utan å ha betalt ein einaste mark eller florin i avgifter til paven i heile styringstida si.<sup>663</sup> Etterfølgjaren Vinald var svensk, også han med utdanning frå Praha, og om han vart vald eller ikkje, er usikkert – berre ein islandsk annal refererer valet: “kiorinn herra Vinaldi til erchibyskups”.<sup>664</sup> Men paven providerte han. Han var ein framstående geistleg i Noreg då han som medlem av domkapitlet overtok erkebispedømet, tidlegare kapellmagister (leiar for dei kongelege kapella) og på eit tidspunkt kannik både i Oslo og Nidaros. Det var tilsynelatande ingen konflikt eller kamp om ombodet då han vart providert. Vinald måtte betala skulda til begge forgjengarane sine, og han greidde ikkje både dei og sine egne økonomiske plikter overfor kurien. Dette gjev i følgje Gustav Storm eit talande innblikk i erkeseteøkonomien generasjonen etter svartedauden.<sup>665</sup> Trass si lange fartstid som geistleg er

---

<sup>655</sup> DN II-374, 1363; Haug 1996: 138.

<sup>656</sup> DN XVII-165, 1387; Storm 1897: 108. Dybdahl: [http://snl.no/nbl\\_biografi/Trond\\_Gardarsson/utdypning](http://snl.no/nbl_biografi/Trond_Gardarsson/utdypning), sist sett 30.9.2013.

<sup>657</sup> Dybdahl: [http://snl.no/nbl\\_biografi/Nikolas\\_Jacobsson\\_Finkenow/utdypning](http://snl.no/nbl_biografi/Nikolas_Jacobsson_Finkenow/utdypning) og Dybdahl: [http://snl.no/nbl\\_biografi/Vinald\\_Henriksson/utdypning](http://snl.no/nbl_biografi/Vinald_Henriksson/utdypning), sist sett 30.9.2013.

<sup>658</sup> Haug 1996: 141.

<sup>659</sup> *Isl. Ann.* IX: 413, 1382, VII: 282, 1381, DN II-468, 1381. Nicolaus var mogleg av tysk avstamming. (Joys 1955: 441, note 5.)

<sup>660</sup> Haug 1996: 176.

<sup>661</sup> Haug 1996: 177; Daae 1885: 5. Annalane er dei einaste kjeldene me har om Nikolas embetsførsel.

<sup>662</sup> Haug 1996: 179.

<sup>663</sup> Storm 1897: 108.

<sup>664</sup> *Isl. Ann.* IX: 414, 1386.

<sup>665</sup> Storm 1897: 108.

det lite som tyder på at han var ein framstående kyrkjeleiar, og det er rimeleg å spørja om Vinald var meir dronning Margretes tenar enn kyrkjas tenar.<sup>666</sup> I embetstida hans vart det ikkje avvikla provinsialkonsil eller utferda kyrkjerettslege aktstykke eller statutt. Men, i følgje Haug opprettheldt Vinald den hierarkiske disiplinen og hevda metropolitanmakt i ei tid dette var vanskeleg og uvanleg. Etterfølgjaren Eskil, derimot, visiterte ikkje utanfor Nidaros.<sup>667</sup> Eit anna poeng med Vinald, som er relevant for oss, er at han truleg er den første erkebisen som dreiv utstrekt med handel av fisketienda. I 1394 finn me ein av tenarane hans, Johannes v. Strelow, i Lübeck med sild.<sup>668</sup>

Me veit lite om den indrekyrkjelege politikken til erkebisen i Nidaros siste halvdel av 1300-talet, men generelt var mangelen på prestar eit stort problem i erkestiftet. Både Olav og Trond fekk høve til å dispensere prestesøner og andre uektefødde kandidatar, for å bøte på den prekære situasjonen. I 1351 fekk Olav fekk dispensere 15 uektefødde og 15 som var under 25 – men ikkje yngre enn 20 – år.<sup>669</sup> I følgje Trond var det før pesten 300 prestar i Nidaros bispedømme, men etterpå berre 40 gamle og avfeldige tilbake. Han får difor høve til å dispensere 20 uektefødde og 10 prestesøner.<sup>670</sup> Både Charles Joys og Ludvig Daae meiner Tronds skildring av situasjonen er ei overdriving.<sup>671</sup> Dessutan var prestemangelen også stor før svartedauden, erkebisp Arne fekk i 1346 dispensere 20 uektefødde og 10 prestesøner, av di det var eit problem at *så få* ektefødde ville tene i kyrkja.<sup>672</sup> Og endå tidlegare – i 1311 – fekk erkebisp Eiliv dispensere 100 uektefødde, inkludert 40 prestesøner, grunna den lange avstanden til kurien.<sup>673</sup> Dette syner at på heile 1300-talet var kyrkjeprovinsen framleis i ein opp- og utbyggingsfase. Og for Sør-Troms sitt vedkomande kan dette rime med den tidlegare nemnde sokneutbygging som må ha gått føre seg i hundreåret før 1350.

Om me veit lite om erkebispane si drift av nidarosprovinsen, veit me enno mindre om domkapitlet sitt indre liv – og om tilhøvet mellom bisp og domkapittel. Men det er tydeleg at ein av hovudfunksjonane til domkapitlet, å velja ny bisp, etterkvart blir overprøvd av paven –

---

<sup>666</sup> Joys 1955: 401.

<sup>667</sup> Haug 1996: 362.

<sup>668</sup> Daae 1897: 136.

<sup>669</sup> DN VII-230, 1351.

<sup>670</sup> DN V-268, 1371.

<sup>671</sup> Joys 1955: 392; Daae 1897: 128.

<sup>672</sup> DN XVII-66, 1356.

<sup>673</sup> DN VI-77, 1311.



og kongemakta. Valretten gjekk i praksis over til å bli ein forslagsrett.<sup>674</sup> Og der ein tidlegare henta medlemmer til bispestolane frå landets fremste ætter, blir det ei nærare binding mellom kyrkja og knapesjiktet etter 1350 – og særleg tydeleg utover 1400-talet. For unge ambisiøse i lågadelen ser kyrkja ut til å ha vore ein meir interessant karriereveg enn teneste hjå (den lite synlege) kongemakta.<sup>675</sup> Og sjølv om valretten vart innskrenka, meiner Haug at domkapitlet styrkte sitt faktiske mynde i bispedømeadministrasjonen – mellom anna i periodane med vakans på bispestolen.<sup>676</sup> Særleg under Nikolaus Rusare si styringstid – der han truleg mykje godt ikkje var til stades i Nidaros – kan det tyde på at den medbestemmande makta til domkapitlet var stor.

Men det var ikkje berre erkebispens sitt eventuelle manglande nærvere som kunne vera arena for konflikt i den daglege styringa av bispedømet. I erkebisp Olav sitt provinsialstatutt frå 1351 står det i paragraf 26: “Når kannikar er ute på studium, kan deira føresette bestemme at dei skal få heile inntekta av beneficia sine, medan vikarane deira skal lønast av kommunet. Og den kommunbordforstandar som då ikkje betaler ut vikarlønn, vert ipso facto suspendert frå tilgjenge til kyrkje.”<sup>677</sup> Med andre ord, ein kannik som stadig var på reis – og hadde fått ta med seg løna si – vart ein utgiftspost for det felles bordhaldet i domkapitlet, som då måtte løne vikarpresten hans. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at slike konfliktrar vart det stadig fleire av, når prestemangelen var stor.

Mangelen på menneskelege og økonomiske ressursar i bispedømmet etter svartedauden tvinga fram samanslåing av fleire kyrkjer under ein prest. Dette vart nødvendig og truleg var det ikkje noko som skapte konflikt korkje mellom domkapittel og erkebisp eller mellom Nidaros og statsmakta. Det var ein konsolideringsperiode.<sup>678</sup> Men der desse samanslåtte prestegjelda vart kannikgjeld – eller delar av allereie eksisterande kannikgjeld – kan ein sjå føre seg at dei lokale aktørane, den lokale eliten ville hatt eit ord med i laget. Om tiendinntektene og vedlikehaldspliktene hamna i Nidaros eller var på eigne hender hjå ein heimefødd prest, var truleg ikkje likegyldig. På den andre sida må spørsmålet også der ha vorte; kva er verste alternativet – ingen prest eller ein prest i fellesskap med andre? Eller; ingen sokneprest, mot for sokneprest i Nidaros? Å ha prest i kyrkja må ha vore ein felles anerkjend verdi, same kor

---

<sup>674</sup> Haug 1996: 370. Joys meiner at domkapittelvalet av Håkon Ivarsson til stavangerbisp i 1400 meir er unntaket som stadfester regelen. (Joys 1955: 442, note 40.)

<sup>675</sup> Haug 1996: 143.

<sup>676</sup> Haug 1996: 370.

<sup>677</sup> RN VI-76, 1351.

<sup>678</sup> Daae 1897: 124, 132; Haug 1996: 374.

denne presten organisatorisk hørde heime. Likevel – i Trondenes, som truleg allereie var eit kannikgjeld, kan ein tenkje seg at denne innlemmingsprosessen kunne skapt mykje lokal usemje – sidan det ikkje berre var mange småsokn som vart knytte til store Trondenes, men like mykje etablerte og inntektsbringande sokn som Kvæfjord, Ibestad og Sand. På den andre sida veit me at det er i nettopp denne perioden at den verkeleg store, gamle adelsmakta smuldrar opp – når Erling Vidkunsson til Bjarkøy døyir i 1355 og godset blir førd vidare til dottera Ingebjørg og riddar Sigurd Havtoresson.<sup>679</sup> Det er ikkje sikkert det var særleg med motmakt igjen lokalt i Sør-Troms.

For kva veit me om annan lokal elite i Sør-Troms? Me kjenner ikkje mange andre enn dei me finn i trondenesjordebøkene – som sjelegåvegjevarar og bøte- og avgiftsbetalalarar. Desse var rett nok alle namn frå før svartedauden, men eigedomsoverføringane me finn spor av i trondenesjordebøkene gjev oss eit innblikk i sosio-økonomiske tilhøve i kannikgjeldet, som me såg i kapittel 2.3 og 3.3. Men i og med at sjelegåvene etter svartedauden står innført i dei tapte årtid- og messbøkene “der nord”, veit me altså lite om korleis eliten takla nedgangen og korleis eigedomsoverføringane fann stad på slutten av 1300-talet. Me veit også lite og ingenting om korleis prosessen med nydanninga av kannikgjeldet har gått føre seg. Såleis kan me seia at den einaste aktøren som trer fram i kampen om dei felles anerkjende verdiane i Sør-Troms etter 1350, er kyrkja – først og fremst ved domkapitlet. Det mest omfattande dokumentet i trondenesjordebøkene, *DN VI-302*, blir innleidd med ei autorisasjonserklæring utferda av korsbrørne i Nidaros: “Allom mannom [...] senda korsbrøder capitulum j Nidaros [q.g.] kunnikt gerande at swa margar jarder. sem hær sidharæ mæire nempnast j þessare rollo. liggia til Þrondanæs kirkiu oc þæira flæira capellukirkna sem vndir hona liggia, sem hær eftir fylghia.”<sup>680</sup>

Domkapitlet tek altså grep om jordeigedomskapitalen og i tillegg får dei hand om sjølve kyrkjene – anten desse i opphavet var etablerte i ein type minstermodell før dei vart ordinære soknekyrkjer (Hansen) eller om dei var høgendeskyrkjer – som eventuelt hadde vorte soknekrykjer – før kannikgjeldinnlemminga (Trædal). Sjølv om prisen på jord sokk dramatisk, var framleis jordeigedom netto økonomisk kapital – han kasta meir av seg enn det kosta å administrere han. Sjølv kyrkjebygga, derimot, var ein direkte utgiftspost med vedlikehaldsbehov, så kyrkjebyggningskapitalen må kunne seiast å først og fremst vera ein

---

<sup>679</sup> Helle: [http://nbl.snl.no/Erling\\_Vidkunsson/utdypning](http://nbl.snl.no/Erling_Vidkunsson/utdypning), sist sett 30.9.2013.

<sup>680</sup> *DN VI-302*, oml 1400.

religiøs kapital for den som hadde hand om den. (Ein kunne ikkje realisere ein økonomisk gevinst ved å selja bygget på ein marknad.<sup>681</sup>) Å ha hand om bygget og kyrkjegarden der preika kunne formidlast, skriftemål høyrast, nåde og avlatsprivilegium utdelast og dei døde gravleggjast, gav innehavaren religiøs kapital.

Når domkapitlet legg inn under seg prestegjeld, mobiliserer dei kannikgjeldinstituttet i kanonisk rett. Dei brukar med andre ord sin ikkje-materielle religiøse kapital, i form av dei kanoniske føresegnene i *Liber Extra* som gav allmenn kyrkjerettsleg heimel for slike *praebendae parociales*, til å få hand om prestegjelda og forme dei til kannikgjeld.<sup>682</sup> Denne kapitalen stør oppunder verdslige dokument som provar eigedomstilhøve; når audegardar etter svartedauden skulle gjenryddast og oppattakast var det ingen andre enn kyrkja som hadde noko særleg arkiv å snakke om, når det kom til spørsmål om eigedomstilhøve (jf kapittel 4.1). Denne religiøse kapitalen var såleis ein føresetnad for å utløyse og få hand om den økonomiske kapitalen i form av landskuld som låg til kyrkjene og prestegjelda, og som stadig auka i volum ved tilførsel av sjelegåver frå kyrkjelyden.

Erkebisen kunne ikkje på same måte slå under seg heile prestegjeld. Også han – og domkyrkja – kunne få jord i gåve, men det vart einskildeigedomar. Men erkebisen slo seg til gjengjeld opp på inntekter frå fiskeria – ved å handle med overskotet av fisketienda med hanseatane på Bryggen. I kva grad domkapitlet fekk inntekter av dette – til det felles bordhaldet – eller i kva grad erkebisen greidde å reservere det for seg sjølv, veit me ikkje. I alle fall på 1300-talet var også nokre av kannikane sjølvstendige handelsaktørar,<sup>683</sup> men den største handelskaren var heilt klart erkebisen. Og kanskje er det søkt å leite etter ei klar “inntektsfordeling” på dette området? Sjølv om inntektene frå jordeigedomane til kyrkja tydeleg vart delte mellom kannikane, det felles bordhaldet og erkebisen, er det ikkje sikkert handelsoverskotet vart handsama på same viset. Dette spørsmålet heng også saman med i kva grad erkebiseøkonomien var fråskilt erkebispedømeøkonomien, som me ikkje veit noko om i denne perioden.<sup>684</sup>

---

<sup>681</sup> Interiøret, derimot, var lettare omsetteleg, og kunne med det vera både økonomisk og religiøs kapital. Meir om dette seinare.

<sup>682</sup> Hamre 1977(a): 228.

<sup>683</sup> DN II-305, 1349; II-468, 1381; Lykke 2000: 101.

<sup>684</sup> Når me kjem fram til Aslak Bolt si tid, syner kjeldene at han delvis heldt seg med ein eigen privatøkonomi, men det er også døme på overlappande rekneskapsføring. (Lykke 2000: 101.)

Kva kan me så seia oppsummeringsvis om kva for posisjonar aktørane fekk når (det utvida) kannikgjeldet vart forma og *feltet* Trondenes vart danna mellom 1350 og 1400? Den aktøren som definitivt styrkte seg, var domkapitlet. Der Haug syner at domkapitlet si makt og påverknadskraft andsynes erkebispnen auka – særleg i vakansperiodane – kan me leggje til at (utvidinga og) organiseringa av prestegjeldet i Sør-Troms inn i eit kannikgjeld, styrkte domkapitlet ytterlegare ved at dei sikra og auka inntektene sine. I det *regionale* feltet blir dei ein større jordeigar og får med det ein større del av den økonomiske kapitalen som Sør-Troms genererer. Og med kannikgjeldstrukturen får dei i det *kyrkjeadministrative* feltet i tillegg til auka inntekter også høve til å disponere ein større del av den økonomiske kapitalen slik dei sjølve vil, i og med at dei sit med både preste- og kyrkjedelen av tiend- og landskuldinntektene. Oppkomsten av feltet Trondenes fekk difor først og fremst følgjer for tilhøvet mellom domkapitlet og dei lokale jordeigarane og prestane, som no vart vikarar under soknepresten som sat i Nidaros. Både den verdslege og den religiøse makta vart sentralisert. På den andre sida fekk heile det regionale feltet – frå lekfolk til vikarprest – religiøse tilbod dei etterspurde; i form av presteteneste i kyrkja og høve til å gje gåver for sjelene.

Tilhøvet mellom domkapitlet og erkebispnen vart også endra med etableringa av feltet Trondenes, men samstundes som domkapitlet auka jordeigedom sin meir enn det erkebispnen gjorde i Sør-Troms, ser det ut til at erkebispnen styrkte seg ved handelsverksemda si. Såleis kan ein seia at *både* domkapitlet og erkebispnen styrkte posisjonane sine i kampen om dei felles anerkjende verdiane i feltet Trondenes – delvis på kostnad av andre jordeigande og kyrkjeieigande aktørar, men delvis også ved å generere *ny* økonomisk kapital ved å utvikle handelen i feltet. Etter 1351 er det ingen provinsialstatutt bevarte – før 1436 – så kjeldene om provinsialkonsila i denne perioden er fragmentariske, det same er opplysningane me har om prestestemme.<sup>685</sup> Trass i at det var omorganiserande og turbulente tider i kyrkja, ikkje minst grunna skismaet, og kjeldetilfanget elles syner at den norske kontakten både til Roma og Avignon var stor.<sup>686</sup> Dette kan tyde på at erkebispnen – frå Nikolas og framover – *både* var svært nært knytte og opptekne med det verdslege styret til Margrete og hennar kontakt med Roma, og med oppbygging av verdslege, internasjonale handelsnettverk. Med det låg stiftsstyringa open for domkapitlet.

---

<sup>685</sup> Skånland 1968: 529–529; Haug 1996: 348.

<sup>686</sup> Haug 1996: 349.

I tillegg kan me gå ut frå at domkapitlet styrkte seg ytterlegare ved at det ikkje berre var Trondenes som vart eit stort kannikgjeld i denne perioden – også dei fleste andre kannikgjelda langs kysten nordover må ha vorte utbygde, forsterka og ordna i denne perioden. Det nordlege Noreg låg ope med ei attendetrekt statsmakt og ein lite handlekraftig lokal elite – det var meir som fritt fram for kyrkja å ta marknadsandelar. Dei to viktigaste kyrkjelege aktørane, erkebisp og domkapitlet, skapte altså på kvar sin måte meir økonomisk kapital som styrkte dei begge i høve lokal, verdsleg elite og kongemakt, men som ikkje påverka makttilhøvet dei imellom – erkebisp lét domkapitlet styrke seg. “Domkapitlet kunne vinne utan at erkebisp tapar”, for å omskrive Halvdan Koht.

Det er difor høgst sannsynleg at nedskrivinga av trondenesjordebøkene, der i alle fall eitt av dokumenta er utferda hjå domkapitlet, er eit konkret uttrykk for kannikgjeldutvidinga som vart ei følgje av krisa etter svartedauden. Dette var ein konsolideringsperiode for kyrkja landet over.<sup>687</sup> Me kan vidare dra den slutninga at det berre var dei eksisterande kyrkjene i Sør-Troms, dei som er nemnde i jordeboksdokumenta, som kom med i det kyrkjeadministrative feltet Trondenes i første omgang – mellom 1350 og 1400. Fiskeværskyrkjene må ha vorte etablerte og kome med i ein seinare fase, truleg etter 1400.

Kor mange kyrkjer kannikgjeldet talde då kanniken Eskil, som nyvald erkebisp i 1402, prøvde ta det med seg som sitt personlege beneficium i si nye rolle, er difor uvisst. Men inntektsbringande var det tydelegvis vorte, for i perioden etter 1400 kjem den største kampen i feltet Trondenes til å stå om kven som hadde *kallsrett* til kannikgjeldet.

## 6.2 Striden om kallsretten 1404–1427

I 1402 blir kannik Eskil i Nidaros domkapittel vald til erkebisp av domkapitlet og han tek imot valet.<sup>688</sup> Men pave Bonifacius IX hadde, i løpet av forgjengaren Vinald si regjeringstid, bestemt seg for at han ville reservere tilsetjinga av ny erkebisp i Nidaros til seg sjølv og underkjenner difor valet i 1404.<sup>689</sup> Men, han uttrykkjer samstundes at domkapitlet og Eskil ikkje er å laste, for dei visste nok ikkje om pavens reservasjon, og difor, så ikkje erkebispesetet skulle li under for lang vakanse, providerer likevel paven, etter rådslaging med kannikane sine, Eskil til erkebisp i Nidaros. Ein kronglut, men langtfrå uvanleg, saksgang og

---

<sup>687</sup> Haug 1996: 374.

<sup>688</sup> RN VIII-1168, [1402].

<sup>689</sup> DN XVII-225(a), 1404.

argumentasjon frå paven i slike saker. Av og til låg det politikk og konflikhtar innbakt i desse omvegane me kan lesa i pavebrev, av og til ikkje. Det er ingenting som tyder på at valet/provideringa av Eskil til erkebisp var veldig konfliktfyllt, men konsekvensane av Eskils forfremjing kom til å bli det.

I 1406 får me veta at Eskil hadde Trondenes som sitt beneficium då han var kannik, og at det såleis vart ledig då han vart providert til erkebisp.<sup>690</sup> Eskil hadde i følgje kurien prøvd å få behalde kannikgjeldet også etter han vart erkebisp,<sup>691</sup> men pave Innocens VII prøver med brevet i 1406 å gje kannikgjeldet til Johannes de Bortzow frå Lübeck, sekretær ved kurien og beneficiumsamlar av dei heilt store.<sup>692</sup> Innocens pålegg bispane av Lübeck og Bergen (Jakob Knutsson) om å hjelpe Bortzow med dette.

Men det er mindre truleg at han i det heile teke fekk noko glede av Trondenes-kallet, for det er høgst usikkert kva som skjedde etter Eskil vart erkebisp. Eskil sjølv prøvde som nemnd å behalde Trondenes, og mykje truleg var ikkje dei andre kannikane ved domkapitlet særleg interesserte i det. I 1424 kjem ein ny pretendent på banen; Nicolaus Rugemann frå Schwerin, som ber pave Martin V om å få overta kannikgjeldet. Han har i utgangspunktet fått eit prebende i Stettin og erkediakonaten i Roskilde, men sidan desse rettane er vorte utfordra av andre, og han ikkje har fått tiltre enno, ber han altså om Trondenes.<sup>693</sup> Han nemner korkje Eskil eller Johannes de Bortzow, men påstår at Trondenes hadde vore vakant sidan Aslak Bolt, som var kannik ved domkapitlet før han vart bisp i Bergen i 1408, hadde det. Ingen andre kjelder stadfester at Aslak Bolt har hatt noko som helst med Trondenes å gjera, så om det har vore ein vakanse etter Eskil, er det vanskeleg å seia frå når til når. Likevel blir altså, i 1424, medan Johannes de Bortzow framleis er i live, Trondenes gjeve til Nicolaus Rugemann av pave Martin V. Kven av pavebrev skal me tru har ført fram, kven har Trondenes og inntektene derifrå på 1420-talet? De Bortzow eller Rugemann? Eller framleis Eskil sjølv?<sup>694</sup>

---

<sup>690</sup> DN XVII-338, 1406. Innocens' forgjengar, Bonifacius, hadde resevert også alle kanonikat, prebende og beneficium som vart ledige til seg, for at han skulle dele dei ut att. Og sidan Trondenes vart ledig medan Bonifacius framleis styrde, meiner Innocens at han kunne overta denne retten til Trondenes.

<sup>691</sup> DN XVII-462, 1427.

<sup>692</sup> Haug 1996: 273. Han hadde beneficium der han var kannik i Hamburg, Schwerin, Lübeck og Roskilde, og han var sokneprest i Vogdhagen og prest i Roskilde.

<sup>693</sup> DN XVII-424, 1424.

<sup>694</sup> Det trur Daae (1897: 140). I eit pavebrev frå 1500 (DN XVII-787), som me kjem attende til seinare, blir det påstått at Trondenes eigentleg var sameint med "erkebispens bord", og at dekanen, som de facto hadde hatt beneficiet i 70 år, no vil rydde opp i desse manglande formalitetane og få kallet lagt til seg ein gong for alle.

Frå 1427 er det ikkje lenger usikkerheit om kannikgjeldinnehavaren. Når de Bortzow til slutt døyr i 1427, er det tid for Svein Eriksson, som blir sitjande med kannikgjeldet til han pensjonerer seg i 1480. Eriksson var i Roma då de Bortzow døyr, søker paven og får det tildelt.<sup>695</sup> Såleis må me gå ut frå at det var de Bortzow som i følgje kurien hadde hatt Trondenes dei siste to tiåra. I eitt av dei fem pavebrevva Svein får utferda hausten 1427, har han fått paven til å understreke at Eskil med urette hadde halde på Trondenes etter forfremjinga si.<sup>696</sup> Dette er den same paven, Martin V, som tre år før, i 1424, gav Trondenes til Nicolaus Rugemann. Så på eitt eller anna vis har kurien innsett, eller anerkjent, at Innocens VII si utnemning av de Bortzow frå 1406 må ha vore den rette.

Men fekk de Bortzow nokon gong nyte godt av inntektene sine? Truleg ikkje.<sup>697</sup> I kurien var dei avhengige av at dei italienske bankkontaktane deira hadde lokale agentar for at dei skulle vera sikra å få pengane sine. Og viss dei då lokalt hadde sterke krefter mot seg – i dette tilfellet Eskil og/eller heile domkapitlet – kan desse transaksjonane hatt ein lang veg frå Trondenes til Roma.<sup>698</sup> Kunne difor – sidan fleire aktørar gjorde krav på kannikgjeldet og ingen fekk tak i det – erkebisp Eskil fått halde fram med å få inntektene frå Trondenes, anten til seg sjølv eller til det felles bordhaldet for kannikane? Eller at Eskil og domkapitlet i fellesskap disponerte inntektene, for å halde ivrige kurialistar unna?<sup>699</sup> Det kunne i så fall forklare kvifor pave Martin i 1424 gav Trondenes til Rugemann – det var eit nytt framstøyt frå kurien i den pågåande konflikten mellom Nidaros og Roma. Det var ingen dekan ved domkapitlet før Ivar Gunnarsson vart utnemnd i 1419, då med Hospitalet på Ilevollen og Troms soknekyrkje som inntektskjelder,<sup>700</sup> så Eskil kan, i tillegg til å ha vore erkebisp, ha fungert som de facto leiar av domkapitlet frå 1404, og frå den maktposisjonen ha argumentert for å behalde Trondenes.

Det er lite truleg at det var ei slik harmonisk deling av verdiane i Nidaros tidleg på 1400-talet. I 1424 klagar domkapitlet Eskil inn for paven, av di han med urette tek hand om inntekter til domkyrkja som skulle delast på prestane i fellesskapet, og ikkje minst brukast til

---

<sup>695</sup> *DN XVII-460–464*, 1427.

<sup>696</sup> *DN XVII-463*, 1427.

<sup>697</sup> Daae 1897: 140.

<sup>698</sup> Haug 1996: 273.

<sup>699</sup> Joys 1955: 409; Haug 1996: 273f; Hansen 2003(b): 270, note 102.

<sup>700</sup> *DN XVII-386, 387, 978, 1419, RN IX-[1354]–1358, 1419*. I ei forordning frå Pave Hadrian IV (1154–1159) heiter det at Nidaros erkebispedømme skal inndelast i tre erkediakonot, og domkapitlet skal “forestås (?) av en dekan” (*RNI I-[100]*). Men me høyrer ikkje meir til dekanatet i Nidaros før Ivar blir dekan i 1419.

vedlikehald.<sup>701</sup> Og i 1426 får kannikane pavens medhald i ei sak der erkebispnen har fråteke kannik Olav Andresson kanonikat og prebende i Nidaros og Nærøy (i Namdalen).<sup>702</sup> I 1420 finn me de Bortzow i Firenze som sendebod til kurien som fullmektig for erkebisp Eskil – slik han var det for andre norske bispar også.<sup>703</sup> Med andre ord stod dei på ein slags talefot, men det blir uttrykkeleg slått fast i 1427 og 1430 at de Bortzow og Eskil striddest om Trondenes.<sup>704</sup> Det er såleis framleis eit ope spørsmål kven som nytte godt av dei økonomiske verdiane frå Trondenes på 1410- og 1420-talet, men at domkapitlet og erkebispnen skulle vera forlikte om saka, er lite truleg. Oppsummeringsvis vil eg halde ein knapp på at pengane vart verande i Nidaros, der erkebispnen i den første tida hadde råderett over dei, men domkapitlet til slutt trekkjer det lengste strået. For då Svein Eriksson, ein klerk frå Skara som var på rett stad til rett tid, får Trondenes i 1427, tilsynelatande utan andre konkurrentar, er det ingen konflikt igjen å spore. Svein si desavuering av Eskil, som nemnt over, får stå uimotsagt. I stadfestingsbrevna han får frå paven kjem det fram at han har uttrykt avstand både til Eskil, som med urette hadde behalde Trondenes, og til de Bortzow, som han meiner hadde kome med falske klagemål om Trondenes.<sup>705</sup>

Kanskje var Svein eit kompromiss i striden mellom kurien og Nidaros? I alle høve er tileigninga av Trondenes truleg eit døme på hans politiske og strategiske talent – manøvrerande mellom kannikar og kurialistar, erkebisp og pave. Då han to år seinare er i Roma saman med kannik Torstein Niklasson, på oppdrag frå erkebispnen, døyrr dekan Ivar Gunnarsson, og både Svein og Torstein søkjer paven om å få overta dekanatet.<sup>706</sup> Torstein, som er sokneprest til Værnes-kyrkja og Stjørdalen kannikgjeld, ser ut til å vinne kampen når pave Martin utnemner han i mars 1430,<sup>707</sup> men i desember er Svein med erkebisp Aslak Bolt til Strinda – som dekan.<sup>708</sup> Og frå det året blir det etablert – de facto og seinare stadfest av paven de jure – at beneficiet Trondenes skal følgje dekanatet.<sup>709</sup>

---

<sup>701</sup> DN XVII-423, 1424; Daae 1897: 140–141.

<sup>702</sup> DN XVII-457, 1426.

<sup>703</sup> DN VI-407, 1420.

<sup>704</sup> DN XVII-462, 1427 og I-729, 1430.

<sup>705</sup> DN XVII-461, 1427.

<sup>706</sup> DN XVII-472, 474, 1430; Brodahl 1925: 101.

<sup>707</sup> DN XVII-475, 1430; Daae 1897: 147.

<sup>708</sup> DN V-601, 1430. Værnes var eitt av dei rikaste sokna i Inntrøndelag, og Værnes-kyrkja var mellom anna den største steinkyrkja i Trøndelag utanfor Nidaros. Såleis er han på mange måtar ein likemann til Svein – sjølv om sistnemnde blir dekan

<sup>709</sup> DN XVII-715, 717, 1480; 756, 757, 1492; 785, 786, 1500. Hamre 1977(a): 229.



Denne striden om kallsretten til Trondenes må sjåast i samanheng med særleg to andre kampar; ein lokalt i Nidaros og ein i den internasjonale kyrkja.

Den første er (oppatt)opprettinga av dekanatet i domkapitlet i 1419 (jf kap. 2.2). Til det trengde ein inntekter, noko paven gjev Ivar Gunnarsson med Ilevollen og Tromsø. Er dette ei omfordeling av verdiane internt i domkapitlet? Truleg. Frå å ha vore frie prebende, følgjer Tromsø og Ilevollen no dekantittelen for ei stund, og i 1432, etter at Svein har samanføydd Trondenes med dekanatet, forvaltar han hospitalet.<sup>710</sup> Ilevollen vart verande knytt til dekanatet heilt fram til reformasjonen og kom truleg *til* domkapitlet som prebende allereie ved erkebisp Jon Raudes etablering – stadfest av Magnus Lagabøte i 1277.<sup>711</sup> Når *Tromsø* kom til domkapitlet er uklart. Spørsmålet er ikkje berre uklart, men også svært interessant som ein del av det større spørsmålet om korleis den norske kyrkjeorganisasjonen utvikla seg i spennet særleg mellom konge og erkebisp, frå høgmedalderen og utover i seinmedalderen. Difor ein liten avstikkar nordover frå Trondenes.

Håkon Håkonsson lét reise kyrkje på Tromsøya rett før 1250, i følgje Vidar Trædal før desember 1247, i byte mot å reise på krosstog.<sup>712</sup> Denne kyrkja, som han, i alle fall i argumentasjon overfor paven, bygde for å omvende heidningane som budde nært riket hans, fekk han patronatsrett til,<sup>713</sup> og i 1308 er kyrkja – som var vigd til St. Maria – nemnd som eitt av fjorten kongelege kapell.<sup>714</sup> Det einaste nord for Hordaland. Som kongeleg kapell stod kyrkja på sida av den ordinære kyrkjeorganisasjonen, og det var kongen sjølv som altså utnemnde sine eigne klerkar. Sverre Bagge skriv at det er usikkert i kva grad patronatsretten vart sett på som gjeldande i tida etter Sættargjeda i 1277, og i kva grad den vart påverka av maktkampen mellom konge og kyrkje etter Magnus Lagabøtes død. Men truleg må dei kongelege privilegia me kjenner frå pavebrev i 1308, då dei kongelege kapella blir samla i éin organisasjon med ein leiande *kapellmagister*, sjåast på som ei stadfesting av *eksisterande* rett, ikkje etablering av *ny* rett.<sup>715</sup> Likevel, skriv Lars Hamre, “varde [det] ikkje lenge før det kom til usemje” mellom det norske episkopatet og kongen og kapellpresteskapat hans om korleis privilegia frå paven skulle tolkast, og kva for mynde og makt som eigentleg låg til

---

<sup>710</sup> DN V-614, 1432; Daae 1897: 147.

<sup>711</sup> NgL II: 481–83; RN II-187, 1277; Grankvist 1982: 42; Blom 1997: 172–174.

<sup>712</sup> DN I-24, 1241; Trædal 2008: 159; Figenschow 2011: 145.

<sup>713</sup> DN I-37, 1246.

<sup>714</sup> DN I-113, 114, 1308. Både Trædal (2008: 159) og andre har peikt på fleire mogelege årsaker til kyrkjeetableringa og statusen det fekk som kongeleg kapell.

<sup>715</sup> Bagge 1976: 57.

kapellmagisteren.<sup>716</sup> Særleg var striden hard i Bergen, der kapellmagisteren heldt sete, som prost ved Apostelkyrkja.

Den kongelege kapellinstitusjonen var ei motmakt til bispekollegiet, men kongesambandet og utanlandsbuande regentar frå tidleg 1300-tal førde truleg til at institusjonen fekk jamt mindre å seia og i lengda ikkje var nokon fare for episkopatet. Motsetnaden mellom konge og bispekollegium mildna, skriv Hamre, og resultatet av den allmenne kyrkjelege utviklinga vart at “medlemmer av dei kgl. kollegiatkapitla kumulerer kanonikata sine der med kanonikat i diocesankapitla.”<sup>717</sup>

Dette er truleg tilfellet for Tromsø sin del. I motsetnad til fleire av dei andre kongelege kapella var eller vart Tromsø-kyrkja, det einaste av kongskapella bygd i tre, ikkje på noko vis påkosta,<sup>718</sup> og etter 1308 høyrer me ikkje noko om kyrkja før ho dukkar opp som prebende til det nyoppretta dekanatet i Nidaros i 1419. Soknet er nemnd i 1405, som “Trumpsar kirkiu sokn”, så mykje tyder på at kyrkja då var komen inn under det regulære kyrkjehierarkiet, mogelegvis gjennom erkebisp Vinald.<sup>719</sup> Han hadde vore kapellmagister og såleis hatt nær tilgang til Mariakyrkja på Tromsøya – eller i alle fall til den som sat med henne. Eldbjørg Haug nemner at Eskil kan ha vore medlem av kapellpresteskabet og sett på som ein passande etterfølgjar av Vinald og “bygget [...] opp overfor Margrete”, og difor sat både med Tromsø og Trondenes før han vart erkebisp.<sup>720</sup>

Den kongelege kapellorganisasjonen må gradvis ha smuldra opp utover i seinmellomalderen, og den kongelege patronatsretten til Tromsø var i alle fall gått meir eller mindre ut av soga. Etter at Svein Eriksson var vorten dekan og Tromsø bytta bort mot Trondenes, er det i 1435 kanniken Johannes Stefansson Krabbe som får Tromsø overdrege av paven.<sup>721</sup> Seinare på 1400-talet er Tromsø hjå kanniken Johannes Belung, før kong Hans i 1486 tek fram pavebrev frå 1308 og krev attende patronatsretten til det inntektsbringande kannikgjeldet.<sup>722</sup> Enden på *den* visa er at erkebisp Gaute og hans “elskelege domkapittel” erkjenner kongen

---

<sup>716</sup> Hamre 1963(b): 258.

<sup>717</sup> Hamre 1963(b): 260.

<sup>718</sup> Trædal 2008: 159.

<sup>719</sup> DN I-604, 1405; Trædal 2008: 164.

<sup>720</sup> Haug 1996: 271.

<sup>721</sup> DN XVII-1025, 526 a, b, c, 1435.

<sup>722</sup> DN XVII-738, I-950, 1486.

retten, men krev at den som blir providert med Tromsø skal vera ein innanlands klerk som “bliffwa i retthe lydhne wndher oss och wore efftherkommandhæ erckiebiscopa i Nidross.”<sup>723</sup>

Korvidt kong Hans og seinare Christian og Fredrik fekk ei hand på utnemninga av Tromsø-sokneprestane, veit me ikkje, men i *Trondhjems Reformats* er Tromsø eit stort kannikgjeld på line med Trondenes, så mykje truleg vart det verande de facto i hendene på domkapitlet gjennom seinmellomalderen. Tidleg på 1500-talet blir det erkediakonens faste beneficium.<sup>724</sup>

Så – frå denne avstikkaren i tid og rom – attende til opprettinga av dekanatet i 1419. Kva slags kapital brukte Ivar Gunnarsson for å tileigne seg denne leiarposisjonen og verdiane som følgde med Ilevollen og Tromsø? Det veit me lite om, men det kan sjå ut som at Ivar ikkje vart leiar i strid med domkapitlet, men tvert om – truleg var det eit uttrykk for at domkapitlet trengde samle seg og styrkje seg overfor erkebisp Eskil, som dei tydelegvis låg i økonomisk strid med. Men kven var det som oppretta dekanatet? Sjølv sagt paven, men på kven si bestilling? Lars Hamre meiner ein kan sjå opprettinga av dekanatet – og erkediakonatet i Bergen<sup>725</sup> – som døme på ein slags kompensasjon for domkapittelkannikane sine manglande inntekts- og avansementsmoglegheiter, av di dei kom i skvis mellom ei samarbeidande pave- og kongemakt.<sup>726</sup> Det kan difor like gjerne vera Ivar og domkapitlet – som erkebisp – som bestilte eit dekanat, ved å mobilisere den same type religiøse kapitalen som gjorde at dei fekk oppretta kannikgjeld; dei brukte den kanoniske retten som låg til grunn for organisering av domkapittel. Eldbjørg Haug meiner at domkapitlet truleg var svekka under Eskil, sidan Eskil ser ut til å ha kunne halde på Trondenes også som erkebisp.<sup>727</sup> Men opprettinga av dekanatet i 1419 – ein klar maktposisjon som kunne utfordre erkebisp – og klagemåla til paven som dei fekk medhald i på 1420-talet, tyder like mykje på det motsette – domkapitlet styrkte seg utover i Eskils regjeringstid.

Dét kjem òg til syne på den andre kamparenaen som striden om kallsretten til Trondenes må sjåast i samanheng med, nemleg den internasjonale opptakten til Basel-konsilet. Basel-konsilet kom saman i 1431, der nettopp føremålet var å gjera noko med pavens einevelde, mellom anna ved å avgrense retten hans til provisjonar og til å leggje seg borti bispeval. Dei

---

<sup>723</sup> DN XVII-738, 1486. Den som då sat med prestegjeldet, kannik Johannes Matheson, skal deretter ha fått løyve frå paven til å halde fram som sokneprest.

<sup>724</sup> Lysaker 1987(a): 26.

<sup>725</sup> *NgL* 2.r. bd. I, 245.

<sup>726</sup> Hamre 1955: 457–458.

<sup>727</sup> Haug 1996: 371.

leiande bispane på Basel-konsilet ville at bispeval skulle gjerast av domkapitlet slik som før<sup>728</sup> – dette var teologisk fullt forsvarleg, dessutan økonomisk gunstigare for bispedøma, sidan den paveleg godkjenninga av bispeval var ei kostesam sak.<sup>729</sup> Eldbjørg Haug meiner domkapitlet si mobilisering av “pavens autoritet overfor sin metropolitt” må sjåast i lys av dei konsiliære tankane som også var på veg til å vinne fram i Noreg, sjølv om ein ikkje direkte kan etterspore slike idear i kjeldene frå dette tidsrommet.<sup>730</sup> Aslak Bolt – erkebisp frå 1430 – kom til å støtte konsilrørsla og arbeidde heile sin periode for større sjølvstyre for erkesetet, både andsynes statsmakta og andsynes pavemakta. Dette kjem me attende til i neste kapittel.

### 6.3 Det kyrkjeadministrative feltet stig fram

Den heilt sentrale kampen i feltet Trondenes i første del av 1400-talet var altså striden om kallsretten til det etterkvart omfattande prestegjeldet. Men ikkje berre det – sidan det er usikkert om kven som hadde kallsretten, er det også usikkert om kven som i praksis fekk hand om den økonomiske kapitalen frå tiend- og landskuldinntektene. Eg trur likevel det mest sannsynlege er at inntektene vart verande i Nidaros – i ein glidande overgang frå erkebisen til domkapitlet. Posisjonane i feltet endra seg nemleg særleg ved den striden mellom Eskil og domkapitlet som utvikla seg utover i perioden. Det kan sjå ut til at den *manglande* innblandinga frå erkebisen si side då domkapitlet bygde opp kannikgjeldet før 1400 har gått over til at *sjølvve kannikgjeldet* er ei av årsakene til den opne striden mellom erkebisen og domkapitlet hans utover 1420-talet. I det *kyrkjeadministrative feltet* blir domkapitlet sin posisjon såleis styrkt på 1420-talet – med aukande økonomisk kapital i form av sjelegåver (som primært blir gjevne til dei lokale kyrkjene, altså til kannikgjeldinnehavaren, og ikkje til erkebisen eller domkyrkja) og ved mobilisering av den religiøse kapitalen i form av kanonisk rettsgrunnlag og paveleg autoritet. I det *regionale feltet*, derimot, veit me lite om korleis posisjonane og relasjonane mellom domkapittel og erkebisp utvikla seg i perioden. Nettverket av setesveinane var truleg enno ikkje utbygd (jf kapittel 2.2), og me veit heller ikkje korleis den spirande handelsverksemda hadde utvikla seg. Men Aslak Bolt starta ikkje på berr bakke, då han tok over i 1430.<sup>731</sup> Det er difor vanskeleg å seia noko vidare om korleis dei relasjonelle posisjonane i *heile* feltet Trondenes utvikla seg dei første 30 åra av 1400-talet.

---

<sup>728</sup> Wormskonkordatet frå 1122 er rekna for å ha lagt grunnen for å avslutte investiturstriden med mellom anna å slå fast valretten til domkapitla.

<sup>729</sup> Hansen 2003(b): 269.

<sup>730</sup> Haug 1996: 372–373.

<sup>731</sup> Lykke 2000: 114; Joys 1955: 408.

Men når ein ser på forminga av kannikgjeldet i heile denne omhandla perioden – frå svartedauden til 1430 – går den sentrale aksa i feltet mellom domkapittel og erkebisp – i semje og strid.

## Kapittel 7: 1430–1480: I Svein Erikssons tid

Midten av 1400-talet blir ein svært ekspansiv periode både for Trondenes kannikgjeld og erkebispedømet Nidaros. Særleg mellom 1430 og 1450, då Svein Eriksson verkar som dekan og Aslak Bolt som erkebisp og kvarandres nære medarbeidarar, og vekst i nord går parallelt med vekst i Nidaros. Svein legg krefter i å ferdigstille og innreie trondeneskyrkja, Aslak byggjer systematisk opp erkeseteøkonomien. Kva slags kampar blir kjempa om denne ressursbruken, kva for kapital blir mobilisert, konvertert og investert? Korleis påverkar desse to satsingane – desse to kampane – kvarandre, og er det andre kampar som påverkar posisjonane i feltet Trondenes?

### 7.1 Svein Eriksson ferdiggjer og innreier Trondenes-kyrkja

Det er Svein Eriksson som skil denne perioden frå alle andre i Trondenes kannikgjeld si historie – det er Svein Eriksson som er den heilt sentrale aktøren i si eiga styringstid. Klerken Svein frå Skara bispedøme møter me første gongen i kjeldene i 1427, då han som tidlegare nemnd er i Roma og får overta Trondenes prestegjeld. Han blir samstundes kannik, i 1430 blir han dekan – og frå då følgjer kannikgjeldet dekanombodet.

Ferdigstillinga av trondeneskyrkja under Svein Eriksson midt på 1400-talet kravde først og fremst mykje økonomisk kapital av dekanen. Eriksson har ikkje ført noko rekneskap over byggjeprojektet – som er bevart – men me har to kjelder utover bygget i seg sjølv som kastar eit visst ljøs over byggjeprosessen. Først er det kvitteringa på utført arbeid til tømmermannen Magnus Jonsson, datert 9. juli 1442 i Øyfjord i Senja.<sup>732</sup> Jonsson stadfester at Svein Eriksson har betalt han ”i fisk, rav og rekling” for eit arbeid som har gått føre seg i fleire år, utan at det nærare er spesifisert kor mykje og heller ikkje kva arbeid det har vore. Så er det ei støypeform til eit St. Olavs-pilegrimsmerke funne på Trondenes. Slike pilegrimsmerke vart vanlegvis berre produserte og selde ved sjølve pilegrimsmålet – altså Nidaros.<sup>733</sup> Arkeologen Lars Andersson meiner dette kan tyde på at Svein Eriksson produserte pilegrimsmerke *for* Nidaros *på* Trondenes – for å finansiere bygginga av kyrkja. Som dekan og nær fortruleg med erkebispener meiner Andersson at Svein Eriksson hadde “alle möjligheter att kunne sälja sina märken vid domkyrkan, där de största avsättningsmöjligheterna fanns.”<sup>734</sup> Men med den tette kontakten det nettopp var mellom Trondenes og Nidaros – personifisert ved Svein Eriksson – kunne sjølvstøypeforma også ha kome til Trondenes av andre årsaker.

<sup>732</sup> Lysaker 1978(a): 116; *Grönlands historiske mindesmärker*: 893.

<sup>733</sup> Sande 2009.

<sup>734</sup> Andersson 1997: 180–181.

I tillegg til ferdigstilling av kyrkja, må Svein Eriksson også ha nytta betydeleg økonomisk kapital i innreinga av kyrkja. Mykje av den rike kyrkjekunsten frå seinmellomalderen har truleg kome til i hans tid eller like etter, til dømes er høgaltarskåpet tidfest til 1460–70, og sjølv om me kan ikkje veta sikkert om kven som er bestillar, peikar mykje mot Eriksson.<sup>735</sup> Han hadde både den økonomiske evna og kontaktar vidare til Bryggen, der bestillinga gjekk via hanseatane vidare til dei ulike verkstadene, primært i Nord-Tyskland, som stod for produksjonen av kyrkjekunst. Noko må ha vore spesifiserte bestillingsvarer, anna var halvfabrikata og masseproduserte lagervarer, som bestillaren valde ut frå.<sup>736</sup> Til saman har det truleg vore sju eller åtte altar i kyrkja.<sup>737</sup> Skulpturar, altartavler og altarskåp var å finne i rikt monn i mange av kyrkjene i kannikgjeldet, men i Trondenes var det i tillegg 12 korstolar, ein kongestol og ein dekanstol med baldakinar og eit lektorium – noko som sette kyrkja i ei særstilling og som er eit argument for at Trondenes hadde funksjon som ei kollegiatkyrkje.<sup>738</sup> Og bak på korstolane stod, i følgje bisp Nannestad sin almanakk, inskripsjonen “Svein Eriksson, dekan i Nidaros, gjorde dette verk ved sin handgangne mann Peter Botolvsson i det herrens år 1465”, så *nokre* haldepunkt for at det var Svein Eriksson som bestilte, har me.<sup>739</sup> Svein sitt våpenskjold, ei heil og to halve kvite liljer på blå bakgrunn, kunne ein sjå to stader i kyrkja.

Kyrkjekunsten og ikonografien i denne var først og fremst brukt og fortolka av prestekollegiet i den omfattande liturgien på Trondenes – under messer, tidesong og andakter. *Korleis* den detaljerte messepraksisen gjekk føre seg, veit me ikkje sikkert, men både messa og tidesongen er i grunnstrukturen lik i heile den katolske kyrkja, og i følgje Rognald Bergesen er det grunn til å tru at messeliturgien på Trondenes har følgd gjeldande praksis i nidarosprovinsen.<sup>740</sup> Me veit heller ikkje kva slags rangordning det var mellom vikarane i kollegiatkyrkja på Trondenes, men truleg var det ein leiar mellom dei som mellom anna organiserte korleis dei ulike andre prestane skulle oppfylle pliktene sine ved dei mange annektskyrkjene. Det er grunn til å tru at det er under den store aktiviteten Svein Eriksson igangsette, at kollegiatet vart danna i så ordna former som korstolane skulle tilseia. Dette var eit særsyn utanom

---

<sup>735</sup> Bergesen 2011(b): 72, 97.

<sup>736</sup> Bjørkvik 1996: 118–119.

<sup>737</sup> Bergesen 2011(b): 65.

<sup>738</sup> Lysaker 1987(b); Lysaker 1976: 400, Bergesen 2011(b): 157f.

<sup>739</sup> “Sveno Eriçi, Decanus Nidrosiensis fecit hoc opus per familiarem suum Petrum Botolphi, Anno Domini Millisimo Quadringentisimo Sexagesimo Quinto: Orate pro Eis.” *Nannestad*; Lysaker 1978(a): 118; Bardal 1930: 139.

<sup>740</sup> Bergesen 2011(b): 119–121.

domkapitla, og medan utbygginga av det vidstrekte Trondenes-gjeldet må ha vore ein føresetnad for kollegiatet, var det truleg Svein Erikssons gjennomføringsevne som bygde det opp. Det er vanskeleg å sjå at desse prosessane ikkje skulle hatt ein samanheng.<sup>741</sup>

Både ferdigstillinga av kyrkja og utsmykkinga innvendig må ha vore svært ressurskrevjande for Svein Eriksson – han har måtta bruke mykje av den økonomiske kapitalen han som dekan og sokneprest hadde til rådvelde. Det må også ha påverka Svein Eriksson sin sosiale kapital – altså “nyttige eller prestisjefylte nettverksrelasjonar” – ved at han både mobiliserte den eksisterande sosiale kapitalen og tileigna seg ny. Som dekan i Nidaros ville han kunne dra nytte både av den kunnskapen om bygg- og handverksteknikkar og dei handverkarane som vart brukte på Nidarosdomen – som brann i 1432 og Aslak Bolt sette store ressursar inn i oppbygginga av. Dømet med pilegrimstøypeforma syner at økonomien i desse prosjekta kan ha hange tett i hop, og at Svein visste å nytte sin doble posisjon som dekan og sokneprest til fordel for både Nidaros og Trondenes. Peter Bottolfson, mannen bak korstolane i kyrkja, kan òg vera ein ressurs Svein har teke med seg sørfrå eller henta gjennom kontakten sin med Aspa-familien. I 1471 møter me nemleg ein Peter Bottolfson som sel eigedomar på Nordmøre til Ivar Trondsson på Aspa, den mektige broren til dåverande erkebisp Olav Trondsson (1458–1474).<sup>742</sup> Samstundes knytte han også til seg lokale handverkarar, som det går fram av tømmermannskvitteringa frå Senja, og bygde nye nettverk i nord – noko me kan sjå av kven det var som vitna og stadfesta at tømmermann Magnus Jonsson hadde fått rett betaling; grønlandsbisp Gregorius (ei vidare drøfting av rolla hans kjem seinare), ein rådmann i Bergen, Lamp Jonsson og lagrettemann på Helgeland, Karl Helgesson. Dette var ikkje kven som helst – og eit slikt knippe av geistleg og verdsleg elite var truleg samla i eit særskilt høve. Me kan berre spekulere i kva det kan ha vore, eit ting eller eit rettsmøte av noko slag? I alle høve er det eit uttrykk for samarbeid og samhandling mellom statsmakt og kyrkjemakt i nord, som Svein dreg nytte av. Bruken av økonomisk kapital førde altså til ei ytterlegare styrking av Svein Eriksson sin sosiale kapital i form av stand og stilling innafor fleire grupper; både innan domkapitlet i Nidaros og i Sør-Troms, eller, om ein vil, både i det kyrkjeadministrative underfeltet og i det regionale underfeltet.

Men særleg må Svein sin ressursbruk på kyrkjeinteriøret kunne sjåast som ei konvertering til *religiøs* kapital. Kyrkjeinteriøret og bruken av dette er ei blanding av materiell og ikkje-

---

<sup>741</sup> Trædal 2009: 149 antyd at det kan ha vore to meir eller mindre parallelle prosessar.

<sup>742</sup> DN IV-970, 1471.



materiell religiøs kapital, jf drøftingane i kapittel 5.2. Altså; *kulturelt produsert eige* i form av materielle objekt med ibuande autoritet i feltet Trondenes – som altartavler, lektorium og korstolar – og ikkje-materiell kapital som autoriteten til å utdele og administrere sakrament, “frelsehjelp” (“salvation goods” jf Rey i kap 5.2) gjennom årtidhald og lesing av sjelemesser og tolking av den materielle religiøse kapitalen i altartavlene.

Svein Erikssons vilje og evne til å konvertere dei økonomiske ressursane frå kannikgjeldet inn i kulturelle uttrykk, vart truleg av både lek og lærd opplevd som ein stor verdi – ein felles anerkjend verdi. Svein si medvitne satsing på og bruk av religiøs kapital må i alle fall ha verka inn på rekrutteringa av geistlege til kyrkjeteneste i Trondenes. Kyrkjeinventar hadde alle kyrkjer, men at altartavler vart bestilt frå Tyskland, utført av dei store kunsthåndverksmestrene i verkstadene der, og at interiørsnikkararbeidet var framifrå (av bisp Nannestad samanlikna med domkyrkja i Århus<sup>743</sup>), må ha verka inspirerende på dei som arbeidde der. Men kva med lekfolk, kva hadde kyrkjekunsten å seia for deira oppleving av den katolske messa?

Messefeiring var sjølve navet i den katolske seinmellomalderkyrkja og stort sett var det berre prestane som song messe saman, utan lekfolk til stades anna enn på sundagane.<sup>744</sup> Men på Trondenes – der dei ulike prestane i kollegiatet kunne ha feira opptil åtte messer ved altara kvar dag, i tillegg til privatmesser – kan det ha vore betydeleg større innslag av lekfolk i kyrkja enn det som var vanleg i ordinære soknekyrkjer.<sup>745</sup> Ved spesielle høgtider vart den religiøse kapitalen synt fram i heile sin breidde. Og det er all grunn til å tru at også lekfolk fekk mykje meining ut av både messe og ikonografi – dei var ikkje uvitande om livet og lagnaden til helgenane og kyrkjeårets gang.<sup>746</sup> Det var også ein av føresetnadane for messefeiringa – som kyrkjekunsten skulle hjelpe til med: å skapa eit samband mellom “jordens kjempende kristenhet og den triumferende kirken i himmelen”, altså mellom menneske og Gud.<sup>747</sup>

Svein Eriksson har altså brukt betydelege ressursar i ferdiggjeringa og innreiinga av trondeneskyrkja og utbygginga av prestekollegiatet. Men såleis er den økonomiske kapitalen

---

<sup>743</sup> Bardal 1930: 138.

<sup>744</sup> Bergesen 2011(b): 125.

<sup>745</sup> Bergesen 2011(b): 128.

<sup>746</sup> Bergesen 2011(b): 140–141.

<sup>747</sup> Bergesen 2011(b): 156–157.

ikkje berre *brukt*, han er delvis også *investert i* religiøs kapital – den økonomiske kapitalen blir ikkje *brukt opp*, men *vidareført* i den religiøse kapitalen. Denne investeringa, denne kapitalkonverteringa har Svein kunne gjort delvis ved å bruke eksisterande sosial kapital, og resultatet av konverteringa har også gjeve Svein *meir* sosial kapital ved å kunne tilby lekfolk eit breitt spekter av dei religiøse kapitalformene.

Men kvifor? Kva for interesser var det Svein hadde – kva var målet med all denne kapitalbruken? Det spørsmålet kan ikkje drøftast fullgodt utan å gå vegen om Sveins næraste overordna, erkebisp Aslak Bolt, og hans virke i Nidaros.

## 7.2 Oppattbygging av erkesetet under Aslak Bolt

Etter erkebisp Eskil sine freistnader på å behalde Trondenes, ser det ikkje ut til at erkebispens seinare har utfordra domkapitlet og dekanen på dei rike inntektene frå dette kannikgjeldet. Men Aslak Bolt sitt store arbeid med å finne fram att gamle og setja opp nye inntekter til erkesetet må også hatt innverknad for Trondenes. Det store spørsmålet blir då om korleis dette arbeidet, denne kampen, har påverka Svein sitt arbeid med å ferdigstille Trondenes.

Dei “nygamle” avgiftene til Aslak kan grovt delast i to – dei som prestegjelda skulle yte og dei som allmugen skulle yte. Katedratikum er døme på det første, mikkels- og olavskorn døme på det andre (sjå kapittel 3.4). Me har ikkje kjelder som fortel at Aslak Bolt tinga desse nye avgiftene med allmugen lenger nord enn til Steigen, men sidan dekan Svein Eriksson var ein av erkebeispens mest trufaste menn, vore det rart om dei ikkje også vart betalte frå Trondenes. Ein kunne tenkje seg at avgiftene var ei posisjonering frå Aslak si side, *mot* domkapitlet, i kampen om potensielle inntekter frå dei rike kannikgjelda. Og på eitt vis skulle ein tru at domkapittelmedlemer med kannikgjeld ikkje var så interesserte i katedratikum, kyrkjerekning/brevavgift og liknande. Sjølv om domkyrkja, arbeidsplassen deira, var eit viktig symbol også for deira stand og stilling, vart på den andre sida slike midlar til domkyrkja nødvendigvis teke frå deira personlege inntektskjelder, eller i alle fall potensielle inntektskjelder i kannikgjelda. Men – katedratikum var jo ei ny (oppattnya) avgift, så viss ho vart suksessfullt og effektivt innkravd, tydde det berre at det samla kom *meir* inntekter til kyrkja. Og bortsett frå katedratikum, som gjekk til domkyrkja, gjekk dei fleste andre gjenoppliva og difor nye inntektene nettopp til domkapitlet og kannikane si messelesing ved altara i domkyrkja. I motsetnad til forgjengaren sin må erkebisp Aslak Bolt ha sett seg tent

med å styrkje tilhøvet til kannikane, difor gav han dei disposisjonsrett over mikkels- og olavskornet og brukte dei aktivt i arbeidet med fornyinga av erkeseteinntektene.<sup>748</sup> I tillegg vedtok han å bruke halve bondeluten av tienda for å styrkje presteutdanninga og rekrutteringa av innanlandske geistlege,<sup>749</sup> noko ein også kan tenkje seg var i domkapitlet si interesse. Det var eit sterkt domkapittel, og Aslak Bolt såg at i deira styrke låg potensiale som kunne nyttast saman med ambisjonane hans.

Men erkebisp Aslak Bolt si (oppatt)bygging av erkeseteøkonomien handlar først og fremst om det systematiske kartleggingsarbeidet av landskuldressursane til erkesetet, materialisert i den omfattande jordeboka frå 1432–33 – med seinare tillegg frå utover 1400-talet. Som i trondenesjordebøkene finn me òg hjå Aslak Bolt mange stader opplysningar om både gamal og ny skuld, men i svært liten grad på eigedomane til erkestiftet i Trondenes. Av 32 gardpartar er fem oppgjevne som aude og berre to oppgjevne med ny skuld: *Strand*, som erkebispen før eigde 14 spann i, men i følgje Aslak Bolt er han no bygsla for 1/2 spann. I tillegg er *Ørja* bygsla for 20 fiskar, men sjølv om inga tidlegare skuld er oppgjeve, må ein ut frå ordlyden rekne med at denne bygselssummen vitnar om ny skuld.<sup>750</sup> Bolt poengterer altså eit skilje mellom dei gardane som er aude, og dei der ny skuld ikkje er oppgjeve. Med andre ord er det så seint som på 1430-talet mange gardar der situasjonen er uavklart for erkebispen – somme kan vera aude, somme kan vera i drift, men nye leiglendingsavtaler er enno ikkje komne i stand, somme med så skiftande driftstilhøve at det har vore liten meining i å føre opp skuldoppgåver.<sup>751</sup> Dette i motsetnad til erkebispens eigedomar i dei sentrale trøndelagsområda, der jordeboka hans syner at dei fleste gardpartane har fått ny skuldsetjing. Fleire undersøkingar har synt at ein generell tese om at jo lenger nord, jo meir jordbruksmarginalt, jo meir aude,<sup>752</sup> ikkje er fullgod forklaring ned på mikronivå.<sup>753</sup> Ein må også søkje forklaringar i erkesetet – og andre jordeigarar – sine administrative evner, eigenskapar og høve til å drive godsforvaltning. Og sjølv om erkebispen var den desidert største jordeigaren i heile erkestiftet, var den samla eigedomsmassen til stiftet svært liten i Trondenes, så det er kanskje ikkje til å undrast over at området ikkje var prioritert frå erkesetet si side. Men sidan kannikgjeldet var kome godt i drift på 1430-talet, og Aslak sin nære medarbeidar Svein Eriksson var dekan med Trondenes som beneficium, er det litt

---

<sup>748</sup> Lykke 2000: 132.

<sup>749</sup> Lykke 2000: 84.

<sup>750</sup> AB: 165–167.

<sup>751</sup> Sandnes 1971: 139; Kårstad 1981: 440.

<sup>752</sup> Lykke 2000: 61.

<sup>753</sup> Nielssen 1977.

merkeleg at det ikkje er nokon referansar til trondenesjordebøkene – eller arbeidet med desse – i Aslak Bolt si jordebok. Trondenesjordebøkene var jo etter all sannsynlegheit oppbevarte ved domkapitlet – jamfør opplysningane i *DN VI-302*, regesten som var utferda i Nidaros med domkapitlets segl på, og som seier at eigedomar som er komne til seinare enn den store mannauden står innført i årtidboka og messeboka “der nord”; “standa þar norðer scrifwader jnne j aaltiids bookene oc messo bookene.”

Dei største jordeigedomane og -inntektene hadde erkebispnen naturleg nok i Trøndelag; 1287 smørspann (ny) landskuld av til saman 1737 spann i heile erkestiftet.<sup>754</sup> Men fabricadelen av jordegodset til erkebispnen var svært liten – i Aslak Bolt berre til saman 54 spann av den nye skuldsetjinga.<sup>755</sup> Dette kom etter reformasjonen til å få følgjer for Trondenes og andre kyrkjer i stiftet, når domkyrkja måtte stellast på.<sup>756</sup> Erkebispnen både kjøper og makeskiftar til seg jord gjennom seinmellomalderen, men det er vanskeleg å finne nokon klar strategi i jordtileigningspolitikken hans, i følgje Audun Dybdahl.<sup>757</sup> Det meste av godsauken kom av gåver, betaling for lovbrøt og kjøp av jord som vart tilbode han, og all denne jorda låg jo der ho låg. Men i makeskifta kan ein spore nokre mønster.<sup>758</sup> Lars Ivar Hansen lanserer eit visst jordegodsmedvit i Sør-Troms, der erkesetet og domkapitlet på slutten av seinmellomalderen makeskiftar nokre eigedomar inn mot dei samiskbusette fjordane.<sup>759</sup> I kva grad samarbeidde erkebispnen og domkapitlet om ei kolonisering innover i fjordane? Hansen vil ikkje kalle det ein direkte koloniseringsstrategi med regi frå Nidaros, men samstundes kan ikkje kyrkja ha stilt seg likesæl til det som skjedde, meiner han.<sup>760</sup> Som me kjem attende til seinare, kan det ha vore eit aukande misjonerings- og/eller koloniseringsmedvit frå Nidaros dei 60 siste katolske åra, som også gjorde seg utslag i jordegodspolitikken.

Men dette er i alle høve etter Aslak Bolt si tid. Aslak var høgætta med mor frå Bolt og far frå Rømer. Han må kunne kallast for vestlending, “og efter al Rimelighed ogsaa for bergenser”, skriv Daae.<sup>761</sup> Då Aslak for nordover og tinga avgifter med allmugen på Helgeland i 1432, møtte han også den venetianske handelsmannen Pietro Querini – som hadde overvintra på

---

<sup>754</sup> Dybdahl 2003: 289. Trøndelag vil då seia inkludert Namdalen og Fosen. I tillegg hadde han til saman ca 589 spann i eigedomar i Hamar, Stavanger og Bergen bispedøme.

<sup>755</sup> Lykke 2000: 46.

<sup>756</sup> Sjå meir i kapittel 11.3.

<sup>757</sup> Dybdahl 2003: 282; Lykke 2000: 73.

<sup>758</sup> Dybdahl 1989: 322f.

<sup>759</sup> Hansen 2003(b): 268.

<sup>760</sup> Hansen 2000: 238–242.

<sup>761</sup> Daae 1897: 143–144.

Røst etter å ha kome kraftig ut av kurs på veg frå Kreta til Flandern. Querini skildrar erkebispens fylgje som eit mektig syn – to hundre mann med to kvalfangarskuter på slep.<sup>762</sup> Dybdahl meiner dette må vera ei overdriving, men det er liten tvil om at erkebispen etterkvart hadde mange mann i arbeid.<sup>763</sup> For å byggje opp erkesetet sin økonomi trong han ikkje berre inntektsgrunnlag i form av eigedom og avgiftsheimlar, men også effektiv innkrevjing og logistikk kring vidare distribusjon av dei inntektene han fekk frå landskuld, tiend, avgifter og bøter – og då etterkvart ein stor handelsadministrasjon for å selja vidare overskotet frå dette. Han prøvde slå sprekkar i hanseatanes monopol på utanrikshandel ved å gje løyve og privilegium til engelske handelsfolk,<sup>764</sup> og eitt av hans fremste middel for å utvikle handelsverksemda si må ha vore det nettverket av lokale setesveinar han bygde opp (sjå kapittel 2.2). Eit uavklart spørsmål er likevel korleis erkebispen og setesveinane organiserte innkrevjinga og handelen.<sup>765</sup>

Etter Sættargjerda skulle erkebispen ha skattefritak for 100 mann i si teneste, og Aslak Bolt viser til denne då han i 1449 utferdar verne- og privilegiebrev for Steinar Øysteinsson, som skal vera ein av hans “hundradha setho svennæ”.<sup>766</sup> I jordeboka oppgjev Aslak Bolt at Torgils Sigurdsson i Lofoten er “waar setterswen”.<sup>767</sup> Me veit likevel ikkje om og eventuelt kor mange setesveinar Aslak Bolt hadde i Sør-Troms, men hundre år seinare, i 1533, har Olav Engelbrektsson 69 setesveinar; 49 av desse i Nord-Noreg, 9 av desse i Sør-Troms. Fleire er av dei mest formuande skatteytarane i tiendpengeskattelista frå 1520/21, og truleg hadde dei fleste eigne jekter.<sup>768</sup> I kva grad desse setesveinane og det verdslege ombodsapparatet i nord hadde klare arbeidsfordelingar, eller om det var kryssande interesser, veit me lite konkret om, men det er ikkje utenkjeleg at erkebispens utbygging av eit administrativt (handels- og) innkrevjarregime førde til konflikhtar. Frå byrjinga av 1500-talet kjem det i alle fall til open konflikt mellom erkebisp Erik Valkendorf og kong Christian IIs høvedsmann på Bergenus, Jørgen Hanssøn – som såg på setesveinane som konkurrentar til bergensborgarane.<sup>769</sup> Men meir interessant i vårt felt, er om setesveinane gjekk i føtene på kollegiatet på Trondenes eller

---

<sup>762</sup> Wold 1991: 144.

<sup>763</sup> Dybdahl 2003: 304.

<sup>764</sup> DN VII-418, 1442, VII-423, 1444.

<sup>765</sup> Lykke 2000: 133. Lykke refererer ulike synspunkt hjå Lars Hamre og Arnved Nedkvitne, der Hamre meiner setesveinane dreiv handel, medan Nedkvitne er usikker på om dei “berre” utrusta eigne fiskarar og ikkje sjølve var aktive i handelsleddet.

<sup>766</sup> DN XXI-452, 1449.

<sup>767</sup> AB: 161.

<sup>768</sup> OER: 40ff; Nedkvitne 1983: 305ff; Hansen 2000: 252–254; Dybdahl 2003: 313.

<sup>769</sup> Hamre 1970(b): 163; DN XVI-367, 1521.

andre av sokneprestens menn, til dømes ombodsmennene/kyrkjeverjene, eller om dette var ei avklart arbeidsdeling mellom erkebispemenn og dekanen – kanskje var setesveinane også ombodsmenn for dekanen og dei andre korbørne i domkapitlet som hadde kannikgjeld.<sup>770</sup> Dreiv også etterkvart prestekollegiet på Trondenes handel? Mykje kan tyde på det, for viss kannikgjeldinnehavaren og vikarprestane hans ikkje sjølve handla med (fiske)overskotet sitt, kva gjorde dei då med det? Kven som handla med og for kven vil den sparsame kjeldesituasjonen ikkje kunne gje oss svar på, men det finst døme, også frå Aslak Bolt si tid, som kan tyde på at også kannikane var engasjerte i turriskhandelen. I testamentet til kannik Vinald Steinfinnsson frå 1440, til dømes, er det både fiskeressursar og bygardseigedomar i Bergen som kan knytast til handelsverksemd.<sup>771</sup>

Det er likevel ikkje lett å finne spor av at Aslak Bolt og Svein Eriksson si samtidige ekspansive satsing i høvesvis erkesetet og kannikgjeldet på noko vis gjekk i veggen for einannan. Men kva med eventuelle andre motmakter? Var det andre aktørar i feltet Trondenes som prøvde gjera gjeldande sine interesser?

Korleis domkapitlet agerte og reagerte då dekanatet vart knytt saman med – og finansiert av – Trondenes i staden for Tromsø, veit me ikkje. Den forbigåtte dekanen Torstein Niklasson er framleis kannik då Svein først opptretr som dekan i 1430, han sit med det rike Stjørdalen kannikgjeld og er ofte med på erkebispens vegner når dei nye avgiftene med allmugen i erkestiftet blir tinga på byrjinga av 1430-talet.<sup>772</sup> Han var med i følgjet nordover i 1432, det var ikkje Svein,<sup>773</sup> men han var ikkje, tilliks med fleire, med og stadfesta alle avgiftsavtalene. Til dømes er han ikkje å finne i brevet frå Bodin 15. juni 1432, men i Steigen-brevet frå 19. juni. Torstein er med andre ord ingen slagen mann, og domkapitlet ser i det heile ut til å vera godt representert – i ulike konstellasjonar – på vegner av erkebispemenn og den nye avgiftspolitikken hans.

Men kva med allmugen og den lokale verdslege eliten? I fleire av avgiftsbrev fra Helgeland går det klart fram at allmugen ikkje ytte dei nye avgiftene berre med lett hjarta. Dei måtte

---

<sup>770</sup> Holmsen 1976: 27.

<sup>771</sup> DN V-692, 1440; Lykke 2000: 101.

<sup>772</sup> DN V-598–602, 607, 610, 613, 616–619, 622–624, 626, 627, 630–634, 1430–1433.

<sup>773</sup> Han må tvert om ha vore heime og vore den *Rettore* (omsett med “styrar”) som svært gjestfritt tok imot Querini og følgjet hans då dei kom fram til Trondheim Kristi Himmelfartsdag 1432, og utstyrte dei med proviant og skyss på vegen vidare austover til Sverige. Querini møtte erkebispefølgjet før dei kom til Trondheim. (Wold 2004: 187, 200.)

overtalast – erkebisen måtte til og med setja avgiftsbetaling som vilkår for å få bygsle jord. Motstanden kom særleg av di dei oppattnya avgiftene gjekk til domkapitlet for at dei skulle lesa messer i domkyrkja, og ikkje til dei fatige, som dei opphavleg var tiltenkt.<sup>774</sup> Dét kan tyde på at fatigomsorga vart gjort på andre måtar utover på 1400-talet enn i høg mellomalderen, eller også, som Charles Joys spør, om det rett og slett var så få fatige etter svartedauden at det gjekk greitt å omdisponere innhaldet og føremålet med desse avgiftene.<sup>775</sup> I alle høve aksepterer allmugen avgiftene – og fleire seier seg samde i nytta og viktigheita av å lesa messer ved altara i domkyrkja.<sup>776</sup>

Motmakter til erkebispens og dekanens politikk er med andre ord lite synlege.

Kan Aslak Bolt i same grad som Svein Eriksson seiast å ha investert sin økonomiske kapital i religiøs kapital i satsinga si på erkesetet? Oppattnyinga av dei gamle avgiftene kan i og for seg vera ein type religiøs kapital, sidan Aslak legg vekt på i grunngevinga at dei er røtt i kristenretten og tidlegare erkebispars bruk og avtaler mellom konge og kyrkje.<sup>777</sup> Avgiftene vart også tinga då erkebisen – med følge – kom på vistitas, ein autoritet som kan sjåast som uttrykk for ein ikkje-materiell religiøs kapital. Og Aslak si oppattbygging av den nedbrende Nidarosdomen i 1432 er på same vis som Svein si ferdigstilling av trondeneskyrkja ei investering i religiøs kapital. Likevel må ein kunne seia at Aslak Bolt sin særlege styrke må ha vore den *administrative kapitalen*, som kan sjåast som ei form for ikkje-materiell religiøs kapital, han hadde. Til ei viss grad brukte han økonomisk kapital til å byggje opp ein administrasjon, men brorparten av hans administrative kapital må ha vore ibuande eigenskapar – administrativt talent rett og slett – i Aslak Bolt. I heile embetstida si, både i Bergen og Nidaros, var han tydeleg på å skriftfeste og såleis halde oversikt kva som var hans og kva som var domkapitlets eige til eikvar tid.<sup>778</sup> Det vart først og fremst kartlegging av jordegodsinntektene og sjølve jordeboksarbeidet som la grunnen for den vidare veksten i erkesetet, og det er, som Absalon Taranger poengterer, nettopp desse *nye* avgiftsavtalene, ikkje gamal kristenrett, “som er hjemmelen for almuens skattepligt”.<sup>779</sup> Noko Christian Lykke meiner også Aslak Bolt understrekar, når det i jordeboka står at viss bøndene i framtida skulle nekte å betala, så ligg breva, som dei beste menn i allmugen har vore med og sett segla sine

<sup>774</sup> Lykke 2000: 89–90; Hamre 1955: 459; Joys 1955: 419–420.

<sup>775</sup> Joys 1955: 425, note 71.

<sup>776</sup> DN V-627, 1433.

<sup>777</sup> AB: 1; Lykke 2000: 83, 86, 90.

<sup>778</sup> Joys 1955: 414–415.

<sup>779</sup> Taranger “Fortale” til *NgL* 2.r. bd. I: XXXV. 1912.

på, oppbevarte på hjå domkapitlet.<sup>780</sup> Det er altså dei nye breva, ikkje gamal kristenrett, som skal vera gjeldande rett.

Aslak prøvde også å bruke sine administrative evner i *heile* erkeprovinsen, og var den første erkebispem sidan 1351 som kalla inn til provinsialkonsil – i 1435 og 1436.<sup>781</sup> Dette hang mellom anna saman med hans ivrige støtte til konsilrørsla og kampen for større lokalt sjølvstende til kyrkjeprovinsane, med råderett over bispeval og arbeidet med å rekruttere fleire innanlandske geistlege.<sup>782</sup> Til konsilet i Oslo i 1436 hadde Aslak gjort grundig førearbeid – og også her prøvde han gjennomgåande å få sikra kyrkja sine interesser ved vedtak av rettar og krav som var røtte i eldre avtaler mellom allmugen og kongemakta – som Sættargjerda og Jons kristenrett.<sup>783</sup>

Sjølv hadde Aslak gått i teneste hjå Erik av Pommern, og han var rask med å få gjort opp gjelda til kongen som hang att etter Eskil. Mot dette måtte Aslak la synge salmar døgkontinuerleg i domkyrkja – noko som må ha vore eit slit for domkapitlet hans. Men etterkvart kom han meir på kant med kongemakta og det sterke unionskongedømet, ettersom kongen tok pavens parti mot konsilrørsla. Den viktigaste kampen for erkebispem kom snart til å stå om kor dei geistlege skulle koma frå, kven som fekk utnemne bispane og med det ha makt i riksrådet.

På slutten av livet engasjerte Aslak Bolt seg sterkt i kven som skulle bli ny konge etter Christoffer av Bayerns død i 1448. Her var også Svein Eriksson sterkt involvert, og saman støtta dei i første omgang den svenske Karl Knutsson, men vart seinare meir eller mindre tvungne til å gå inn for Christian I, sjølv om Aslak deretter krona Karl til konge i domkyrkja i Nidaros.<sup>784</sup> Karl skreiv handfesting på norsk – der han mellom anna stadfesta Sættargjerda frå 1277. Men Karl *vart* ikkje konge, og like etter døydde Aslak, truleg i 1450, med eit på ingen måte avklara forhold til kongemakta, men truleg med eit svært lojalt domkapittel med Svein Eriksson i spissen. I 1448, til dømes, bad kapitlet Aslak om å rydde i sakene deira – ved å

---

<sup>780</sup> Lykke 2000: 88; AB: 2.

<sup>781</sup> DN VII-396, 1435; V-660, 1436; Daae 1897: 156–157.

<sup>782</sup> Daae 1897: 154, DN I-745–747, 1434. Eitt av dei 21 statutta på Oslo-konsilet, var at erkebispem og bispane skulle prøve å støtte minst éin innfødd geistleg ved eit universitet, finansiert ved hjelp av halve bondeluten frå tienda.

<sup>783</sup> Joys 1955: 423.

<sup>784</sup> Hamre 1955: 465.



setja opp klare reglar for innhaldet *i* og korleis overlevering *av* kommunets inventar (lausøyre) skulle gå frå kannik til kannik.<sup>785</sup>

Også før Aslak vart erkebisp såg han verdien av å byggje organisasjonen, då han som bergensbisp fekk oppretta (eller fornya) eit erkediakonat i Bergen. Altså eit høgare geistleg ombod i domkapitlet som mykje godt kunne vorte ein utfordrar til hans eigen maktposisjon.<sup>786</sup> Også her skil han seg tydeleg frå forgjengaren sin på erkebisperollen, Eskil, som prøvde ta med seg privilegia sine, Trondenes-kallet, inn i erkebisperolla. Aslak kjempa med andre ord den norske kyrkjeprovinsens kamp både innerter og utetter, og i ei økonomisk utfordrande tid styrkte han stillinga til erkesetet. Han kjempa for hevdvunne rettar, var open for nye straumdrag – og, som Dybdahl skriv, i “mange tilfeller omdisponerte han økonomiske ressurser for å fremme nye tiltak.”<sup>787</sup> Med andre ord – han brukte administrativ og økonomisk kapital til å skapa nye type verdiar, og med det auka han den samla mengda av kapital til rådvelde for erkestiftet.

Og denne kapitalauken ser altså ikkje ut til å ha gått ut over eller vore til hinder for Svein Erikssons kapitalauke i feltet Trondenes. Det er vanskeleg og gjev liten meining å mæle ein slik påstått kapitalauke mot einannan, og Svein Eriksson må opplagt også hatt store administrative evner. Men der jordeboka er det fremste teiknet på Aslaks ettermæle, er det kyrkja på Trondenes, både inni og utanpå, som er Sveins testamente. Difor kan me konkludere slik me gjorde tidlegare, at det særleg var ved konvertering til og bruk av religiøs kapital Svein utmerka seg i feltet Trondenes.

Men kva gjorde dette med posisjonane i feltet? Var dei vorte endra på dei 20 åra sidan Svein og Aslak overtok kvar sine ombod? Hadde erkebispens kapitalauke i erkestiftet noko å seia for posisjonen hans i Trondenes? Ja. Ein kan seia at Aslak Bolt sin politikk like mykje var tale om eit fruktbart økonomisk og administrativt samarbeid med domkapitlet som gagna *heile* kyrkjeorganisasjonen, meir enn eit indre kyrkjekappløp om utnytting av inntekspotensialet i prestegjelda nordover langs kysten. Men viss både Svein og Aslak hadde styrkt seg, vil det dermed også seia at begge hadde styrkt posisjonane sine i feltet Trondenes? Før me går vidare

---

<sup>785</sup> DN V-753, 1448.

<sup>786</sup> Daae 1897: 145. Også dette ombodet prøvde i fylgje Daae den førnemnde Nicolaus Rugemann å få hand om.

<sup>787</sup> Dybdahl, Audun: Aslak Harniktsson Bolt, i Store norske leksikon, snl.no, sist sett 19.01.2011.

med denne drøftinga, skal me følgje Svein sin styringsperiode ut og sjå på erkebispene etter Aslak fram til 1480.

### 7.3 Tida etter Aslak Bolt

Trass i, eller kanskje som ein kommentar til, arbeidet med større nasjonalkyrkjeleg sjølvstyre, tok Aslak tittelen *apostolicæ sedis legatus*, pavestolens sendebod, som i fylgje Daae berre erkebisp Øystein (–1188) hadde brukt før han.<sup>788</sup> Men etter Aslak brukar alle erkebispene denne tittelen – han sette ny standard. Og kanskje vart tomrommet etter han for stort, for då Aslak døyr, blir det usemje og interregnum på erkebispstolen.

Domkapitlet ynskte ein av sine eigne, Olav Trondsson, kong Christian ynskte Skålholt-bispen Marcellus og paven ynskte Henrik Kalteisen. Men det var ikkje berre tomrommet etter Aslak Bolt som skapte usemja. Det lojale domkapitlet hans heldt fast ved ideane frå Basel-konsilet, sjølv om desse var på vikande front ute i Europa; pavemakta hadde kom attende med nye krefter. Og den unge, ambisiøse Christian I kom ikkje til å sitja sjå på at kyrkja styrde seg sjølv. Heile byrjinga av 1450-talet vart prega av skiftande alliansar, ulike mobiliseringar på bakgrunn av ulike krav om ulike type rettar. På 1450-talet vart “Nidaros erkestol et hovedobjekt for kong Christierns ideer og ambisjoner på det kirkepolitiske plan”, skriv Lars Hamre.<sup>789</sup> Det heile enda med at domkapitlet fekk den opphavlege viljen sin; Olav Trondsson vart i 1458 providert av paven og ordinert i Nidaros året etter. Truleg hadde han i realiteten styrt Nidaros mesteparten av 1450-talet.<sup>790</sup>

Men kvifor var ikkje Svein på tale som erkebisp? Som den fremste i domkapitlet, og med beviseleg vilje og evne til å byggje kyrkja både organisatorisk og fysisk, vore det ikkje utenkjeleg at han var kandidat hjå korbørne i Nidaros. Truleg er det, som Lars Hamre peikar på, hans engasjement og aktive riksrådsdeltaking utover 1440-talet som gjorde han *for* sterkt politisk belasta til å vera ein kandidat både kongen og paven ville godta.<sup>791</sup> Og Svein heldt fram si politiske leiarrolle på 50-talet. Frå første stund arbeidde han mot Marcellus, og deretter godtok han, tilliks med resten av dei høggeistlege, Henrik Kalteisen i 1452 – og

---

<sup>788</sup> Daae 1897: 159.

<sup>789</sup> Hamre 1955: 469.

<sup>790</sup> Daae 1897: 165.

<sup>791</sup> Hamre 1955: 470. Svein Eriksson var riksråd i alle fall frå 1444. (DN VIII-324, 1444.)

følgde han til Nidaros våren 1453.<sup>792</sup> Han var også med i følget åt erkebispem da kong Christian stemna både Marcellus og Henrik til Bergen same hausten, for å få ei endeleg avgjerd i erkebispesporsmållet.<sup>793</sup> I tillegg til at Marcellus openbert var ein skurk, stod dei to for diametralt motsette kyrkjepolitiske syn; eit statskyrkjeleg og eit papalistisk.<sup>794</sup> Og for domkapitlet og Svein Eriksson må spørsmållet ha vore; kva var verst – paveinnverknad eller kongeinnverknad? Svein tek kongen si side, men då må allereie kompromissalternativet som kongen hadde gått med på, ha vore klart; Olav Trondsson.<sup>795</sup> Henrik Kalteisen svarar med å lyse Svein i bann, men må ganske raskt trekkje bannlysinga attende. Etter 1454–55 gjekk det seg vidare til mellom kongen og domkapitlet, og dei fekk stadfesta og utvida privilegia sine. I 1458 vart Sættargjerda i Tunsberg stadfesta – rekonsilieringa var eit faktum.<sup>796</sup>

Kva skjodde i dette interregnet i Trondenes? Var Svein så oppteken på den storpolitiske arenaen at kannikgjeldet hans i nord fekk sigle sin eigen sjø? Det veit me ikkje – det er ingen kjelder som på noko vis fortel om Trondenes på 1450-talet. Som før nemnd var tømmermannskvitteringa frå 1442 og korstolane først ferdige i 1465 – det *kan* tyde på at på 50-talet var det for travelt for soknepresten å drive byggjearbeid på Trondenes. Eller så kan det, sidan det må ha vore eit *langvarig* ferdigbyggings- og innreiingsarbeid Svein dreiv, ha gått sin vante gang i fleire tiår – gjennom både interregnum, bispeskifte og kongeval.

Der Aslak Bolt styrkte erkesetet sin økonomi, styrkte etterfølgjaren hans, Olav Trondsson (1458–1474), domkapitlet. Me veit ikkje mykje om Olav Trondssons bakgrunn eller regjeringstid. Han var truleg son av Trond Toraldsson Smørhatt og Joran Aslaksdotter til Aspa og såleis bror av den mektige Ivar Trondsson på Aspa på Nordmøre.<sup>797</sup> Olav eigde sjølv stort Aspa-gods, og slektsgreinene hans inkluderte rike godseigarinteresser i Trøndelag og Nord-Noreg.<sup>798</sup> Han studerte i Rostock, uteksaminert frå Greifswald i 1438 og opptrer fyrste gong som kannik i Nidaros i 1446.<sup>799</sup> Hamre og Kolsrud kallar han heiderleg, visleg og med statsmannskløkt,<sup>800</sup> og Dybdahl karakteriserer han som “både klok og rettskaffen i sin

---

<sup>792</sup> Bugge 1899: 159; Hamre 1955: 478.

<sup>793</sup> Bugge 1899: 171.

<sup>794</sup> Hamre 1955: 482.

<sup>795</sup> Hamre 1955: 485.

<sup>796</sup> Hamre 1955: 487.

<sup>797</sup> Grønli 1952: 239.

<sup>798</sup> DN XXI-510, 1460; II-888, 1473. Hamre 1955: 494.

<sup>799</sup> Daae 1885: 38; Daae 1897: 161; DN V-740, 1446.

<sup>800</sup> Kolsrud 1924: 21; Hamre 1955: 494.

embetsførsel og at han var i besittelse av betydelige diplomatiske evner. Han stod seg godt med både kongen og tyske kjøpmenn.” I 1465 kjøpte han seg ein gard i Bergen.<sup>801</sup>

Det er truleg rett å sjå Olav sitt virke i høve til domkapitlet som ei vidareføring av samarbeidsklimaet og dei lojale relasjonane som Aslak hadde bygt opp i si styringstid. Aslak hadde styrkt sitt erkebispesete med god hjelp av Svein Eriksson – så korleis vart det nye forholdet mellom erkebisp, dekan og domkapittel? Var det like produktivt?

Det var truleg Olav som (oppatt)skipa erkediakonaten i Nidaros; i 1464 la han gods frå erkebisen til prebende for domkapitlet.<sup>802</sup> Prebenda som låg til alturstiftingane disponerte kvar enkelt kannik sjølv over. Noko anna var det med det godset som var lagt til det felles bordhaldet – *mensa communis*. Korleis vart eigentleg dette fordelt mellom medlemene i domkapitlet? Me såg i 1448 at Aslak måtte mekle mellom kannikane om korleis lausøyret i det felles bordhaldet skulle disponerast og vidareførast.<sup>803</sup> Men korleis vart nytileigna gods fordelt? Det kan sjå ut til at mesteparten gjekk til prebenda, og lite til felles bordhald: I 1472 kjøper Olav gods av arvingane etter trondheimslagmann Jon Nilsson i Meldal (*Stein*) og Orkdal (*Dundal/Dørdal*), som han legg til Sankt Blasius-altaret ved domkyrkja. Svein Eriksson opptre her på vegner av ein av arvingane.<sup>804</sup> I Aslak Bolts jordebok får me veta at Olav i 1464 og 1473 la gods i Orkdal (*Høyem/Hoem*) og Skøynefylket (*Veie* og *Vestran*) til Sankt Magnus-altaret.<sup>805</sup> Aslak Bolt sjølv sette opp eit oversyn over korleis mikkelskornet i Trøndelag skulle fordelast til dei ulike altara.<sup>806</sup> Men i domkapitteljordeboka frå 1558 er det ikkje noko samsvar mellom godsgeografien og mikkelskornoversikta som Aslak Bolt sette

---

<sup>801</sup> Dybdahl: [http://snl.no/nbl\\_biografi/Olav\\_Trondsson/utdypning](http://snl.no/nbl_biografi/Olav_Trondsson/utdypning), sist sett 30.9.2013; *DN* V-855, 1465.

<sup>802</sup> *AB*: 65, 93; Kolsrud 1924: 23; Dybdahl: [http://snl.no/nbl\\_biografi/Olav\\_Trondsson/utdypning](http://snl.no/nbl_biografi/Olav_Trondsson/utdypning), sist sett 30.9.2013. I ei forordning frå Pave Hadrian IV (1154–1159) heiter det Nidaros erkebispedømme skal inndelast i tre erkediakonat, og domkapitlet skal “forestås (?) av en dekan” (*RNI* I-[100]). Men me høyrer ikkje meir til desse omboda i Nidaros før Ivar blir dekan i 1419 (*DN* XVII-386, 387, 978, 1419) og Olav legg gods til erkediakonaten i 1464. Sjå òg Dybdahl 2003: 305.

<sup>803</sup> *DN* V-753, 1448.

<sup>804</sup> *DN* III-898, 1472. Eignedomane er framleis ved Blasius-altaret i 1558. (*JTD*: 379.)

<sup>805</sup> *AB*: 34, 94. Veie og Vestran i Skøynefylket er framleis ved Magnus-altaret i 1558, medan Høyem/Hoem i Nes er i 1558 flytta til Sankt Andreas-prebendet. (*JTD*: 369, 373.) I motsetnad til eignedomane ved Blasius-altaret (*OEF*: 24, 25 – Dørdal rett nok feilført til Rennebu), finn me ikkje desse gardane i Olav Engelbrektsens jordebok.

<sup>806</sup> *AB*: 191–192. I følgje dette skulle avgiftene frå Meldal og Orkdal leggjast til apostlane Johannes og Jakob sine altar og avgiftene frå Skøynefylket anten til St Thomas-altaret (dit skulle Mikkelskornet frå Stjørdal, Selbu og Herjedalen) eller til Sankt Andreas-altaret (dit skulle Mikkelskornet frå Verdalen). Ein skulle tru at nytileigna gods vart forsøkt lagt saman med anna gods frå same område, men no var jo mikkelskorn avgifter, ikkje jordegods, så det kan ha vore andre jordegodsstrategiske årsaker til at han fordelte nygodset slik han gjorde. Sankt Blasius-altaret har i jordeboka frå 1558 ikkje noko anna gods frå Meldal eller Orkdal enn det erkebisp Olav la til, heller ikkje har St Magnus-altaret anna frå Skøynefylket. Det er heller ikkje noko samsvar mellom godsgeografien i 1558-jordeboka og mikkelskornoversikta som Aslak Bolt sette opp.

opp. Med andre ord – det ser ikkje ut til at gods erkebispene seinare tileignar seg følgjer den geografiske fordelinga mellom altara som Aslak Bolt si mikkelskorn-oversikt la grunnlaget for. Mest truleg la erkebispene nytt gods til det prebendet som til ei kvar tid trengde det mest, og det er vanskeleg å finne nokon strategi i erkebispens oppbygging og eventuelle prioritering av høvesvis altarprebende og *mensa communis*.

Det er altså inkje som tyder på at Olav hadde ambisjonar for anna enn *heile* kyrkja og *heile* domkapitlet. Han betalte avgiftene sine til kurien med det same.<sup>807</sup> I 1459 fekk han sikra seg eit sjuårig avlatsprivilegium for domkyrkja,<sup>808</sup> og han kjøpte og makeskifta gods til kyrkja – og gav av eigen arv.<sup>809</sup> Han kjempa og for erkebispene og domkapitlets valrett til dei underliggjande bispeseta som ikkje hadde eigne domkapittel, og han hevda erkestolens rettar og forsvarte prestskapet mot verdslege interesser.<sup>810</sup> På same tid kunne han gjera om urett overfor andre jordeigarar, som då han gav attende gods til Øystein Toresson i Kvikne, som Aslak Bolt med urette hadde lagt under domkyrkja.<sup>811</sup> Og – han hadde syn for andre delar av den store kyrkjeinstitusjonen, ved at han rusta opp Helgester kloster, oppretta så tidleg som under erkebisp Øysteins tid, og sette ein av sine beste menn, Ingvald Jonsson, til prior der i 1465.<sup>812</sup>

I 1474 reiste Olav Trondsson til Roma – og døydde der 25. november 1474.<sup>813</sup> Med seg hadde han den nye bergensbispene, Hans Teiste, og kanskje også Gaute Ivarsson. Målet med turen var truleg både administrativt og religiøst – både å få stadfesta den nye bergensbispene og å oppleve jubelåret i 1475. I ei handskrift i vitskapsselskapet i Trondheim er Gaute allereie i 1463 omtalt som “den utpeikte” til å bli den nye erkebispene – *designatus archiepiscopus Nidrosiensis* – og i så fall er det god grunn til å tru at også Gaute var med på turen.<sup>814</sup> Hamre meiner også at den relativt korte tida mellom Olavs død og Gaudes providering og innviing i Roma i juni 1475, styrkjer teorien om at Gaute var med.<sup>815</sup>

---

<sup>807</sup> DN XVII-637, 1459.

<sup>808</sup> NgL 2.r., bd. 2: 265.

<sup>809</sup> Kolsrud 1924: 23, note 56. Men i eit fåtal av desse kjeldene kjem det fram kvar godset hamna; til *mensa communis*, prebende eller fabrica til domkyrkja.

<sup>810</sup> Hamre 1955: 496.

<sup>811</sup> DN I-851, 1460.

<sup>812</sup> DN XVII-671, 672, 1465.

<sup>813</sup> Daae stiller seg tvilande til at Olav døydde i Roma. Daae 1897: 169–170.

<sup>814</sup> *Norske Samlinger* 1: 77; Kolsrud 1924: 23. Utpeikt av kven? Det verkar likevel lite truleg at eit bispeemne så lang tid på førehand er “utpeikt” – valet var nok meir ope enn som så.

<sup>815</sup> Hamre 1958: 498; DN XVII B: 214–215.

Olav blir gravlagd hjå augustinarane i St Agostino-kyrkja, hjå dei brørne han også hadde hatt stor omsut for heime, der han atterreiste augustinarklosteret på Helgeseter. St Agostino-kyrkja var ei unnsleg kyrkje frå midt på 1300-talet, men kort etter Olavs død vart ho eitt av den augustinarvenlege pave Sixtus IV sine favorittoppussingsobjekt i Roma.<sup>816</sup> I nyekyrkja, som stod ferdig i 1483, får Olav ein gravstein over lega si i 1486. Denne kjem me attende til i neste delkapittel.

Men Svein Eriksson høyrer me lite om i Olavs styringstid, etter at han var i riksråd i Skara i januar 1458 og mellom anna var med og stadfesta Sættargjerda.<sup>817</sup> I 1472 står han altså for salet av Jon Nilsson-arven, og han dømmer i ei arvesak i Bergen.<sup>818</sup> Me veit han fekk gjort ferdig korstolane i Trondenes-kyrkja i 1465, og kanskje trekte han seg attende til kannikgjeldet sitt etter dei turbulente 1450-åra. Erkebisp Olav kunne tydelegvis handtere både domkapittel og kurie, tilhøvet til den jordeigande eliten og til den styrande kongemakta. Det er ingen ting som tyder på at Sveins eventuelle fråvær frå Nidaros skuldast noko usemje med Olav. På den andre sida er det langt frå sikkert at fråvær frå kjeldene tyder fråvær frå Nidaros. Når Svein er ein av Jon Nilsson-arvinganes ombodsmann i det førnemnde salet av eigedomane til domkyrkja i 1472, er det truleg eit døme på at Svein framleis har ein sterk posisjon i Nidaros, og at både arvingane og erkebisen ser på Svein som ein avtalepartner med truverde.

Etter at Gaute Ivarsson var innvigd i Roma fór han heim til Nidaros, og allereie året etter tok han ut på visitas nordover i erkestiftet. I samband med jordeboksarbeidet skriftfesta Aslak Bolt dei økonomiske og logistiske pliktene som han og kyrkjelydane hadde i samband med den kanonisk pålagde visitasen.<sup>819</sup> “Frå gamalt av”, skriv Aslak Bolt, fekk sokneprestane fulle kyrkjetienda det året erkebisen visiterte, men sidan han forstod at kyrkjene ikkje kunne unnvera så mykje av inntektene sine, skulle sokneprestane ikkje lenger få heile, men *halve* kyrkjetienda i visitasåret. For Trondenes sitt vedkomande spelte dette likevel lita rolle, sidan det var soknepresten som allereie sat med heile kyrkjetienda. Og når det galdt sjølve besøket, der det for trøndelags- og mørebygdene vart spesifisert kor mange nattleiger erkebisen hadde rett på, var ikkje dette mogleg når det galdt Hålogaland og Herjedalen, meinte Aslak Bolt, sidan han måtte sjå korleis det passa med oppgåvene når han kom, og grunna dårleg ver og

---

<sup>816</sup> Kolsrud 1924: 24.

<sup>817</sup> DN III-852, 1458.

<sup>818</sup> DN II-886; III-898, 1472.

<sup>819</sup> AB: 188, sjå også kapittel 3.4.

lang reise kunne han ikkje visitere der kvart tredje år, som han burde.<sup>820</sup> Aslak sine merknader ser ut til å stemme med realitetane, for den einaste visitasen til Trondenes på 1400-talet me har kjelder om, er Gaute Ivarsson si ferd frå 1476.<sup>821</sup> Då vigsla han eit altar i Trondenes kyrkje til ære for Kristi lekam og apostelen Andreas og Sankt Olav, og moglegvis er Maria-skåpet som i dag står på det altaret tinga i samband med denne vigslinga. Det er datert til ca 1490.<sup>822</sup>

Gitt den nære kontakten mellom Nidaros og Trondenes gjennom Svein Eriksson, er det likevel lite som tyder på at kannikgjeldet har liggje i ein biskoppeleg skugge, sjølv om det kanskje berre var éin visitas på heile 1400-talet. Både for Trondenes og dei andre kannikgjelda i nord kan nettopp kannikgjeldstatusen – og med det direktekontakt med Nidaros – ha vege opp for manglande visitas. For kva var ein visitas – kva skulle det vera etter boka, og kva var det i praksis? I følgje Anne Marit Hamre kan dei kanoniske føresegnene om visitas delast inn i fem hovudpunkt: (i) Evangelieforkynning og kristendomsopplæring for lekfolk og klerkar. (ii) Kontroll med liv og livsførsel til lekfolk og klerkar. (iii) Forvaltning av sakrament som var reservert for bispen, ført og fremst ferming (konfirmasjon). (iv) Kamp mot heidendom og overtru. (v) Inspeksjon og tilsyn av kyrkjebygg og kyrkjeleg formueforvaltning.<sup>823</sup> Alt dette kunne i praksis Svein og kollegiatet gjera – bortsett frå ferming. Den internasjonale kristenretten hadde etterkvart gjeve bispane også formelt delegeringsmynde, slik at dei kunne avlastast med hjelp av ein official og/eller ein pønitiar.<sup>824</sup> Mellom anna ser me i Nidaros døme på at officialen blir nytta i saker som handla om manglande tiendbetaling.<sup>825</sup> No var så vidt me veit Svein ingen av delane, men som både Hamre og andre understrekar, blir også vistiasinstituttet, som mykje anna i kristenrettane, tilpassa lokale forhold og behov. Og bispane var pragmatiske og nytta sine næraste, både kannikar, officialar og andre, til det dei hadde behov for.<sup>826</sup> Eit talande døme er frå Jemtland (som rett nok var under Uppsalaprovinsen), der prosteombodet i praksis viste seg å føre oppsyn med kyrkja i Jemtland på vegner av erkebisen og forvalta delar av hans

---

<sup>820</sup> AB: 190.

<sup>821</sup> DN XVIII-100, 1476; Lysaker 1976: 402–405.

<sup>822</sup> Bergesen 2011(b): 96–97, 247.

<sup>823</sup> Hamre 2003: 217.

<sup>824</sup> Hamre 2003: 223; Hommedal 2010: 1.

<sup>825</sup> Hommedal 2010: 97.

<sup>826</sup> Hommedal 2010: 102–103.

mynde.<sup>827</sup> Så kanskje var dekan Svein Eriksson godt nok alternativ, for å “skaffe, øke og trygge kirkens økonomiske og politiske makt”, som i sum var det visitasen skulle oppnå.<sup>828</sup> Alt bispen skulle ordne på si ferd, og behovet for internkyrkjeleg kontroll, kan ha vorte gjort unna når soknepresten var i kannikgjeldet sitt. På det viset slapp både bispen og prestegjeldet unna utgifter.

Men éin ting er kva kyrkja sjølv meinte var godt nok substitutt for ein bispevisitas, noko anna er korleis allmugen stilte seg til det. Aksepterte lokalbefolkninga i Sør-Troms at bispen aldri var der? Anne Marit Hamre peikar på at i lagtingskristenrettane såg i alle fall visse delar av visitasinstituttet ut til å vera forma som avtaler der bønder og bisp er samde om gjensidige plikter, og såleis er det eit slags sørvistilbod til bondesamfunnet, medan fleire (med henne) meiner instituttet i seinmellomalderen går over til å bli meir av eit maktinstrument overfor lekfolk.<sup>829</sup> Mykje av dei før skildra turbulente 1450-åra kjenner me til frå den kanonisk lærde Henrik Kalteisen si kopibok.<sup>830</sup> Han fekk lagt føre seg fleire kanonisk-rettslege problemstillingar då han var i landet, mellom anna om visitas, som han omhandlar i eit eige avsnitt, *De visitacione*.<sup>831</sup> Og noko av det han understrekar når det gjeld visitasen, er at lekfolk og klerkar skulle visiterast kvar for seg, gjerne kvar sin dag, men ferming og domsmyndet til bispen av Kalteisen lite oppteken av.<sup>832</sup> Det samsvarar også godt me det (vesle) kjeldematerialet me har frå faktiske visitasar, som er “sterkt økonomisk-praktisk betont” – sjølv om dét også har kjeldemessige årsaker.<sup>833</sup> Det finst éi einaste kjelde frå heile seinmellomalderen om at ein biskop faktisk ferma ungar, frå Byneset utanfor Nidaros i 1342, men me må gå ut frå at det skjedde i langt større grad.<sup>834</sup> Truleg er ferminga ein så sjølv sagt del av bispens gjeremål, at det ikkje vart skriffesta. Det som førde til endringar i økonomiske eller eigedomsrettslege tilhøve, derimot, skapte langt oftare skriftlege kjelder – men såleis ser visitasane for oss ut til å i stor grad ha handla først og fremst om slike saker.<sup>835</sup>

---

<sup>827</sup> Øygarden 2013: 92. Jemtland er elles eit spennande område på 1500-talet – med si kyrkjelege tilknytning til erkebispem i Uppsala, og si verdslege tilknytning til erkebispem i Nidaros. Ei vidare drøfting og samanlikning av rollene til dekanen i Nidaros og prostem i Jemtland hadde vore interessant.

<sup>828</sup> Hamre 2003: 216.

<sup>829</sup> Hamre 2003: 221–223, 227; Haug 1996: 168.

<sup>830</sup> Bugge 1899.

<sup>831</sup> Bugge 1899: 72.

<sup>832</sup> Bugge 1899: 80.

<sup>833</sup> Hamre 2003: 221, 223.

<sup>834</sup> DN IV-268, 1342.

<sup>835</sup> Hamre 2003: 221.



Men kjeldeproduksjon eller ikkje – det er ingenting som tyder på at erkebisen særleg ofte var på visitas nordover i erkestiftet. Aslak Bolt seier sjølv at det blir vanskeleg. Og er det då sannsynleg at folk ville akseptere å måtte vente i årevis på å få ferma ungane sine? Truleg ikkje, så kanskje den lokale tilpassinga – og delegeringa – av visitasoppgåvene også kunne gjelde sakramentsforvaltninga.

Eit anna alternativ for erkebisen til meir og mindre permanent delegering av oppgåver, var å sende ein annan bisp i sin stad. Også dette hadde den internasjonale kyrkjeretten etterkvart opna for, og me har fleire døme frå Nidaros på at erkebisen nyttar såkalla viebispar som vikarar for seg sjølv. Særleg kan det sjå ut for at dei utnemnde grønlandsbispane ikkje hadde det travelt med å koma seg til øya i vest – og dei er stadig på oppdrag for og med erkebisen i Noreg.<sup>836</sup> Dét kan vera med å forklare kvifor gardarbisen Gregorius er med som vitne på den kvitteringa tømmermannen Magnus Jonsson fekk på Senja i 1442 – var han rett og slett nordover på visitas for Aslak Bolt?<sup>837</sup> Sjølv om kanskje Svein Eriksson fylte mange av bispen sine roller og visitasoppgåver, kunne på den andre sida den nære kontakten mellom Svein og Nidaros borga for at erkebisen, eller nokon i hans stad, tok vegen til Trondenes for å sjå på den satsinga Svein tydelegvis var i gang med.

Så sjølv om visitasinstituttet i seinmellomalderen gjekk meir over til å bli eit maktinstrument for kyrkja, er det ikkje nødvendigvis slik at det samstundes slutta å ha eit element av sørvistilbod i seg. Både for tømmermann Magnus Jonsson og for oppdragsgjevar Svein Eriksson må ei kvittering med både bisp og lagmann som vitne vore uttrykk for status. Det er ei form for felles anerkjend verdi, der Svein får synt fram si satsing i *det kyrkjeadministrative feltet*, medan Magnus får vørðnad for sitt arbeid i *det regionale feltet*.

Å vera vitne på ei kvittering er likevel ikkje uttrykk for ei nødvendig visitasoppgåve, så me vil sjølvsagt ikkje kunne seia for sikkert kva Gregorius gjorde på Senja. Og me veit heller ikkje om det har vore andre representantar for Aslak Bolt eller seinare erkebisar nordover på Hålogaland, så oppsummert er det framleis gode grunner for å sjå på det symbiotiske tilhøvet mellom Trondenes og Nidaros som ei årsak til at erkebisen *ikkje* såg det naudsynt å vitisere

---

<sup>836</sup> DN XVI-56 og 74, 1407 og 1420, XIII-67, 1408, VI-527, 1448; Haug 1996: 365; Joys 1955: 400; Hamre 2003: 226; Kolsrud 1913: 283–285.

<sup>837</sup> Joys 1955: 428.

særleg ofte. Trondenes greidde seg sjølv. Trondenes hadde nok kapital – økonomisk og religiøs – til å oppretthalde kyrkjeleg autoritet og erkestiftets interesser.

Når så Gaute først kom på visitas i 1476, var det då først og fremst av di han tok på i si nye gjerning med friskt mot, eller var det eit behov som Svein og kollegiatet ikkje lenger greidde fylle? Som me skal sjå i neste delkapittel kom det til strid om Finnmark mellom Gaute og den nye dekanen på 1480-talet. Kanskje må visitasreisa sjåast i samanheng med den komande konflikten – dei kyrkjelege maktilhøva nord for Trondenes byrjar bli tematiserte, og Gaute kjem nordover for å markere og posisjonere seg.

Men det er ingenting som tyder på at Svein Eriksson hadde eit konfliktfylt tilhøve til den nye erkebisp. I 1476 kan han vera vertskap og vise fram den ferdigstilte trondeneskyrkja for sin eigen erkebisp, og han kan vise fram sin eigen erkebisp for lokalsamfunnet – ein erkebisp som til og med vigslar eit nytt altar. Dei siste ombodsgjeringane til Svein som me høyrer om i 1478 og 1479 tyder heller ikkje på at dekanen hadde slutta å engasjere seg, korkje i verdslege eller geistlege spørsmål i erkestiftet. Då er han nemnd som vitne i ein eigedomstvist om Austrått-gods og han utferdar, saman med tre andre kannikar, ei stadfesting på at pave Anastasius IV oppretta, og påfølgande pavar stadfesta, erkesetet i Nidaros.<sup>838</sup> Deretter får me i 1480 beskjed om at Svein trer tilbake, Trond Ivarsson overtek dekanatet – men Svein får med seg 10 mark sterling i årleg pensjon, fram til han døyir i 1488.<sup>839</sup>

#### 7.4 Feltet Trondenes i sterk endring

I Svein Eriksson si tid er det ferdigstillinga og innreiinga av kyrkja på Trondenes som kan kallast den heilt sentrale kampen i feltet Trondenes. Det ser ikkje ut til at Svein sin bruk av ressursar på Trondenes vart mindre av den oppattbygginga og styrkinga av erkeseteøkonomien som Aslak Bolt for alvor sette i gang, snarare tvert om. I tillegg til satsinga på kannikgjeldet og satsinga på erkestiftet blir feltet Trondenes prega av den storpolitiske kampen utover midten av 1400-talet – om kongeval, erkebispeval og om retten til og kontrollen med utnemningsmyndet i kyrkja.

---

<sup>838</sup> DN XVI-269, 1478; VIII-406, 1479.

<sup>839</sup> DN XVII-715–717, 1480.

La oss difor no plukke opp att spørsmåla frå tidlegare; kva var det som gjorde at Svein Eriksson hadde høve til, var viljug til og i stand til ein slik kapital ressursbruk i feltet Trondenes?

Var investeringa i religiøs kapital først og fremst ein måte å auke sin sosiale kapital i dette livet på? Eller var det for å ruste seg betre til møte med Herren og eige ettermæle? Eller gjorde han det rett og slett av di han kunne og ville? Me må gå ut frå at satsinga på Trondenes må ha ført til ei ikkje liten verdiskaping i lokalsamfunnet. Sjølv om han nytta seg av eksisterande sosial kapital og kan ha henta byggteknisk og kunstnarisk ekspertise sørfrå, må han ha sysselsett mange handverkarar – og det som trengst for å fø og huse desse – i regionen. På den andre sida – kva veit me om korleis Svein sin ressursbruk på kyrkja vart sett på i lokalsamfunnet? For det første er det ikkje sikkert at ei meir effektiv tiend- og landskuldinnkrevjing, som i tillegg til den generelle økonomiske veksten i regionen truleg må ha vore ein nødvendig føresetnad for Svein sin ressursbruk, nødvendigvis var noko lokalbefolkninga var overlag glade for – og sjelegåvene til kyrkja kom kanskje ikkje like friviljugt støtt. For det andre er det *måten* ressursane vart brukte på. Om overskotet gjekk til Trondenes i staden for til Nidaros, vart det kanskje vurdert positivt, men om folk i Kvæfjord og Ibestad såg at ressursane deira gjekk til Trondenes i staden for til eigne kyrkjer, då var det kanskje ikkje like greitt? Dessutan – om bøndene slekta på sine etterkomarar 400 år seinare, var dei kanskje heller kritiske til slikt skryteforbruk som den prangande Trondenes-kyrkja? Om me samanliknar med Svein sine samtidige renessanseparar i Roma, har ettertida vore relativt streng i si omtale; deira enorme ressursbruk på utsmykking og forskjøning av Roma blir sett på meir som uttrykk for verdsleg dekadanse og bygging av personleg ettermæle, enn investering i religiøs kapital. No er det mange grunnar til at Trondenes og Roma *ikkje* kan samanliknast, men eit sentralt spørsmål er det same: Kor åndeleg er eigentleg denne geistlege eliten? Kva er den dominerande habitusen til Svein Eriksson og Aslak Bolt – er den verdsleg eller er den åndeleg? Ein geistleg på 1400-talet vil gjerne ikkje sjå på dét som noko motsetnadspar i det heile teke, og problemet er sjølv sagt at dei kjeldene me har bevart, først og fremst syner fram den verdslege sida ved desse aktørane. Det er svært lite som kan fortelja oss noko om tru eller dogme eller fromheitsliv i feltet Trondenes på 1400-talet. Institusjonsbygging og kapitalforvaltning, derimot, dét høyrer me om.<sup>840</sup> Me skal koma attende til denne problemstillinga i neste delkapittel, der kjeldene har litt meir å by på.

---

<sup>840</sup> Hamre 1955: 499.

Me vil aldri kunne få nærare svar på kva som var Svein sine intensjonar og lokalsamfunnet sine reaksjonar, men det er ikkje urimeleg å gå ut frå at satsinga hans på Trondenes vart vel motteke og sett på av lekfolk som eit kjærkome religiøst tilbod. Og om habitusen hans som dekan og sokneprest var meir verdsleg enn åndeleg, er det likevel det at han skil seg ut – med så store investeringar over så lang tid – som gjer kapitalbruken hans interessant. Ingen av kannikgjeldinneharane, korkje før eller etter, kan ha brukt så mykje av sin tilgjengelege kapital på Trondenes, som Svein Eriksson.

Med denne posisjonen er det freistande å også spørja om ikkje Svein Eriksson var delansvarleg for bygginga av i alle fall nokre av dei nye kyrkjene i fiskeværa på yttersida av Senja – og om ikkje for bygginga, så i alle fall for å ta initiativ til bygging. Som me såg i kapittel 2 er ingen av dei nemnde i trondenesjordebøkene og må såleis ha kome til etter 1400. Den næraste tidfestinga er seinmellomalder – truleg ein stad mellom 1450 og reformasjonsutbrotet. Dei er første gong nemnde i *Trondhjems Reformats* i 1589.<sup>841</sup> Men kven bygde dei? Arthur Brox meiner det er openbert at sidan etableringa og bygginga har sett så lite spor etter seg i kjeldene, vart dei ikkje til “etter ordre frå noen offentleg styresmakt [men det] var fiskarane sjøl som bygde kjerken og sørga for vedlikehaldet.”<sup>842</sup> Også etterreformatoriske kjelder vitnar om at i motsetnad til dei gamle kyrkjene i Sør-Troms, måtte bygdefolket i fiskeværa sjølv ta seg av sine eigne kyrkjer – som dei alltid hadde gjort.<sup>843</sup> Vidar Trædal heller meir mot at det var væreigaren som bygde kyrkjene – anten som faktiske byggherre eller i det minste ved at han avstod tomt. Det å ha kyrkje og kyrkjegard var viktig infrastruktur å tilby ei innflyttande befolkning, for i “konkurransen om den labile befolkningen kan kirke og kirkegård ha vært et komparativt fortrinn.”<sup>844</sup> Flest mogeleg innbyggjarar gav mest mogeleg landvarde og ei kyrkje med tiendinnkrevjing genererte truleg også meir handel og omsetjing, noko som i seg sjølv var ei drivkraft for økonomisk utvikling.

Trædal sin argumentasjon er overtydande, men i løpet av seinmellomalderen kjem jo kyrkjene under kanniksgjeldet, så er det mogeleg å tenkje seg at Svein Eriksson på eitt eller anna vis

---

<sup>841</sup> TR: 90; Trædal 2008: 142. I tillegg til kyrkjene Torsken, Gryllefjord, Berg, Mefjord, Øyfjord og Baltestad gjeld det kyrkja på Dyrøa – på innsida av Senja. Håvard Dahl Bratrein meiner minst ei av kyrkjene må ha kome til før – sidan busetjinga har røter langt attende i tid – truleg Berg (personleg opplysning). Medan Vidar Trædal meiner at viss nokon av kyrkjene skulle vera eldre, var det truleg Baltestad. Sjå Trædal 2008: 143–145.

<sup>842</sup> Brox 1965: 96.

<sup>843</sup> Trædal 2008: 146. Sjå vidare drøfting i kapittel 10.3.

<sup>844</sup> Trædal 2008: 147.

også hadde eit ord med i laget i etableringsfasen? Det var på alle måtar også i hans og kannikgjeldet sine interesser at kyrkjer vart bygd der folk budde – også kannikgjeldinnehavaren nytte godt av ein betre infrastruktur for tiendinnkrevjing, og som me har sett på i kapittel 3.6 var truleg også kannikane i domkapitlet, tilliks med erkebispem sjølv, direkte involverte i fiskehandelen. Dei var med andre ord interesserte i best mogeleg tilrettelegging for økonomisk verksemd. I tillegg har mange av fiskarane som budde i væra i sesongen vore heimehøyrande lenger sør og aust i kannikgjeldet elles i året – innover i Astafjorden til dømes. Det er såleis ikkje utenkjeleg at entreprenøren Svein Eriksson – som på så mange område viste vilje og evne til å konvertere økonomisk kapital inn i religiøs kapital – såg den mangesidige verdien i å byggje ut den kyrkjelege infrastrukturen i takt med den generelle sosio-økonomiske utviklinga i kannikgjeldet. Han såg potensialet for inntekts- og folketalsauke frå og på vestsida av Senja – og at ny investering ville føre til vidare kapitalauke.

Kyrkjebyggjar også på Senja eller ikkje – me må konkludere at satsinga til Svein Eriksson må ha vorte positivt motteke i det *regionale* feltet, men kva med det *kyrkjeadministrative* feltet? Som me har sett var Svein nært på Aslak Bolt heile hans styringstid – og sjølv om han etter 1460 trekte seg meir attende til kannikgjeldet, viser kjeldene at han framleis var med i sentrale avgjerdsprosessar i erkestiftet under også Olav og Gaute. Det er med andre ord inkje som tyder på at kapitalbruken hans ikkje hadde tilslutning mellom dei andre sentrale aktørane i det kyrkjeadministrative feltet – som domkapitlet og erkebispem. For som me har sett – han ikkje berre investerte kapital, han auka kapitalen i feltet. Og han vart belønna for dette – då han gjekk av i 1480 får han 10 mark sterling årleg i pensjon. Han er av dei første geistlege i Noreg som me har kjelder på at nyt eit slikt gode.

Men som tidlegare drøfta – Svein Eriksson sin kapitalbruk i trondenesfeltet kan ikkje vurderast isolert, men må sjåast i samanheng med særleg Aslak Bolt si satsing. Det må ha vore ein tosidig strategi for *heile* erkesetet; å byggje ut og styrke seg både i sentrum og i grenseområda i nord og aust, gjennom å nyttiggjera seg av ressursane som var tilgjengelege – først og fremst i og på havet. Fisken *i* havet og handelsskutene *på* havet. Feltet Trondenes blir såleis ein arena der ikkje berre kampen står om fordelinga av eksisterande ressursar, men også om ytterlegare realisering av desse ressursane, ved bruk av ulik type kapital, som alt i alt aukar dei samla verdiane i feltet.

Sjølv om eg tidlegare argumenterte med at Aslak Bolt sin styrke var *administrativ* kapital – han brukte sin administrative kapital for å styrkje sin økonomiske kapital, kan me vel oppsummeringsvis seia at både Svein og Aslak styrkte seg i ein kontinuerleg *bruk av, konvertering til og investering i* ulike type kapitalar; økonomisk, religiøs, administrativ og politisk. Det er å ta for hardt i å seia at Svein og Aslak etterfølgde kaos (sjølv om Aslak langt på veg meiner han *rydda opp* etter forgjengarane då han såg til at domkapitlet fekk att inntektene sine frå den lenge forsømte kvalvågen i Straumøy<sup>845</sup>), men begge ser ut til å ha greidd å skapa ein orden som har vore til framgang – både for kannikgjeldet Trondenes og erkestiftet Nidaros.

I dei urolege 1450-åra etter Aslak Bolt er det mange sterke interesser og aktørar, som med ulike type kapital kjempar om posisjonane i *erkesetefeltet*. Paven, kongen, ulike erkebiskepandidatar og domkapittel – frå den kanonisk lærde Henrik Kalteisen, rik på religiøs kapital, til kong Christian I, som tydelegvis var viljug til å bruke mykje politisk kapital for å få påverknad i erkesetet. Men den verdien som etterkvart blir tydelegare og tydelegare at kampen står om – nemleg retten til å utnemne geistlege, og med det styre si eiga kyrkje – får også følgjer for *trondenesfeltet*. La oss sjå på nokre av kampsakene til Olav og Gaute.

Noko av det siste Olav Trondsson gjorde, var å få sikra Bergens bispestol til Hans Teiste og erkebispestolen til Gaute Ivarsson.<sup>846</sup> I følge Oluf Kolsrud var desse utnemningane verdt å leggje merke til: “Det prinsipp, som var so umstridt daa Olav sjølv skulde verta erkebiskop, – at nordmänner skulde setjast paa norske bispestolar, – det kunde ikkje vinna ein vænare siger.”<sup>847</sup> Noko av det første Gaute Ivarsson gjorde, var å avkrefte den tvilen som hadde oppstått rundt spørsmålet om pønitiensaren ved domkyrkja, som var oppnemnd av erkebispen, skulle kunne absolvere pilegrimar frå framande bispedøme.<sup>848</sup> Dette hadde stor tyding for posisjonen til Nidaros som valfartsstad. I tillegg fekk han pavens samtykke i at erkebispen si visitasjonsplikt i Roma vart endra frå å vera kvart tredje år, til kvart tiande år.<sup>849</sup>

---

<sup>845</sup> DN V-649, 1435; Joys 1955: 421.

<sup>846</sup> DN V-884, 1474, XVII-691, 1475.

<sup>847</sup> Kolsrud 1924: 23.

<sup>848</sup> DN XVII-1102, 1475

<sup>849</sup> DN XVII-694, 1475.

Altså – det er ein kamp for ressursbruken i og sjølvstendet til erkestolen.<sup>850</sup> Og den kampen som blir kjempa for å få utnemne norske geistlege på bispestolane, for å få norske geistlege i domkapitla og som paverepresentantar, blir også i neste omgang viktig for trondenesfeltet. For kvar er det desse heimlege geistlege blir rekrutterte frå? Frå kjeldene mot slutten av 1400-talet får me betre og betre auga på korleis dei nettverka som domkapitla har bygd opp i kannikgjelda – mellom geistlege og handlande og skatte- og avgiftsbetalande verdsleg elite – også leverer *manpower* – menneskelege ressursar – inn til erkesetet og dei mest sentrale posisjonane i den norske kyrkja. Bruk og bygging av *sosial* kapital blir såleis også tydelegare i trondenesfeltet. Dette kjem me vidare attende til i neste delkapittel.

Det som må kunne kallast ein blømande samarbeidsperiode i feltet Trondenes mellom 1430 til 1480 førde også til endring. Dei relasjonelle tilhøva mellom posisjonane er andre ved utgangen av Svein Eriksson sitt dekanat i 1480, enn dei var ved inngangen. Det mest tydelege er at kannikgjeldet har fått ein leiar – i ein uomstridd leiarposisjon: Ved Sveins avgang er det ingen tvil om at den nye dekanen skal overta Trondenes. Det er såleis etablert ein ny posisjon i feltet – mot for tida før 1430, då erkebisen, domkapitlet og paven kiva om kven som eigentleg styrde og skulla ha inntektene av kannikgjeldet. Den sentrale aksen i feltet går mellom den nye dekanposisjonen og erkebiseposisjonen, men dekanen er utan tvil den førande. Det er han som sit med flest jordeigedomar, det er han som sit med størst tiendinntekter – og sjølv om erkebisen i denne tida byggjer ut setesveinnettverket sitt og tener pengar på handelen, er det dekanen som brukar mest kapital og syner best att i Trondenes. Det kan til og med sjå ut til at han tek ansvar for mange av dei åndelege metropolitanpliktene til erkebisen i feltet.

Biletet er likevel ikkje fullt så eintydig om ein går djupare inn i posisjonane og prøver sjå på dei verdslege og dei åndelege sidene ved aktørane kvar for seg. Som drøfta tidlegare er det mogeleg at erkebisen brukar kannikane i domkapitlet til å hjelpe seg med åndelege tilsynssaker i det vidstrekke erkestiftet, medan til å skjømte dei økonomiske interessene sine brukar han setesveinane. Posisjonen hans i feltet Trondenes (og andre kannikgjeld) er såleis todelt – nett som posisjonen til innehavaren av kannikgjeldet er det. Men der kannikgjeldinnehavaren løyser det ved å vera to stillingar i éin person – dekan og sokneprest – løyser erkebisen det med å delegere oppgåver til to ulike type aktørar; setesveinane og

---

<sup>850</sup> Hamre 1955: 502–503.

kannikgjeldinnehavarane. Korkje Svein Eriksson eller erkebisen er med andre ord berre éin aktør – dei har begge samansette posisjonar. Men det er for enkelt å seia at desse posisjonane kan delast inn i éi verdsleg og éi åndeleg side – dei ulike sidene ved kannikgjeldinnehavaren og erkebisen sine posisjonar grip inn i einannan på ein usymmetrisk måte, der det ikkje alltid er lett å skilja ut kva som er verdslege og kva som er åndelege interesser. Begge har interesser i fisket, som både gjev handelsinntekter og tiendinntekter, begge har jordeigedomssinteresser og begge har ulike måtar å disponere overskotet gjennom bruk av, konvertering til og investering i ulik type kapital.

Men sjølv om den sentrale aksa i feltet Trondenes går mellom erkebisen og kannikgjeldinnehavaren, og ein såleis kan spegle desse mot einannan, er det likevel rimeleg, som argumentert for tidlegare, å seia at *begge* desse posisjonane vart styrkte i perioden mellom 1430 til 1480 – både i det regionale og i det kyrkjeadministrative feltet. Saman utvikla og auka dei den totale mengda av kapital. Og sjølv om begge styrkte seg treng det ikkje nødvendigvis føre til at andre vart svekte – når kapitalen aukar, kunne det vera nok til alle.

Så la oss difor sjå på dei som tilsynelatande stod nærast til for hogg – nemleg den lokale eliten. Meir effektiv – og innovativ – skatte- og avgiftsinnkrevjing og ein stadig straum av eigedomsoverføring frå lekfolk til kyrkja i form av sjelegåver, må openbert ha gått ut over den lokale kontrollen over eigne ressursar. På den andre sida fekk den lokale eliten nye moglegheiter, i nye konstallasjonar. Dei fekk att noko for sjelegåvene – ei flott kyrkje og lovnad om kortare tid i skjærselden. Og dei vart etterkvart, som me skal sjå meir på i neste delkapittel, involverte i det lukrative nettverket av geistlege og verdslege som utnytta turrfiskhandelens potensiale til inntekter for alle partar. I tillegg opna dei to samarbeidande, men ulike posisjonane til erkebisen og kannikgjeldinnehavaren opp eit spelrom for den lokale eliten: Kven skulle dei gje sine sjelegåver til, lokalkyrkja eller domkyrkja? I kven sin organisasjon skulle dei gjera karriere – som erkebispens verdslege setesvein, eller som lokalprest under kollegiatet på Trondenes? Me må gå ut frå at setesveinar, ombodsmenn og lokale vikar- og kollegiatprestar i stort kom frå det same sosiale sjiktet og dei same familiare. Og kva for skilnad var det for denne lokale eliten om dei arbeidde for erkebisen eller for dekanen, og om dei gjekk i verdsleg eller åndeleg teneste? Dette manøvreringsrommet for den lokale eliten må ha vege ein del opp for dei ressursane dei måtte gje frå seg i form av auka skatte- og avgiftspress og eigedomsoverføringar. Kjeldesituasjonen gjer det vanskeleg å seia



noko sikrare om dette, såleis er det eit ope spørsmål i kva grad den lokale eliten vart svekt i styringsåra til Svein Eriksson. Men sett aldeles på sidelina kan han ikkje ha vorte.

Tumultane rundt valet og utnemninga av ny erkebisp på 1450-talet må ha sett sitt preg også på posisjonane i feltet Trondenes. Allereie valet av Aslak Bolt endra posisjonane i høve til statsmakta – Aslak viste seg å bli eit brot med den statskyrkjelege retninga som hadde utvikla seg i erkebispedømet under dronning Margrete og Erik av Pommern.<sup>851</sup> Den sterke kongemakta Margrete hadde bygt opp i kompani med kurien rakna utover på 1430-talet, og Erik vart etterkvart avsett i alle tre rika sine. Dette utnytta Aslak til å byggje eit sterkare riksråd – med den geistlege og verdslege eliten – og Lars Hamre meiner at “[n]eppe noen gang før eller senere har den norske kirkes primas hatt så frie hender”.<sup>852</sup> Kongedømet kom seg på føtene att med Christian I, men i mellomtida hadde kyrkja konsolidert ei stor grad av sjølvstendemakt gjennom riksrådet – som erkebispane dyrka og odla utover i hundreåret. Ein kan kanskje seia at Aslak Bolt dreidde erkebispedømet frå ei statskyrkjeleg til ei kyrkjestatleg retning, der statsmaktfunksjonane delvis blir utøvde av andre enn det sentraliserte kongedømet. Men kostnaden med dette var at metropolitanmyndet til erkebisen vart undergrave.<sup>853</sup>

Denne politiske situasjonen utnytta domkapitlet med Svein Eriksson i spissen: Dei spela på lag med erkebisen i kampen mot både konge og pavemakt, og i det kyrkjepolitiske vakuumet i 1450-åra “heldt dei fortet” i Nidaros. Sjølv om dei vart dregne med i konfliktane rundt erkebispevalet, kunne Svein og dei andre kannikane samstundes byggje infrastruktur og nettverk i kannikgjelda sine. Midten av 1400-talet, med strid om både kongeval og erkebispeval, vart såleis ei storpolitisk opning for kannikgjelda – og kanskje ein avgjerande faktor for at Svein Eriksson kunne byggje opp den solekart sterkaste posisjonen i feltet Trondenes.

---

<sup>851</sup> Hamre 1955: 458.

<sup>852</sup> Hamre 1955: 460.

<sup>853</sup> Hamre 1955: 502.


## Kapittel 8: 1480–1506: Uro i erkesetet

Lars Hamre omtalar siste halvdel av 1400-talet som ei “fredstid” for den norske kyrkja og erkestolen, sidan “dei kyrkjelege institusjonane i stor mon fekk leva sitt eige liv” og “utvikla seg ut frå kyrkjelege interesser utan å vera mål eller middel for statens politikk”.<sup>854</sup> Men internt i Nidaros erkebispedøme og i feltet Trondenes skulle det – kanskje difor – vera rom for ny strid, etter mange års samarbeid under erkebispene Aslak Bolt og Olav Trondsson. Tida for samarbeid mellom domkapittel og erkebisp om felles ekspansjon, som var tydeleg under Svein Eriksson og Aslak Bolt, var definitivt over på 1480-talet. Og fram mot sekelskiftet kjem konflikhtar internt i domkapitlet fram i dagen. På same tid er Trondenes – og Vesterålen og Lofoten – inne i sin absolutt mest blømande og ekspansive periode.<sup>855</sup>

### 8.1 Kampen om finnmarkskapella på 1480-talet

Då Svein Eriksson trekte seg attende var det duka for Trond Ivarsson som dekan.<sup>856</sup> Trond var kannik i Nidaros og son av Ivar Trondsson på Aspa og såleis brorson av den tidlegare erkebisp Olav Trondsson.<sup>857</sup> Han studerte i Rostock mellom 1460 og 1466 og var sokneprest til Tingvoll då han tok over som dekan.<sup>858</sup> Bror hans, Alv, studerte også først i Rostock, sidan Paris og Köln,<sup>859</sup> medan Trond studerte samstundes med Gaute Ivarsson i Rostock – baa to promoverte til baccalaureus i 1463 og til magister i 1466.<sup>860</sup>

Figur 12: Trond Ivarsson-slekta



<sup>854</sup> Hamre 1971: 55–56.

<sup>855</sup> Lysaker 1976: 390–391.

<sup>856</sup> DN XVII-715, 717, 1480.

<sup>857</sup> Grønli 1952: 239, 241.

<sup>858</sup> Tingvoll var truleg også vorte eit kannikgjeld godt før 1400. (Stige og Spurkland 2005: 17–18; Tveito 2005: 120; DN II-503, 1387.)

<sup>859</sup> Grønli 1952: 221.

<sup>860</sup> Daae 1885: 140–141.

Erkebispens og den nye dekanen var med andre ord godt kjende. I følge Oluf Kolsrud hadde dei to i fellesskap, gjennom Nidaros sin ombodsmann og forstandar for St. Birgittas hus i Roma, Peter Henriksson, tinga, kosta og i 1486 fått sett opp gravsteinen i St Agostino-kyrkja over Gautes forgjengar og Tronds onkel, Olav Trondsson, erkebispens som døydde i Roma i 1475.<sup>861</sup> Men sjølv om dei skulle vera samde om denne kostnaden – som ikkje var stor, Kolsrud omtalar minnesmerket som “ein liten og beskjeden stein” – ryk dei etterkvart uklare om dei kyrkjelege inntektene på finnmarkskysten.

Den norske tiendeytande busetjinga i Finnmark var konsentrert i fiskeværa langs kysten. Fiskarane skulle sjølve berre selja fisken sin direkte til kjøpmennene i byane, jekteeigarane (skipperane) som frakta fisken kunne einast vera mellommenn.<sup>862</sup> Det er fleire årsaker til at det nordlandske jektebruket, slik me kjenner det frå Trondenes og sørover, der lokale jekteskiparar rådde grunnen åleine, likevel fungerte noko annleis i Finnmark enn lenger sør. Hovudårsaka var at bergensborgarane tidleg *eigde* mange av jektene. (Og sjølv om også trondheimsborgarane allereie i 1455 fekk nordfararløyve og løyve til å handle utanom kjøpstadene, reiste dei kanskje ikkje heilt til Finnmark i første tida, og dei var langtfrå så mange som bergensborgarane.<sup>863</sup>) Men også avstanden til Bergen og tida for fiskeinnsiget gjorde at årsrytmen måtte bli ein annan for dei som frakta fisken frå finnmarksværa.<sup>864</sup> Det er ikkje krystallklårt korleis omsetjinga gjekk føre seg frå fiskar, via skipper og/eller setesvein til kjøpmann – eller for å seia det på ein annan måte; kven var kjøpmann, kven var skipper, kven var setesvein? Av det me veit frå skattekjelder frå 1518–1522 og utover, er det fleire av byborgarane som tek ut og buset seg i Finnmark – såkalla “utliggjarar” – eventuelt dei var finnmarkske jekteskipperar som tok borgarskap i byane.<sup>865</sup> Arnved Nedkvitne meiner at kjeldematerialet indikerer at dei fleste skipa i finnmarksfarten omkring 1520 tilhørde bufaste (i størstedelen av året) finnmarkingar,<sup>866</sup> men det er vanskeleg å avgjera sikkert om flesteparten var finnmarkingar som reiste sørover eller bergensarar og trønderar som reiste

---

<sup>861</sup> Kolsrud 1924: 25.

<sup>862</sup> Men det var innbringande likevel. Og for å kunne tene seg dei rikdomane me veit jekteskipperane la seg opp, er det all grunn til å tru at dei deltok også i andre delar av fisket med til dømes utrorsdrengar og som utreiarar. (Kiil 1993: 26.)

<sup>863</sup> Storm 1895: 186; Nilsen 1966: 18; Nedkvitne 1988: 90; *NgL* 2. r, bd. 2, bd. 1, nr 68.

<sup>864</sup> Nedkvitne 1988: 90, 88. Også på Andenes greidde bergensborgarane å få fotfeste. Andenes var i ei særstilling, sjå meir i kap. 8.3 og Kiil 1993: 26.

<sup>865</sup> Nilsen 1966: 12; Kiil 1993: 20–21. Som Jon Eriksson – trondheimsborgar og nordfarar på Gryllefjord – som me skal møte i neste kapittel. Han var registrert skatteytar både i Trondheim og Gryllefjord (Blom 1997: 324f).

<sup>866</sup> Nedkvitne 1988: 89.

nordover. Somme var kanskje ikkje bufaste, eller hadde hus fleire stader, og hadde “flakka omkring og tatt last der det bød seg” og betalte skatt der dei var.<sup>867</sup>

I tillegg til fiskarar, fiskarbønder, tenestefolk og skipperar var det altså ein del kjøpmenn som skulle yte tiend i Finnmark, truleg også så tidleg som på 1480-talet, sjølv om me har få rekneskapskjelder frå før 1500. Kyrkjene i fiskeværa Finnmark vart omtalte som kapell og hadde korkje tillagt fabricagods eller mensalierrettar til kapellanane – alle inntektene gjekk rett til erkebispem, som i sin tur løna kapellanane og vedlikeheldt kapella.<sup>868</sup> I følgje reformatsen frå 1589 var det 17 kapell i Finnmark – korvidt alle desse var førreformatoriske er usikkert; Vidar Trædal meiner at truleg berre 11 av dei vart etablerte i seinmellomalderen.<sup>869</sup> Uansett – den samla inntekta var 9 mark sølv – til samanlikning var inntektene frå Trondenes 30 mark sølv. Kapella låg altså utanfor det ordinære kyrkjehierarkiet og må i følgje Lars Hamre ha vore rekna for å vera eit *terra missionis*.<sup>870</sup> Kyrkjene som vart bygde låg i dei norskbusette fiskeværa, det var ikkje noko sokneinndeling og kyrkjene hadde altså korkje fabrica eller tiendrett. Men i 1488 klagar erkebispem til paven, av di dekanen i tre år skal ha slått inn under seg kapella i Finnmark.<sup>871</sup> Dette opnar for interessante spørsmål.

Først – *korleis* kan Trond Ivarsson i praksis ha greidd dette? Me veit ikkje korleis tiendinnkrevjinga har gått føre seg, og sjølv om dei førnemnde skattekjeldene gjev bod om i alle fall ti setesveinar i Finnmark rundt 1520, kan det sjå ut til at erkebispem i alle fall ikkje hadde eit fullt utbygd nettverk av slike midt på 1480-talet.<sup>872</sup> Organiseringa av innkrevjinga kan med andre ord ha vore mogleg å påverke – så kva gjorde Trond? Ein moglegheit er at *erkebispems* finnmarkskapellantar, som me i pavebrevet får veta at mottok tiendinnbetalingane og flytta etter fiskarane som “bur snart her og snart der” etter som det høvde for fisket, meir eller mindre friviljugt gav dei vidare til *dekanens* kapellantar og/eller ombodsmenn frå Trondenes (jf drøftinga om tienda i kap. 3.2 og 4.1). Desse må anten ha vore i Finnmark sjølve og kravt inn tienda, eller motteke innbetalingane då finnmarksjektene for forbi Trondenes. For det er lite truleg at Trond Ivarsson skulle fått hand om tiendinntektene når desse var komne heilt til erkebispemstaden Nidaros. Men kvifor skulle finnmarkskapellanane gje tienda (gitt at det skjedde friviljugt) til dekanens menn? Det framstår unekteleg lite lurt,

---

<sup>867</sup> Linchusen 1975: 94, 96; Nedkvitne 1988: 89.

<sup>868</sup> Hansen 2003(b): 272; Bratrein 2004: 402.

<sup>869</sup> TR: 92; Trædal 2008: 165, 174.

<sup>870</sup> Hamre 1977(b): 30.

<sup>871</sup> DN XVII-746, 1488.

<sup>872</sup> Bratrein 2003: 275; Dybdahl 2003: 313; Nedkvitne 1988: 616; i tillegg NRJ 1: 687–88; 2: 552, 558, 561.

når dei fekk løna si av erkebispem. Kanskje kom Trond Ivarsson med eit betre tilbod? Eller – om det allereie var nokre setesveinar på plass i Finnmark – kan det vera at dei ikkje berre var erkebispens menn, men fungerte som ombodsmenn for heile domkapitlet, slik me antyda i kapitlet om Svein Eriksson. I tider med usemje mellom erkebispem, dekanen og domkapitlet kan dette ha ført til at kommandoliner og lojalitetsband vart sette på prøve – og at setesveinane i dette tilfellet gav dei innkravde inntektene til dekanen i staden for til erkebispem. Håvard Dahl Bratrein og Reidun Laura Andreassen har antyda at lojalitetsbanda i finnmarksfiskeværa gjekk like mykje sørover, i lag med handelssambanda, som internt i lokalsamfunna, sidan fiskeværa korkje var organiserte i verdslege tinglag eller kyrkjelege sokn.<sup>873</sup> Dette underbyggjer inntrykket av at dei formelle og reelle hierarkia og lojalitetsbanda var flytande og uklare i Finnmark – både i geistleg samanheng og i verdsleg, som me tidlegare såg i forholdet mellom jekteskipperar og byborgarar. På eitt eller anna vis må dette difor ha opna for at Trond Ivarsson i praksis har kunne slå inn under seg dei kyrkjelege inntektene derifrå.

Deretter – og meir interessant – *kvifor* prøvde Trond Ivarsson seg på dette? Var det det enkle ynsket om større inntekter til seg sjølv og dekanatet – ved å forsøke å utvide kannikgjeldet? Eller var Finnmark på 1480-talet så ustabil at vegen låg open for ein manøvrerande dekan? Eller var det (også) eit ærleg ynske om å stabilisere tilhøva i Finnmark – og demme opp for austleg påverknad ved å knyte finnmarkskapella geografisk nærare til den etablerte kyrkjeorganisasjonen? Som mangeårig kannik må Trond ha kjent til systemet i Finnmark, men noko må det altså ha vore som fekk han til å prøve seg mot erkebispem. Var dei vortne grunnleggjande usamde, eller var Trond Ivarsson frekk eller kanskje berre udugeleg og naiv? Me veit ikkje, men det må i alle høve kunne kallast ei politisk feilvurdering. For erkebispem var tydelegvis ueinig og dekanen tapte kampen. I brevet frå paven i 1488 gjev paven erkebispem medhald i at det er han som har inntektsrettane frå desse kyrkjene.<sup>874</sup> Og motivasjonen må i alle høve ha hange saman med dei store ressursane som kunne hentast frå Finnmark. Vidar Trædal meiner både denne konflikten og kong Hans' hevding av patronatsretten til Tromsø i 1486 kan knytast direkte til den auka konkurransen som kom av at inntektspotensialet i turrfishandelen ekspanderte i desse siste tiåra før 1500.<sup>875</sup>

---

<sup>873</sup> Andreassen & Bratrein 2011(a): 325. Dette meiner dei også er grunnen til at det ikkje var organisert *leidang* lokalt i Finnmark – lokalsamfunnet greidde ikkje samle felles krefter til å opprette og oppretthalde eit forsvarssystem.

<sup>874</sup> *NgL*, 2. r., bd. 3, nr. 271: 369–370, 1488.

<sup>875</sup> Trædal 2008: 183; Lysaker 1976: 390.

Det finnmarkske intermezzoet er difor på eitt eller anna nivå uttrykk for ein maktkamp i Nidaros – om felles anerkjende verdiar – som gjer at Trond Ivarsson mæler krefter mot erkebisp Gaute Ivarsson. Og same kva som har vore motivasjonen og realismen i Trond Ivarsson sin kamp med erkebisp Gaute, kan me seia at han midt på 1480-talet prøvde å *utvide grensene* til feltet Trondenes. Den felles anerkjende verdien – turrfisken og tiendinntektene av denne – må ha vore sterk nok motivasjonsfaktor for dekanen til å ynskje å utvide feltet, og med det inntektsgrunnlaget sitt. Men han auka samstundes utgiftspostane – det vart mange nye kapellanar å løne. Nettopp det at kapellanane i Finnmark, just som dekanens eigne kapellanar i Trondenes, gjekk på *fast løn* kan ha vore ei medverkande årsak til at dekanen tenkte det var mogeleg å slå inn under seg kapella på same vis som annekskyrkjene i Sør-Troms var underlagt kannikgjeldet. Kannikgjeldinnehavaren hadde truleg gjennom heile 1400-talet disponert fabrica og mensa som han sjølv ville (jf kap. 3.2), og med dei nye fiskeværskyrkjene på Senja også innlemma i kannikgjeldet, kan det å slå under seg finnmarkskapella ha vore eit naturleg steg på vegen i å byggje og styrkje kannikgjeldet.

Men om Trond Ivarsson i tillegg hadde eit ynske og mål om å stabilisere Finnmark av di det var det beste for den pågåande og vidare ekspansjonen austover, må han i så fall ha meint at det var betre for Finnmark å liggje under Trondenes enn Nidaros – kanskje av di Trondenes, gjennom Svein Eriksson si tid, var den nærverande representanten for *heile* kyrkja i nord, jf drøftingane i førre delkapitlet. Viss det var så at erkebispen mykje godt hadde overlevert det religiøse ansvaret i nord til kollegiatkyrkja og kannikgjeldet, så hevda kanskje Trond at då var det naturleg at Trondenes også fekk det økonomiske ansvaret.<sup>876</sup>

Me har ikkje haldepunkt for noko av dette i dei skriftlege kjeldene, så det blir hypotesar om finnmarkskapella midt på 1480-talet. Men at setesvein-nettverket til erkebispens ikkje var fullt ut operativt i dette tiåret – og at denne striden tvert om kan ha vore utslagsgjevande for erkebispens utplassering av lojale sveinar – kan vera ein rimeleg tanke. Me høyrer, som tidlegare nemnd, eitt og anna om ein setesvein her og der tidlegare på 1400-talet, men det er først rundt 1520 me byrjar få namn på fleire av dei.<sup>877</sup> I 1528 spør Vincens Lunge futen sin på Vardøhus kor mange det er, og først i Olav Engelbrektssons rekneskap i 1533 får me ei

---

<sup>876</sup> Hansen 2000: 243.

<sup>877</sup> *NRJ* I: 687, II: 558.

oversikt over *mengda* av setesveinar – 18 i Finnmark.<sup>878</sup> Kanskje er det altså ikkje før tiåra opp mot 1500, då erkebispem og domkapitlet, med dekanen i spissen, ser ut til å stridast om ressursinnhentinga, at det omfattande nettverket av setesveinar kjem på plass.

Eit siste moment knytt til Trond Ivarssons motivasjon kan vera at han ynskte å markere seg og kyrkja i høve til russarane og samane. Å ville stabilisere kyrkjetilhøva i det norsk-ekspanderande Finnmark er éin ting, å stabilisere dei i møte med det samiske og det russiske er noko anna. Det siste karelaråttaket me kjenner til i 1444<sup>879</sup>, og det er heller ingen misjonsiver å spore i kjeldene om Trond Ivarsson. Me skal likevel sjå i neste delkapittel at medvitet om at Trondenes – og då endå meir Finnmark – ligg på grensene for den kristne verda og såleis må styrkast, må ha vore til stades i Nidaros. Men i kva grad Trond Ivarsson mobiliserte dette som eit argument for ein kyrkjepolitisk strategi – i kva grad han mobiliserte religiøs kapital – veit me ikkje.

Trond Ivarsson hadde langt stuttare funksjonstid enn forgjengaren Svein som dekan. Følgjeleg sette han ikkje spor etter seg på same måte, og der Svein tydeleg samarbeidde godt med dei ulike erkebispene, kom Trond på kant med Gaute. Alt tyder på at erkebispem styrkte seg både som geistleg og verdsleg aktør i det rikspolitiske feltet mot slutten av 1500-talet,<sup>880</sup> og det er såleis grunn til å tru at dette påverka også posisjonen hans overfor dekan og domkapittel – i feltet Trondenes. Då Gaute vart erkebisp i 1475 vart han også lensherre over Trondheim len,<sup>881</sup> og som tidlegare vist styrkjer han den heimlege bispemakta over kyrkja i opposisjon til unionsregenten, og han leier riksrådet.<sup>882</sup> Han fører ein aktiv godspolitikk og tileignar seg jord ved gåver, kjøp og makeskifte<sup>883</sup> – men ikkje i Trondenes. Mellom anna fekk han frå den mektige Ingjerd Erlendsdotter jord til eit nytt prebende i domkyrkja i 1497.<sup>884</sup> I følgje Lars Hamre panta han til seg og rådde over “betydelige likvide midler”, og betalte avgifta si til paven med ein gong han overtok. Hamre meiner vidare at Gaute Ivarsson var same gode

---

<sup>878</sup> DN VIII-572, 1528; OER: 40–42.

<sup>879</sup> Håvard Dahl Bratrein har sett fram ein teori at Finnmark var okkupert av russarane på slutten av 1400-talet.

Sjå meir i kapittel 9.1.

<sup>880</sup> Dybdahl 2003: 314.

<sup>881</sup> *Nye Danske Magazin* VI: 322, 326, hjå Dybdahl 2003: 314.

<sup>882</sup> Hamre 1955: 502–503.

<sup>883</sup> Hamre 1955: 499–500.

<sup>884</sup> DN V-977, 1497. Ingjerd gav dette til messelesing for si eiga og hennar avdøde mann, Arald Kane – pluss nære slektningar – sine sjeler. Dei kunne trenge det. Både var dei eigentleg for nært skyldte til å gifte seg, men dette hadde dei fått absolusjon for frå paven, og Arald hadde som fut fare så hardt fram mot bøndene på Sunnmøre at dei drap han. (Berg 2004: 75–78). Etter reformasjonen, då trua på sjelegåvenes verknad avtok, greidde Ingjerd's arving, Erik Rosenkrantz, i 1556 å få attende denne jorda frå Domkyrkja (jf kap. 3.3; DN XI-696), med argumentasjon om at altartenesta “icke holliswed magtt som fundatzen paa lyder”.

politikaren som forgjengarane sine, men “det spørts om han hadde Olav Trondssons diplomatiske begavelse og hans evne til å omgås og vinne mennesker”.<sup>885</sup> Men dei store jordeeigedomane, dei endå større tiendinntektene og handelsinteressene, kopla med den doble rolla som riksrådsleiar og lensherre, gjer det ofte vanskeleg å skilja mellom erkebispens funksjonar, strategiar og kopling til ulike nettverk. Kanskje var det ikkje Trond, men Gaute det stod på når me skal finne årsaker til endringar i dei relasjonelle posisjonane mellom erkebisen og domkapitlet i feltet Trondenes utover på 1480-talet. Likevel – under desse eventuelle personlege motsetnadene eller ulike kyrkjepolitiske strategiane er det heilt klart ressursauken og kampen om denne i det regionale feltet som set makttilhøva i det kyrkjeadministrative feltet i rørsle, og som difor endrar dei relasjonelle posisjonane i *heile* trondenesfeltet.

## 8.2 Kampen om retten til kannikgjeldet rundt 1500

I den neste store kampen i feltet Trondenes er det i alle fall heilt klart at det er motstridande interesser i domkapitlet. Rundt 1500 kan domkapitlet sjå ut meir som eit bol – der karrierejag, fordeling av plikter, privilegium og økonomiske ressursar la grunnen for dårleg stemning og usemje. Sakse Gunnarsson overtok i 1492 dekanatet med alle tilliggjande rettar etter Trond Ivarsson.<sup>886</sup> Sakse var også utdanna i Rostock – baccalaureus i 1473 og magister i 1477.<sup>887</sup> Men i 1499 er det ein annan kannik, Philip Ingemarsson, som av pave Alexander VI blir tildelt dekanatet og kannikgjeldet – av di Sakse skal ha oppgjeve for lite inntekter av beneficet sitt, og med det vart fråteke alle rettar. I argumentasjonen aktørane fører til torgs blir provisjonsretten til paven aktualisert, og kan hende var det den som var utgangspunkt for konflikten. For i 1492 vart Sakse *valt* av domkapitlet og erkebisen og *stadfest* av paven som ny dekan – viss dekanen i Lübeck, som paven hadde delegert mynde til, fann han skikka. Valet vart altså gjort utan at paven nytta provisjonsmyndet sitt – han berre stadfesta valet i ettertid. Året etter får me veta at Sakse betalar sine annatar av dekanatet og kannikgjeldet til paven.<sup>888</sup> Så høyrer me ikkje meir – korkje om Sakse eller Trondenes før i 1499. Då møter me altså kanniken Philip Ingemarsson, som etter 29. mars har fått både Hadsel (med anneks) og Veøy kyrkjer, og den 5. april får tildelt dekanatet og prestegjeldet Trondenes med anneks av

---

<sup>885</sup> Hamre 1955: 499.

<sup>886</sup> DN XVII-756, 757, 1492; 1150, [1492–1493].

<sup>887</sup> Daae 1885: 142.

<sup>888</sup> DN XVII-763, 764, 1493.



pave Alexander VI, av di Sakse altså skulle ha oppgjeve for lite inntekter av Trondenes.<sup>889</sup> Og 1. mai får Philip utferda nok eit pavebrev, ei utdjujing om overtakinga av dekanatet.<sup>890</sup> Seinare på sommaren får han også Maria-kyrkja i Bergen og Ekle på Strinda,<sup>891</sup> og søkjer samstundes om å bli paveleg nuntius – kollektor – i Danmark, Sverige og Noreg. Det blir han, får utnemninga si i Roma 10. juli og avlegg personleg eiden i det pavelege kammeret 23. august.<sup>892</sup> Philip stod med andre ord på godfot med kurien.

Kva har skjedd? Er det hald i skuldingane mot Sakse? Ingemarsson er ein kannik på veg opp i domkapitlet. Me møter han første gong då han – som prest frå Nidaros – får eit kanonikat og prebende i Linköping domkyrkje i 1486.<sup>893</sup> Namnet kan òg tyde på at han er svensk, men me finn han ikkje i det svenske diplomaterialet – korkje før 1486 eller frå den tida han må ha vore i Linköping. Men han har vanka i krinsen av og med klerkar som styrde St. Birgittahuset i Roma, og der høyrte til “den for kong Hans meget generende krets av geistlige”.<sup>894</sup> Då han byrja å samle seg inntekter i Nidaros i 1499, hadde han vore kannik der i alle fall sidan 1494.<sup>895</sup> Alt tyder på at Philip prøver utfordre Sakse Gunnarsson sommaren 1499, men me veit ikkje meir om saka før pave Alexander i to brev frå november og eitt frå desember 1500 re-stadfester dekanatet og kannikgjeldet Trondenes til Sakse Gunnarsson.<sup>896</sup> I desse breva blir ikkje Philip Ingemarsson nemnd (han blir aldri meir nemnd, faktisk), og det går heller ikkje fram på nokon måte at korkje Sakse eller paven opplever at han har vorte fråteke dekanatet og kannikgjeldet.<sup>897</sup> Det som derimot blir understreka, i breva frå november, er at paven *ved provisjon* no utnemner Sakse som overtakar av dekanatet etter Trond Ivarsson. Eigentleg hadde han delegert spørsmålet til dekanen i Lübeck, som allereie i 1492 hadde fått i oppdrag å sjekke om Sakse var skikka til gjerninga, men sidan Sakse meinte det var så lang og slitsam reise til Lübeck – 60 dagsmarsjar – så gjorde paven provideringa direkte. Med andre ord, det som både Sakse, erkebispem og paven godtok som dei rette formalitetar i 1492/1493, val og deretter stadfesting i ettertid, blir no gjort om att i tråd med den pavelege provisjonsretten. Så kvar gjekk det feil? I høg mellomalderen var pavens provisjonskrav for dei lågare stillingane enn bispeombodet berre retta mot geistlege som døydde medan dei oppheldt seg ved kurien

---

<sup>889</sup> DN XVII-774, 775, 776, 1499.

<sup>890</sup> DN XVII-777, 1499.

<sup>891</sup> DN XVII-778, 782, 1499.

<sup>892</sup> DN XVII-779, 780, 1153, 1499.

<sup>893</sup> DN XVII-739, 1486.

<sup>894</sup> Lindbæk 1907: 115.

<sup>895</sup> DN V-968, 1494.

<sup>896</sup> DN XVII-785–787, 1500.

<sup>897</sup> Takk til Espen Karlsen på Nasjonalbiblioteket for nærlesing av desse diploma.

(eller innan to dagsreiser derifrå). Utover i seinmellomalderen gjorde pavane provisjonskrava sine på lågare ombod gjeldande for stadig fleire andre område òg, til kontinuerleg misnøye frå dei lokale bispedøma.<sup>898</sup> Kan det difor ha vore usikkerheit om korvidt Trond Ivarsson døydde innanfor eller utanfor todagarsgrensa? Neppe – det er i alle fall ikkje spor av slik usikkerheit i kjeldene. Det må vera opplysningane frå desemberbrevet, om at Trondenes hundre år før skulle ha vore bunde saman med *erkebispens bord*, som har gjort at Sakse på nytt har søkt om at stadfesting av at dekanvalet og den tilhøyrande provideringa av Trondenes frå 1492 var gyldige.

Desemberbrevet handlar berre om Trondenes, ikkje heile dekanatet, og her ser det ut til at Sakse sjølv meiner det utgjer ein skilnad at kannikgjeldet, då det vart oppretta/utvida, var tillagt erkebispens bord. Så har det seinare – dei siste femti åra, seier han – vore i hendene på andre ved domkapitlet. Då det vart ledig etter Trond Ivarsson, vart han providert ved stiftsbispen (*loci ordinarius*) og har sidan hatt kannikgjeldet i åtte år. Men, påstår Sakse, han har vore uvitande om den opphavlege ordninga der Trondenes var tillagt erkebispesbordet, og difor fryktar han no at den lokale provideringa frå 1492 er ugyldig. Han understrekar at det er særleg viktig at prestegjeldet ligg til ein lærd og vis mann, som han sjølv, sidan det ligg på grensa mot skismatiske russarar og vantru samar som stadig påfører dei kristne stor skade. Difor søkjer han, saman med erkebispen, om at Trondenes blir skilt frå erkebispens bord og providert til han sjølv. Og det får han medhald i frå paven.<sup>899</sup>

Sakse har altså vunne maktkampen i domkapitlet ved å mobilisere paven og la Aleksander VI providere Trondenes til seg på nytt, på skikkeleg vis. Philip Ingemarsson, som året før såg ut til å ha nærast kontakt med Aleksander VI, er som sagt ute or saga. Om Sakse verkeleg meinte at han trudde provideringa frå 1492 var ugyldig, eller om han brukar argumentet for å blidgjera paven eller dekkje over skuldingane om økonomisk misleghald, er uvisst.<sup>900</sup> Berre 16 dagar etter desemberbrevet gjer han òg ei ”pavevelgjerning”, då han skriv seg sjølv og ein stor del av familien sin inn i den prestisjefylte Heilagandeordenen, noko som mellom anna kan sjåast på som ein gest til paven for avgjerda i saka.<sup>901</sup> For av det me veit i dag *var ikkje* Trondenes opphavleg eit prestegjeld tillagt erkebispen, men domkapitlet – slik me såg då

---

<sup>898</sup> Nielsen 1968: 534–535.

<sup>899</sup> DN XVII-787, 1500.

<sup>900</sup> Jf drøftinga i kap 4.1 av dei motstridande inntektsopplysningane knytt til Trondenes og dekanatet dei siste tjue åra før 1500.

<sup>901</sup> LBSS, ms. 328, fol. 420r; DN XVII-1155, 1500 (feilfoliert i DN til fol. 418r og feildatert til 1501).

Eskil prøvde ta med seg Trondenes over i erkebispstolen. Dette er det ikkje sikkert Sakse visste – moglegvis trudde han Trondenes-gjeldet sitt forhold til Nidaros starta med Eskil qua erkebispe.

Men korleis kom desse opplysningane – denne konflikten frå tidleg 1400-talet – på banen igjen først rundt 1500? Eitt mogleg utgangspunkt kan ha vore at Philip Ingemarsson fekk nyss om det – gjennom miljøet og dei nære kontaktane sine i og rundt birgittahuset i Roma – då han samla seg kyrkjer og kall og prøvde posisjonere seg andsynes Sakse i domkapitlet. Philip mobiliserte med andre ord sin sosiale kapital for å auke sin religiøse kapital – i form av kunnskap om og deretter rettar til kall og beneficium som i neste omgang auka den økonomiske kapitalen hans i form av inntekter frå desse.

Men kapitalkonverteringa til Ingemarsson var ikkje nok til å styrkje den relasjonelle posisjonen hans i feltet Trondenes. Han vart ikkje sterkare enn den sitjande dekanen, Sakse, som på si side må ha mobilisert tilstrekkeleg kapital for å vinne maktkampen og få attende Trondenes. Korleis gjorde han det? Sjølv om han i breva frå november 1500 argumenterer med at det er så langt og slitsamt å reise til Lübeck tyder mykje på at han til slutt reiste til Roma for å ordne opp.<sup>902</sup>

### Reiste Sakse Gunnarsson og familien til Roma?

31. desember 1500 finn me Sakse, mor hans, bror hans Aslak med kona Gertrud frå Andenes, bror hans Engelbrekt med kona Jorunn frå Trondenes og ein annan kannik frå Nidaros, Arne, innskrive i *Liber fraternitatis*, medlemskapsboka til Heilagandeordenens brorskap i hospitalet Santo Spirito in Sassia i Roma (sjå figur 13). Santo Spirito-hospitalet var både sjukehus for byborgarar og pilegrimsherberge, og ein av Heilagandeordenens viktigaste institusjonar. Både ordenen og hospitalet gjekk fleire hundre år attende, men frå midten av 1400-talet var både bygningane og ordenen pussa opp og gjeve ny status, og særleg pave Sixtus IV (1471–1484) la prestisje og pengar i Santo Spirito.<sup>903</sup> 21. mars 1478 utferda han bullen ”Illius qui pro Dominici”, der han stadfester Heilagandeordenen og melder seg sjølv inn.<sup>904</sup> Den viktigaste funksjonen til bullen var å sikre eit system av institusjonalisert støtte til hospitalet. Ved å signere brorskapsboka, den førnemnde *Liber fraternitatis*, sette Sixtus IV ein standard for monarkar, adel og geistlege som vart oppmoda om å melde seg inn og plikte seg til finansiell


<sup>902</sup> For ei grundigare drøfting av denne reisa, sjå Berg 2011.

<sup>903</sup> Howe 1978: 35.

<sup>904</sup> Howe 1978: 44.

støtte. 25 kardinalar følgde på, saman med andre geistlege, tilsette ved kurien og medlemmer av Rovere-familien (Sixtus' familie), i tillegg til mange høgare embetsmenn, særleg utanlandske.<sup>905</sup> Berre nokre få dagar etter at paven underskreiv boka, kom dei første skandinavane, og i 1500 altså Sakse og familien.<sup>906</sup>

Figur 13: Sakse Gunnarsson og familien hans



Som før nemnd kan ein sjå innskrivinga i brorskapsboka som ein gest til paven for avgjerda hans i saka om dekanatet. Men vitnar innskrivinga om at dei budde i Santo Spirito og var i Roma, eller er dette ei innskriving gjort av andre på vegner av Sakse? Me har ingen andre kjelder enn brorskapsboka som tilseier at Sakse og familien faktisk var i Roma – men som me har sett, Sakse hadde gode grunnar for å gjera ei romaferd. 1500 var også eit jubelår – den største festen den kristne verda til då hadde sett – så ein pilegrimstur for heile familien ville ikkje vore usannsynleg. Men viss Sakse og familien var i Roma i 1500, er dei i så fall dei einaste Roma-pilegrimane frå nord me kjenner namna til i seinmellomalderen. I det vidare skal me difor ta eit ørlite sidesprang og inngåande drøfte spørsmålet om Sakse og familien var i Roma eller ikkje. La oss fyrst sjå nærare på kva brorskapsboka i seg sjølv kan fortelja oss om spørsmålet.

I *Diplomatarium Norvegicum* er kjelda attgjeven slik:

Saxo Gunerii decanus ecclesie Widrusiensis (sic) et eius mater et Vigibertus Gunerii et eius uxor Yorond in parochia Trondens, Arverus canonicus Widrusiensis, Aslacus Gunarii et eius uxor Getrudis in parochia Andenes Widrusiensis diocesis hanc sanctam confraternitatem intrarunt die ultima decembris 15 primo [fol. 418].<sup>907</sup>


Innføringa i brorskapsboka ser slik ut:

<sup>905</sup> Howe 1978: 45.

<sup>906</sup> Lindbæk & Stemann 1906: 59.

<sup>907</sup> DN XVII-1155, 1501.

Figur 14: Sakse Gunnarsson-innføringa i Liber fraternitatis



I fylgje reglane for *Liber fraternitatis* skulle ein ha gode grunnar for ikkje å skrive seg inn der sjølv.<sup>908</sup> Du måtte vera konge, fyrste eller særst høgtstående jordeigande verdsleg eller geistleg elite. Som til dømes kong Hans, dronning Christina og prins Christian, som vart skrivne inn av Jens Mathiesen, prior i heilagandeklosteret i Randers,<sup>909</sup> eller Sakse og erkebisp Gaute, som vart skrivne inn av Amelungus Amelungi i 1493 (Gaute hadde vorte skriven inn i denne ordenen også i 1488, av Torkel Andersson frå Vadstena.)<sup>910</sup> Resten av familien til Sakse fylte ikkje desse kriteria, men det er langtfrå sikkert at kriteria vart handheva strengt.<sup>911</sup> Dessutan var dei *elite* – men med annan type økonomisk kapital enn jordeigarane i sør. Både Aslak og Engelbrekt hadde truleg eigne jekter og tente store pengar på tørrfiskhandelen. Og kva med kanniken Arne? Kvifor vart han skriven inn i *Liber fraternitatis* i lag med familien frå nord, viss dette vart gjort ”long distance”? Var han i så fall også i slekt med eller stod i eitt eller anna klientforhold til Sakse? Arne kan mogelegvis vera den Arne Gunnarson som 29. mars 1499 av pave Alexander VI fekk tillagt seg kannikgjeldet Rødøy.<sup>912</sup> I 1481 finn me ein Arnerus Gunnari de Aslogia immatrikulert ved universitetet i Rostock og baccalureaus derifrå i 1482. Er dette same Arne – og nok ein bror til Sakse?<sup>913</sup> Det *kan* han vera, men eg held det for mindre truleg, sidan han ikkje blir omtalt slik som resten av familien i brorskapsboka, og

<sup>908</sup> Lindbæk & Stemmann 1906: 60.

<sup>909</sup> Lindbæk & Stemmann 1906, nr. 154, 10) i ”Diplomatarium”: 55; DN XVII-1156, 1489–1503.

<sup>910</sup> LBSS: [fol. 192v] og fol. 409r/fol. 214r; DN XVII-1137, 1488 og 1148, 1493. Folienummera i DN og hjå Lindbæk & Stemmann stemmer ikkje med dei nummera som blir brukte i kjelda i dag – og eg har ikkje fått sjekka kva som er det rette folienummeret for [fol. 192v] frå 1488. Takk til Saverio Marco Fiorilla på Biblioteca Lancisiana i Roma for at eg har fått kikke på det skanna, men ikkje publiserte materialet frå *Liber fraternitatis*, 8. mars 2011.

<sup>911</sup> Bruun 1959: 60–61.

<sup>912</sup> DN XVII-773, 1499.

<sup>913</sup> Takk til Per A. Sperstad som i e-post til meg av 16. juli 2011 nemner denne mogelege samanhengen og påpeiker at *Arverus* truleg var *Arne* og ikkje *Arve*. Lindbæk & Stemmann og DN-utgjevarane har tolka han som *Arverus*, men det er ingen andre med det namnet i det norske diplommaterialet. Det finst belegg for *Arfwe* (1399) og *Arfue* (1453) i det svenske mellomaldermaterialet, og namnet, som er ei kortform av Arvid, kan ha vore innlånt frå Sverige før me finn det i norske kjelder. (Takk til Gulbrand Alhaug for desse opplysningane.) Men i sjølve brorskapsboka kan ein tydeleg sjå at det er *Arnerus* og ikkje *Arverus* det står. Grønli (1954: 345) meinte det kunne vera *Alverus* – og såleis kanniken Alf Torsteinsson (nemnd DN V-976, 1497) – men truleg har heller ikkje Grønli sett sjølve kjelda, der det er lite som minner om ein *l* midt i namnet.

heller ikkje i det me elles har av kjelder om desse brørne. Innføringa av Arne i brorskapsboka meiner eg såleis må tolkast som eit argument for at han var til stades i Roma.

Brorskapsboka er ført delvis kronologisk og delvis alfabetisk – med ulike skrivarhender om einannan. Til dømes er Amelungi si innskriving av erkebisp Gaute og dekan Sakse i 1493 førd inn to vidt ulike stader i boka – folio 214r og folio 409r. Desse startar med ”Ego Amelungus Amelungi in Romana curia...”, som såleis understrekar at det er eg, Amelungus som skriv, men at innskrivinga handlar om nokon annan.<sup>914</sup> Sakse-innskrivinga i 1500 startar ikkje med noko ”Ego” (og er heller ikkje etterfølgt av noko anna namn), noko som også talar for at Sakse og familien faktisk var der, sjølv om dei truleg ikkje sjølve førde pennen.<sup>915</sup>

Ein annan tråd er å sjå *korleis* namna er førde inn. Sakse og brørne hans er oppførde med patronymikon, konene med fornamn, Arne berre med tittel (canonicus) og mora til gunnarsønene er heilt utan namn – og førd inn over lina etter Sakse, før Vigibertus (Engelbrekt), som ”et ei[u]s ma[te]r”. Talar dette for eller mot at dei var der? Det er påfallande at mora ikkje er nemnd med namn, men mange andre innføringar har det same – med ”eius uxor” eller ”eius filius” eller andre familiemedlemer nemnde utan namn. Kanskje Sakse og brørne og konene var i Roma, men ikkje mora – men at dei tok med henne (førde ho inn over lina) i innskrivinga når dei først var der?

Ut i frå studiet av brorskapsboka meiner eg altså så langt det er gode grunnar til å tru at gruppa frå nord *var* i Roma – mogelegvis utan mor sjølv. Og viss dei *ikkje* var der, må nokon andre ha ført dei inn – men jamført dei andre innskrivingane er det merkeleg at det då ikkje står kven denne innføraren i så fall er.<sup>916</sup>

Så langt om sjølve brorskapsboka – men kva har andre forskarar meint om denne kjelda? Alle som har omtalt kjelda slik ho framstår i *Diplomatarium Norvegicum* (nummer 1155 i band XVII) har, med eitt unntak, gått ut frå at gruppa frå nord var i Roma.<sup>917</sup> Dei ser alle ut til å basere seg på ei dansk bok frå 1906, av Lindbæk og Stemann, om dei danske

---

<sup>914</sup> DN XVII-1148, 1493.

<sup>915</sup> No er det ikkje uvanleg språkføring på latin å starte med eit ”ego” for å *syntaktisk* markere subjektet, uavhengig av det semantiske innhaldet, men det endrar for så vidt lite av drøftinga i *denne* samanhengen.

<sup>916</sup> Det *kunne* ha vore kannik Arne som var åleine i Roma for å ordne sakene til Sakse på vegner av han. Men det verkar ikkje sannsynleg sidan han er skriven inn midt mellom Trondenes-ekteparet og Andenes-ekteparet, og ser ein på andre innskrivingar vore det då naturleg at han stod først – og med heile namnet sitt, som kannik Henrik Jonsson frå Nidaros, innskriven i 1504 (DN XVII-1157, 1504).

<sup>917</sup> Mellom andre Daae 1906, Lysaker 1961, Hansen 2003(b).

heilagandeordenskløstera.<sup>918</sup> Lindbæk og Stemann hadde vore i Biblioteca Lancisiana, arkivet der kjelda er å finne i Roma, og laga eit register over alle skandinavar som var innskrivne i heilagandeordenen. Også *DN XVII*, utgjeve 1913, viser til den danske boka. Truleg har ingen norske forskarar tidlegare sett kjelda, og Lindbæk og Stemann drøftar ikkje den norske innskrivinga særskilt. Dei konsentrerer seg om dei mange danske som var skrivne inn samstundes – med det dei meiner er same handa.<sup>919</sup> Dei drøftar mogelegheita for at desse personane var i Roma eller ikkje, dei finn til dømes ingen av dei att i heimlege dokument frå same perioden, og konkluderer såleis med at alle må ha vore i Santo Spirito og skrive seg inn sjølve. Henry Bruun har gått mot dette synet i si avhandling om den danske erkebispem Birger Gunnensen. Han seier at tvert om, det er umogleg at så mange i den danske høgadelen var ute av landet samstundes.<sup>920</sup> Basert delvis på dette har difor også utgjevarane av *Norges gamle Love, Annen rekke*, kome til at Sakse og familien ikkje kan ha vore i Roma i desember 1500, og dei tek det for gjeve at denne og tidlegare innskrivingar av nordmenn vart gjort av omreisande kollektorar som kom nordover.<sup>921</sup> Dei stør seg òg på opplysningane i novemberbrev, der Sakse argumenterer med at det er for langt å reise til Lübeck.

Om den danske adelen kollektivt var i Roma i 1500 skal ikkje drøftast her. *Liber fraternitatis* er ikkje ordna kronologisk, men innføringar frå ulike år kjem litt her, litt der. Bruun argumenterer med at det kan ha vore ein utsending frå ordenen eller ein av ordensmedlemene som samla inn nye medlemmer i Danmark – og at desse deretter vart skrivne inn i *Liber fraternitatis*.<sup>922</sup> Men kva skulle Sakse og familien hans hatt med dette å gjera? Det er langt også frå Danmark til Nidaros. Og jamført dei andre innskrivingane i sjølve brorskapsboka og i brorskapet går det som oftast fram *kven det er* som skriv inn eit nytt medlem. Difor finn eg det meir sannsynleg at når det ikkje står eit innskrivarnamn eller namn på ein kollektor, som til dømes Nicolaus de Arcia i diploma *DN IV-1005* og *XXI-588*, så har dei nye medlemene av ordenen vore til stades i Roma sjølve.

Men viss Sakse var i Roma i desember, kvifor argumenterte han tidlegare på året – i dei breva som paven svara på i november – at det var så langt til Lübeck? 60 dagsmarsjar mellom

---

<sup>918</sup> Lindbæk, J. & G. Stemann: *De Danske Helligaandsklostre*. København 1906.

<sup>919</sup> Lindbæk & Stemann 1906, nr. 154, 15) i “Diplomatarium”: 56–57.

<sup>920</sup> Bruun 1959: 61–62.

<sup>921</sup> *NgL 2r., 3 bd., 2 bd.: Kirkens lovgivning*. Grethe A. Blom og Ferdinand L. Næshagen. Oslo: 1976: 442–443. Og *NgL 2r., 3 bd.*: 371; *DN IV-1005*, 1489; *XXI-588*, 1480 (men desse andre innskrivingane er ikkje i sjølve brorskapsboka, men på eigne standardbrev, utskrivne av Nicolaus de Arcia).

<sup>922</sup> Bruun 1959: 61–62.

Nidaros og Lübeck høyrest ut som vel mykje, også i 1500, så kanskje har Sakse med vilje overdrive for å sleppe å reise til Lübeck? Sakse kan ha argumentert slik av strategiske årsaker; han *ville* ha saka behandla i Roma, av di han av ulike grunnar – mellom anna sitt eige oppmøte – trudde på større sjanse for eit positivt utfall der. Det at det går ein måned mellom handsaminga av søknad nummer ein; om å på nytt få stadfest retten sin til dekanatet med alle tilliggjande herlegheiter, og søknad nummer to; det spesifikke at Trondenes måtte løysast frå erkebispens bord, kan òg tyde på at saka utvikla seg i løpet av (delar av) den tida Sakse var i Roma.

Nærare noko svar på dette kjem me ikkje, men nokon frå Nidaros må i alle fall ha vore i Roma hausten 1500, dét talar også andre kjelder for. I pønitiariat-arkivet finn me også dokument frå Nidaros-provinsen som i tid fell saman med dei diploma me har sett på til no.<sup>923</sup> 14. november 1500 får lagmannen Jakob Nikolasson i Steigen positivt svar på dispensasjonssøknaden om allereie inngått ekteskap med si fjerdeleddsbeslekta kone Ingjerd Amundsdotter, og 16. desember får lekmann Simon Aimarsson og kona Helga innvilgd eit særskilt eviggyldig skriftebrev.<sup>924</sup> Som Salonen og Schmutge har vist; måten supplikane kom fram til paven på var ofte i samsending med andre brev frå bispen i supplikantens bispedøme, sidan det var bispen som avgjorde om brotsverket var så alvorleg at det måtte til paven for avgjerd.<sup>925</sup> Med andre ord – den eller dei som tok med breva om dekanatet og Trondenes, hadde òg med desse supplikane til pønitiariatet.<sup>926</sup>

Eg meiner det er overtydande argument for at Sakse var i Roma. Og Arne var med på reisa. Korvidt familien var med, og då særleg mora, er det vanskelegare å føre sterke prov for, men i eit jubelår vore ikkje det utenkjeleg. På bakgrunn av Ludvig Daae sine synspunkt på Olav Engelbrektssons opphav, har Trygve Lysaker sett fram ein forførande teori om kvifor

---

<sup>923</sup> Pønitiariat-arkivet i Vatikanet er gradvis vorte tilgjengeleg for forskarar sidan 1983. Dette er eit register over supplikkar sende frå heile kyrkjeverda til botskontoret til storpønitiariaren hjå paven (sjå kap. 2.2); søknader om absolusjon frå store synder og dispensasjon frå uopprettelege feil. Det vil seia – arkivet er eit register over kopiar av svara som paven, eller pønitiariaren i hans stad, sende til alle dei førespurnadene som kom inn til pavestolen.

<sup>924</sup> Jørgensen & Saletnich 2004: 67, nummer 27 og 28, 1500. Jørgensen har feiltolka “Stich” som Stiklestad.

<sup>925</sup> Salonen & Schmutge 2009: 69–70.

<sup>926</sup> På same vis finn me også at Sakse Gunnarsson, då som kannik, erkediakon Ulf og kannik Asgaut hadde fått særskilt skriftebrev i 1488, same vøren som erkebisp Gaute først vart innskriven hjå Heilagandeordenen, og at ein nidarosprest, Martin frå Finland, blir dispensert og absolvert for voldsutøving mot ein annan prest 3. februar 1493, same dagen som Sakse og Gaute saman vart innskrivne hjå Heilagandeordenen i 1493. (Jørgensen & Saletnich 2004: 62, nummer 21 (1488) og 22 (1493); *DN* XVII-1137, 1488 og XVII-1148, 1493.) Det er også etter måten mange saker frå Nidaros til handsaming i pønitiariatet i november og desember 1474 – då me veit erkebisp Olav Trondsson med følge var til Roma. (Jørgensen & Saletnich 2004: 57–58, nummer 9–14.)



gunnarsønene var spesielt interesserte i å få jubelårsavlat: Han argumenterer for at Engelbrekt og Aslak var av storbondeætt på Romerike og var med i bondeopprøra som til slutt drap futen Lasse Skjold i 1497, der ein Engelbrekt Gunnarson var utpeikt som mordaren.<sup>927</sup> Alle opprørsbøndene fekk kollektiv straff,<sup>928</sup> men Engelbrekt står ikkje på listene over dei som betalte bøter etter drapet – og kanskje fann brørne ut at Austlandet ikkje var ein blivande stad, tok med familiane og for nordover til broren Saksess prestegjeld.

I alle fall – maktkampen ved domkapitlet i Nidaros vann Sakse, om han var i Roma eller ikkje. Og det ser ut til at han gjorde det med paven og erkebispem på laget. Først ved å nøytralisere Philip Ingemarsson, deretter ved å skriftleg sikre at Trondenes skulle følge dekanombodet. Denne kampen om retten til Trondenes kannikgjeld gjekk først og fremst føre seg i det kyrkjeadministrative feltet, men det er heilt klart at Sakse Gunnarsson også mobiliserte den sosiale – for ikkje å seia familiære kapitalen sin i det regionale feltet. Ved å skrive inn heile familien i brorskapsboka til den prestisjefylte Heilagandeordenen skapte han eit samband mellom Sør-Troms og Roma som også må ha påverka stillinga hans i Nidaros. Og i Trondenes. For Sakse og særleg for den leke familien må tilknytninga til Heilagandeordenen og den eventuelle turen til Roma fungert som ein slags offentleg demonstrasjon av fromheit som styrkte deira sosiale status. Dei veksla sine økonomiske rikdomar inn i kulturell og sosial kapital.

Kanskje dei til og med kjøpte og donerte eitt av altarskåpa i trondeneskyrkja? Både Birgitta-skåpet og Maria-skåpet er daterte til rundt 1500.<sup>929</sup> Det ikonografiske programmet i altarskåpa i trondeneskyrkja står oppunder denne kombinasjonen av borgarskap og sjøfarande handelsinteresser – som gunnarsønene representerte. I tillegg til St. Nikolaus, som kyrkja var

---

<sup>927</sup> Daae 1907; Lysaker 1961; *DN* II-996, 1497. Lysaker fører også fleire moment til torgs i argumentasjonen – mellom anna med namnelikskap med fleire andre involverte – det vil seia fornærma – i forkant av drapet. Me veit ikkje sikkert om opphavet til erkebisp Olav Engelbrektsson, men dei fleste forskarane set i dag sin lit til teorien om at han var frå Trondenes. (Hamre 1998: 254.) Eg også. Lysaker har ytterlegare ein argumentasjon: Jacob Ziegler, den tyske geografen som utgav verket *Schondia* i 1532, hadde mykje kontakt med skandinavane Erik Valkendorf og Olav Engebretsson då han oppheldt seg i Roma på byrjinga av 1520-talet. Særleg Olav lærte han mykje av; “jeg traff ham ofte” og “fikk av ham vite så meget som man kan lære av en person”. (Lysaker 1961: 9.) Når Ziegler då seinare gjev ut *Schondia*, og der gjev ei geografisk skildring av dei skandinaviske landa, er det ingen stad denne skildringa er meir detaljert enn over Trøndelag og Nord-Noreg – særleg “svulmer beskrivelsen av Senjen uforholdsmessig stort opp” og dei einaste herredsnamna på Austlandet som blir nemnde er Nes, Ullensaker og Eidsvoll, “altså nettopp åstedet for opprøret i 1497!” skriv Lysaker (1961: 10). Tilferdligi? Neppe, meiner Lysaker. (Innleiinga til *Schondia* er også ei klage over kor dårleg det står til i Noreg, og kor dårleg danskane har handsama Noreg – særleg då Christian II, noko som av fleire er lese som uttrykk for nettopp Olav Engelbrektsson sine synspunkt – og som altså stadfester at Olav er Zieglers viktigaste heimelsmann om Noreg (Lysaker 1961: 10; Hamre 1998: 257; Opsahl in print: 80).)

<sup>928</sup> *DN* XII-162–164, 1499–1500; Hamre 1971: 134–140.

<sup>929</sup> Bergesen 2011(b): 68, 77.

vigd til og som var ein av dei dominerande maritime helgenane i Europa, dreier dei mest sentrale motiva i trondeneskunsten seg rundt St. Anna og den heilage slekta. St. Anna var skipsfartens beskyttar, og generelt blir ho knytt til det framveksande borgarskapet og rikdomen der.<sup>930</sup> Den heilage slekta var eit “idealspeilbilde” for handelsborgarskapet “ved at den rettferdiggjorde den borgerlige familiestruktur”, seier Bergesen, og meiner at sjølv om Trondenes slett ikkje var ein by, var kyrkja gjennom fisket og kannikgjeldordninga så sterkt knytt til byar at borgarskapets familie- og kvinneideal ikkje var langt unna.<sup>931</sup> Også skipsinnrissingane på veggen bak høgaltarskåpet høyrer med i denne ikonografiske tematikken – og Bergesen med fleire tolkar desse som mogelege votivgåver.<sup>932</sup>

### 8.3 Sekelskiftet

Gunnarsønene og etterkomarane var tydelegvis av dei fremste representantane for den geistlege og verdslige lokale eliten i Sør-Troms og på Andøya rundt 1500. Men dei var ikkje åleine om å hauste ressursar og vera framståande kapitalforvaltarar. Mykje av årsaka til begge dei førnemnde kampane i trondenesfeltet i dette kapitlet må vera at tiåra før og rundt sekelskiftet er eit slags klimaks i den veksten som desse fiskerike områda opplevde i seinmellomalderen. Det syner seg på ulike område i samfunnet – mellom anna i netto innflytting, i store skatteinnbetalingar og i rik kyrkjeutsmykking. Og det er no me i kjeldene byrjar sjå konturane av dei nettverka som blir bygde opp i regionen – mellom turrfiskhandlarar, jekteskipperar, jordeigarar og dei mange ulike sveinar og prestar i teneste for dekanen og erkebispem.

Lat oss difor ta ein avstikkar til Andenes. Det er utanfor Trondenes kannikgjeld, men høyrer til i dei flytande grenseområda rundt *feltet* Trondenes, og særleg då det *regionale feltet*. Aslak, bror til Sakse og Engelbrekt, er altså busett på Andenes – saman med kona si Gertrud, og kanskje hadde også Aslak hatt sine grunnar til å reise til Roma for å ordne saker ved kurien. Andenes var ved sekelskiftet eit blømande fiskever og eit eige len, som sidan 1453 hadde liggje til Munkeliv kloster i Bergen og vart der fram til 1536. *Prestegjeldet* Andenes finn me som kannikgjeld i 1506 – og i 1535 og 1540, då tillagt kantoren i domkapitlet.<sup>933</sup> Men tienda til Andenes hadde ikkje kannikgjeldinnehavaren full kontroll med – halvparten av denne var

---

<sup>930</sup> Bergesen 2011(b): 221.

<sup>931</sup> Bergesen 2011(b): 224, 228–229.

<sup>932</sup> Bergesen 2011(b): 230–231.

<sup>933</sup> DN XVII-794, 1506; XI-628, 1535; XII-597, 1540. Andenes var ikkje kannikgjeld i 1616. (Bang 1897: 344.)

sidan erkebisp Olav Trondsson tillagt Elgeseter kloster, men dokumenta som prova denne tildelinga var komne bort.<sup>934</sup> I 1495 møter me saka igjen ved kurien.<sup>935</sup> Pave Aleksander VI erklærer, etter ein supplikk frå prioren i Elgeseter, at klosteret skal ha rett på den halve tienda som erkebisp *Gaute*, *ikkje Olav* skal ha gjeve i gåve. Men tre år seinare er saka enno ikkje løyst – og då ser det ut til at det er erkebisp Gaute som *ikkje* er viljug til å overlevere dokumentasjonen som provar klosterrettane. Paven trugar Gaute med bann og støttar altså prioren.<sup>936</sup> Dette er ikkje heilt lett å bli klok på, men det er openbert nok ei sak som syner indre strid i erkebispedømet Nidaros rundt år 1500. Prioren må ha vunne fram, for enno i 1549 er tiendparten frå Andenes som Elgeseter hadde rett på skilt ut – då som inntekt til kongen, sjølvsgat, sidan han hadde overteke klostergodset.<sup>937</sup> Men kanskje Aslak, frå den lokale eliten på Andenes, på eitt eller anna vis prøvde å påverke denne saka, og difor følgde med broren Sakse til Roma i jubelåret 1500.

I innskrivinga i *Liber fraternitatis* er ikkje patronymikona til gunnarsønene sine koner tekne med. Men ved nærlesing av den slektstavla<sup>938</sup> (figur 15) frå første havdelen av 1500-talet som har gjeve meir kunnskap om Ivar Trondsson, erkebisp Olav og dekan Trond Ivarsson i Aspaætta (som me såg tidlegare i dette kapitlet), er det mogeleg å setja fram følgjande teori: Gertrud til Aslak Gunnarsson er dotter til Jens Olsson, som er barnebarn til Jon lagmann, som er søskenbarn til Ivar Trondsson.<sup>939</sup> Dêr tyder vidare at den meister Anders Aslaksson, som finst i denne slektstavla og som Grønli identifiserer med den Anders som er utdanna i Rostock og Köln på 1520-talet, kannik i Trondheim på 1530-talet og sokneprest til kannikgjeldet Lofoten i 1540<sup>940</sup>, må vera sonen til Aslak Gunnarsson og Gertrud Jensdotter på Andenes. Då blir Sakse Gunnarsson onkelen hans, noko som kastar lys over kvifor Anders fekk ein bibel – faktisk ein av dei som har vore på Trondenes<sup>941</sup> – av “Magistro saxone” i 1520.<sup>942</sup>

---

<sup>934</sup> *NgL*, 2 r., 3 bd., bd. 2: 435/*DN* XVII-770, 1498.

<sup>935</sup> *NgL*, 2 r., 3bd., bd. 2: 423/*DN* XVII-766, 1495. Det er litt uklart kva del av tienda bispen hadde lova bort, men samanhalde med Steinvikholm-rekneskapa frå 1549 (*NLR* 6: 169), kan det sjå ut som om det var halve kyrkjjetienda – evt saman med bispetienda. Sjå elles drøftingane i kapittel 4.1 om Sortland kyrkje.

<sup>936</sup> *NgL*, 2 r., 3 bd., bd. 2: 435/*DN* XVII-770, 1498. Utgjevarane av *NgL* er ikkje på line med utgjevarane av *DN* XVII – som meiner det er den skurkaktige Marcellus som i si tid konfiskerte breva som prova klosterrettane (som i så fall Elgeseter måtte ha fått allereie på Aslak Bolt si tid), og at dei sidan har vore borte (dvs konfiskerte av erkebisp) – og no på 1490-talet må altså prioren, med pavens hjelp, gå fleire rundar med Gaute for å få att tiendrettane sine.

<sup>937</sup> *NLR* 6: 169.

<sup>938</sup> GKS 2824 kvart; Grønli 1952: 211.


<sup>939</sup> Grønli 1952: 239.

<sup>940</sup> Grønli 1952: 237–238; *DN* XI-628, 1535; XII-597, 1540.


<sup>941</sup> Bergesen 2011(b): 105.

<sup>942</sup> Grønli 1954: 346–347.

Figur 15: Ei slektstavle etter Aslak Jonsson og fru Guro<sup>943</sup>



Figur 16: Slekten til Gertrud Jensdotter og Aslak Gunnarsson




For at Gertrud Jensdotter i slektstavla skal vera kona til Aslak Gunnarsson, føreset det ei tolking av nokre overstrykingar og uforståeleg ord i kjelda som den elles kunnige og iderike utgjevaren Oddvar Grønli ikkje har gjeve seg ut på. I hans attgjeving kjenner me ikkje namnet på mor til Gertrud, men tanta hennar heiter Marita. Denne Marita er vidare mor til ein ukjent, som igjen er mor eller far til Anders Aslaksson. Eg trur derimot at Marita ikkje er tanta, men


<sup>943</sup> GKS 2824 kvart.

mor til Gertrud – og då må følgjeleg Gertrud vera gift med ein Aslak, sidan sonen er Anders Aslaksson. Og då er tanken på at dette kan vera ekteparet Aslak og Gertrud frå Andenes svimlande nær – med alle dei relasjonane som elles passar inn i dette biletet. Og grunnen til at eg trur Marita er mor til Gertrud, er Grønli inne på sjølv:<sup>944</sup> Mellom sirklane “Jens olsson” og “gertrudt ienssdotter” står det to ord som ikkje er lette å lesa, sidan det går ein strek mellom dei.

Figur 17: Utsnitt av slektstavla etter Aslak Jonsson og fru Guro



Figur 18: Jens Olsson og Marita – søsken eller ektepar? (Oddvar Grønli si til venstre og mi tolking til høgre)



Grønli antydar “marie” og “maritus” – noko som kanskje kunne tyde på at Jens var gift med ei Maria, men han tykkjer sjølv dette er rart, og ulikt slik inngifta kvinner i ætta elles blir framstilte i tavla. Men – min teori er altså at dei uleselege orda vil ha fram at Jens var gift med Marita – som i utgangspunktet var ført opp på andre sida som eit søsken til Jens. Altså – anten var det Jens eller så var det Marita som hørde til slekta, men dei var ektepar, ikkje søsken –

<sup>944</sup> Grønli 1952: 225.

og såleis foreldre til Gertrud. Grønli refererer også at Ludvig Daae har “gissa på at Olav Engelbrektsson kann ha høyrte til Aspe-ætta, han òg”.<sup>945</sup> Men Daae har berre hatt ein intuisjon – basert på namnelikskap og ei generell “Kjendsgjerning, at i det catholske Hierarchis Historie ligefra Paverne selv og nedad jevnlig findes Exempler paa, at de høie kirkelige Stillinger paa en Maade ere gaaede i Arv i Sidelinjer.”<sup>946</sup> Og sikkert er det i alle fall, som Grønli understrekar, at ættetavla saman med andre kjelder ber “vitne um at den siste erkebiskopen i Nidaros hadde mange av etterkomarane til Aslak Jonsson [ættefaren i slektstavla] i si teneste.”<sup>947</sup>

For her er meir: Om Gertrud Jensdotter var Aslak Gunnarsson si kone, betyr det også at femmenningen hennar, kanniken Torbjørn Olavsson Bratt, også hadde eit inngifta slektskapstilhøve til den siste erkebispem, Olav (sjå figur 16). Torbjørn og broren Jens var i erkebispens næraste krets av prelatar og politiske medarbeidarar fram mot reformasjonsutbrotet – og Torbjørn vart seinare den første lutherske superintendenten.<sup>948</sup> Til liks med Anders voks dei opp på Andenes, og far deira var den rike jekteskipperen Olav Torbjørnsson, som i 1522 betalte 23 lodd sølv i restanseskatt “fore syne barn”.<sup>949</sup> Han var gift med Marin, niesa til tidlegare dekan Trond Ivarsson.<sup>950</sup> Det tyder også at Sakse Gunnarsson, gjennom broren Aslak, hadde eit inngifta slektskapstilhøve til forgjengaren sin i dekanstolen, Trond.

Eit siste samband det er verd å merke seg, er at Gertrud var søskenbarn til Olav Sigurdsson Teiste (sjå figur 18), erkediakon hjå Olav Engelbrektsson då stormen braut laus i 1536/37.<sup>951</sup> Det var han erkebispem sende nordover, også til Trondenes, for å ta med seg så mykje av dei kyrkjelege verdiane som råd då han måtte røme landet våren 1537. Men den historia kjem i kapittel 10.

Langs kva for liner konfliktane har gått i Nidaros i dei siste tiåra før sekelskiftet er ikkje lett å finne eintydig svar på – det har bølga att og fram, og det er uro i erkesetet som påverkar trondenesfeltet. For fyrste gong sidan Svein Eriksson tok over kannikgjeldet i 1430 har det

---

<sup>945</sup> Grønli 1952: 244.

<sup>946</sup> Daae 1907: 286.

<sup>947</sup> Grønli 1952: 244.

<sup>948</sup> Hamre 1998: 558.

<sup>949</sup> *NRJ* 1: 377; 5: 9.

<sup>950</sup> Grønli 1952: 234–235, 239.

<sup>951</sup> Grønli 1952: 239

tydeleg kome fram kryssande interesser og strid mellom dekanen og erkebisen. I kampen om finnmarkskapella vann erkebisen, og også på 1490-talet er det tydeleg usemje i og mellom domkapitlet og erkebisen – sjølv om erkebisen stør Sakse i kampen med Philip Ingemarsson og legg til, om det skulle ha vore tvil, at Trondenes skal vera eit kannikgjeld og ikkje eit erkebispegjeld i framtida.<sup>952</sup> Ved å byggje seg opp med fleire prebende – ved hjelp av kontaktane sine i Roma – brukte Ingemarsson sin sosiale og religiøse kapital til å utfordre Sakse sin posisjon i det kyrkjeadministrative feltet. Hadde han vunne maktkampen ville desse kapitalkonverteringane gjeve han auka økonomisk kapital – i form av dekanatet og Trondenes-kallet. Det greidde han ikkje – for Sakse gjorde ei omvendt kapitalkonvertering; som Ingemarsson mobiliserte han *sin* sosiale kapital, men i tillegg veksla han økonomisk kapital inn i religiøs kapital ved å skrive seg og familien inn i Heilagandeordenen – noko som gav han støtte både frå paven og erkebisen. Dette er eit døme på at ikkje-materiell religiøs kapital og sosial kapital sume gonger glir i einannan. Sakse og Ingermasson spela det same spelet – med like type kort – men Sakse mobiliserte også i det regionale feltet, vann spelet og styrkte med det posisjonen sin i *heile* feltet, også overfor den sterke erkebisen, ved at han fekk brev på at Trondenes også i framtida skulle liggje til dekanatet.

Om Lysaker sin teori om kvifor gunnarsønene reiste nordover stemmer, var Sakse si familiære og sosiale tilknytning til Trondenes relativt ny på høgdene av dekanatet hans. Men familien sette raskt sitt preg på området og viser seg å bli av dei største ressursleverandørane inn til erkesetet i dei siste 50 åra før reformasjonen – i form av økonomisk kapital gjennom tiendyting og handelssamband, og ikkje minst gjennom human kapital, i form av karar som slo inn på ein geistleg løpebane og gjorde karriere oppover i kyrkjehierarkiet. Og den fremste av desse var Olav Engelbrektsson.

---

<sup>952</sup> DN XVII-787, 1500.

## Kapittel 9: 1506–1537: Nasjonal styrke bygd på regionale ressursar

22. april 1506 er Sakse Gunnarson framleis dekan (“Mester Saxe Dicken”) og sokneprest til Trondenes, men i løpet av sommaren trekkjer han seg attende, og 3. november blir kanniken Peter Jonsson Stut providert til dekan av pave Julius II.<sup>953</sup> Han har til dess vore sokneprest til Andenes, og får av paven behalde dette kannikgjeldet i seks månader etter utnemninga. I desse åra er han som skal bli Peters etterfølgjar som dekan, Olav Engelbrektsson, ved Universitetet i Rostock (innskriven 1503, magister 1507) – same staden som Peter vart innskriven i 1500 og der Sakse også hadde vore student.

Universitetet i Rostock vart den fremste utdanningsinstitusjonen for norske geistlege utover i seinmellomalderen – mykje grunna det institusjonaliserte norske miljøet i studentheimen *Regentia St. Olavi*, eller St. Olavs hus. Universitetet vart oppretta i 1419, men når det norske herberget vart stifta, er ukjent. I følgje Ludvig Daae var det domkapitlet i Nidaros åleine eller alle dei norske domkapitla samla som finansierte huset.<sup>954</sup> Kva slags diskusjonar gjekk det føre seg der? Hadde dei unge teologane frå nord ei forståing av og oppfatningar om den fleiretniske og mykje godt ikkje-kristne befolkninga i heimetraktene sine? Samane var sjølvstende i kontakt med både kristendom og kyrkje i mellomalderen. Fleire kjelder vitnar om freistnad både på misjonstilbod og misjonspåbod – og det er døme på samar som hadde teke kristendomen til seg. I alle fall delvis.<sup>955</sup> Men det er grunn til å rekne med at den store delen av den samiske befolkninga levde på sida av og utanfor det kyrkjelege fellesskapet, og at misjonsmarkene i nord difor var store.

Når etterkvart soknepresten til Trondenes og erkebisen tek inn over seg dette, er det likevel ein annan kamp – kampen om den *rette* trua – som blir den største utfordringa for dei geistlege i trondenesfeltet, i nidarosfeltet og i heile den katolske kyrkja. Kampen den katolske kyrkja fører for den rette trua blir også sterkt knytt til kampen for norsk sjølvstende.

Erkebispedømet blir på mange måtar Olav Engelbrektssons personlege stat i staten, når han kjempar som både den geistlege og den verdslege sisteskansen i det katolske Noreg. Og dette vedkjem kannikgjelda i nord direkte, som etter sekelskiftet hadde vorte av dei største

---

<sup>953</sup> DN XXI-697 og XVII-794, 1506.

<sup>954</sup> Daae 1897: 142; Daae 1885: 33. Christian Lange meiner det var *alle* norske domkapitla som stod bak det (Lange 1852: 72). Korkje Daae eller Lange gjer det klart om dei viser til andre kjelder enn erkebisp Aslak Bolts provinsialkonsil frå 1436, der han tek opp att den gamle føresegna at kvart bispedøme skulle til eikvar tid koste ein eller to utanlandsstuderande klerkar. Måten Aslak ville finansiere dette på var å bruke halvparten av bondeluten av tienda. (*NgL* 2 r., 1 bd.: 555; DN V-660, 1436.)

<sup>955</sup> Berg, Storm og Bergesen 2011: 153–155; Hansen 2010(b): 212; Hansen og Olsen 2004: 321–324.



leverandørane av ressursar, både i form av økonomisk og human kapital, inn til erkebispesetet. No stig den lokale eliten i trondenesfeltet for alvor fram frå kjeldene. Den lokale eliten, som også blir del av den nasjonale eliten.

## 9.1 Kampen mot heidningane

Då Sakse Gunnarson kjempa for å få attende Trondenes-gjeldet i 1499–1500, argumenterte han, som me såg, for at prestegjeldet trengde ein lærd og vis mann, som han sjølv, sidan det låg på grensa mot skismatiske russarar og vantru samar som stadig påførde dei kristne stor skade.<sup>956</sup> Samkvemet – og konfliktane – med russarane strekte seg fleire hundre år attende.

Utfordringane frå russisk og karelsk side låg primært på det “voldeleg-verdslege”. Korkje skatteinnkrevjing eller herjings- og plyndringstokter vart etterfølgde av russisk-ortodokse misjonærar, og sjølv om grenseområda i nord hadde ein slags fleirstatleg status når det kom til skatteinnkrevjing, har me ingen spor etter forsøk på ortodoks religiøs ekspansjon overfor den norske befolkninga, sjølv om åtaka også gjekk på kyrkjelege installasjonar.<sup>957</sup> Under den førnemnde striden om kven som skulle vera erkebisp på 1450-talet, klagar Christian I i 1456 si naud til kong Alfons V og fortel om hyppige krigar i Noreg med “Tartaris, Cumanitis, Erpionibus, Manbris, et Lapis” – pluss svenskekongen, og at han er redd for at nordmennene skulle gå over til russarane si tru.<sup>958</sup> Krigsuroa var nok framleis reell i 1456, det siste herjingstoktet frå aust kjeldene fortel om er i 1444,<sup>959</sup> men uroa over eit eventuelt kollektivt trusskifte, finn me ingen andre kjelder som deler. Det interessante med dette brevet er også, som Håvard Dahl Bratrein har poengtert, at kongen på ingen måte kjenner noko ansvar for denne situasjonen han skildrar i nord.<sup>960</sup> Bratrein har også lansert ein teori om at kyststripa av Finnmark var okkupert av russarane mellom 1478 og 1495,<sup>961</sup> og i så fall ville krigsuroa vore nær Sakse også – sjølv om han på ingen måte gjev uttrykk for at det var ein nyleg avslutta eller pågåande konflikt i argumentasjonen sin overfor paven.<sup>962</sup> Så i kva grad Sakse framleis i

---

<sup>956</sup> DN XVII-787, 1500.

<sup>957</sup> Hansen og Olsen 2004: 166–167, Hansen 2010(b): 220–225. Heller ikkje det norske eller det samiske namnematerialet i Finnmark syner spor etter ortodoks påverknad på 1300- og 1400-talet. (Opplysning frå Lars Ivar Hansen, 15.8.2012)

<sup>958</sup> DN XVII-1047, 1456.

<sup>959</sup> Akiander 1849: 149; Nansen 1911: 142; Hansen 2010(b): 222.

<sup>960</sup> Bratrein, upublisert manus: 43.

<sup>961</sup> Bratrein 2004(b); Andreassen & Bratrein 2011(a): 326; Hansen 2010(b): 223; DN XVIII-138, 1498.

<sup>962</sup> Hansen (2010(b): 223–224) trur heller det dreier seg om ei skildring av den måten russiske fiskarar, fangstmenn og jegerar lenge hadde brukt landområde i Finnmark, altså russisk/karelsk *nærvær*, ikkje okkupasjon.

si tid opplevde den austlege trusselen reell mot Trondenes, eller om han mobiliserte historiske motsetnader i argumentasjonen overfor paven, er ikkje godt å seia. Og sjølv om det fysisk ikkje lenger var trefningar i nord rundt 1500, er vel likevel argumentasjonen til Sakse eit uttrykk for *uroa* og dei uavklarte grensene i eit grenseområde.

Den samiske utfordringa i trondenesfeltet må ha vore større – på mange plan. Som synt i kapittel 2 budde samar overalt i Trondenes kannikgjeld – hovudsakleg inne i fjordane og på innlandet, men også ute ved kysten, gjerne side om side med norske busetjingar. Det er vanskeleg å seia i kor stor grad dei var i kontakt med kyrkjelege institusjonar, og dei betalte truleg ikkje tiend før etter reformasjonen. Men dei var ikkje framande for kristendomen og kyrkja, og det finst spreidde kjelder som fortel om kristningsframstøyt overfor samane.<sup>963</sup> Utover i seinmellomalderen er det mykje som tyder på ein viss regional variasjon i korleis dei samiske gruppene forholdt seg til kristendomen, der den sjøsamiske befolkninga, som den i Trondenes, oftare vart eksponert for og hadde fleire møtepunkt med kyrkja, enn innlandssamane. Den anonyme forfattaren av skriftet ”Om Findmarcken”, frå seint 1500-tal, meiner så godt som alle sjøsamar er kristne, ”de erre well meste parten christnedt”, men dei veit lite ”huor dett er gott forre” og så fort dei kjem på fjellet dyrkar dei også andre gudar.<sup>964</sup> Håkan Rydving har også synt korleis samane kunne operere med ein dobbel religiøs praksis, der dei kristne og dei samiske rituala kunne leva side om side, og der samane hadde egne ritual for å krysse religiøse grenser. Dei kunne be til sine egne gudar på veg til og frå kyrkje, for *løyve til* og *tilgjeving for* kyrkjeferda, men deltok i nattverda på vanleg vis medan dei var i kyrkja.<sup>965</sup>

Det er likevel grunn til å meine at stordelen av den samiske befolkninga ikkje var kristna før reformasjonen, og misjonsinnsatsen frå den katolske kyrkja var heller ikkje stor eller intens. Men den auka interessa dei ulike sentral- og statsmaktene viste for å få politisk kontroll over samiske område påverka sjølv sagt tilhøvet mellom folkegruppene – som blir både meir ”anstrengt og asymmetrisk” i høve til tidlegare i mellomalderen.<sup>966</sup> Likevel er det ingen andre

---

<sup>963</sup> Berg, Storm og Bergesen 2011: 154.

<sup>964</sup> Storm 1895: 232–233.

<sup>965</sup> Rydving 1993: 135; Hansen og Olsen 2004: 323. Rydving arbeider rett nok med 16- og 1700-talsmateriale, men det er gode grunnar for at dette skulle kunne vera gjeldande praksis i fleire hundre år tidlegare. Men ein må også ha in mente at det er rom for stor regional variasjon innanfor det samiske området. (Hansen og Olsen 2004: 316.)

<sup>966</sup> Hansen og Olsen 2004: 150.

kjelder som direkte stør opp under Sakse Gunnarson si uttale om at samane “påførde dei kristne stor skade”.<sup>967</sup>

Men samane utfordra utan tvil *grensene* i trondenesfeltet. Dei budde både innanfor og utanfor Trondenes kannikgjeld, og om dei ikkje var fullgodt kristna, så vore det ikkje rart om kyrkja – både kollegiatet på Trondenes og domkapitlet i Nidaros – tenkte dei burde ha vore det. Men kva gjorde dei geistlege med denne utfordringa? Om dei var tydelege på *at* dei verka i grenseland for den kristne verda, som Sakse argumenterer med overfor paven, veit me lite om kva dei gjorde for å *endre* desse grensene.

I alle fall i frå skriftlege kjelder. I si drøfting av altarskåpa i trondeneskyrkja har kunstvitar Rognald Bergesen argumentert for spor av krosstogsretorikk og samemisjon i motivbruken på det såkalla Birgitta-skåpet.<sup>968</sup> Dette skåpet er produsert i Lübeck om lag år 1500 og har i hovuddelen ei Anna sjølvtrede-skulpturgruppe, flankert av St. Birgitta og St. Katarina, og utsida av skåpet, når det er lukka, er pryda av måleri av den heilage slekta – alt dette var vanleg i birgittinske biletpogram. Birgittinarane hadde eit engasjement for samemisjon, mellom anna knytt til historia om samekvinna Margareta, som fekk eit kall for å misjonere mellom sine egne og i 1389, saman med dronning Margrete og bispen i Lund, skreiv eit brev til det samiske folket der ho ber dei vende seg bort frå heidendomen og ta kristentraua.<sup>969</sup> Abbed Stein i Munkeliv kloster i Bergen var ein av fleire som engasjerte seg, då han i ei vitjing til Sverige i 1414 oppmoda erkebisen i Uppsala om å støtte Margareta.<sup>970</sup> Munkeliv vart birgittinarkloster i 1420-åra, mellom anna med hjelp av Aslak Bolt, som då var bisp i Bergen og også var oppteken av Birgitta. Då han for frå Bergen for å bli erkebisp i Nidaros, hadde han med seg eit eksemplar av Birgittas openberringar.<sup>971</sup>

Også i Nidaros hadde dei med andre ord vore opptekne av Birgitta, og den sterke birgittaikonografien i dekanen si soknekyrkje på Trondenes kan vera eit uttrykk for at

---

<sup>967</sup> Opsahl 2006: 218.

<sup>968</sup> Bergesen 2011(a).

<sup>969</sup> Margareta, <http://www.nad.riksarkivet.se/sbl/Presentation.aspx?id=9098>, Svenskt biografiskt lexikon (art av Jan Liedgren), sist sett 04.10.2013; *Svenskt Diplomatariums huvudkartotek över medeltidsbrev*, nr 13522, [http://www.nad.riksarkivet.se/SDHK?EndastDigitaliserat=false&DatumFran=1389&Innehall=margareta&BrevExt=true&Extratext=true&Sigill=true&Original=true&MedeltidaAvskrifter=true&MedeltidaRegest=true&Brocman=true&Hadorph=true&Peringskiold=true&Ornhjelm=true&OvrMedeltidaAvskrifter=true&OvrMedeltidaRegest=true&AvanceradSok=False&page=5&postid=Dipl\\_13522&tab=post](http://www.nad.riksarkivet.se/SDHK?EndastDigitaliserat=false&DatumFran=1389&Innehall=margareta&BrevExt=true&Extratext=true&Sigill=true&Original=true&MedeltidaAvskrifter=true&MedeltidaRegest=true&Brocman=true&Hadorph=true&Peringskiold=true&Ornhjelm=true&OvrMedeltidaAvskrifter=true&OvrMedeltidaRegest=true&AvanceradSok=False&page=5&postid=Dipl_13522&tab=post), sist sett 04.10.2013.

<sup>970</sup> DN IV-794, [1414].

<sup>971</sup> DN V-586, 1429; Joys 1955: 414; Daae 1897: 146.

birgittainteressa heldt seg også etter Aslak Bolt. Men det kan også vera eit konkret uttrykk for ynske om ein sterkare misjonsinnsats overfor samane i Sør-Troms. Det er ikkje sikkert birgittinarane hadde noko å gjera med sjølve bestillinga av skåpet, men deira “renommé i henhold til misjon kan ha blitt anvendt som retorisk virkemiddel”, og i eit norsk-samisk område “formidler skapet en forestilling om Trondenes som et grenseområde [...] og at samer kan omvendes der, slik som i Nord-Sverige” skriv Bergesen.<sup>972</sup>

På fløydørene inni Birgitta-skåpet er det måla to scener frå legenda om Akakius og dei ti tusen martyrane. Åtte av Birgittas meir enn 600 openberringar handlar om svenskekongen Magnus Erikssons krosstog mot Novgorod. Ho var i utgangspunktet ein av pådrivarane for krosstoget og sende med kongen to banner; rettferdssverdet (krig) og Kristi pasjon (tilbod om omvending), men klaga etterpå Magnus for å ha mislukkast av di han for tidleg nytta rettferdssverdet – med ein altfor stor hær – og ikkje hadde tolmod og tillit til Kristus.<sup>973</sup> Sjølv om pave Clemens VI i 1351 befalte dei nordiske bispane å preike krosstog mot russarane, er det ingen kjelder som vitnar om at dei norske bispane gjorde det eller noko norsk krosstog mot russarane i nord.<sup>974</sup> Men birgittaopenberringane var kjent og populært stoff også i Nidaros gjennom 1400-talet, og dei valdelege herjingane og plyndringane på Nordkalotten – begge vegar – gjekk som sagt med ujamne mellomrom i fleire hundre år fram til 1444. Det siste svenske krosstog gjekk føre seg i 1496 – så ein “latent “korstogshukommelse” kan ha vært mulig å aktivere for en lesekyndig som kom over dokumentene”, skriv Bergesen, som vidare argumenterer for korleis Anna sjølv tredje-skulpturane, Birgitta og Katarina, den heilage slekta og Akakius heng saman i ein birgittinsk uthaldande misjonsideologi både overfor samar og russarar.<sup>975</sup> Kan altarskåpbestillaren ha hatt noko av dette i tankane? Kan det – som tidlegare nemnt – ha vore Sakse Gunnarsson sjølv som bestilte dette skåpet, då han hadde ordna opp med paven og fått att Trondenes delvis grunna ein lovnad om at han – som lærd og vis – kunne hamle opp med “skismatiske russarar og vantru samar”? Kanskje fylgde han opp retorikken overfor paven med eit ikonografisk program for prestane sine på Trondenes? I så fall må me kunne seia at han konverterte ein betydeleg sum økonomisk kapital i religiøs materiell kapital i form av altarskåpet og ein religiøs immateriell kapital i form av misjonsretorikken som følgde med.

---

<sup>972</sup> Bergesen 2011(a): 39; Bergesen 2011(b): 222.

<sup>973</sup> Bergesen 2011(a): 40.

<sup>974</sup> DN VI-200, 1351.

<sup>975</sup> Bergesen 2011(a): 40–42.

Erkebisp Erik Valkendorf, som tek over etter Gaute Ivarsson i 1510, er den første erkebispem som veit om som gjorde ei reise heilt til Finnmark etter at Jørund vigsla kyrkja på Vardø i 1307.<sup>976</sup> Også ved Eriks utnemning blir det av kong Hans lagt vekt på at ein mann av Eriks kaliber trengst, sidan Noreg grensar mot Sverige og kjetterske russarar.<sup>977</sup> Erik kom nordover til stiftet sitt våren 1511, og Gustav Storm meiner han allereie året etter, sommaren 1512, sette kursen for Finnmark. Om denne reisa har Valkendorf laga ein rapport til paven, truleg motteke av Leo X om lag 1520.<sup>978</sup> I følgje Valkendorf var alle samar “mellom Russland og Finmarken”<sup>979</sup> kristne, og han gjorde ein stor innsats på visitasen sin med å gifte folk og omvende dei til då demondyrkande – “qui hactenus demoniis sacrificabant”.<sup>980</sup> Valkendorf tok truleg noko hardt i; samane sør for Varanger var nok ikkje alle kristne – og dei samane Valkendorf sjølv møtte, må ha vore dei som om sommaren kom ut til Vardø eller Makkaur og andre kyrkjer.<sup>981</sup>

Lars Hamre kallar reisa til Valkendorf for ei “kombinert visitas- og misjonsreise” – kanskje i samband med at han ønskte å ta opp att farten på Grønland, og samstundes med at han fekk Finnmark som verdsleg len. Han hadde med andre ord betydelege økonomiske interesser i Finnmark, så moglegvis kom visitas og ikkje minst misjonen i andre rekkje. Hamre argumenterer vidare for at motivasjonen til Valkendorf for å *sende* brevet til paven – der han både underdriv erkestiftets makt, understrekar stiftets avstandar og overdriv stiftets forferdeleg skremmande dyreliv – er ein måte å vinne tid på overfor paven, som har etterlyst pengane og godset som kong Christian II hadde beslaglagt frå legaten til paven, Gianangelo Arcimboldus.<sup>982</sup> Kanskje var finnmarksskildringa rett og slett forfatta for å få paven på trua kor vanskeleg tilgjengeleg det rike Finnmark var for dei som skulle utøve makt og inndrive skatt. Valkendorf og erkestiftet var i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon på 1510-talet, med mellom anna store reparasjonsarbeid på domkyrkja.<sup>983</sup> Når ein ser på det relativt store tidsgapet mellom Valkendorf si reise og sjølv brevet, kan det vera freistande å tenkje seg at brevet er nøye samansett og redigert ut frå kva Valkendorf ynskte å formidle til kurien. Det er

---

<sup>976</sup> DN IV-1052, 1510.

<sup>977</sup> DN XVII-1163, [1510]; Hamre 1943: 27. Det ulma mellom Danmark-Noreg og Sverige på denne tida. (DN V-1007, 1510.)

<sup>978</sup> Karlsson og Storm 1901.

<sup>979</sup> I følgje Storm sør for Vardøhus, “altsaa i Torne Lapmark (Sørfjeldet)”. (Karlsson og Storm 1901: 22, note 28.)

<sup>980</sup> Karlsson og Storm 1901: 14, pkt 13.

<sup>981</sup> Karlsson og Storm 1901: 22, note 28; Hamre 1943: 61. Jf også opplysningane i “Om Findmarcken” referert til tidlegare i kapitlet.

<sup>982</sup> Hamre 1943: 39, 66.

<sup>983</sup> Blom 1997: 309.

ikkje ei umiddelbar situasjonsskildring. Like før Valkendorf sende brevet til paven, har han møtt Olaus Magnus – som var utsendt frå paven for å selja avlatsbrev på svensk side og kom nordover 1518/1519. Reisa vart ein del av grunnlaget for det store verket Magnus skreiv om dei nordiske folka – *Historia de gentibus septentrionalibus*.<sup>984</sup> Valkendorf må ha vore ei viktig kjelde for Magnus, mellom anna om dei rike fiskeria i nord og underlege naturfenomen som Moskstraumen. Magnus si framstilling av samane og kvardagslivet i nord er likevel meir nøktern enn Valkendorf si, han “har generelt sett et atskillig mer nyansert syn på den nordiske urbefolkningen enn hans tidligere kollega i Nidaros”, meiner Hagen.<sup>985</sup> Det underbyggjer berre mistanken ein kan ha om Valkendorf sitt redigerte brev til paven; éin ting er den faktiske kunnskapen og kjennskapen til livet i nord som Valkendorf har – og som han mellom ann formidlar til Olaus Magnus, noko anna er kva og korleis han framstiller det i eit pavebrev som han har særskilte mål med.

Erkebiskop Erik Valkendorf var i alle fall ein skrivande mann som både beherska ulike litterære virkemiddel og sjangrar og tok i bruk den nye trykkkunsten for å spreie det skrivne ordet i ulike samanhengar. Han disponerte saman med domkapitlet eit stort bibliotek i domkyrkja. Det inneheldt mellom anna samlinga etter kanniken Ogmund Olavsson frå slutten av 1300-talet og Aslak Bolt sin bibel, og i ei oppteikning frå 1550-talet talde det til saman 87 band.<sup>986</sup> Valkendorf tok initiativet til *Missale Nidrosiense* og *Breviarium Nidrosiense*, begge frå 1519, dei første liturgiske bøkene mynta på heile erkestiftet.<sup>987</sup> Missalet inneheld både tekstbok og altarbok, medan breviariet er sett saman av ulike tekstar til tidebønene. Arbeidet var ikkje i eigentleg forstand nyskaping, i følge Lars Hamre, men meir av eit redaksjonelt arbeid med samanstilling av eldre tekstar og den liturgiske tradisjonen som hadde utvikla seg ved domkapitlet.<sup>988</sup> I redaksjonen var dei andre kannikane med og skreiv – mellom andre Peter Jonsson Stut, Eirik Jonsson og Olav Engelbrektsson, tre etterfølgjande dekanar og sokneprestar til Trondenes. Det er all grunn til å tru at messebøkene raskt kom i bruk i kannikgjeldet, sjølv om ingen kjelder omtalar dette.<sup>989</sup> Men me veit at det fanst ei eller fleire messebøker på Trondenes, først omtalt i eitt av diploma i trondenesjordebøkene omkring 1400

---

<sup>984</sup> Olaus Magnus byrja truleg skrivinga rundt 1530, og verket kom ut i 1555. (Hagen 1996: 55; <http://ansatte.uit.no/rune.hagen/olaus.htm> , sist sett 8.10.2013.)

<sup>985</sup> Hagen 1996: 59.

<sup>986</sup> *DN XII-673*, [c. 1550–1560]; *DN II-468*, 1381; Nissen 1993: 93; Johnsen 1908: 90. Ogmund Olavsson testamenterte også nokre bøker til Hadsel kyrkje.

<sup>987</sup> Og han hadde planar om fleire bokutgjevingar (*DN VII-552*, 1520) – men politikken og døden sette ein stoppar for det. (Johnsen 1908: 77.)

<sup>988</sup> Hamre 1943: 59.

<sup>989</sup> Bergesen 2011(b): 119.

og sidan hjå Olaus Feldt på 1600-talet og Fredrik Nannestad på 1700-talet.<sup>990</sup> Rognald Bergesen meiner det gjerne kan ha vore same boka dei tre kjeldene fortel om, men det er også mogeleg at boka Feldt og Nannestad omtalar eigentleg er ei tidebønebok.<sup>991</sup> I alle høve – dei bøkene kan ha vore både førelegg for og resultat av redaksjonsarbeidet som vart gjort ved domkapitlet under Erik Valkendorf, og desse bøkene på Trondenes var i følgje Bergesen del av eit bibliotek som det er bevart tre bibelverk, fordelt på fem band, frå. Truleg var det fleire andre bøker der også – i 1804 skal det ha vore 12 band der framleis.<sup>992</sup>

Biblioteket og kollegiatordninga med den omfattande messelesinga, saman med den nære kontakten dei lokale prestane har hatt til domkapitlet, gjer det rimeleg å tenkje seg Trondenes som eit åndeleg lærdomssete – stimulerande både for prestekollegiet og den leke lokalbefolkninga.<sup>993</sup> Og det vore rart om ikkje dette miljøet må ha problematisert – og sett på som ei utfordring – at ikkje alle samane rundt dei var fullt ut kristna. I kva grad kjende dei til – og aksepterte – den doble religiøse praksisen som i alle fall mange av kystsamane rundt dei praktiserte? Det *kan* med andre ord ha vore drive meir eller mindre systematisk misjonsverksemd i kannikgjeldet, eller i alle fall ha vore ynske eller planar om det, sjølv om det ikkje er nedfelt i skriftlege kjelder. Men alt i alt er det lite som tyder på at miljøet på Trondenes *lukkast* i særleg stor grad, utover den kyrkjelege minimumsføresetnaden – som galdt likt for nordmenn og samar: dåp og nattverd ein gong i året. I namneskikken til dømes, der Marit (frå Margrete), Berit og Birgit (frå Birgitta) og Anne og Anna blir populære namn på norske kvinner utover 1500-talet i Astafjord, altså ein klar samanheng med ikonografien inne i Trondenes-kyrkja, er dei samiske mannsnamna frå same tida samsvarande med helgenar som var populære i norsk namneskikk eit par hundreår før. Med andre ord – det viser at det har vore kristen påverknad på samane i Sør-Troms tidleg i seinmellomalderen, men på den andre sida framstår denne norske delen av namnetradisjonen til samane som relativt konservativ – dei bryr seg ikkje nemneverdig med katolsk mote frå seint 1400- og 1500-tal, eller det ikonografiske programmet i trondeneskyrkja, for den del.<sup>994</sup>

For å summere opp; i og rundt feltet Trondenes har det vore det kyrkja sjølv omtalar som heidningar heile seinmellomalderen igjennom – både ortodokse russarar og karelar og samar.

---

<sup>990</sup> DN VI-302/RN VIII-950, [o 1400]; *TJ*; *Nannestad*.

<sup>991</sup> Bergesen 2011(b): 104–107, 118–119.

<sup>992</sup> Bergesen 2011(b): 104; Johnsen 1908: 81.

<sup>993</sup> Bergesen 2011(b): 249; Lysaker 1976: 395–396.

<sup>994</sup> Hansen 2000: 158, 312–317. I Alta lenger nord og i Nordland lenger sør, er det derimot andre namnemønster.

Reelt nærverande, i alle fall sesongvis, i det regionale feltet, men kanskje like mykje som eit teikna trusselbilete i det kyrkjeadministrative feltet. Etterkvart som kannikgjeldet Trondenes blir utbygd og utvikla kjem det no og då til uttrykk i kjeldene ei uro for den utfordringa dei ikkje-kristna samane utgjer. Men kva tyding skal me leggje i desse kjeldene? Korleis skal me tyde Sakse Gunnarsons argumentasjon og Erik Valkendorf si skildring stila til paven? Var det truverdige bekymringsmeldingar om den åndelege situasjonen i denne nordlege provinsen, eller var det gjennomtenkt retorikk med tanke på eiga vinning? Som så ofte elles er dette truleg eit spørsmål med eit både/og-svar – eller for å snu på det, det ville vore ei konstruert motsetjing for desse aktørane. Sakse Gunnarson brukar ein religiøs retorikk, ein ikkje-materiell religiøs kapital, for å sikre seg den økonomiske kapitalen som ei vidareføring av råderetten over Trondenes kannikgjeld ville innebera. Men han brukte nok ikkje så reint lite økonomisk kapital på det også – med saka som vart førd både heime og i Roma. Erik Valkendorf si reise i Finnmark må ha kosta økonomisk kapital, men han brukte også religiøs kapital ved å utøve myndet sitt – med gifting og omvending – for å styrke den verdslege rolla si i Finnmark, som lensherre og handelsaktør. Og han hadde i tillegg ei tredje rolle; som leiar i riksrådet hadde han også eit utanrikspolitisk ansvar, og var truleg i mykje større grad enn kongen i København klar over kva for utfordringar det russiske nærværet i Finnmark var for norske interesser – både geistlege og verdslege.<sup>995</sup> Det var inga klar grense mellom erkebispens interesser som primas for kyrkja og interessene på vegner av riksrådet.

Med andre ord, erkebispemannen var både verdsleg og geistleg aktør i Finnmark – med handelsinteresser, utanrikspolitiske utfordringar, misjonsoppgåver og ansvar for å skjøtte sine kyrkjer og leie sine sokneborn. Erik Valkendorf reiste sjølv til Finnmark og innsåg at han måtte både mobilisere, bruke og konvertere eit stort spekter av kapitalar for å manøvrere i den nordaustlege delen av provinsen sin – ei utfordring som vart endå større for etterkomaren hans, Olav Engelbrektsson.

Men korleis hadde no tilhøvet til domkapitlet og dekanen utvikla seg, når det galdt Finnmark? Korleis påverka utfordringane i Finnmark aktørane sine posisjonar i feltet Trondenes? Hadde

---

<sup>995</sup> Då Fredrik I førebur kroninga si i Oslo i 1528 (som aldri vart noko av), skriv han tre likelydande skattekravsbrev til Finnmark; eitt til dei som byggjer og bur “nordenfelds y Ffyndemarcken y wort riige Norge”, eitt til dei “wtj Trines Malmoes Bomawid oc Eystadt” og eitt til dei “i Laxeffiordenn Porssanger Allthen Kyllefforden oc Thanen wtj Findmarcken i wort riige Norige”. (*NgL 2r.*, bd. 4, bd. 1: 241–242.) Med andre ord – det første og det siste brevet går til område “i wort riige Norige”, medan det andre brevet går til samiske busetjingar på Kola som han også ser på som sitt skattland. Dette var derimot på denne tida på ingen måtar uomstridd dansk-norsk territorium, men del av det området (med overlappande grenser) som både russiske og dansk-norske regentar gjorde skattekrav på. (Hansen 2012: 301–303.)



erkebisen ein utfordra posisjon der etter at Trond Ivarsson tapte kampen om kapellinntektene frå Finnmark på 1480-talet? Det skal me sjå på i neste delkapitlet.

## 9.2 Kampen om handel og skatt

Rundt 1520 har i alle fall erkebisen fått på plass ei rekkje med setesveinar i Finnmark, så det kan sjå ut til at han har brukt tida godt etter striden med sin eigen dekan 40 år før. Og ikkje berre i Finnmark er det setesveinar, også i Trondenes og langs kysten sørover finn me dei. Og langt dei fleste sit på store mengder økonomisk kapital, som me skal sjå i dette kapitlet.

Jens Jude kan vera eit døme på setesveinanes bakgrunn: Han er ein av mange nordiske innvandraran til Nord-Noreg, og når me først møter han i 1513 er han jekteskipper og nordfarar som leverer varer på Bergenhus. I 1520–1522 får han også løn frå Bergenhus og er av dei største skatteytarane av tiendpengeskatten i Torsken i 1521/22 (71 lodd sølv) og til slutt er han vorte setesvein for erkebisp Olav Engelbrektsson i 1533.<sup>996</sup> Det aukande skattetrykket som Christian II la på undersåttane sine, med ekstraskattar som dronningskatten<sup>997</sup> og tomarksskatten<sup>998</sup> og tiendpengeskatten<sup>999</sup>, har for ettertida vorte eit rikt kjeldemateriale med opplysningar om enkeltpersonar, befolkningstilhøve og økonomisk yteevne – og om konfliktsituasjonar.<sup>1000</sup> Mellom 1518 og 1522 er det tydeleg at kampen står mellom kyrkja og kongen om erkebispens setesveinar skal ha skattefritak eller ikkje<sup>1001</sup>, slik Sættargjerda i Tunsberg frå 1277<sup>1002</sup> og stadfestinga av denne frå 1458<sup>1003</sup> tilseier. Den saka kjem me attende til – først til store skipslaster ti år før.

På kongsgarden i Bergen kvitterer Hermann Villumsson 4. september 1513 Jørgen Hansson, skrivar (og seinare hovudsmann) på Bergenhus, for store mengder fisk, spekk og tran som har

<sup>996</sup> *DN* XXII-106, 1513; *NRJ* 2: 22, 646; 3: 42, 67, 125, 234, 417, 540; *OER*: 41; Hansen 2001: 13–15.

<sup>997</sup> *NgL* 2 r., 4 bd., bd. 1: 84–90. Dronningskatten skulle dekkje kostnadane med bryllaupet mellom Christian II og Isabella (Elisabeth) av Burgund, og kroninga hennar. Skatten var truleg utskreven hausten 1515, og nordpå (i alle fall Finnmark og Andenes) var skatten 2 vågar råskjær, eller 3 mark, per mann, sørpå 1 mark.

<sup>998</sup> *NgL* 2 r., 4 bd., bd. 1: 115–118. Tomarksskatten eller “utbodsskatten” skreiv Christian II ut seinast i byrjinga av mars 1518 for å dekkje utgifter til kongens krigstog mot Sverige. Satsane var dei same som dronningskatten; 2 vågar råskjær, eller 3 mark, per mann, medan sørpå var satsen 2 mark.

<sup>999</sup> *NgL* 2 r., 4 bd., bd. 1: 130; Dybdahl 2005. Tiendpengeskatten var ein 10 % formuesskatt.

<sup>1000</sup> Holmsen 1976: 12.

<sup>1001</sup> *DN* VII-562, [Septbr.–Novbr. 1522.]; *NRJ* 1: 687f, II: 558, Bratrein 2003: 278; Hamre 1943: 94–96.

<sup>1002</sup> *NgL* II: 465, 472.

<sup>1003</sup> *NgL* 2 r., 2 bd: 140–144.

kome inn frå Senja og sørover kysten.<sup>1004</sup> I tillegg har han teke imot varer frå ei rekkje jekteskipperar; Mattis Pedersson, Alv Sevaldsson, Nils Olavsson, Nils Mogensson og Jens Jude. Det er uvisst kva slags innbetaling dette er; ordinær leidangsskatt, landskuld frå kongens eigeendom og/eller tiend. Medan dei seinare rekneskapa som er bevarte frå Bergenhus frå 1516 og utover konsekvent omhandlar inntekter frå verdslege einingar, ser denne kvitteringa ut til å kombinere verdslege og geistlege innkrevjingsområde. Først er det nemleg oppført ei rekkje varer frå *len og tinglag* nedover kysten, frå Senja til Røst, deretter frå *sokn* frå Herøy til Rødøy, og så til slutt 46 vågar råskjær, 35 lubbar, 38 “regiss fiiske”<sup>1005</sup> og 11 rundfisk frå Trondenes sokn. Innimellom er det sagt kva for varer som var på kven sine skip, og til slutt i dokumentet nemner Villumsson at han også har teke imot sakøyre. Det at varene kjem både frå verdslege og kyrkjelege administrative einingar, og at det ikkje er nemnt kva slags eventuelle inntekter dette skulle vera (i motsetnad til Jørgen Hanssons rekneskap frå 1516 og utover, der det som oftast er spesifisert), reiser ein del spørsmål. Kanskje er dokumentet ikkje éin type inntekt, men rett og slett ei oversikt over delar av varelageret på Bergenhus – innkome på ulikt vis – som den nyss tilkomne Jørgen Hansson rapporterer til Hermann Villumsson om.

I dette dokumentet møter me fleire av jekteskipperane som også er busette innanfor Trondenes kannikgjeld når Christian II legg ut ekstraskattane sine. I rekneskapa frå 1518 til 1522 finn me som oftast futen i Senja, Torstein Torsteinsson, som innkrevjar,<sup>1006</sup> og også før det utførlege manntalet i tiendpengeskatten i 1521 kjem fleire av dei lokale aktørane i feltet Trondenes til syne i desse kjeldene. Langtfrå berre formuande jekteskipperar, men det var mange av dei (sjå figur 19). I tillegg finn me nordfararar frå Bergen og Trondheim som segla på Senja; Jon Eriksen i 1518, Jon Øyvindsen Nordfar i 1519, Erik Endresen i 1520, Torkel Torlesen/Tollefsen i 1522/23.<sup>1007</sup> Med den fullstendige tiendpengeskatten – og restansane etter denne og dei tidlegare ekstraskattane – kan me i løpet av 1521 og 1522 danne oss eit bilete av korleis den økonomiske kapitalen fordelte seg lokalt i trondenesfeltet. Og rikdomen sat spreidd – frå brørne Mikkel Ellevsen i Astafjorden og Tord Ellevsen på Bjarkøy, Aslak

---

<sup>1004</sup> DN XXII-106, 1513. Jørgen Hansson kom med Christian II til Bergen i 1513, men det er usikkert når han vart hovudsmann på Bergenhus. I denne kjelda verkar det ikkje som han enno er det, men at derimot Hermann Villumsson framleis er hovudsmannen (Hamre 1998: 150).

<sup>1005</sup> Må vera det som elles går under nemninga “kønigslubb”. (Lunden 1967: 106, 109.)

<sup>1006</sup> Han kravde inn skatt for heile Troms – ikkje berre Senja len. (Lysaker 1978(a): 95; Dybdahl 2005: 38.)

<sup>1007</sup> NRJ 1: 116, 1518; 1: 337, 1519; 1: 566, 1519; 2: 648, 1521; 3: 630, 1522/23.

Engelbrektsson på Trondenes, Olav Engelbrektsson i Fauskevåg, Jens Jude i Torsken og Jon Eriksson i Gryllefjord.<sup>1008</sup>

Figur 19: Jekteskipperar og setesveinar i Senja før reformasjonen.

	<i>Jekteskipper</i>	<i>Setesvein</i>	<i>Tiendpengeskatt 1521–22</i>
Alf Sevaldsson	1513, 1521		58 mark
Alf Svensson	1519		
Aslak Engelbrektsson, Trondenes <sup>1009</sup>	1519, 1521	1533	83,50 mark
Gillis garp, Øyfjord	1521		23 mark
Jens Jude, Torsken	1513, 1521	1533	71 mark
Jon Eriksson, Gryllefjord <sup>1010</sup>	1518, 1521		
Klaus Olson	1519, 1521		50 mark
Lasse Jensson		1533	
“Mester Olav”, dvs Olav Engelbrektsson, dekanen	1521		
Mikkel Ellevsson, Astafjord	1521		84,50 mark
Nils Sebørsson/Seborg <sup>1011</sup>		1521, 1533	27 mark
Olav Amundsson		1533	32 ½ mark
Oluf Bentsson <sup>1012</sup>	1519		
Olav Engelbrektsson, Fauskevåg	1521	1533	70,50 mark
Olav Halvorsson, Torsken	1521	1533	26 mark
Olav Tordsson, Skånland		1533	
Otte Amundsen, Mefjord	1521		11 mark 4 skilling for jekta 12 lodd sølv for “hansz hemell paa regenskaff”
Sevat/Syver Askelsson, Baltestad	1518, 1519		30 mark
Svein skreddar	1519		
Tord Ellevsson, Bjarkøy	1521		67,50 mark
Torval Torstensson	1518		
“unge Gudelig” <sup>1013</sup>	1518		
“Broder Nils”?	1521		

Skattesummene i tiendpengesatsen inkluderer også barnepengar og pengar for slektningar, og eg har, som Dybdahl, rekna 1 lodd sølv = 1 mark. Dei jekteskipperane/setesveinane som ikkje er oppførde med tiendpengeskatt, har eg ikkje funne i rekneskapa frå Senja. Dei *kan* ha flytta frå eller til lenet før eller etter – eller dei kan finnst på skatterestanselister som er tapte. Dei kan vera døde, eller dei kan ha vore nordfararar som vart skatta andre stader. (Dybdahl 2005: 209; Hansen 2000: 248–254; Lysaker 1978(a): 99–102. *NRJ* 1: 117, 368–369; 2: 567–570, 646–653; 3: 224–239; 3: 413–417; *DN* XXII-106, 1513; *OER*: 40.)

Jon Eriksson var ein nordfarar som vart skattlagt både i Trondheim og i Gryllefjord. Som drøfta i delkapitlet om finnmarkskapella kan me ikkje veta sikkert om han starta i Trondheim og seinare slo seg til, i alle fall delar av året, i Gryllefjord som “utliggjar”, eller om han var jekteskipper frå Gryllefjord som etterkvart tok borgarskap og vart rådmann i Trondheim. Mest truleg var han, i motsetning til dei fleste andre i kannikgjeldet, av det første slaget. Første

<sup>1008</sup> Hansen 2000: 252; Lysaker 1958: 99–100.

<sup>1009</sup> Eller Grøta eller Elgsnes. (Lysaker 1978(a): 101.)

<sup>1010</sup> Jon Eriksson var trondheimsborgar og nordfarar. Fleire av desse vart førde opp som skatteytarar både i Trondheim og i Gryllefjord, der trondheimsborgarane var aktive. (Blom 1997: 324; Dybdahl 2005: 38.)

<sup>1011</sup> Busett på Andenes i 1519 og setesvein der i 1521. (*NRJ* 1: 339; 3: 163.)

<sup>1012</sup> I Kårvika i Mefjord? I så fall, ordinær skattebetalar (6 vågar) i 1521. (*NRJ* 1: 648.)

<sup>1013</sup> Truleg styrmann Mogens Gudelic, som er på Andenes i 1521. (*NRJ* 3: 157.)

gongen me møter han er i 1518, då har han skip i Trondheim og fører fisk til Bergen, og tiendpengeskatten betalte han som rådmann i Trondheim i 1521.<sup>1014</sup> Han var, i følgje Grethe Authén Blom, ein av mange trondheimarar som gjorde eit “betydelig fiske- og handelsfremstøt [...] til Gryllefjord”; av dei 84 skatteytarane der i 1521 var om lag 20 heimehøyrande i Trondheim.<sup>1015</sup> Ein annan trondheimsborgar og rådmann som blir skattlagd i Gryllefjord er Simon Svensson – han er i tillegg ev erkebisp *adla* setesvein, men om han opererte med dette ombodet i Gryllefjord, er usikkert.<sup>1016</sup> Blom meiner det store innslaget av trondheimsfolk i Gryllefjord kan vitne om eit *organisert prosjekt* for å utnytte dei fordelane utliggjar-tilveret kunne gje – med både deltaking i fisket (og dertil høyrande skattlegging i Gryllefjord) og skipsfrakt og handelsverksemd i Trondheim.<sup>1017</sup>

Om så var, korleis ville dei andre aktørane i dette handels- og skattesystemet stille seg til det? Det var truleg nok fisk i havet, så dei fordreiv ingen andre fiskarar frå arbeidet sitt. Både den lokale kyrkja – det vil seia kannikgjeldet Trondenes – og erkebisp fekk meir i tiendinntekter, så dei klaga truleg heller ikkje. Det einaste måtte vera om Simon Svensson utfordra den eller dei setesveinane som elles samla inntektene på ytre Senja. Futen, derimot, Torstein Torsteinsson, kan ha vore mindre interessert i dette prosjektet, sidan det kunne skapa usikkerheit om skatteinnbetalingane. Me finn likevel ikkje noko spor etter slike eventuelle konflikhtar av di borgarar/jekteskipperar skatta fleire stader.

Eit mogleg konfliktområde med større potensiale kunne vera det mellom erkebispens interesser og dekanen, det vil seia soknepresten og den lokale kyrkja, sine. Når nettverket av setesveinar etterkvart blir bygd ut, reiser det seg nokre spørsmål: Kom desse karane i konflikt med dei som førde ombodet for den lokale kyrkja? Både hadde dei delar i same eigedomane, som med usikre eigedomsregister sidan svartedauden kunne vera utgangspunkt for ulike tolkingar om kven som eigde kva, men også tiendinnkrevjinga kunne by på problem: I utgangspunktet skulle erkebisp ha 1/4 og soknepresten 2/4, men sidan me ikkje veit sikkert korleis innkrevjinga av tienda gjekk føre seg,<sup>1018</sup> kan ein tenkje seg at det i alle fall var ope for forhandlingar og grobotn for usemje. Eller hadde kanskje striden på 1480-talet lagt seg heilt, og erkebisp og dekanen i større grad samarbeidde igjen? Erkebisp er på ingen måte

---

<sup>1014</sup> *NRJ* 1: 116, 1518; Dybdahl 2005: 123; Blom 1997: 318.

<sup>1015</sup> Blom 1997: 324.

<sup>1016</sup> *DN X-315*, 1517; 738, [c. 1550]; *NRJ* 1: Blom 1997: 324–325.

<sup>1017</sup> Blom 1997: 324–325.

<sup>1018</sup> Særleg ikkje i kannikgjeldet, slik me drøfta i kapittel 4, der det er uklart om soknepresten hadde eigne leke ombodsmenn eller om kapellanane i kollegiatet på Trondenes sjølve stod for innkrevjinga.

offensiv i jordtileigninga si akkurat i Trondenes – den kyrkjelege godsauken i seinmellomalderen går i Trondenes først og fremst til lokalkyrkjene. Og kanskje påverka aldri striden i Finnmark nemneverdig tilhøva i feltet Trondenes – der var det først og fremst dekanen og undersåttane hans i kollegiatkyrkja som utøvde kyrkjemakta, både den åndelege og den verdslege.

I den samanheng er det interessant å peike på at striden om setesveinane skulle betala ekstraskattane eller ikkje, berre ser ut til å ha gjort utslag i Finnmark – det er i alle fall berre frå finnmarkssetesveinane me finn innbetalingar på restanselistene.<sup>1019</sup> (Dei måtte gje seg til slutt og etterkvart etterbetala inn skattane – 6 mark per setesvein til saman for dronning- og utbodsskatt, 3 mark per setesveindreng i 1521.<sup>1020</sup>) Dei setesveinane me kjenner til i Trondenes har i alle fall betalt i samband med den ordinære innkrevjinga – eller det vil seia, kanskje har erkebispemenn skjult at setesveinane ikkje betalte? I 1517/18 hadde erkebispemenn sjølv Senja som verdsleg avgiftslen hjå kongen, og i sine eigne len har han sjølv stått for innkrevjinga av desse skattane og betalt dei til Bergenhus i store fellessummar.<sup>1021</sup> Det at etterbetalarane først og fremst er i Finnmark, kastar likevel meir lys over dei særskilte tilhøva i Finnmark, enn det gjer over tilhøvet mellom setesveinar og annan lokal elite i Trondenes. La oss førebels difor konkludere med at erkebispemenn og dekanens menn *samarbeidde* i Trondenes rundt 1520. Og samarbeidet var kanskje til og med så godt at setesveinane også gjorde innkrevjingsarbeid på vegner av dekanen. Men skulle det ikkje då vera ytterlegare grunn til at dei kunne stå imot (skatte)presset frå statsmakta, personifisert ved Senja-futen Torstein Torsteinsson, og ikkje minst den mektige hovudsmannen på Bergenhus, Jørgen Hansson?

Me finn ingen teikn på slik motstand – kanskje var dei for pragmatiske i Trondenes til å leggje seg ut med statsmakta om desse sakene? I Trondenes var den lokale eliten etablert i både verdslege og geistlege nettverk, i lokalsamfunn der rett nok kyrkja ser ut til å ha vore den mest nærverande sentralmakta, men som gjennom hundreåra hadde utvikla ein samfunnsinfrastruktur som den lokale eliten heilt klart må ha sett verdien av at fungerte. Dei rike nordfararane og setesveinane i Finnmark – som følgde etter fisken og budde, som dei

---

<sup>1019</sup> *NRJ* 1: 687–88; 2: 558, 561; Dybdahl 2005: 30. Hamre (1943: 94) skriv at det galdt setesveinane både i Finnmark, Trondenes og Tromsø, men eg finn berre finnmarksdøme. Rett nok betalte Jens Jude 6 lodd sølv i restans i 1522 (*NRJ* 3: 417), men han hadde betalt 65 lodd ved den ordinære innkrevjinga (*NRJ* 3: 234) – og dette galdt *tiendpengeskatten*. Det var først og fremst dronningskatten og utbodsskatten setesveinane og erkebispemenn greidde forhale.

<sup>1020</sup> *NgL* 2 r., 4.bd., bd. 1: 85, *NRJ* 1: 687f; 2: 558.

<sup>1021</sup> 200 vågar berre i dronningskattrestanse i 1519 (*NRJ* 1: 377), og ytterlegare store summar frå mellom anna Trøndelag og Finnmark i 1519 og 1521 (*NRJ* 2: 535, 552, 564); Hamre 1943: 94.

andre i fiskeværa, “snart hist og snart her”, hadde kanskje mindre å tapa ved å ta ein konflikt med fut og hovudsmann? Dei var kanskje meir vane med det – i følgje Kiil søkte dei også alliansar “snart hist og snart her”: “Stundom står nordfarer last og brast med borgerskapet, og rådet i Bergen taler deres sak. Til andre tider går nordfarene sammen med Kontoret mot borgerskapet.”<sup>1022</sup>

Jørgen Hansson, derimot, var ikkje redd for konflikt, og kampen om skattlegginga av setesveinane er del av ein større konflikt som utvikla seg mellom han og erkebispem – og som til slutt gjorde at Erik Valkendorf rømde landet, søkte tilflukt hjå paven og døydde i Roma i 1522.<sup>1023</sup> Jørgen Hansson synast å ha vore, i følgje Lars Hamre, “ein personleg heiderleg mann og ein sær sars dugande administrator.” Han var borgarvenleg og la seg såleis ut både med hansaen og erkebispem, han dreiv inn skattar og avgifter og slo ned alt teikn på opprør med hard hand. “Han var i det heile ein mann av den typen som ei statsmakt som tenderer mot einevelde, alltid vil ha bruk for”.<sup>1024</sup> Hamre meiner også at Hansson med vilje prøvde skapa motsetningstilhøve mellom ålmenta og kyrkja, ved å prøve å lette på det totale skattetrykket ved å foreslå å kutte i avgiftene til kyrkja.<sup>1025</sup> Men sjølv om han fekk has på skattenekten hjå setesveinane, var det verre med den blømande handelsverksemda som opna seg for fleire og fleire driftige grupper i kjølvatnet av dei rike fiskeria – til stor irritasjon for den borgarvenlege og kongeløjale Hansson. Ikkje berre erkebispem og hans menn, men også andre delar av presteskapet dreiv så stort med fiskehandel at dei fortrengde både borgar og bonde.<sup>1026</sup> Kongemakta følgde etterkvart opp Hanssons misnøye, og Fredrik I stadfestar Bergens fridomar og privilegium og gjev prestane seglingsforbod i 1528.<sup>1027</sup> Det er likevel lite truleg at eit slikt forbod fungerte – til det var fiskehandelen altfor inntektsbringande for dei som dreiv han. Og truleg hadde erkebisp Valkendorf eit godt poeng – før han vart forvist – at for kyrkja var det heilt naudsynt å handle, av di ho fekk avgiftene sine inn i naturalia, og på kva anna måte enn ved bytehandel skulle ho skaffe seg det ho trengde?<sup>1028</sup>

Men gjennom skatteinnkrevjinga syner altså kongen styrke, med Jørgen Hansson i spissen. Jekteskipper og nordfarar, setesvein, dreng, handverkar, fiskar og bonde – alle måtte betala

---

<sup>1022</sup> Kiil 1993: 21.

<sup>1023</sup> DN VII-562; I-1059, III-1088, 1522; Hamre 1955: 523.

<sup>1024</sup> Hamre 1998: 96.

<sup>1025</sup> Hamre 1943: 96.

<sup>1026</sup> DN XIII-183, [før sept. 1521?]; XVI-367, 1521; Kiil 1993: 21–22; Hamre 1943: 91–92.

<sup>1027</sup> DN V-1055, 1528.

<sup>1028</sup> DN VII-562, [Septbr.–Novbr. 1522]; Hamre 1943: 92–93; Blom 1997: 314.

skatt. Statsmakta blir gjennom desse kjeldene meir synleg i nord, og posisjonane til dei ulike aktørane i feltet Trondenes blir utfordra. Med skattlegginga melder futen og hovudsmannen seg på som tydelege aktørar i feltet og pressar dekanen og erkebispnen nærare saman. Samstundes blir handelsaktørane fleire og meir varierte – med til dømes det som ser ut til å vera eit “trondheimsprosjekt” i Gryllefjord. Også dei andre fiskeværa på yttersida av Senja kom seint til kannikgjeldet – som me såg i kapittel 7 veit me lite om når eksakt kyrkjene vart oppførde<sup>1029</sup> – og dei hadde mindre stabile og utbygde samfunn enn dei rundt dei mykje eldre kyrkjene i søre Sør-Troms. Med unnatak av Ballestad tilhørde væra bjarkøygodset, og hovudinntektskjelda for vøreigaren kom frå landvarden, ikkje jordeigedom.<sup>1030</sup> Med andre ord – det regionale feltet Trondenes får fleire ulike typar lokalsamfunn, og *heile* feltet Trondenes, både det regionale og det kyrkjeadministrative, får fleire synlege aktørar som fører til nye posisjonar på byrjinga av 1500-talet. Feltet er såleis utvida og endra, og grensene er flytande også i nordvest: Hillesøy soknar til kannikgjeldet kyrkjeadministrativt, men til Troms len statsadministrativt, og Torstein Torsteinsson er fut i Senja len, men samlar inn skatt i både Senja og Troms. I førre kapitlet såg me korleis Andenes også kan seiast å vera i det flytande grenselandet rundt trondenesfeltet, med dei nære sosiale nettverka som vart utvikla mellom Trondenes og Andenes.

Men når statsadministrativ kapital og økonomisk handelskapital har utfordra feltet, ser det altså ut til at dei med religiøs kapital har samla kreftene på byrjinga av 1500-talet. Og fordelt interesseområda mellom seg; erkebispnen konsentrerer seg om Finnmark, dekanen om Trondenes. Og Nord-Troms og Tromsø er i ein mellomposisjon mellom kongen og domkapitlet.<sup>1031</sup> Når også utviklinga på yttersida av Senja har ført til ei utviding av ikkje berre det regionale, men også det kyrkjeadministrative feltet Trondenes, slik at erkebispens og dekanens posisjonar i feltet har nærma seg kvarandre enno meir, kan ein sjå føre seg at det heile nærast *kulminerer* når Olav Engelbrektsson blir erkebisp i 1523.

### 9.3 Kampen for trua

Olav Engelbrektsson hadde vore dekan sidan 1515, var svært lojal og nær til Erik Valkendorf, som erkebispens official, økonom, rekneskapsfører og bokredigerar,<sup>1032</sup> og hadde store delar

---

<sup>1029</sup> Trædal 2008: 142–145.

<sup>1030</sup> DN VIII-426, 1490.

<sup>1031</sup> Trædal 2008: 182–83.

<sup>1032</sup> DNI-1058, 1521; Hamre 1943: 34.

av slekta si buande på sentrale Trondenes og på Andenes. Det er ikkje mykje me veit om dekanen som overtok etter Olav, Eirik Jonsson (til 1527).<sup>1033</sup> Og etterfølgjaren hans, Knut Pedersson, som var kannik allereie i 1520,<sup>1034</sup> får me først nærare kjennskap til gjennom dei dramatiske månadane rundt reformasjonsutbrotet. Det kan sjå ut til at Olav i si regjeringstid nærast gjer dekanen overflødig, han føregrip på ein måte det som kjem til å bli ordninga etter reformasjonsutbrotet, med dekan og superintendent/bisp i ein og same person. Han tek heile Nord-Noreg i bruk, og i det som blir den altoppslukande kampen for trua og det nasjonale sjølvstendet, er erkebispedømet, eller “erkebisperiket” som Andreas Holmsen kallar det,<sup>1035</sup> med inntektsbringande len og eit lojalt domkapittel, det viktigaste maktmiddelet han har.<sup>1036</sup> Han brukar all sin økonomiske og politiske kapital, for at ikkje den religiøse kapitalen hans skal bli heilt devaluert. Og mykje av denne kapitalen hentar han i trondenesfeltet. Utviklinga i trondenesfeltet dei siste tiåra før reformasjonsutbrotet blir difor endå sterkare påverka av erkebispenn enn tidlegare – og posisjonen hans i feltet kan sjåast som ein magnet som dreg dei andre aktørane til seg. Han blir hovudaktøren i feltet Trondenes, der sambandet mellom den geistlege og verdslege eliten blir endå tettare samanvove i sosiale, politiske og økonomiske nettverk.

Om Olav Engelbrektsson blir personifiseringa av alle dei samla ressursane som blir sette inn frå erkebispedømet i dei siste katolske åra i Noreg, er ikkje resten av slekta, og særleg bror hans, Aslak, sin biografi mindre viktig for å skjønne det tette sambandet mellom Trondenes og Nidaros, mellom geistleg og verdsleg elite.

Aslak er saman med dei rike jekteskipperane Olav Engelbrektsson og Jens Jude vorte erkebispens setesveinar i 1533.<sup>1037</sup> Og det var ikkje nok for å ta seg av erkebispens interesser i Senja len – til saman åtte setesveinar hadde han der i 1533. Til jamføring hadde han ein på Andenes, ein i Vesterålen, ein i Lofoten og 18 i heile Finnmark. Når me i tillegg veit at jordegodset til erkebispenn ikkje var spesielt stort i Trondenes (ved reformasjonsutbrotet eigde erkesetet 5 %, medan kannikgjeldet eigde 34 % av jorda og kongen 25 %), må talet på setesveinar både seia noko om dei store fiskeinntektene som var komne til på Senja, men *og* at kanskje erkebispens posisjon i og kjennskap til kannikgjeldet gjorde at den lojale dekanen

---

<sup>1033</sup> DN XVII-847, 1524.

<sup>1034</sup> DN VII-551, 1520; 640, 1527.

<sup>1035</sup> Holmsen 1976: 27.


<sup>1036</sup> Blom 1997: 328; Imsen 2004(f): 42–43.

<sup>1037</sup> OER: 40. Altså ein annan Olav Engelbrektsson.



hans let erkebispens setesveinar også ta seg av sine økonomiske interesser i kannikgjeldet. Men i tillegg kan talet på setesveinar seia noko om kor viktige dei var som *politiske* støttespelarar for erkebispem.

Figur 20: Slekt til Olav Engelbrektsson



Kjelder: Daae 1907, Lysaker 1961, Hamre 1998: 254–55, Grønli 1952 og 1954. Atterhald om sikkert slektskap er gjort i teksten. Olav hadde mogelegvis også ein bror som heitte Hallvard og ein som heitte Trond. Også Kristoffer Trondsson Rustung, ein annan av Olavs næraste medarbeidarar, skal i følge enkedronning Maria av Ungarn, statthaldar i Nederlanda (syster til Christian IIs ektefelle Isabella), ha vore i slekt med han, men det er uvisst korleis og kor nær. (DN VII-737, 1538; Daae 1872: 113.)

Aslak tek etterkvart borgarskap og blir rådmann i Trondheim – ikkje ulikt andre jekteskipperar, men at valet fall på Trondheim og ikkje Bergen, dit fisken likevel måtte for å sendast vidare, kan henge saman med brorens virke i stiftshovudstaden. Me møter han første gong i 1519, då han sjølv leverer fisk i Bergen og har betalt ni vågar råskjær for malt.<sup>1038</sup> På Andenes sit i 1521 Olav Aslaksson på Haugnes (gnr 60), mogeleg søskenbarnet til Aslak (ved å vera son av Aslak Gunnarsson og bror av Anders Aslaksson som me møtte i førre kapitlet), og var ein av dei rikaste tiendpengeskatteytarane der.<sup>1039</sup> Han var ikkje setesvein på Andenes, det var Nils Sebørsson og seinare Olav Persson,<sup>1040</sup> men i 1563 finn me Trond Aslaksson, altså ein mogeleg bror av Olav (og Anders), som høgtskatteytande jekteskipper i Andenes og i 1567 sit han på storgarden Stave (gnr 36) – som hadde vore erkebispegods.<sup>1041</sup> På Haugnes sit

<sup>1038</sup> NRJ 1: 368, 377.

<sup>1039</sup> NRJ 3: 157. “Oluff Aslacsen paa Hogenes” betalar 24 lodd sølv.

<sup>1040</sup> Det var Nils Sebørsson i 1521 (NRJ 3: 163) og Olav Persson i 1533 og 1536 (OER: 41, 134).

<sup>1041</sup> NLR 3: 187; NLR 5: 212. Stave var ført opp med 6 vågar i landskuld i Olav Engelbrektssons jordebok (OEJ: 22) og same summen betalar ein Fredrik i eit Steinvikholm-rekneskap frå 1548 (NLR 6: 136) og altså Trond Aslaksson i 1567 (NLR 5: 212) – men då står Stave oppført som krongods, ikkje i rubrikken stiftsgods, som var vanleg for å halde greie på gamalt erkebispegods i rekneskapane lenge etter at krona overtok godset. Kanskje var det slått inn under “kronas gods” av di det berre var to gardar i drift på Andenes som hadde vore erkebispegods ved reformasjonsutbrotet; Stave og Bleik. I 1567 betalar også Trond 10 lobbar i leidangsskatten – ein svært høg sum – og var såleis saman med (tidlegare setesvein) Olav Persson på Skogvoll (10 lobbar) og Anders Alfsson (16 lobbar) og Aksel Fredriksson (18 lobbar) på Bleik dei klart største skatteytarane på Andenes (NLR 5: 183–184). Framleis i Skattematrikkelen av 1647 sit det ein “Throend Axelsen” på Stave som betalar 6 vågar, som i

i 1567 Rasmus Pedersson – og ein Olav Aslaksson finn me att i Finnvika, men om dette er den same Olav – eller om han har gått ut or saga, er usikkert.<sup>1042</sup> Men sjølv om erkebispem ikkje eigde mykje jord på Andenes, var likevel den jorda han hadde i dei fremste gardane – Stave og Bleik (gnr 39) – og kontakten mellom han og den lokale eliten må ha vore nær.

Frå 1532 finn me Aslak Engelbrektsson i sveineregistera til broren Olav.<sup>1043</sup> Han var med Olav til riksmøtet på Bud i 1533 og med som domar i saka mot Nils Lykke i 1535.<sup>1044</sup> Tidleg på året 1536 er han i Bergen med fisk, spekk og hud – og med 29 vågar i tiende frå Trondenes.<sup>1045</sup> Då dramatikken rundt erkebispem toppa seg på våren 1537, vart han henta på Trondenes og følgde med til Nederlanda.<sup>1046</sup> Dit vart også Hallvard Taraldsson og Trond Aslaksson med, drengane og nevøane til Olav, som hadde vore med han i alle fall sidan 1532.<sup>1047</sup> Hallvard var son til Olavs syster, og Trond var son til Aslak. Begge vart innskrivne på universitetet i Köln i 1535, slik Gaute Taraldsson, bror til Hallvard og erkebispem tredje nevø, vart i 1528.<sup>1048</sup> Gaute vart etterkvart kanslar for Olav, og også han følgde med til Nederlanda. Hallvard og Trond kom tydelegvis attende frå Köln i 1536 og følgde onkelen den siste tida; om dei deretter plukka opp att studia sine, er uvisst.

Det siste me høyrer til Aslak Engelbrektsson er at han i 1549 får løyve av Laurits Pedersson, borgarmeister i Bergen, til å bygsle bort Pedersson sine gardar i Tjeldsund til kven han vil.<sup>1049</sup> Aslak kom altså heim frå Nederlanda og er allereie i 1549 ein framstående mann i lokalsamfunnet igjen, trass i brorens fall. Etter å ha søkt lukka på kontinentet i nokre år, ber også Gaute Taraldsson i 1553 Christian III om å få koma heim att. Heilt heim: Christian III gav han fritt leide og rett til å busetja seg på *Andenes*, eller andre stader i Noreg, og der drive handel, havfiske og tollfri saltfiskeeksport, og gav han liketil løfte om årleg underhald på 60

---

Olav Engelbrektsson tid, i leigendingsskatt – truleg ein seinare slektning i rekkja av trondar og aslakar på Stave. (*Skattematrikkelen 1647*, XVI Nordland fylke: 258.)

<sup>1042</sup> *NLR* 5: 181. Finnvika like nord for (gnr 29) Kvalnes var eit stort fiskevær på byrjinga av 1600-talet, men avfolka like etter 1620. Stadnamnet er ikkje seinare kjend frå Andenes. (Opplysning frå Johan Borgos, e-post 6. oktober 2013.)

<sup>1043</sup> *OER*. Summe stader er han oppført som Aslak Engelbrektsson, men oftast berre som Aslak. Det er lite tvil om at det må vera broren – til dømes er han den først innførde sveinen, berre som Aslak, når dei er komne til Nederlanda (*OER*: 126).

<sup>1044</sup> *DN* IV-1101, 1533; XI-624, 1535.

<sup>1045</sup> *OER*: 131, 133. Mellom anna 19 tønner laks som vart gjeve vidare til kjøpmannen Jørgen Hess (*OER*: 139).

<sup>1046</sup> *OER*: 40, 126; Hamre 1998: 772.

<sup>1047</sup> *OER*: 19, 38, 80, 108, 127; *DN* XII-571, [1537]; Hamre 1998: 787.

<sup>1048</sup> Daae 1907: 289; 1875: 490–491.

<sup>1049</sup> *DN* II-1151, 1549.

joachimsdalar.<sup>1050</sup> Kvifor slik velvilje overfor erkebispeslekta? Det kjem me attende til i kapittel 10.

Først nokre tiår attende. I kampen Olav Engelbrektsson førde mot kongemakta, med vekslende alliansar, “må forsvaret for katolsk tru og kyrkjeskippnad ha vore det viktigaste av alt”, skriv Lars Hamre.<sup>1051</sup> Men det er lite tvil om at kongen i København, fleire år før Olav kom på banen, såg med skeptiske auge på det store og rike erkebispedømet i nord, sidan 1475 leidd av Gaute – som også tydeleg hadde hevda riksrådet og kyrkja sine rettar. Når Gaute dør i 1510 skriv kong Hans til pave Julius II at erkesetet hadde vore arnestaden for uroa i Noreg dei siste tolv åra – utsett for åtak frå svenskane og dei vantru russarane – og han tilrådde sin eigen sekretær og prins Christian sin kanslar, Erik Valkendorf, prost i Roskilde, som ny erkebisp.<sup>1052</sup> Slik vart det, sjølv om dette var eit klart brot med paragraf 6 i handfestinga til Hans. Valkendorf var dansk adel innvandra frå Tyskland og ville, i følgje seg sjølv, eigentleg ikkje ha jobben. Hamre meiner han “har forutsett det som kom til å skje [Christians skepsis til kyrkjjas frie stilling], og derfor som god katolikk og samtidig kongens venn har sagt fra om dette”.<sup>1053</sup> Valkendorf viste seg jo å ikkje bli den brikka Christian hadde tenkt seg, slik me såg i det førre delkapitlet. Men det visste ingen (andre enn han sjølv, kanskje) i 1510, og domkapitlet var først svært misnøgde med at Valkendorf danka ut deira kandidat, Johannes Krabbe (og med det gjorde slutt på innavlen i domkapitlet, som Grethe Authén Blom har poengtert).<sup>1054</sup> Dei nekta først å svara Christian då han ba dei stille krigsfolk mot svenskane, men gav seg til slutt og godtok Valkendorf, når det var slik at paven hadde stadfesta han.<sup>1055</sup> Sidan ser det ikkje ut til å ha vore konflikhtar mellom dei – kanskje gjorde Valkendorf si førnemnde reise i erkestiftet like etter at han kom til Trondheim inntrykk på korbrørne med dei store kannikgjelda nordpå. Han brukte dessutan store summar på oppussing og vidare bygging på Nidarosdomen, og i 1514 gav han kannikane privilegiet å sjølve utøve jurisdiksjon på sine egne avlsgardar og rett til å få bøteinntektene av kristenrettssaker derifrå.<sup>1056</sup> Og som me såg tidlegare – fleire av dei fremste kannikane var aktivt med i bokarbeidet Valkendorf dreiv. Lars Hamre kallar Valkendorf ein “renessansetype”, og han heldt fast i ei tradisjonell katolsk tru. Også han ser ut til å ha hatt eit hjarta for birgittinarane, ved å støtte innsamlinga til

---

<sup>1050</sup> DN XXIII-553, 1553; NRR 1: 169, 1553.

<sup>1051</sup> Hamre 1998: 793.

<sup>1052</sup> DN XVII-1163, [1510]; NgL 2 r., 3 bd., bd. 1: 9–10; DN XII-148, 1483; Blom 1997: 308; Hamre 1955: 505.

<sup>1053</sup> Hamre 1955: 510.

<sup>1054</sup> Kolsrud 1913: 215; Blom 1997: 308.

<sup>1055</sup> DN V-1007, 1510; XVI-351, 1511; Hamre 1955: 511.

<sup>1056</sup> Blom 1997: 309; DN XI-296, 1514.

eit St. Katharina-skrin til klosteret i Vadstena.<sup>1057</sup> Domkapitlet støtta Valkendorf til det siste – sjølv når han vart utsett for kraftige og usanne skuldingar frå Christian II og hans menn.<sup>1058</sup>

Heldt denne lojaliteten frå domkapitlet fram då Olav vart vald til erkebisp? Ingen ting tyder i alle fall på noko anna enn at kannikprivilegia – og dei store kannikgjeldinntektene – heldt fram. *Samstundes* bygde Olav opp erkebispedømet – og han ekspanderte på endå fleire frontar enn det forgjengarane hans hadde gjort. Andreas Holmsen har kalla erkebispedømet eit *erkebisperike*, og Olav Engelbrektsson var på alle vis ein *kyrkjefyrste*.<sup>1059</sup> Ikkje berre hadde han både den høgste geistlege og verdslege posisjonen i Noreg, som erkebisp og riksrådsleiar, men erkebispedømet hans var eit uvanleg stort område til bispedøme å vera, med betydeleg inntektspotensiale. Der hadde han både geistleg og verdsleg administrasjonsapparat, i form av prestar og setesveinar,<sup>1060</sup> og i Trondheim hadde han domkapittel og kanselli som ikkje ser ut til å ha gjort han rangen stridig om inntektene, men heller samarbeidd til det felles beste.<sup>1061</sup> Han slo mynt og gav både adelskap og våpenbrev, og i tillegg utvikla han den verdslege makta si ved å byggje eit sterkt militært forsvar med eigen hird og eigen militærflåte – frå borga Steinvikholm som han let reise frå 1525 i Trondheimsfjorden, til Vardøhus. I tillegg dreiv han utanrikspolitikk og handel, med eigne bankforbindelsar på kontinentet. Og han hadde Trondheim i len dei første åra av styret sitt. Han hadde altså samstundes makt innanfor alle fire områda me såg på innleiingsvis i kapittel 1; økonomisk, ideologisk, militær og politisk.<sup>1062</sup>

Olav hadde med andre ord enorme ressursar å setja inn i kampen for trua. *Innom* dette ressursrike domenet til erkebisen var det likevel spenningar. Som me har vore inne på før – i den nordlegaste delen hadde det vore tre sterke kyrkjelege aktørar i kvar sine område: I Finnmark var det erkebisen, i Nord-Troms var det kongelege kapellet på Tromsøya tyngdepunktet<sup>1063</sup> og i Sør-Troms domkapitlet. I Trøndelag var erkebisen suverent største jordeigaren, og han hadde vakse kraftig gjennom seinmellomalderen.<sup>1064</sup> Men i Sør-Troms

---

<sup>1057</sup> DN XVI-359, 1517.

<sup>1058</sup> DN IV-1080, 1521; Hamre 1943: 109; Hamre 1955: 522.

<sup>1059</sup> Imsen 2004(f): 45.

<sup>1060</sup> Men ingen prostar, som til dømes i Jemtland, eitt av dei mange lena han var verdsleg herre over.

Setesveinane gjorde mykje av oppgåvene som prostane elles gjorde.

<sup>1061</sup> Blom 1997: 328.

<sup>1062</sup> Mann 1986: 2.

<sup>1063</sup> Sjølv om Tromsø etterkvart vart kannikgjeld og kong Hans' initiativ i 1486 truleg ikkje førde til noko sterk kongeleg innblanding i den kyrkjelege strukturen.

<sup>1064</sup> Dybdahl 2004: 70–71.

driv erkebisen ingen aktiv jordtileigningspolitikk i seinmellomalderen, og det ser ut til at han i samarbeid med domkapitlet slår seg til ro med at lokalkyrkjene, det vil seia kannikgjeldet, tek imot sjelegåvene. Han ser heller ikkje ut til å ta opp kampen med kongemakta, som gjennom seinmellomalderen også blir ein stor jordeigar i Sør-Troms – berre inne i Astafjord går ho frå å eige omlag 2 % av jorda i høgmellomalderen, til 27,8 % på byrjinga av 1600-talet (då hadde ho i tillegg overteke den minimale erkebispjordegodsdelene i det området på 1,4 %).<sup>1065</sup> Men jorda stod berre for delar av inntektene, og som me har sett i førre delkapitlet; det var først og fremst dei rike fiskeinntektene statsmakta utfordra erkebisen på. Sjølv med vekslande kongar – og vekslande alliansar – innsåg den danske kongemakta at dei først måtte knekke kyrkja som verdsleg maktfaktor, før dei kunne knekke ho som kyrkje.<sup>1066</sup> “Det sterkeste skytset ble derfor rettet mot erkesetet da kongemakten gikk inn for å omskape maktforholdene i Norge.”<sup>1067</sup>

Og ein velkjent måte å gå til åtak på kyrkja var å halde fram striden om skattefridom og handelsprivilegium, som me såg mellom Erik Valkendorf og Jørgen Hansson – og scenen var framleis Finnmark:

I 1528 skriv Vincens Lunge, som då er vorte statthaldar nordafjells, til futen sin på Vardøhus, Olav Isaksson.<sup>1068</sup> Sidan Olav har levert rekneskap med så mange feil og manglar, må han bli i nord som straff: “Jeg haffde vel vndt teg i iar at komme sør hues slig forbenef(n)de bruster iche verid haffde.” Vincens skriv at erkebisen visstnok er på veg nordover på visitasreise, “endog hans nade meg ther inthet om skreffuit haffuer”, og han sjølv har også tenkt seg i veg for å sjå på tilhøva og prate med folk – både fatige og rike, samar og nordmenn. Dei skal vise han, deira “rettthe lantzherre oc kongelige maiestatz statzholder nordenfels i Norige”, ære og minner om at han har fullmakter som om hans nåde, kongen personleg, var til stades. Han har også tenkt seg vidare austover for å handle med russarane. *Difor* treng han at Olav Isaksson finn ut kor mange setesveinar erkebisen har i kvart vær i heile Finnmark – om dei er til stades eller ikkje. Han skriv vidare, som for å minne den tydelegvis noko udugelege Isaksson på, at dei er skattefrie sjølvtrede og nokre sjølvandre, men ikkje meir – og at dei skal bøte til han.

---

<sup>1065</sup> Hansen 2000: 238–239.

<sup>1066</sup> Hamre 1954: 88.

<sup>1067</sup> Blom 1997: 313.

<sup>1068</sup> DN VIII-572, 1528; *NgL* 2 r., 4 bd., bd. 1: 243–44.

Vincens posisjonerer seg altså – både i høve til sjølve fisket (det kjem fram tidleg i brevet, der han beskriv korleis dei 20 utrorskarane hans skal arbeide), men også i høve til handelsverksemda og skattlegginga. Han vil tydelegvis både kartleggje erkebispens ressursar og styrke, samstundes som han understrekar kven som har skattefritak og ikkje. Den gode Vincens blir på mange måtar Olavs banemann, sjølv om det er Olav som får teke livet av Vincens først. Men det er etter turbulente år med sterk strid dei imellom.<sup>1069</sup>

Striden mellom Olav og kongemakta er likevel, i alle fall frå Olav si side, heile tida også ein strid for kyrkja og den rette trua. Då Fredrik I dør i 1533 prøver Olav nok eingong å ha handa på rattet i riksrådet og kallar inn til riksmøte på Bud. Saklista er lang – det handlar først og fremst om den politiske situasjonen og det føreståande kongevalet og dei rettane og pliktene det skal innebera for Noreg og kyrkja, men også ei heil rekkje andre spørsmål står på dagsordenen og fleire mindre saker blir behandla.<sup>1070</sup> Erkebisen påpeiker mellom anna korleis tyskarane på Bryggen krenkjer andre kjøpstader sine fridomar og privilegium, korleis samane i Nordlanda må skatte både til Sverige, Russland og Noreg (noko han er misnøgd med), at tienda ikkje blir gjort rett korkje “tiill landz eller siøs”, at utferd og offertoll og andre avgifter ikkje blir gjevne ut rett, at messer blir haldne på norsk “ymott thenn hellige kirkis skiick och budh”, at det ikkje er ein skule i kvar domkyrkje – og heil rekkje andre problem av både kyrkjeleg og verdsleg art.<sup>1071</sup> Men alt i alt er det tale om ei rekkje alvorleg klagemål om brot på kyrkjelege føresegner, kristenrett og kyrkjias inntektsgrunnlag. Og det er ingen ting, korkje i saklista på Bud eller det me elles veit om møtet, som tyder på at domkapitlet hans er usamd – Olav framstår som leiari for ein samla flokk. Rett nok var ikkje domkapitlet eller andre domkapittel nemnde mellom dei som vart innkalla til møtet, men domkapitlet kunne i slike høve alltid rekna med å vera representerte av kannikar i følgjet til (erke)bisen.<sup>1072</sup>

---

<sup>1069</sup> I januar 1528 er framleis Vincens og erkebisen delvis på lag, sjølv om Vincens allereie då hadde vist fram sine lutherske sympatiar og samhaldet dei imellom – mot kong Fredrik – hadde byrja slå sprekkar. Ingen ting tyder på at Vincens kjem seg til Finnmark i løpet av våren og sommaren, det gjer derimot Olav – han er på visitasreise og forhalar så lenge han kan kroninga av Fredrik til ny konge (*DN VII-650, 652, 1528*). Olav går etterkvart til open krig mot Vincens og svigermora, fru Ingjerd Ottesdotter på Austrått, og med skiftande intensitet (dei er delvis forlikte mellom anna i 1533, då erkebisen utrustar eit skip til Vincens, så han kjem seg til Finnmark, og Vincens på si side gjev erkebisen 1000 vågar råskjær å handle med på Finnmarka og i austerhavet (*DN X-652, 653; XIV-718, 721*)) og alliansar held denne striden fram, forbi Fredrik Is død, gjennom grevefeiden og til altså Vincens blir drepen i Trondheim i januar 1536.

<sup>1070</sup> Som til dømes eigedomssaka der Aslak Engelbrektsson er meddomar (*DN IV-1001, 1533*). *NgL* 2 r., 4 bd., bd. 1: 351–355.

<sup>1071</sup> Men kvifor “om reynnkalffwe” står der, er ikkje godt å veta. Lars Hamre antydar det kan ha med tiendspørsmål å gjera (Hamre 1998: 562), Lars Ivar Hansen lurar på om det kan ha med det dyrebare skinnet til kalvane å gjera (personleg samtale).

<sup>1072</sup> Hamre 1998: 550–51.

Møtet på Bud gav erkebisen vide fullmakter i det interregnet som framleis var etter Fredrik Is død, men grevefeiden i Danmark, som til slutt enda opp med to lutherske kongekandidatar, gjorde det ikkje lettare for kyrkjefyrsten å manøvrere mellom det nordafjelske og det sunnfjelske riksrådet, adelsinteresser, kongekandidatar og (sviktande) utanlandske interesser. “Olav utførte en stadig mer halsbrekkende balansegang”, som til slutt endar med at han er pressa opp i eit hjørna, får Vincens Lunge drepen og resten av riksrådet fengsla i januar 1536 (noko som fører til usemje også mellom hans næraste i domkapitlet<sup>1073</sup>), men greidde til slutt ikkje stå imot den danske sigerherren Christian III. Han var ihuga lutheranar og fekk om hausten 1536 eit svekka dansk riksråd til å akseptere ein “fullstendig reformasjon i en kongelig ledet statskirke” og i handfestinga si samstundes vedteke den såkalla “Norgesparagrafen”, som beint fram slo fast at Noreg ikkje lenger var eit eige rike, men del av det danske.<sup>1074</sup> Olav heldt stand på seg på Steinvikholm vinteren over, men reiser or landet i april 1537 og døyr i Nederlanda i 1538.

I desse dramatiske åra for erkebisen, kyrkja og Noreg gjekk vel livet i Trondenes kannikgjeld likevel mest som før. Kampane Olav, riksrådet og kongen førde gjekk føre seg i, aust og sør for Trondheim, så korleis tumultane påverka det daglege livet i kannikgjeldet har me ingen kjelder om. Og ingen ting tyder på at den infrastrukturen som var bygd opp med frakt langs kysten vart nemneverdig påverka.<sup>1075</sup> Men bortsett frå Aslak Engelbrektsson, som stadig var sørover i ombod for broren, ser det ikkje ut til at dei andre setesveinane har forlate Trondenes – me finn dei i alle fall ikkje, kanskje med unntak av Olav Halvorsson,<sup>1076</sup> i resten av rekneskapsbøkene til erkebisen.

Korleis prestekollegiet på Trondenes og ålmenta i kannikgjeldet møtte utfordringane frå den nye trua, veit me heller ingenting om. Dei få tilløpa til luthersk forkynning før reformasjonsutbrotet finn me stort sett hjå Vincens Lunge og annan dansk adel – og i Bergen by: I 1529 får Herman Frese og Jens Viborg løyve av kongen til å preike – Luthers lære.<sup>1077</sup> Med den næra kontakten det var mellom Bergen og alle dei involverte i fiskehandelen, kan ein lett sjå for seg at desse tankane også raskt kom nordover, og i 1530 rapporterer

---

<sup>1073</sup> DN XXII-372, 1537.

<sup>1074</sup> Hamre 1998: 599–613; Rian: [http://snl.no/nbl\\_biografi/Christian\\_3/utdypning](http://snl.no/nbl_biografi/Christian_3/utdypning), sist sett 05.10.2013.

<sup>1075</sup> Anna enn ved generell kaperverksemd og uro mellom krigførande europeiske statar, som også destabiliserte kysten utanfor i alle fall sørlege Noreg.

<sup>1076</sup> I 1536 finn me ein Olav Halvorsson som får sveineløn av Olav, men om det er den same karen som var setesvein i 1533, er uråd å veta. (OER: 102.)

<sup>1077</sup> DN VIII-603, 1529; Ellingsen 2004: 60.

erkebispens mann på Vardøhus, Hans Eriksson, i eit brev frå Sørvær om “nogenn luttherij yblanth almwgen ssom swnden tiill kommæ hæimelighe, taa holde the ennw godhe siiduenie ssom the haffue giort tilffornn, er her och stor brysth paa wynn och affletther.”<sup>1078</sup> Som me såg tidlegare i kapitlet var kontakten mellom Bergen og fiskeværa Finnmark endå større enn den mellom Bergen og Trondenes, så det er ikkje så merkeleg at det er i Finnmark det først blir rapportert om lutheri.<sup>1079</sup> Og på Trondenes er det vanskeleg å sjå spor av det. I den boksamlinga som var hjå kollegiatet på Trondenes, med mellom anna tre bibelverk i fem band trykte på slutten av 1400-talet, er Nikolaus av Lyra (1270–1349) godt representert – som han også var i domkapitlet sitt bibliotek.<sup>1080</sup> To av verka er kommentarar av han, og Lyra blir rekna for å vera ein svært framstående teolog og ein forløpar til Martin Luther, ved at han fokuserer på den bokstavlege tydinga av teksten, framfor den spirituelle.<sup>1081</sup> Men Lyra sine verk var på same tid vanleg og utbreidd i seinmellomalderkyrkjene, så det skal godt gjerast å slå fast noko direkte lutheri i kollegiatet til dekanen på Trondenes. Det vore i så fall oppsiktsvekkjande.

Rostock, der Olav Engelbrektsson, Peter Stut og mange andre prelatar hadde fått si utdanning, var eit senter for nordtysk humanisme, sjølv om det var eit katolsk universitet som underviste i teologi “etter dei same linene som før heilt til den lutherske reformasjonen sette inn”.<sup>1082</sup> Olav vart immatrikulert i 1503 – då var han allereie prestevigd – og tok bachelorgraden i 1505 og magister artium i 1507.<sup>1083</sup> Han var forstandar for det norske studenthuset – Regentia St. Olavi – og i den eigenskapen truleg også lærar, i så fall den første norske universitetslæraren me veit om. I Rostock må han ha høyrte førelesingane til humanisten Ulrich von Hutten, “på same tid opprørar og lærd, klassikar og tysknasjonal”,<sup>1084</sup> og der møtte han brørne Olaus og Johannes Magnus, den siste erkebispem i Sverige, og han vart også ven med dansken Peter Villadsen og svensken Laurentius Andreæ, som valde vekk katolisismen og vart Gustav Wasas kanslar og reformative kraft.<sup>1085</sup>

---

<sup>1078</sup> DN VIII-623, 1530.

<sup>1079</sup> Bratrein 2007: 243.

<sup>1080</sup> Bergesen 2011(b): 104–107; Nissen 1993: 94.

<sup>1081</sup> Berg, Storm og Bergesen 2011: 160.

<sup>1082</sup> Hamre 1998: 255.

<sup>1083</sup> Daae 1885: 68, 145.

<sup>1084</sup> Hamre 1998: 255; Koht 1951: 44.

<sup>1085</sup> DN XI-527, 1529; Bergsgård 1955: 536.



Olav var oppteken av prestane si utdanning. Etter alt å døme var det erkesetet sjølv som kosta olavshuset,<sup>1086</sup> og til riskmøtet i Bud var presteutdanninga eitt av punkta Olav tok opp.<sup>1087</sup> Men trass i sine nære band til Rostock, og trass i olavshuset, sende han dei unge studentane frå Trondenes og Andenes til det “erkekatske universitetet i Köln”; onkelungane sine Gaute og Hallvard Taraldsson og Trond Aslaksson.<sup>1088</sup> Jekteskipper Olav Torbjørnsson på Andenes sine lovande søner, Torbjørn og Jens, erkebispens nære politiske medarbeidarar på 1530-talet, reiste også til Köln.<sup>1089</sup> Anders Aslaksson, søskenbarnet til erkebispem som me møtte i kapittel 8.3, kannik på 1530-talet og sokneprest til Lofoten i 1540, vart innskriven i Rostock i 1519, men flytta over til Köln i 1527 – endå universitetet i Köln rasa i popularitet etter 1520.<sup>1090</sup> Det er svært sannsynleg at Olav hadde ei meining om kvar desse gutane skulle studere. Olavs forgjengar, Erik Valkendorf, hadde studert i Köln<sup>1091</sup> – kanskje påverka dette valet hans. Men kan han også ha meint at Rostock var *for* utsett for luthersk påverknad – og kanskje difor var det ikkje berre dei andre store og kostbare byggjeprojekta, på domen og Steinvikholm, som gjorde at han let olavshuset forfalle, slik det kjem klager om frå universitetet. Kanskje var det ei styrt avvikling. Og kvifor skulle han halde residensen i hevd – i Rostocks matriklar blir ingen norske studentar uteksaminerte etter 1520 og ingen skrivne inn etter 1526.<sup>1092</sup>

Men til liks med Regentia Olavi, fall Olav Engelbrektssons norske, katolske kyrkje – same kor mange unge håpefulle han sende til Köln.<sup>1093</sup> Olav sitt ettermæle var i mange år som ein “upålitelig og intrigant prelat”, skriv Øystein Rian, som meiner luthersksinna historikarar uglesåg han og nasjonalsinna historikarar klandra han for å ha ofra noregsinteressene på kyrkjias altar.<sup>1094</sup> Men mange har etterkvart bøtt på dette, frå Ludvig Daae til Lars Hamre, og vist, gjennom grundige kjeldestudium, at “Olav i alle faser av striden var sterkt engasjert for både Norges og kirkens sak [...] Olav Engelbrektsson var utvilsomt en rikt utrustet mann med en sterk karakter som tålte mye motgang: “Norges pryd” kalte Vincens Lunge ham den gang de var venner.”<sup>1095</sup> Fleire har også peika på at lagnaden var uunngåeleg – det katolske Noreg

<sup>1086</sup> DN XI-518, 1529; Daae 1885: 35; Lange 1852: 72.

<sup>1087</sup> NgL 2 r., 4 bd., bd. 1: 353.

<sup>1088</sup> Hamre 1998: 254; Keussen 1919: 895, 933.

<sup>1089</sup> DN XII-543, 1533; Hamre 1998: 558; Daae 1875: 490–491; Keussen 1919: 890, 903.

<sup>1090</sup> Grønli 1952: 237–238; Daae 1875: 482; Keussen 1919: 892.

<sup>1091</sup> Keussen 1919: 588.

<sup>1092</sup> Daae 1885: 79, 80, 146. Det tek seg opp att på 1540-talet; den første innskriven i 1542 og den første uteksaminert i 1548.

<sup>1093</sup> Dei dramatiske vårmånadane i 1537 kjem me attende til i kapittel 10.

<sup>1094</sup> Rian 2004(a): 9; [http://snl.no/nbl/biografi/Olav\\_Engelbrektsson/utdypning](http://snl.no/nbl/biografi/Olav_Engelbrektsson/utdypning), sist sett 05.10.2013.

<sup>1095</sup> Rian 2004(a): 14–16; Rian 2004(b): 91; [http://snl.no/nbl/biografi/Olav\\_Engelbrektsson/utdypning](http://snl.no/nbl/biografi/Olav_Engelbrektsson/utdypning), sist sett 05.10.2013.

mangla evne og ikkje minst materielle ressursar til å stå imot danskane, og til slutt den lutherske Christian III. Og desse motkreftene var enormt sterke, poengterer Rian.<sup>1096</sup> Men Rian og Steinar Imsen legg også vekt på at ressursmangel ikkje var hovudproblemet, og Imsen trekkjer fram dei norske aktørane sin manglande *vilje* ved å sitere Ernst Sars' innleiing til Grunnlova: "Evnen til at forsvare Landet vilde have været rundelig stor nok, saafremt ikke Viljen havde manglet."<sup>1097</sup>

#### 9.4 Trondenes ved inngangen til reformasjonshundreåret

Trondenes kyrkje og det etterkvart store kannikgjeldet hadde vorte eit ettertrakta beneficium i kyrkjeverda gjennom seinmellomalderen. Kannikgjeldet genererte store inntekter til innehavaren, men også til andre aktørar som var tilknytta den kyrkjelege strukturen. På same tid kunne kyrkjene i kannikgjeldet tilby soknefolket både åndelege og verdslege tenester, i form av messefeiring og sjelesorg, og som arbeidsgjevar og jordeigar. Med sitt rikhaldige interiør, store presteskap og mange annekskyrkjer var trondeneskyrkja og såleis kannikgjeldet på alle vis "godt integrert i den vesteuropeiske kristne praksis".<sup>1098</sup>

Trass i pavane si aukande vilje utover i seinmellomalderen til å koma med provisjonskrav til kyrkjelege kall, også til lågare ombod enn bispedømet, var det uvanleg at kurien la seg borti anna enn bispekall her til lands.<sup>1099</sup> Pavens interesser for Trondenes er eit unntak i så måte. Det seier noko om Trondenes' rikdomar, men det er også eit illustrerande døme på den maktkampen som gjekk føre seg innom kyrkja – kven skulle bestemme, paven eller bispem? Paven var i utgangspunktet berre bisp i Roma, og den tiltakande leiarposisjonen for heile kyrkja som han bygde seg opp utover i seinmellomalderen, var på ingen måte uproblematisk for resten av kyrkja. Dette kunne opne for manøvreringsrom for kongemakta og andre verdslege interesser, som me såg det då kong Hans i 1486 med hell mobiliserte pavebrev frå 1300-talet i krava sine om patronatsretten til Tromsø-kyrkja.<sup>1100</sup> Men sjølv om Trondenes og Nidaros i prinsippet – og i praksis, på ein del område – var like nært Roma som det til dømes Padova var, var sjølv sagt Trondenes og Nidaros også langt unna Roma. Men likevel – på dei reisene dei norske geistlege frå erkebispesetet gjorde til Roma i seinmellomalderen, er det

---

<sup>1096</sup> Rian 2004(a): 12.

<sup>1097</sup> Imsen 2004(f): 50.

<sup>1098</sup> Bergesen 2011(b): 173.

<sup>1099</sup> Nielsen 1968: 534–535; Haug 1996: 272–273.

<sup>1100</sup> DNI-113, 114, 1306; I-950, 1486; XVII-738, 1486.

ingen ting som tyder på at dei ser på seg sjølve som utkantkristne. Ja, dei kjem frå utkanten av den kristne verda, men dei sjølve er ikkje utkantkristne.

Olav Trondsson blir gravlagt i St. Agostino-kyrkja og Sakse Gunnarsson – og erkebisp Gaute og fleire med han – let seg skrive inn i Heilagandeordenen i Santo Spirito in Sassia. Begge desse institusjonane var svært populære og nytte stor gunst i kurien på slutten av 1400-talet, og særleg pave Sixtus IV la ned store ressursar kring dei.<sup>1101</sup> Med andre ord orienterte dei norske geistlege seg mot det som var i vinden i renessansepavanes Roma og veik ikkje attende frå å søkje seg dit. Dei kom frå periferien, ein geografisk periferi, men det er kanskje ein utilstrekkeleg term for å forstå kva for sjølvoppfatning desse geistlege hadde om sine posisjonar i den internasjonale kyrkja. Skal ein finne ut kor langt det var mellom Trondenes, Nidaros og Roma må ein også sjå til ulike andre måleiningar; økonomisk, sosial, demografisk og kulturell avstand – som alle var meir og mindre periferiske i høve til pavekyrkjas universelle påbod, tilbod og krav.

Fisken og kyrkja hadde knytt Trondenes, Nidaros og kontinentet saman. Trondenes leverte ressursar og fekk att ressursar, som til dømes kyrkjekunsten og boksamlinga, med sentrale europeiske verk som dei av Nikolaus av Lyra. Og *innhaldet* i kyrkjekunsten speglar årsakene til rikdomen; St. Anna og hennar heilage slekt vernar om havet, fisken, handelen og borgarskapet. Dette symbiotiske tilhøvet mellom dei kyrkjelege aktørane i erkebispedømet, bygdeeliten og borgarskapet, finansiert av fisken i nord og jorda i Trøndelag, var grunnpilaren i den kyrkjefyrstelege delen av det Øystein Rian har kalla *det norske systemet*<sup>1102</sup>:

Erkebispane var opptekne av å sikre riksrådets sjølvstendige makt, for gjennom det å sikre kyrkjefridomen. I nord innebar det mellom anna ei nærverande kyrkje – som i bytte mot økonomiske ressursar tilbød jobb og påverknad – og ein fjern konge. Og denne ressursutvekslinga, med “ættesamband og klienthøve mellom knapesjiktet og episkopatet og kapitulares” gav dei norske prelatane ein utvida maktbasis, “tufta på eit sosialt nettverk der nettopp ætteband, klienttilhøve og subvasallitet var sentrale ledd.”<sup>1103</sup> Men sjølv om kongemakta var mindre synleg i nord, var likevel samarbeidet mellom kyrkja og kongen (og

---

<sup>1101</sup> Kolsrud 1924: 24; Lindbæk og Stemann 1906; Howe 1978. St. Agostino-kyrkja som byggverk var korkje stor eller prangande då Olav døydde, for augustinarane hadde ikkje store ressursar, men nytte stor respekt og stod paven nær. Nokre få år etter han døydde, derimot, bømte pave Sixtus IV på dette og la i 1479 ned grunnsteinen til den kyrkja som står i dag. Kyrkja var teikna av Giacomo da Pietrasanta og Sebastiano da Firenze – og rekna for å vera “av dei beste romerske byggverk fraa Quattrocento, den italienske kunsts gullalder” (Kolsrud 1924: 24).

<sup>1102</sup> Rian 2004(b).

<sup>1103</sup> Hamre 1998: 825; Rian 2005: 19.

paven) i store trekk godt under både Olav Trondsson og Gaute Ivarsson si erkebispetid. Det førde til at bispane og andre prelatar utover mot slutten av 1400-talet i aukande grad fekk forvalte kronas len; noko som i første omgang innebar ei maktauke, men, som Lars Hamre skriv, “denne sammenblanding av kirkelig og statlig funksjon kom i det lange løp til å bli skjebnesvanger for episcopatet.”<sup>1104</sup>

Då det norske systemet så fall med erkebisen, fekk det nødvendigvis store konsekvensar i nord. Men kor store? Erkebisen hadde, saman med dekan og domkapittel, styrt både åndeleg, politisk og militært i nord, og hadde, saman med fisken og hansaen, halde kontakten med resten av Europa. I ettertid har alle slags syn rådd om Olav Engelbrektsson opp gjennom hundreåra; var han mest oppteken av trua, av kyrkja, av Noreg eller av seg sjølv? Var han kanskje meir av ein europear enn det me har trudd?<sup>1105</sup> Øystein Rian meiner Olav Engelbrektsson var påfallande norsk i sin politiske praksis, men at det er ein anakronisme å skulle avgjera i kva grad Olav sette anten norske eller kyrkjjas interesser først.<sup>1106</sup> Det var ikkje noko motsetningstilhøve mellom kyrkja og det norske. Kyrkja hadde i mange hundre år gjeve *innhald* til det norske, slik sett var “senmiddelalderkirken den mest utpregede norske nasjonalkirken vi noen sinne har hatt.” Dette er ein analyse som ikkje blir noko dårlegare om ein ser berre på trondenesfeltet: Kyrkja, med sine ulike aktørar, var det som først og fremst hadde forma innhaldet i trondenesfeltet. “Det norske elitesystemet i seinmiddelalderen”, skriv Rian, “dreide seg om to parallelle elitemiljøer, det ene kirkelig og det andre statlig eller mer nøytralt sagt, ikke-kirkelig. Det fantes ikke vanntette skott mellom de to.” Rian går vidare til å skildre det ikkje-kyrkjelege elitemiljøet som ein lensherre med klientar under, henta frå storbonde- og adelssjiktet – noko som sjølv sagt også galdt i Trondenes; det *var* ein statleg administrasjon der. Eg meiner likevel det er dekning for å seia at denne på ingen måte var likeverdig med det kyrkjelege elitemiljøet. I trondenesfeltet kan ein kanskje snakke om  $\frac{3}{4}$  kyrkje,  $\frac{1}{4}$  stat. Men den kvarte staten synte etterkvart sterke musklar. “Olav ville ha vunnet en folkeavstemning i 1536, men han tapte militært”, konkluderer Rian.<sup>1107</sup>

Heilt sidan erkebisp Gaute kan seiast å ha innført det norske kyrkjefyrstelege systemet hadde det vore fredstid fram mot Olav Engelbrektssons (lange) fall, men det var ei ulmande fredstid,

---

<sup>1104</sup> Hamre 1955: 492.

<sup>1105</sup> Ellingsen 2004: 58.

<sup>1106</sup> Rian 2004(b): 95, 97.

<sup>1107</sup> Rian 2004(b): 99.

skriv Lars Hamre.<sup>1108</sup> I røynda var kyrkja heile tida på defensiven, “et ledd i en almeneuropeisk utvikling”. Ulminga skuldast også den etterkvart uklare grenseoppgangen mellom kyrkje og konge som følgde av at erkebisen var vorte riksrådsleiar og til tider verdsleg lensherre i nord. I trondenesfeltet vil eg likevel meine at den ulmande freden varte lenge, kyrkjelege og verdslege interesser gjekk i ein annan, heilt til det brått tok slutt midt på 1530-talet. Trondenes kannikgjeld var ei viktig brikke i oppbygginga av erkebispedømet Nidaros, men det hjelpte ikkje når det barst i herdinga. “Det norske erkebisperiket var sterkt nok til å ta opp en krig mot den danske kongemakten i Norge, men det var ikke sterkt nok til å vinne den.”<sup>1109</sup>

Det gjekk i alle høve slik det gjekk. Så sjølv om den samla styrken som trondenesfeltet og dei andre delane av erkebispedømet kunne tilby erkebisen var stor, både i form av økonomisk og menneskeleg kapital, var det likevel ikkje nok i den kampen han førde for trua, kyrkja og det norske sjølvstendet.

Kannikgjeldet Trondenes derimot, rakna ikkje på same måten som erkebispedømet. Og dekanen og domkapitlet overlevde også reformasjonen. Olavs heimtrakter i nord hadde vorte styrkt gjennom Olav si regjeringstid – han gjorde dekanen nærast overflødig, og såleis hadde trondenesfeltet fått samla dei to sterkaste aktørane rundt éin posisjon. Såleis var på mange måtar grunnen lagt for det som kom til å bli den kombinerte dekan- og superintendentrolla etter den kongelege maktovertakinga av kyrkja i 1537. Men kva skjedde med nettverka erkebisen hadde bygd seg opp på? Kva for endringar førde den nye statsskikken med seg for aktørane i feltet Trondenes?

---

<sup>1108</sup> Hamre 1955: 524–525.

<sup>1109</sup> Holmsen 1976: 27.

## **Del V      Feltet Trondenes gjennom reformasjonshundreåret**

Feltet Trondenes er framleis gjennom reformasjonshundreåret sett saman av det fysiske og organisatoriske kannikgjeldet, med dei to underfelta, det regionale og det kyrkjeadministrative. Men der dekanen og erkebisen hadde kome til å utgjera den sentrale aksen i feltet gjennom seinmellomalderen, blir reformasjonshundreåret prega av ei større grad av makttredeling; mellom superintendenten, domkapitlet og lensherren

Men spørsmåla er dei same: Korleis blir dei relasjonelle posisjonane mellom aktørane i feltet Trondenes danna – og omdanna? Kva slags kampar blir kjempa, og kva for kapitalar blir mobiliserte?

## Kapittel 10: 1537–1563: Frå nordnorsk til dansk til nordnorsk

“Nord-Norge glei nå inn i en politisk passivitet, som skulle vare lenge. Slik sett kan vi si at Reformasjonen i 1537 blei ei stor ulykke for landsdelen.”<sup>1110</sup> Slik oppsummerer Håvard Dahl Bratrein resultata av dei turbulente 1530-åra, som munna ut i den danske kongen si maktovertaking av den norske staten og den norske og danske kyrkjeorganisasjonen. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at den tydinga Sør-Troms, med sine menneskelege og økonomiske ressursar, hadde hatt i det sterke erkebispedømet, minka med erkebispens fall. Men prestegjeldet Trondenes var framleis eit rikt beneficium som vart verande ved kannikane i Trondheim, så korleis kom denne maktovertakinga til å ovre seg i *feltet* Trondenes?

Også i trondenesfeltet baud reformasjonsåret 1536–37 på endringar. Nokre var og må ha vore opplevd som dramatiske, medan andre gjekk føre seg utan særleg oppstuss. Somme endringar kom fyrst til syne etter fleire år, medan andre ikkje vart varige. Den kongelege kyrkjeovertakinga førde definitivt med seg nye aktørar i feltet Trondenes, og korta vart delte ut på nytt, for å bruke spelmetaforen til Bourdieu. Men førde overtakinga også med seg nye verdiar og ny kapital i feltet? I dette kapitlet skal me sjå på kampane om tilpassinga til den nye tida i feltet Trondenes – kva var det som stod på spel i det kyrkjeadministrative feltet og kva stod på spel i det regionale feltet. Men først til dei dramatiske hendingane våren 1537.

### 10.1 Stormen i 1537 – og etterdønningane i nord

Ei av dei siste politiske manøvreringane til erkebisp Olav Engelbrektsson var å innta Vardøhus vinteren 1536.<sup>1111</sup> Med festninga si Steinvikholm i Trondheimsfjorden i tillegg hadde han såleis høve til å kontrollere heile Nord-Noreg militært. Det gagna likevel lite. Då han måtte fara or landet i april 1537, vart ein lojal krins igjen for å forsvare Steinvikholm, og han sende nordover ein ekspedisjon med sine trufaste medarbeidarar, med Olav Teiste i spissen. Dei skulle samle inn skatt og hente med seg det dei kunne av omsettelege verdiar og hindre at ”innvigde og sakrale ting kom i kjettarhender”.<sup>1112</sup> Dei henta òg med seg bror til Olav, setesveinen Aslak Engelbrektsson på Trondenes. Mogelegvis var dei så langt som til Finnmark, og på returen for dei via Lofoten og så til Nederlanda med erkebispem. Kannikgjeldet Trondenes og soknekyrkja på Trondenes slapp heller ikkje unna Teiste si plyndring, trass i at det var dekanens beneficium, dekanen Knut Pedersson som på

---

<sup>1110</sup> Bratrein 2007: 252.

<sup>1111</sup> DN XXII-330, 1536.

<sup>1112</sup> DN XXII-386, 1537; Bratrein 2007: 248–249; Hamre 1998: 772.

plyndringstidspunktet lojalt forsvarte Steinvikholm. Men Christian III let ikkje Teiste ture fram åleine. Han sende Knut Alvsson, Bergenhus-høvedsmann Eske Billes mann, nordover for å innhente Teiste og innta Vardøhus, og for å straffe dei nordnorske støttespelarane til erkebispem. <sup>1113</sup> Teiste nådde han ikkje, men ein straffeekspedisjon vart det. Vitnemål om rettargang mot i alt 21 namngjevne personar er bevarte, mellom dei 10 setesveinar og 5 geistlege, og frå desse vart det inndrege store mengder gods og varer – ei "systematisk utplyndring", som Lars Hamre skriv. <sup>1114</sup> Alvssons ekspedisjon vart oppfatta som svært brutal, også av støttespelarane til kongen. <sup>1115</sup>

Figur 21: Støttespelarar til erkebispem våren 1537

<i>Støttespelarar til erkebispem i [Nordlandene] i 1537</i>	<i>Tilhøyrslø 1537</i>	<i>Andre opplysningar om dei</i>
Herr Jens Tygesson		herr Jens Tykesson Salten 1536
Nils Seborg		setesvein Andenes 1521
Staffan Andersson, setesvein		setesvein Gildeskål 1533
Iver Jonsson, setesvein		setesvein Lødingen 1533
Knut Torleivsson	Salten	setesvein Salten 1533
Jacob Michelsson		setesvein Jacop i Sørvær i 1533 eller her Jacob i Lødingen i 1536?
Jens Jude "enn fattig mandt"		jekteskipper 1513, setesvein Salten og Torsken 1533
Olav Engelbrektsson	Rogla	setesvein Trondenes 1533
Herr Olav Solle	Brønnøy	kannik før og etter 1537, Brønnøy
?? Jensson	Senja	Lasse Jensson (setesvein i Trondenes 1533)?
Olav Pedersson	Andenes	setesvein Andenes 1533 og 1536
Engelbrekt Hallvardsson		
Herr Olav Villumsson		kannik før og etter 1537, Vesterålen
Nils smed <sup>1116</sup>		setesvein Niels smydht i Alstahaug 1533
?? [A]slaksson	Lofoten	
Olav Hallvardsson	Senja	setesvein Olav Halvorson i Torsken 1533?
Olav Håkonsson	Lofoten	
Herr Rasmus Hansson		borgar i Bergen i 1544
Mikkel Olsson	Tromsø	
Nils Jude		
Herr Anders "enn fattig capelann"	Finnmark	

(DN XIII-630, 633–639; XXII 403–404, 1537; VI-757, 1544; OER: 40–41, 133.)

18. mai 1537 måtte dekan Knut Pedersson og dei andre olavslojalistane på Steinvikholm kapitulere, og 7. juni ber han kongen om å bli spart for vidare plyndring av Trondenes og

<sup>1113</sup> DN XXII-385–387, 1537.

<sup>1114</sup> DN XIII-630, 633–639; XXII-403, 404, 1537; Bratrein 2007: 249; Hamre 1998: 790.

<sup>1115</sup> Bratrein 2007: 249; XXII-404.

<sup>1116</sup> Trygve Lysaker meiner Nils smed er dekanens representant på Trondenes (Lysaker 1987(a): 29), utan å syne til noko kjelde. Me finn "Niels smydht" som setesvein i Alstahaug i 1533 (OER: 41). Då Knut Pedersson i januar 1538 overlet Trondenes til Torbjørn Olavsson Bratt, er ein "Capellan Her Niels" på Trondenes omtalt (DN XII-584), medan Knut Pedersson sommaren før også har ein dreng som heiter Niels Person (DN XII-578). Men i "plyndredokumentet" DN XIII-634 og lista Nils sjølv har sett opp (XIII-635), er det ingen ting som tilseier at "Nis Smedt" har noko med Trondenes å gjera – bortsett frå at han mistar mange kyrkjelege eigedelar. Men dei kyrkjelege lausøyra frå Trondenes skulle ein tru at Olav Teiste allereie hadde fått med seg til Nederlanda.



avkortning av inntekter derifrå.<sup>1117</sup> Og han vart bønnehøyrd. Trondenes vart verande eit kannikgjeld, og heldt, i likskap med dei andre kannikgjelda, fram med å vera kyrkjeleg inntektspost også etter 1537.

### Opprør frå ein politisk opposisjon?

Håvard Dahl Bratrein meiner hendingane i nord i det turbulente reformasjonsåret syner at ikkje berre var landsdelen full av ressursar det galdt å få hand om, men at det også var ein stor politisk opposisjon der som det var viktig å slå ned. Denne opposisjonen var lojal mot erkebispem som særleg av di dei var involverte i dei lukrative handelsnettverka som erkebispem stod i spissen for, og som dei var redde for kom til å rakne. Og sjølv om rettsdokumenta ikkje vitnar noko om dét, meiner Bratrein at denne opposisjonen må ha gjeve konkrete uttrykk for dette, ”både i ord og gjerninger”, sidan straffane frå kongen og Alvsson var så harde. Styresmaktene må ha oppfatta det som ”opprør eller ei politisk mobilisering mot kongemakta, på linje med landsforræderi ” – difor også den brutale framferda.<sup>1118</sup>

Me har ikkje andre kjelder som vitnar om noko organisert opprør, men det er tydeleg at særleg setesveinane blir sett på som ei stor politisk utfordring for kongemakta. Også på mørekysten lever dei utrygt i reformasjonsvinteren og blir hersa med av Eske Bille, ein av kongens ivrigaste menn i kampen mot erkebispem, men sjølv katolikk gjennom heile den kongelege kyrkjeovertakinga.<sup>1119</sup>

Av dei åtte karane som var Olav Engelbrektssons setesveinar i Trondenes i 1533 (sjå figur 19, kap. 9.2), måtte fem li under Knut Alvssons plyndring. Aslak Engelbrektsson kom seg unna, Olav Tordsson og Olav Amundsson høyrer me ikkje meir om i første omgang, medan Olav Engelbrektsson i Rogla, Lasse Jensson, Olav Halvardsson, Nils Seborg og Jens Jude vart altså ramma hardt. Olav Hallvardsson fekk rett nok noko oppreising: Sidan Knut Alvsson tok ”från hanum alt hues han aatte: ther fore bleff hanum hanss iacht igenn wntt mett schiipleigenn ther aff.”<sup>1120</sup>

Desse opprivande hendingane og brå omveltingane må ha sett sitt preg på feltet Trondenes – både med det same og i åra som følgde. Ein omgåande reaksjon frå allmugen fleire stader

---

<sup>1117</sup> DN XXII-391; XII-578; XXIII-447, 1537.

<sup>1118</sup> Bratrein 2007: 250.

<sup>1119</sup> DN XXII-352, 370, 1537; Hamre 1998: 785–788.

<sup>1120</sup> DN XIII-634, 1537.

Nordafjells ser ut til å ha vore at dei allereie i 1538 nekta å betala tiend som før.<sup>1121</sup> Ein ting er at framferda til kongens menn overfor den lokale eliten må ha skipla tilhøvet og tilliten mellom den lokale makta og den nye statsmakta kraftig – i alle fall for ei tid. For dei som før hadde hatt nytte av geistleg-verdslege sosiale nettverk, kunne det no vera “belastende å innrømme slekts- og nettverksforbindeleser”.<sup>1122</sup> Noko anna er at svekkinga av denne eliten må ha fått følgjer for mengda av økonomisk kapital i omløp i trondenesfeltet. Likviditeten deira var svekt, og med det vart utrustingskapasiteten for fiskeria lågare, noko som også gjekk utover alle aktørane i dei samansette handelsnettverka – frå fiskar og fiskarbondet til jekteskipperar og handelsborgarane i byane.<sup>1123</sup>

Men det ser ikkje ut til at den fyrste, brutale straffeekspedisjonen sette standarden for det nye styret etter 1537, sjølv om ”den norske eliten som Olav hadde ledet så utholdende, ble nå skjøvet vekk fra alle maktposisjoner”, skriv Øystein Rian. Olav-namnet var populært som aldri før, og folkestemninga var for dei sakene Olav kjempa for. Dei ”danske makthaverne kjente til nordmennes holdninger”, meiner Rian, noko som truleg førde til ein forsiktigare noregspolitikk enn det noregsparagrafen la opp til.

Også innanfor kyrkja var kongen innstilt på ein roleg – og tidkrevjande – overgang, sjølv om bispane fekk li, og vart skulda for alt som hadde vore gale i kyrkja dei siste åra.<sup>1124</sup> Eske Bille på Bergenhus fekk reformasjonssommaren 1537 ordre frå kong Christian III om å føre rekneskap over gull, sølv og andre verdjar i dei kyrkjelege institusjonane og å leggje inn under seg alt bispegods og øyde klostergoods, men domkapittelgoods, sokneprestgoods og gods som høyrde til dei klostra som det framleis budde munkar og nonner i, skulle han ikkje røre.<sup>1125</sup> I tillegg skulle han la kyrkjas folk “bliffue widt theris gammele skicke” og ikkje koma med nye predikantar som kan uroe den “fattige simmple och vforstandige almoe” før kongen lempeleg kunne gje dei “bedre forstandt vdj Guds ordt.”<sup>1126</sup> Kongen var altså raskt ute med å kartleggje og få kontroll over økonomiske verdjar, medan den nye læra måtte innførast med lempe, over tid.

---

<sup>1121</sup> DN XII-588, 1538; Lysaker 1987(a): 30. Og tiendpsørmalet kom til å bli ein gjennomgåande konflikt mellom bondesamfunn og øvrigheit i århundra som følgde.

<sup>1122</sup> Rian 2004(a): 8.

<sup>1123</sup> Kiil 1993: 22.

<sup>1124</sup> Imsen 1982: 5–10.

<sup>1125</sup> I Trondheim stift var det Kristoffer Hvitfeldt som var lensherre, og han fekk truleg same instruksjonen – sjølv om denne er tapt, mykje mogeleg i brannen på Steinvikholm i 1542. (Lysaker 1987(a): 18.)

<sup>1126</sup> DN XXII-396, 17. juni 1537.

Ei sak var at denne framgangsmåten, med ei gradvis omskulering av dei katolske prestane, skapte minst mogleg støy, noko anna var at Christian III hadde få andre alternativ – det stod ikkje ei lang rekkje med ferdig utdanna protestantprestar og venta på å få jobb i 1537. Kva skulle kongen gjera? Mangel på lutherdom var så total, det var ikkje på noko måte eit apparat som kunne følgje opp, og han let difor mykje vera ved det gamle.<sup>1127</sup> Olav Solle, presten i Brønnøy som mista mellom anna 95 lodd sølv, alle klede, senger, kopar, tinn, talg, båtar og reiskap i straffeekspedisjonen i 1537, blir allereie i 1538 utnemnd til kannik (igjen) og i 1540 har han Brønnøy som kannikgjeld.<sup>1128</sup> Olav Engelbrektssons nære frende Torbjørn Olavsson Bratt, ein av to kannikbrør frå Andenes, blir utnemnd til ny dekan i 1538 og vald av domkapitlet i 1542, formelt utnemnd av kongen i 1546, til den fyrste superintendenten i Nidaros – framleis med Trondenes som si hovudinntektskjelde.<sup>1129</sup>

Anten var den politiske opposisjonen ettertrykkjeleg slått ned og ikkje lenger sett på som ein trussel, eller så var aldri plyndringa og reprimandane i nord uttrykk for ein slik veldig opposisjonsfrykt som Håvard Dahl Bratrein skildrar. Eller så vart Olav sjølv vurdert som så sentral, at då han var ute or saga, død i Nederlanda allereie i 1538, vart opprørsfaren vurdert som over. Som me såg i kapittel 9, er Aslak Engelbrektsson allereie i 1549 ein framstående mann i lokalsamfunnet igjen, trass i brorens fall.<sup>1130</sup> Ein annan av trondenessesveinane, Olav Tordsson, får av kongen i 1548 stadfest fribrevet sitt på garden Skånland, som han i si tid fekk av erkebispem.<sup>1131</sup> Nokre år seinare får også Gaute Taraldsson av Christian III fritt leide, når han vil koma heim i 1553. Han kan få busetja seg på Andenes, eller andre stader i Noreg, og der drive handel, havfiske og tollfri saltfiskeeksport, og Christian gav han liketil løfte om årleg underhald på 60 joachimsdalar.<sup>1132</sup> Etter heimkomsten var Gaute tydelegvis engasjert i handel og fiske, for saman med lensherren på Sunnmøre, Trond Benkestokk, tinga han eit skip ved eit hollandsk verft, han fekk kongelege utanriksoppdrag og ikkje minst overta Romsdal len

---

<sup>1127</sup> Rian 2005: 23–24.

<sup>1128</sup> DN XII-589, 1538; 597, 1540. I følge Lysaker (1987(a):29) var han kannik, med Brønnøy som beneficium, også før 1537. Men i ”straffekjelda” frå 1537 (DN XIII-634) er han ”berre” omtalt som Herr Oluf, altså prest. Nett som Olav Villumsson til Vesterålen, som også var kannik allereie i 1531, då han søker paven om absolusjon for eit bondedrap han hadde gjort – i sjølvforsvar. (Jørgensen & Saletnich 2004: 73–74.) Solle er også ”Udentvivil” den *Olaus Swalle Asloensis* som vart innskriven ved universitetet i Köln i 1520. (Daae 875: 490.)

<sup>1129</sup> DN XII-584, 1538; V-1105, 1542; NRR 1: 84, 1546. I tillegg hadde han prebende ved domkyrkja og sin del av kommunegodset.

<sup>1130</sup> DN II-1151, 1549.

<sup>1131</sup> NRR 1: 100, 1548.

<sup>1132</sup> NRR 1: 169, 1553.

etter fru Inger, då ho døydde.<sup>1133</sup> Han var både tilgjeven – og kanskje også friteken for mistankane om at det var han som i si tid stod bak drapet på Vincens Lunge.<sup>1134</sup>

### Torbjørn Olavsson Bratt

Ein ting er tilgjeving og atterkome, men kvifor slik beint fram velvilje overfor erkebispeslekta og dei nordlege nettverka rundt Olav? Truleg er det eit uttrykk for at dette framleis var mektige og ressursrike slekter, med stor sosial kapital, som kongemakta meinte det var lurt å halde seg inne med. Dei var viktige brikker i det Rian kallar “det norske systemet”, som dei danske makthavarane “måtte fare med lempe” overfor.<sup>1135</sup>

Torbjørn Olavsson Bratt og broren Jens kan også vera noko av nøkkelen til å forstå dette. Dei var båd i den næraste krinsen rundt erkebisen på 1530-talet. Oppvaksne på Andenes, i inngift slekt med Olav (sjå kapittel 8.3) og utdanna i Köln. Torbjørn var også i teneste hjå hertug Hans i Danmark, bror til Christian III, under grevefeiden og fekk sjølv sagt der kjennskap til både politiske skiljeliner og knytte personlege kontaktar og band.<sup>1136</sup> I eit langt brev frå 1533 skildrar han både tilhøva i Danmark – og rapporterer om og analyserer stemninga der andsynes erkebisen i Trondheim.<sup>1137</sup> Brevet er ein kritikk av noregspolitikken til både Christian II og Fredrik I, men han åtvarar samstundes om kva som kan skje om holsteinarane skulle få makta i landet.<sup>1138</sup> Men i tillegg er brevet eit audmjukt og fortruleg brev frå Torbjørn til Olav, som i følgje Lars Hamre osar over av “kjærleik til og hans djupe respekt overfor velgjeraren”.<sup>1139</sup> Torbjørn vonar nok også at Olav skal koste dei vidare studia hans, men han spør om kva som er best for landet – at han blir i Danmark eller kjem heim.<sup>1140</sup> Torbjørn er deretter borte frå kjeldene etter desse fyrste åra på 1530-talet og dukkar opp att fyrst etter at Olav for til Nederlanda, men han var truleg heile tida lojal til Olav gjennom dei skiftande alliansane under grevefeiden. Fedrelandskjærleiken og sorg over ulukkene som ramma Noreg var sterk i 1533-brevet. Likevel ser han ut til å tidleg få ei leiarrolle i domkapitlet etter 1537 – og han er hovudarkitekten bak den kampen domkapitlet fører med kongen i København om vilkåra sine etter maktovertakinga. Det var han som av domkapitlet fekk det som må ha vore

---

<sup>1133</sup> *NRR* 1: 181 og 185, 1555; 212, 1557; 254, 1559.

<sup>1134</sup> Opsahl, Erik: [http://snl.no/nbl/biografi/Gaute\\_Taraldsson/utdypning](http://snl.no/nbl/biografi/Gaute_Taraldsson/utdypning), sist sett 05.10.2013.

<sup>1135</sup> Rian 2004(b): 94.

<sup>1136</sup> Opsahl in print: 76.

<sup>1137</sup> *DN* XII-543, 1533.

<sup>1138</sup> Opsahl in print: 78.

<sup>1139</sup> Hamre 1998: 558–559.

<sup>1140</sup> Opsahl in print: 76–77.

den tunge oppgåva som sendebod til København for å avklare domkapitlet si rolle i 1538.<sup>1141</sup> Men han må ha løyst denne med kløkt og kom attende med brev på at kapitlet fekk stadfest alle fridomane og rettane som tidlegare kongar hadde gjeve dei.<sup>1142</sup> Brevet innheld atterhald som i realiteten tydde at “domkapitlets fornyede friheter var heller illusoriske”, skriv Trygve Lysaker. “Kongen skulle til enhver tid bestemme premissene.”<sup>1143</sup> På den andre sida kan ein sjå dette som starten på den sterke stillinga domkapitlet kom til å ha overfor kongen i København heile reformasjonshundreåret igjennom. Som Lysaker sjølv har poengtert: “Beslutningen om at domkapitlene skulle fortsette å bestå, er et av reformasjonens paradokser.”<sup>1144</sup>

Ludvig Daae framhevar at Geble Pedersson (kannik og erkediakon i Bergen, og deretter den fyrste norske superintendenten, frå 1537) og Torbjørn Olavsson Bratt høyrde til Olavs Engelbrektssons “særlige Clienter”, og at dei nära nesten sonekjensler overfor han.<sup>1145</sup> Me har ingen skriftlege prov for at det var nokon internkyrkjeleg opposisjon til Olavs katolske kyrkjepolitikk, før han måtte fara i 1537,<sup>1146</sup> men både Geble, Torbjørn og broren Jens var av dei prelatane som allereie før erkebispens fall prøvde å dempe konflikten og finne ein farbar veg ut av uføret for Olav og kyrkja. Jens held fram med å vera Christian tru då erkebisen fall frå hausten 1535, og han fører sterke prov for at han ikkje hadde noko med drapet på Vincens Lunge å gjera. For dette skal Gaute Taraldsson ha kalla han forrædar.<sup>1147</sup> Terje Ellingsen utropar Torbjørn og Geble, saman med Hans Rev, til tre bibelhumanistar som etterkvart glei “ut av Olav Engelbrektssons innflytelse og lederskap”.<sup>1148</sup> I Köln hadde Torbjørn møtt den kjente danske humanisten Christiern Morsing, men om Torbjørn var vorten bibelhumanist, er det framleis uvisst i kva grad han lefla med reformasjonens omveltande tankar på denne tida. Köln var trass alt erkekatolsk, og Torbjørn tente hjå Hans, som var det katolske partiets kandidat under grevfeiden. For når Ellingsen argumenterer for Torbjørn si haldning med brevet frå domkapitlet til kongen, der dei tok avstand frå Olav Engelbrektssons disponeringar og vurderingar, er dét trass alt skrive i januar 1538, når spelet er over.<sup>1149</sup> Truleg er 1538-brevet skrive i etterpåkløkskapens klåraste ljøs – og kannikane, som andre, gjorde kva som

---

<sup>1141</sup> Lysaker 1987(a): 29.

<sup>1142</sup> *DN* XI-647, 1538.

<sup>1143</sup> Lysaker 1987(a): 30.

<sup>1144</sup> Lysaker 1987(a): 23.

<sup>1145</sup> Daae 1897: 197.

<sup>1146</sup> Lysaker 1987(a): 27, 39; Kolsrud 2007: 217.

<sup>1147</sup> *DN* XXII-372, 1537.

<sup>1148</sup> Ellingsen 2004: 64–67.

<sup>1149</sup> *DN* XII-583, 1538.

måtte til for å redde sine egne skinn.<sup>1150</sup> Dessutan var mange innanfor kyrkja opptekne av at ho var mogen for reform mot slutten av seinmellomalderen.<sup>1151</sup> For statsmakta sine aktørar – frå dei ulike kongane til den danske adelen og embetsmennene på Austlandet, i Bergen og i Trondheim – handla ikkje kampen nødvendigvis fyrst og fremst om den nye trua. Langt dei fleste var meir eller mindre reformvenlege katolikkar framfor lutheranarar, sjølv om dei kjempa for kongeprivilegium framfor kyrkjeprivilegium. Og Eske Bille, kong Fredrik Is og Christian IIIs trufaste og hardhendte hovudsmann på Bergenhus, var og vart verande overtydd katolikk, også i si lange kongsteneste i Danmark i tiåra etter 1537.<sup>1152</sup>

Dekan vart Torbjørn allereie i 1538,<sup>1153</sup> men det drog ut med superintendentutnemninga. I 1541 hadde både Bergen, Oslo og Hamar og Stavanger fått sin superintendent.<sup>1154</sup> Domkapitlet prøvde sjølv å ta hand om saka, og gjorde i 1542 framlegg om Torbjørn som superintendent – og sende han i veg til kongen.<sup>1155</sup> Christian III var ikkje overtydd; Torbjørn var nordmann og hadde vore i krinsen til Olav Engelbrektsson, og Christian fann “hans forstand uti Guds Ord”<sup>1156</sup> ikkje god nok. Difor bar det for Torbjørn i veg til magisteren i Wittenberg i to år for vidare skulering og personleg rettleiing – som fyrste nordmann i lutherdomens høgsete. I mellomtida sleit domkapitlet økonomisk, mellom anna med den nye skatten på 1000 dalar som var pålagt dei, og dei kjempa mot ivrige adelsmenn som var på jakt etter kapittelgodset deira.<sup>1157</sup> Men då Torbjørn endeleg kom attende til København i april 1545, hadde han tilrådingar med frå både Luther og Bugenhagen – og han hadde til og med vore jamleg gjest i heimen til Luther.<sup>1158</sup> No var i alle fall Torbjørn skulert i lutheranismen, han hadde fått påfyll med religiøs kapital.

Og 6. januar 1546 kom utnemninga til “superintendent et decanus capituli”. Torbjørn skulle altså framleis vera dekan og behalde dei inntektene som følgde med, og han fekk Elgeseter klostergard som sete.<sup>1159</sup>

---

<sup>1150</sup> Lysaker 1987(a): 27.

<sup>1151</sup> Oftestad 2001: 18.

<sup>1152</sup> Bjørkvik, Halvard: [http://snl.no/nbl\\_biografi/Eske\\_Bille/utdypning](http://snl.no/nbl_biografi/Eske_Bille/utdypning), sist sett 7.10.2013.

<sup>1153</sup> *DN* XII-589, 1538.

<sup>1154</sup> Imsen 1982: 388.

<sup>1155</sup> *DN* V-1105, 1542.

<sup>1156</sup> Lysaker 1987(a): 40.

<sup>1157</sup> Til å betala skatten, fekk dei lånehjelp av Barbara Jonsdatter Krukow, Jens Bratt – bror til Torbjørn – si kone (*DN* XII-619, 1547).

<sup>1158</sup> Daae 1863: 20; Lysaker 1987(a): 40; Ellingsen 1997: 135–136.

<sup>1159</sup> *NRR* 1: 84–85, 1546.

Men sjølv om no Torbjørn var velkulert uti lutheranismen, var ikkje nødvendigvis kollegaene hans i domkapitlet, stiftet og kannikgjeldet vorte særleg godt oppdaterte. Omskuleringsfasen må ha teke tid. Etterkvart er det andre typar prestar, som ikkje berre må tru på noko anna, men som også har heilt andre liv – som statstenestemenn, i ekteskap med familie. Men kor lang tid tok det? Torbjørn skjønnte at katedralskulen var nøkkelen for å lære opp nye prestekull – og at kyndige lærarar måtte til.<sup>1160</sup> Men dette viste det seg å vera vanskeleg å skaffe pengar til. Han reiste difor nok ein gong til København og håpa å få attende det godset som i si tid var fabricagods for domkyrkja, og i tillegg la dei fatige landskyrkjene få attende den halve kyrkjetienda som Olav Engelbrektsson hadde brukt til bygging.<sup>1161</sup>

Denne gongen lukkast han ikkje hjå kongen. Han skriv til domkapitlet på veg heim, vil at dei også skal arbeide vidare med saka, med å argumentere med behov som domkapitlet heilt klart har etter den nye ordinansen, som til dømes å få skulemeister som kan lære opp prestar og kapellantar. Han ber dei også dokumentere kva slags tiend og jordegodsinntekter domkyrkja har, for kongen meiner visst godset skal vera verd meir enn det som trengst til bygning og løn. Han ber dei også sende gåver til kanslaren og høvedsmannen på Steinvikholm, for å ha deira støtte, og til sist ber han dei åtvare kongen mot at om ikkje godset kjem attende til kyrkja og skulen ikkje blir tilført midlar, fryktar dei at stiftet “bliffuer slett hedningsk indnenn faa aar”, noko kongen kom til å ha problem med “att forsuare for Gudt”. På vegen heim døyr Torbjørn Olavsson Bratt på Ringsaker, truleg av pest, og vart gravlagt der i 1548.<sup>1162</sup> I testamentet hans i kapittelboka i Trondheim er det fem verk, berre av oldtidas kyrkjefedrar: Augustin i ti band, Chrysostomos i fem band, Ambrosius i fire band – pluss eitt eksemplar av Tertullian og eitt av Hilarius.<sup>1163</sup> Slik går det ei line frå bøkene og attover til altartavla i kyrkja på Andenes, der fire kyrkjefedrar i front “stod og vitnet om Kristus og pekte på ham”, skriv Ellingsen.<sup>1164</sup>

I 1538 gjorde tydelegvis Torbjørn godt og rett inntrykk hjå Christian III, men kvifor tok det så lang tid før han fekk fullt ansvar i stiftet? Og sjølv om han tydelegvis var overtydd lutheranar og kom heim med dei beste skussmål frå Wittenberg i 1545, er det fleire som har stilt spørsmål ved om han eigentleg nokon gong vann kongens fulle tillit.<sup>1165</sup> “Det er og bliver [...] en Merkelighet,” skriv Ludvig Daae, at den same kongen som gjer Jon Guttormsson og Hans

---

<sup>1160</sup> Lysaker 1987(a): 45.

<sup>1161</sup> DN XXII-465, 1547.

<sup>1162</sup> NRR 1: 103, 1548.

<sup>1163</sup> DN XII-673, [oml. 1550–1560].

<sup>1164</sup> Ellingsen 1997: 138.

<sup>1165</sup> Lysaker 1987(a): 46; Bang 1895: 155.

Rev til superintendentar “fandt saa mange Forsigtighedsregler og Opsættelser nødvendige, da det gjaldt at sætte en saa utmerket Mand som Mag. Thorbjørn paa en lignende Post i Trondhjem.”<sup>1166</sup> Var det på grunn av det nære tilhøvet hans til Olav Engelbrektsson, Trondheims rykte som eit “antikongeleg bol”, var det ei “utfordrande nasjonal holdning” eller andre karaktereigenskapar? Daae meiner det er vanskeleg å frigjera seg frå tanken om at “politiske Hensyn maa have gjort sig gjeldende”, utan at han går nærare inn på kva slags type omsyn det skulle vera. Som med ettermålet til Olav Engelbrektsson har tidlegare historikarar gjeve ulike tolkingar, mykje etter som dei har hatt eit pro-katolsk eller pro-luthersk grunnsyn.<sup>1167</sup> Men alle har oppsummert innsatsen hans som iherdig, med “kallsbevissthet og pågangsmot”.<sup>1168</sup> Særleg har Terje Ellingsen meint og understreka at Torbjørn Bratt si sterkaste gåve – og interesse – var heile vegen, både før og gjennom reformasjonen, den akademiske.<sup>1169</sup> Både på eigne vegner og på dei nye prestane han skulle ha opplæringsansvaret for. Bratt ynskte kanskje sjølv vidare studium i den nye læra – truleg var dei materielle sidene ved den religiøse kapitalen greiare å omstrukturere og omdefinere, enn dei immaterielle sidene – og studieopphaldet i Wittenberg var følgeleg ei av årsakene til at superintendentutnemninga tok slik tid.

Men viss kongen var så oppteken av meister Torbjørn si skulering før han fekk overta superintendentombodet, kvifor var kongen så motviljug til å gje løyvingar til katedralskulen? Ein skulle tru kongen generelt var interessert i omskulering, men også i Danmark var han lite viljug til å støtte katedralskulane økonomisk.<sup>1170</sup> Og kanskje var han aller mest interessert i å – på sikt – fylla dei norske superintendentstolane med danskar. Noko han også gjorde. Eller som Ludvig Daae meinte, at Christians “ublue Havesyge” for Noreg ofte kom i vegen for hans kristelege iver.<sup>1171</sup>

Sjølv om Torbjørn Olavsson Bratt var den leiande og førande klerken i Nidaros i reformasjonsskjølvvatnet, “en af vor Kirkehistories skjønneste Prydelser”<sup>1172</sup>, og den som må tilskrivast hovudæra for dei gode vilkåra som Nidaros-kapitlet fekk i den nye kyrkjeordninga, var han ikkje noko særmerkje mellom dei fyrste superintendentane. Også dei andre stifta fekk

---

<sup>1166</sup> Daae 1863: 21.

<sup>1167</sup> Sjå mellom anna ein historiografisk reformasjonsgjennomgang hjå Ellingsen 1997, Del 3.

<sup>1168</sup> Lysaker 1987(a): 45.

<sup>1169</sup> Ellingsen 1997: 136.

<sup>1170</sup> Kolsrud 1962: 74.

<sup>1171</sup> Daae 1863: 25. Noko, i følge Daae, Ernst Sars var heilt sam d i.

<sup>1172</sup> Daae 1863: 25.



norske<sup>1173</sup> superintendentar som hadde vore førande klerkar og kannikar også i den katolske kyrkja. Og sjølv om han seint vart formelt utnemnd til superintendent, var det liten tvil om at han personleg førde domkapitlet gjennom dei turbulente åra og inn i ei ny tid. For sjølv om me skal sjå at domkapitlet kom til å måle krefter med kongen, var dei også lojale – og hadde trua på kongen. Etter at Torbjørn døydde, skuffa på heimtur frå København i 1548, utpeikte Christian III den danske lågadelege soknepresten Hans Gaas, nyutdanna magister frå universitetet i København, til ny superintendent i Nidaros.<sup>1174</sup> Kongen hadde bede domkapitlet sjølv om å velja seg ein lærd mann,<sup>1175</sup> men dei spelte ballen attende til kongens kanslar, Johan Friis, og ba om hjelp til å finne ny superintendent. Kvifor fann ikkje det mektige domkapitlet ein av sine eigne? Lysaker antydar at ingen orka ta på seg den uriasposten som dei såg Torbjørn hadde hatt. Var det kanskje også slik at dei ikkje ville bli svinebundne, at dei følte dei hadde større fridom ved å ikkje setja ein av sine eigne i denne mellomposisjonen som superintendentrolla tydelegvis var? Eller var kanskje krangelen internt for stor? Oluf Kolsrud meiner denne avgjerdsvegringa – som også kom til syne i Oslo/Hamar ved superintendentskiftet der – støytt kongen frå seg. Det var uttrykk for mangel hjå det norske presteskapet til “kyrkjeleg sans og arbeidsvilje [og] samhug med og kjennskap til reformasjonen”, som også måtte “verka til aa sløva interessen aat kongen for kyrkja i Noreg.”<sup>1176</sup> Mogelegvis, men i neste kapittel skal me sjå at også Christian III i alle fall etterkvart brydde seg om interne kyrkjelege tilhøve i Noreg.

### Nye kort utdelte

Det er truleg mykje rett i Håvard Dahl Bratrein sin analyse av den harde framferda til kongens menn i nord etter erkebispefallet; det var ein erkebispelojal opposisjon som måtte slåast ned. Men i kva grad denne opposisjonen hadde organisert eller var i stand til å organisere eit politisk opprør, er ikkje visst. Opposisjonen var samstundes sett saman av ressurssterke aktørar, så den harde framferda kan også forklarast i meir klassiske økonomiske vinningstermar; valdskapital vart brukt for å tileigne seg økonomisk kapital.

Kva som måtte ha vore av opprør og opposisjon vart i alle fall effektivt slått ned – og det ser ikkje ut til at den nye kyrkjestatsmakta frykta erkebispens gamle nettverk utover 1540-talet. Ein kan seia at i alle fall sume av aktørane vart nøytraliserte ved å bli gjevne nye

---

<sup>1173</sup> Hans Rev var danskfødd, men hadde verka i kyrkja i Noreg mange år før reformasjonen.

<sup>1174</sup> Lysaker 1987(a): 48; Kolsrud 2007: 224.

<sup>1175</sup> *NRR* 1: 103, 1548.

<sup>1176</sup> Kolsrud 2007: 222.

maktposisjonar. Den sosiale kapitalen deira vart gjeven ny verdi. Og sidan ein – i alle fall dei fyrste par tiåra etter maktovertakinga – kunne halde fram med å vera katolikk i kongens teneste, var tydelegvis ikkje den religiøse kapitalen avgjerande for korleis dei ulike aktørane manøvrerte i posisjonane sine – i alle fall ikkje for alle.

Korleis posisjonane i feltet Trondenes kom i spel denne fyrste reformerte tida, seier altså kjeldene lite om. Dekanen var framleis sokneprest – og vart verande det, og han var attpåtil ein lokal storleik som mykje truleg ville sjå med blide auge på den lokale elitens økonomiske interesser – det er vanskeleg å tenkje seg at Torbjørn Bratt frå Andenes skulle gjera noko med dei etablerte handelsnettverka, til dømes. Han, domkapitlet og – den for så vidt ribba – eliten i nord tente på det. Allereie i etterdønningane etter straffeekspedisjonen finn me spor av at også kongens menn ville prøve oppretthalde ”business as usual”, då Olav Hallvardsson fekk att jekta si for å kunne drive fiskefrakt.<sup>1177</sup>

Strukturen i den økonomiske kapitalfordelinga endra seg, men med andre ord ikkje svært mykje i feltet Trondenes etter maktovertakinga. Den største skilnaden var at kongen overtok erkebispens del av tienda, bøteinntektene og erkebispens jordegods og klostergodset – denne godsmengda var likevel ikkje særleg stor i Trondenes. Det innebar også ei betydeleg endring om tienda gjekk frå å vera firedelt til tredelt, men som drøfta i kapittel 3, er det lite truleg at dette vart fullt gjennomført i nord i løpet av reformasjonshundreåret. Likevel – ein kan slå fast at korta vart delvis delte ut på nytt i trondenesfeltet. Kongen hadde fått ei sterkare hand med auka økonomisk kapital. Og sjølv om Luthers høgre hand og mannen bak den danske kyrkjeordinansen, Johannes Bugenhagen, rådde kong Christian III til å gje den gamle bispetienda til kyrkja, var kongen ikkje interessert i å dele – før i sitt siste regjeringsår, og då berre med dei prestane som “ikke have af Sognet deres tilbørlige underholdning”.<sup>1178</sup> Dei økonomiske endringane som følgde av maktovertakinga – og av den generelle økonomiske utviklinga – kjem me attende til i det neste kapitlet.

Med kyrkjeovertakinga vart kongen ein annan kapasitet og ein meir tydeleg aktør i nord, enn det statsmakta var før reformasjonen. Superintendenten skulle berre vera kongens embetsmann, som saman med lensherren utførde kongens befalingar – innanfor dei grensene kongen hadde trekt opp. Det er til dømes dette samarbeidet som set i gang arbeidet med

---

<sup>1177</sup> DN XIII-634, 1537.

<sup>1178</sup> NRR 1: 236, 1558; Kolsrud 2007: 330, Lysaker 1987(a): 56.

reformatsen, som me skal sjå i neste kapittel.<sup>1179</sup> Men kongen sjølv var ikkje særleg meir nærverande – han var, i følgje Øystein Rian, fjernare enn nokon gong, heilt fram til Christian IV.<sup>1180</sup> Likevel tok han mål av seg til å bestemme læra til minste detalj.

Kongens embetsmenn i det verdslege statsapparatet, derimot, og ikkje minst den danske adelen som kongen forlente norske område til, var synlegare til stades som aktørar i feltet. For sjølv sagt vart feltet Trondenes også påverka av endringar i den *verdslege* administrasjonsstrukturen. Og sjølv om domkapitlet og kannikgjeldet bestod, kom det etterkvart også kyrkjeorganisasjonar som påverka samansetjinga og den samla kapitalen i feltet – både det kyrkjeadministrative og det regionale. Dette skal me sjå nærare på i dei to neste delkapitla.

## 10.2 Tilpassinga i det kyrkjeadministrative feltet

Sjølv om Torbjørn Olavsson Bratt tvillaust må ha vore ein leiarfigur, er det klart at han saman med domkapitlet verka i ei tid som på fleire måtar var open, i eit vakuum. Gamle lover, reglar, sedvanar og administrasjonar var hivne på dør, utan at det på alle område stod nye system, apparat og folk til å ta over. Det opna sjølv sagt eit stort manøvreringsrom for aktørane, og domkapitlet kom til å fungere som eit geistleg tilsynsorgan i dette kyrkjelege interregnumet.<sup>1181</sup> Kampen om kannikgjelda vart ein av dei viktigaste for domkapitlet i tilpassingstida etter 1537, og saman med dragkampen om kyrkjeordinansen fekk denne avgjerande tyding for det kyrkjeadministrative feltet Trondenes i denne tida. Medan den sentrale aksa mellom dei to sterkaste posisjonane i trondenesfeltet før reformasjonen gjekk mellom dekanen og erkebispem, blir denne aksa no tydelegast strekt mellom domkapitlet og kongen. Det er domkapitlet i fellesskap som den fyrste tida tek opp sin eigen kamp for kannikgjelda, og det er kongen som i einskap tek over kyrkjeoverhovudrolla. Ein av dei mest synlege endringane av maktovertakinga i 1536–37 er nettopp dette, at dekanen og erkebispem, som tidlegare var to dels stridande, dels samarbeidande kyrkjelege aktørar, no er vorte til éin, nemleg superintendenten. Som i tillegg har mista ein vesentleg funksjon, nemleg den åndelege leiarskapen. Han skulle ”berre” vera ein kongeleg embetsmann. Superintendenten var eit dansk-norsk særmerke – ingen andre reformerte land innførte denne på same måten.<sup>1182</sup>

---

<sup>1179</sup> Hamre 1983: 23.

<sup>1180</sup> Rian 2005: 24.

<sup>1181</sup> Lysaker 1987(a): 28.

<sup>1182</sup> I Sverige kom det etterkvart også superintendentar, men ikkje som erstatning for epsikopatet.

Kva slags skilnad utgjorde innføringa av superintendentombodet for Trondenes? Kva slags tyding fekk det at sjefen var ny? Etter Torbjørn Bratt kom det generasjon på generasjon med danske superintendentar i Trondheim; adelege og universitetsutdanna prestar som skulle vera embetsmenn i den store utkanten av det nye dobbeltmonarkiet. Kva slags utfordringar møtte desse? Superintendenten i Trondheim fekk ikkje, slik ordinansen tilsa, noko av løna si frå kongens kasse – fordi han hadde fått med seg dei lukrative dekaninntektene.<sup>1183</sup> Desse inkluderte som nemnt, i tillegg til trondenesgjeldet, eit prebende på om lag 25 spann smør og dekanens del av dei felles kommuninntektene. Han fekk såleis best betalt av alle superintendentane i det nye Noreg, men hadde også dei største utfordringane, meiner Lysaker.<sup>1184</sup> Og kannikgjelda, som var hovudårsaka til rikdomen, vart også etterkvart ei av årsakene til dei store utfordringane.

### Kampen om kannikgjelda

Før me drøftar nærare korleis kampen om kannikgjelda gjekk føre seg, må me klarleggje korleis domkapitlet overlevde maktovertakinga i 1536–37. Domkapitla mista hovudrolla si som råd for bispen, men som eining vart dei eigentleg redda allereie av Luther – “verga ved Luthers forbøn”, som Kolsrud skriv.<sup>1185</sup> Ei av hovudgrunngevingane til Luther var at einast domkapitla kunne halde oppe tilbodet om studium og lærdom for unge håpefulle. Trass særleg det danske kapitlets motstand mot reformasjonen, og trass i at Christian ikkje synte nemneverdig interesse i å styrke skulane, let han kapitla vera i 1537, på Luther og Bugenhagens tilråding. Men dei vart lagde direkte under kongen, og kallsretten til kapittelomboda tok han sjølv. I tillegg fekk dei altså, mellom anna etter Torbjørn Bratt sin københavntur i 1538, behalde kannikgjelda,<sup>1186</sup> nedfelt også i kyrkjeordinansen frå 1539: “Her wille wy nu, at huilcke sogne aff Arrilds tiid haffue ligget til Canickdømme skulle der til bliffue.”<sup>1187</sup> I Trondheim tok kapitlet raskt tak i sin eigen vidare situasjon og møttest i september 1539 for å leggje planar for korleis inntektsfordelinga og drifta av stiftet skulle gå føre seg.<sup>1188</sup> Dei vedtok mellom anna at dei skulle residere i Trondheim kvart tredje år, alltid minst seks av dei, og dekanen skulle støtt halde til i stiftsstadene. I Trondenes kunne dei med andre ord ikkje rekne med å sjå så mykje til soknepresten sin.

---

<sup>1183</sup> Lysaker 1987(a): 42.

<sup>1184</sup> Lysaker 1987(a): 44.

<sup>1185</sup> Kolsrud 2007: 339, 178.

<sup>1186</sup> DN XI-647, 1538.

<sup>1187</sup> Torkelsen 1971: 314, Ellingsen 1990: 89.

<sup>1188</sup> DN XII-594, 1539; Lysaker 1987(a): 32–33.

Men korleis fungerte dei kongelege forordningane og dei sjølvoppsette retningslinene for domkapitlet i praksis? Og kor overraskande var det at kannikgjelda vart verande hjå domkapitlet? Steinar Imsen har argumentert for at kongen i København ikkje heilt visste kva han gav frå seg, då han gjekk med på domkapitlet sine krav.<sup>1189</sup> Det er truleg mykje i det – kapitlet, med nordnorske kannikar som Torbjørn Bratt i spissen, hadde mykje lokalkunnskap og visste kva for tiendinntekter som kom frå fiskeria. Dette hadde ikkje kongen vore borti før, og me veit ikkje i kva grad kongens kanselli fekk hand om rekneskapa til erkebispem eller domkapitlet, slik at dei kunne sjå kva for enorme ressursar det var tale om. På den andre sida, noko skulle jo presteskapet leva av, og me ser korleis kongen i fleire andre høve argumenterer med at domkapitlet har nok inntekter sjølve til å utføre sine mange oppgåver, så kanskje var han ikkje heilt uvitande om kva for inntekter som kom til domkapitlet.

Kampen og den påfølgjande sigeren om kannikgjelda *kan* såleis ha gått ut over andre område som var viktige for domkapitlet. Kva gjekk det i tilfelle ut over i feltet Trondenes? Ikkje særleg mykje, ser det ut til. Eigeoms- og inntektsstrukturen i Sør-Troms var ved reformasjonsutbrotet på kannikane si side, og når kannikgjelda vart bevarte, førde det til tilnærma status quo i makt- og interessetilhøva. Dei vesle jordeigedomane som skifta eigar (erkebispem- og klostergodset) påverka ikkje monaleg aktørane sin posisjonar i det kyrkjeadministrative feltet. I det regionale feltet, derimot, kan den praktiske sida ved særleg innkrevjinga av fisketienda, ha vorte påverka av turbulensen og etterdønningane etter den opprivande straffeekspedisjonen i 1537. Dette kjem me attende til i neste delkapittel.

Inntektene frå altarprebenda fekk også domkapitlet behalde. I desse prebenda var det rett nok svært få eigedomar i trondenesfeltet,<sup>1190</sup> men tilhøvet mellom kannikgjelda og prebenda, og mellom dei rettane og pliktene som kannikgjelda førde med seg, versus dei rettane og pliktene kannikane hadde i og overfor domkyrkja i Trondheim, kom til å bli kjelde for usemje og strid utover i reformasjonshundreåret.<sup>1191</sup> Det var ikkje noko nytt – me såg også denne kimen til konflikt gjennom seinmellomalderen; residensplikta og vedlikehaldsplikta av Nidarosdomen versus åndeleg og materielt vedlikehald av og i kannikgjelda. Og kannikane stilte seg ulikt til

---

<sup>1189</sup> Imsen 1982: 103.

<sup>1190</sup> Å i Ibestad, Voktor i Kvæfjord og Hardbakken i Kasfjord høyrde fram til 1558, i alle fall, til St. Nicolai prebende. Desse vart i 1584 lagt til kapellanen i Vår Frue kyrkje i Trondheim heilt til 1799. I 1647 var også prestegardane Rå og Huseby i Kvæfjord komen til denne godssamlinga – og vart der omtalt som kannikgods. Sjå vidare drøfting om dette godset i neste kapittel.

<sup>1191</sup> Dybdahl 1979: 167–168; Kolsrud 2007: 341.

det; nokre må ha føretrekt å vera i Nidaros, med pliktene og privilegia sine der, medan andre, som Svein Eriksson, tydeleg har prioritert både å vera og bruke ressursar i kannikgjeldet sitt.

Konflikten hadde mange sider – både for stiftsstaden og for kannikgjelda. På den eine sida skulle ein tru at kannikane søkte saman i domkapitlet og prioriterte det åndelege fellesskapet som kommunet gav. På den andre sida må handelsverksemda, særleg for innehavarane av dei store kannikgjelda i nord, ha spela inn på deira til tider manglande vilje til å residere ved domkyrkja. På 1550-talet prøver Hans Gaas å innskjerpe residensordninga som vart sett opp i 1539, og befalingsmannen i Trondheim, Evert Bild, følgjer opp med å kritisere og åtvare mot det utstrekke kjøpmannsskapet som kannikane driv på Nordlanda, “hui(l)ckid hanns Naade jngelunde wilde tilstede”.<sup>1192</sup> Motviljen mot å residere i stiftsstaden kan sjølvstundt også ha med andre ting å gjera. Når prestane fekk høve til å stifte familie og bygge opp eigne formuer for etterslekta, kan det ha vore eit tyngre argument enn det åndelege fellesskapet i byen når ein skulle velja kvar ein helst heldt hus.

Var altså det gamle intellektuelle senteret rundt erkebisen i ferd med å forvitne? Lysaker meiner at dei “humanistiske vinddrag [i Oslo under bisp Jens Nilsson og lektor Halvard Gunnarsson] når ikke over Dovre. Over Trondheim stift ruger det åndelig stillhet, etter de bevarte kildene å dømme. Her er det sild og fisk og embetets inkomster som sterkest opptar presteskapet.”<sup>1193</sup> Det er korkje spor etter motreformasjon eller iver for Luther i Trondheim – men svært mykje av kjeldematerialet peikar på kampen om økonomisk kapital i ulike valutaer. Men kan denne konflikten om reisdens og, som me etterkvart skal sjå, vedlikehald også skuldast andre band? Domkapitlet sjølv argumenterte med at residensordninga var etter gamal skikk.<sup>1194</sup> Oluf Kolsrud utdjuar: “Reformasjonen hev soleis verka til aa bryta av det gamle band millom land og by, som den norske kapitelskipnaden med si skifteresidering utgjorde, og bypresteskapet vart dermed meir isolert fraa landspresteskapet enn turvande var.”<sup>1195</sup> Sjølv om dei brå omveltingane under maktovertakinga – og den påfølgjande straffeekspedisjonen – nok braut noko ned, i alle fall på kort sikt, er det rimeleg å tenkje seg at dei banda som var bygde opp gjennom dei siste 150 åra før reformasjonen, var sterke – også i andre delar av stiftet enn Trondenes.

---

<sup>1192</sup> DN XII-594, 1539; 654, 1554; 660, 1556; Dybdahl 1979: 233; Lysaker 1987(a) 55.

<sup>1193</sup> Lysaker 1987(a): 91.

<sup>1194</sup> DN XII-654; 1554; Kolsrud 2007: 344.

<sup>1195</sup> Kolsrud 2007: 351.

Etter maktovertakinga blir det slutt på skattefridomen for domkapitlet.<sup>1196</sup> Både mikkelskorn, som gjekk til bestemte altar i domkyrkja, og olavskorn, som gjekk til kommunet, overlevde reformasjonen, men fekk delvis nye bruksområde. Mikkelskornet nytta kongen til å løne kongelege tenestemenn, medan olavskorn – eller *olavssæd* – er funne att i kjeldene som presteløn. Likevel får domkapitla i stor grad halde på privilegia sine, men mellom anna av di dei hadde så *særleg* store og inntektsbringande kannikgjeld, vart domkapitlet i Trondheim ei sterk eining gjennom heile 1500-talet – det sterkaste av alle domkapitla.<sup>1197</sup> Kannikgjelda gav dei økonomisk styrke, men ein kan også sjå for seg at kampen om desse (og redsla for å miste dei) sveisa kapitlet ytterlegare saman i ei felles rolleforståing andsynes kongen.

Domkapitla sine vilkår og vidareføringa av kannikgjeldordninga må også sjåast i ljøs av det som var kongens tydelege og uttalte mål i reformasjonsåra; ro, kontinuitet og det som kan sjå ut som ein forsonande personalpolitikk.<sup>1198</sup> Dei skulle halde oppe den daglege gudstenesta i katedralane, drive skular og etterkvart fekk også domkapitla vera med og døme i mange av dei sakene som før reformasjonen hørde inn under kristenretten.<sup>1199</sup> Me skal heller ikkje sjå bort frå at kongen meir eller mindre gjorde domkapitlet sterkt den første tida. Lensherren budde ikkje i Trondheim, men på Steinvikholmen fram til 1556,<sup>1200</sup> og kongen var såleis ikkje sterkt nærverande i byen. Difor trengde han å vera på godfot med det kontinuitetsberande domkapitlet – noko dei såg og nytta seg av.

Med andre ord – var det ingen skikkeleg kamp mellom kongen og domkapitlet? Nei, ikkje i fyrste omgang. Men reformasjonshundreåret skulle syne at kampen om kven av prestegjelda som faktisk var kannikgjeld, skulle bli lang og bølgjande.<sup>1201</sup> Statusen til Trondenes vart det likevel aldri stilt spørsmål ved, men det som kom til å bli den fyrste store reformasjonsendringa i vårt kannikgjeld, var oppløysinga av kollegiatet på Trondenes – som me skal sjå i neste delkapittel.

---

<sup>1196</sup> Lysaker 1987(a): 30.

<sup>1197</sup> Lysaker 1987(a): 42, Imsen 1982: 87.

<sup>1198</sup> Lysaker 1987(a): 41; *DN XI-647*, 1538.

<sup>1199</sup> Lysaker 1987(a): 33; Kolsrud 2007: 339–340.

<sup>1200</sup> *NRR 1*: 200; Lysaker 1987(a): 55.

<sup>1201</sup> Dybdahl 1979: 232–236.

## Kampen om kyrkjeordinansen

Om Christian III let dei meinige prestane og kannikane gli inn i ein liminal fase mellom katolisisme og protestantisme, mellom det som hadde vore ei sjølvstendig pavestyrd romakyrkje og det som var ei statsrettsleg kongestyrd københavnskyrkje, fekk bispane det tøffare. No hadde dei også delvis leidd an i opposisjonen mot danskekongen, men han straffa dei i alle høve hardt. Dei (både dei danske og dei norske) fekk skulda, med urette, for at borgarkrigen hadde rast i Danmark, noko som gav kongen påskot til å arrestere dei.<sup>1202</sup> Han avsette dei, han avskaffa dei – og med det kyrkja som ho hadde vore til då. Det var radikalt og nyskapande.<sup>1203</sup> Den gamle kyrkja var bispane – gjennom læra om apostolisk suksesjon. Kyrkja hadde tre fullmaktsområde gjennom bispane; lærdom, styrerett med bispeverdslegdom og ordinasjon, altså vigselfrett. Avsetjing av bispane var avsetjing av kyrkja. Dét var den største endringa med reformasjonsutbrotet, meiner Imsen. Det var med andre ord ikkje ”Noregsparagrafen” frå oktober 1536 som var mest dramatisk for Noreg – få kjende til den – men lova, recessen, som følgde. Reformasjonsutbrotet førde til eit kupp – den eine av dei to statsmaktene i mellomalderen vart sett ut av spel. ”Det var ikke tale om å *reformere kirken*: den var avskaffet som egen institusjon.”<sup>1204</sup>

Men kom det ei ny kyrkje i Noreg i staden? Det meste var mykje godt avgjort i København. Kyrkjeordinansen var bygt opp etter modell frå andre stader, og kyrkjestrukturen likeeins.<sup>1205</sup> Ordinansen frå 1537 var på latin, sidan det kom ei dansk omsetjing, med mindre revisjonar, i 1539.<sup>1206</sup> I utkastet frå 1537 er det ei tilføyning – ein “noregsparagraf” – under “VII Forskjellige bestemmelser”, der Christian III, med Guds hjelp, lova å koma nordover for å gje Noreg ein eigen ordinans – som passa tilhøva her.<sup>1207</sup> Han kom aldri.<sup>1208</sup> Som ei mellombels løysing vart likevel den danske ordinansen frå av 1539 innført som norsk kyrkjelov etter tingingar med nordmennene ulike stader i landet.<sup>1209</sup>

---

<sup>1202</sup> Rian 2013: 71.

<sup>1203</sup> Imsen 1982: 1–9; Ellingsen 1997: 79. I Sverige, derimot, heldt det fram som før – bispane og erkebispene heldt fram, og bispane vigsla nye bispar.

<sup>1204</sup> Imsen 1982: 9. Me kjem attende til denne drøftinga om kva kyrkja var etter reformasjonen seinare i kapitlet og i kapittel 13.

<sup>1205</sup> Rørvik 1998: 194, Ellingsen 1990: 11–12, Gilje og Rasmussen 2001: 43.

<sup>1206</sup> Ellingsen 1990: Kolsrud 1917: 189–191.

<sup>1207</sup> Ellingsen 1990: 110.

<sup>1208</sup> Lysaker 1987(a): 28. Og når etter kvart dei norske bispane fekk samla seg og på oppdrag av Christian IV i 1604 leverte eit eige framlegg om ein norsk kyrkjeordinans, vart denne mykje godt avvist av kongen og det som vart den vedtekne norske kyrkjeordinansen av 1607 skilde seg svært lite frå den opphavlege danske (Gilje og Rasmussen 2001: 40; Kolsrud 1917: 205). Sjå meir i kapittel 11.3.

<sup>1209</sup> Kolsrud 1917: 191–192.



Hovudproblemet med denne ordinansen var sjølvsgat at han ikkje var tilpassa norske tilhøve, særleg ikkje dei på kysten.<sup>1210</sup> Danmark var eit tettbygd jordbrukssamfunn, Nord-Noreg var spreiddbefolka fiskerisamfunn – og dei strukturelle tilhøva for presteinntektene såleis annleis. Superintendent Hans Gaas skjønnte raskt problema den danske kyrkjeordinansen førde med seg, og etterlyste difor fleire gonger på 1550-talet ein eigen norsk kyrkjeordinans, utan å få gjennomslag hjå kongen – sjølv om han både syntte til misnøye frå allmugen og korleis det førde til store vanskar for prestane som skulle utføre tenesta si.<sup>1211</sup>

Hans Gaas tok difor konsekvensen av dette og fekk omsett den gamalnorske Jons kristenrett til dansk, truleg ferdigstilt i 1561.<sup>1212</sup> I fortala seier han seg langt på veg einig med alle dei som meiner at så lenge kongen ikkje kjem ein norsk ordinans, må denne kristenretten nyttast. Og i og med at han ikkje forstår kva som står skrive der, fekk han “med erlige og vellærde mands Hielp Lector Anders paa Trondenæs” omsett teksten.<sup>1213</sup> Men det fyrst etter at han hadde spurt “atskillige lærde Mænd indfødde her udi Norges Rige” om å omsetja til dansk eller “paa det Maal som nu forstandeligt er og her i Riget meenlig bruges”. Men ingen ville. Eller kunne? Kven var desse lærde Mænd som sa nei til oppgåva? Det næraste å tenkje på er jo hans eige domkapittel – og kunne verkeleg ingen der gamalnorsk? Fleire vitnemål frå midten av 1500-talet gjev tilkjenne at gamalnorsk kunnskapane etterkvart var svært dårlege; “faa ere och dee som dem [norske bøker] lese kunne æn ferre ere de som forstaa dem.”<sup>1214</sup> Men om det var nokon som kunne, skulle ein jo tru det var i domkapitla. Dei var jo framleis i hovudsak norske. Men kvifor skulle dei i så fall ikkje ville? Ein kan tenkje seg at di meir uklarheit, di større manøvreringsrom for strategiske aktørar. Når grunnlaget for inntektene, og med det utbetalinga av utgiftene, var både uklart og usikkert, gav det større råderett for den som forvalta denne økonomiskie kapitalen. Innehavarane av kannikgjelda, det vil seia

---

<sup>1210</sup> Kolsrud 1917: 192–195; Lysaker 1987(a): 58; Rian 2004(b): 100.

<sup>1211</sup> DN XII-666, 1558; Lysaker 1987(a): 54, 58; Kolsrud 1917: 195.

<sup>1212</sup> Lysaker 1987(a): 64. Kolsrud meiner i 1917 (Kolsrud 1917: 197) at omsetjinga var ferdig i 1559, men dette syner han ingen kjeldebelegg for, og i *Noregs kyrkjesoga. Del II. 1500–ca 1740* (utgjeve posthumt i 2007), meiner han sjølv dette er feil. (Kolsrud 2007: 449, note 11.) Lysaker trur det heller er tale om 1561 – og som eit resultat av at Gaas overvintra på Trondenenes dette året. Omsetjinga er på ingen måte den einaste omsetjinga eller eksisterande lovarbeidet som på 1500-talet vart trekt fram for å bøte på ordinansmangelen. (Kolsrud 1917: 197; Gilje og Rasmussen 2001: 92ff; Kolsrud 2007: 446.)

<sup>1213</sup> Kolsrud 1917: 196. Det er også interessant å merke seg at det er Jons kristenrett som tydelegvis har vore i allmenn bruk i Nidaros. Geble Persson bestilte også omsetjingar av denne på 1550-talet (Kolsrud 1917: 197), og i erkebisp Aslak Bolts statutt frå 1436 er det også syntt til Jons kristenrett. Det kan tyde på at i erkebispestiftet er det den mest radikale av kristenrettsversjonane som har fått virke, jf dei uklåre rettstilhøva det ser ut til å ha vore på kristenrettsområdet i seinmellomalderen – der gamle og nye versjonar har vore i bruk om einannan, i ulike lovområde, sidan 1200-talet, då det ikkje kom ein *samla* kristenrettsbolck inn i Landslova til Magnus Lagabøte. (Bøe 1964: 302–303.)

<sup>1214</sup> Laurents Hanssøn i innleiinga si til omsetjinga av kongesogene i 1551, som for øvrig ikkje vart trykt. Hjå Rian 2013: 83–84, særskilt note 67; Gilje og Rasmussen 2001: 90–91.

domkapittelmedlemene, kan med andre ord ha hatt stort handlingsrom i dette vakuumet. På den andre sida er det også tenkjeleg at denne uklarheita har gjort innkrevjinga vanskeleg, slik at inntektene ikkje flaut så lett heilt heim til Trondheim som før – og det ville på ingen måte gagne kannikgjeldinnehavarane i domkapitlet. Men me har ingen kjelder som seier noko nærare om dette, og det er med andre ord uvisst kva for og kven sin motvilje Gaas siktar til, så kanskje var det heller ukunna det fall på. Men reint praktisk kan omsetjinga vera eit resultat av at Gaas overvintra på Trondenes 1560–61 og såleis hadde slikt å gjera denne vinteren.

Det føresette likevel at på Trondenes var det ein lærd mann som kunne. Lektor Anders kunne ikkje vera domkapitlets lektor (det var Sigurd Simonsson<sup>1215</sup>), og han sat tydelegvis på Trondenes. Kva tittelen hans tyder i 1561, er usikkert, men den dreg jo tankane til det me før har skrive om at kollegiatet ikkje berre hadde vore eit åndeleg sentrum, men også eit lærdomssete.<sup>1216</sup> Boksamlinga var også framleis på Trondenes.<sup>1217</sup>

Hans Gaas argumenterer i fortala om kvifor behovet for denne kristenretten var stort, ikkje berre av åndelege grunnar – for rett nok var det også “meget ugudeligt og imod Skrifften uchristeligt iblant” som stod der. Men han trekte fram dei enorme avstandane og til tider farlege sjøreisene i stiftet sitt; han hadde mellom anna mista ein “from Mand” som han hadde til kapellan på Trondenes på det viset. I tillegg gjev han eit spark til kongens andre embetsmenn; han meiner det må koma ein ny ordinans slik at ikkje “onde og ugudelige Fougder skulle icke saa haardelige handle med fattige Undersatte”.

Gaas syner med andre ord at han etterkvart har god kunnskap om tilhøva nordover, og at han har eit oppriktig engasjement for å få til praktiske løysingar, slik at den nye kyrkjeordninga kunne fungere. I omsetjinga av kristenretten, til dømes, var ikkje dansk mål det viktigaste – det var ikkje andre danske embetsmenn som var hovudmålgruppa, men omsetjinga måtte vera til eit “Maal som nu forstandeligt er og her i Riget meenlig bruges”.

---

<sup>1215</sup> Lysaker 1987(a): 55, 67; Øverås m.fl. 1952: 81–82.

<sup>1216</sup> Anton Chr. Bang (1895: 159, note 1) hevdar at Anders “maa vistnok have været en mand, der under katolicismen havde virket som lærer enten ved domkapitlets skole eller i et af tiggermunkenes klostre i Trondhjem”, utan at han underbyggjer dette nærare eller refererer til noko kjelde. Kolsrud (2007: 447) meiner han kan “ha vore ein tidlegare dominikanarmunk i Trondheim” og Asbjørn Øverås m.fl. (1952: 55, 83) antydgar at Anders kan vera den førkatolske katedralskulerektoren mester Anders (*DN XVI-368, 1522; XI-580, 581, (1531–32)*).

<sup>1217</sup> Lysaker 1987(a): 44.

## Nye posisjonar i feltet?

Kva slags kyrkje var det som hadde vakse fram i Trondheim etter at erkebisen måtte fara or landet? I kyrkjeordinansen er ikkje ordet *kyrkje* nytta slik den katolske kyrkja omtalte seg sjølv. I det heile nytta ikkje Christian III ordet *kyrkje* om anna enn kyrkjene som kyrkjebygningar, *fabrica*, eller kyrkja i abstrakt teologisk forstand, som “et åndelig fellesskap som kom til uttrykk gjennom rett forkynnelse og rett sakramentsforvaltning”.<sup>1218</sup> Mellom ettertidas kyrkjhistorikarar har bruken av ordet kyrkje etter reformasjonen variert mykje – og Steinar Imsen meiner at “å tillegge begrepet kirke institusjonelle valører er i beste fall anakronistisk, og i verste fall direkte villedende”.<sup>1219</sup> Det er ei fornuftig åtvaring. Men all den tid me i denne samanhengen grundig drøftar dei ulike aktørane og deira ulike roller og posisjonar både før og gjennom reformasjonen, finn eg det likevel tenleg å sume gonger omtale dei som representantar for ei kyrkje eller som aktørar med ei kyrkjelege rolle, utan at eg trur det er fare for villeiing.

Men om ein legg til grunn at maktovertakinga i 1536–37 førde til ei avinstitusjonalisering av kyrkja, slik Imsen mellom anna har argumentert for, kan ein sjå den kyrkjeadministrative tilpassinga i Trondheim stift og Trondenes kannikgjeld utover 1500-talet som ein kamp i tre omgangar mellom kongen og domkapitlet, med superintendenten i ein svært krevjande mellomposisjon.

Fyrste omgangen vinn kongen. Å byte ut den sjølvstendige erkebisen og apostolisk suksesjon med ein kongeleg utnemnd embetsmann, og i tillegg i denne embetsmannsstillinga sameine dei to tidlegare fremste kyrkjelege leiarane, var eit kraftfullt grep. Den norske kyrkjas religiøse sjølvstende gjekk tapt: 1–0 til den danske kongen over domkapitlet. Domkapitlet på si side greidde å halde saman og bevare kannikgjeldorganiseringa, og med det sikre seg framleis store, sjølvstendige inntekter som gjorde domkapitlet delvis uavhengig av statskassa. 1–1 – domkapitlet i Nidaros utliknar. Men då Hans Gaas etter fåfengt etterlysing av ein norsk kyrkjeordinans fekk omsett den gamle kristenretten til bruk i stiftet, ser det ut til at superintendenten og domkapitlet har tilpassa seg kvarandres behov og gjort felles sak – mot kongen. 2–1 til eit samla, norsk og dansk, trondheimsk domkapittel.

---

<sup>1218</sup> Imsen 1982: 20.

<sup>1219</sup> Imsen 1982: 20. Problemstilling blir drøfta vidare i kapittel 13.

No er det på ingen måte slik at domkapitlet i eitt og alt såg på kongen som ein aktør som dei kjempa *mot*. Sjølv om hovudaksen går mellom domkapittel og konge, vil ikkje minst superintendentens posisjon i feltet påverke posisjonane til dei to andre aktørane – slik me til dømes såg det, når det skulle veljast ny superintendent etter Torbjørn Bratt. Det springande spørsmålet for oss er sjølvst – kva var superintendenten si rolle i det nye kyrkjeadministrative *feltet* Trondenes? Korleis handterte han posisjonen sin mellom domkapitlet på eine sida – som han var del av – og kongen på den hi? Steinar Imsen konkluderer med at superintendantane – over heile lina – “helt fra de første årene etter nyordningen trådte i kraft” arbeidde hardt for dei økonomiske vilkåra til dei geistlege i stiftet.<sup>1220</sup> Når den danske superintendenten Hans Gaas etterkvart fekk kunnskap om kva for ressursar og kva for felles anerkjende verdiar som var til rådvelde i det nordlege stiftet, og han såg kor dårleg tilpassa den kyrkjelege nyordninga var for dette området, sette han sjølv i verk tiltak som tydeleg posisjonerte han nærare domkapitlet enn kongen i feltet. Me skal heller ikkje sjå bort frå at den striden som etterkvart blussa opp mellom Gaas og kongens lensherre, Evert Bild, førde superintendenten nærare domkapitlet.<sup>1221</sup> Han *var* ein kongens embetsmann – og han prøvde følgje lojalt opp den reformasjonen kongen kom med – men i alle fall i denne fyrste perioden etter maktovertakinga såg Gaas at den kyrkjeadministrative tilpassinga måtte han stå for sjølv.

### 10.3 Tilpassinga i det regionale feltet

Å omsetja den gamalnorske kristenretten til dansk var kanskje noko av det siste lektor Anders – eventuelt i samarbeid med kollegaene sine – gjorde i kollegiet på Trondenes. I 1556 og 1561 blir kollegiet av samverkande og sambuande prestar oppløyst. Denne oppløysinga høyrer også til i det kyrkjeadministrative feltet, men ho har størst følgjer i og for det regionale feltet. Soknefolket fekk no prestar buande og verkande ved annekskyrkjene, og presteskapet fekk ei ny rolle – ikkje minst av di dei no kunne danne familiære fellesskap.

### Oppløysinga av kollegiatet

I november 1553 finn me studenten Torkel Sigurdsson frå Trumsensis (“Torchillus Siguardi Trumsensis Norlandus”) ved universitetet i Rostock.<sup>1222</sup> Hadde han vore innom kollegiatet på Trondenes? Eller var han på veg dit då han kom heim? I så fall vart han kanskje ikkje verande

---

<sup>1220</sup> Imsen 1982: 234.

<sup>1221</sup> Lysaker 1987(a): 63–64. Striden mellom dei kjem me attende til i kapittel 11.

<sup>1222</sup> Daae 1885: 83.

der lenge, for seinast 1561 er kollegiatet oppløyst. Trygve Lysaker meiner at prestegarden og kyrkja framleis var bygdas åndelege sentrum etter reformasjonen, men det gjekk etterkvart nedover: ”Den etterreformatoriske kirkeorganisasjonen fikk dessutan særlig uheldige følger for Nord-Norge”, meiner Lysaker, og grunngjev dette med korleis kannikgjeldordninga tappa dei nordnorske samfunnet for ressursar og gjorde kalla i nord svært magre.<sup>1223</sup> Det er den andre sida, baksida om ein vil, av den medaljen som domkapitlet vann då dei fekk behalde kannikgjelda.

I kapitlet om Svein Eriksson har me tidlegare drøfta kva lokalsamfunnet fekk att for Trondenes sin status og posisjon – og hans regjeringstid er ikkje vanskeleg å karakterisere som ei blømingstid for *mange* grupper i trondenessamfunnet. Og når Lysaker meiner kannikgjeldordninga slår dårleg ut for Nord-Noreg, er det fyrst og fremst dei lokale prestane og kapellanane sine vilkår det er tale om. Men med dårelege vilkår får ein gjerne dårlege prestar, og dei fruktbare nettverka mellom geistleg og verdsleg elite som prega Trondenes før reformasjonen, kan vera vanskeleg å sjå for seg oppattbygd viss prestevilkåra var for dårlege. Som me skal sjå i drøftinga av reformatsen i neste kapittel, er vilkåra for kapellanane svært ulike frå prestegjeld til prestegjeld, og det har dei truleg vore før reformasjonen også. Men i trondenefeltet var i tillegg *kollegiatet* eit særmerkje som førde til store endringar då det vart oppløyst.

I fyrste omgang er kollegiatoppløysinga ein naturleg konsekvens av den kyrkjelege nyordninga. Messepraksisen var endra – det var ikkje same behovet for døgkontinuerleg liturgi. Korsongen og kantorombodet ved domkapitlet vart avvikla, og “uppløysingi av felleslivet” i kloster og konvent og andre kyrkjelege fellesskap vart gjort i byte med det nye idealet der presten skulle gifte seg og stifte eigen familie.<sup>1224</sup> Det felles bordhaldet til kannikane i domkapitlet vart oppløyst i 1557.<sup>1225</sup> Men kollegiatoppløysinga kan også ha andre årsaker. Det kan ha vore ynske og press frå lokalbefolkninga i det store kannikgjeldet om få meir permanente prestar ut i annekskyrkjene, og det kan ha vore kollegiatprestane som sjølve ivra for å koma ut. Eller vart det rett og slett, som Ove Schjelderup argumenterer for i 1707, for upraktisk? I 1664 opplyser presten Oluf Feld at det enno fanst restar av lossement på prestegarden etter kollegiatbutilhøva – noko bisp Erik Bredal stadfester i 1667 og amtmann

---

<sup>1223</sup> Lysaker 1978(a): 155.

<sup>1224</sup> Kolsrud 2007: 340, 345.

<sup>1225</sup> Lysaker 1987(a): 35.

Ove Schjelderup i 1707, men han poengterer altså at det har endra seg, for det vart for upraktisk.<sup>1226</sup> Det kan også ha vore eit økonomisk spørsmål – det vart for dyrt å halde kollegiatet – eller eit ideologisk ynske eller påbod frå kongen: Han ville ikkje ha ha slike åndelege senter der han ikkje hadde kontroll med den teologiske utviklinga. Avviklinga ville måtte skje i alle høve – og truleg er det både eit praktisk og økonomisk svar på spørsmålet o kvifor kollegiatet vart oppløyst: Det er vanskeleg å tenkje seg korleis alle prestane i kollegiatet skulle kunne stifte bu med eigne familiar på Trondenes.

Spørsmålet er difor heller kvifor oppløysinga skjedde nett då. Me veit lite om bakgrunnen for kvifor Hans Gaas oppløyste kollegiatet, og kjelda som fortel om dette er frå 1642<sup>1227</sup>, men det faktum at han fyrst gjorde det i 1556, for deretter å stadfeste det i 1561, etter at han hadde overvintra på Trondenes, kan kanskje tyde på at det var eit behov for å understreke vedtaket.<sup>1228</sup> Hadde nokon vore ueinig – eller tok det berre så lang tid å få sett 1556-vedtaket ut i praksis?

Det neste spørsmålet er korleis. Korleis gjekk oppløysinga føre seg? Det ser ut til at prestane flytta ut i annekskyrkjene, kyrkjelydane fekk ansvaret for kapellanlønna og dei fleste hadde også vedlikehaldsplik for kyrkjene sine – bortsett frå i dei ”gamle” sokna Sand, Ibestad og Kvæfjord, i tillegg til Trondenes – men inntektene, *alle* inntektene, gjekk framleis til superintendenten.<sup>1229</sup> Men sjølv om kyrkjelydane skulle løne kapellanane sine, var det framleis soknepresten sitt ansvar å skaffe prestar. Prestetilsettingane var ein svært viktig del av superintendenten sitt ombod i heile stiftet – og det var strengt regulert, men i sitt eige kannikgjeld gjorde nok superintendenten som han ville.<sup>1230</sup> I tillegg skulle han ha ansvaret for vispepastorlønna på Trondenes – og halde alle kyrkjene med vin og brød. Men kvifor tok han også vedlikehaldsansvaret for dei tre andre sør-troms kyrkjene, kvifor ikkje berre Trondenes? I utgangspunktet skulle ein ikkje tru at superintendenten ynskte seg fleire utgifter enn han måtte ha, så kvifor heldt han også på Ibestad, Sand og Kvæfjord? Det kan ha vore ei slags plikt – at lokalsamfunna på eitt eller anna vis forventa det av han. Frå seinare kjelder ser det ut til at

---

<sup>1226</sup> Lysaker 1978(a): 156–157.

<sup>1227</sup> Schielderop 1642.

<sup>1228</sup> Lysaker 1987(a): 64; DN XII-671, 1560. “Bispens Nordlandsreise 1560 må nærmost ha artet seg som en flukt fra all elendigheten i Trondheim [Gaas sin bitre strid med lensherren Evert Bild]. Han kom ikke tilbake om høsten, men overvintret på Trondenes.” Men korleis veit Lysaker at Gaas overvintra nett på Trondenes? Fordi Gaas i fortala til kristenrettsomsetjinga skriv at han og lektor Anders gjorde arbeidet saman – og då må ein gå ut frå at dei har vore saman.

<sup>1229</sup> Schielderop 1642.

<sup>1230</sup> Imsen 1982: 218.

lokalsamfunna rundt dei nyare fiskeværskyrkjene i alle fall aksepterte at dei skulle ha vedlikehaldsansvar for sine kyrkjer, sidan dei sjølve hadde bygd dei – og truleg alltid hatt vedlikehaldsansvaret for dei.<sup>1231</sup> Og sidan bispen tidlegare i mellomalderen hadde hatt vedlikehaldsansvar for dei eldste kyrkjene, så forventa lokalsamfunna at han heldt på dette ansvaret. Det kan også ha vore ei økonomisk vurdering frå superintendenten si side av at desse store kyrkjene trass alt ikkje ville greie å bli vedlikehaldne av lokalsamfunnet, av di dei ikkje fekk fisketiendinntekter.<sup>1232</sup> På den andre sida hadde dei jo mykje gods tillagt seg i si tid, slik me såg av trondenesjordebøkene, i motsetnad til dei nyare fiskeværskyrkjene som ”berre” var rike på fisketiend. Og sjølv om kannikgjeldinnehavaren hadde slått *alle* inntektene frå *alle* kyrkjene under seg, er det ikkje urimeleg at det har spelt inn i den eventuelle forhandlinga som var med lokalsamfunna om presteløn og vedlikehald, i kva grad kyrkjene frå gamalt hadde jord tillagt seg eller ikkje.

Også provenienshistoria til kyrjekunsten syner eit spesielt tilhøve mellom dei fire eldste kyrkjene. Både altarskåp og ei skulpturgruppe frå Kvæfjord, ei skulpturgruppe (som kanskje har tilhørt eit altarskåp) frå Ibestad og ei skulpturgruppe frå eit altarskåp frå Sand<sup>1233</sup> har alle stått opphavleg i Trondenes. All denne kunsten kan sjølv sagt ha kome til kyrkjene allereie i katolsk tid, men den kan også ha følgd med kapellanane då det, for ein lutheranar, overdådige kollegiatet vart løyst opp og dei flytta ut etter 1560. Eller det kan ha kome dit endå seinare, som ein del av fabricaansvaret til superintendenten. Alt i alt er det i alle fall mykje som tyder på at det særskilte tilhøvet mellom dei fire gamle sørtrromskyrkjene held fram, og ein siste liten bit av forklaringa kan vera at dette framleis var strategisk plasserte kyrkje- og statsmaktsbastionar i eit grenseland, så desse kyrkjene måtte ein sentral kongeleg embetsmann ha hand om fullt og heilt. Det er likevel mykje me ikkje veit om funksjonsfordelinga mellom hovudkyrkja og kapella – både i seinmellomalder og reformasjonshundreår – så det er vanskeleg å trekkje nokon sikrere konklusjon om fordelinga av inntekter og plikter etter kollegiatoppløysinga.<sup>1234</sup>

---

<sup>1231</sup> Trædal 2008: 146–147; Hamre 1983: 29. Jf også diskusjonen om bygginga av fiskeværskyrkjene i kapittel 7.

<sup>1232</sup> Dei tre kapellanane i desse kyrkjene vart også fritekne for landskulda av prestegardane sine. (Lysaker 1978(a): 157.)

<sup>1233</sup> Bergesen 2011(b): 79, 84–89.

<sup>1234</sup> For kva til dømes med Lenvik? Det var også ei av dei eldste kyrkjene – nemnd allereie i *Rimbegla* tidleg på 1200-talet – men henne tek superintendenten ikkje ansvaret for etter 1560. (Trædal 2008: 433.) Sjå også kap. 11.3.

Sjølv om lokalsamfunna rundt dei nyare kannikgjeldkyrkjene sjølv ynskte å få ansvaret både for presten og vedlikehaldet, kan det ikkje ha vore friksjonsfritt at superintendentsoknepresten sat att med alle inntektene. Han skulle eigentleg hjelpe kyrkjelydane med prestelønningane, men det vart det fort slutt på.<sup>1235</sup> Likevel kan det godt tenkjast at kyrkjelydane ikkje fann den nye økonomiske børa så tung å bera, sidan dei trass alt fekk attende tilstadeverande prestar? No slapp dei skyssplikt og mobilisering, kvar gong kapellanen skulle eller måtte koma.

Ein kan sjå kollegiatoppløysinga i Trondenes som eit fyrste steg på vegen til avvikling av heile kannikgjeldordninga. Kravet som kjem sterkare og sterkare utover på 1600-talet, er at prestane skal vera til stades ved kyrkjene og at dei skal ha levelege inntekter.<sup>1236</sup> Me ser denne kampen i Vesterålen allereie på 1580-talet. Soknefolket der påpeikar kor langt det på alle måtar er til Trondheim, og når soknepresten Mikkel Olsen er død, vil dei gjerne at sonen hans – Mogens Mikkelsso – overtek soknet som eit ordinært prestegjeld, og ikkje at det skal falle tilbake til domkapitlet som eit kannikgjeld, slik kongen hadde foreslått i 1578.<sup>1237</sup> Kongen gav dei medhald, trass i at han også støtta kannikane i deira krav. Han vende seg då til domkapitlet og lurde på om dei var interesserte i å gje frå seg kannikgjeldet mot ein kompensasjon. Me har ikkje bevart noko direkte svar på dette spørsmålet, men Vesterålen er framleis kannikgjeld, inkorporert i erkediakonens prebende, på 1600-talet.<sup>1238</sup> Saka er like fullt eit døme på at både soknefolket og den potensielle presteavingen ser seg sjølv i opposisjon til domkapitlet og interessene der, men at også sambandet mellom stiftsstaden og kannikane var på veg til å bli løyst opp. Domkapitlet som fellesskap byrja å forvitte.<sup>1239</sup>

Me har ingen vitnemål om slik uro i Trondenes i denne fyrste delen av reformasjonshundreåret. Det har truleg mykje å gjera med superintendentens posisjon og den lange historia til Trondenes som dekanens eige kannikgjeld. Banda til Trondheim var sterke – og hadde “alltid” vore der. Kanskje er det også eit uttrykk for at det ikkje var særleg misnøye – kanskje tykte både lek og lærd i kannikgjeldet at dei hadde fått mykje att for denne type organisering. Kor djupt såra sat i etter den opprivande våren i 1537 er ikkje godt å måle, men som me såg var både Aslak Engelbrektsson og Gaute Taraldsson attende og virka i nord allereie på 1540- og 1550-talet. Og me kan følgje etterkomarane deira i det etterkvart rikare

---

<sup>1235</sup> Lysaker 1978(a): 157.

<sup>1236</sup> Torkelsen 1971: 317.

<sup>1237</sup> NRR 2: 292–293, 1578; 413, 1581.

<sup>1238</sup> Dette prebendet blir sekularisert i 1613 og forlent til den danske adelsmannen Stalder Kaas. (Lysaker 1987(a): 153–54.)

<sup>1239</sup> Imsen 1982: 218; Hamre 1983: 25.



og meir dekkjande kjeldematerialet frå 1567 og utover. Men det er vanskeleg å finne spor av at den økonomiske lokale eliten no søkjer særskilt mot kyrkja – og det kulturhuset som hadde vore på Trondenes.

Som nemnd så veit me ikkje i kva grad prestane sjølve pressa på for å avslutte kollegiatordninga. Kanskje var ikkje det lærde fellesskapet noko å hike etter, når det ikkje på same måte hadde ein liturgisk funksjon. Og det dei mista i åndeleg fellesskap, fekk dei kanskje att i familiært kjenslefellesskap, noko som må ha aktualisert spørsmålet for mange geistlege; kva var viktigast – ånd eller lekam? Kva for kvalar prestane eigentleg gjekk gjennom, når trua endra seg, har me ikkje noko godt bilete av. Norske kjelder av denne typen er så altfor få – og inkje veit me om kollegiatet på Trondenes.

Kollegiatoppløysinga førde altså til to hovudendingar i kannikgjeldet; annekskyrkjene og kapella fekk residerande prestar, som kyrkjelydane primært måtte løne sjølve, og alle dei underliggjande kyrkjebygga, minus Ibestad, Sand og Kvæfjord, måtte soknefolket greie vedlikehaldet av sjølve. Ein tredje konsekvens var at lærdomssentrumet Trondenes må ha forvittra. Kva alt dette gjorde med den åndelege tilstanden i kannikgjeldet Trondenes, skal me sjå nærare på i kapittel 11.3.

## **10.4 Reformasjonen godt i gang?**

Reformasjonen var i gang – i Danmark-Noreg, i Trondheim stift, i Trondenes prestegjeld. Gjennom seinmellomalderen hadde det vakse fram som eit nordnorsk kannikgjeld. På slutten av 1530- og i løpet av 1540-talet blir det prega av eit dansk brot, før det igjen får si nordnorske tilpassing utover på 1560-talet.

Og av alle kongens nye danske embetsmenn og adelege lensinnehavarar ser det ut til å vera superintendenten som har størst evne og vilje til å drive reformasjonen frametter ved å tilpasse det nye regimet til lokale tilhøve. Den danske superintendenten står fremst i den nordnorske reformasjonen. Rett nok i nært samspel med domkapitlet der dei leiande kannikane lenge var norske. Vel hadde dei vore lojale mot Olav Engelbrektsson, men dei var og realistiske og skjønnte raskt kvar makta sat då erkebispemannen var reist til Nederlanda. Snudde dei kapp etter vinden? Ja, kan hende – men kven gjer ikkje det? Eit meir interessant spørsmål er kvifor dei tilsynelatande ikkje fekk større sjelekvalar, når mykje av verdsbiletet deira må ha ramla

saman, når den religiøse kapitalen som dei forvalta med eitt endra verdi. Var dei kanskje skapkatolikkar livet ut? Det veit me ikkje. Men sidan den økonomiske kapitalen framleis var tufta på dei same type inntektskategoriane og mykje godt flaut som før, sjølv om nokre aktørar hadde fått litt meir og nokre litt mindre, noko me skal sjå nærare på i neste kapittel, la oss difor sjå nærare på den religiøse kapitalen og innhaldet i denne. Kva var det *eigentleg* som endra seg? Kva heldt fram med å vera felles anerkjende verdiar, og kva var ikkje lenger noko verdt?

Den religiøse kapitalen skifta nødvendigvis innhald – både den immaterielle og den materielle. Dei praktfulle altarskåpa vart ikkje fjerna frå Trondenes eller Kvæfjord eller andre stader me finn att katolsk kyrkjekunst i nord. Dei kan ha bytt plass, det såkalla Kvæfjord 1-skåpet stod truleg fyrst i Trondenes,<sup>1240</sup> men dei vart ikkje fjerna. Dei beheldt truleg sin didaktiske funksjon, sjølv om helgenbileta nødvendigvis må ha fått ei anna vektlegging.<sup>1241</sup> Og ikkje minst hadde dei framleis ein estetisk funksjon. Same kva og korleis skåpa vart formidla, må ein gå ut frå at både lek og lærd før og etter 1537 må ha kunne verdsett dei kunstverka dei var.<sup>1242</sup> Det kan også sjå ut som at den overfloda av kyrkjekunst som fanst i trondeneskyrkja til ein viss grad vart delt med dei andre kyrkjene i kannikgjeldet (dette kan også ha gått føre seg før reformasjonen). Det treng ikkje tyde at soknepresten syns det vart for mykje katolske bilete i Trondenes, det kan også vera eit uttrykk for det ansvaret han følte for – eller vart pressa til å føle for – dei andre store kyrkjene i det vide prestegjeldet sitt. Men alt i alt vart det mindre av den *materielle* religiøse kapitalen – det vart færre objekt eller kategoriar som kunne brukast som religiøs kapital.

Relikviar mista si *felles anerkjening* av å vera noko religiøst verdifullt – men dei vart ikkje fjerna. Alle katolske altar skal ha relikviar. På jakt etter antikvitetar fann Simon Kildal krukka med relikviar og helgendedikasjonar i det nordre altaret i Trondenes-koret i 1810.<sup>1243</sup> Det var lagt inn der då erkebisp Gaute vigde altaret til Kristi lekam, apostelen Andreas og St. Olav på visitasen sin i 1476.<sup>1244</sup> Kildal slo hol i alle altara, og i hovudaltaret fann han ein ullpung med ein beinsplint, men ingen fleire dedikasjonar. Med andre ord, det ser ikkje ut til å ha vore ei systematisk fjerning av alle relikviane i reformasjonen – då skulle ein tru at alle altara hadde

---

<sup>1240</sup> Bergesen 2011(b): 79–81.

<sup>1241</sup> Bergesen 2011(b): 23–26.

<sup>1242</sup> Bergesen 2011(b): 26–29.

<sup>1243</sup> Lyskaer 1976: 402–404.

<sup>1244</sup> DN XVIII-100, 1476.

vorte gjennomførte og reinsa for slikt. I kva grad dei vart mobiliserte til noko eller kommentert i det heile i den nye messeordninga, veit me elles ingenting om.

Helgenfigurane som prega altartavlene fekk også stå i fred. Og sjølv om helgenbileta i kyrkjerommet vart omtalte, formidla og brukte i messa på anna vis, er det mykje truleg at delar av helgenkulturn heldt seg lenge i befolkninga. Helgenar kunne ein ha eit personleg forhold til – det “eksisterte eit sterkt og gjensidig forhold mellom helgenane og folk flest, nærmast eit vennskapsforhold”.<sup>1245</sup> Det var ei kultutøving som lett kunne gjerast privat, samstundes som ein tok del i den nye typen religionsutøving. Og helgenkult ovra seg på så mange vis; namneskikken, til dømes, syner at Olav og andre helgennamn også er svært populære etter reformasjonsutbrotet. Dette treng på ingen måte berre vera uttrykk for ein slags motreformatorisk eller nasjonal opposisjon – for å heidre alle olavane frå den heilage til Engelbrektssonen.<sup>1246</sup> Namngjeving er knytt til sterke familiære tradisjonar og nødvendigvis uttrykk for kulturelle strukturar som er seige og varige.<sup>1247</sup>

Bibelen var den same, men tolkinga av den – og ikkje minst, kven som kunne tolke den, vart annleis. Eitt av Luthers dogme – prestskapet av alle truande – la nettopp vekt på at alle skulle kunne lesa Bibelen og med det ha eit direkte tilhøve til Gud. Prestskapet og tradisjonen frå kyrkjefedrane er ikkje for Luther eit *vilkår* for å oppnå tilgjeving, nåde og frelse. Noko av den viktigaste endringa med den nye læra var nettopp i messepraksisen, der særleg preika vart viktigare – og saman med salmesongen brukt som eit kommunikativt middel mellom prest og lekfolk.<sup>1248</sup> Kyrkjebygga og interiøra der fekk såleis anna tyding – ikkje minst det som skjedde under nattverda ved altaret i messa. Nattverda var omstridd også i protestantismen, men eitt av dei springande spørsmåla som skilde katolikkar og protestantar var nettopp om kva som skjedde med brødet: Var det faktisk Jesu lekam (og vinen blodet) som blir omskapt i messa kvar einaste gong, den såkalla transsubstansiasjonslæra, eller var vinen og brødet berre eit symbol på Jesu lekam og blod? I alle høve var det i alle fall ikkje lenger oppløftinga av brødet – hostien – framom altaret som utgjorde den viktigaste kommunikasjonen under messa. På Trondenes, der det kan ha vore opptil åtte messer for dagen, og allmugen såleis kan ha

---

<sup>1245</sup> Sigurdsson 2006: 190.

<sup>1246</sup> Rian 2005: 24.

<sup>1247</sup> Hansen 2000: 158.

<sup>1248</sup> Rørvik 1998: 201, Oftestad 2001: 16.

vore vane med å kunne oppleva brødet bli løfta ved altaret nærast så ofte dei ville, må det ha vore ei stor endring i reformasjonen då dette opphørde.<sup>1249</sup>

Den viktigaste *immaterielle* religiøse kapitalen som vart borte, var lesinga av sjelemesser. Ein kunne med andre ord ikkje lenger konvertere økonomisk kapital – i form av votivgåver til kyrkja – inn i den religiøse kapitalen det var å få lese messer for sjela si, eller andres, på turen gjennom skjærselden. Det må ha påverka kapitalflyten på fleire måtar når sjelegåver ikkje lenger kunne gjevast og sjelemesser ikkje lenger kunne seljast. Økonomisk kunne det føre til inntektssvikt på to måtar for kyrkja – ikkje fekk ho lenger tilførsel av små og store private gåver, i tillegg var det fleire gjevarar som krov attende gåver dei hadde gjeve før reformasjonen, sidan desse no ikkje lenger gav den motytinga dei var tiltenkt, nemleg sjelemesselesinga.<sup>1250</sup> Sjelegåver vart i stor grad gjevne til kyrkjene i kannikgjeldet (jf kap. 3.3), og sjølv om soknepresten i Trondenes tok hand om alle inntektene, må slutten på gåvegjevinga og messelesinga ha påverka den religiøse kapitalutvekslinga mellom kyrkja og kyrkjelyden – det bandet som denne personlege relasjonen utgjorde, vart brote. Kva hadde no kyrkja å tilby den enkelte med sjelekvalar for seg og sine? Om ein var vorte fortald læra om skjærselden sidan denne vart vedteken som dogme på eit kyrkjemøte i Lyon i 1274, kan det ikkje ha vore lett å plutseleg ikkje lenger skulle kunne gjera noko med lengda på opphaldet der. Men den nye ordinansen føreskreiv at dei som framleis ville gje gåver, skulle gje desse til dei fatige. Noko av behovet for å få bruke den økonomiske kapitalen sin til å investere i religiøs kapital, må soknefolket i kannikgjeldet ha fått stetta då dei sjølve fekk det økonomiske ansvaret for prestane sine etter 1560. Og kanskje var det ikkje så mykje dårlegare tilbod å bli bede for av ein tilstadeverande prest, enn å bli lese og sunge messe for.

Reformasjonen var i gang, men det tok nødvendigvis tid før ikkje berre kannikane i domkapitlet, men også det lokale presteskapet fann ut av kva som skulle vera dei nye felles anerkjende verdiane, kva som skulle vera gangbar mynt, kva som skulle vera innhaldet i den religiøse kapitalen. Det må ha vore ei open tid, der det var openbert at nye kort skulle utdelast, men kva var kløver og kva var spar? Og sjølv om me her har drøfta nokre døme, så veit me så altfor lite om kva for mentale overgangar, kva for openberringar og sjelekvalar både lek og lærd hadde i samband med trusskiftet og den nye kyrkjeordninga – og såleis om *korleis*

---

<sup>1249</sup> Bergesen 2011(b): 257, 119–121, 124–129. Men me veit ikkje i kva grad allmugen hadde tilgang til å oververa kollegiatprestane sine daglege messelesingar, eller i kor stor grad dei nytta kyrkja i det heile.

<sup>1250</sup> Kolsrud 2007: 203; Dybdahl 1979: 240–247. Dette fekk likevel ikkje noko stort omfang.

innhaldet i den religiøse kapitalen skifta karakter. Ikkje før med Christian IV og sekelskiftet, som me skal sjå i neste kapittel, ser den ut til å finne sin nye felles anerkjende verdi. Det er òg vanskeleg å slå fast om det vart *meir* eller *mindre* av religiøs kapital gjennom trusskiftet – den vart fyrst og fremst brukt annleis. Der Svein Eriksson tvillaust konverterte mykje økonomisk kapital inn i materiell religiøs kapital då han ferdigstilte og innreidde trondeneskyrkja midt på 1450-talet, kan ein seia at Hans Gaas brukte sin politiske kapital på å skaffe kannikgjeldet og heile stiftet immateriell religiøs kapital, i form av den omsette kristenretten og kollegiatoppløysinga som var lokalt tilpassa både for lekfolk og lokale prestars løns- og arbeidstilhøve i feltet. Og sjølv om kollegiatoppløysinga fører til at den religiøse kapitalen på lærestaden Trondenes forvitrar, blir truleg det åndelege nivået heva ute i kannikgjeldet der det no blir tilstadeverande prestar.

Me kan altså seia at utkantane i trondenesfeltet, som Senja, blir styrkte med religiøs kapital, medan den økonomiske kapitalen strøymmer sterkare mot sentrum, det vil seia Trondenes, og først og fremst Nidaros. Både Eriksson og Gaas konverterer med andre ord kapital *frå* feltet som blir verande *i* feltet, men i alle fall etter Hans Gaas' tid kan det sjå ut som det er ein større del av kapitalen som også blir flytta ut av feltet, i alle fall frå det regionale feltet. Men – og det er eit stort men – det kan ha å gjera med kjeldesituasjonen; me veit svært lite om den økonomiske kapitalflyten og kapitalmengda før reformasjonen. Og ikkje minst har det å gjera med Svein Eriksson, som må ha vore ein investor i særklasse mellom alle sokneprestane i Trondenes kannikgjeld si historie.

## Kapittel 11: 1564–1622: Kyrkjeorganisasjonen festar seg

Midt på 1560-talet er reformasjonen i nord framleis i støypeskeia. Domkapitlet har etablert seg som ein sterk og strategisk aktør innafor den nye kyrkjeordninga i Trondheim stift. Dei har fått stadfest, og nedfelt i kyrkjeordinans, kongebrev og jordebøker, dei rettane og privilegia dei tok med seg frå før reformasjonen. Men i tillegg ser dei ut til å utnytte den framleis pågåande reformasjonen, og er handlingsorienterte når posisjonen deira blir utfordra vidare utover i reformasjonshundreåret – særleg frå den verdslege lensmakta. Dei er heller ikkje redde for å gå i open konflikt med kongen, som me skal sjå i dette kapitlet.

Superintendenten har ei utfordrande oppgåve med å vera den som skal gå i bresjen for å gjennomføre reformasjonen, og sjølv om Hans Gaas får sett i verk viktige endringar og mellombelse løysingar, som oppløysinga av kollegiatet på Trondenes og omsetjing av den gamalnorske kristenretten, er det framleis mykje som er uavklart, både i åndelege og ikkje minst administrative og økonomiske spørsmål i det store Trondheim stift. Og kampen om kannikgjelda går som ein raud tråd gjennom det heile, sjølv om Trondenes heile vegen er i ei særstilling, både fabricalt og mensalt.

Som me har vore inne på, verkar det som om dei som vart ramma av straffeekspedisjonen i 1537 relativt raskt kom seg på føtene igjen. Me kan vel seia at dei i mangt hadde den sosiale kapitalen å stø seg på, sjølv om dei mista både økonomisk og religiøs kapital. Men sjølv om enkeltpersonar klart kjem attende og får oppreising, er sjølvve setesveininstitusjonen vorten avvikla. Dei nettverka som var brotne føresette ei blanding av religiøs, økonomisk og sosial kapital, som det ikkje lenger var like lett å byggje når prestane kom sørfrå, superintendenten var dansk, kollegiatet var oppløyst – og ikkje minst den sosioøkonomiske situasjonen rundt i feltet hadde endra seg. Erkebispens maktposisjon, bygd opp av både verdslege og geistlege interesser og inntekter, vart ikkje overteke av kongen en bloc. Fort det fyrste forlente kongen ut sine økonomiske inntektskjelder til fleire ulike interessentar, men viktigast; han stod ikkje i same dialektiske forholdet til domkapitlet og deira drift og inntekter av kannikgjelda.

Samstundes *har* den nye kyrkjestatsmakta fått summa seg og byrja laga oversiktar over både den institusjonelle og den private økonomien i Danmark-Noreg. Og ho tek etter kvart opp kampen om både handels- og skatteinntekter, mellom anna ved å innlemme samane for fullt i manntala. I tillegg tek me til å kunne sjå konturane av korleis den kongelege styringa av

kyrkja etterkvart påverkar tilhøvet mellom verdsleg og geistleg eliten i det regionale feltet Trondenes.

Kyrkjeordinansen føresette eit nært samarbeid mellom kongen, superintendenten og lensherren – men det syner seg å bli alt anna enn enkelt i fleire samanhengar. Og viktigast i vårt felt; der setesveinane før må ha verka som eit formidlande – og kanskje formildande – mellomledd mellom erkebisp og dei han henta inntekter frå, ser ikkje kongemakta ut til å ha funne ei tilsvarende eigna rolle til å operere lokalt. Futen – lensherrens betjent som i praksis er den kongelege skatteinnkrevjaren – ser ikkje ut til å ha den same posisjonen i det regionale feltet. Men kva med superintendentsoknepresten? Han oppløyser kollegiatet og tek med det brodden av lokalsamfunnsmisnøya ved å plassere prestar ute omkring i kannikgjeldet. Men korkje setesveinar, futar, prestekollegiat eller ein superintendent kunne gjera noko med det som kanskje stod for den største endringa i feltet utover i reformasjonshundreåret; det faktumet at dei sosioøkonomiske tilhøva i Trondenes kannikgjeld – og heile Nord-Noreg – byrja å endre seg for alvor med fiskeprisreduksjonar og handelsutfordringar.<sup>1251</sup> Dette fekk også så sterke utanrikspolitiske konsekvensar at Christian IV sjølv tok turen nordover til Kola i 1599.<sup>1252</sup>

Og samstundes stramma kongen det åndelege grepet i Danmark-Noreg. Med Christian IV kjem endeleg ein norsk kyrkjeordinans i 1607, men med kva slags innhald? Og korleis påverkar Christians ortodoksi og engasjement tilhøvet til grenselandet og grensefolka i nord?

Sjølv om domkapitla synte styrke gjennom reformasjonen og steig fram som ein sterkare aktør – som eining – i feltet Trondenes, enn dei hadde vore før reformasjonen, er likevel kongen alt i alt ein endå meir openberr kandidat til tittelen “feltets nykomar”.<sup>1253</sup> Men *korleis* melde han seg på i kampen om dei felles anerkjende verdiane i feltet?

### 11.1 Utfordringa frå den verdslege statsmakta

La oss først sjå på det me kan kalle den verdslege inntektsstrukturen. Når kongen vart den øvste leiaren for både dei kyrkjelege og dei verdslege administrative strukturane i Danmark-Noreg, er det naturleg å spørja seg om den geistlege og den verdslege styringa kom *nærare*

---

<sup>1251</sup> Hansen 2000: 271–276; Nielssen 1984: 40.

<sup>1252</sup> Hagen og Sparboe 2004.

<sup>1253</sup> Njåstad 2011: 88.

einannan, og at såleis realisering og innkrevjing av inntektene i feltet i endå sterkare grad vart styrde av kongen. Lensherren, eller befalingsmannen som han ofte blir omtalt som i kongebrev, skulle heretter krevja inn alle kongens inntekter – både dei kongen før hadde hatt og dei han overtok etter erkebispem. <sup>1254</sup> Men kven som krov inn inntektene for superintendentsoknepresten, er meir usikkert. Som me har drøfta tidlegare, veit me ikkje sikkert korleis han samla inn inntektene sine før reformasjonen – det kunne vore ved hjelp av kollegiatet eller i samarbeid med erkebispens setesveinar. Så kva skjer no – let superintendenten sine økonomiske interesser bli ivareteke av den verdslege innkrevjingslogistikken? Lensherren skulle etter ordinansen i utgangspunktet ha med alle prestesaker å gjera. Han tilsette eigne tenestemenn for å forvalte det tidlegare kyrkjegodset, såkalla *hovmannsprost*, eller *stiftsskrivar*, som det heitte frå 1574. <sup>1255</sup> Men desse kunne truleg ikkje leggje seg opp i korleis kannikane og superintendenten styrde sine eigne kannikgjeld. <sup>1256</sup> Recessen frå 1548 forbaud prestar å vera ombodsmenn, for at ikkje fabricagodset skulle blandast med prestebordsgodset. <sup>1257</sup> Og superintendenten *hadde* etter kvart eigne leke ombodsmenn – som “neppe [var] lempeligere i sine metoder enn fogdene” – men når kom dei og kven var desse? <sup>1258</sup> Ikkje før i 1661 veit me sikkert namnet på ein av dei, då Nils Mortensson gjekk frå å vera lensherrens fut til superintendentens ombodsmann. <sup>1259</sup>

Den verdsleg-administrative historia til Trondenes var brokut i reformasjonshundreåret: I 1537 var Senja eit eige len, det vil seia eigentleg eit slags fogderi som låg under Bergenhus, men det vart kalla len <sup>1260</sup> – i utstrekning tilsvarande det same området som Trondenes kannikgjeld. <sup>1261</sup> Senjalenet utgjorde i 1567 sju tinglag på tvers av soknegrensene, og allmugen i hovudsoknet på Trondenes måtte søkje fire ulike heimeting; Fauskevåg, Kvæfjord, Astafjord og Sand. <sup>1262</sup> Senja ser ut til å ha følgd kongens fremste menn – såkalla kvitt og fritt eller mot avgift, før det i 1598 vart slått saman med Salten, Tromsø og Andenes til ei forlening og

---

<sup>1254</sup> *NRR* 1: 81–82, 1545.

<sup>1255</sup> *NRR* 2: 93f, 1574; Kolsrud 2007: 324, note 36 og 38.

<sup>1256</sup> Imsen 1982: 255.

<sup>1257</sup> *LoF*, artikkel 8: 40; Kolsrud 2007: 178.

<sup>1258</sup> Lysaker 1978(a): 158.

<sup>1259</sup> Lysaker 1978(c): 190; 1978(a): 141. Som fut var han busett på Harstad, som ombodsmann på Sørvik. Frå 1686 og fram til sin død i 1696 var han også 'Kgl. May(sts) Provincial Procureur' over Nordlandene og Finmark.

<sup>1260</sup> Fladby 1978: 12–13. I perioden 1538–1545 låg det under Steinvikholm. (Fladby 1978: 31, 35.)

<sup>1261</sup> Som me drøfta i kapittel 1.1 og 2.3 meinte Trygve Lysaker at lenet på eit tidspunkt var delt i to, med det gamle Sør-Troms som eitt len og den nordlege delen som eitt, noko Rolf Fladby har avvist. (Lysaker 1978(a): 94f, 132 ff; Fladby 1978: 15.)

<sup>1262</sup> I 1647 var det vorte to tinglag til. Fladby 1978: 27; *NLR* 5: 185ff; *SM*: 17–46.



overdrege til Claus Urne.<sup>1263</sup> Då hadde lenspolitikken – oppløysinga i mange smålen – som kongen førde i nord leidd til dramatisk nedgang i kronas inntekter, og kongen måtte gjera ei radikal samanslåingsendring. Og kongen no var Christian IV, som hadde kome til myndig makt i 1596. Urne fekk klar beskjed om å residere nord i lenet sitt og halde svenske og russiske skatteoppkrevjarar og andre utfordrarar unna.<sup>1264</sup> Han busette seg visstnok på Ervik i Trondenes og måtte betala 1200 dalar årleg i avgift for lenet.<sup>1265</sup> I 1604 overtok Hartvig Bille lenet – og fekk i tillegg Helgeland, Vesterålen og Lofoten – som alle vart slegne saman til *Nordlandene len*.<sup>1266</sup> Avgifta var 3050 riksdalar. Konflikten med svenskane var stadig tilbakevendande, men vart endeleg avslutta ved freden i Knäred etter Kalmarkrigen i 1613 – og deretter glei Nordkalotten inn i “bakgrunnen i nordisk politikk”, i følgje Rolf Fladby.<sup>1267</sup> Frans Kaas overtok lenet i 1618 og hadde det til 1638.<sup>1268</sup>

Lensherren hadde altså ansvaret for innkrevjinga av kongsinntektene, men i det daglege trengde han sjølv sagt hjelp til dette – først og fremst frå futane sine. Desse har på ingen måte fått noko særleg til ettermæle – og ikkje berre grunna dårleg råmateriale: “Det var en kjent sak at en knapt kunne livnære seg av fogdestillingene på hederlig vis.”<sup>1269</sup> Futane var lensherrens private betjentar, men når det var ekstraskattinnkrevjing arbeidde dei for kongen. I Senja hadde dei tilhald på Ervik i Trondenes sidan tidleg på 1500-talet, rett nok berre om sommaren før 1570, og etterkvart på Tovik i Skånland og Sørvik i Sandtorg frå midten av 1600-talet.<sup>1270</sup>

Futane var på sett og vis dei nye setesveinane. Dei hadde stort sett sine egne jekter – og me kjenner ein av dei frå tiåra etter reformasjonsutbrotet og alle frå etter 1609. Den første er vide kjent, særleg av di Absalon Pedersson Beyer skildra han – og ikkje minst dei siste dagane hans før han måtte dingle i galgen – inngåande i dagbøkene sine:<sup>1271</sup>

Midt på 1560-talet var Dines Persson fut i Senja for lensherre Erik Rosenkrants. Beyer fortel om korleis han kom i klammeri med sin eigen tenar, Nils Basse. Dei utveksla skuldingar mot

---

<sup>1263</sup> *NRR* 3: 542, 1598; Fladby 1978: 52, 63.

<sup>1264</sup> *NRR* 3: 544, 1598; Lysaker 1978: 133. Dette var ordren – me skal koma attende til resultatet seinare i kapitlet.

<sup>1265</sup> Lysaker 1978(a): 133f.

<sup>1266</sup> *NRR* 4: 47, 1604.

<sup>1267</sup> Fladby 1978: 68.

<sup>1268</sup> *NRR* 4: 690, 1618; 7: 428, 1638.

<sup>1269</sup> Lysaker 1978(a): 134. Sjå også Njåstad 2011: 95.

<sup>1270</sup> Lysaker 1978(a): 134f; 141.

<sup>1271</sup> *NM* 1: 289, 365, 371f, 377f, 381, 407–417.

kvarandre, og Dines vart dømd både for underslag av sakefallet – og truleg juksa han også med vidaresalet av tienda. Persson vart til slutt hengd på Tjuvholmen i Bergen – av Jens Pedersson.<sup>1272</sup> Han var lagmann på Steigen 1564–1575, og lagmennene var på mange vis det einaste vernet allmugen hadde mot urimelege futar. For allmugen var kanskje Jens Pedersson ein bra mann, men han var også skildra som ein rå og brutal type – og han enda sjølv livet i 1575 som halshogd, “for han havde drevet meget tyranni”.<sup>1273</sup> Mange futar delte lagnad med Dines Persson – for “tross den omfattende og brysomme regnskapsføring, så var det bare altfor lett å unndra kongen de inntekter som tilkom ham, og til å legge urimelige byrder på undersåttene”, skriv Fladby.<sup>1274</sup> Men Dines Persson var truleg ikkje verre enn futar flest, meiner Lysaker.<sup>1275</sup>

Og det lokalsamfunnet futen kom i krangel med, hadde også sine ambisiøse leiarar. Som til dømes den sjølvrådeige og velstående jektebrukaren Hartvig Rasmussen – som frå 1616 sat på Sørvik og etterkvart Melvik i Sandtorg. Han var ofte i klammeri med futen og lova, men var likevel lagrettemann og møtte som senjarepresentant på tinget i Steigen.<sup>1276</sup> Jektebruk dreiv også fleire av futane – som Dines Persson og Mathias Thorkildsen Holt (1622–1638)<sup>1277</sup> – nett slik setesveinane hadde gjort, så konfliktlinene gjekk nødvendigvis ikkje berre mellom fut som representanten for øvrigheita og den skattebetalande allmugen. Men gjekk dei inn i handelsnettverk på same måten som setesveinane hadde gjort, eller vart dei for mykje framandkarar? For klagemåla mot futen var mange – både grunna sjølv innkrevjinga, men og grunna det aukande skattetrykket frå København.<sup>1278</sup> Og i Senja på 1570-talet var allmugen klare på at futen gjorde store overgrep på eiga hand, mellom anna ved å skattleggje heimeverande bondesøner, krevja full oppvarting på reise og “aff thorske leffuerne maa vdgiffue thiende, huilchet ickj haffuer weritt seduan”.<sup>1279</sup> Dines Persson var også skulda for eigenrådighet, mellom anna ved å gå direkte til bøndene for å krevja inn bøter, i staden for å gå lovleg veg om lagmann eller lagrette.<sup>1280</sup> Futane vart på mange måtar eit personleg uttrykk

---

<sup>1272</sup> NM 1: 414, 1571; Lysaker 1978: 136.

<sup>1273</sup> NM 1: 564 (som den første med sverd, bemerkar Herluf Lauritssön i *Bergens fundats*, tidlegare “have de rettet med tömmeröx”); Lysaker 1978(a): 135–136.

<sup>1274</sup> Fladby 1978: 45; Njåstad 2011: 95.

<sup>1275</sup> Lysaker 1978(a): 135.

<sup>1276</sup> Lysaker 1978(a): 147; 1978(c): 189.

<sup>1277</sup> Lysaker 1978(a): 141; 1978(b): 217.

<sup>1278</sup> Lysaker 1978(a): 140; Kolsrud 2007: 323.

<sup>1279</sup> NM I: 438–440, 1571; *NHD*, I. r. I: 155, 1578.

<sup>1280</sup> Lysaker 1978: 144.

for den varierende og dels manglende kontrollen kongemakta hadde med lensherrane og tenarane deira.<sup>1281</sup>

## Maktkampen mellom Hans Gaas og Evert Bild og domkapittelopprøret i Trondheim

Etter maktovertakinga i 1536–37 kjem med andre ord ei synlegare statsmakt med fleire ulike posisjonar, som futen, til syne i kjeldene frå det domkapittelpåverka feltet Trondenes. Men om feltet fekk nye og synlegare aktørar, så var posisjonane på ein heilt annan måte enn før reformasjonen knytte til éin; kongen. Han var appellinstans for så vel allmuge, som fut, lensherre, lagmann og superintendent, og det gjekk kryssande og dels samanfallande aksar mellom desse posisjonane. Men som me såg i førre kapitlet går den *tydelegaste* aksen i feltet etter 1537 mellom domkapitlet og kongen, der domkapitlet i dei første tiåra ser ut til å vera den sterkaste – med størst definisjonsmakt over utviklinga i feltet. Dei lukkast delvis av di dei greier å gjera superintendenten til like mykje av ein domkapitteldekan som til ein kongeleg embetsmann. Utover mot sekelskiftet skal dette etterkvart endre seg, og eitt av dei første uttrykka for det, er opprøret i Trondheim og striden mellom Hans Gaas og lensherren Evert Bild. Det er for så vidt ei hending som *både* syner domkapitlet sin styrke *og* ein auka styringsvilje frå kongen si side. Men i tillegg syner det altså at lensherren og dei som representerer krona er ein brokut gjeng, noko som gjer at “kongen” som aktør til tider er vanskeleg å få klart grep om.

Superintendent Hans Gaas og lensherre Evert Bild hadde lenge liggje i strid med kvarandre då Gaas var på visitasreise nordover og overvintra eitt eller to år etter 1560 – truleg på Trondenes. Bild hadde blanda seg inn i både religionsutøvinga, embetsutføringa og godsforvaltninga til superintendenten og domkapitlet, noko som førde til fleire delegasjonar til appellinstansen i København – både for å klaga på eigne vilkår og for å dokumentere at Evert Bild både var grådig og urimeleg. Bild på si side, av høgare adelege byrd enn både Gaas og den unge, andre kona hans, gjorde sitt for å gjera livet surt for Gaas og familien i Trondheim – han prøvde også å setja domkapitlet opp mot superintendenten sin.<sup>1282</sup> Dei var han likevel lojal, sjølv om det nok røynde på med Gaas sitt lange fråvær nordpå. Den daglege

---

<sup>1281</sup> Njåstad 2011: 90, 101, 104.

<sup>1282</sup> DN XXI-1088, 1559; 1100, 1562; Imsen 1982: 229; Lysaker 1987(a): 55–63.

drifta av domkapitlet vart sett på vent; katedralskulen mangla entusiastisk leiing og prestar venta på å bli ordinerte.<sup>1283</sup>

Men Gaas såg nok visitasen som viktig, og skjønnte at det var god investering i sosial kapital. ”Visitasen skapte både sosiale og kollegiale bånd.”<sup>1284</sup> Han skulle ha vore ilag med lensherren, men dette vart superintendenten sin arena – og i alle fall i *dette* tilfellet mellom desse karane. Og viss det var slik Lysaker antydar, at Gaas også var der i 1556, har han nok etterkvart etablert gode nettverk.

Og Hans Gaas kom heim til slutt – i tide til å oppleva at svenskane invaderte Trøndelag i 1564 under det som er vorte kalla den nordiske sjuårskrigen. Det ser ut til at få trønderar, lek som lærd, græt for at Evert Bild måtte røme lenet og søkje tilflukt i Bergen. “De fleste trøndere ikke bare nektet å slåss, men mottok svenskene som befriere”, skriv Trygve Lysaker. Både domkapitlet og borgarskapet i Trondheim ville forhandle med svenskane og avla tvert truskapseid til Erik XIV. I spissen for domkapitteldelegasjonen var kannikane Henrik Nilsson Gyldenløve, som hadde overlevd heilt sidan han var Olav Engelbrektssons trufaste støttespelar i 1530-åra og hadde måtte sjå farens jordegods bli fordelt på alle dei danske svigersønene til fru Inger, og sonen hans Kristoffer Henriksson. Kristoffer hadde Alstahaug som kannikgjeld, og fekk tinga heile Helgeland under svenskane.<sup>1285</sup>

Superintendent Gaas og sonen hans, latinskulerektor Kjell, var dei einaste geistlege som prøvde – stillesitjande – å stå imot. Dei vart sette i fangenskap på Steinvikholm i mars, men slapp ut att i mai då den svenske maktovertakinga vart slått ned av troppar og mannskap frå Bergen og Danmark. Den kortvarige svenske okkupasjonen fekk sjølv sagt følgjer; domkapitlet og borgarskapet som hadde hylla svenskekongen vart stilte til rettes, og dei fremste kannikane mista kannikgjelda sine, sjølv om domkapitlet gjorde det dei kunne av lobbyverksemd for å unngå det.<sup>1286</sup> Dei skrapa likevel nok for kongen – med kløkt og truleg også med ein del økonomiske tilskot – slik at reprimanden ikkje vart verre, og etter ei stund

---

<sup>1283</sup> DN XII-670, 1559; Imsen 1982: 230; Lysaker 1987(a): 67.

<sup>1284</sup> Imsen 1982: 279.

<sup>1285</sup> Lysaker 1987(a): 68.

<sup>1286</sup> DN VII-801, 1564; XII-682, 1566.

hadde både Henrik Nilsson og andre fått att gjelda sine.<sup>1287</sup> Og Evert Bild vart, ikkje overraskande, bytt ut som lensherre.<sup>1288</sup>

Men denne oppreisten førde til at kongen frå no av greip “langt sterkere inn i kapitlets gamle friheter og rettigheter”.<sup>1289</sup> Han la seg bort i godsfordelinga – gav til og med prebendegods til ikkje-geistlege – og blanda seg stadig oftare inn i den geistlege styringa av stiftet. Gaas sjølv måtte li under økonomisk tap frå svenskeintermezzoet som han aldri fekk erstatta. Og han måtte makteslaust sjå på at han trengde hjelp frå sentraladministrasjonen i København for å slå ned ei lita olavskultoppbløming då kista til St. Olav vart gravlagt i domkyrkja etter å ha vore i eksil i Fløan kyrkje under svenskeherjingane.<sup>1290</sup>

## 11.2 Kampen om lønsemda

Det er med andre ord lite som tyder på at tilhøvet mellom superintendent og lensherre var så godt at me kan gå ut frå at innhaustinga og innkrevjinga av dei ulike inntektene deira rundt om i det store stiftet gjekk uproblematisk føre seg, uansett kva ordinansen i teorien la opp til. Og særleg ikkje i Trondenes kannikgjeld – for superintendenten sine sokneprestinntekter derifrå skulle jo aldri så langt som til kongen. Me må difor gå ut ifrå at det var ein kamp i trondenesfeltet, om den økonomiske kapitalen som feltet generete.

Men mykje låg fast. Som me har sett tidlegare er jordegodsstrukturen i Sør-Troms svært stabil til godt utpå 1600-talet.<sup>1291</sup> Det går føre seg eit visst makeskifte, og noko jord skiftar eigar ved kjøp og sal, men det var fyrst og fremst noko å kjempe om når gardar vart nyrydda eller oppattrydda. Tiendefordelinga, både av jordegodset og særleg fisket, var også regulert, men der møtte dei nye makthavarane på ei stor utfordring; den norske firedelinga. Dette vart ope for kamp.

Den dansknorske kongen – og dei andre nordeuropeiske fyrstane – sitt brot med pavekyrkja i Roma gav eitt konkret og ganske umiddelbart resultat som fekk følgjer for dei nordnorske fiskeproduserande kystsamfunna; fasta vart mindre dogmatisk og det utelukkande behovet for

---

<sup>1287</sup> *NRR 1*: 512, 1566.

<sup>1288</sup> Lysaker 1987(a): 70–71.

<sup>1289</sup> Lysaker 1987(a): 72.

<sup>1290</sup> Lysaker 1987(a): 72.

<sup>1291</sup> Holmsen 1976: 130; Kårstad 1981: 460. Sjå også kapittel 4.2.

fisk i fastemånadane i det protestantiske Nord-Europa var ikkje det same.<sup>1292</sup> Men fasteføresegnene er berre ein av mange faktorar som etterkvart endra vilkåra for inntening i nord, der økonomien var så nært knytt til dei internasjonale marknadskonjunkturane. Byteverdien for fisk i høve til korn gjekk merkbart ned utover slutten av 1500-talet og etter kvart blir det ein betydeleg nedgang i fiskeprisen.<sup>1293</sup> Først og fremst skuldast det konkurranse frå nye fiskerike produsentar som melde seg på med nye varer og betre produkt til dei befolkningsrike marknadane på kontinentet.<sup>1294</sup> Dei etablerte handelsnettverka og handelslovgjevinga endrar seg i takt med dette, og korleis påverkar desse internasjonale konjunkturane lønsemda for dei aktørane som haustar frå Trondenes kannikgjeld?

Utover 1500-talet er kjeldesituasjonen ein heilt annan enn før reformasjonen for å kunne svara på slike spørsmål. Frå 1567 og framover har me tilgang til rekneskap, skattelister og jordebøker som kan gje oss eit mykje sikrare bilete av situasjonen enn i hundreåra før. Og hovudbiletet gjennom reformasjonshundreåret er at framleis genererer kannikgjeldet svært store inntekter for aktørane i trondenesfeltet, som me såg i kapittel 4. Men endringar er på veg, både frå jordegodsinntektene, fiske- og handelsinntektene – og ikkje minst i skattleggingsregimet. Kampen om *lønsemda* er i gang.

### Jordegodsverdiane

Som vist i kapittel 4.1, ser det ut til at dei fleste oppattryddingane av øydegardane etter svartedauden, vart gjort med kyrkja som eigar – det vil seia kannikgjeldet. Men også utover i reformasjonshundreåret og vidare på 1600-talet greidde superintendenten å få brorparten av dei nye eigedomane lagt til seg. Tyngdepunktet for trondenesgodset var flytta nordover, i høve til det som var situasjonen i trondenesjordebøkene. Enno i 1661 kom 60 % av landskulda frå dei sørlegaste eigedomane, men veksten hadde vore størst i nord.<sup>1295</sup> 26 av dei om lag 45 nye gardane mellom 1567 og 1661 vart lagt til trondeneskyrkja, medan 10 vart lagt til krona. Nyryddingar i allmenning skulle automatisk bli krongods, fastslått i Landslova og på ny i Christian IVs norske lov av 1604.<sup>1296</sup> Men mange av nyryddingane låg nært gardar som kyrkja allereie eigde, og Kårstad meiner dei såleis må ha vorte sett på som utskiljingar, og brukar døme frå Malangen mot Sørreisa, der 13 gardar i 1567 var vorte til 32 i 1661 – alle

<sup>1292</sup> Dei ikkje-katolske landa slutta på ingen måte å eta fisk sjølv om det vart slutt på fasta.

<sup>1293</sup> Lysaker 1978(a): 131–132.

<sup>1294</sup> Nedkvitne 1988: 39–40.

<sup>1295</sup> Kårstad 1981: 460.

<sup>1296</sup> MLL VII, kap. 61 og 62: 155–157; *Christian IV*, Landslejebolck, kapittel 51:

<http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr4web/chr-IV-148.html>, sist sett 08.10.2013; Sandnes 1971: 249–250; Hansen 1997: 163–165.

eigde av trondeneskyrkja. Utskiljing av eksisterande gardar gav same eigar. Men kven hadde då makta til å definere kva dei nye ryddingane var; utskiljing eller rydding i allmenning?

I Astafjord får me eit interessant døme på denne problemstillinga. Kystsamar i Astafjorden hadde bygsla skuldsette gardar på ordinært vis sidan seinmellomalderen, men rundt 1600 utvikla den såkalla *finneodelen* seg på visse gardar, *finneryddingar*, i Salangen. Der kunne samar sitja utan formell bygsling og landskuldbetaling, og dei fekk sjølve bestemme kven som skulle overta garden.<sup>1297</sup> Dei var med andre ord haldne utanom den ordinære gardsmatrikuleringa.<sup>1298</sup> Ordninga vart nok utfordra, difor vart såkalla “grasleige” også nytta, som innebar at samane betalte ei årleg leige for jorda, men viss det var år dei ikkje brukte henne, kunne ein ikkje-samisk oppsitjar nytte henne og betala same leiga, men berre for eitt år om gongen. Dette kunne minne om det gamle norske prinsippet for utnytting av slått i allmenning og vart eit slags kompromiss mellom dei ulike potensielle brukargruppene, utan å innlemme jorda i det ordinære bygselssystemet.<sup>1299</sup> Lars Ivar Hansen har stilt spørsmålet om det var ein villa strategi frå kyrkja si side når dei let finneryddingane bli etablerte på det kyrkja definerte som utskilde område frå kyrkjeieigd grunn, og altså ikkje ryddingar i (krongods)allmenning. “Har denne konstruksjonen med særskilte samiske jordrettigheter sitt opphav på “kirkelig grunn”? [...] for å vinne innpass blant samene ved å sikre dem grunnlag for denne nye tilpasningsformen de slo inn på i seinmiddelalderen?”<sup>1300</sup> Me skal seinare i kapitlet sjå korleis finneodelsinstituttet er del av eit større bilete som får følgjer for meir enn nokre enkeltgardar i Salangen.

Uavhengig av kva som var motivasjonen så kan det altså sjå ut som, både i finneryddingane og dei ordinære nyryddingane, at kyrkja greier å argumentere for at desse ryddingane skjer som utskiljing av eksisterande kyrkjegods, i staden for nyrydding i allmenning. Dette er motsett av kva som er tilfelle lenger sør i stiftet, og det må seia noko om kor sterk definisjonsmakt kannikgjeldinnehavaren har hatt.<sup>1301</sup> I kva grad kongen faktisk motsette seg denne oppfatninga, veit me ikkje – kongen kunne jo bruke same argumentasjon når nyrydding vart utskild frå krongods. Men resultatet er i alle høve at største godsauken kom til kannikgjeldet.

---

<sup>1297</sup> Hansen 2003(a): 100–101.

<sup>1298</sup> Hansen 2000: 122, 165.

<sup>1299</sup> Hansen 1986: 44–45. Hansen meiner grasleige kom til mest truleg mellom 1601 og 1611.

<sup>1300</sup> Hansen 2000: 244–247.

<sup>1301</sup> Sandnes 1971: 249–261.

Me har eit anna døme som også syner at kyrkja – ved kannikgjeldinnehavaren eller kanskje helst godsforvaltaren hans i nord, om det no var visepastoren på Trondenes, annekskyrkjepresten eller eventuelt lekfolk han hadde i ombod – vel hadde definisjonsmakt, men truleg ingen *gjennomgåande* strategi i jordegodsforvaltninga. Fleire av gardane hadde delt eigarskap – like sidan seinmellomalderen. Mellom kannikgjeldet og adelseigarar eller kongen, anten i form av godssamlinga til Bakke kloster, eller det godset han overtok etter erkebispem, eller det som jamt hadde vore krongods. Om dei hadde makeskifta i større grad, kunne dei site att med større heileigarskap. Kvifor gjorde dei ikkje det?<sup>1302</sup> Det kan ha å gjera med at dei danske adelsmennene som klostergodset var forlent til, var svært distanserte, både fysisk og mentalt.<sup>1303</sup> Og det kan ha å gjera med at for lensherren som disponerte krongodset, var dette småtteri i det store, store lenet. Men det kan altså også ha å gjera med manglande interesse – frå alle jorddrottane – til å gjera særleg med eigedomstilhøva. Enno i 1647 er det i heile kannikgjeldet fleire gardar med delt eigarskap, til dømes Strand i Kvæfjord og Sandstrand og Vollstad i Fauskevåg.<sup>1304</sup>

I landskulddlistene frå 1567 og i lensrekneskapa på 1610-talet, er framleis “stiftgods” ein eigen kategori over kongens inntekter – altså det som hadde vore erkebispens gods. Det var gardane Bø, Store-Skånland, vesle Fauskevåg og Gansås. I Skattematrikkelen frå 1647 er det omtalt som kongens gods. Men i 1647 opererer framleis skattematrikkelen med noko domkapittelgods (“Canickerne i Trundh(iem) bygger”) i Kvæfjord og Astafjord – altså det godset som hadde tilhørt det felles bordhaldet til kannikane ved domkapitlet. Men kvifor – når bordhaldet for lengst var oppløyst? Det kan vera av same årsak som at stiftsgodset så lenge stod oppført som eigen kategori i skattelistene; det var ein måte å halde styr på ulike godssamlingar som vart forlent ut som inntekt til geistlege eller verdslege drivarar.

Fem av desse seks gardane som i 1647 er omtalt som domkapittelgods var nemnde i trondenesjordebøkene og (delar av dei) har såleis opphavleg tilhørt kannikgjeldgodset. Den sjette, Voktor, var partseigd av erkebispem på Aslak Bolt si tid. Fire av gardane, to Å-gardar på Andørja i Ibestad og Voktor og Harbakken i Kvæfjord, var allereie i 1558 lagt til Nicolai

---

<sup>1302</sup> Lysaker 1978(a): 169.

<sup>1303</sup> Lysaker 1978(a): 167.

<sup>1304</sup> SM: 18, 26, 27.



prebende som i 1584 vart gjort til inntekt for kapellanen i Vår Frue kyrkje.<sup>1305</sup> Når desse gardane er komne til Nicolai-prebendet er usikkert – for det er dei einaste gardane i nord i det prebendet. Dybdahl meiner prebendet har usikkert opphav, men det kan vera grunnar til å tru at det er av dei yngste domkapittelprebenda og grunnlagt så seint som på tidleg 1500-tal.<sup>1306</sup> I så fall er kanskje ikkje gardane makeskifta inn i prebendet, men er vorte med heilt frå innstiftinga – og ein av innstiftarane kan ha vore dekanen, Peter Jonsson Stut (1506–1515) eller Olav Engelbrektsson (1515–1522) som gav noko av godset sitt frå den St. Nicolaus-vigde trondeneskyrkja til Nicolai prebende. Både Voktor og Harbakken hadde også erkebisen deleige i på Aslak Bolt si tid, men ikkje lenger under Olav Engelbrektsson (som erkebisp).<sup>1307</sup> Voktor delte han med private eigarar, og Harbakken delte han med kannikgjeldet.<sup>1308</sup> Desse gardpartane kan då ha gått *via* kannikgjeldet før det gjekk til Nicolai-prebendet, eller så gav *både* dekanen og erkebisen gardspartar til dette prebendet – ein gong før oppteikningane i Olav Engelbrektssons jordebok frå 1533. Dette var jo, som me såg i kapittel 9, ei tid då dekanen og erkebisen samarbeidde nært, og det *kan* vera med å forklare korleis dette nordlege godset hamna i Nicolai-prebendet – deleigde gardar vart såleis samla.

Figur 22: Domkapittelgods, det vil seia Nicolai prebende (1558), som ligg til Vår Frue kirke frå 1584, som er det “Canickerne i Trundh(iem) bygger” i 1647.

	1350–1435	1558	1584	1626	1647
<b>Å indre,</b> Ibestad	Kannikgjeldet	Nicolai prebende	Vår Frue kirke	Vår Frue kirke	Canickerne i Trund(hiem)
<b>Å ytre,</b> Ibestad	Kannikgjeldet	Nicolai prebende	Vår Frue kirke	Vår Frue kirke	Canickerne i Trund(hiem)
<b>Voktor,</b> Kvæfjord	Odelsgods Erkebisen	Odelsgods Nicolai prebende	Odelsgods Vår Frue kirke	Odelsgods Vår Frue kirke	Odelsgods Canickerne i Trund(hiem)
<b>Harbakken,</b> Kvæfjord	Kannikgjeldet Erkebisen	Nicolai prebende	Vår Frue kirke	Vår Frue kirke	Canickerne i Trund(hiem)
<b>Rå,</b> Kvæfjord	Kannikgjeldet				Canickerne i Trund(hiem)
<b>Huseby,</b> Kvæfjord	Kannikgjeldet			Kannikgjeldet Vår Frue kirke	Canickerne i Trund(hiem)

(1350–1435: Trondenesjordebøkene og Aslak Bolts jordebok (*TJ* og *AB*); 1558: Domkapitteljordeboka (*JTD*); 1584: *NRR* 2: 563; 1626: “*Garnisonsskatten 1626*”; 1647: Skattematrikkelen (*SM*).)

Dei to siste gardane som er oppførde som domkapittelgods i 1647, Rå og Huseby i Kvæfjord, er det større spørsmål hefta ved. Rå er prestegard i Kvæfjord, og Huseby er også prestens residens – og såleis skattefrie i 1647. Rå er ikkje nemnd i 1626. Ein del av garden er framleis

<sup>1305</sup> *NRJ* 5: 388, 1558; *NRR* 2: 563, 1584.

<sup>1306</sup> Dybdahl 1979: 377, 246–247.

<sup>1307</sup> *AB*: 167, *OEJ*: 22.

<sup>1308</sup> Den privateigde delen av Voktor var framleis odelsgods i 1647. (*SM*: 18, under namnet “Vogten”).

kannikgjeldgods i 1626, medan ein annan del no høyrde til Vår Frue kirke.<sup>1309</sup> Rå og den eine delen av Huseby må altså ha kome til Vår Frue *etter* 1558, sidan dei ikkje er nemnde i domkapitteljordeboka frå det året. Så når skjedde dette? I samband med kollegiatoppløysinga? Det vore ikkje utenkjeleg at eigedomstilhøvet ved prestegarden vart endra i samband med at presten kom flyttande til Kvæfjord for å bu der – og altså at superintendenten selde eller makeskifta deler av eigedomane inn i eit domkapittelprebende, mot å få att noko anna frå kommungodset. Men kvifor? Kanskje vart kannikgjeldhalvdelen brukt som presteløn. Og som ikkje det var nok, ein gong mellom 1626 og 1647 er også den andre delen av Huseby (og for så vidt kan også Rå ha skift eigar i dette tidsrommet, sidan garden ikkje er nemnd i 1626) vorte Vår Frue-eigedom, for då er garden i sin heilskap oppført som domkapittelgods.<sup>1310</sup>

Men alt i alt var desse få, og litt uklare, jordeigedomstransaksjonane me her har sett på relativt ubetydelege når det kom til *mengde* av økonomisk kapital. Lysaker underbyggjer dette med å vise til at det ikkje er noko domsdokument bevart i sakefallslistene i lensrekneskapa – som me har frå 1610 og framover – frå Trondenes i tida før 1700, og relativt lite etter det også.<sup>1311</sup> Me finn ingen grensetvistar eller åstadssaker, og dette er, meiner Lysaker, ikkje først og fremst eit uttrykk for at kjeldene manglar, men av di jordbruksressursane framleis var så lite utnytta at fiskarbøndene ikkje brydde seg med å krangle om markegrenser. “For trondenesværingen inntok fisket alltid førsteplassen.”<sup>1312</sup> Det var mange tilfelle i sakefallslistene om legemål og trass mot skyssplikta, men altså lite ufred. Forskarane har vore usamde om når verknadane av nedgangen i fiskeria sette inn for alvor (jf kapittel 2.1), men at interessa for jord skulle vera så lita at ingen brydde seg med henne utover heile 1600-talet, av di me ikkje finn rester av tvistemål, er vel ein noko kjapp slutning. Men det er likevel rimeleg å tru at korkje fiskarbøndene, jordegodseigarane, tiendinnhaustarane eller skattleggjarane radikalt hadde endra tilnærminga til næringstilpassing eller inntektsstruktur i trondenesgjeldet før 1620.<sup>1313</sup>

## Tienda

Ut frå klagemåla me høyrer om på slutten av 1500-talet, er det det verdslege skattetrykket som plagar allmugen mest – høgare leidang, bygselsavgifter og utgifter i samband med tinget. Kongen la altså nye skattar til leidangen, og ekstra skattar også på dei geistlege, som

---

<sup>1309</sup> [http://arkivverket.no/URN:db\\_read/db/39891/20/](http://arkivverket.no/URN:db_read/db/39891/20/), sist sett 08.10.2013.

<sup>1310</sup> SM: 17.

<sup>1311</sup> Lysaker 1978: 146.

<sup>1312</sup> Lysaker 1978: 175.

<sup>1313</sup> Hansen 2000: 273, 275–276.

lensherren skulle krevja inn.<sup>1314</sup> I tillegg kom det mange klagemål på korrupsjonen og tuklinga med vekta som prega fiskeomsetjinga i alle ledd – frå fisken hang på hjell, via fut, lensherre og ombodsmann, til Vågen og kongen og kyrkja.<sup>1315</sup> Klagemåla førde berre delvis fram. Men allmugen ser ut til å ha hatt eit større spelarom i samband med *tienda*. Både i form av at denne kunne dei somme stader lettare halde attende, av di innkrevjinga vart gjort av lokalsamfunnet sjølv, men også av di dei største tiendmottakarane ikkje var heilt samde om korleis fordelinga skulle gå føre seg i spennet mellom den tradisjonelle norske firedelinga og den ordinansnedfelte danske tredelinga. Dette spørsmålet medførte ein langvarig konflikt med bondesamfunnet i heile Noreg.<sup>1316</sup>

Korleis innkrevjinga i Trondenes gjekk føre seg, veit me ikkje sikkert – og det er som sagt ingen direkte vitnemål om tiendinnkrevjingsproblematikk i kannikgjeldet. Bortsett frå det førnemnde klageskrivet frå 1578, der eitt av ankepunkta mot futen er at han, på kongens vegner, prøvde å krevja inn tiend på torskelever.<sup>1317</sup> Kva ein skulle betala tiend av, hadde like sidan høgmellomalderen vore eit forhandlingsspørsmål, og som me såg i kapittel 3 greidde allmugen i nord gjennom stadige rettsavgjerder heile reformasjonshundreåret å stadfeste firedelinga – og truleg vart ikkje tredelinga uomtvisteleg gjennomført før med Christian Vs norske lov i 1687.<sup>1318</sup> I tillegg kan det sjå ut som at tiendutrekninga varierte noko frå produkt til produkt, og at fiskarbøndene i nord gjennom heile seinmellomalderen hadde utvikla ein stor grad av sjølvråderett over både innkrevjing og disponering av bondeluten av fisketienda.<sup>1319</sup> Og om det var slik at bondeluten av fisketienda kanskje vart halden uttom den delingsmodellen som kyrkje, prest og konge skulle ha også utover i reformasjonshundreåret, er det likevel ikkje sikkert at denne delen gjekk til dei fatige i soknet – den kan like gjerne ha gått til andre fellesskapsoppgåver.<sup>1320</sup> Kanskje også til kyrkjevedlikehald? I ein rapport frå 1666 skriv superintendent Erik Bredal at i fjordane på yttersida, der soknefolket sjølve har ansvar for å vedlikehalde kyrkjene, gjev “saa vel Kirke almuen, som fremmede der kommer fra andre steder [for å] fiske” til kyrkjene “deris løffte Fisk, den der approberis oc anvendis af

---

<sup>1314</sup> Imsen 1982: 248–249; Fladby 1978: 54.

<sup>1315</sup> Lysaker 1978: 137–139; Hansen 2000: 273–276.

<sup>1316</sup> *DN* XII-588, 1538; *NRR I*: 258, 1558; Imsen 1982: 226; Lysaker 1987(a): 30.

<sup>1317</sup> *NHD*, 1. r. I: 155, 1578.

<sup>1318</sup> Sandnes 1971: 310; Høgsæt 1994: 13–17.

<sup>1319</sup> Sogner 1961–63: 69–69; Bratrein 2004(a): 403–404; 1999: 447. Sjå også kapittel 3.2.

<sup>1320</sup> Hamre 1983: 18.

den som almuen der til betroer.”<sup>1321</sup> Bredal nemner ikkje at dette var ein eventuell del av fisketienda, men opphavet til denne ytinga kan vera den såkalla bondeluten.<sup>1322</sup>

Dette systemet har det vore vanskeleg å først finne ut av og deretter forvalte for statsmakta i København. Og korleis stilte superintendenten og dei andre kannikgjeldinneharane seg til dette spørsmålet? Vart dette berre ein kamp mellom lensherren og allmugen, eller vart det også ein kamp mellom kannikgjeldinneharane og lensherren? Ei tredeling versus ei firedeling ville gjeve meir til både den som hadde kongetienda og kannikgjeldinnehavaren, men særleg til superintendenten og den av kannikane som sat med Tromsø kannikgjeld, for der rådde dei både over kyrkjetienda og prestetienda. Og allmugen skulle såleis hatt ein *særleg* god grunn til å klaga i desse kannikgjelda, der dei ved ei tredeling ville sitja att utan råderett over noko. Og sjølv om kollegiatet vart oppløyst i Trondenes, følgde, som me har sett, ikkje tiendinntektene med presten då han flytta ut. Klagemåla kan sjølv sagt ha vore mange, utan at me har direkte vitnemål om det.

Som overtar av erkebispens gods var kongsinntektene frå Trondheim stift og Nordlandene len svært ulikt samansett. I Trøndelag og Nordland fekk han store landskuldinntekter, og tienda utgjorde 24 % av kongens samla inntekter frå heile Nord-Noreg i 1567. Men frå Senja len utgjorde tienda *nærare* 70 % av dei samle kongsinntektene.<sup>1323</sup> Om det var slik at mangel på lokalkunnskap var ei av *årsakene* til at kongen i København ikkje heilt visste kva for verdiar han gav frå seg då han let domkapitlet halde på kannikgjelda sine, bør han ha fått ein

---

<sup>1321</sup> *TJ*. Sjå også Schielderop 1642.

<sup>1322</sup> I ein rapport til kongen frå superintendent Peder Schjelderup i 1642 (Schielderop 1642), kan det sjå ut som om *fabricatienda* i dei sokna der superintendenten *ikkje* hadde vedlikehaldsplikt, altså alle bortsett frå Trondenes, Sand, Kvæfjord og Astafjord, gjekk direkte til kyrkjene – innsamla av “enten Kiercheuerjerne, eller de som Kierchens thiende Haffuer forpactet oc der aff holder oc Bygger Kiercherne, oc derfor gjør de Stigs[?]schriffuere(n) Regenskab.” *Fabricatienda* frå desse kyrkjene har altså ein eller annan gong etter reformatsen i 1589 vorte lagt til kyrkjene sjølve. Eller har dei kanskje alltid vore der? Ingen tidlegare kjelder nemner at *fabricatiendinntektene* til soknepresten på nokon måte skulle koma berre frå nokre av kyrkjene i det store kannikgjeldet, og så detaljert som reformatsen til dømes er (sjå neste kapittel), kunne ein vente at det stod der. Og heller ikkje ordlyden i Bredals rapport tyder at det er *fabricatienda* det er snakk om, når både “Kirkealmuen” og tireisande fiskarar yter ein ekstra skjerv til kyrkjene. I tillegg beskriv Bredal korleis soknefolket sjølv har teke på seg ansvaret for dei kyrkjene dei ville byggje, “Bispen umolsetered i alle maader”. Altså – han fekk inntektene, dei tok på seg vedlikehaldet (heilt altså til problema viser seg etter 1620, når fiskeriinntektene går drastisk nedover). Men det høge nivået og den stabiliteten som tiendrekneskapa til superintendenten syner heile reformasjonshundreåret gjennom, vel eg likevel å tolke Schjelderups opplysning som ei mellombels eller ei tilleggslysing – som reelt seier noko om korleis tienda vart innkravd, med kyrkjevevje eller ved den som forpakta tienda, og at rekneskapsoppføringane hjå stiftsskrivaren såleis var ei supplerande/kontrollerande føring til den inntektsføringa som superintendenten sjølv gjorde i domkapittelboka. Altså summa summarum – det var framleis superintendenten som hadde det overordna disposisjonsretten til også desse *fabricainntektene*.

<sup>1323</sup> *NLR* 5: 210–211, 216–218.

sterk indikasjon på kva for ressursar som var i omløp i nord, då det endelege vart teke opp utfyllande rekneskap over inntektene til kongen i 1567. Dette fell saman med det sterkare grepet han ser ut til å ha teke over styringa i og av domkapitlet som me såg tidlegare i kapitlet. 30 år etter maktovertakinga byrjar med andre ord kongemakta å erkjenne sin eigen sterke posisjon i feltet Trondenes.

Kva brukte så kongemakta desse store tiendinntektene til? Først ville han ikkje gje dei frå seg, sjølv om Bugenhagen rådde han til å bruke tienda på kyrkjene. I Danmark, derimot ”vart kongetienda i stor mun nytta til kyrkjelege fyremål nemleg til lønstillegg for superintendentar, prestar og skulemenner, til kyrkjer, skular og hospital, og til universitetet.”<sup>1324</sup> Men i 1558 kom han på gli også i Noreg, og då særleg gjekk tiendinntektene til presteløn. Men ikkje i nord, der prestane i alle kannikgjelda i alle fall, vart avlønna av domkapitlet sjølv. Med andre ord – der han henta mest av tienda, førde han minst attende.

Eit anna problem som futen og lensherren melde om, var at mange unndrog seg å svara ein reell tidel av det dei produserte; dei prøvde koma seg unna med å betala likt frå år til år.<sup>1325</sup> Og når ein ser på kor mykje tiendinntektene varierer mellom åra i lensrekneskapa til kongen, er det påfallande at tiendinntektene frå trondenesgjeldet heldt seg heilt stabile frå 1628 til 1644 i domkapittelboka.<sup>1326</sup> Det kan tyde på at superintendenten, kanskje for enkelheits skuld, legg gjennomsnittsverdiar til grunn, eller at han på ein annan måte enn lensherren aksepterer og er vorten samd med tiendytarane om ein generell sum. Eller, og det er kanskje det mest trulege, så har ikkje superintendenten same behovet som lensherren for å føre nøyaktige rekneskap. Det opna for større handlingsrom og er truleg ei vidareføring av den fridomen til å disponere inntektene sjølv, som kannikgjeldinnehavaren av Trondenes får slått fast i reformatsen frå 1589 (sjå neste delkapittel). For også trondenessoknepresten må ha fått merke krise i fiskeria frå 1620- og 30-talet.

For å summere opp: Fisketienda var den største inntektstypen for dei store aktørane i trondenesfeltet, og uavhengig av om firedelinga var operativ eller ikkje, skulle superintendenten ha dobbelt så mykje som kongen av denne økonomiske kapitalen. Men tienda var på ein heilt annan måte enn den relativt fastlagde landskulda open for forhandling,

---

<sup>1324</sup> Kolsrud 2007: 330.

<sup>1325</sup> Kolsrud 2007: 332.

<sup>1326</sup> Sjå drøfting i kap. 4.2.

og både andsynes superintendenten og kongen prøvde allmugen å få noko tilbake eller vera med å påverke kva innhaldet i tiendbetalinga skulle vera. Frå superintendentsoknepresten var det heilt klart venta at han skulle vedlikehalde kyrkjene deira, og det var kongen allmugen retta skytset mot, når han prøvde avvikle bondeluten. Dessutan sette dei foten ned, når futen prøvde tiendleggje nye produkt.

## Handelen

Me veit at erkebisen med sine setesveinar var den største handelsaktøren i nord – også i Trondenes – i seinmellomalderen. Som synt i tidlegare kapittel dreiv i tillegg kannikane i domkapitlet handel, så mykje truleg vart også delar av dekanens store inntekter frå Trondenes vidareomsett på den opne marknaden, truleg nært knytt til erkebispens nettverk. Men kven overtok erkebispens handelsinteresser, kven fylte tomrommet etter setesveinane og korleis vart dei nye handelsnettverka bygde opp i feltet Trondenes etter 1537? Og korleis påverka det kampen om handelsinntektene når kongen heva hanseatanes vidaresalsmonopol i 1545 og 1560?<sup>1327</sup>

Etter dei dramatiske vårmånadane i 1537 og tumultane i åra etterpå, ser det sosiale toppsjiktet i kannikgjeldet ut til å ha samla seg og funne att – og fått att – posisjonane sine. Men den nære kontakten til kyrkja får me ikkje auga på lenger. Soknepresten er dansk, og dei få namna me har på prestar i reformasjonshundreåret er ikkje lette å kople til dei familiane og gardane som betalar mest skatt, som driv jektebruk eller på annan måte har framskotne posisjonar i det regionale feltet Trondenes. I det heile er det ikkje så lett å få grep om dei nye økonomiske nettverka før utpå 1600-talet, og då er det tydeleg at den lokale eliten heller søker makt innanfor verdslege posisjonar som lagrettemenn og i det etterkvart betre utbygde lokale styret, enn innanfor kyrkja. Eit anna tydeleg trekk er også korleis den økonomiske eliten som hadde vore engasjert i fiskehandelen på yttersida av Senja, no søkte innover i fjordane for sine posisjonar. Dei åtte som betalte mest i leidangsskatten i 1567 var framleis heimehøyrande i fiskeværa på ytre Senja, men den største *totale* skattemengda og den høgaste gjennomsnittskatteytinga, var i Kvæfjord og Astafjord.<sup>1328</sup> Tyngdepunktet i den økonomiske kapitalforvaltninga i trondenesfeltet flytta seg med andre ord og trekte feltet søraustover.

---

<sup>1327</sup> *LoF*: 66; Nedkvitne 1988: 87.

<sup>1328</sup> *NLR* 5: 185–197. I Berg betalte Ingebrigt Jonsson 3,5 vågar og Olav Torsteinsson 2 vågar, i Øyfjord og Mefjord betalte Johan Staffensson og Fredrik Fredriksson 2 vågar kvar, i Baltestad betalte Amund Jonsson 1,5 våg, det same gjorde Jon trondheimsfar, Kristoffer Knudsson og Jens Holst i Mefjord (Holst eigentleg 1,5 våg og 16 mark).

Fleire bergens- og etterkvart trondheimsborgarar søkte nordover for å drive handel då hanseatmonopolet vart oppheva.<sup>1329</sup> Dei dreiv handel frå såkalla borgarleie, som oftast låg på bygsla jord. Dei vart stadig kritiserte for ikkje å ha med seg fornuftige varer, og for å vera eit fordyrande mellomledd. På den andre sida vart dei eit alternativ til handelsmannen i byen, og var med “å løсне det stramme båndet mellom fisker og utreder på Bryggen”.<sup>1330</sup> Men dei låg ofte i strid med lokale handelsfolk nordpå, særleg etter at det i 1572 igjen vart lovleg for allmugen nordpå å handle med kvarandre, slik dei hadde gjort før.<sup>1331</sup> Jekteleia og jekteeigarane er knytte til mange av dei same stadene som før reformasjonen, og utover mot sekelskiftet voks for alvor fram det fellesorganiserte bygdefaret, der fiskarbøndene i kvart distrikt gjekk saman om å frakte fisken sin i ei “bygdefarsjekt”, eigd av ein velstående bonde (jf kap 2.3). Bygdefarsbruket var fast lokalisert til eit jekteleie eller skipperleie der jekteeigaren, også kalla skipperen, budde.<sup>1332</sup> Fleire av dei største gardane i lensrekneskapa frå 1567, finn me att med jekteskipperar i Skattematrikkelen av 1647 – som Dale og Røkenes i Kvæfjord og Gausvik og Rogla i Fauskevåg.<sup>1333</sup> Rogla var, som me hugsar, garden til setesveinen Olav Engelbrektsson. I Rogla sit det også ein Niels Olsson som leidangsskatteytar i 1567 – mykje moglege sonen til Olav.<sup>1334</sup>

I 1571 møter me Torgeir Svendsen på Røkenes, Jon Helsing på Sama, Nils Olsson i Breivik og Eidis Persson i Tranøy, då til saman 24 lagrettemenn frå Nordland er samla på Trondenes og skriv klagebrev til kongen om nivået både på skattar, landskulda og ikkje minst vekta fisken vart voge med på Brygga i Bergen.<sup>1335</sup> Alle desse fire karane er jekteskipperar.<sup>1336</sup> På Ervik og seinare Nedre Harstad sat Jakob Tønder som også dreiv jektebruk, var lagrettemann i 1591 og truleg fyrste sorenskrivaren i Senja.<sup>1337</sup> Harstad og store Fauskevåg var til tider ombodsgardar for både fut og sorenskrivar, samstundes med at det var jektebruk.<sup>1338</sup> Og i 1610 var lensmann Povl Friis på Sand velstående skipper og knape, så var også ettermannen, Hans Johnsen Røkenes, lensmann i 1620-åra. Heile sandlensmannsrekkja på 1600-talet var knytte saman med slektskap og svogerskap,<sup>1339</sup> eit døme på at no var den verdslege løpebanen

---

<sup>1329</sup> Hansen 2003(a): 74–75; Kiil 1993: 29–30, 141; Lysaker 1978: 191; *NLR* 3: 176–178.

<sup>1330</sup> Hansen 2000: 258.

<sup>1331</sup> Kiil 1993: 120, 141; *NRR* 2: 12–13, 1572.

<sup>1332</sup> Sjå kapittel 2.3.

<sup>1333</sup> *NLR* 5: 210–211, *SM*: 15; Kiil 1993: 109–110.

<sup>1334</sup> *NLR* 5: 189.

<sup>1335</sup> Frå Absalon Pederssons kapitelsbog i *NM* I: 438, 1571.

<sup>1336</sup> *NLR* 5: 185; Hansen 2000: 274; Lysaker 1978(a): 146.

<sup>1337</sup> Lysaker 1978(a): 148; 1978(b): 18.

<sup>1338</sup> Kiil 1993: 114.

<sup>1339</sup> Lysaker 1978(a): 153–154.

vorte den mest interessante for den lokale eliten, medan prestane kom i nye flokkar sørfrå, som me skal sjå i neste delkapittel. I 1563 var det 22 skipperar i Senja, langt dei fleste må ha vore bygdefarsskipperar, og i 1612 var det 27.<sup>1340</sup>

No var likevel dei aller fleste i den lokale økonomiske handelseliten leiglendingar. Som ein illustrasjon på dei samansette, men stabile eigedomstilhøva, kan me sjå på eigarskapen til dei gardane der dei førnemnde jekteskipperane sat:

Figur 23: Eigarane<sup>1341</sup> av jekteskippergardane (sume av dei kan også ha hatt fleire eigarar enn dette)

	<b>Seinmellomalder</b>	<b>1567</b>	<b>1647</b>
<b>Dale (Kvæfjord)</b>	<i>Bakke kloster</i>	<i>Bakke kloster</i>	Bakke kloster
<b>Røkenes</b>	Kannikgjeldet	Kongen <i>Kannikgjeldet</i>	Kongen Kannikgjeldet
<b>Sama</b>	Kannikgjeldet	<i>Kannikgjeldet</i>	Kannikgjeldet
<b>Nedre Harstad</b>	Erkebispem	Kongen <i>Kannikgjeldet</i>	Kannikgjeldet
<b>Gausvik</b>	<i>Kongen</i>	Kongen	Kongen
<b>Rogla</b>	<i>Bakke kloster</i>	<i>Bakke kloster</i>	Bakke kloster

*Kursiv* = truleg eigar, dvs ikkje sikker kjelde frå rekneskap eller jordebok. Men makeskifte gjekk føre seg, både før og gjennom reformasjonshundreåret, så dei kursiverte eigartilhøva er ikkje sikre. Sjå til dømes Hansen 2000: 182–183.

Det er heller ingen eintydig samanheng mellom store skatteytarar og store gardar, sjølv om det som oftast hang i hop. I 1567 betalar til dømes brørne Amund og Asbjørn i Dale på Grytøya berre 1 pund fisk kvar i leidangsskatt, medan garden, som er krongods, er skuldsett til 3 vågar, og er såleis av dei aller største gardane i distriktet.<sup>1342</sup> Motsett betalte Lars Jonssen på Alvestad i Sand heile 1 våg i leidangsskatt, men garden var ikkje skuldsett til meir enn middels; 1,5 våg (eigentleg 1 laup smør).<sup>1343</sup> Dette er nok eit uttrykk for at i skattevurderinga vart det lagt til grunn kva for næring som såg ut til å vera den viktigaste på kvar gard og såleis vil det stundom ikkje alltid vera samsvar mellom storleik på gard og storleik på skattesum.

Mange i denne handelen var gjerne såkalla *knapar*. Knapane var sidan seinmellomalderen nemninga på det flytande sjiktet mellom lågadel og storbønder (sjå kap. 2.2) – dei som hadde noko til overs etter handelen på Bryggen og såleis kunne handle litt meir gjennom vintermånadane heime, når Trondenes var utan samband med kjøpstaden.<sup>1344</sup> Dei betalte ikkje

<sup>1340</sup> NLR 3: 185–187; Kiil 1993: 29–31.

<sup>1341</sup> Jf trondenesjordebøkene, Aslak Bolts og Olav Engelbrektssons jordebøker, lensrekneskap frå 1567, skattematrikkelen frå 1647. Lysaker 1978(b); 1978(c).

<sup>1342</sup> NLR 5: 189, 210.

<sup>1343</sup> NLR 5: 189, 210; Hansen 2000: 231; NRJ 4: 639.

<sup>1344</sup> Lysaker 1978(a): 187–189; Kiil 1993: 25.



skatt på denne handelen, og dei er ikkje å finne som kategori i lensrekneskapa. Men fleire skal ha vore etterkomarar av setesveinane, og fyller såleis også rolla som “smørjarar” av dei økonomiske nettverka, dei som fekk det til å svive rundt i lokalsamfunna – mellom utreiing, fiske, bergensfrakt og ferdig oppgjer.<sup>1345</sup> Slik til dømes den mektige Mikkel Larsen, frå sin posisjon med jektebruk på Lille Grøsnes og fleire andre underbruk i Gratangen, bygde seg opp eit lokalt imperium på turrfiskhandel, fiskarbondentreiing, jordeigedom og handel med samane. Til å drifte dei varierte økonomiske interessene sine hadde han eit stort nettverk av drengar. Han var lensmann ei lang tid,<sup>1346</sup> og gjennom heile første halvdel av 1600-talet kom han til å “innta en dominerende rolle i samfunnslivet i Astafjord”.<sup>1347</sup>

Ein del av denne mangslungne handelsklassen tok også borgarskap i Bergen for å kunne handle i meir ordna former og i større omfang. Mellom 1614 og 1664 var det i alt 13 “borgarknappar” i Bergen frå Senja, men dei fleste vart buande i nord og for berre til Bergen i stemnetida.<sup>1348</sup> Knapane si sosiale og økonomiske stilling var også meir ustabil enn til dømes ein jordeigars, for inntektene frå handel og fiske varierte meir, og vart ein utsett for forlis eller andre ulukker, kunne ein bli ruinert på kort tid. Difor er det også vanskeleg å finne att knapeslekter gjennom fleire generasjonar, sjølv om *skipperleiene* heldt seg ganske stabile.<sup>1349</sup>

Og heile vegen var framleis også delar av presteskapet involvert i handelen som jekteskipparar, sjølv om både lensherren og byborgarane på kvart sitt vis prøvde setja stoppar for dette. Argumentasjonen var både at prestane tok handelsverksemd og marknadsdelar frå andre handelsaktørar og at dei heller skulle konsentrere seg om meir åndeleg syslar og vera til stades der dei hadde residensplikt – om det no var kannikar i Trondheim eller geistlege ute i prestegjelda.<sup>1350</sup> Utan at kritikarane vann fram, mellom anna av di det nok ein gong vart tydeleg at ordinansen, som nedfelte at presteskapet ikkje skulle drive handel med anna enn det dei sjølv produserte, var tilpassa danske tilhøve og ikkje det store stiftet i nord.<sup>1351</sup> Dessutan greidde ingen bevis at kannikane fortrengde andre handelsaktørar. Hans Gaas sjølv var ein av dei høgast skatta jekteskipperane i 1563, han betalte 23,5 vågar fisk i skipperskatt.<sup>1352</sup> Også utover 1600-talet får me vitnemål om prestanes sterke handelsengasjement, medan fleire og

---

<sup>1345</sup> Lysaker 1978(a): 101.

<sup>1346</sup> SM: 34; Hansen 2003(a): 64–65.

<sup>1347</sup> Hansen 2003(a): 49, 54–62.

<sup>1348</sup> Lysaker 1978(a): 189.

<sup>1349</sup> Kiil 1993: 109, 114–115.

<sup>1350</sup> DN XII-660, 1556.

<sup>1351</sup> Lysaker 1987(a): 55–56.

<sup>1352</sup> NLR 3: 185.

fleire av jekteskipperane var yngre søner av gardbrukarar som ikkje fekk overta jorda og ikkje minst prestesøner av danske innflytta prestar.<sup>1353</sup> Såleis kan ein seia at rollene er snudd: Der sønene til den lokale økonomiske eliten søkte karriere i kyrkja før reformasjonen, søker no sønene til den lokale geistlege eliten karriere i handelsverksemd. Og om jektebruket ikkje nødvendigvis gav så store og langtfra sikre inntekter, det var ein risikofylt bransje, så gav det heilt klart sosial status.<sup>1354</sup>

Oppsummeringsvis kan me seia at gjennom reformasjonshundreåret går det føre seg tre meir og mindre klåre utviklingstrekk i handelsverksemda i trondenesfeltet: Først og fremst blir det økonomiske tyngdepunktet flytta innover i fjordane. Og sjølv om byborgarar trekkjer nordover i mengder etter hanseatmonopolet blir oppheva, er det for det andre dei lokale handelsaktørane, knytt til dei mange jektebruka og bygdefara som blir etablerte rundt om i kannikgjeldet, som er i fleirtal etter sekelskiftet. Og sjølv om dei verdslege embetsmennene med handelsinteresser som no kjem til syne i kjeldene ikkje hadde dei same nettverksrelasjonane til kyrkja som setesveinane hadde, var prestskapet òg for det tredje framleis med som handelsaktørar. Soknepresten sjølv, i alle fall i Hans Gaas si tid, hadde eiga jekt i kannikgjeldet sitt – og det er ikkje utenkjeleg at også etterfølgjarane hans hadde det. Det var trass alt den enklaste måten for han å samle inn alle inntektene sine på.

Men for den nye, sterke aktøren i trondenesfeltet, kongen, vart det andre sider ved handelen enn spørsmålet om kven som skulle få føre jekter og kven som skulle få vera mellommenn, som etterkvart vart viktigare. Det var dei utanrikspolitiske konsekvensane, som også berørte spørsmålet om skattlegging.

### **Utanrikspolitikk og skattlegging**

For det var ikkje berre turrfiskinntekter frå trondenesfeltet og nærliggjande fiskerike område som skulle skattleggjast og delast og fraktast til Bergen og seljast og attkjøpast for. Det var andre inntekter og ikkje minst anna befolkning, samane, som også skulle skattleggjast. Og deira tredelte skatteobjektsstatus var ein av fleire årsaker til gnissingar mellom nordkalottstatane Danmark-Noreg, Sverige-Finland og Russland. I tillegg segla engelskmenn, hollendarar og franskmenn i dei nordlege farvatna på handel og fiske og fangst – og korleis og

---

<sup>1353</sup> Lysaker 1987(a): 142; Kiil 1993: 116–117.

<sup>1354</sup> Kiil 1993: 120.

av kven skulle desse fortollast og skattleggjast, og kven hadde eigentleg rettigheter i land- og ikkje minst havområda i nord?<sup>1355</sup>

Lars Ivar Hansen har synt korleis dei tre statsmaktene si oppdeling av Nordkalotten gjekk føre seg i tre, delvis overlappende fasar. Først med krav om skattlegging av ulike grupper, deretter med ein viss administrasjon og jurisdiksjon over desse gruppene, før til slutt skattlegginga og jurisdiksjonen saman førde til eit krav om herredøme over landområde.<sup>1356</sup> Koloniseringa på Nordkalotten aukar gjennom seinmellomalderen, og det er slutten av denne siste fasen som utspelar seg som konflikt rundt sekelskiftet og pressar fram eit sterkare engasjement hjå den dansk-norske kongemakta.<sup>1357</sup> Heilt sidan fredsavtala mellom Noreg og Novgorod i 1326 hadde bae dei to statsmaktene skattlagt samar i området mellom Lyngen og Kolahalvøya,<sup>1358</sup> og frå 1551 slo Gustav Vasa skattleggingsretten som dei svenske birkarlane hadde etablert i nord inn under den svenske krona.<sup>1359</sup> Den spente situasjonen førde til at kampen gjekk på fleire frontar. I Trondheim stift fekk ingen svenske prestar tilsetting, sjølv etter at Jemtland på 1570-talet også i kyrkjeleg samanheng vart lagt under Danmark-Noreg.<sup>1360</sup> I 1590-åra fekk Christian IV omsett Heimskringla til dansk, som eit ledd i den historiske argumentasjonen mot svenskane.<sup>1361</sup> Og etterkvart resulterte det også i verdsleg-administrative endringar, då heile Nord-Noreg rundt sekelskiftet vart samla i to store len; Nordlandene og Vardøhus: “Konkurransen om – og pågangen på de nord-norske områdene, hadde presset fram en ny lensordning i Nord-Norge.”<sup>1362</sup>

I opptrappinga av konflikten om grensene i nord vart samane altså eit instrument for dei ulike statsmaktene – det galdt å føre prov for at områda var anten norsk, svensk eller russisk ved å vise til at folka som budde der – nemleg først og fremst samane – hadde vore og var skattlagde undersåttar. Og det var særleg kystsamane striden stod om.<sup>1363</sup> Styresmaktene tok på kvar si side initiativ til ei massiv kartlegging av den samiske befolkninga – kor dei budde, kor dei flytta, kven dei betalte skatt til og når. Det statlege embetsverket vart sett i sving for

---

<sup>1355</sup> Fladby 1978: 56; Hagen 2008: 46, 50–51.

<sup>1356</sup> Hansen 2001(b): 31–32.

<sup>1357</sup> Hansen 2001(b): 41; Hansen 1985: XX–XXII.

<sup>1358</sup> I praksis skattla russarane heilt sør til Malangen, og dei hadde ikkje berre skattlagt, men også skuldsett ein viss type samisk eigeom heilt vest til Porsanger. (Hansen 2001(b): 43–44.)

<sup>1359</sup> Hansen 2001(b): 32.

<sup>1360</sup> *NRR* 2: 637–638, 1585; Imsen 1982: 187.

<sup>1361</sup> Rian 2013: 84.

<sup>1362</sup> Fladby 1978: 63–64, 67.

<sup>1363</sup> Hansen 2001(b): 42.

fullt, mellom anna vart i 1611 samar tvangsevakuert inne frå fjordane og ut på øyane for at ikkje svenskane skulle kunne kalle dei sine, og finneodelen vart stadfest – først i 1609/10 og deretter i 1615 – for å sikre at sjøsamane ikkje gjekk til svensk side.<sup>1364</sup> Som eit ledd i dette fekk lensherren ordre frå København om å vera fast til stades i nord og samle inn opplysningar – samstundes som bilaterale forhandlingar gjekk føre seg både lokalt og sentralt.<sup>1365</sup> For Christian IV vart forsvaret av nordområda ei svært viktig utanrikspolitisk sak, og han reiste sjølv oppover Norskekysten, til Vardøhus og Kola i 1599.<sup>1366</sup> Sverige og Russland hadde slutta fred i 1595, så Russland var på eitt vis ute av grensestriden, men den dansk-norske konflikten med Russland fekk eigentleg inga avklaring i første omgang, men bølga fram og attende og mykje mindre intenst etter 1625, før grensa endeleg vart trekt i 1826.<sup>1367</sup> Med Sverige, derimot, toppa det seg med Kalmarkrigen mellom 1611 og 1613, der svenskane ved freden i Knäred endeleg gav opp sine rettighetskrav overfor samane mellom Tysfjord og Varanger.<sup>1368</sup> Nordkalotten vart då ikkje lenger så interessant, og “gled i bakgrunnen i nordisk politikk.”<sup>1369</sup> Likevel – perspektivet hjå dei fleste historikarar har vore at Christian IV med denne reisa og den etterfølgjande kampen berga Nordkalotten for Danmark-Noreg. Her i Yngvar Nielsens ord: “Skjønt han ikke i historien kan regnes for en af de særlig store aander, saa maa dog hans forhold til Finmarken, ja til hele det nordlige Norge, bestandig sættes paa hans kreditside, til han store ære.” Men, som Halvdan Koht også understreka, “det var i røynda den einaste sigeren i utarikspolitikken hans.”<sup>1370</sup>

Gjennom reformasjonshundreåret er inntektskjeldene i kannikgjeldet dei same, men inntektsgrunnlaget og inntektsstrukturen byrjar å endre seg, når særleg verdien av fisken går ned. Hovudtendensen er at jordbruksbygder styrkjer seg, medan fiskeværa går det nedover for – og slik endrar det økonomiske tyngdepunktet i Trondenes seg.<sup>1371</sup> Vilkåra for økonomisk forteneite i nord vart såleis endra ytterlegare etter 1620, då nedgangen i fiskeria slo inn for fullt.<sup>1372</sup> Men sjølv om inntektene som *kannikgjeldet* genererte framleis støtta oppunder superintendenten sin sterke posisjon i det regionale feltet Trondenes, styrkte kongen *sin*

<sup>1364</sup> Hansen 1985: XXI; *NRR 4*: 436–438, 1611; Hansen 1986: 46.

<sup>1365</sup> Hansen 2001(b): 43 og Hansen 1985: XX–XXIII; Hagen 2008: 52.

<sup>1366</sup> Hagen 2008: 47, 52.

<sup>1367</sup> Hagen 2008: 51, 54; Hansen 2001(b): 42–43; Hansen 1985: XXVIII–XXIX. Freden i 1595 var skjør i den forstand at tsaren i første omgang ikkje anerkjende den – men stadfestinga kom endeleg på plass i 1617. (Hansen 1985: XVIII.)

<sup>1368</sup> Hansen 2003(a): 98; Hansen 1985: XXII–XXVIII.

<sup>1369</sup> Fladby 1978: 66–67.

<sup>1370</sup> Hagen og Sparboe 2004: 18–19.

<sup>1371</sup> Nielssen 1984: 42–43.

<sup>1372</sup> Nielssen 1984: 45; Fladby 1978: 73.

posisjon, også som øvste leiar for kyrkja i kannikgjeldet, med stadig aukande verdslege inntekter i form av nye skattar og nye skattlagde grupper. La oss difor sjå nærare på det kyrkjeadministrative feltet og kampen om den kyrkjelege inntektsstrukturen.

### 11.3 Kampen om den kyrkjelege inntektsstrukturen

Kongen og statsmakta kjem altså tydelegare til syne i trondenesfeltet, delvis som overtar av, delvis som konkurrent til dei potensielle inntektene – og utgiftene – i feltet. Kongen tek også opp kampen om ein del av dei andre felles anerkjende verdiane, som korleis kyrkja skal leiast og trua skal praktiserast. Men nokre kampar blir verande stort sett mellom dei geistlege aktørane. Så kva slags endringar og økonomiske omfordelingskampar går det eigentleg føre seg *innom* det kyrkjeadministrative feltet? Sjølv om det er ein kontinuerleg dragkamp mellom domkapitlet og lensherre og statsmakta om kva for prestegjeld som skal ha kannikgjeldstatus, omfattar denne dragkampen ikkje Trondenes – og ordninga med kannikgjeld i seg sjølv, slik ho er nedfelt i ordinansen, blir ikkje imøtegått, korkje av lensherre eller kongen sjølv. Det er difor god grunn til å sjå nærare på den kampen som gjekk føre seg internt i domkapitlet; om korleis kannikgjeld vart overførde til neste generasjon, om tilhøvet mellom inntektene frå domkapittelprebenda og kannikgjelda, om korleis prestegjeldsinntektene vart regulerte i det som me kjenner som *Trondhjems reformats* og om tilhøvet *mellom* kannikgjelda, der Trondenes og delvis Tromsø ser ut til å stå i ei særstilling. Med andre ord – kampen om den *kyrkjelege inntektsstrukturen*.

#### Kampen om reformatsen

I tillegg til at kollegiatoppløysinga var ei naturleg følgje av presteskapet si nye administrative og sosiale rolle, var det også eit lønsamt trekk frå superintendenten si side? Fekk han auka økonomisk kapital – med andre ord, kor mykje meir overskot fekk han av kannikgjeldet, då han ikkje lenger trengde løne prestar og ta seg av kyrkjer? Det spørsmålet visste han kanskje ikkje heilt svaret på sjølv, Hans Mogenssøn, då han tok over for Hans Gaas i 1578.

Men å få oversikt over dei økonomiske ressursane i Trondenes kannikgjeld og alle andre prestegjelda i det store Trondheim stift, var berre ei av årsakene til at arbeidet med reformatsen kom i gang. Prestane i overgangsgenerasjonen var med tida alle døydde ut, utdanningsnivået på klerkane var på veg ned – og ikkje minst var det på tide å gjennomføre reformasjonens nye lære med skulert presteskap. Det var etterkvart kome inn mange klager på

dei geistlege i stiftet,<sup>1373</sup> og det klare mandatet, i alle fall frå Fredrik II, var å kartleggje lære- og undervisningsbehova i nord – slik at folk ikkje måtte reise milevis for å høyre Guds ord – og sjå til at det var nok prestar som fekk skikkeleg løn.<sup>1374</sup> Organiseringa av soknetenesta måtte tilpassast “evangeliske krav”.<sup>1375</sup>

Med andre ord byrjar det sive inn i København at kyrkjeordinansen ikkje var tilstrekkeleg tilpassa for å halde oppe presteløn og prestelærdom i nord, slik Hans Gaas i mange år hadde peikt på. Kongen ber lensherren, Christian Friis, superintendenten Hans Mogenssøn og dei to kannikane Hans Sigurdssøn, sokneprest til domkyrkja,<sup>1376</sup> og Jens Mogenssøn, lektor og kantor og sokneprest til Verdal,<sup>1377</sup> om å ta fatt på arbeidet. Samarbeidet mellom lensherre og superintendent som ordinansen la opp til, såg endeleg ut til å fungere.

Kommisjonen la i veg langs same rute som ein erkebisp eller ein superintendent ville gjort på visitas, frå prestegjeld til prestegjeld nordover kysten. Dei beskriv både eksisterande økonomiske, administrative og geografiske tilhøve, samstundes som dei refererer til ordinansen og gjer framlegg om endringar.<sup>1378</sup> I Trondenes – det største av alle prestegjelda i stiftet – er det om lag 800 soknebønder, og for desse finst det 14 “kircker och capeller” med i alt 9 prestar til å gjera kyrkjeteneste<sup>1379</sup>: Hovudkyrkja på Trondenes skal ha ein prest som tenestegjer kvar heilagdag, det same skal Kvæfjord, Sand og Hillesøy. Astafjord, Tranøy, Dyrøy og Sand må til saman dele på to prestar, medan kyrkjepara Øyfjord og Baltestad, Mefjord og Berg og Gryllefjord og Torsken må dele kvar sin.<sup>1380</sup> Om inntektene frå prestegjeldet noterer kommisjonen dette:<sup>1381</sup>

---

<sup>1373</sup> *NM* 2: 75.

<sup>1374</sup> *NRR* 2: 688–689, 1586.

<sup>1375</sup> Kolsrud 2007: 314.

<sup>1376</sup> Tromsø var lagt til domkyrkjesoknepresten frå 1580-åra, men dette vart ikkje praktisert før den lengesitjande Hågen Lauritsen døydde i 1596. (*NRR* 3: 417–418, 1596; Lysaker 1987(a): 145.)

<sup>1377</sup> Lektor og kantor vart slått saman i 1577. (*NRR* 2: 211, 1577; 3: 439, 1596; Kolsrud 2007: 340.)

<sup>1378</sup> Hamre 1983: 22.

<sup>1379</sup> I 1666 påstår superintendent Erik Bredal (*TJ*) at så lenge domkapitlets kommun “Var Ved mact” var det 4 prestar på Trondenes som soknefolket henta når dei trengde tenestene deira. *Når* dette skulle vera – før eller etter kollegiatoppløysinga (for det må nødvendigvis ha vore før reformatsen, der det er nedfelt 9 prestar, sjølv om kommunet ikkje vart oppløyst før i 1598) er ikkje godt å veta. Kollegiatet kan jo ha vorte gradvis redusert – frå seinmellomalderen og fram til oppløysinga i rundt 1560. (Meir om Bredals rapport kjems seinare i kapitlet.)

<sup>1380</sup> Hillesøy kyrkje ar altså også kome til kannikgjeldet i seinmellomalderen, medan Bjarkøy ser ut til å ha falle ut – for ei tid. Noko kyrkje på Bjarkøy er nemleg ikkje nemnd i reformatsen, heller ikkje i statthaldararkivets jordebøker frå 1625. Men ho dukkar opp att som korshus på Nergård frå 1666 utover. (Trædal 2008: 128–131.) Kor lenge den eller dei tidlegare kyrkjene på Bjarkøy stod, er usikkert – men eigedomane til kyrkja er representerte i trondenesjordebøkene frå seinmellomalderen, og kyrkja må såleis ha vore ein del av kannikgjeldet i ein tidleg fase før reformasjonen. Sjå òg kapittel 2.3.

<sup>1381</sup> *TR*: 90.

Figur 24: Trondenes kannikgjeld i Trondhjems reformats

Landskuld	164 vågar fisk
Fisketiend	266–900 vågar fisk
Ravtiend	60–120 vågar
Reklingtiend	10 kippe
Korntiend	21–60 tønner
Ostetiend	12 vågar
Kval- og kobbetiend	“naar dett falder”
“Der till offertold, pusefee, kirckgang, wdferd och anden prestelig ridtzler.”	uspesifisert
“Kand saaes till Trundenesz prestegaardt”	10 tønner
“Kand holdes mielckekiør”	10

Til samanlikning er dette inntekter frå nokre av dei andre store kannikgjelda i stiftet:<sup>1382</sup>

Figur 25: Andre kannikgjeld i Trondhjems reformats

	Landskuld	Fisketiend	Korntiend
Tromsø*	28 vågar fisk	260 vågar	“inthett”
Vesterålen	148 vågar, 2 pund fisk	100 vågar	15 tønner
Lofoten	36 vågar, 16 mark fisk	200 vågar	4 tønner
Alstahaug	45 vågar fisk	50 vågar	50 tønner
Verdal	36 spann, 2,5 øre, 1 marklag smør	----	100 tønner

\* Frå Tromsø fekk kannikgjeldinnehavaren, tilliks med frå Trondenes, både presteinntektene og kyrkjeinntektene.

Det særskilte med Trondenes er, som drøfta tidlegare, at soknepresten fekk tilgang til både kyrkjas og prestens inntekter, både fabrica og mensa, og ikkje minst at kommisjonen meiner det er så vanskeleg å finne ut kor mange av bøndene som soknar til kva for kyrkje, difor må soknepresten sjølv “handle, som forsuarligt kand vere” for å finne ut korleis kyrkjetenesta skal organiserast og kor mykje løn kapellanane skal få. Med andre ord – soknepresten sit med det største handlingsrommet nokon sokneprest kan ha, og kommisjonsmedlem Hans Mogenssøn nedfelte såleis superintendentens sterke posisjon i feltet for lang tid framover. Med administrativ og politisk kløkt sikra han seg såleis større økonomisk inntektpotensiale og handlingsrom. Tilsynelatande ein kapitalvekslar av rang.

Men kvifor skulle det vera så vanskeleg å finne ut kvar folk budde i Trondenes prestegjeld? Først og fremst må det ha samanheng med den mellombelse flyttinga internt i kannikgjeldet i samband med sesongfiskeria. Som me såg i kapittel 7 var det nære samband mellom busetjingane i innfjordane og i fiskeværa på yttersida av Senja,<sup>1383</sup> og kva som eigentleg var

<sup>1382</sup> TR: 52, 78–80, 84–85, 88–91.

<sup>1383</sup> Hansen 2003(a): 34.

den heimehøyrande buplassen var kanskje ikkje alltid lett å avgjera. Denne flyttinga var også mange sjøsamar med på, i tillegg til at samar som dreiv med rein hadde andre flyttemønster innanfor og utanfor grensene til kannikgjeldet. Men desse folketeljingsutfordringane skulle ein tru kommisjonen også møte på i mange av dei andre prestegjelda, dessutan er samar nemnde spesifikt i Tromsø kannikgjeld: "Finderne giffue en part i vog fisk om aaritt en partt mindre, den største partt inthett."<sup>1384</sup> Men ikkje i Finnmark eller nokon andre stader. I Trondenes er det heller ikkje, i motsetning til i alle dei andre prestegjelda, skildra kor langt det er frå hovudkyrkja og mellom annekskyrkjene, og det er ikkje mogeleg å etterprøve i kva grad kyrkjene i Trondenes eventuelt låg for tett eller for spreidd i høve til kommisjonsmandatet. Detaljstyringa er med andre ord ikkje så nødvendig; her styrde sjefen.

Korleis greidde Hans Mogenssøn dette? For det er særleg den driftige lensherren Christian Friis som har vorte tilskrive størsteparten av æra både for initiativet og gjennomføringa av arbeidet med reformatsen.<sup>1385</sup> I følgje mandatet krov ikkje kommisjonsrapporten kongeleg godkjenning, med andre ord stolte Fredrik II på det arbeidet lensherren og kommisjonen skulle gjera.<sup>1386</sup> Men når det kom til stykket vart ikkje Friis med heile vegen nordover til Nord-Noreg.<sup>1387</sup> Var det i samband med det Mogenssøn såg sitt snitt til å sikre superintendenten slikt handlingsrom? Det er ikkje sikkert Friis hadde lagt seg oppi dette, sjølv om han hadde vore med nordover, men gav han eigentleg litt for frie taumar då han let bukkane passe havresekkane i kartleggingsarbeidet vidare nordover? Var eigentleg kommisjonsleiarskapet hans så suksessfullt, om ein jamfører med mandatet frå kongen? Reformatsen vart ikkje så radikal som han kunne ha vorte ved å byggje ut den lokale kyrkjeorganisasjonen ytterlegare. Til dømes vart ikkje dei store kannikgjelda delte i to, som var eitt av dei konkrete framlegga til organisasjonsreform.<sup>1388</sup> Friis sjølv var likevel fornøgd, men frykta at det kom til å koma klager. Sjølve Reformatsen skulle leggjast i domkapittelarkivet i Trondheim, men for at ingen "gierige och vmettelige prester" skulle krevja for høg løn på grunnlag av denne, skreiv Friis, vart det også sendt ein kopi til statthaldaren på Akershus og kanselliet i København.<sup>1389</sup>

---

<sup>1384</sup> *TJ*: 91.

<sup>1385</sup> Bang 1895: 199; Imsen 1982: 231; Hamre 1983: 14; Lysaker 1987(a): 84, 89; Kolsrud 2007: 314. Friis var forlent med Trondheim frå 1583 til 1589 og vart kongens kanslar i 1596.

<sup>1386</sup> Hamre 1983: 21.

<sup>1387</sup> Hamre 1983: 8.

<sup>1388</sup> Hamre 1983: 20, 22, 26.

<sup>1389</sup> Hamre 1983: 41–42.



Klager kom – både frå prestar og verdslege, men av alle ting også frå Hans Mogenssøn sjølv.<sup>1390</sup> Han og fleire gjekk inn for at reformatsen vart trekt attende, av di den skapte “uleilighet [...] uti stiftet”. Ein må gå ut frå at Mogenssøn ikkje her tala som kannikgjeldinneharar og sokneprest til Trondenes, men som superintendent med ansvar for alle dei geistlege i stiftet. Han kan ikkje ha kjent posisjonen sin i trondenesgjeldet truga viss reformatsen skulle bli kalla attende. Men spørsmålet blir vidare – kven var det reformatsen ikkje var gunstig for? Dei andre kannikane og sokneprestane, som fekk for lite inntekter i høve til kva dei måtte ut med av utgifter til visepastoren og kapellanane i prestegjelda? Eller var det nettopp desse lokalgeistlege rundt om som klaga over at dei ikkje kunne leva av løna som reformatsen føreskreiv? Anne Marit Hamre meiner reformatsen primært tok omsyn til det etablerte presteskapet i domkapitlet som trengde store inntekter, men at det var eit visst kompromiss ved at det i dei fleste prestegjelda vart fleire kapellanar og gudstenester i annekskyrkjene – slik mandatet la opp til.<sup>1391</sup> Klaging vart det altså likevel, men sjølv om statthaldaren undersøkte saka nøye, vart reformatsen aldri trekt attende – og den var tydeleg i bruk. Etter den dyktige Friis kom det ein ikkje fullt så dyktig lensherre til Trondheim – Ludvig Munk. Og i dei mange klagemåla mot han gjekk det også igjen frå domkapitlet at han hadde forbrote seg mot reformatsen.<sup>1392</sup>

Klagemåla frå dei geistlege illustrerer ei gjennomgåande problemstilling for superintendenten; han skulle arbeide for dei økonomiske vilkåra til dei geistlege, men for han var det å balansere ulike interesser.<sup>1393</sup> Kannikgjeldinneharane i domkapitlet, som han sjølv var, kapellanane deira ute i prestegjelda og dei “ordinære” sokneprestane som var herrar i egne hus. Det var ikkje alltid motstridande interesser mellom desse, men utover på 1600-talet ser me oftare og oftare at løns- og arbeidsvilkåra for dei lokalgeistlege er kime til misnøye og strid.

I tida før og umiddelbart etter reformatsen veit me ikkje korleis superintendenten som sokneprest løna og tilsette vikarprestane sine – me veit med andre ord lite om kva slags *utgifter* han hadde å setja opp mot dei rike inntektene frå kannikgjeldet. I den nye kyrkjeordninga skulle lensherren på vegner av kongen ha eit ord med i laget i prestetilsettingar, og i ein recess av 1568 vart den allmenne retten for soknefolket til sjølv å

---

<sup>1390</sup> Lysaker 1987(a): 90.

<sup>1391</sup> Hamre 1983: 26.

<sup>1392</sup> Lysaker 1987(a): 96–97; *NHR* 1, 4. rekke: 162–163.

<sup>1393</sup> Imsen 1982: 234.

kalle sin eigen sokneprest slått fast.<sup>1394</sup> Dette brydde nok kannikane seg lite om, og sjølv etter kollegiatoppløysinga i Trondenes er det liten grunn til å tru at ikkje superintendenten gjorde alle kapellantilsettingane sine sjølv “nokså fritt”.<sup>1395</sup> Etter kollegiatoppløysinga tok superintendenten berre på seg det fulle lønsansvaret for visepastoren sin på Trondenes – dei andre kapellanane, og deira nye familiehushald, måtte soknefolket etterkvart bidra til å løne sjølve. Me kjenner berre spreidde namn på kapellanane og vispeastorane før midten av 1600-talet, og sikre opplysningar om visepastorvilkåra får me først i ei kjelde frå 1666.<sup>1396</sup> Då har visepastoren på Trondenes svara på ei rekkje spørsmål frå kyrkjekommisær Titus Bülche i 1664, som superintendent Erik Bredal har samanfatta i ein rapport frå 1666, titulert *Trundenes Jordbog M.DC.LXVI*. Fortegnelse Paa den Rente oc Indkomst. Som er lagd till Bispen i Trundhjem pro officio, oc det af Trundenes præstegeld i Nordland.”<sup>1397</sup> Der går det fram at løna det året er 30 vågar råskjær, 1 våg kveiterav, 2 tønner korn og 1 våg ost i året, i tillegg til fisketienda frå (det magre) heimfisket (i Toppsundet og Fauskevåg) mellom oktober og desember. På prestegarden skulle det fast vera 20 kyr, 2 sauer og 1 lam – som også var “arveavgifta” når ein ny visepastor skulle ta over. Greidde han å fø husdyr ut over det på prestegarden, skulle det vera hans eiga inntekt. Prestegarden var visepastorens residens (som var altfor høgt skuldsett, til 4 vågar, i fylgje visepastoren sjølv), og denne var såleis ikkje medrekna i dei samla landskuldinntektene som superintendenten nytte – det var heller ikkje “de jordeparter som Præsternis Residentser ere tilliggende”. Til saman var det i 1666 7 prestar i kannikgjeldet; visepastoren og “Sex Residerende Ved Hver sin Kirke og betjener dem Hvis Annexer derunder Svares”. Dei residerande i Torsken, Mefjord og Hillesøy skulle ha all uvisse rente og preste- og kyrkjetienda av kvar tredje utrorsbåt – for superintendenten utgjorde det til saman om lag 60 vågar fisk. Dei tre andre residerande kapellanane, i Kvæfjord, Sand og Astafjord, skulle ha all uvisserenta frå alle kyrkjene sine.

I tillegg til å vera med og løne sine eigne prestar, måtte soknefolket i resten av kannikgjeldet altså vedlikehalde kyrkjene sine også, bortsett frå, som me har sett før, kyrkjene i det gamle trondenesfylket; Trondenes, Ibestad, Kvæfjord og Sand. Vin og lys var det einaste superintendentsoknepresten bidrog med til alle – endå han tok inn alt av tiend- og

<sup>1394</sup> Lysaker 1987(a): 73; *LoF*: 103, pkt. 14.

<sup>1395</sup> Imsen 1982: 177, 217–218. Også når den norske kyrkjeordinansen endeleg kjem i 1607, er superintendenten si rolle som presteilsetjar – i heile stiftet – styrkt, og me må gå ut frå at det ikkje gav han noko mindre handlingsrom ved sine eigne kapellanutnemningar.

<sup>1396</sup> Og sidan desse heldt seg uendra til kannikgjeldet blir endeleg avvikla i 1731, meiner Lysaker det er grunn til å tru at dei har vore stabile over lang tid. (Lysaker 1978(b): 95.)

<sup>1397</sup> *TJ*.

landskuldinntekter. Som me drøfta i kapittel 10.3 var truleg dei nyaste kyrkjene på yttersida av Senja heilt sidan etableringa vorte vedlikehalde av soknefolket sjølv, så dét var inga nyordning for dei med kollegiatoppløysinga, medan dei andre gamle kyrkjene som Lenvik og Tranøy er det meir usikkert korleis vedlikehaldet var gjort tidlegare.<sup>1398</sup> Det er såleis stor grunn til å tru at lønsvilkåra for dei ulike gruppene av geistlege var svært forskjellige, også i trondenesgjeldet, og at kapellanane lite kunne gjera med det store fabrica-forfallet rundt om i kyrkjene, som me skal sjå blir eit tilbakevendande tema i reformasjonshundreåret.<sup>1399</sup> Bredal påstod sjølv at alle desse utgiftene; vedlikehaldet av dei fire kyrkjene, løna til visepastoren og prestane, vin, oblatar og lys til samtlege kyrkjer, utgjorde halvparten av inntektene han fekk frå landskulda og tienda. Det var “ringe nock for en Superintendent”.<sup>1400</sup> I tillegg måtte det fråreknast skattar og ekstraordinære løyvingar, noko som openbert skulle prove “at denne Biskoppelige indkomst er ringere end som nogen Ville troe”.

Sjølv om desse vilkåra i fylgje Trygve Lysaker heldt seg uendra til kannikgjeldet blir endeleg avvikla i 1731, og det difor er grunn til å tru at dei har vore stabile over lang tid,<sup>1401</sup> er det likevel vanskeleg å attendeføre Bredals vurdering direkte til byrjinga på 1600-talet. Og om superintendenten meinte han hadde magre vilkår, utelukkar ikkje det at også kapellanane hadde det. Det vart etterkvart store rekrutteringsvanskar med den lønspolitikken kannikane førde i kannikgjelda sine, uavhengig av om dei var spesifiserte og nedfelte eller ikkje. Lødingen prestegjeld var i reformatsen tilgodesett med tre prestar på fire kyrkjer og to korshus,<sup>1402</sup> og dette prestegjeldet vart i 1606 også lagt til superintendenten, då Isak Grønbech trudde han var så sjuk at han måtte gå av og såleis fekk Lødingen som pensjon. No kvikna han rett nok til igjen og sat i stolen til 1617, men Lødingen vart verande hjå superintendenten også når Anders Arrebo tok over i 1618.<sup>1403</sup> Han blir pålagt både å sikre at det til ei kvar tid er to til

---

<sup>1398</sup> Når soknefolket på Senja på 1630-talet klagar på manglande kyrkjelege tenester argumenterte dei sjølve med at før hadde det vore nok med fisk til å betala for kyrkjevedlikehald, men no var det verre. (Lysaker 1987(a): 147–149; Schielderop 1642). I fylgje Bredal (*TJ*) var også Lenvik, Tranøy og Dyrøy kyrkjer slike som soknefolket hadde fått byggje, på det vilkåret at dei sjølve skulle halde dei ved like. Alle blir i 1666 rekna for å vera anneks under Ibestad. Det er likevel rimeleg å tru at desse gamle kyrkjene, som, i alle fall Lenvik og Tranøy, hadde eksistert før kannikgjeldet vart nydanna etter svartedauden, kunne ha andre vilkår enn fiskeværskyrkjene, som vart etablerte innanfor den eksisterande kannikgjeldstrukturen, slik me drøfta i kap. 2.

<sup>1399</sup> Hamre 1983: 27–28.

<sup>1400</sup> I 1642, då superintendent Schielderop rapporterte til kongen om den generelle tilstanden i kannikgjeldet, var det nok endå dårlegare stilt, grunna krisene på 1620- og 30-talet. I fylgje han “bliff(ue)r adelis inth(et) eller lidet till Bispens vnderholdning?”. (Schielderop 1642.)

<sup>1401</sup> Lysaker 1978(b): 95.

<sup>1402</sup> *TR*: 86.

<sup>1403</sup> *NRR* 4: 160, 1606; 720, 1618.

tre residerande kapellantar der *og* å halde hjå seg på katedralskulen i Trondheim to til tre unge universitetslærde, som kunne trø til umiddelbart når det blir prestemangel i det store stiftet.

### Trondenes' – og Tromsøs – særstilling mellom kannikgjelda

Superintendenten greidde gjennom reformatsarbeidet i 1589 å oppretthalde, stadfeste og leggje grunnen vidare for Trondenes som det fremste mellom kannikgjelda, og ikkje minst for den sterke posisjonen han sjølv hadde som sokneprest. I feltet Trondenes var han framleis den mest sentrale aktøren, slik dekanen også hadde vore det før reformasjonen. Også innehavaren av Tromsø kannikgjeld fekk – eller stadfesta – retten til å disponere både fabrica- og mensainntektene av både landskulda og tienda *og* å fastsetja kapellanløna, endå om det var “nettopp i disse kjempestore prestegjeldene at det var særlig behov for nyorganisasjon.”<sup>1404</sup>

Men det er også andre døme på at Trondenes – og delvis også Tromsø – vart særbehandla i reformasjonshundreåret.

Mange kyrkjer – med domkyrkja i spissen – var sørgjeleg dårleg vedlikehaldne utover 1500-talet.<sup>1405</sup> I tillegg var det, som reformatsarbeidet var eit døme på, behov for å tilpasse talet på kyrkjebygg med den nye kyrkjeordninga. Kongen bad difor superintendenten og lensherren i 1552 om å justere tilhøvet mellom domkyrkja og andre kyrkjebygg, og bad dei kyrkjene som ikkje trengde spesielt vedlikehald, *unnateke i kannikgjelda Tromsø og Trondenes*, om å bidra til å vøle på domkyrkja.<sup>1406</sup> I tillegg får trondenesgjeldet stadig nye ekstraløyvingar. I 1584 gav kongen Hans Mogenssøn ei avgift på 1/2 eller 1 dalar frå alle kyrkjene i Nordlanda for å fikse på dei forfalne kyrkjene i Trondenes. Likevel klaga enka hans, Bodil Eriksdatter, i 1599 at mannen hadde nytta betydelege eigne midlar for å fikse dei, og ho meinte kyrkjene difor var skuldige henne pengar.<sup>1407</sup> I 1601 fekk den nye superintendenten, Isak Grønbech, løyvd 1 ½ dalar av alle kyrkjene i stiftet for å få sett kyrkjene i Trondenes i forsvarleg stand, men i 1608 klaga allmugen framleis på at kyrkjene forfall – og det kom ny streng ordre til Grønbech frå kongen, der Christian IV truga med å gjera arvingane hans ansvarlege, om han ikkje tok vedlikehaldet på alvor.<sup>1408</sup>

---

<sup>1404</sup> Hamre 1983: 26.

<sup>1405</sup> Lysaker 1987(a): 21; *DN XII-678*; 1553–1563.

<sup>1406</sup> *DN XII-641*, 642, 1552; Kolsrud 2007: 380.

<sup>1407</sup> *NRR* 2: 551, 1584; *NRR* 3: 580, 1599; Lysaker 1987(a): 93.

<sup>1408</sup> *NRR* 4: 244, 1608; Lysaker 1987(a): 110.

Så kvifor denne særbehandlinga? Er det berre av di Trondenes og Tromsø er lagt til dei fremste kannikane i domkapitlet, som gjer at dei heile vegen greier å få tilført midlar – trass i at desse kannikane har store, og i samanlikning med dei andre, svært innbringande inntektskjelder? Eller er det også andre forklaringar? Dybdahl føreslår at det har ein samanheng med at begge hadde lang historie som prelatur, og at Trondenes i tillegg hadde vore fast knytt til dekanen.<sup>1409</sup> Særbehandlinga til Tromsø kan skuldast at det var uro omkring det kannikgjeldet, og når Vår Frue kirke i 1570-åra overtok å vera soknekyrkje for dei som tidlegare sokna til domkyrkja – og denne berre vart for domkapittelmedlemene – mista soknepresten i domkyrkja det han hadde av jordegods. Difor fekk han tillagt seg Tromsø (som før tilhørde erkediakonen, som i byte fekk Vesterålen), og difor fekk dette kannikgjeldet særrettar.<sup>1410</sup> Men er det kanskje også ei fellesforståing i stiftet og mellom stiftet og kongen om at særleg Trondenes og Tromsø må leggjast til dei fremste kannikane, og må få særbehandling, av di dei framleis representerte den organiserte kyrkjestrukturen sine grensepostar – *iuxta paganos*? Kyrkja på Tromsøya var jo, som me såg i kapittel 6.2, etablert av Håkon Håkonsson rundt 1250, og var eit kongeleg kapell som i følgje kongen vart bygd for å omvende heidningane som budde nært riket hans.<sup>1411</sup> Trondenes og delvis Tromsø hadde stått i ei særstilling mellom kannikgjelda sidan 1400-talet. Tromsø hadde i tillegg vore nært knytt til kongens interessefelt, sidan kyrkja var grunnlagt som kongeleg kapell og i område rundt var det mykje krongods. Og sjølv om domkapitlets fremste kannikar<sup>1412</sup> heilt tydeleg la personleg innsats ned i å stadig få fornya kontroll med desse kannikgjelda av dei dei genererte spesielt store inntekter, kan det sjå ut til at det i tillegg var (kome) ei forståing også hjå kongen om at dei var politisk viktige og såleis måtte satsast på og liggje til domkapittelleiinga.

### Avvikling av kommunet og avklaring om kannikgjelda

Men domkapitlet *som fellesskap* forvitra gradvis. Det felles bordhaldet for kannikane i domkapitlet var avvikla i 1557 – dei fleste stifta eigne familiar og hushald.<sup>1413</sup> Då domkyrkja i 1578 vart soknekyrkje i Trondheim<sup>1414</sup> og med det grunnlaget for residensplikt for alle kannikane ved domkyrkja fall bort, vart det sjølv sagt ein viss strid internt i domkapitlet om korleis krongodset skulle delast. Dei samla inntektene frå dette fellesgodset var i 1550-åra

---

<sup>1409</sup> Dybdahl 1979: 235–236.

<sup>1410</sup> *NRR* 2: 288–289, 1578.

<sup>1411</sup> *DN* I-37, 1246; I-113, 114, 1308.

<sup>1412</sup> Hans Sigurdsson, soknepresten til domkyrkja, var i tillegg svigerson til Henrik Nilsson – overgangskanniken som stod i spissen for opprøret tidleg på 1560-talet. (Hamre 1983: 15.)

<sup>1413</sup> Lysaker 1987(a): 35, 58.

<sup>1414</sup> *NRR* 2: 288, 1578.

på i alt 165 spann smør.<sup>1415</sup> Enden på visa vart at kannikane sjølve i 1598 gjorde ei fordeling mellom dei sju som framleis, i alle fall i teorien, hadde residensplikt; dekanen, erkediakonen, lektor og kantor (ein person), pastor og kapellan i domkyrkja og pastor og kapellan i Vår Frue.<sup>1416</sup> Kongen stadfesta denne ordninga i 1601.<sup>1417</sup> Med reformatsarbeidet til Hans Mogenssøn friskt i minnet – og det handlingsrommet han hadde skaffa for superintendenten der – kunne ein tenkt seg at Isak Grønbech, som tok over for Mogenssøn i 1596, hadde sett sitt snitt til også å auke sitt personlege kannikgjeldgods i Trondenes i denne omfordelingsrunden. Men så skjedde ikkje, for i denne fordelinga var det truleg ikkje noko kommungods att i Sør-Troms; dei seks gardane som i 1647 er kategoriserte som soverne, var, som me såg tidlegare i kapitlet, alle del av Nicolai prebende som vart lagt til Vår frue kirke allereie i 1584.<sup>1418</sup>

Men sjølv om kommunet formelt vart oppløyst og alle andre enn dei sju residerande kannikane skulle flytte ut av domkapitlet i 1601, var det framleis tette band mellom kannikane – og strid om vilkåra. Dei utflytta kannikane var no å rekne som ordinære sokneprestar, men dei måtte framleis betala fast årleg avgift til kannikresidensane i byen og ei avgift for kannikgjelda sine. Desse avgiftene var det mogleg å stridast om.<sup>1419</sup> Dessutan hadde domkapitlet, meir eller mindre medvete, ført uklare prov overfor kongen for kor mange kannikgjeld det hadde vore, i følgje Audun Dybdahl, når dei så seint som i 1616 slår fast at det ved reformasjonsutbrotet var 24: “Det ser i høy grad ut til å ha vært tendensiøs historieforskning kannikene har bedrevet.”<sup>1420</sup>

Kongen var no huga på å få ei endeleg avklaring rundt dette, og også i denne saka fekk superintendenten ei sterk hand på rattet, då han og lensherren fekk i oppdrag å finne ei rimeleg løysing. Frå 1618 heitte superintendenten Anders Arrebo, og i den korte regjeringstida hans – fram til 1622 – fekk han lagt føringar for korleis kapittelgjeldtakstane skulle bli og i 1620 endeleg stadfesta kva for prestegjeld som var kannikgjeld og kva for residerande kapellanar desse skulle følgje *pro officio*: Trondenes (superintendenten),

---

<sup>1415</sup> Imsen 1982: 89.

<sup>1416</sup> Dybdahl 1979: 167, 169; Lysaker 1987(a): 101.

<sup>1417</sup> *NRR* 3: 623–624; Lysaker 1987(a): 102.

<sup>1418</sup> Superintendenten fekk derimot ein del bynære eigedomar i nærleiken av eitt av dei andre prestegjelda sine; Strinda, Klæbu, Tiller og Byneset. (Dybdahl 1979: 171.)

<sup>1419</sup> Lysaker 1987(a): 102, 118–121.

<sup>1420</sup> Dybdahl 1979: 233. Og han får støtte frå Trygve Lysaker. (Lysaker 1987(a): 120.)

Vesterålen (erkediakonen)<sup>1421</sup>, Verdal (kantor og lektor), Tromsø (soknepresten til domkyrkja – som frå 1638 får Stod i Innherrad), Lofoten (kapellane til domkyrkja), Inderøy (soknepresten til Vår Frue kyrkje) og Herøy på Sunnmøre (kapellane til Vår frue kyrkje).<sup>1422</sup> I dei andre prestegjelda skulle kyrkjelydane sjølve få velja sokneprest i samsvar med ordinansen, og domkapitlet ikkje lenger ha kallsrett. Men sokneprestane måtte halde fram med å betala avgift for kannikresidensen i Trondheim – på til saman 118 dalar årleg.

Denne avgjerda var på mange vis eit endeleg oppgjær med domkapitlet sin sterke maktposisjon. No kunne dei ikkje lenger sjonglere med dei mange kannikgjelda, eller bruke avgiftene derifrå i kjøpslåing seg imellom. Arrebo vart ikkje populær hjå sine egne kannikar, og etterkvart la han seg også ut med lensherren.<sup>1423</sup> Han hadde mektige vener i København, men hans livfulle, utradisjonelle og folkeleg-vågale stil både i bispegjerninga og i trønderske gjestebod, førde til slutt til at han vart avsett – i ei rettssak som har fått høgst ulike karakteristikkar av ettertidens teologar og historikarar.<sup>1424</sup> Karrierefallet vart likevel produktivt for Arrebo – i dei seinare åra av livet var han prest i Vordingborg, vart ein lærd salmediktar – representert i Landsstads reviderte – og er vorte kalla “den danske kunstdiktinga sin far”.<sup>1425</sup> Særleg gjorde naturen i Nord-Noreg inntrykk på han, kan me sjå i diktinga, og han vart verande godt likt i Noreg, ikkje minst av di han meinte norsk “ungdom og menighet meget til sang og musikk inklinerer”.<sup>1426</sup> Han veksla med andre ord smertelege erfaringar inn i religiøs og kulturell kapital.

Etter 1620 vart det meir urolege tider. Fiskeinntektene gjekk nedover og i 1630-åra var det verkeleg kriseår på land også – med store klager på dei økonomiske vilkåra både frå allmugen og dei lokale kapellanane. Sjølv om striden om kannikgjelda sin eksistens kom til ei endeleg avklaring i 1620, vart tilhøvet mellom kongen og domkapitlet heile 1600-talet framleis prega av dragkampen om kannikgjelda. Denne kampen gjekk *først og fremst* føre seg mellom kyrkjelydane i lokalsamfunna og kannikgjeldinnehavarane – slik me såg i saka om Vesterålen i førre kapitlet.<sup>1427</sup> Ein fråverande sokneprest – og ditto dårleg skikka kapellanar og utskiping av ressursar til Trondheim – gjorde at allmugen mange stader kravde å få oppløyst

---

<sup>1421</sup> Som frå 1613 var vorte ei verdsleg forlening. Erkediakonstillinga var tømt for oppgåver. (Lysaker 1987(a): 102–103.)

<sup>1422</sup> Daa, Kaas og Arrebo 1620; Imsen 1982: 253; Lysaker 1987(a): 116–121.

<sup>1423</sup> Lysaker 1987(a): 117–118, 121, 124.

<sup>1424</sup> Lysaker 1987(a): 129.

<sup>1425</sup> Lysaker 1987(a): 132.

<sup>1426</sup> Kolsrud 2007: 490; Lysaker 1987(a): 130.

<sup>1427</sup> Lysaker 1987(a): 118ff.

kannikgjeldordninga.<sup>1428</sup> Og no kjem også klagene frå dei største kannikgjelda lengst nord, som mellom anna fører til at Tromsø i 1637 blir gjort om til eit ordinært prestegjeld, lausrive frå domkyrkjesoknepresten.<sup>1429</sup> Superintendenten, derimot, greier halde fast på Trondenes heilt til 1731, men dei siste hundre åra langt frå som noko gullgruve.<sup>1430</sup>

Den kyrkjelege inntektsstrukturen i Trondheim stift som domkapitlet gjennom fleire hundre år hadde bygd opp, og som delvis overlevde maktovertakinga i 1537, var på full fart til å gå i oppløysing. I Trondenes kannikgjeld, derimot, heldt den mykje godt stand. Anders Arrebo markerer på sett og vis slutten på eit produktiv samliv mellom superintendent og domkapittel – der han trekkjer opp stigen etter seg og sikrar Trondenes for framtidige dekanat og superintendentar, men delvis undergrev dei andre kannikgjelda sine inntekter.

## 11.4 Kampen om trua

Dei andre organisatoriske og administrative endringane etter den danske kongelege maktovertakinga i 1537 hadde etter sekelskiftet byrja koma på plass. Kyrkjeorganisasjonen hadde festa seg i løpet av reformasjonshundreåret, og bortsett frå kollegiatet som var oppløyst, hadde Trondenes kannikgjeld den same oppbygginga og utstrekninga som før reformasjonen. Men kva hadde reformasjonen så langt gjort med trua? I førre kapitlet såg me korleis kongen i fyrste rekkje gjorde lite både med prestar og kyrkjeleg sjølvstyre i det store Trondheim stift, før han etterkvart vart ein synlegare aktør på fleire område i trondenesfeltet. Men nordområda si tyding i utanrikspolitikken og omlegginga av den verdslege lensstrukturen som følgje av dette, fall også saman med Christian IV si innstramming på det religiøse området.

På same vis som det før reformasjonen var svært få og spreidde utslag av lutheri, var det gjennom reformasjonshundreåret like få spor av motreformasjon eller papisteri – både i Trondheim og i Trondenes. Då grava til Olav Haraldsson vart flytta i 1568 oppstod det ei viss oppbløming av olavskulten som Hans Gaas hadde problem med å slå ned<sup>1431</sup> og i sakefallslistene finn me spreidde brotsverk som handlar om “ketterii”, men dette er mest

---

<sup>1428</sup> Kolsrud 2007: 317; Imsen 1982: 219; Lysaker 1987(a): 103. Enno i 1620-åra heldt tydelegvis kannikane godt på tradisjonen om å kalle og utnemne eigne kapellantar – stikk i strid med ordinansen og superintendentens vilje.

<sup>1429</sup> *NRR* 7: 375, 1637; Lysaker 1987(a): 147–149; Hansen 2003(a): 183–186.

<sup>1430</sup> Lysaker 1987(a): 110.

<sup>1431</sup> Lysaker 1987(a): 72–73.



truleg nemning for alvorlege seksuelle brotsverk som incest (blodskam).<sup>1432</sup> Ifølgje folketradisjonen skal korshuset på Stave på Andøya, altså hjå engelbrektssønenes etterkomarar, ha vorte flittig besøkt utover 1500-talet.<sup>1433</sup> Og sjølv sagt må delar av den gamle trua ha levd vidare, meir og mindre i skjul – men noko open motreformasjon vart det ikkje, heller ikkje noko ytterlegare reformering i kalvinistisk lei. Etterkvart utvikla det seg sterk generell redsel for katolisisme – ikkje for gamal folkeleg tru, men for religiøs refleksjon hjå dei fremste gruppene i samfunnet og dei med høgare utdanning.<sup>1434</sup> Anders Arrebo fekk til dømes i 1619 forbod mot å ordinere svenskar til kall i Jemtland, i frykt for at dei i Sverige var påverka av den katolske offensiven.<sup>1435</sup>

Kva for følgjer fekk Christian IV si religiøse einsretting for dei fleiretniske områda i nord, korleis møtte ortodoksien samar og andre vantrue i og rundt trondenesfeltet?

### Åndeleg tilstand i nord

Som me har vore inne på i tidlegare kapittel, kan det sjå ut til at erkebispens Nidaros som intellektuelt sentrum forvittra utover i reformasjonshundreåret. Lysaker meinte som før nemnd at det var ein åndeleg stillheit som hadde senka seg over stiftet, i motsetning til i Oslo, som såg ei åndeleg og humanistisk oppbløming med bisp Jens Nilssøn og lektor Hallvard Gunnarsson.<sup>1436</sup> Asbjørn Øverås karakteriserer historia om Trondheims-lektorane i reformasjonshundreåret som “kort og tørr”.<sup>1437</sup> Også i samtida var dei bekymra; reformatslensherren Christian Friis, då han i eit brev til Isak Grønbech i 1599 skildra det stiftet han hadde vorte kjend i tiåret før, var lite imponert over den åndelege tilstanden i nord: “[D]en tid eg var lensherre hja dykk, fann eg større likesæla og skøyteløysa hja tenarane i ordet i dei landsluterne enn nokon annan stad.” Han visste ikkje om dei no hadde endra sinnelag.<sup>1438</sup> Domkapitlet si manglande vilje til å koste universitetsstudentar, og såleis betre nivået på si eiga presterekuttering, ser ut til å ha vore eit gjennomgåande

---

<sup>1432</sup> *NLR* 5: 221; Riisøy 2006: 43. Men det er nemnt under Kongens saker i lensrekneskapa i 1567, kvifor ikkje under Stiftets saker, som dei andre kristenrettsbrot? Truleg har det å gjera med manglande konsekvens i kategorisering av dei innskrivne sakene. (Anne Irene Riisøy i e-postsamtale juni 2013.)

<sup>1433</sup> Guttormsen 1994: 144.

<sup>1434</sup> Imsen 1982: 262f.

<sup>1435</sup> *NRR* 5: 5, 1619; Imsen 1982: 187, 189.

<sup>1436</sup> Lysaker 1987(a): 91.

<sup>1437</sup> Øverås m.fl. 1952: 82–83.

<sup>1438</sup> Kolsrud 2007: 314 (Kolsruds omsetjing); sjå også Lysaker 1987(a): 89–90.

reformasjonstema.<sup>1439</sup> Og som me såg vart det knytt vilkår om å halde universitetsstudentar då Isak Grønbech og seinare Anders Arrebo skulle ha Lødingen som kannikgjeld.<sup>1440</sup>

Også på Trondenes må oppløysinga av kollegiatet ha ført til dårlegare vilkår for den type stimuli som eit *intellektuelt fellesskap* kunne tilby. Men prestegarden og kyrkja på Trondenes var framleis bygdas åndelege sentrum etter reformasjonen, meiner Lysaker<sup>1441</sup> – som dei ville vera i eikvar bygd. Og i dei andre bygdene, som no fekk prest og familiar på prestegardane, kunne ein tru det vart eit åndeleg oppsving. Men kva med det lærdomssetet som hadde vore, kva med bøkene og det religiøse inventaret? Me veit ikkje så mykje om desse sidene ved livet på Trondenes, men på byrjinga av 1600-talet rapporterer Peder Clausson Friis at bispen visiterte og residerte kvart tredje år på Trondenes og styrde den nordlegaste delen av bispedømet sitt derifrå. Om han overvintra, som Lysaker påpeiker, er likevel uråd å veta.<sup>1442</sup> Då superintendent Anders Arrebo er på fyrste visitasreisa si nordover i 1618 skildrar han skrøpelege økonomiske og åndelege tilhøve i nord, med stor mangel på utdanna prestar – og prestar i det heile.<sup>1443</sup> Og på hans eige Trondenes var det aldeles forferdeleg! Mesteparten av inventaret på prestegarden, som Hans Gaas i si tid skreiv opp i sitt inventarium, var borte, og dette var heilt nødvendige saker som bispen trengde då han skulle overvintre, i følgje Arrebo. Han skuldar forgjengaren sin, Isak Grønbech, for tenesteforsømming, og legg seg dimed ut med enka hans. Ho på si side meiner det er Grønbech sin forgjengar, Hans Mogenssøn, som er å skulde for det bortkomne inventariumet.<sup>1444</sup> Som me såg i kapittel 9 er det bevart tre førreformatoriske bibelverk, fordelt på fem band, frå Trondenes kyrkje, og mykje truleg har biblioteket der vore større.<sup>1445</sup> Det er grunn til å tru at boksamlinga vart delt opp i samband med at prestane flytta ut etter kollegiatoppløysinga, men ho kan også ha vorte redusert ved meir eller mindre dugande sokneprestar, eller ved at desse tok med seg bøker til domkapittelbiblioteket i Nidaros.<sup>1446</sup>

<sup>1439</sup> DN IV-1140, 1558; 1141, 1559. Lysaker 1987(a): 56, 58.

<sup>1440</sup> NRR 4: 160, 1606; 720, 1618; Lysaker 1987(a): 110.

<sup>1441</sup> Lysaker 1978(a): 155.

<sup>1442</sup> Lysaker 1978(b): 95.

<sup>1443</sup> Lysaker 1987(a): 116–118.

<sup>1444</sup> Ny Kirkehist. Saml. 2.r, bd 3: 650 hjå Lysaker 1987(a): 117; 1978(a): 161.

<sup>1445</sup> Bergesen 2011(b): 104–107.

<sup>1446</sup> DN XII-673, [1550–1560]. Som i følgje P.C. Friis vart ramma av herjing, i den “Reformerede Evangeliske Lærdoms Begyndelse”, når ein Otto Stigsøn “opbrend paa Trondheims Kirckegaard det skjøne Liberii oc mange nyttige Bøger oc Brefue, som vare i Trondheims Capittel”. Storm meiner likevel dette ikkje kan stemme, sidan det på 1550-talet stort sett framleis var katolske bøker i domkapitlet, og at kannikane i klageskrift frå 1558 berre omtalar at Otto Stigsøn røva med seg “breve”. (Storm 1881: 350–351.)

Det kan virke som om Hans Gaas og Anders Arrebo på kvar sine vis gjorde ærlege forsøk på å ruste opp både kyrkjene, den åndelege tilstanden der og vilkåra for vikarprestane i kannikgjeldet, medan Hans Mogenssøn kanskje var mest interessert i å hauste størst mogeleg nettogevinst.<sup>1447</sup> Isak Grønbech var ein lærd humanist som la ned eit åndeleg arbeid i både preike- og salmeinnstats. I messepraksisen var jo særleg preika vorte viktigare – og saman med salmesongen brukt som eit kommunikativt middel mellom prest og lekfolk.<sup>1448</sup> Han testamenterte biblioteket sitt til domkapitlet, og han har fått æra for å få gjennomført katekisasjonen i stiftet – det vil seia at allmugen hadde grunnleggjande kjennskap til det som var samla i Luthers vesle katekisme.<sup>1449</sup> Men mykje av dei materielle rikdomane – materiell religiøs kapital inkludert – frå det som hadde vore eit åndeleg sentrum på Trondenes greidde dei tydelegvis på ulikt vis å skusle bort.

Prestane på Trondenes og i kannikgjeldet elles har me berre spreidde namn på i reformasjonshundreåret, men etter 1600 kan det sjå ut som at rekrutteringa først og fremst kjem frå Danmark og Trøndelag – og deretter blir dei også sjølvsupplerande, med prestesøner som får kallet i arv.<sup>1450</sup> Og sjølv om prestar også er jekteskipperar, som me såg i første delkapitlet, er det ikkje den same rekrutteringa inn til presteyrket frå lokalsamfunnet, som i katolsk tid. Det er i det heile vanskeleg å sjå spor av at den økonomiske lokale eliten no søker særskilt mot kyrkja – og det kulturhuset som hadde vore på Trondenes. Var dette også av di kyrkja hadde vorte ei fjernare øvrigheitskyrkje, der folkereligiøsiteten hadde dårlegare kår?<sup>1451</sup> Det personlege tilhøvet – som særleg sjelegåvene og sjelemessene kunne tilby – måtte no byggjast på anna vis. Milde gåver skulle gjevast til fatigomsorga.<sup>1452</sup> På den andre sida – ute i det store kannikgjeldet hadde soknefolket fått presten buande, noko som må ha vore eit godt grunnlag for å byggje nye relasjonar mellom kyrkje og lokalsamfunn. Og at lokalsamfunna viste stor omsut for kyrkjene sine syner også dei mange klagemåla som kjem når fiskerinedgangen utover på 1600-talet ikkje lenger gjer dei i stand til å halde oppe kyrkjevedlikehaldet på yttersida.<sup>1453</sup> Men den sosiale kapitalen vart utveksla på andre måtar når sjelegåver og sjelemesser ikkje lenger var med i potten, og når den lokale eliten ikkje

---

<sup>1447</sup> Lysaker 1978(a): 160f.

<sup>1448</sup> Rørvik 1998: 201, Oftestad 2001: 16.

<sup>1449</sup> Kolsrud 2007: 488–489; Lysaker 1987(a): 105, 110f, 113. Grønbech fekk kanskje inspirasjon saman med lensherren frå 1601, Sten Bille, som vart ein endå betydelegare salmediktar og som “interesserte seg mer for religiøse og litterære spørsmål enn for lenets verdslige saker”.

<sup>1450</sup> Personleg opplysning frå Roald Kristiansen, september 2013.

<sup>1451</sup> Rian 2005: 26–27.

<sup>1452</sup> Kolsrud 2007: 183.

<sup>1453</sup> Hansen 2003(a): 184.

hadde same påverknadsmoglegheiter oppover i det primært danske geistlege hierarkiet. Så sjølv om den økonomiske kapitalstrukturen i det *kyrkjeadministrative* feltet Trondenes mykje godt var uendra på byrjinga av 1600-talet, var innhaldet i den materielle og immaterielle religiøse kapitalen endra på ein slik måte at kyrkja og lokalsamfunnet ikkje lenger utveksla den same sosiale kapitalen i det *regionale* feltet Trondenes.

### Korleis møter ortodoksien samane?

Til slutt kom det endeleg ein kyrkjeordinans for den norske delen av riket, i 1607. Den var svært lik den danske. Dei danskfødde superintendentane i Noreg med lang norsk erfaring, mellom dei Isak Grønbech, hadde laga eit gjennomarbeidd eige utkast i 1604, som gav

“uttrykk for kyrkjelege interessor, det gaar vidare enn ordinansen i pastoral og praktisk leid, og det fylgjer i visse maatar betre med tidi. Utkastet var ikkje i serleg forstand nasjonalt, – det retta seg etter den danske ordinansen so langt som mogeleg –, men det var tidhøvelegt og vel avmaala etter norske vilkaar.”<sup>1454</sup>

Likevel meinte kanselliet i København dette braut for radikalt med den danske ordinansen, dei ville ha ei mest mogeleg lik kyrkje, og versjonen frå 1607 vart såleis omtrent lik den eksisterande danske.<sup>1455</sup>

Det er interessante skilnader med 1604-utkastet og det endelege 1607-vedtaket, som seier mykje om den historiske utviklinga “ved enden av den norske reformasjonsperioden”, som Kolsrud skriv. Mellom anna var det mange antikatolske påbod i den gamle ordinansen om til dømes helgendyrking og gudebilete, som 1604-utkastet foreslo å ta vekk – det vart med andre ord av superintendentane i Noreg ikkje sett på som naudsynt eller aktuelt lenger.<sup>1456</sup> Men i 1607-vedtaket vart dette ståande. Christian IV frykta katolisismen og religiøse avvik meir enn sine embetsmenn i Noreg.<sup>1457</sup> På Austlandet hadde det då også etablert seg eit visst nettverk av katolske prestar. Langt inn i reformasjonshundreåret vart både norske og danske kloke gutehovud sendt til katolske universitet og ikkje minst jesuittskular.<sup>1458</sup> Det var dei beste. Men då dei kom utfordrande attende, leidd mellom anna av den norske jesuitten Laurits Nilssøn, “Klosterlasse”, sa Christian IV ettertrykkjeleg stopp.<sup>1459</sup>

---

<sup>1454</sup> Kolsrud 2007: 481.

<sup>1455</sup> Kolsrud 1917; Lysaker 1987(a): 108; Kolsrud 2007: 454–456.

<sup>1456</sup> Kolsrud 2007: 456.

<sup>1457</sup> Imsen 1982: 262–264.

<sup>1458</sup> Imsen 1982: 146–147.

<sup>1459</sup> Lysaker 1987(a): 111–112.

Men i nord har me ingen slike spor. Det som derimot vart ei utfordring for Christian IVs einsrettande regime, var det faktum at han hadde ei stor befolkning – som han ville skulle høyre til riket – som var samar, dei fleste langtfra fullt og heilt kristne. Samane kjem for alvor til syne i dei etterreformatoriske kjeldene frå 1560-talet; i tiendrekneskapa og i skattelistingene som jordeigarar og -brukarar. Dei hadde sjølv sagt alltid vore ein del av det geografiske området som Trondenes kannikgjeld omfatta – sjølv om dei delvis flytta inn og ut av det – men no vart dei for alvor også ein del av *trondenesfeltet*. Samane blir synlege i kjeldematerialet av same grunn som mange fleire nordmenn blir det – det går føre seg ei utbygging av administrasjonen og ei kartlegging av undersåttane i riket. Men også av di fleire kontaktpunkt “tvingar fram” synlegheit særleg på to område, som me såg på i kapittel 11.2: For det første blir det ekstra viktig å kartleggje, skattleggje og syne at samane høyrde inn under den dansk-norske kongen, for mange av dei budde i område med uklare grenser, der både svenskar og russarar også gjorde krav på herredøme. Samane vart brukte som legitimering for statsrettslege krav.<sup>1460</sup> For det andre trengjer den norske busetjinga innover i fjordane grunna det dårlege fisket og gjer krav på og kjempar om dei områda der samane med si næringstilpassing tidlegare hadde rådd grunn åleine.<sup>1461</sup>

Trondheim var eit utfordrande stift – det “største og vanskeligste stift i begge riker”, meinte Anders Arrebo.<sup>1462</sup> Og det samiske innslaget gjorde det ikkje lettare for stiftsstyringa. Arrebo var den fyrste superintendenten som fekk pålegg om å visitere kvart tredje år “de Kirker udi Finmarken og Lapland”, og han tok fatt og reiste rett til Vardø i 1618.<sup>1463</sup> Det var mykje fælt å rapportere om derifrå, særleg mellom prestestanden, men han nemner ikkje spesielt det samiske. Og det kan verke som det er først no utpå 1600-talet det verkeleg går opp for kongen i København at deira etniske minoritet i Trondheim mykje godt står utanfor kyrkja, noko han må ha sett ved sjølvsyn på si reise til Kola i 1599.<sup>1464</sup> I 1631 får såleis superintendent Schjelderup det som kan vera det første direkte “misjonspåbodet” i reformasjonen, då kongen pålegg han at alle prestar skulle halde både ”Nordmændene saavelsom Finner og Lapper Guds Ord troligen at foreholde”.<sup>1465</sup> Dette skulle i praksis gjennomførast ved at prestane i dei beste kalla nordpå skulle ta til seg ein som skulle lærast opp og sidan verke mellom samane. Dei som i tillegg lærde seg samisk språk skulle få fortrinnsrett til stipend ved skulane. Sjølve

---

<sup>1460</sup> Hansen 2003(a): 90–98; Hagen 2008: 55.

<sup>1461</sup> Holmsen 1977: 68–73; Hansen 2003(a): 98–99; Hagen 2010: 37.

<sup>1462</sup> Lysaker 1987(a): 115.

<sup>1463</sup> *NRR* 4: 686–687, 1618; Lysaker 1987(a): 115.

<sup>1464</sup> Lysaker 1987(a): 142.

<sup>1465</sup> *NRR* 6: 276; Lysaker 1987(a): 143f.

misjonspåbodet gjekk for så vidt berre til prestane i Finnmark, men sidan opplæringspåbodet gjekk til kall både “i Trondhjems len saavel som i Finmarken og Nordland”, må ein gå ut frå at kongen oppfatta at det var samar i heile det store stiftet. Denne ambisiøse planen til kongen vart vanskeleg å gjennomføre, og allereie tre år etter var planane modifiserte, og kongen heller huga på å sende ein eigen reiseprest som skulle oppsøkje samane der dei budde. Dette vart heller ikkje særleg vellukka, og den første superintendenten som verkeleg gjorde framstøyt overfor samane, var Erik Bredal, særleg etter at han var i “indre eksil” på Trondenes i 1658.<sup>1466</sup>

Men lenge før den tid var samane vorte utsette for dei trolldomsprosessane som sveipa over Europa – og som var særleg harde lengst nord i den kristne verda. Det har vorte peika på fleire årsaker til dette; mellom anna oppfatninga i demonologien av at det vonde kom frå nord. I tillegg var det ei oppfatning, i den spente utanrikspolitiske situasjonen på Nordkalotten, om at magibrukande samar stod i leietog med ulike hemmelege, indre grupperingar i riket, og såleis var ein stor sikkerheitsrisiko.<sup>1467</sup> Men som Rune Hagen har vist, også sosiale årsaker, kvinners rolle i kystsamfunna og kamp om knappe ressursar kunne vera med og danne grobott for trolldomsprosessane. Årsakene var samansette.<sup>1468</sup>

Christian IV tok sjølv direkte tak i situasjonen med dei tidlegare nemnde kartleggingsdirektiva etter reisa til Kola. Og i 1609 utferda han eit brev der han, mellom mykje anna, bad Claus Gagge på Vardøhus og Hartvig Bille i Nordlandene om å forfølge samisk trolldomskunst.<sup>1469</sup> Som eit direkte resultat av dette vart 11 samiske menn i Finnmark straffeforfølgde på 1610-talet. I 1617 skipa kongen til stort hundreårsjubileum i høve Luther-tesane i Wittenberg, som på mange vis kom til å bli eit kyrkjehistorisk skilje. Føremålet var å feire og med det kanonisere ortodoksiens Luther-oppfatning, prise og forsvare ”Morten” Luther og den augsburgske konfesjonen, vera ein gledesfest for den sanne og reine læra sin siger ikkje berre overfor ”papistiske” straumdrag (jesuittar), men også overfor kalvinistiske utfordringar.<sup>1470</sup> Med feiringa følgde også ei moralsk lovpakke – frå 12. oktober 1617 – som mellom anna inneheldt den såkalla trolldomsforordninga: ”Om troldfolk og Deres

---

<sup>1466</sup> Lysaker 1987(a): 169f.

<sup>1467</sup> Hagen 2008: 51, 55.

<sup>1468</sup> Hagen 2010: 39–40.

<sup>1469</sup> *NRR* 4: 299–300, 1609; Hagen 2010: 38–39. Det er to brev, og pkt 7 i brevet til Claus Gagge må forståast slik at det gjeld også for brevet til Hartvig Bille.

<sup>1470</sup> Rune Hagen i “Trolldomsprosessene i Nord-Norge i kjølvannet av reformasjonsjubileet 1617”, innlegg på “Reformasjonsseminaret”, Tromsø museum – Universitetsmuseet, Tromsø 30.–31. mars 2011.

Medvidere”, underteikna Christian IV.<sup>1471</sup> Forordninga la til grunn ei differensiering av trolldomsomgrepet og ei nyansering av trolldomskriminaliteten, og sjølv om forordninga sette fart på trolldomsprosessane i nord, førde ho ikkje i eit etnisk ljøs til verre forhold for samane. Tvert om – etter den nye forordninga var det særleg norske kystkvinner i Finnmark, i ei rad med kjedeprossar, som vart ramma av trolldomslovgjevinga. I Troms var det omtrent like mange samar som nordmenn som vart straffeforfølgde – og alle sakene enda med dødsstraff.

Figur 26: Trolldomssaker i nord mellom 1593–1695

Kjønn og etnisitet	Nordland	Troms	Finnmark	Samla
Samiske kvinner	1 (1)	2 (2)	8 (5)	11 (8)
Samiske menn	2 (2)	5 (5)	19 (13)	26 (20)
Norske kvinner	10 (7)	7 (7)	103 (73)	120 (87)
Norske menn	5 (3)	1 (1)	8 (1)	14 (5)
Ukjent	6 (6)	-	-	6 (6)
Samla	24 (19)	15 (15)	138 (92)	177 (126)

Etter Hagen 2012: 6. Tala i parentes er kor mange av sakene som enda med dødsstraff.

I tida etter 1536–37 brukte kongen krefter på å statstilknytte samane, men å kristne dei kom i andre rekke. Å innlemme og synleggjera samane innanfor dei geistlege og dei verdslege grensene var først og fremst viktig av politiske og økonomiske årsaker, deretter kom dei religiøse. Ortodoksien frå sekelskiftet og utover og trolldomsprosessane hang i hop, og det som kongen såg på som samane sine magiske kunster, og dei som utførde desse, fekk li for dette. Men den generelle misjonsiveren overfor samar flest ser ikkje ut til å ha auka i intensitet med Christian IVs ortodokse einsretting. Det var først godt *etter* reformasjonshundreåret at misjonen overfor dei ikkje-kristna samane tok til for fullt, med pietismen på tidleg 1700-tal, og framleis på 1700-talet vart Trondenes sett på som ei misjonskyrkje.<sup>1472</sup>

## 11.5 Ei synlegare statsmakt i nye nettverk

Frå 1560-talet er det tydeleg at kongen sjølv engasjerer seg meir i tilhøva i nord, enn han gjorde rett etter maktovertakinga i 1537. Og der domkapitlet var den sterkaste handa på reformasjonsrattet i tiåra etter maktovertakinga, får kongen større og større styrke utover mot sekelskiftet – også i trondenesfeltet. Han blir utfordra til å ta stilling i maktkampen mellom superintendenten og lensherren, han blandar seg inn i domkapitlet sitt indre styre og Fredrik II og Christian IV tek sjøelve turen nordover, når skatte- og handelskonfliktane i dei ressursrike nordområda blir for heite. Kanselliet hans elles prøver, utan hell, å få bukt med

<sup>1471</sup> <http://danmarkshistorien.dk/leksikon-og-kilder/vis/materiale/forordning-om-troldfolk-og-deres-medvidere-12-oktober-1617/>, sist sett 08.10.2013.

<sup>1472</sup> Hansen og Olsen 2004: 327.

firedelinga av tienda, men greier, med vekslande hell, etterkvart å byggje opp ei lokalforvaltning der lensherrane og futane blir effektive – og harde – inntektsinnkrevjarar. Korleis påverka denne synlegare statsmakta posisjonane i feltet? Kyrkjeordinansen føresette som før nemnd eit nært samarbeid mellom konge, superintendent og lensherre. Og med felles toppsjef kunne ein tenkje seg at tiltak vart sette i verk for å i størst mogeleg grad å løyse ut det inntektspotensialet som den verdslege og den geistlege greina av statsmakta hadde i eit felt som Trondenes.

Men på toppnivå i stiftet var det ikkje lett, som me såg i striden mellom Hans Gaas og lensherre Evert Bild eller i dei to periodane då Ludvig Munk var lensherre (1571–77 og 1589–96).<sup>1473</sup> For ikkje å snakke om Anders Arrebo sitt vidløftige superintendentliv, til glede for mange, til forarging for mellom andre lensherren Tage Thott. Hans Mogenssøn og Christian Friis, derimot, greidde i fellesskap å føre den store reformatsen i pennen, noko som for Trondenes kannikgjeld sementerte den framskotne posisjonen det gjeldet hadde – og som var med og la grunnen for trondenesgjeldet sin *einskap* i nesten 150 år til. Rolf Fladby skriv at lensherrane dreiv i stor grad haustingsbruk og oppheldt seg lite i lenet i nord fram til 1590-talet.<sup>1474</sup> Superintendentane var heller ikkje ofte nordover, men kunne i større grad lene seg på vidareføringa av det utbygde nærveret i lokalsamfunna som den katolske kyrkja hadde etablert opp gjennom hundreåra.

Den største kampen om den økonomiske kapitalen i trondenesfeltet gjekk først og fremst vertikalt mellom lensherren og futen hans *og* allmugen, *ikkje* vertikalt mellom soknepresten og allmugen og *ikkje* horsiontalt mellom soknepresten og lensherren. Inntektsfordelinga mellom den jordeigande og tiendinnkrevjande eliten var altså relativt stabil og uomtvista, og det økonomiske trykket på allmugen, og dermed kampane, gjekk først og fremst på dei verdslege inntektene i form av stadig nye og tyngre skattar. Truleg var kollegiatoppløysinga og den påfølgjande presteutflyttinga til annekskyrkjene med på å halde konfliktnivået mellom superintendentsoknepresten og allmugen nede. I alle fall i store delar av reformasjonshundreåret. Kongen hadde ei overordna rolle og var dømande makt i økonomiske konfliktar – som ankeinstans *både* i strid mellom fut og lagmann *og* mellom domkapittel og lensherre – men han framstod på ingen måte som koordinert eller absolutt før sekelskiftet og Christian IV for alvor gjorde sitt inntog.

---

<sup>1473</sup> Njåstad 2011: 89–92.

<sup>1474</sup> Fladby 1978: 55.



Sjølv om kanskje ikkje kongemakta meistra å utnytte samdriftsfordelen av å ha teke til seg også den øvste kyrkjemakta, er det likevel etterkvart rimeleg å sjå, som Bratrein og Niemi skriv, at utbygginga av den verdslege lokalforvaltninga hadde ein integrerande effekt “i en landsdel utan markante kulturelle, administrative og økonomiske sentra.”<sup>1475</sup> Det dei hadde mista av sentralmaktsnærvar med erkebispens nettverk av setesveinar, fekk dei etterkvart attende med fut, sorenskrivarar, bondelensmenn og bygdeting. I trondenesfeltet, derimot, som hadde hatt ein sentrumsfunksjon – med nære kontaktar og utveksling av ressursar direkte med Nidaros – er det ikkje sikkert integreringa vart opplevd som særleg ny, men ho var annleis. Nye nettverk vart danna, men dei geistlege, korkje lokalt eller i Trondheim, var like nært knytte til den verdslege eliten i det *regionale* feltet Trondenes som før reformasjonen.

Superintendenten var likevel framleis den sterkaste og mest økonomisk handlekraftige aktøren i trondenesfeltet, men den religiøse kapitalen hadde han ikkje lenger same råderetten over. Han måtte dele *både* med det lokale presteskapet, som no var sterkare knytt til lokalsamfunna der dei budde, enn til prestefellesskapet på Trondenes. *Og* han måtte dele med kongen, som no var den som einerådande definerte innhaldet i kyrkja si lære. Så sjølv om superintendenten var ei vidareføring av både dekan og erkebisp, noko som før reformasjonen gav nok religiøs og økonomisk kapital til å styre erkebispedømet mest som ein fyrstestat, hadde han ved slutten av reformasjonshundreåret mindre religiøs kapital enn det forgjengarane hans hadde hatt kvar for seg. Posisjonen til superintendenten i feltet Trondenes var såleis svekka gjennom reformasjonshundreåret.

Kronologisk sluttar denne avhandlinga om Trondenes kannikgjeld når det sørlege Troms går inn i si mørkaste etterreformatoriske tid – den økonomiske nedgangen på 1620- og 1630-talet fører til at sosioøkonomiske strukturar som er bygde opp over fleire hundre år er i ferd med å rakne. Frå Senja kjem det til dømes klager frå allmugen der det går fram at ikkje eingong desse fiskerike samfunna greier å vedlikehalde sine eigne kyrkjer – som dei har gjort i alders tid.<sup>1476</sup> Sjølv om situasjonen betrar seg att rundt midten av 1600-talet, er slutten av reformasjonshundreåret også byrjinga på slutten for Trondenes som kannikgjeld.

---

<sup>1475</sup> Bratrein og Niemi 1994: 173.

<sup>1476</sup> Fladby 1978: 72–74; Lysaker 1978: 174f.

## Del VI      Konklusjonar

Historia om Trondenes kannikgjeld er ei historie om vekst og fall. Trondenes kannikgjeld vart før reformasjonen ei av hjørnesteinsbedriftene i erkebisperiket, medan det gjennom reformasjonshundreåret var på veg til å bli ein utkant i den dansk-norske staten. Der dekanen og erkebisen i samspel med lokal elite bygde kannikgjeldet opp før reformasjonen, blir desse fruktbare geistleg-verdslege nettverka delvis brotne og delvis vidareførde på anna vis gjennom reformasjonen, og evna ikkje på same måten å tilpasse seg dei politiske og sosioøkonomiske moglegheitene som den nye kyrkjestatsmakta trekte opp. For Trondenes kannikgjeld var det ein god porsjon samanfallande utviklingstrekk som verka positivt før reformasjonen – og ein god porsjon ditto uheldige omstende etterpå. Det viktigaste var at dei marknadane som hadde opna opp for Trondenes' økonomiske framgang på 1400- og 1500-talet, var dei som på same tid skapte nedgang på 1600-talet. Fisken og fisket vart mindre verd. Den økonomiske kapitalen minka, men det er samspelet mellom den økonomiske, religiøse og sosiale kapitalen som kanskje først og fremst endra posisjonane i feltet Trondenes.

I desse to avslutningskapitla vil eg først summere opp korleis desse posisjonsendingane gjekk føre seg gjennom 200 år, før eg deretter drøftar *reformasjonshistoria* i Trondenes i eit vidare og meir generelt perspektiv.

## Kapittel 12: Trondenes gjennom seinmellomalder og reformasjon

I løpet av dei nærare 200 åra som var gått mellom svartedauden ramma det norske høgmellomaldersamfunnet og reformasjonen braut ut i Danmark-Noreg, hadde Trondenes kyrkje vorte senteret i eit stort og ressursrikt prestegjeld med til saman 14 gamle og nye kyrkjer. Prestegjeldet hadde kannikane ved domkapitlet i Nidaros slått innunder seg som eit kannikgjeld. Denne ordninga heldt fram også etter at den dansk-norske kongen overtok den øvste kyrkjemakta i 1536–37 og varde ved gjennom heile reformasjonshundreåret. For å utforske korleis dette kannikgjeldet utvikla seg i spenninga mellom dei lokalsamfunna det omfatta og den kyrkjeorganisasjonen det var ein del av, har eg valt å sjå på kannikgjeldet som eit sosialt felt med ”felles anerkjende verdiar”, som aktørane der kjempar om i sine ulike posisjonar.<sup>1477</sup> I somme samanhengar har det i tillegg vore fruktbart å dele feltet i to underfelt – det *regionale* og det *kyrkjeadministrative*. Kva for endringar gjekk feltet Trondenes gjennom i løpet av seinmellomalderen og reformasjonshundreåret? Korleis har dei relasjonelle posisjonane mellom aktørane i feltet endra seg – gjennom kva slags kampar, med kva for type kapitalar, om kva for verdiar? I dette avsluttingskapitlet vil eg samanfattande drøfte desse spørsmåla med særskilt blikk på tilhøvet mellom aktørane, tilhøvet mellom Trondenes og Nidaros og på korleis storleik, form og grenser i feltet endrar seg gjennom perioden.

### 12.1 Trondenesfeltet gjennom seinmellomalderen

Trondenes var etter alt å døme eit kannikgjeld allereie på slutten av 1200-talet, men kyrkjeleg omstrukturering etter svartedauden førde til den utvidinga av prestegjeldet som etterkvart omfatta også dei andre sokna i Sør-Troms. Såleis fell oppkomsten av *feltet* Trondenes saman med *nydanninga* av kannikgjeldet etter svartedauden – når, slik Philip Gorski definerer det, ein aktør har samla nok mengde kapital for eit autonomt felt og eit sett av sosiale posisjonar og disposisjonar som er hierarkisk og doxisk strukturerte etterkvart oppstår.<sup>1478</sup>


---

<sup>1477</sup> *Kvifor* eg ser på Trondenes som eit felt har eg argumentert for i kapittel 1 og 5.

<sup>1478</sup> Gorski 2012: 329, 339.

Figur 27: Feltet Trondenes om lag 1400<sup>1479</sup>

1400



Som resultat av den ekspanderande busetjinga kom i tillegg nye kyrkjer i fiskeværa på yttersida av Senja til utover i seinmellomalderen. Hovudkyrkja på Trondenes, som mest truleg var påbyrja rundt år 1200 og hadde stått uferdig gjennom slutten av 1200-talet og store delar av 1300-talet, vart ferdigstilt med tak over skipet frå midten av 1400-talet. Den kyrkjelege reorganiseringsprosessen viste seg å bli eit inntektsbringande grep for domkapitlet i Nidaros og den kanniken som til ei kvar tid var innehavaren, det vil seia titulær sokneprest, av Trondenes prestegjeld. Også mange andre prestegjeld langs kysten – frå Nordvestlandet til Troms – vart organiserte som kannikgjeld under domkapitlet i Nidaros og gav såleis gode inntekter til erkebispens kannikar. Så vidt me veit var det likevel berre i Trondenes at kannikgjeldet sine tenester og interesser vart ivareteke av eit kollegiat av prestar som budde og verka i hovudkyrkja, men som gjorde ambulerande presteteneste i dei underliggjande kyrkjene og kapella.

<sup>1479</sup> Feltet visualiserer to dimensjonar – aktørane og deira relasjonelle posisjonar og grensene for det regionale og det kyrkjeadministrative feltet. Styrkeforholdet mellom aktørane – eller det me kan kalle forma på feltet – blir drøfta i teksten. Setesveinane har me ikkje dekning for at var inne i biletet så tidleg som 1400, jf drøftinga i kapittel 7.2, og i kva grad kannikgjeldet hadde leke ombodsmenn er usikkert – slik det vart drøfta i kapittel 3.2.

Det er ikkje vanskeleg å sjå at kyrkja måtte områ seg etter svartedauden, folketapet hadde ramma også henne hardt. Det var stor mangel på prestar og kyrkjelege administratorar, og landskuldfallet førde til dramatisk inntektstap for kyrkja som jordeigar og nedlegging av kyrkjer over heile landet. Å slå saman fleire sokn og prestegjeld i større einingar verkar difor fornuftig, både med tanke på at det var mangel på arbeidskraft til å ta seg av dei geistlege og verdslege tenestene kyrkja ytte, men også for at inntektsgrunnlaget skulle bli tilstrekkeleg for soknepresten. Me veit ikkje i kva grad denne prosessen skapte motstand i noko ledd – til dømes om statusen til prestegjelda *før* nedgangen sette inn spelte noko rolle: Viss Trondenes allereie var kannikgjeld som Nidaros hadde sterke interesser i, kan ein tenkje seg at samanslåingsprosessen med kyrkjene rundt har gått lettare. For ein ting er å leggje nye kyrkjer under eit eksisterande prestegjeld, slik det har gått føre seg med fiskeværskyrkjene på Senja, noko anna må vera å leggje allereie etablerte kyrkjer, til og med rike steinkyrkjer, som Ibestad, inn under seg. Me veit altså ikkje korleis dette har gått føre seg – men det er tydeleg ut frå etterreformatoriske kjelder at medvitet om kva for status dei gamle og dei nyare kyrkjene hadde i høve til hovudkyrkja på Trondenes, var sterkt.<sup>1480</sup>

Då kannikgjeldet var (ny)etablert rundt 1400 var det allereie eit ettertrakta beneficium. Den første innehavaren me kjenner var kanniken Eskil, som prøvde å få behalde Trondenes som personleg inntekt også etter at han vart utnemnd til erkebisp i 1404. Det resulterte i ein langvarig dragkamp om kannikgjeldet mellom han, resten av domkapitlet og kurien i Roma og Avignon. Konflikten gjekk føre seg samstundes med at pavekyrkja var inne i sin mest kaotiske seinmellomalderperiode – med opptil tre pavar samstundes – noko som også påverka kurien (kuriane) sitt handlingsrom. Det er framleis noko uklart kva som vart oppfatta som den (mest) gyldige *tildeling* av kannikgjeldet, og, ikkje minst, kven som i praksis sat med *inntektene* av det fram til 1427.

Såleis kan me seia at dei 80 første åra etter svartedauden, då det seinmellomalderlege feltet Trondenes vart danna, var dette feltet prega av ustabilitet og direkte strid: i det *regionale* feltet med innlemminga av eksisterande og nye kyrkjesokn, og i det *kyrkjeadministrative* feltet med strid om kven som skulle ha kallsretten til kannikgjeldet, og med dét brorparten av inntektene derifrå. Ingen av aktørane i feltet ser ut til å ha hatt ein sterk nok posisjon til å avgjera dragkampen om kannikgjeldinntektene; Eskil og domkapitlet dreg i kvar si retning, og når

---

<sup>1480</sup> Trædal 2008: 145–147. Sjå meir i kapittel 10.3.

Eskil prøver å få støtte frå paven, svarar paven med å lansere sin eigen kandidat som kannikgjeldinneharar. Aktørane var tydelegvis klare over den store økonomiske kapitalen som følgde med kannikgjeldet, men ingen av dei greidde å mobilisere tilstrekkeleg med religiøs eller politisk kapital til å stable på beina sterke nok alliansar til å få aksept for at kannikgjeldet tilhørde dei.

Deretter følgjer ein fase der posisjonane i feltet orienterte seg mot dei to store kyrkjelege aktørane, dekanen og erkebispem, og der dekanen var den sterkaste drivkrafta. Frå 1430 var han den uomstridde kannikgjeldinnehavaren, og som sokneprest til Trondenes frå 1430 til 1480 står Svein Eriksson fram som mykje av ein helt, viss ein skulle kåre slike i saga om Trondenes kannikgjeld. Han vart rett mann til rett tid. I sitt nære samarbeid med erkebispem – han regjerte i lag med tre av dei, men særleg i tida med Aslak Bolt frå 1430 til 1450 – går det føre seg ei økonomisk utvikling både i kannikgjeldet og i erkesetet som legg grunnen for den sterke posisjonen kyrkja får som samfunnsaktør både i Trondenes, i erkebispedømet og i Noreg dei siste hundre åra før reformasjonen. Svein Eriksson si satsing på Trondenes, med ferdigstilling og utsmykking av kyrkjebygget og utvikling av kollegiatkyrkja, skapte det senteret, det geistlege og etterkvart verdslege tyngdepunktet Trondenes vart i nord før reformasjonen. Han brukte økonomisk kapital, veksla den delvis inn i religiøs kapital – noko som alt i alt auka hans sosiale kapital – og fekk med det ein posisjon i feltet Trondenes som var eineståande, og som la grunnen for sokneprestane som kom etter han. I Svein Eriksson – og erkebispem Aslak Bolt og Olav Trondsson – si tid rådde det samarbeid i feltet Trondenes.

I det regionale feltet må Svein Eriksson sitt arbeid med trondeneskyrkja ha gjeve store ringverknader – i form av etterspørsel etter lokale varer, tenester og arbeidskraft, som tømmermannen Magnus frå Øyfjord på Senja i 1442 og byggmeister Peter Botolvsson, som gjorde ferdig korstolane i kyrkja, i 1465.<sup>1481</sup> Om produksjonen av pilegrimsmerke *for* Nidarosdomen har gått føre seg på Trondenes, slik Lars Andersson foreslår,<sup>1482</sup> viser det nær sambandet mellom Trondenes og Nidaros: Svein Eriksson produserte på same tid økonomisk kapital (inntektene frå sal av pilegrimsmerket) som var med å byggje trondeneskyrkja og religiøs kapital som var med å byggje pilegrimsmålet Nidaros. I det heile – Svein Eriksson sine aktivitetar, både med trondeneskyrkja og som dekan, riksrådsmedlem og næraste rådgjevar til erkebispem, knytte det kyrkjeadministrative feltet Trondenes nærare

---

<sup>1481</sup> *Grönlands historiske mindesmærker*: 893; Lysaker 1978(a): 118. Sjå òg *Nannestad*.

<sup>1482</sup> Andersson 1997: 180–181.

til erkebispesetet i Nidaros. Samstundes bygde erkebisen opp att erkebispedømet sin økonomi, mellom anna ved å involvere seg i turrfiskhandelen saman med kontoret på Bryggen og etterkvart med eit utbygd nett av setesveinar til å drive inn inntektene og organisere interessene hans i det store erkebispedømet. Dette organisasjonsapparatet kunne ikkje kongen vise til, og han var såleis – inntil vidare – ein lite synleg aktør i feltet Trondenes.<sup>1483</sup> Kyrkja tryggja stillinga si, kan ein seia, ved at dei to sentrale aktørane, dekan og erkebisp, samarbeidde og brukte økonomisk kapital på ein slik måte at han samstundes vart konvertert til religiøs og sosial kapital i feltet, i form av byggverk og i form av nettverk.

Då Trond Ivarsson overtok som sokneprest og dekan i 1480, vart det verre. Etter kort tid la han seg ut med erkebisp Gaute om inntektene av kyrkjene i Finnmark, som sorterte direkte under erkebisen og såleis låg utanfor den ordinære kyrkjehierarkiske strukturen. Kvifor? Inntektpotensialet langs kysten vart større og større – fisken strøymde på og folk strøymde nordover. Finnmark var eit grenseland med overlappande og dermed uklare maktstrukturar, nasjonale så vel som internasjonale, både når det galdt skattlegging, handelsverksemd og geistleg og verdsleg administrasjon. Trond Ivarsson sin kamp med erkebisen kan ha starta av di han ville – eller av di han kunne eller kanskje til og med han meinte han *måtte* ta grep i Finnmark. Erkebisen mobiliserte den fremste religiøse kapitalen han hadde – kontakten med paven – og Trond Ivarsson tapte kampen om dei kyrkjelege inntektene. Men uroa heldt fram i Nidaros – også internt i domkapitlet og i feltet Trondenes. Då Trond sin etterfølgjar, Sakse Gunnarsson, rundt hundreårsskiftet vart skulda for økonomisk misleghald med kannikgjeldet, gjekk konflikten så langt at Sakse måtte ta saka i eigne hender og reise til Roma for å ordne opp. Og denne konflikten om retten til og inntektene av kannikgjeldet blottla at også *opphavet* til kannikgjeldet var uklart – om det i si tid var lagt til erkebisen eller til kannikane sitt bordhald som inntekt.

I dei siste 20 åra av 1400-talet var det med andre ord igjen uro i feltet Trondenes, som i dei 30 første. Statusen til og inntektene frå Finnmark skapte utfordringar både i det regionale og det kyrkjeadministrative feltet, medan statusen til og inntektene frå sjølve kannikgjeldet igjen førde til strid i det kyrkjeadministrative feltet. Mykje av årsakene til dette må ligge i det stadig aukande inntektpotensialet frå turrfisknæringa. Det *kan* ha vore Trond Ivarsson som bestilte Maria-altarskåpet i trondeneskyrkja (som er datert til ca 1490), men etterfølgjaren

---

<sup>1483</sup> Holmsen 1976: 27.

hans, Sakse, er ein meir sannsynleg skåpkjøpar og ein tydelegare brukar av religiøs kapital. Den økonomiske kapitalen *han* brukte på romaferda si resulterte i religiøs kapital i form av støtte frå paven i striden om retten til kannikgjeldet, og mykje tyder på at det var han som brukte økonomisk kapital til å bestille Birgitta-altarskåpet i trondeneskyrkja.<sup>1484</sup> Som Svein Eriksson brukte han altså betydelege delar økonomisk kapital i trondenesfeltet og veksla noko av denne inn i religiøs kapital. Å reise på pilegrimstur og kjøpe altarskåp til trondeneskyrkja auka mykje truleg også hans – og ikkje minst familiens – sosiale kapital i det regionale feltet Trondenes. Tilliks med Svein Eriksson må Sakse Gunnarsson såleis ha greidd å *auke* den samla mengda av kapital soknepresten rådde over i heile trondenesfeltet.

Sjølv om erkebisen såg ut til å ha støtta Sakse i kampen om Trondenes, var tiåra rundt sekelskiftet tydeleg ei tid for uro innom domkapitlet. Posisjonane i feltet Trondenes var i rørsle, og dei kyrkjelege aktørane framstod på ingen måte som samla. Og sjølv om feltet blir påverka av den økonomiske oppgangstida og me etterkvart kan ane posisjonane til nokre lokale aktørar, er framleis ikkje kongen eller statsmakta særleg synlege i trondenesfeltet då Peter Jonsson Stut, soknepresten til Andenes, tok over som dekan i 1506.

Men på 1500-talet skulle kongemakta verkeleg stige fram på fleire måtar, også i trondenesfeltet. Den europeiske striden mellom pavemakt og kongemakt – om rettar, privilegium og sjølvstende – slo for fullt også innover erkeprovinsen Nidaros. Og med dekanatet (1515–1523) og erkebispedømet (1523–1537) til Olav Engelbrektsson, truleg med ungdomstida si på Trondenes og med store delar av slekta tilhøyrande den verdslege eliten på Trondenes og Andenes, vart også trondenesfeltet, både det regionale og det kyrkjeadministrative, drege inn i denne striden. I tillegg vart det synleg for stadig fleire aktørar, ikkje minst den skattleggjande statsmakta, kva for rikdomar det var å hente i nord. Rikdomar og velstand som til dømes kom til syne i trondeneskyrkja – ikkje berre i form av store mengder fornem kyrkjekunst, men også i *innhaldet* i denne kyrkjekunsten. Med St. Nikolaus og særleg St. Anna og den heilage slekta, som var eit “idealspeglbilete” for handelsborgarskapet, kan ein lesa eit ikonografisk program som står oppunder nett denne kombinasjonen av borgarskap og sjøfarande handelsinteresser – ofte personifisert i setesveinane – som ein fann i trondenesfeltet.

---

<sup>1484</sup> Bergesen 2011(b): 77. Siste datering på dette skåpet er ca 1500.



Sjølv om fiskerinæringa utgjorde basisen for rikdomane i nord, var det også anna økonomisk verksemd som gav avkasting, mellom anna pelshandelen som samane dreiv – og den tredoble skattlegginga av samane vart av erkebispem oppfatta som eit problem. Kanskje var dét også med på å auke misjonsmedvitet i kyrkja. Sjølv om samane heile tida hadde vore ein del av det regionale feltet Trondenes, og i alle fall sjøsamane hadde vore under kristen påverknad i lang tid, var dei *delvis innanfor* og *delvis utanfor* Trondenes kannikgjeld – med sin doble religiøse praksis og sine ulike måtar å forhalde seg til kristendom og misjonsverksemd på.<sup>1485</sup> Såleis var dei i trondenesfeltet sitt grenseland, og det kan sjå ut som at det først er heilt mot slutten av seinmellomalderen dei kyrkjelege aktørane bryr seg særleg om dei.

Trondenesfeltet vart definitivt endra gjennom seinmellomalderen – frå den kyrkjelege reorganiseringssprosessen etter svartedauden fram mot reformasjonen. (Sjå figur 28.) Dei nye fiskeværskyrkjene, turrfisknæringa og medvitet om samane utvida feltet – både regionalt og kyrkjeadministrativt. Fleire aktørar kjempa om stadig større verdiar med ulike type kapitalar, og mange av dei opererte i ulike posisjonar i feltet: Kannikgjeldinnehavaren var både sokneprest i Trondenes og dekan i Nidaros. Setesveinane var både jekteskipparar og såleis arbeidsgjevarar og arbeidstakarar hjå erkebispem – og innehadde med det svært mange roller i den samansette infrastrukturen av handel, skatt og avgifter som det rike fisket førde med seg. På mange vis hadde setesveinane *alt*, slik Audun Dybdahl uttrykkjer det: “Grovt sett kan vi si at velstand i det Nordafjelske Norge i slutten av senmiddelalderen baserte seg på gunstig slektstilhørighet, embete og/eller engasjement i tørrfisknæringen.”<sup>1486</sup>

Denne velstanden bygde også opp yttersida av Senja. Er det grunn til å tru at utvidinga av kannikgjeldet med dei nye fiskeværskyrkjene endra posisjonen til kollegiatkyrkja og ikkje minst dekanen i trondenesfeltet? Maktstrukturane som var etablerte mellom Trondenes og dei andre, eldre kyrkjene i Sør-Troms kom nok i spel når kannikgjeldet, og dermed feltet, vart utvida i nordvest. Men det er langtfrå sikkert at det svekte dekanens posisjon. Om det var han eller kannikgjeldet som på nokon måte initierte eller var med og kosta kyrkjebygging på ytre Senja, kan ein i alle fall i det regionale feltet sjå føre seg at lokalbefolkninga lenger sør og aust hadde meiningar om dette. Det kan ha vore misnøye med at tiendbetalingane deira vart brukte på andre kyrkjer, men det var like gjerne tvert om: Nettopp av di lokalbefolkninga i indre Sør-Troms også var involverte i fiskeria på yttersida i sesongen, hadde dei interesse av

---


<sup>1485</sup> Sjå kapittel 9.1; Hansen og Olsen 2004: 321–324.

<sup>1486</sup> Dybdahl 2005: 56.

at kannikgjeldet konverterte økonomisk kapital inn i religiøs kapital i form av ny, kyrkjeleg infrastruktur i fiskeværa. Denne utvidinga av kannikgjeldet er også eit uttrykk for at feltet blir strekt og tøygd i alle retningar, ved at dei økonomiske ressursane etterkvart er størst nord i det regionale feltet, og den samiske utfordringa til grensene i feltet er størst i aust. Samstundes etablerte altså kongen ein noko tydelegare posisjon i trondenesfeltet fram mot reformasjonsutbrotet, mellom anna med sterkare skattlegging og ein eskalerande konflikt med kyrkja. Dette førde til at posisjonane til dei kyrkjelege aktørane trekte saman att frå uroa rundt sekelskiftet og framstod med samla styrke.

Figur 28: Feltet Trondenes om lag 1520<sup>1487</sup>

1520



Om me så vender oss til Philip Gorskis tre endringsdimensjonar, ser me først at det har skjedd vesentlege endringar i *storleiken* på feltet sidan starten av 1400-talet. Det er vorte fleire

<sup>1487</sup> Bjarkøy-kyrkja er no truleg borte – difor berre 5 gamle annektskyrkjer. Byborgarar finn ein også i kjeldene som *nordfararar*. Det er framleis usikkert i kva grad det var eigne – og i så fall leke – ombodsmenn knytt til kannikgjeldet, jf feltfiguren frå 1400.

innbyggjarar i feltet, det er vorte fleire fiskarar – og jekteskipperar som sjølv fører fisken sørover stig fram tydeleg. Det er vorte fleire kyrkjer og det er vorte fleire prestar. Og ikkje minst er det vorte meir samla kapital i feltet.

*Grensene* for feltet er endra på to måtar, i tråd med Gorskis distinksjon: endring i lokalisering og endring i gjennomtrengelegheit.<sup>1488</sup> For det første er lokaliseringa endra – feltet er utvida til også å romme fiskeværskyrkjene på Senja.<sup>1489</sup> Det har *ikkje* skjedd ved at trondenesfeltet har trengt inn i eit nabofelt, men ved at feltet har teke opp i seg eit område som ikkje før var underlagt kyrkjeorganisasjonen.<sup>1490</sup> For det andre er grensene vorte meir gjennomtrengelege, ved at det er fleire aktørar og ressursar som flyt mellom underfelta og langs grensene av hovudfeltet. Inn i feltet er det kome setesveinane, som er på grensa mellom det regionale feltet og det kyrkjeadministrative, det same er dekanen – frå kvar sine sider. Hansaen er no like utanfor feltet – dei kjem ikkje lenger nordover for å handle, medan byborgarane no er komne inn i grenselandet til feltet – delvis utanfor ved at dei har borgarskap i byane og delvis innanfor, ved at dei også er utliggjarar, nordfararar og betalar skatt i det regionale feltet.

Når det gjeld endring i *form* har kannikgjeldet fått ein uomstridd leiar i den sentrerte dekanen, hierarkiet er såleis tydelegare i det kyrkjeadministrative feltet og det får ei klar pyramideform. Tyngda av den økonomiske kapitalen er flytta mot nordvest, samstundes som Trondenes har styrkt sentrumsfunksjonen sin med kollegiatoppbygginga. Den store boksen er såleis vorte større.

### Tilhøvet Trondenes–Nidaros

Styrkeforholdet mellom posisjonane til aktørane i feltet endra seg også i løpet av 1400-talet, men ikkje nødvendigvis i éi klar retning *frå* noko *til* noko anna – men fram og attende, dels i samspel, dels i strid – men heilt klart med dekanen som den sterkaste aktøren. Det var han som hadde størst mengde samla kapital i feltet. Dekanens styrke gjer også sitt til at sjølv om dei ulike aktørane drog utviklinga i feltet i ulike retningar, var det éin akse alle posisjonane

---

<sup>1488</sup> Gorski 2012: 331.

<sup>1489</sup> Inkludert Hillesøy sørom Kvaløya.

<sup>1490</sup> Det *kan* sjølv sagt ha gått føre seg ein kamp i domkapitlet om korvidt dei nye kyrkjene skal ha tilhørt Tromsø kannikgjeld i staden for Trondenes, og såleis ville det vore ein kamp mellom nabofelt, men det er ingen kjelder som vitnar om dette. Utvidinga svarar såleis til Gorskis underdistinksjonar av lokaliseringsgrenseendring; grenseutvidinga med senjakyrkjene er døme på eit ikkje-nullsumspel, altså at nye område kjem inn i feltet, eller, med Gorskis ord, “ukultiverte og uokkuperte sosiale rom blir omgjeve, koloniserte og utnytta” [mi omsetjing]. (Gorski 2012: 331.)

vart påverka av, og det var aksen Trondenes–Nidaros. La oss difor sjå nærare på dette tilhøvet.

Tilhøvet mellom Trondenes og Nidaros blir først og fremst påverka av tilhøvet mellom dekansoknepresten og erkebisp. Og kanskje har det *personlege* forholdet mellom desse sentrale kyrkjeaktørane – i tider med strid og tider med samarbeid – vore meir prega av utviklinga *i nord* enn det me har vore klar over? Hadde dekanatet nokon gong slik økonomisk styrke frå kannikgjeldet at dekanen kunne utfordre erkebisp i status og med det politisk innflytelse? Som me har sett hadde erkebisp lite jordeigedom i høve til dekanen innanfor det som var Trondenes kannikgjeld. For dei båe var det likevel dei enorme tiendinntektene frå alle som var involverte i fisket som gjorde det største utslaget på inntektssida – og også på det området må dekanen ha kome best ut av det, sidan han fekk både fabrica- og mensadelen av tienda. Erkebisp fekk berre sin fjerdedel. Me veit ikkje om korkje erkebisp eller dekanen henta landvarde nokon stad i Sør-Troms – det ville i så fall ha gjeve store inntektsutslag, når ein ser på dei inntektene erkebisp fekk av dette i Lofoten og Bjarkøy-ættlingane i fiskeværa på ytre Senja. Likevel, sjølv om erkebisp overgjekk dekanen i samla økonomisk styrke, var den *relative* styrken til dekanen, ved at han økonomisk dominerte i Sør-Troms, nok til at han kunne måle krefter med erkebisp? Var kyrkja på Trondenes alltid domkyrkja si høgre og utstrekke hand i grenselandet i nord, eller var ho på noko tidspunkt eit konkurrerande sentrum? Kunne dekanen, ved å konvertere den økonomiske kapitalen i annan kapital, utfordre erkebisp? På ein del område var ressursfordelinga mellom dekanen og erkebisp i trondenesfeltet heilt klart fastsett – til dømes om kven som skulle ha tienda og sakefallet – men på andre sida kunne det vera ein opnare konkurranse; om sjelegåvene og anna jordtileigning, om dei menneskelege ressursane, om misjon og om valfart. La oss sjå nærare på desse fire.

Før svartedauden var erkebispens jordegodsinntekter i Sør-Troms om lag ein tredel av det lokalkyrkjene hadde i inntekter – og når lokalkyrkjene blir ein del av kannikgjeldet og dette etterkvart finn forma si, tileigna han seg ikkje meir gjennom seinmellomalderen heller. Sjelegåvene gjekk til lokalkyrkjene.<sup>1491</sup> I tillegg til at dette verkar vera ei rimeleg disponering frå sjelegåvegjevarane – dei ville ha messer lesne *for* familien *nær* familien – må ein også spørja seg om dette var ein medviten politikk frå kyrkja si side: I kannikgjeldet skulle

---

<sup>1491</sup> Hansen 2003(b): 267–269.

sjelegåver og ny- og gjenrydda jord gå til lokalkyrkjene, og ikkje til erkebispegodset. I erkebispedømet som heile, derimot, ser det ut til at mesteparten av godsauken til erkebisp mellom Aslak Bolt og Olav Engelbrektsson, nettopp kom til i områda *lengst unna* Nidaros – 93 % auke i Nord-Noreg som heile, mot 9 % auke i trøndelagsområdet, mot så godt som inga auke i Trondenes.<sup>1492</sup> Med andre ord kan det sjå ut til at dekanen, domkapitlet og erkebisp førde ein jordtileigningspolitikk med ei avklart fordeling – og Sør-Troms var domkapitlet, ved dekanen, sitt bord.

Utover 1400-talet søkte den norske kyrkja seg til mellomsjiktet i samfunnet – lågadelen og dei fremste i bondestanden, den såkalla knapeadelen – så også domkapitlet i Nidaros.<sup>1493</sup> Frå der rekrutterte dei breitt – og omvendt; det var i kyrkja og ikkje hjå kongemakta karrieremoglegheitene såg ut til å vera størst. Denne breie kontakten med leiande lag i bondesamfunnet førde til gjensidig styrking av tilhøvet mellom kyrkje og lokal elite,<sup>1494</sup> samstundes kan det i trondenesfeltet ha vore ein reell konkurranse mellom to kyrkjelege arbeidsgjevarar; som setesvein eller dreng for erkebisp eller som kapellan for dekanen i kollegiatkyrkja. Me finn likevel ingen spor av slik konkurranse i kjeldene, og igjen kan det vel heller vera snakk om eit vinn-vinn-tilhøve: Dei som kom i geistleg teneste rundt domkapitlet og erkebisp kan ha vore innom det lærdomssenteret som kollegiatkyrkja på Trondenes representerte på vegen oppover i kyrkjehierarkiet.

Kollegiatkyrkja med sin dekansokneprest i spissen kan til og med hatt så mykje religiøs kapital i erkebispens auge, at ho tok over ein del av metropolittens åndelege funksjonar, slik me drøfta i kapitlet om Svein Eriksson. Når erkebisp etterkvart vart lensstyrar og riksrådsleiar under fråverande kongar, kan tida til å administrere og styre heile erkebispedømet vorte mindre. Etter Gaute si vitjing til Trondenes i 1476 er det ingen visitasar før Erik Valkendorf reiser nordover i 1512, og i det “kirkefyrstelige systemet vi møter under Olav Engelbrektsson”<sup>1495</sup>, utvikla frå Gaute Ivarsson og framover, var det ingen provinsialkonsil. Med dekanen som sokneprest til ei kyrkje med eit kollegiat av prestar kan

---

<sup>1492</sup> AB: 165–167; OEJ: 22; Dybdahl 2003: 290; Hansen 2003(b). I følgje Olav Engelbrektssons jordebøker er landskuldinntekta frå gardpartane hans i Trondenes ca 20 vågar fisk i 1533, det vil seia ca 20 spann smør, det vil seia omtrent det same som *berekna* ny skuld rundt 1450 (Aslak Bolt oppgjev berre ny skuld på to av gardpartane i Trondenes).

<sup>1493</sup> Hamre 1970(b): 163, Blom 1997: 395.

<sup>1494</sup> Imsen 2004(f): 45.

<sup>1495</sup> Imsen 2004(f): 46.

det i alle fall tenkjast å ha vore eit forhandlingstema i forholdet mellom erkebispem, domkapitlet og soknefolket hans, om kven som skulle yte kva for tenester.

Og i forlenginga av det kjem spørsmålet om misjon. For éin ting er det åndelege stellet av allereie eksisterande sokneborn, noko anna er misjonsverksemda overfor dei som budde innanfor, men for det meste stod utanfor; dei fleste samane. Satsinga på trondeneskyrkja må gjennom heile kannikgjeldet si historie seiast å ha vore delvis røtt i ei sjølvoppfatting hjå sokneprestane at både kannikgjeldet og særleg kyrkja på Trondenes har liggje i eit grenseområde og såleis skulle vera eit fyrtårn og ein varde for kristendomen.<sup>1496</sup> Tidlegare i mellomalderen kunne ein sjå ei form for tevling mellom kongen og kyrkja om initiativ til kristningsverket mellom samane i nord, skriv Lars Hamre.<sup>1497</sup> Håkon Håkonsson byggjer kyrkje på Tromsøya for å sleppe unna krosstog, men også for å utvide maktbasisen sin ved å etablere kongeleg kapell i grenseområda. Erkebispem får oppdrag i Finnmark med etableringa av kyrkja i Vardø i 1307, og i samarbeid etablerer dei Vardøhus omkring 1330 som ei oppfølging av fredsavtalen mellom Noreg og Novgorod i 1326.<sup>1498</sup> Men når kongen utover i seinmellomalderen trekkjer seg attende frå nordområda og let erkebispem stå åleine att med ansvaret for kristninga, synest heller ikkje “erkestolen [...] å ha gjort nokon stor innsats”.<sup>1499</sup> Mot slutten av mellomalderen er det etterkvart nokre spor etter misjonsmedvit og misjonsretorikk hjå dei kyrkjelege aktørane i nord; i Birgitta-ikonografien i trondeneskyrkja, i Sakse Gunnarsons argumentasjon overfor paven, i Erik Valkendorf si forteljing om kva han gjorde i Finnmark. Men kva vil det eigentleg seia at Trondenes er i grenselandet mot heidendomen? Når Sakse argumenterer for kor viktig det er med godt skulert katolsk kompetanse på utposten Trondenes, overser han alle kyrkjene som er i Finnmark og kannikgjeldet Troms? Nei, men Sakses argumentasjon uttrykkjer nok både det at samane er fleire ulike grupper, og at grensa mot samane såleis ikkje berre er i nord, men også i aust, i fjordane rett innom Trondenes. Dessutan kan det tyde på at Sakse meiner den kyrkjelege organiseringa i Finnmark er noko utilstrekkeleg, som allereie Trond Ivarsson var inne på.<sup>1500</sup> Dette syner at sjølv om nok hovudkyrkja på Trondenes – både fysisk og organisatorisk – var den nordaustlegaste *bastionen* kyrkja hadde, var områda nord og aust for Trondenes ulike typar grenseområde for den kristne verda, med overlappande maktstrukturar og uklar

---

<sup>1496</sup> Allereie i *Historia Norvegiae* kan ein sjå dette perspektivet, som drøfta i kapittel 2.2.

<sup>1497</sup> Hamre 1977(b): 29.

<sup>1498</sup> Hansen 2012: 313–314.

<sup>1499</sup> Hamre 1977(b): 30.

<sup>1500</sup> Hansen 2000: 243. Sjå kapittel 8.1.

ansvarsfordeling. Det var såleis eit område ope for kristningsinitiativ frå både dekanen, domkapitlet og erkebispem, men dei kyrkjelege aktørane ser først og fremst ut til å ha vore opptekne av inntektspotensialet, ikkje misjonspotensialet.

Eit siste moglege område for konkurranse mellom Trondenes og Nidaros som senter med kyrkjeleg drivkraft, er valfarten, pilegrimsreisa. Om ein greidde å etablere ein valfartsstad gav det inntekter til den lokale kyrkja, og på mange vis er det til å undrast over at det i det store erkebispedømet ikkje utvikla seg fleire mindre valfartsstader i tillegg til Nidaros. Eller gjorde det det? Trondeneskyrkja skulle på mange vis hatt potensiale til å vera ei valfartskyrkje, og kanskje var ho det. Rognald Bergesen har trekt fram visse element i ikonografien i kyrkja som kan setjast i samanheng med valfart. Der er fleire bilete med vanlege avlatsmotiv som kunne brukast i andaktssamanheng; Veronikas sveitteduk, den gregorianske smertensmannen og den apokalyptiske madonnaen.<sup>1501</sup> Desse kunne fungere som “stedfortredende og spirituelle pilegrimsreiser”, i følgje Bergesen.<sup>1502</sup> Kanskje kunne folk få pilegrimsavlat i Trondenes ved å gjera ei spirituell reise framom til dømes Veronikas sveitteduk i staden for å ta den lange vegen til Roma. Det er elles St. Anna-kulten og det birgittinske misjonsprogrammet som kan knytast til dette som er det mest iaugefallande i ikonografien i trondeneskyrkja. Kyrkja var utan tvil eit lokalt åndeleg senter, og kanskje var det nettopp erkjenninga av avstanden til Nidaros og til Roma som etterkvart styrde ikonografien, i eit forsøk på å byggje opp eit lokalt pilegrimsmål med Birgitta- og Anna-kult.<sup>1503</sup>

Aslak Bolt var oppteken av Birgitta og hadde eit eksemplar av openberringane hennar med seg på flyttelasset frå Bergen til Nidaros i 1428/29.<sup>1504</sup> Undertrykte han denne birgittainteressa då han kom til Nidaros? Ludvig Daae meiner at dyrkinga av Birgitta ville ha vore ein klar konkurrent til olavskulten i Nidaros. Og kanskje var det på same vis i Trondenes – for sterk dyrking eller oppbygging av ein valfartskult ville bli i konkurranse til Nidaros. Når etterkvart erkebispem vart for oppteken med riksstyret og kannikane overtok ansvaret for pilegrimsadministrasjonen (og inntektene) i Nidaros, var truleg ikkje dei heller interesserte i å byggje opp alternative kultar.<sup>1505</sup> I tillegg må me ha in mente at olavskulten var svært sterk og

---

<sup>1501</sup> Bergesen 2011(b): 177–178.

<sup>1502</sup> Bergesen 2011(b): 188, 234, 251–252.

<sup>1503</sup> Bergesen 2011(b): 249–250, 254, 257.

<sup>1504</sup> *DN V-586*, 1429.

<sup>1505</sup> Blom 1997: 311.

dominerande i heile erkeprovinsen, kanskje var han rett og slett *for* sterk til at det kunne etablerast andre kultar innanfor erkebispedømet.

På den andre sida var det ikkje slik at ein stor kult nødvendigvis pressa bort ein liten – dess fleire kultar, dess større prestisje til staden. Og i Sør-Troms syner namnestatistikken eit nedslag av kultane side om side, med Berit og Birgitte (Birgitta), Marit (Margrete), Karen (Katharina), Anne, Anna og Ole, Oluf og Olav som svært vanlege namn.<sup>1506</sup> Det er likevel ingen andre type kjelder som vitnar om Trondenes som ein *stor* valfartsstad. Så sjølv om trondeneskyrkja kunne, med si plassering, med sitt presteskap og med sin ikonografi, hatt valfartspotensiale, var det kanskje nettopp det nære sambandet mellom Trondenes og Nidaros, med dekanen i domkapitlet som sokneprest, som gjorde at Trondenes ikkje vart noko konkurrerande pilegrimsmål til Nidaros. Men kanskje hadde det vorte det, om reformasjonen ikkje hadde kome?

Trass i periodar med usemje og motstridande interesser som kjem til overflata, er det overordna inntrykket at erkebispem, dekanen og domkapitlet samarbeidde gjennom seinmellomalderen, og at det nære tilhøvet Trondenes–Nidaros kan seiast å ha gagna kannikgjeldet og dei som henta inntekter derifrå. Difor attende til utgangsspørsmålet; om så dekanen kunne måle seg med erkebispem i økonomisk kapital, kvifor skulle han ynskje å utfordre han?

For kva var ei kyrkje i seinmellomalderen? Sjølv *institusjonen* slik han stod fram i det ytre var eit relativt uproblematisk uttrykk for Guds nærvere i denne verda same kvar ein var – og ei kyrkje var ei kyrkje, eit bispedøme eit bispedøme. Kyrkjestrukturen var på eitt vis internasjonal egalitær – sett saman av autonome bispedøme. Men innanfor bispedømet, og i Nidaros sitt tilfelle, erkebispedømet, var bispem sentrum og den soleklare leiaren i eit hierarki av prestar og prestegjeld. (Erke)bispem hadde med andre ord store mengder religiøs kapital berre i form av ombodet sitt – med den internasjonale kyrkjeorganisasjonen i ryggen. Når han i tillegg også hadde så stor økonomisk kapital som erkebispem i Nidaros hadde, er det vanskeleg å sjå at nokon kunne utfordre posisjonen hans, men som sagt – det er også lite truleg at nokon innan bispedømet hans for alvor ville det. For erfaring gjennom seinmellomalderen tilsa at samarbeid med erkebispem viste seg å vera det som gav uomstridd

---

<sup>1506</sup> Hansen 2000: 158, 312ff; Bergesen 2011(b): 253.



leiarposisjon i *trondenesfeltet*. Både Svein Eriksson og Olav Engelbrektsson (som dekan) konverterte kapitalen sin på ein måte som førde dei i posisjon *saman med* erkebisen, ikkje i opposisjon *til* han. Og desse kapitalkonverteringane førde til felles framgang både for kannikgjeldet og erkebispedømet.

## 12.2 Trondenesfeltet gjennom reformasjonshundreåret

Erkebisen tapte, erkebisperiket fall og *erkebisp* var ikkje lenger ein posisjon i den norske kyrkja etter 1537. Ikkje *bisp* heller; den kyrkjelege leiaren for det evangelisk-lutherske stiftet fekk av kongen nemninga *superintendent* og skulle vera ein statleg tilsynsmann. Den formelle stillinga som dekan i domkapitlet, derimot, beneficert med Trondenes prestegjeld som kannikgjeld, overlevde både dei første dramatiske omveltingane etter reformasjonsutbrotet og heile det lange reformasjonshundreåret – og meire til. Først i 1731 fekk prestegjeldet ein residerande sokneprest som ikkje var kannik i Trondheim. Men dekanens *posisjon i trondenesfeltet* vart både endra og svekt fram mot 1620. Dekanombodet vart verande hjå den nye superintendenten, det vil seia at dei to fremste førreformatoriske kyrkjelege aktørane i erkebispedømet, dekan og erkebisp – som hadde utgjort den sentrale aksen i trondenesfeltet – vart slått saman til éin. Som på same tid hadde både ei kyrkjeleg og ei statleg rolle; leiar for domkapitlet og kongens fremste embetsmann i stiftet. Samanslåinga av dei to omboda erkebisp og dekan, som ein jo kunne tenkje seg førde til ei styrking, vart ikkje mykje meir enn ein dekan som no ikkje berre hadde eit kyrkjeleg hierarki å forhalde seg til, men også eit statleg. Der dekanen og erkebisen før reformasjonen definitivt kunne vera i strid, men i hovudsak gjorde kvarandre gode, vart den *eine* superintendenten etter maktovertakinga langt oftare prega av å vera mellom barken og veden – mellom domkapittel og konge og den mektige lensherren. For når aksen mellom dekan og erkebisp vart broten, opna det seg naturleg nok rom for andre aktørar i feltet. Først med domkapitlet, som i fellesskap stadig utfordra både den verdslege lensherren og kongen, og som greidde å oppretthalde dei rammene og dei privilegia som gjorde at kannikgjeldordninga heldt fram. Deretter kongen – som nokre tiår uti reformasjonen byrja å interessere seg meir for både dei åndelege og administrative sidene ved den evangelisk-lutherske kyrkja han var overhovud for, og som fram mot sekelskiftet for alvor oppdaga dei ressursrike, og grenseuavklarte, nordområda. Det var altså ikkje *rolleendringa* som først og fremst svekte dekanens posisjon i trondenesfeltet, men det at andre aktørar kom sterkare på banen.

## Tilhøvet Trondenes–Trondheim–København

La oss difor no sjå på dei nye aktørane i feltet. Kongen var dei første tiåra av reformasjonen framleis lite synleg i Trondheim stift, lite synleg i trondenesfeltet. Sjølv om han bestemte den nye læra i detalj, har det rådande perspektivet vore at kongemakta var fjern og verka lite interessert i dei utfordringane superintendenten melde tilbake om – i alle fall før Christian IV si tid.<sup>1507</sup> Ein norsk kyrkjeordinans var ikkje på plass før i 1607, og heller ikkje denne var særskilt godt tilpassa nordlege tilhøve. No har kanskje Christian IV fått *vel* mykje merksemd for å vera den første kongen som verkeleg engasjerte seg i det nordlege Noreg – me såg til dømes korleis Fredrik II viste mykje større interesse for domkapittelstyringa etter opprøret i 1564. Men om han i særleg grad la seg bort i den lokale styringa rundt om i stiftet, er vel mindre truleg. I Trondenes, som elles i nord, er det mange vitnemål frå allmugen om korleis det verdslege skattetrykket og futanes framferd skapte stor misnøye. Og det var heller ikkje særleg effektivt – forvaltingsapparatet fungerte rett og slett dårleg for kongens fiskalinntekter på slutten av 1500-talet, noko korkje “riksstyret eller undersåttene kunne være fornøyd med”.<sup>1508</sup> Lensherren og hans menn fekk stort sett ture fram i fred utan kongens innblanding, på den andre sida la kongen indirekte føringar på feltet, sidan han heilt klart påverka superintendentens handlingar og tilhøvet mellom denne og domkapitlet.

Og mot sekelskiftet kjem kongen heilt klart tydelegare til syne i feltet. Den utanrikspolitiske situasjonen i nord gjer sitt til at ikkje berre blir lensstrukturen gjort om – mange smålen med eigenrådige lensherrar blir slått saman til det store, robuste *Nordlandene* len, men kongen tek også turen sjølv nordover. Christian IV reiser til Kola i 1599, og den intense dragkampen mellom Danmark-Noreg, Sverige og Russland dei første tiåra av 1600-talet prega heile Nordkalotten. Men då Christian IV vinn siger i Kalmarkrigen, og svenske skattekrav overfor samane blir slått attende, blir dei nordlege delane av riket igjen mindre interessante for kongen. Likevel – det lokale forvaltningsapparatet blir betre og betre bygd ut, og i ortodoksiens tidsperiode blir dei mellom anna sett til å gjennomføre dei mange trolldomsprosessane som rir lokalsamfunna, særleg frå 1620 og framover.

Med kongens tydelegare inntog i feltet vender aktørane i dei andre posisjonane – domkapitlet, superintendenten og prestane, lensherrens representantar og den lokale eliten – seg i sterkare og sterkare grad mot kongemakta og den utstrålinga av påverknad og innflytelse som kongen

---

<sup>1507</sup> Rian 2005: 23–24.

<sup>1508</sup> Fladby 1978: 55.

utøver. Kongen er meklar og appellinstans for både lek og lærd, for allmuge og elite. Men greier kongen, sjølv om han blir ein synlegare aktør, med skattar, avgifter, futar, lovpåbod, handelsreguleringar og trusdogme, og sjølv om han er overhovud for kyrkja, innan 1620 å danke ut dekanen som den aktøren med størst mengde samla kapital i trondenesfeltet?

Me kan sjå på det gjennom dei mange rollene til kannikgjeldinnehavaren; som sokneprest i lokalsamfunn, som dekan i eit domkapittel, som superintendent i spenningsfeltet mellom lensherre og konge.

### *Som sokneprest*

Torbjørn Olavsson Bratt frå Andenes var ein sokneprest som kjende kyrkjelyden sin – slik sokneprestane hadde gjort i alle fall dei siste 40 åra før reformasjonen. Han visste kva slags samfunn det var, og me må gå ut frå at han personleg kjende mange i den lokale eliten – både dei geistlege i kollegiatet på Trondenes, setesveinane og dei fremste handelsfamiliane. Mange av desse vart hardt ramma i tumultane i 1537, men ein skal ikkje sjå bort frå at nettopp Bratt som dekan og superintendent i det første reformasjonstiåret var med å gjera vegen attende betydeleg lettare for dei falne elitane. Men etter at Hans Gaas i 1548 vart superintendent, var det einast danskar som fekk denne stillinga. Det må openbert ha påverka tilhøvet deira til kyrkjelydane i det store soknet nordpå – og superintendentane kunne ikkje måle seg med dei katolske forgjengarane sine i trondenesfeltet, i mengde sosial kapital. Sjølv om superintendentane i Noreg og Danmark vart rekrutterte frå same sosiale lag, peikar Steinar Imsen på at overgangen frå dei katolske geistlege må ha vore større i Noreg enn i Danmark.<sup>1509</sup> Kyrkja og presteskapet hadde spelt ei meir dominerande rolle i Noreg i seinmellomalderen – ikkje minst gjeld dette for samfunna i nord, som Trondenes. Så sjølv om soknepresten hadde fast sete i Nidaros, hadde han vore til tider ein svært synleg og tilstadeverande kyrkjerepresentant i kannikgjeldet – som heldt banda til Nidaros nære. Når så først soknepresten vart ein dansk framand, og kollegiatet på Trondenes deretter vart oppløyst, må mange av banda til Trondheim ha vorte brotne.

Oppløysinga av kollegiatet rundt 1560 endra både det kyrkjeadministrative og det regionale trondenesfeltet. Det åndelege og økonomiske fellesskapet i kollegiatet vart avslutta, medan nye type fellesskap må ha vorte danna då annekskyrkjene rundt om i kannikgjeldet fekk residerande presteskap – med familiar. Den økonomiske kapitalen *frå* og disposisjonsretten

---

<sup>1509</sup> Imsen 1982: 295.

over heile kannikgjeldet var likevel framleis samla hjå superintendentsoknepresten i Trondheim, og sjølv om lokalsamfunna fekk meir nærverande prestar, rekrutterte ikkje kyrkja lenger den lokale eliten. Dei mektige handelsslektene i Sør-Troms og Vesterålen leverte ikkje lenger menneskelege ressursar inn til og rundt den geistlege eliten i Trondheim, og det var ingen setesveinar som kunne smørja dei geistleg-verdslege nettverka i lokalsamfunna. Og frå København fylte kongen på med danske prestar og futar.<sup>1510</sup> Det vart med andre ord færre sparringpartnarar lokalt for soknepresten, der han sat som kannikgjeldinnehar i Trondheim.

Men var denne rolla som ein *framand* sokneprest noko som berre var til ulempe for kannikgjeldinnehavaren? Kunne han også bruke denne avstanden til noko? Kanskje. Avstand gjekk begge vegar, og kanskje kunne han bruke avstanden til kongen som eit middel til å sjølvrådige ta saker i eigne hender. Han *erkjente* avstanden i alle fall etterkvart, og ettersom han lærte tilhøva i stiftet betre å kjenne, prøvde han å bøte på Københavns mangel på kunnskap om Noreg og samfunna i nord, ved å bli ein iherdig talsmann overfor kongen for ny kyrkjeordinans tilpassa norske tilhøve. Så iherdig, at når han ikkje nådde fram, fekk han, med hjelp frå og i sitt eige sokn, omsett den gamalnorske kristenretten til bruk inntil vidare. Han omsette med andre ord ein viss grad av sin kulturelle bakgrunnskapital til å etablere ny sosial kapital, sjølv om han var ein framand.

Som sokneprest overtok han – og fekk stadfest med Reformatsen i 1589 – retten til å disponere både kyrkjetienda og prestetienda i kannikgjeldet. Trass i at kyrkjelydane til dei nyaste kyrkjene i kannikgjeldet måtte ordne vedlikehaldet – og etterkvart presteløna – sjølve, og trass i at utgiftene hans til kannikgjeldet må ha gått ned då kollegiatet av prestar på Trondenes vart oppløyst. Dei gjenverande prestelønsutgiftene var òg opp til han å vurdere, i tillegg fekk han ekstraløyvingar – finansiert frå andre kyrkjer i Trondheim stift – til å vøle på sjølve trondeneskyrkja. Superintendentsoknepresten hadde med andre ord utover i reformasjonshundreåret framleis store inntekter og betydeleg personleg handlingsrom frå og med kannikgjeldet, men det er motstridande vitnemål om i kva grad sokneprestane – særleg etter Hans Gaas – gjorde forsøk på å konvertere mykje av denne økonomiske kapitalen på ein slik måte at dei hadde fått auka sin religiøse eller sosiale kapital i feltet. Tvert om – både Hans Mogenssøn og Isak Grønbech får stadig nye påpakningar om manglande vedlikehald, og enka

---

<sup>1510</sup> Ein førebels studie frå Lødingen, Buksnes og Steigen viser at prestane frå første halvdel av 1600-talet og framover etterkvart vart rekrutterte særleg frå Trøndelag. Desse skapte igjen større prestedynasti. (Personleg opplysning frå Roald Kristiansen, september 2013.)

etter Mogenssøn, Bodil Eriksdatter, klaga i 1599 på at mannen hadde nytta betydelege *eigne* midlar for å fikse kyrkjene i kannikgjeldet, så ho meinte difor desse kyrkjene var skuldige henne pengar.<sup>1511</sup> I fylgje Anders Arrebo si skildring frå den første visitasreisa si nordover i 1618, var det generelt stor mangel på både materiell og immateriell religiøs kapital i feltet.<sup>1512</sup> Mesteparten av inventaret på prestegarden, som Hans Gaas i si tid skreiv opp i sitt inventarium, var borte, og Arrebo skuldar forgjengaren sin, Isak Grønbech, for tenesteforsømming, og legg seg dimed ut med enka hans, Dorothea Jakobsdatter. Ho på si side meiner det er Grønbech sin forgjengar, Hans Mogenssøn, som er å skulde for det bortkomne inventaret.<sup>1513</sup> Mengda av tillit dei geistlege og familiane deira imellom ser med andre ord ikkje ut til å ha vore stor.

### *Som dekan*<sup>1514</sup>

Men det er dei geistlege i domkapitlet, både i fellesskap og som einskildkannikar, som særleg er vorte gjeven æra for at presteskapet i Trondheim stift kom gjennom reformasjonstumultane og det påfølgjande reformasjonshundreåret med så mykje makt og store privilegium i behald. “Man må ikke undervurdere styrken i dette domkapitlet.”<sup>1515</sup> Dels ved lang erfaring – mange av kannikane overlevde reformasjonsutbrotet og vel så det – og dels ved kløktig politisk framferd styrde dei mykje godt Trondheim stift dei første tiåra etter 1537. Sjølv om dei også fekk merke at toppsjefen no var i København, og ikkje midt mellom dei i stiftsstadene, brukte dei også denne avstanden når det høvde seg og handla mykje godt på eiga hand, vel vitande om at kongen lenge hadde andre ting å bry seg med, enn sitt nordlegaste stift. Men då lensherrane byrja vise musklar og leggje seg oppi stiftsstyringa, vart det verre for domkapitlet, sjølv om dei lenge berga seg på at dekanen gjekk i kampen for dei. Til dømes når dei svor svenskekongen lydnad i 1564, men likevel slapp unna med milde, og ikkje varige, straffar. Sjølv om dekanen var dansk og henta frå kongens rekker – og ikkje frå egne rekker, slik kapitlet fekk stelle seg før reformasjonen – var i alle fall dei første tiåra etter maktovertakinga forholdet mellom dekanen og domkapitlet prega av den same lojaliteten som me såg før

---

<sup>1511</sup> *NRR* 2: 551, 1584; *NRR* 3: 580, 1599; Lysaker 1987(a): 93.

<sup>1512</sup> Lysaker 1987(a): 116–118.

<sup>1513</sup> Ny Kirkehist. Saml. 2.r, bd 3: 650 hjå Lysaker 1987(a): 117; 1978(a): 161.

<sup>1514</sup> Det er usikkert kor lenge dekan/-atet – som tittel og økonomisk eining – var i bruk. Jf Dybdahl (1979: 167, 169) var tittelen og den økonomiske eininga i alle fall i bruk i 1625 (“Presternis indkomst vdi Trundhiembs Stigt”: [http://arkivverket.no/URN:db\\_read/db/39910/4/](http://arkivverket.no/URN:db_read/db/39910/4/), sist sett 15.10.2013.)

<sup>1515</sup> Steinar Imsen: “Reformasjonen i Nidaros (erke)bispedøme”, munnleg innlegg under Reformasjonsseminaret, Tromsø museum Universitetsmuseet, 30. mars 2011. Sjå også Kolsrud 2007: 351.

reformasjonen. Og heilt til eineveldets tid var dekanen, i følgje Steinar Imsen, dei stiftsgeistlege og skulevesenet sin forkjempar – altså domkapitlets mann på mange vis.<sup>1516</sup>

Det er også *som dekan* me må gå ut frå at kannikgjeldinnehavaren greidde å skaffe og oppretthalde Trondenes si særstilling mellom kannikgjelda. Ikkje trengde kannikgjeldet vera med å koste vølinga på domkyrkja, slik dei andre kannikgjelda måtte, og ikkje vart det store gjeldet delt i reformatsarbeidet.

### *Som superintendent*

Etter maktovertakinga i 1536–37 overtok superintendenten rolla til erkebispem som den kyrkjeadministrative leiaren i stiftet, medan kongen overtok inntektene til erkebispem. I *heile* Trondheim stift var det siste det viktigaste, men i trondenesfeltet skal ein ikkje sjå bort frå at det første var det viktigaste. Jordegodsinntektene til erkebispem var jo forsvinnande små i Trondenes, men tienda monna sjølvsgt. Kongen overtok også erkebispem rolle som heile den norske kyrkjas både verdslege og religiøse overhovud, men superintendenten må i praksis ha fylt denne rolla i stiftet og i kannikgjeldet. Sjølv om mange av banda mellom Trondenes og Trondheim vart brotne i løpet av reformasjonshundreåret, var superintendenten meir nærverande enn kongen – på visitasar og med sine mange ulike økonomiske interesser.

Men andsynes kongen må superintendenten på mange vis ha kome mellom barken og veden, og han blir stadig sendt i den diplomatiske krigen – mellom domkapittel, konge og lensherre. Ser desse andre på han som ein verdsleg eller ein geistleg aktør? Kongen sende i veg det han meinte var trufaste embetsmenn nordover – men nett slik Erik Valkendorf viste seg å bli ein sterkare talsmann for den norske kyrkja enn det Christian II tenkte seg, vart også superintendentane – når dei virka i domkapitlet sitt i Trondheim, meir opptekne av kyrkjeorganisasjonens behov, enn det kongen kanskje hadde føresett. Det personlege engasjementet fleire av dei la ned var først og fremst for domkapittel og kyrkje, og delvis i opposisjon til konge og dei verdslege maktstrukturane. Nemninga *superintendent* slår aldri skikkeleg igjennom, og allereie før 1500-talet er omme, er *bisp* igjen den vanlege nemninga. Men dei viser seg likevel trufaste – og når kyrkjeorganisasjonen etterkvart festar seg under streng kongsstyring, får dei friare taumar under Christian IV.<sup>1517</sup> Superintendenten blir ikkje berre sjef for prestane i stiftet, han blir også ein geistleg etatsleiar under Christian. “Fra

---

<sup>1516</sup> Imsen 1982: 232, 235.

<sup>1517</sup> Imsen 1982: 246.

ca.1620 møter vi et fullstendig sentralisert geistlig embetsverk”, samstundes som lensherren si stilling ”innenfor den geistlige personaladministrasjonen og personalpolitikken” vart ”betydelig svekket”.<sup>1518</sup>

Steinar Imsen slår eintydig fast at superintendentane vart lojale kongstenarar. Ideologisk var dei tilbøyelege til å favorisere det sterke kongedømet, og sosialt vart superintendentane rekrutterte frå borgarskap og frå geistlege med borgarbakgrunn, som såleis såg dette som den beste karrierevegen, sidan adelen ”blokkerte” alle andre høgare stillingar i embetsstaten.<sup>1519</sup> Men i høve til den kyrkjeorganisasjonen superintendenten vart sett til å tene, i spennet mellom lojal kongstenar og kapittelformann, meiner eg det er mange spor av det motsette – sjølv om han var dansk og framand. Og å vera domkapitlet sin iherdige formann er ikkje nødvendigvis det same som å vera dei lokalgeistlege sin mann, med dei openberre motstridande interessene kannikgjeldinneharane og dei lokalgeistlege mange stader måtte ha. Det var spenningsfelt mellom dei geistlege; ikkje berre innanfor domkapitlet, men også ute i regionane, det vil seia ikkje berre i det kyrkjeadministrative feltet Trondenes, men i det regionale feltet også.

I si tid hadde også erkebisen både geistlege og verdslege roller, men superintendenten blir verande i ein mellomposisjon og kan ikkje dra vekslar på den sosiale kapitalen sin i *heile* trondenesfeltet, slik erkebisen kunne. Rett nok må ein mann som Hans Gaas ha bygd opp den sosiale kapitalen sin i det *regionale* feltet, både med jekteskipperbruk og i arbeidet for kyrkjeordinansen og med omsetjinga av kristenretten, men denne kapitalen kan fort ha vorte verdilaus att når kyrkjevedlikehaldet skranta og kravstore superintendentfamiliar og arvingar sette kvarandre i stemne. Men superintendentane greidde å behalde posisjonane sine andsynes domkapitlet og bygde såleis fortare opp ny sosial kapital i det *kyrkjeadministrative* feltet – og denne auka etterkvart med kongetilknytninga.<sup>1520</sup>

La oss difor oppsummeringsvis sjå på korleis trondenesfeltet har endra seg langs Gorskis tre dimensjonar når reformasjonshundreåret var kome til endes.

---


<sup>1518</sup> Imsen 1982: 294.

<sup>1519</sup> Imsen 1982: 290.

<sup>1520</sup> Imsen 1982: 293.

Figur 29: Feltet Trondenes om lag 1620

1620



*Storleiken* på feltet er på veg til å krympe rundt 1620, ikkje i form av kyrkjer, truleg ikkje i form av prestar, men mogelegvis i form av innbyggjarar og sikkert i form av mindre samla kapital i omløp. Lønsemda i fiskeria var på veg ned, det same var den fruktbare kapitalkonverteringa mellom økonomisk, religiøs og sosial kapital som prega hundreåret før reformasjonen.

*Grensene* for feltet var endra – delvis på same måten som før reformasjonen, delvis på nye måtar. Paven var ute av biletet, så sjølv om det kyrkjeadministrative feltet ikkje er eit geografisk rom, kan ein seia at lokaliseringa av grensene til det sosiale rommet ikkje lenger inkluderer Roma, men stoppar i København. Grensene er også vorte mindre gjennomtrengelige nede i det regionale og det kyrkjeadministrative feltet. Setesveinane er borte, og sjølv om prestane flyt ut i annektskyrkjene er det mindre samband og svakare nettverk mellom det geistlege og det verdslege lokalsamfunnet. Men samstundes er grensene vorte *meir* gjennomtrengelige øvst i det kyrkjeadministrative feltet, der lensherren på ein heilt



annan måte kan og skal blande seg inn i kyrkjeadministrative saker. Hansaen er no heilt borte – også frå utsida av feltet – men samane er derimot heilt inne i det regionale feltet.

Når det gjeld endring i *form* har kannikgjeldet framleis ein uomstridd leiar i superintendenten, sjølv om det er kongen og ikkje erkebisp og paven som står over han, og han er såleis den sentrale aktøren i feltet. Det er likevel eit trekantsamband øvst i det kyrkjeadministrative feltet – mellom lensherre, konge og domkapittel, som superintendenten bevegar seg mellom. Der den sentrale aksa før reformasjonen gjekk mellom erkebisp og dekan og såleis hadde to maktsentrum, må ein gjennom reformasjonshundreåret heller seia at den sentrale aksa er ein trekant med tre maktsentrum. Såleis blir ikkje pyramiden så spiss lenger, og i tillegg er botnen i pyramiden også vorte breiare, av di oppløysinga av kollegiatet gjev ein noko flatare struktur mellom trondeneskyrkja og dei underliggjande kyrkjene. Dessutan er tyngda av den økonomiske kapitalen flytta mot søraust – frå yttersida av Senja og inn i fjordane.

### 12.3 Trondenes ved utgangen av reformasjonshundreåret

I 1620 var Trondenes kannikgjeld framleis eit ettertrakta beneficium. Det var utan diskusjon eitt av dei prestegjelda som sidan ” aff Arrilds tiid”<sup>1521</sup> hadde vore kannikgjeld og skulle såleis halde fram slik. Det var til og med det mest inntektsbringande, og superintendenten hadde full disposisjonsrett over alle fabrica- og mensainntektene. Mengda av tilgjengeleg økonomisk kapital var framleis stor. Men, etter 1548 hadde superintendenten betydeleg mindre sosial kapital til rådvelde enn sokneprestforgjengarane sine, og i løpet av reformasjonshundreåret viste han mindre evne og vilje til å veksle den økonomiske kapitalen inn i religiøs og anna kulturell kapital. Den samla mengda kapital var difor mindre for kannikgjeldinnehavaren i 1620 enn i 1536. Svekkinga av dei geistleg-verdslege handelsnettverka i nord førde også til færre menneskelege ressursar – mindre human kapital – frå det regionale feltet Trondenes inn i kyrkjeorganisasjonen. Kyrkja rekrutterte ikkje lenger den lokale eliten, utvekslinga mellom kyrkje og lokalsamfunn vart annleis. Banda mellom Trondenes og Trondheim vart svekte, og Trondenes vart meir av ein utkant i det protestantiske Danmark-Noreg med kyrkjesentrum i København, enn det hadde vore i det katolske Noreg med kyrkjesentrum i Roma.

Likevel – sjølve kannikgjeldinstitusjonen, med Trondenes, Tromsø, Vesterålen og Lofoten i spissen, gjorde sitt til at statsmakta ikkje hadde vorte så dominerande i nord gjennom

---

<sup>1521</sup> Ellingsen 1990: 89.

reformasjonshundreåret som ein kunne vente. Og sjølv om Christian IV før sekelskiftet ryddar opp i vanskjømte verdslige len og etterkvart strammar det åndelege grepa om kyrkja, er superintendenten si viktigaste rolle i trondenesfeltet i 1620 framleis som *sokneprest*, ikkje kongens verdslige embetsmann. Aksen Trondenes–Nidaros er ikkje som før reformasjonen lenger det dominerande spenningsfeltet – det er ikkje ein like klar geografisk akse og heller ikkje ein like klar aktørakse i feltet. Maktutstrålingane går i fleire retningar, men dei krinsar alle rundt kongen. Kongen er den nye erkebisen, Christian IV har erstatta Olav Engelbrektsson – utan tvil. Men statsmakta, sjølv med det vesle intermezzoet av merksemd før Kalmarkrigen, er framleis mindre interessert i nord enn det erkebispemakta var. Superintendentens posisjon i feltet er definitiv nærare kongen enn det dekanens posisjon andsynes kongen var før reformasjonen, posisjonen er truleg også nærare kongen enn det dekanen var erkebisen. Såleis er ikkje alle banda mellom Trondenes og Trondheim brotne, og sjølv om superintendenten er svekt i høve til den katolske dekanen, er han framleis i 1620 den aktøren med mest samla kapital i feltet. Trondenes var langt mindre av eit sentrum enn det var rundt 100 år før – men også milevidt frå det samfunnet det var 200 år før.

Som me har synt kan Trondenes kannikgjeld sjåast som eit sosialt felt med nettverk av aktørar i ulike posisjonar. Premissen har vore at desse aktørane søkte makt og påverknad gjennom tilgang til og kontroll over ressursar, og at dei ulike posisjonane til aktørane er relasjonelle – det vil seia at dei endrar seg i høve til kvarandre. I staden for å einast sjå etter kven som til ei kvar tid har hatt tilgang på mest mogeleg av den store økonomiske kapitalen som feltet har generert, har eg vist at maktstrukturar og nettverk blir både bygde og brotne – posisjonar blir endra – ved evna desse aktørane har hatt til å konvertere den økonomiske kapitalen inn i også andre kapitalar. Denne kapitalkonverteringa har vore med og tydeleggjort kva for endringar som gjekk føre seg i Trondenes kannikgjeld før og gjennom reformasjonshundreåret.

Utviklinga i feltet Trondenes kan altså modifisere noko den hypotesen som vart stilt i innleiinga. I 1620 var enno ikkje det ressursrike Trondenes kannikgjeld vorte ein perifer utkant i ein sentralisert dansk-norsk stat. Men det var heller ikkje lenger dét regionale senteret – med nasjonal tyding – som det var mot slutten av seinmellomalderen. I løpet av reformasjonshundreåret var perifiseringa av det nordlege Danmark-Noreg begynt.

## Kapittel 13: Reformasjon i Trondenes – ei samansett reformasjonshistorie

Eit overordna perspektiv i heile denne avhandlinga har vore å sjå på utviklinga i og av Trondenes kannikgjeld gjennom seinmellomalderen og reformasjonshundreåret. Eg har lagt til grunn at 1536–37 ikkje var eit avgjerande brot på alle område. *Reformasjonen* er ikkje først og fremst ei hending, men ein langstrekt prosess. Sjølv om det er vanleg – og på mange måtar praktisk og i sume tilfelle nyttig – å tala om *reformasjonen* som dei hendingane som gjekk føre seg nokre hektiske månader i 1536–37, er det meir fruktbart å nytte omgrepet om *verknadane* av desse hendingane. Og dei må ein leggje ei større tidsramme på, for å få eit meir fullstendig grep om. Men kor stor? For Trondenes kannikgjeld sitt vedkomande kunne denne avhandlinga gjerne gått fram til 1731, då heile kannikgjeldet vart avvikla. Det er også gode argument for å hevde at reformasjonen i desse nordlege områda ikkje var avslutta – eller fullført – før godt utpå 1700-talet.<sup>1522</sup> Dét vorte for omfattande innanfor rammene av dette doktorgradsarbeidet, og eg har sett sluttstrek rundt 1620 – og har omtala tida frå 1536–37 og fram dit som *reformasjonshundreåret*.<sup>1523</sup>

”Brotet med erkebisperikets fall påverka alt”, skriv Håvard Dahl Bratrein i Nordnorsk kulturhistorie.<sup>1524</sup> Som me har sett, var reformasjonen minst like uførebudd i Trondenes kannikgjeld som i resten av landet, og verknadane av maktovertakinga – både på kort og lang sikt – var store i dei fiskerike områda i nord. Dei var sterkt knytte til resten av Europa gjennom ei tilstadeverande internasjonal kyrkje og ein økonomi integrert i og avhengig av internasjonale marknader og konjunkturar. Trass den nære kontakten med Bergen og Nord-Tyskland fanst det heller ikkje i Trondenes folkelege eller intellektuelle reformrørsler. Reformasjonen var toppstyrd – korkje ankra i det folkelege, det nasjonale eller det lokale.<sup>1525</sup> Men først og fremst kan ein seia at reformasjonen i Trondenes dei første tiåra etter 1536–37 ikkje var styrd i det heile tatt. Prestane heldt fram som før, kyrkjene såg ut som før, dei same bøkene vart brukte, domkapitlet og kannikgjelda var organiserte som før. Dette var eit resultat både av at kongen ville fara med lempe, men òg at kongen ikkje interesserte seg nemneverdig for tilhøva i sitt nordlegaste stift. Då han utover mot sekelskiftet etterkvart kom sterkare på banen, då han la seg opp i styringa av domkapitlet og det gjekk opp for han kva for rikdomar

---

<sup>1522</sup> Berg, Storm og Bergsen 2011: 158.

<sup>1523</sup> Meir om mi avgrensing i kapittel 1.1.

<sup>1524</sup> Bratrein 1994: 167.

<sup>1525</sup> Ellingsen 1997: 76, Gilje og Rasmussen 2001: 35.

det var i nord, kombinert med uklare grensetilhøve, var Trondenes og Nordkalotten i nokre tiår gjenstand for større merksemd på den statlege og internasjonale storpolitiske arenaen. Og då Christian IV gjorde Danmark-Noreg til eit av dei mest luthersk-ortodokse områda i Nord-Europa, fekk det mellom anna store følgjer for dei etnisk samansette områda på Nordkalotten. Trolldomsforfølgjingane i nord vart eit særleg makabert utslag av dansk teologi og nordisk tankegods og førestillingar om det demoniske nord, dansk-norsk reformasjonsiver, storpolitisk kiving og etnisk heterogenitet.

På denne bakgrunnen vil eg i dette siste kapitlet drøfte reformasjonshistoria i Trondenes i eit meir overordna perspektiv, ved særleg å bruke Reinhard Kosellecks omgrepshistoriske termar *erfaringsrom* og *forventingshorisont*, *salingsstid* og ulike *tidslag*.

### 13.1 Tidslag

Historikarar tenkjer vanlegvis historia anten lineært – framover mot eit mål eller ei open framtid – eller syklisk, oppattakande. Men begge modellar er utilstrekkelege, seier Koselleck, av di eikor historie inneheld element av både.<sup>1526</sup> For å unngå denne motsetjinga vil Koselleck heller hevde at historie utspelar seg der ulike *tidslag* møtest. Tidslag er lag på lag med tidslege strukturar med ulik fart, ulik varigheit og ulik styrke – prega av oppattaking eller endring – men dei grip inn i einannan og skapar altså historie.<sup>1527</sup> Koselleck har danna metaforen ved å tenkje på “geologiske formationer, som rækker tilbake i tiden med forskjellig bredde og dybde, og som i løbet af jordens historie har forandret sig og skilt sig fra hinanden med forskellige hastigheder.”<sup>1528</sup> Han deler tidslaga inn i tre – det er tre ulike måtar å *erfare* på: Singulære hendingar, oppattakande strukturar (som er ein føresetnad for dei singulære hendingane) og langsiktige erfaringsselement som “viser ud over individers og generationers erfaring”. Denne siste typen erfaring var altså til stades før og vil truleg fungere etter “de samlevende generationer” som kan erfare dei to første typane, og kan “slet ikke registreres uden historiske metoder”.<sup>1529</sup>

Desse tidslaga, desse erfaringstypane, minner ein om del om dei tre type tider som Fernand Braudel etablerte; den raske hendingstida, den mellomlange konjunkturtida og den lange

---

<sup>1526</sup> Koselleck 2007: 186.

<sup>1527</sup> Koselleck 2007: 15.

<sup>1528</sup> Koselleck 2007: 185.

<sup>1529</sup> Koselleck 2007: 186–187, 191, 206.

strukturelle tida –“la longue durée”, gjennomført nytta i oppbygginga av det store verket hans om Middelhavet og middelhavslanda i Philip II si tid.<sup>1530</sup> I alle fall minner den første og den siste om einannan. Men der Braudel karakteriserer tidene som på eitt vis like – men med ulik lengde og fart, er det ein viktig skilnad for Koselleck med den oppattakande type erfaringa som kan bringe med seg singulære hendingar. Det som overraskar oss.<sup>1531</sup> Det er dette som lagar asymmetrien mellom det me har erfart og det me ventar skal skje – mellom *erfaringsrom* og *forventingshorisont* – asymmetrien blir større og større når overraskingane blir fleire og fleire. Og når denne asymmetrien blir stor nok, bryt det moderne fram gjennom *salingstida*, i følgje Koselleck. Også andre teoretikarar har knytt framveksten av det moderne til denne dreininga mot ei *framtidorientering*, til dømes Anthony Giddens når han gjennom "environment of trust" og "environment of risk" set opp seks faktorar som skil det førmoderne og det moderne. Der moderne samfunn er framtidorientert og tenkjer kontrafaktisk som ein metode for å sameine før og no, er dei førmoderne samfunna prega av religiøse kosmologiar og tradisjonar for å sameine samtid og framtid.<sup>1532</sup> I *denne drøftinga* konsentrerer eg meg likevel om Koselleck og korleis tidslaga hans skapar asymmetri.

Så korleis er det då desse tidslaga møtest, som skapar reformasjon i Trondenes kannikgjeld?<sup>1533</sup> Dei viktigaste institusjonelle, politiske og økonomiske faktorane som hadde skapt Trondenes si sterke stilling på byrjinga av 1500-talet hadde røter langt attende i seinmellomalderen: Den institusjonelle ordninga med kannikgjeld generelt og plasseringa av, storleiken på og særordningane i Trondenes kannikgjeld spesielt – i dette medrekna det faktumet at det var dekanen sjølv som sat med Trondenes. Den store hovudkyrkja med den rike kunsten og kollegiatkyrkjeordninga der var eit anna særkjenne. Den fleiretniske busetjinga og den svenske og den russiske utfordringa var også ein raud tråd gjennom seinmellomalderen – og ikkje minst det store inntektspotensialet frå fisken i havet. Mange av desse faktorane heldt mest uendra fram med å prege Trondenes gjennom heile reformasjonshundreåret, men på visse punkt pressa det seg fram endring: Dei fruktbare geistleg-verdslege handelsnettverka, delvis bygde opp *av* og lojale *til* erkebispem, fekk seg ein støkk i 1536–37, lærdomssenteret på Trondenes vart oppløyst og den institusjonelle strukturen i kannikgjeldet endra karakter rundt 1560, då prestane flytta frå kollegiatet og stifta familie

---

<sup>1530</sup> Braudel 1949. Verket er delt i tre, der første delen handlar om det geografiske rommet og den strukturelle tida (*la longue durée*), den andre delen om dei seint endrande sosiale og økonomiske strukturane og konjunkturtida (*conjunctures*) og den tredje delen om dei politiske hendingane og den raske tida (*événements*).

<sup>1531</sup> Koselleck 2007: 190.

<sup>1532</sup> Giddens 1990: 102.

<sup>1533</sup> Innanfor dei kronologiske grensene av denne avhandlinga.

ute i annekskyrkjene. Fisket vart mindre lønsamt og utanrikspolitikken pressa fram ei synlegare statsmakt fram mot sekelskiftet, som saman med den generelle einsrettinga under Christian IV innlemma samane stadig sterkare i staten på byrjinga av 1600-talet. Det var likevel langt att til grensene i nord vart dregne for godt – og til at alle samane var kristna.

Det at dei sosioøkonomiske tilhøva endra seg såpass mykje samstundes med dei store kyrkje- og statspolitiske omveltingane, gjorde at strukturane som skapte dei ulike tidslaga var mange og ulike. Reformasjonsprosessen vart såleis langvarig i nord. Brotet i 1536–37 var ikkje eit ubetydeleg brot, det må definitivt ha vore ei overrasking på mange, men dei største verknadane var langsiktige – som for resten av landet.<sup>1534</sup> Reformasjonen gjekk såleis ikkje så mykje føre seg til *andre tider* enn i resten av Danmark-Noreg, men han tok *lengre* tid.

Overraskinga i den singulære erfaringa ved reformasjonsutbrotet var kanskje noko større enn i delar av Danmark som var nærare knytt til den nordtyske, meir førebudde reformasjonen, men framfor alt var verknadene så langsiktige at dei truleg gjekk ut over erfaringa til “de samlevende generationer”. “Nådestøtet mot den norske erkebiskopen førte til en fundamental endring i det norske samfunnet. Systemet gikk med i dragsuget etter hans fall”, skriv Rian.<sup>1535</sup>

Heile systemet med ein gong? Nei; i alle fall organisatorisk var det på mange vis mindre av ein reformasjon på 1500-talet i Trondheim enn i fleire andre av stifta, mindre av ein reformasjon i kannikgjelda enn i mange andre av prestegjelda og mindre av ein reformasjon i Trondenes enn i mange andre av kannikgjelda: “Det norske systemet”, i Rians definisjon, sat djupt i Trondenes – og varte lenge. Det var ei form for nordnorsk *utakt*.

### 13.2 Erfaringsrom og forventingshorisont i Trondenes kannikgjeld

Kan me koma nærare denne utakta ved å sjå etter ein kosellecksk asymmetri i erfaringsrommet og forventingshorisonten i reformasjonshundreåret? Sidan ”reformasjon” ikkje vart særleg nytta i norske kjelder før utpå 1600-talet, måtte ein ha trekt opp ein lengre tidsakse for fullt ut å sjå korleis *faktordelen* av omgrepet har prega forståinga vår – av hendingane i 1536–37, av tilhøvet til katolisismen på eine sida og andre reformerte retningar på den hi og av tilhøva i kannikgjeldet og heile stiftet i hundreåra som fylgde. (*Indikator* delen av ”reformasjon” på den andre sida – altså kva som faktisk gjekk føre seg i Trondenes kannikgjeld – er dét denne avhandlinga har handla om.) Men også i samtida må det ha vore

---

<sup>1534</sup> Rian 2004(b): 101.

<sup>1535</sup> Rian 2004(b): 92.

tydeleg at noko omveltande skjedde, om enn i ulik grad synleg og erfarbart for lekfolk og geistlege rundt om i kyrkja. Dei ulike protestantiske rørslene i Europa var til dømes samde i sin kritikk av pavekyrkja og læra om gode gjerningars veg til frelse, men skilnadene i lærespørsmål var elles mange, der spørsmålet om Kristi nærvere i nattverda var det absolutt mest springande punktet.<sup>1536</sup> Endringane i måten å gjera og tyde nattverda og messa på er såleis eit døme på noko som må ha vore eit merkbart og radikalt brot for kyrkjelyden på Trondenes, som var vane med hostiløftinga framom altara og den døgntinuerlege messesynginga. Men kyrkjebygningen var den same, kunsten den same, prestane dei same, så kva andre type omveltingar var med å prege det som må ha vore ein type ”reformatorisk medvit” hjå dei ulike aktørane? La oss starte med å gå inn i eit anna omgrep; *kyrkje*.

For kva var eigentleg *kyrkje* etter 1536–37? Korleis vart det språklege omgrepet *kyrkje* nytta av aktørane? Som me har vore innom tidlegare, er synet på dette spørsmålet avgjerande for korleis ein ser på aktørane og deira roller og handlingsrom i reformasjonshundreåret.<sup>1537</sup> Korleis er *kyrkje* meir enn “berre” eit ord? Skilnaden mellom eit ord og eit omgrep er i følge Koselleck at medan eit ord kan vera eintydig i bruk, er eit omgrep i sin natur fleirtydig. Eit omgrep er meir enn eit ord. Og det krev allmenn sosial og politisk gyldigheit: ”Ethvert begrep henger på et ord, men ikke alle ord er sociale og politiske begreber.”<sup>1538</sup> Koselleck opererer med tre hovudtypar av omgrep – det varige, det endra og det nydanna: Det *varige* har tyding som delvis held seg over tid, men alltid må motsvare noko empirisk. Det *endra* har same korpus (utsjånad), men med totalt endra tydingar som knapt kan samanliknast og berre gjenskapast historisk. Det *nydanna* oppstår som reaksjon på bestemte politiske eller sosiale tilhøve.<sup>1539</sup> *Kyrkje* er såleis eit omgrep i dei to første koselleckske tydingane.

Kyrkjesamfunna har vore mange og ulike sidan dei første hundreåra etter Kristus og *kyrkje* har mest alle stader motsvart både *fabrica*, den fysiske bygningen – (av gresk *kyriakon*) og *forsamlinga* (av latin *ecclesia*) rundt denne.<sup>1540</sup> Den *varige* tydinga av omgrepet har såleis alltid hatt ulike empiriske motsvar – dette er ikkje noko nytt i reformasjonshundreåret, og såleis er det heller ikkje eit *nydanna* omgrep i kosellecksk tyding. Men er det ei “totalt endra” *kyrkje* me møter i kyrkjeomgrepet etter 1537? Steinar Imsen hevdar langt på veg det.

---

<sup>1536</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 122–123.

<sup>1537</sup> Kapittel 10.2.

<sup>1538</sup> Koselleck 2007: 70–71.

<sup>1539</sup> Koselleck 2007: 68–69.

<sup>1540</sup> Cinthio 1964: 607.

Kyrkjebygningen på Trondenes, *kyriakon*, er mykje godt den same, og *ecclesia*, forstått som kyrkjelyden og det store prestegjeldet, likeså – som me har drøfta fleire gonger gjennom denne avhandlinga. Men *ecclesia* i større forstand, som organisasjonen trondeneskyrkja og alle andre kyrkjer i Danmark-Noreg var ein del av, altså den institusjonelle sentralmakta *kyrkje*, var i følgje Imsen opphøyr: Reformasjonsutbrotet var eit kupp – den eine av dei to statsmaktene i mellomalderen vart sett ut av spel, og det kom ikkje ei ny kyrkje i staden. Noreg fekk inga eiga kyrkjelov før i 1607, og i den mellombelse, danske løysinga, innført i 1539, publisert i 1542, er ikkje ordet *kyrkje* nytta. “”Religionen” og “geistligheten” var det begrepsparet Christian III tydde til når de skulle beskrive nyordningens institusjonelle, funksjonelle og personalmessige aspekter.”<sup>1541</sup> I det heile nytta ikkje Christian III ordet kyrkje om anna enn kyrkjebygningar og det abstrakte, åndelege fellesskapet “som kom til uttrykk gjennom rett forkynnelse og rett sakramentsforvaltning”, slik me såg i kapittel 10.2. Det lutherske kyrkjeomgrepet var i følgje Imsen utforma i “bevisst motsetning” til det kanoniske kyrkjeomgrepet, og å prøve “å tillegge begrepet kirke institusjonelle valører er i beste fall anakronistisk, og i verste fall direkte villedende.”<sup>1542</sup>

Men er det i så fall ingen kamp mellom kyrkje og stat lenger, slik det var før reformasjonen? I Trondenes kan ein seia at før reformasjonen er kyrkje og stat klart åtskilde på toppnivå, men kanskje meir samantvovne på lokalnivå, i samspelet mellom dei verdslege og dei geistlege elitane. Gjennom reformasjonen, derimot, er dei samanknytte på toppnivå, men i større grad åtskilde på lokalnivået. Kampen er der, men han er annleis.

For ei kyrkje var framleis ein bygning, og sjølv om Christian III berre nytta det abstrakte omgrepet kyrkje om dei med den *rette* forkynninga og den *rette* sakramentsforvaltninga – noko han på ingen måte var eller er åleine om – er det i denne avhandlingas samanheng lite fruktbart å snakke om at det ikkje eksisterte ei kyrkje etter maktovertakinga i 1536–37. Ho eksisterte i teologisk forstand og ho eksisterte i fysisk forstand – og ikkje minst må både lek og lærd hatt ei formeining om at det framleis var ei kyrkje dei forholdt seg til i åndelege spørsmål. Same kva svaret på desse spørsmåla var – og kven som formidla desse. Til og med superintendenten synte jo at han på ingen måte berre var ein kongeleg embetsmann, han var

---

<sup>1541</sup> Imsen 1982: 20.

<sup>1542</sup> Imsen 1982: 20.



også ein geistleg, når han let den gamalnorske, katolske kristenretten omsetja og bruke i Trondheims stift, sjølv om det var “meget ugudeligt og imod Skriffthen uchristeligt iblant”.<sup>1543</sup>

Det er likevel ikkje uvesentleg kva omgrep kongen sjølv nytta. “Kongens allmakt omfattet også begrepene”, som Øystein Rian skriv om historieføremidlinga i Danmark-Noreg mellom 1536 og 1814.<sup>1544</sup> Sensuren var streng, og kongen tilsette “kongelege historiografar” som skulle skrive danmarkshistorie med kongane som hovudpersonar. Likevel vart stadig utkast til historieskriving forkasta gjennom 1500-talet, av omsyn til ulike kryssande interesser, men der særleg konflikten med Sverige var balansepunktet.<sup>1545</sup> Utover i einevaldstida var den dansk-norske offentlegheita sterkt kontrollert, og Rian meiner at i Danmark dominerte “selvgratulasjonene”, medan i Noreg vart merksemda stadig retta mot sagatida der nordmenn kunne hauste “laurbær som tapre krigere”. Blikket til historiografane vart altså retta attom den katolske tida, medan St. Olav ikkje lenger var ein del av legitimeringa av det etterreformatoriske riket, i motsetnad til i Sverige, der St. Erik vart verande eit symbol på det svenske kongedømet under og etter reformasjonen, skriv Rian.<sup>1546</sup> Og konkluderer: “Den katolske kirken ble derimot den store taperen i den historiske offentligheten.”<sup>1547</sup> Det var jo ikkje noko dansk-norsk offentleg tema, korkje før eller gjennom reformasjonshundreåret, om kva slags kyrkje ein ville og skulle ha. Dei katolske bispene fekk den fulle og heile skulda for anarki og elendigheit i 1536, både i Danmark og Noreg, og i ”den offisielle historiefortellingen om reformasjonen ble det også fortidd at kirken hadde vært bærebjelken i det norske samfunnet i seinmiddelalderen”. Kongen var Guds mann, som hadde reinska ut papistisk vranglære, og til han og Luthers pris vart det iscenesett store jubileumsfeiringar gjennom 1600- og 1700-talet – som ”bidrog til en frenetisk hyllest av lutherdommen”.<sup>1548</sup> Særleg reformasjonsjubileet i 1617 – 100 år etter Luthers Wittenberg-tesar, “satte fart i ensrettingen av tankelivet i Danmark-Norge”.<sup>1549</sup>

Slik einsretting – og feiring – må etterkvart ha påverka det erfaringsrommet og den forventingshorisonten som var knytt til kva ei kyrkje var og skulle vera. Christian IV retta blikket framover – *beint* framover. Der universiteta og kyrkja i seinmellomalderen var i eit

---

<sup>1543</sup> Kolsrud 1917: 196.

<sup>1544</sup> Rian 2013: 72.

<sup>1545</sup> Rian 2013: 73, 75–77.

<sup>1546</sup> Rian 2013: 83.

<sup>1547</sup> Rian 2013: 89.

<sup>1548</sup> Rian 2013: 71.

<sup>1549</sup> Rian 1997: 370.

fruktbart og mangfaldig spenningsfelt mellom pavemakt og fyrstemakt, blir dei etter reformasjonen underlagde kongen i det lutherske statssystemet. Gjennom heile seinmellomalderen var den katolske kyrkja – også etter Gratian og gregoriansk reform – prega av ein kontinuerleg kanonisk rettsdiskurs og meir open for divergerande teologiske synspunkt, enn den evangelisk-lutherske vart utover på 1500-talet. Luther sjølv kunne oppstå *innanfor* dei mellomalderlege, katolske rammene. Men kongane i den dansk-norske lutherdomen mana til varsemd i den religiøse utforskinga når dei først hadde gjennomført endring – "undøvendige intellektuelle debatter (...) skapte bare splid og ufred. Religionstolkningen skulle være enkel og følge i sentrale lutherske spor."<sup>1550</sup> Sjølv om reformasjonen også førde med seg sentrale humanistiske tankar til Noreg, til dømes med Philip Melanchthons skolereform,<sup>1551</sup> blir det heller ikkje for desse ideane sterke vokstervilkår når kongemakta strammar grepet om religionstolkninga utover mot sekelskiftet. Og sjølv om altså reformasjon som omgrep ikkje vart nemneverdig brukt før 1600, og einsrettinga og ortodoksien starta for fullt først med Christian IV, må oppfatninga av *at det var ei endring* ha prega det "reformatoriske medvitet" allereie gjennom reformasjonshundreåret på ein slik måte at erfaringsrommet vart mindre viktig.

Om me igjen går til sjølve reformasjonsomgrepet, ser me at opphavet til dette – det latinske verbet *reformare* – opp gjennom tida endra tyding frå "fysisk forvandling, endring og gjerne uttrykkjeleg endring til det betre" til å etterkvart innehalde ein forfallsdimensjon og ynske om ei attervending til (betre) tider som hadde vore.<sup>1552</sup> Kongen ville nok gjerne at reformasjonsmedvitet vart fylt med det første; "endring til det betre". Men ein kan like mykje hevde at Luthers lære ville fylle reformasjonsmedvitet med "endring attende til noko betre som hadde vore" – han gjekk til kjeldene, *sole scriptura* på originalspråka, og han ville ta frå kyrkjefedrane og presteskapet tradisjonen og makta dei hadde bygt opp i kyrkja sidan Jesu tid. Difor snakka han også om ei *usynleg* kyrkje med eit presteskap av *alle* truande. Men kongens allmakt var som sagt også over omgrepa, og i Danmark-Noreg vart kongens makt i den nye staten ei viktigare rettesnor enn Luthers lære.

No kan det med god grunn innvendast at asymmetri i forholdet mellom usikkerheit om framtida og den erfarte kjennskapen til fortida er eit generelt og allment fenomen og må ha

---

<sup>1550</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 11, 22.

<sup>1551</sup> Rørvik 1998: 183.

<sup>1552</sup> Wolgast 1984: 313f.

prega fleire periodar i menneskas levetid – til dømes kan ikkje forventingshorisonten ha sett så lysteleg ut for dei som levde gjennom svartedauden og påfølgjande pestbølger. Ja, kanskje er usikkerheit om framtida eit konstant trekk, for ein er einast trygg på det ein kjenner og dei gongene forventingshorisonten blir tematisert, så er det som ein reaksjon på noko ein *ikkje* ynskjer. Dét standpunktet går i så fall rett inn i drøftinga av reformsjonsomgrepet; var “reformasjon” eit ønske om endring til noko betre eller til noko betre som hadde vore? Endring til kva slags betre – eller verre – vil variere alt etter kor nært ein fekk kjenne på den teologiske og kyrkjeorganisatoriske nyordninga, men eg trur det er liten grunn til å tvile på at det “reformatorisk medvitte” må ha vore fylt med ei oppfatning av endring. Og at denne oppfatninga må ha innehalde eit element av at verda som dei kjende ho ikkje lenger var den same, og såleis var eit slags førevarsel om ei ny tid. Den såkalla salingstida til Koselleck kjem ikkje før 200 år seinare, men det må ha vore ein veksande asymmetri mellom erfaringsrom og forventingshorisont allereie på 1500-talet.

### 13.3 Reformasjonen – starten på salingstida?

Kan me såleis, som me stilte spørsmål om i kapittel 1.2, sjå teikn til denne salingstida allereie i reformasjonshundreåret? Med dei brota som skjer, over kortare eller lengre tid, blir ikkje asymmetrien mellom dei samla erfaringane og det menneska kan forvente seg framover større og større? Eller er det meir fruktbart å sjå det som ein ansats, eit frampeik til salingstida, som på eit vis retarderer att på det konfesjonelt konsoliderte, men krigande 1600-talet,<sup>1553</sup> før det for fullt akselererer med opplysningstida?

På mange vis kan ein jo seia at humanistisk reformkatolisisme og renessanse i seinmellomalderen var like frampeikande mot det moderne, som det den lutherske ortodoksien som festa seg ved inngangen til 1600-talet var. Likevel kan ein hevde argument for at reformasjonen er starten på salingstida i og med brotet med pavekyrkja og allmenngjeringa av Guds ord. Ny teologi er éin ting – det hadde skjedd bølgevise endringar i kyrkjas tru og lære gjennom heile hennar historie – men det å bryte med Guds ufeilbarlege representant på jorda, kan verke som eit radikalt brot og ein medverkande faktor til framveksten av ei sekulariserande opplysningstid. Sjølv om pavedømet var forvittra utover i seinmellomalderen, var ikkje paven fjernare enn at både lek og lærd frå ytterkantane av kyrkjeverda tok turen til Roma med både åndelege og materielle saker som berre han og

---

<sup>1553</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 23.

kurien kunne ordne opp i.<sup>1554</sup> På den andre sida opphøgde dei etterreformatoriske kongane seg til svimlande høgder, og difor er det ikkje sikkert at ein konge innsett av Gud vart sett på så mykje annleis enn ein pave utpeikt av Gud. Men det at Guds ord kunne lesast og tolkast av alle – av prestskapet av alle truande, utan ein formidlande geistleg elite – var kanskje alt i alt det mest radikale brotet.

Det fremste og næraste uttrykket for reformasjonen i Trondenes var likevel superintendenten – gjennomføringa av den statsrettslege og kyrkjelege nyordninga kvilte på akslene hans. Der Nidaros før reformasjonen var det åndelege sentrumet i Noreg, er det i Oslo og Bergen dei nye tankane og den nye tida gjer sitt fremste inntog utover 1500-talet. Nidaros går frå å vera eit åndeleg sentrum til å bli ein åndeleg utpost. Sjølv om superintendenten viste seg på mange måtar å også vera ein kyrkjeleiar, meir “geistleg” enn sine katolske forgjengarar, var han først og fremst ein statstenestemann.<sup>1555</sup> Den teologiske aktiviteten til dei nye superintendentane sette ikkje spor etter seg på same måten som kollegaene deira lenger sør. Etter Hans Mogenssøn er det bevart nokre preiker, og Isak Grønbech var ein salmediktar av eit visst format.<sup>1556</sup> Han var også aktiv deltakar i utforminga av utkastet til den nye kyrkjeordinansen i 1604 (som kongen forkasta).<sup>1557</sup> Me veit ikkje korleis deira teologiske og intellektuelle kapasitet stimulerte åndslivet i Nidaros, men det provoserte korkje til motreformasjon eller kryptokalvinisme i det store stiftet. Religionstolkinga til dei reformerte med Jean Calvin i spissen – dei som gjekk vegen lenger enn Luther og Melanchthon – vart utover på 1500-talet av mange oppfatta som meir moderne, meir nyttig og effektiv, noko som gjorde at fleire og fleire verdslege fyrstar – som hadde funne seg godt til rette med Luthers lære om *cujus regio, eius religio* – etter kvart gjekk over til den reformerte kyrkja. Så mange omvendingar var det, at det i nyare forsking har fått namnet ”den andre reformasjonen”.<sup>1558</sup> Dette vart den store utfordringa for protestantismen i Danmark-Noreg fram mot sekelskiftet. Sigeren mot katolikkane vart sett på som vunnen tidleg på 1500-talet, men ”den reformerte fristelsen”<sup>1559</sup>, med bidrag frå eins eigne intellektuelle, vart i høgste grad ei utfordring for dei evangelisk-lutherske regentane i kongeriket. I Danmark bølga den *pågåande kampen*, på tvers av landegrensene, om det konfesjonelle innhaldet i reformasjonen fram og attende gjennom 1500-talet. Dei protestantiske områda var ein felles bok- og intellektmarknad, og

---

<sup>1554</sup> Sakse Gunnarsson og familien – og alle supplikane me finn i Pønitiensariat-arkivet er døme på det.

<sup>1555</sup> Imsen 1982: 146.

<sup>1556</sup> Ellingsen 2010: 61–82, Lysaker 1987(a): 113.

<sup>1557</sup> Kolsrud 2007: 189. Sjå òg kapittel 11.4.

<sup>1558</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 124–125.

<sup>1559</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 119–151.

konfesjonsgrensene var ikkje uoverstigelege. Og dei reformerte var i føringa intellektuelt sett. Men denne store, intellektuelle slagmarka, som visuelt toppa seg med valdsame biletstormingar der altertavler og anna kyrkjekunst vart rive ut or kyrkjene og brende på torgbål – fann ein heller lite av i Noreg, med unntak av den såkalla biletstriden<sup>1560</sup> og ein viss åndeleg opposisjon i Bergen<sup>1561</sup>, og ingenting av i Trondenes. Kyrkjekunsten – med sitt omfattande helgenikonografiske program – vart verande. Omfanget av altartavler vart rett nok redusert – frå truleg åtte til tre – men om dei fem fann vegen ut i annekskyrkjene (der sume av dei er attfunne og står i dag) av di superintendentane ville gjera trondeneskyrkja mindre ikonisk, er uvisst. Truleg var det like mykje pragmatiske årsaker – han hadde vedlikehaldsplikta for desse kyrkjene.

Superintendenten var på same tid gamal, som dekan og i praksis bisp, på same tid ny, som (dansk) statstenestemann. Men også i Trondheim stift vart superintendenten den fremste representanten for gruppa av luthersk-evangeliske geistlege som “danner utgangspunktet for den nye embetsstanden”.<sup>1562</sup> Såleis kan sjølve superintendentombodet sjåast som eit varsel om ei salingstid. Oppløysinga av prestekollegiatet på Trondenes likeså. Det var ein uunngåeleg konsekvens av nyordninga – sekulære fellesskap som det kjernefamilien gav, såg ut til å vera å føretrekkje, både administrativt og ideologisk, framfor åndelege prestefellesskap. Kollegiatprestane som braut opp frå Trondenes og flytta ut i annekskyrkjene vart såleis døme på den individualiseringa som kom for fullt med reformasjonen – saman med allmenngjeringa av Guds ord og Bibelen åleine – *sole scriptura* – som rettesnor for presteskapet av alle truande.

Men det var langt fram til den demokratiseringa og etterkvart moderniseringa som følgde av denne individualiseringa. Christian IVs regime vart rett nok moderniserande på samfunnet, men det var totalitært og einsrettande også.<sup>1563</sup> Det kunne difor for så vidt framleis vera *utakt* utover 1600-talet, med ulike rasjonalitetar og tilsynelatande anakronistiske motsetnader, men 1600-talet blir alt i alt for vanskeleg å få til å passe inn i ei tidleg salingstid. Me må nok difor slå oss til ro med at reformasjonshundreåret ikkje var den spede starten på salingstida, men, i etterpåklokskapens klåraste ljøs, eit frampeik, ei proto-salingstid.

---

<sup>1560</sup> Gilje og Rasmussen 2001: 153–165.

<sup>1561</sup> Rørvik 1998: 200–201.

<sup>1562</sup> Imsen 1982: 291.

<sup>1563</sup> Rian 2004(a): 9; Imsen 1982: 293.

Men *utaktshundreåret* kan me godt halde fast ved som merkelapp på det lange 1500-talet – over heile Nord-Europa. Og om ein skulle snakke om ei særleg utakt i Trondenes, som antyda tidleg i dette kapitlet, måtte det i så fall liggje i det institusjonelle særmerket med kannikgjeldet som stod ved lag til 1731, den endra økonomiske situasjonen i nord, delvis som resultat av, delvis uavhengig av maktovertakinga og den ukristna samiske utfordringa. Altså utakt både på det politisk-administrative, det økonomiske og det åndelege planet.

Som me såg i kapittel 11 brukte kongen reformasjonshundreåret på å statstilknytte delar av den samiske befolkninga, men å kristne dei kom altså i andre rekke. Å innlemme og synleggjera samane innanfor dei geistlege og dei verdslege grensene var først og fremst viktig av politiske og økonomiske årsaker, deretter kom dei religiøse. Kan me med andre ord seia at dét er kvintessensen av reformasjonen i nord? Først politikk og økonomi, deretter religion? Steinar Imsen ville meine det: “Innføringa av den kyrkjeleg-politiske reformasjonen var ei erobring av erkestiftet. Og det har ingenting med religion å gjera.”<sup>1564</sup> Perspektivet hans er at det overhovedet ikkje var nokon åndeleg reformasjon i starten – noko eg meiner er ein gyldig analyse for Trondenes kannikgjeld også, gjennom størstedelen av reformasjonshundreåret.

---

<sup>1564</sup> Innleiing under “Reformasjonsseminaret” på Tromsø museum Universitetsmuseet, 30. mars 2011.

## Vedlegg 1: Sokneprestar, dekanar, superintendentar, erkebispar og kongar

<i>Sokneprest</i>	<i>Også kjent som</i>	<i>Erkebisp</i>	<i>Konge</i>
<b>Audun Torbergsson Raude</b> (oml 1280?–1313/1323)	kannik i Nidaros (før 1277–1313/1323) bisp til Holar (1313–1323)	<b>Jørund</b> (1287–1302/09) <b>Eiliv</b> (1309/11–1331/32)	<b>Eirik 2. Magnusson</b> (1289–1299) <b>Håkon 5. Magnusson</b> (1299–1319)
---		<b>Pål</b> (1333–1346) <b>Arne</b> (1346–1349) <b>Olav</b> (1350–1370) <b>Trond</b> (1371–1381) <b>Nicolaus Rusare</b> (1382–1385/86)	<b>Magnus 7. Eriksson</b> (1319–1355(43)) <b>Håkon 6. Magnusson</b> (1355(43)–1380) <b>Olav 4. Håkonsson</b> (1380–1387)
<b>Eskil</b> (–1404)	kannik i Nidaros	<b>Vinald Henriksson</b> (1386–1402)	<b>Margrethe</b> (1388–1412)
<b>Johannes de Bortzow Nicolaus Rugemann</b>		<b>Eskil</b> (1404–1428)	<b>Erik av Pommern</b> (1389–1436(42))
<b>Svein Eriksson</b> (1430–1480)	dekan i Nidaros	<b>Aslak Bolt</b> (1430–1450) <b>Henrik Kalteisen</b> (1452–1458) <b>Olav Trondsson</b> (1458–1474)	<b>Kristoffer av Bayern</b> (1441–1448) <b>Karl Knutsson Bonde</b> (1449) <b>Christian 1.</b> (1450(49)–1481)
<b>Trond Ivarsson</b> (1480–1492)	dekan i Nidaros	<b>Gaute Ivarsson</b> (1475–1510)	<b>Hans</b> (1483–1513)
<b>Sakse Gunnarsson</b> (1492–1506)	dekan i Nidaros		
<b>Peter Jonsson Stut</b> (1506–1515)	dekan i Nidaros	<b>Erik Valkendorf</b> (1510–1522)	
<b>Olav Engelbrektsson</b> (1515–1522)	dekan i Nidaros		<b>Christian 2.</b> 1513–1523
<b>Erik Jonsson</b> (1523–1527)	dekan i Nidaros	<b>Olav Engelbrektsson</b> (1523–1537)	<b>Fredrik 1.</b> (1523–1533)
<b>Knut Pedersson</b> (1527–1538)	dekan i Nidaros	<i>Superintendent/bisp</i>	
<b>Torbjørn Olavsson Bratt</b> (1538–1548)	dekan i Trondheim	<b>Torbjørn Olavsson Bratt</b> (1546–1548)	<b>Christian 3.</b> (1536–1559)
<b>Hans Gaas</b> (1549–1578)	dekan i Trondheim	<b>Hans Gaas</b> (1549–1578)	<b>Fredrik 2.</b> (1559–1588)
<b>Hans Mogensson</b> (1578–1595)	dekan i Trondheim	<b>Hans Mogensson</b> (1578–1595)	<b>Christian 4.</b> (1588–1648)
<b>Isak Grønbech</b> (1598–1617)	dekan i Trondheim	<b>Isak Grønbech</b> (1598–1617)	
<b>Anders Arrebo</b> (1618–1622)	dekan i Trondheim	<b>Anders Arrebo</b> (1618–1622)	

<b>Peder Schjelderup</b> (1622–1642)	dekan i Trondheim*	<b>Peder Schjelderup</b> (1622–1542)	
<b>Erik Bredal</b> (1643–1672)		<b>Erik Bredal</b> (1643–1672)	<b>Fredrik 3.</b> (1648–1670)
<b>Arnoldus de Fine</b> 1672		<b>Arnoldus de Fine</b> 1672	<b>Christian 5.</b> (1670–1699)
<b>Erik Pontoppidan</b> 1673–1678		<b>Erik Pontoppidan</b> 1673–1678	
<b>Kristoffer Schletter</b> 1679–1688		<b>Kristoffer Schletter</b> 1679–1688	
<b>Peder Krog</b> 1688–1731		<b>Peder Krog</b> 1688–1731	<b>Fredrik 4.</b> (1699–1730)

\* Det er usikkert kor lenge dekan/-atet – som tittel og økonomisk eining – var i bruk. Jf Dybdahl (1979: 167, 169) var tittelen og den økonomiske eininga i alle fall i bruk i 1625 (“Presternis indkomst vdi Trundhiembs Stigt”:  
[http://arkivverket.no/URN:db\\_read/db/39910/4/](http://arkivverket.no/URN:db_read/db/39910/4/) )



## Vedlegg 2: Tiend- og landskuldinntekter

Tiend- og landskuldinntekter til kannikgjeldet og kongen (inkludert gamalt erkebispe- og klostergoods) gjennom og etter reformasjonen.

KA=kannikgjeldet

KO=kongen

	1567	1589	1625/1628	1644/1647/1648	1661/1666
<b>KA-landskuld</b>		164v fisk	164v fisk	177v fisk / 160v 0,5pd fisk / 165v fisk	185v fisk/ 187v fisk (172v 22m + 9v 1,5pd 6m i engslette- og grasleige)
	<b>1567</b>			<b>1647</b>	<b>1661</b>
<b>KO-landskuld</b>	<b>Konge:</b> 3 laup 1 pd 6 mark smør 109 våg 0,5 pd 4 mark fisk <b>Stift</b> (gamalt erkebispegods): 0,5 laup smør 20,5 våg 0,5 pd 4 mark fisk			<b>Konge m/Giske:</b> 170v 1pd (stift 23v 1pd og Giske 14v) <b>Bakke kloster:</b> 49v ---- <b>Resten jf SM 1647:</b> <b>Bispen:</b> 160v 0,5pd <b>Domkap:</b> 13,5v 1pd <b>Adel:</b> 43v 2pd <b>Odel:</b> 47,5v <b>Lokalkyrkje:</b> 1v 1pd (alt i våg fisk)	<b>Krongods:</b> 166v fisk
		<b>1589</b>	<b>1625/1628</b>	<b>1644/1643-46</b>	<b>1666</b>
<b>KA-tiend</b>		fisk 266-900v rav 60-120v rekling 10k korn 21-60t ost 12v kval, kobbe	fisk 400v rav 60v korn 37/27t ost 12v	fisk 400v / 350v rav 40v korn 27t ost 12v	fisk 700v korn 27t ost 12v
	<b>1567</b>		<b>1611-1630</b> (gj.snitt)	<b>1646</b>	
<b>KO-tiend</b>	69t korn 8v ost 249v fisk		29,7t korn 8,16v ost 309,6v fisk	12,17 t korn 6,83 v ost 150,5 v fisk	
v=våg, pd=pund, l=laup, m=mark, k=kippe, t=tønne <b>1567, 1611-1630, 1646, 1648:</b> lensrekneskap, <b>1589:</b> <i>Trondhjems reformats</i> , <b>1625:</b> "garnisonsskatten 1626", <b>1628&amp;1644:</b> Trondheims domkapittelbok, <b>1643-1645:</b> bisp Bredal sin gj.snittssum, nedskrive i 1666 ( <i>Trundenes Jordbog</i> ), <b>1647:</b> skattematrikkelen, <b>1661:</b> landkommisjonens jordebok, <b>1666:</b> <i>Trundenes Jordbog</i>					

### Vedlegg 3: Liste over figurar

- Figur 1: Kart over Trondenes kannikgjeld (kap 1)
- Figur 2: Trondenes i det nordafjellske (kap 1)
- Figur 3: Kart over kannikgjelda (kap 2)
- Figur 4: Prestar i trondeneskyrkja før svartedauden (kap 2)
- Figur 5: Kart over Trondenes kannikgjeld (kap 2)
- Figur 6: Jordeigedomstilhøva ved reformasjonsutbrotet (kap 4)
- Figur 7: Superintendentens landskuldinntekter frå Trondenes kannikgjeld (kap 4)
- Figur 8: Superintendentens (og kongens) tiendinntekter frå Trondenes kannikgjeld (kap 4)
- Figur 9: Kongens landskuldinntekter i Senja len (kap 4)
- Figur 10: Kongens tiendinntekter i Senja len (kap 4)
- Figur 11: Fire grunnformer for felt (kap 5)
- Figur 12: Trond Ivarsson-slekta (kap 8)
- Figur 13: Sakse Gunnarsson og familien hans (kap 8)
- Figur 14: Sakse Gunnarsson-innskrivinga i *Liber fraternitatis* (kap 8)
- Figur 15: Ei slektstavle etter Aslak Jonsson og fru Guro (kap 8)
- Figur 16: Slegtene til Gertrud Jensdotter og Aslak Gunnarsson (kap 8)
- Figur 17: Utsnitt av slektstavla etter Aslak Jonsson og fru Guro (kap 8)
- Figur 18: Jens Olsson og Marita – søsken eller ektepar? (kap 8)
- Figur 19: Jekteskipperar og setesveinar i Senja før reformasjonen (kap 9)
- Figur 20: Slekta til Olav Engelbrektsson (kap 9)
- Figur 21: Støttespelarar til erkebispen våren 1537 (kap 10)
- Figur 22: Domkapittelgoods (kap 11)
- Figur 23: Jekteskippergardar (kap 11)
- Figur 24: Trondenes kannikgjeld i *Trondhjems reformats* (kap 11)
- Figur 25: Andre kannikgjeld i *Trondhjems reformats* (kap 11)
- Figur 26: Trolldomssaker i nord mellom 1593–1695 (kap 11)
- Figur 27: Feltet Trondenes om lag 1400 (kap 12)
- Figur 28: Feltet Trondenes om lag 1520 (kap 12)
- Figur 29: Feltet Trondenes om lag 1620 (kap 12)

## Litteratur og kjelder

- AB = *Aslak Bolts jordebok*. Utg. ved Jørgensen, Jon Gunnar. Oslo 1997.
- Akiander, Matth.: "Utdrag ur ryska annaler", i *Suomi, Tidskrift i fosterländska ämnen*, vol. 8 (1848). Helsingfors 1849, side 1–284.
- Amundsen, Arne Bugge: "Aksidenser" i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004.
- Amundsen, Arne Bugge: "Dynamikk og dynasti. Norsk luthersk reformasjon og geistlige strategier" i Amundsen, Arne Bugge og Henning Laugerud (red.): *Religiøs tro og praksis i den dansk-norske helstat fra reformasjonen til opplysningstid, ca. 1500–1814*. Bergen 2010.
- Amundsen, Arne Bugge og Brita Pollan: *Norges religionshistorie*. Universitetsforlaget 2005.
- Amundsen, Arne Bugge og Henning Laugerud: "Innledning" i Amundsen, Arne Bugge og Henning Laugerud (red.): *Religiøs tro og praksis i den dansk-norske helstat fra reformasjonen til opplysningstid, ca. 1500–1814*. Bergen 2010.
- Andersen, Per Sveaas: "Sysselmann", KLN VII. 1972.
- Andersson, Catharina: *Kloster och aristokrati. Nunnor, munkar och gåvor i det svenska samhället till 1300-talets mitt*. Avhandlingar från Historiska institutionen, Göteborgs universitet 49. 2006.
- Andersson, Lars: "Sankt Olavsmärken och pilegrimskrus i Skandinavien" i Rumar, Lars (red.): *Helgonet i Nidaros. Olavskult och kristnande i Norden*. Skrifter 3. Riksarkivet i Stockholm 1997.
- Andreassen, Reidun Laura og Håvard Dahl Bratrein: "Finnmark, Bjarkøy and the Norwegian Kingdom" i Olsen, Bjørnar, Przemysław Urbańczyk and Colin Amundsen (eds.): *Hybrid Spaces. Medieval Finnmark and the Archaeology of Multi-Room Houses*. Oslo 2011(a).
- Andreassen, Reidun Laura og Håvard Dahl Bratrein: "Finnmark between the East and the West" i Olsen, Bjørnar, Przemysław Urbańczyk and Colin Amundsen (eds.): *Hybrid Spaces. Medieval Finnmark and the Archaeology of Multi-Room Houses*. Oslo 2011(b).
- Asdal, Kristin, Kjell Lars Berge, Karen Gammelgaard, Trygve Riiser Gundersen, Helge Jordheim, Tore Rem og Johan L. Tønnesson: *Tekst og historie. Å lese tekster historisk*. Universitetsforlaget 2008.
- Bagge, Sverre: *Den kongelige kapellgeistlighet 1150–1319*. Bergen–Oslo–Tromsø 1976.

- Bagge, Sverre: *Fra knyttneve til scepter: Makt i middelalderens Norge*. Bd. 67, *Makt- og demokratiutredningen 1998–2003: Rapportserien*. Oslo: Makt- og demokratiutredningen 2003(a).
- Bagge, Sverre: “Den heroiske tid – kirkereform og kirkekamp 1153–1214” i Imsen, Steinar (red.): *Ecclesia Nidrosiensis 1153–1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*. Nr 15 i *Skrifter* frå Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim 2003(b).
- Bakervik, Jørn: ”– til sin sjels frelse – En analyse av sjelegaver i Gjerpen og Oslo prosti med basis i Biskop Eysteins jordebog.” Mastergradsavhandling i historie. Universitetet i Tromsø 2005.
- Bang, Anton Chr.: *Den norske Kirkes Historie i Reformations-Aarhundredet (1536–1600)*. Kristiania 1895.
- Bang, Anton Chr.: *Den norske kirkes geistlighed i reformations-aarhundredet (1536–1600). Biografiske, kulturhistoriske og kirkehistoriske oplysninger*. Kristiania 1897.
- Bardal, N. (red.): *Trondenes kirke*. Harstad 1930.
- Berg, Sigrun Høgetveit: ”Kristenrettspraksis i norsk seinmellomalder.” Hovudoppgåve i historie. Universitetet i Tromsø 2004.
- Berg, Sigrun Høgetveit: “Ei romaferd frå nord?” i *Ottar*, 3/2011.
- Berg, Sigrun Høgetveit, Dikka Storm og Rognald Heiseldal Bergesen: ”Kva slags reformasjon? Om religionsskifte i eit fleirreligiøst landskap” i Hansen, Holt og Imsen: *Nordens plass i middelalderens nye Europa. Samfunnsomdanning, sentralmakt og periferier*. Orkana akademisk 2011.
- Bergesen, Rognald Heiseldal: “Birgitta-skapet i Trondenes kirke” i *Ottar*, 3/2011(a).
- Bergesen, Rognald Heiseldal: *Sangere i det himmelske Jerusalem. Funksjonsanalyser av middelalderinventaret i Trondenes kirke*. Ph.d.-avhandling. Universitetet i Tromsø 2011(b).
- Bergsgård, Arne: “Olav Engelbriktsson 1523–1537” i Fjellbu, Arne m.fl.: *Nidaros erkebispesetol og bispesete 1153–1953. Bd 1*. Oslo 1955.
- Bertelsen, Reidar: ”Tørrfisk, kultur og samfunn i nordnorsk mellomalder” i *Håøygminne*, 3/1993.
- Bertelsen, Reidar: “Tilkomsten av fiskevær, med særlig blick på kysten mellom Vestfjorden og LoppHAVet” i Hansen, Holt og Imsen: *Nordens plass i middelalderens nye Europa. Samfunnsomdanning, sentralmakt og periferier*. Orkana akademisk 2011(a).

- Bertelsen, Reidar: "Vågar som regional og nasjonal arena fra 1000- til 1400-tallet" i *Ottar*, 3/2011(b).
- Bjørkvik, Halvard: "Bygsel", *KLNM* II. 1957.
- Bjørkvik, Halvard: "Gästning", *KLNM* VI. 1961.
- Bjørkvik, Halvard: "Veitsle", *KLNM* XIX. 1975.
- Bjørkvik, Halvard: *Folketap og sammenbrudd 1350–1520*. Bd 4 i Aschehougs norgeshistorie. Oslo 1996.
- Bjørkvik, Halvard og Andreas Holmsen: *Kven åtte jorda i den gamle leigendingstida? Fordelinga av jordeigedomen i Noreg i 1661*. Trondheim 1972.
- Blom, Grethe Authén: "Geistlighetens handel", *KLNM* V. 1960.
- Blom, Grethe Authén: *Hellig Olavs by. Middelalder til 1537. Trondheims historie 997–1997*. Universitetsforlaget 1997.
- Bourdieu, Pierre: *Kultursociologiska texter*. Lidingö 1986.
- Bourdieu, Pierre: "Legitimation and structured interests in Weber's sociology of religion" in Lash, Scott and Sam Whimster: *Max Weber, rationality and modernity*. London 1987.
- Bourdieu, Pierre: "Genesis and structure of the religious field" in Calhoun, Craig (ed.): *Comparative Social Research*. Volume 13. 1991
- Bourdieu, Pierre og Wacquant Loïc J. D.: *Den kritiske ettertanke*. Det Norske Samlaget. Oslo 1995.
- Bourdieu, Pierre: "De symbolske goders økonomi" i *Symbolsk makt*. Pax forlag. Oslo 1996.
- Bourdieu, Pierre: *Meditasjoner*. Oslo 1999.
- Bourdieu, Pierre: "Kapitalens former" i *Agora* nr. 1-2, 2006.
- Bratberg, Terje: "Svein Eriksson" i Bry–Ernø, band 2 av *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2000.
- Bratberg, Terje T.V.: *Trondheim byleksikon*. 2. utg. Oslo 2008.
- Bratrein, Håvard Dahl: "Befolkningsforhold og kirkebygging nord for Malangen i eldre middelalder" i *Håløygminne*, bd 13/1970.
- Bratrein, Håvard Dahl: *Fra steinalder til år 1700*. Band 1 i *Karlsøy og Helgøy bygdebok*. *Folkeliv, næringsliv, samfunnsliv*. Hansnes 1989.
- Bratrein, Håvard Dahl og Einar Niemi: "Inn i riket. Politisk og økonomisk integrasjon gjennom tusen år" i Drivenes, Einar-Arne, Marit Anne Hauan og Helge A. Wold (red.): *Nordnorsk kulturhistorie, Bind 1. Det gjenstridige landet*. Oslo 1994.
- Bratrein, Håvard Dahl: "Fisken og samfunnet. Perspektiv på nordnorsk fiskerinæring i middelalderen" i Bjørn-Petter Finstad, Anders Haaland og Vera Schwach (red.): *En av*

- landets betydeligste Næringsveie*”, *Fiskenettet – nettverk i fiskerihistorie. Rapport fra et fiskerihistorisk seminar ved Norges Fiskerimuseum i Bergen 2.–3. november 1998*. Institutt for historie, Universitetet i Tromsø 2000.
- Bratrein, Håvard Dahl: “Portrett av en “setesvein”, Per Hemmingsen, Sandvær i Tromsen len” i *Håløygminne*, 2/2003.
- Bratrein, Håvard Dahl: ”Bondelut, vargtoll og tiendkanne. Litt om tiendeforholda i Nord-Norge i eldre tid” i *Håløygminne*, 3/2004(a).
- Bratrein, Håvard Dahl: “Russisk okkupasjon av Finnmark på 1400-tallet?” i *Håløygminne*, 2/2004(b).
- Bratrein, Håvard Dahl: ”Landvare”, ”Tiend. Nord-Norge”, ”Tiendekanne” og ”Vargtoll” i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(c).
- Bratrein, Håvard Dahl: ”Den opprørske landsdel. Nord-Norge og Reformasjonen i 1537” i *Håløygminne*, 3/2007.
- Bratrein, Håvard Dahl: “Norge, Nord-Norge og Novgorod.” Upublisert manus.
- Braudel, Fernand: *La Mediterranee et le monde mediterraneen a l'epoque de Philippe II*. Paris 1949.
- Brendalsmo, Jan: *Kirkebygg og kirkebyggere: Byggherrer i Trøndelag ca. 1000–1600*. Dr.philos-avhandling. Universitetet i Tromsø 2001.
- Brendalsmo, Jan: ”Prestebol og prestegjeld” i Imsen, Steinar (red.): *Den kirkehistoriske utfordring*. Trondheim 2005.
- Broady, Donald: *Sociologi och epistemologi. Om Pierre Bourdieus författarskap och den historiska epistemologin*. Stockholm 1990.
- Brodahl, Johannes E.: "Dekanen Svein Eriksson. En trøndersk kirkefyrste paa 1400-tallet." i *Trondhjemiana*. Trondhjem historiske forening 1925.
- Brohed, Ingmar (red.): *Reformationens konsolidering i de nordiska länderna 1540–1610*. Universitetsforlaget 1990.
- Brox, Arthur: *Berg og Torsken bygdebok. Bind II. Bygdehistoria*. Tromsø 1965.
- Brunner, O., W. Conze und R. Koselleck: *Geschichtliche Grundbegriffe*. Band 5, Pro– Soz. Klett-Cotta c1972–c1997.
- Bruun, Henry: *Poul Laxmand og Birger Gunnarsen. Studier over dansk politik i årene omkring 1500*. København 1959.
- Bugge, Alexander: *Erkebiskop Henrik Kalteisens Kopibog*. Christiania 1899.
- Bøe, Arne: “Kristenrettar” i *KLNM IX*. 1964.

- Calhoun, Craig: "Habitus, Field, and Capital: The Question of Historical Specificity" in Calhoun, Craig, Edward LiPuma and Moishe Postone (eds.): *Bourdieu: Critical Perspectives*. Polity Press 1993.
- Christian IV* = Kong Christian IVs NORSKE LOVBOG, 1604. Tilrettelagt for internett av Prosjekt for nettbaserte hovedfagsstudier (PNH) på grunnlag av avfotografering og opptrykk ved Norsk historisk kjeldeskrift-institutt. Den rettshistoriske kommisjon, Oslo 1981. <http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr4web/index.html>
- Cinthio, Erik: "Kyrka" i *KLNM* IX. 1964.
- Daa, Kaas og Arrebo 1620 = NRA, Danske kanselli, skåpsaker, skåp 14, pk. 157, litra F.
- Daae, Ludvig: *Trondhjems Stifts geistlige Historie. Fra Reformationen til 1814*. Trondhjem 1863.
- Daae, Ludvig: "Matrikel over Nordiske Studerende ved Universitetet i Köln i det Sextende Aarhundrede" i *Historisk Tidsskrift*, 1. rekke, 3 bd. Oslo 1875.
- Daae, Ludvig: *Matrikler over Nordiske Studerende ved fremmede Universiteter*. Christiania 1885.
- Daae, Ludvig: *En krønike om Erkebiskopperne i Nidaros*. Trondhjem 1897.
- Daae, Ludvig: "Nogle Bidrag til Olaf III Engelbrektssons Historie" i *Historisk tidsskrift*, 4. rekke, 4 bd. Oslo 1907.
- De Angelis, Pietro: *L'ospedale di Santo Spirito in Saxia. Vol II – dal 1301 al 1500*. Roma 1962.
- DN = Diplomatarium Norvegicum Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen*. Redigert av Christian Christoph Andreas Lange, Carl Richard Unger, Henrik Jørgen Huitfeldt-Kaas, Gustav Storm, Alexander Bugge, Christoffer Brinchmann, Oluf Kolsrud, Hallvard Magerøy, Ferdinand Linthoe Næshagen og Tor Ulset. 23 bd. Christiania/Oslo: Norsk historisk Kjeldeskrift-Institutt, 1847–2011.
- Dybdahl, Audun: *Jordeiendomsforhold og godseiere i Trøndelag fra Aslak Bolt til Landkommisjonen*. Doktorgradsavhandling. Universitetet i Trondheim 1979.
- Dybdahl, Audun: *Jordeiendomsforhold og godseiere i Trøndelag. Fra Aslak Bolt til landkommisjonen*. Temaskrifter nr 4, Steinkjer museum. Steinkjer 1989.
- Dybdahl, Audun: "Proveniensen til erkesetets gods i Trøndelag. Hva kan Aslak Bolts jordebok fortelle?" i Haarstad, Kjell m.fl. (red.): *Innsikt og utsyn, festskrift til Jørn Sandnes*. Trondheim 1996.

- Dybdahl, Audun: *Leidangen i Frostatingslagen og Trondheim len. Skattelisten 1590/91 i en historisk kontekst. Med noen kompletteringer*. Trondheim 2001.
- Dybdahl, Audun: "Nidaros erkesetes økonomi" i Imsen, Steinar (red.): *Ecclesia Nidrosiensis 1153–1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*. Nr 15 i *Skrifter* frå Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim 2003.
- Dybdahl, Audun: "Hvilke materielle ressurser hadde Olav Engelbrektsson til disposisjon?" i Supphellen, Steinar (red.): *Nytt søkelys på Olav Engelbrektsson. Skrifter* (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab), 2/2004.
- Dybdahl, Audun: *Tiendepengeskatten som kilde til folk og samfunn ca. 1520*. Trondheim 2005.
- Eide, Ole Egil: *Trondenes kirke. Fra 1200-tallet eller fra senmiddelalderen?* Trondarnes distriktsmuseums skriftserie. Nr. 7. 2005
- Ellingsen, Terje: *Kirkeordinansen av 1537. Reformasjonens kirkelov*. Verbum 1990.
- Ellingsen, Terje: *Reformasjonen i Norge. Da kirken valgte kurs*. Høyskoleforlaget 1997.
- Ellingsen, Terje: "Den kirkelige tilstand i 1536. Hvilken åndelig/moralsk makt rådde Olav Engelbrektsson over?" i Supphellen, Steinar (red.): *Nytt søkelys på Olav Engelbrektsson. Skrifter* (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab), 2/2004.
- Ellingsen, Terje: *Predikanter og humanister. Fra Norges kirkehistorie på 1500-tallet*. Drammen 2010.
- Emanuelsson, Anders: *Kyrkojorden och dess ursprung. Oslo biskopsdöme perioden ca 1000-ca 1400*. Göteborg 2005.
- Esmark, Kim: "Bourdieu's uddannelsessociologi" i Annick Prieur og Carsten Sestoft: *Pierre Bourdieu. En introduction*. København 2006.
- Figenschow, Stefan: "Comparing the central authorities' expansion into North Norway and Finland during the Middle Ages" i Hansen, Holt og Imsen: *Nordens plass i middelalderens nye Europa. Samfunnsomdanning, sentralmakt og periferier*. Orkana akademisk 2011.
- Fladby, Rolf: "Fogde", *KLNM* IV. 1959.
- Fladby, Rolf: *Fra lensmannstjener til Kongelig Majestets Foged*. Universitetsforlaget 1963.
- Fladby, Rolf: *Hvordan Nord-Norge ble styrt. Nordnorsk administrasjonshistorie fra 1530-åra til 1660*. Tromsø 1978.
- Gallén, Jarl: "Annater", *KLNM* I. 1956.
- Gallén, Jarl: "Penitentiare", *KLNM* XIII. 1968.



- “Garnisonsskatten 1626” = Stattholderembetet 1572–1771, D IX. Jordebøker til utlikning av garnisonsskatt 1624–1626, Riksarkivet.
- stykke 6.2 (RA/EA-2870/Ek/L0006/0002), 1626–1626:  
[http://arkivverket.no/URN:db\\_read/db/39891/17/](http://arkivverket.no/URN:db_read/db/39891/17/)
  - stykke 16.1 (RA/EA-2870/Ek/L0016/0001), 1625–1626:  
[http://arkivverket.no/URN:db\\_read/db/39910/4/](http://arkivverket.no/URN:db_read/db/39910/4/)
- Giddens, Anthony: *The Consequences of Modernity*. Cambridge 1990.
- Gilje, Nils og Tarald Rasmussen: *Tankeliv i den lutherske stat. 1537–1814*. Bind II i Eriksen, Trond Berg og Øystein Sørensen (red.): *Norsk idehistorie*. Aschehoug 2001.
- GKS 2824 kvart = eit document i ein boks med dokument etter Gerhard Schøning i Det Kongelige Bibliotek, København. Dokumentet har eit omslag med påskrifta "9. Samling af Nordiske Adels-Personer".
- Gorski, Philip S.: “Historicizing the Secularization Debate: Church, State and Society in Late Medieval and Early Modern Europe, ca. 1300–1700”, *American Sociological Review* vol. 65, nr. 1. 2000.
- Gorski, Philip S.: “Bourdieuian Theory and Historical Analysis. Maps, Mechanisms, and Methods” in Gorski, Philip S. (ed.): *Bourdieu and historical analysis*. Duke University Press 2012.
- Grankvist, Rolf: *Nidaros kirkes spital 700 år. Trondhjems hospital 1277–1977*. Trondheim 1982.
- Grenfell, Michael: "Interest" i Grenfell, Michael (ed.): *Pierre Bourdieu. Key Concepts*. Acumen 2008.
- Grönlands historiske mindesmærker*, utg. af Det kongelige nordiske oldskrift-sleskab. 3. bind. Kjøbenhavn 1845.
- Grønli, Oddvar 1952: ”Ei ættetavla frå reformasjonstida.” *Norsk slektshistorisk tidsskrift*. Bd. XIII: 209–244.
- Grønli, Oddvar 1954: ”Ei ættetavla frå reformasjonstida. Tillegg.” *Norsk slektshistorisk tidsskrift*. Bd. XIV: 345–354.
- Gunnes, Erik: ”Visitation”, *KLNM* XX. 1976.
- Guttormsen, Helge: *Andøy bygdebok. Fra Omd til Andøy*. Bd 1. Andøy kommune 1994.
- Hagen, Rune Blix: “Historien om folkene under de syv plogoksene” i Nesset, Sigmund og Helge Salvesen (red.): *Ultima Thule. Et skrift i anledning Universitetsbibliotekets utstilling om det ytterste nord, 10.10.–22.11.1996*. Ravnetrykk nr 7. Universitetsbiblioteket i Tromsø 1996.

- Hagen, Rune Blix og Per-Einar Sparboe (red.): *Kongens reise til det ytterste nord. Dagbøker fra Christian IVs tokt til Finnmark og Kola i 1599*. Ravnetrykk nr 33. Universitetsbiblioteket i Tromsø 2004.
- Hagen, Rune Blix: "The King, The Cat, and The Chaplain. King Christian IV's encounter with the Sami Shamans of Northern Norway and Northern Russia in 1599" i Klaniczay, Gábor and Éva Pócs (ed.): *Communicating with the Spirits*. Central European University Press 2005.
- Hagen, Rune Blix: "Vardøhus som sentrum for dansknorsk statsmakt i nord 1550–1738" i Balsvik, Randi Rønning og Jens Petter Nielsen (red.): *Forpost mot øst. Fra Vardø og Finnmarks historie 1307–2007*. Orkana 2008.
- Hagen, Rune Blix: "Forfølgelse av samiske trollfolk i Vest-Finnmark" i *Heimen*, 1/2010.
- Hagen, Rune Blix: *The Sami – sorcerers in Norwegian history. Sorcery persecutions of the Sami*. Karasjok 2012.
- Hamre, Anne-Marit: "Innledning" til Trondhjems Reformats i *Trondhjems Reformats 1589. Oslo domkapittels jordebok 1595*. Utgitt for kjeldeskriftfondet. Oslo 1983.
- Hamre, Anne-Marit: "Visitasen" i Imsen, Steinar (red.): *Ecclesia Nidrosiensis 1153–1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*. Nr 15 i *Skrifter* frå Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim 2003.
- Hamre, Lars: *Erkebiskop Erik Valkendorf. Trekk av hans liv og virke*. Oslo 1943.
- Hamre, Lars: "Unionstiden 1450–1523" i Fjellbu, Arne m.fl.: *Nidaros erkebispestol og bispesete 1153–1953. Bd 1*. Oslo 1955.
- Hamre, Lars: "Donasjon", *KLNM* III. 1958.
- Hamre, Lars: "Domkapitel", *KLNM* III. 1958(b).
- Hamre, Lars: "Fabrica", *KLNM* IV. 1959.
- Hamre, Lars: "Gåve", *KLNM* V. 1960.
- Hamre, Lars: "Kirkeværger", *KLNM* VIII. 1963.
- Hamre, Lars: "Kapellgeistlighet", *KLNM* VIII. 1963b.
- Hamre, Lars: "Mensa", *KLNM* XI. 1966.
- Hamre, Lars: *Norsk historie frå omlag år 1400: Førelesingar*. Oslo 1968.
- Hamre, Lars: "Prästlön", *KLNM* XIII. 1968(b).
- Hamre, Lars: "Sjelegave", *KLNM* XV. 1970(a).
- Hamre, Lars: "Setesvein", *KLNM* XV. 1970(b).
- Hamre, Lars: *Norsk historie frå midten av 1400-åra til 1513: Førelesingar*. Oslo 1971.
- Hamre, Lars: "Stolgebyr", *KLNM* XVII. 1972.

- Hamre, Lars: "Testamente", *KLNM XVIII*. 1974(a).
- Hamre, Lars: "Tiend", *KLNM XVIII*. 1974(b).
- Hamre, Lars: "Kannikgjeld", *KLNM XXI*. 1977(a).
- Hamre, Lars: "Litt om kyrkjelege og benefisialrettslege tilhøve i Finnmark i mellomalderen", side 29–31 i Bergsland, Knut (red.): *Samenes og sameområdenes rettslige stilling historisk belyst. Foredrag og diskusjoner på synposium avholdt 7.–9. november 1973*. Oslo/Bergen/Tromsø 1977(b).
- Hamre, Lars: *Norsk politisk historie 1513–1537*. Oslo 1998.
- Hansen, Jan-Erik Ebbestad (red.): *Norsk tro og tanke. 1000–1800*. Bind 1. Oslo 1998.
- Hansen, Lars Ivar: "Ekskurs 1. Fisketienden" i upublisert manus. 1979.
- Hansen, Lars Ivar: "Innledning" til *Major Peter Schnitlers grenseeksaminasjonsprotokoller 1742–1745*, bd III. Oslo 1985.
- Hansen, Lars Ivar: *Samiske rettigheter til jord på 1600-tallet: "finnejorder" i Sør-Troms*. Tromsø museums skrifter nr. 20. Oslo 1986.
- Hansen, Lars Ivar: *Handel i nord. Samiske samfunnsendringer ca.1550–ca.1700*. Universitetet i Tromsø 1990.
- Hansen, Lars Ivar: "Svá sculu almenningar vera sem verit hafa fyrr at fornu fari" – Et bosetningshistorisk perspektiv på allmenningslovgivningen i tidlig middelalder" i Michalsen, Dag og Knut Sprauten: *Rett og historie. Festskrift til Gudmund Sandvik*. Oslo 1997(a).
- Hansen, Lars Ivar: "Konstruksjonen av etniske og religiøse skillelinjer i landskapet" i Finstad, Bjørn Petter, Lars Ivar Hansen, Henry Minde, Einar Niemi og Hallvard Tjelmeland (red.): *Stat, religion, etnisitet. Rapport fra Skibotn-konferansen, 27.–29. mai 1996*. Skriftserie – nr. 4, Senter for samiske studier. Tromsø 1997(b).
- Hansen, Lars Ivar: *Astafford bygdebok, Historie bd. 1, Fra eldre jernalder til ca. 1570*. Lavangen kommune 2000.
- Hansen, Lars Ivar: "Nordisk og nordeuropeisk innvandring til Nord-Norge på 1500-tallet" i *Ottar*, 3/2001(a).
- Hansen, Lars Ivar: "Grensefastsettingen på Nordkalotten fra middelalderen til 1751: Folkeslag – strategier – prinsipper" i *Det farefulle nord. Trusler og trusseloppfatninger knyttet til Nord-Norge gjennom tusen år*. Nr. 1, *Speculum Boreale*. 2001(b)
- Hansen, Lars Ivar: *Astafford bygdebok, Historie bd. 2, Astafford ca. 1570-ca. 1730*. Lavangen kommune 2003(a).

- Hansen, Lars Ivar: "Trondenes kannikgjeld" i Imsen, Steinar (red.): *Ecclesia Nidrosiensis 1153–1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*. Nr 15 i *Skrifter* frå Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim 2003(b).
- Hansen, Lars Ivar: "Middelaldersamfunnets etniske grenser" i Berg, Bård A. og Einar Niemi (red.): *Fortidsforestillinger. Bruk og misbruk av nordnorsk historie. Speculum Boreale*, nr 4. Universitetet i Tromsø 2004.
- Hansen, Lars Ivar: "Arkaiske bønder eller alternativ sosial logikk? Om telemarksbøndenes forhold til stat, eigedom, kirke og helvete i middelalderen" i Orning, Hans Jacob, Kim Esmark og Lars Hermansson: *Gaver, ritualer, konflikter. Et rettsantropologisk perspektiv på nordisk middelalderhistorie*. Unipub forlag 2010(a).
- Hansen, Lars Ivar: "The Arctic Dimension of 'Norgesveldet'" i Imsen, Steinar (ed.): *The Norwegian domination and the Norse World c.1100–c.1400*. Trondheim 2010(b).
- Hansen, Lars Ivar: "Norwegian, Swedish and Russian "tax lands" in the north" i Imsen, Steinar (ed.): *Taxes, tributes and tributary lands in the making of Scandinavian kingdoms in the Middle Ages*. Trondheim 2011.
- Hansen, Lars Ivar: "Juxta paganos: The delineation of the religious frontier in the North" i Imsen, Steinar (ed.): *"Ecclesia Nidrosiensis" and "Noregs veldi". The role of the Church in the making of Norwegian domination in the Norse World*. Trondheim 2012.
- Hansen, Lars Ivar og Bjørnar Olsen: *Samenes historie fram til 1750*. Oslo 2004.
- Haug, Eldbjørg: *Provincia Nidrosiensis i dronning Margretes unions- og maktpolitikk*. Skriftserie fra Institutt for historie og klassiske fag, bd 54. NTNU 1996.
- Haug, Eldbjørg: "Minor Papal Penitentiaries of Dacia, their Lives and Careers in Context" i *Collegium Medievale*, volum 21, 2008.
- Helle, Knut: *Under kirke og kongemakt: 1130-1350*, band 3 i *Aschehougs norgeshistorie*, Oslo 1995.
- Holmsen, Andreas: "Ødegårder og hanseater i Norge", forelesning i Det norske ødegårdsprosjektet, september 1970. (Redigert av Knut Johannesen 1973.)
- Holmsen, Andreas: "Hanseater og ødegårder i Norge i senmiddelalderen", forskerseminar i Det norske ødegårdsprosjektet, september 1971. (Redigert av Knut Johannesen 1973.)
- Holmsen, Andreas: *Nye studier i gammel historie*. Oslo–Bergen–Tromsø 1976.
- Holmsen, Andreas: "Finnskatt og nordmannsskatt" i Bergsland, Knut (red.): *Samenes og sameområdenes rettslige stilling historisk belyst. Foredrag og diskusjoner på synposium avholdt 7.–9. november 1973*. Oslo–Bergen–Tromsø 1977.
- Holmsen, Andreas: *Hva kan vi vite om agrarkatastrofen i Norge i middelalderen?* Oslo 1978.

- Hommedal, Solrun: "Dom og dommere. En undersøkelse av offisiellembetet i Norge og på Island 1290–1458." Masteroppgave i historie, NTNU. Trondheim 2010.
- Howe, Eunice D.: *The Hospital of Santo Spirito and Pope Sixtus IV*. Garland Publishing 1978.
- Høgsæt, Ragnhild: "Tienden som kilde til produksjonsutviklinga" i *Historisk tidsskrift*, 1/1994.
- ÍF XVII = *Biskupa sögur 3. Árna saga biskups. Lárentius saga biskups. Sögubáttur Jóns Halldórsonar biskups. Biskupa ættir. Íslenzk fornrit XVII* utg. Guðrún Ása Grímsdóttir. Reykjavík 1998.
- Iggers, Georg G.: *Historiography in the Twentieth Century. From Scientific Objectivity to the Postmodern Challenge*. Wesleyan University Press 1997.
- Imsen, Steinar: *Superintendenten*. Universitetsforlaget 1982.
- Imsen, Steinar: *Europa 1300–1550*. 2. utg. Oslo 2000.
- Imsen, Steinar: *Noregs nedgang*. Oslo 2002.
- Imsen, Steinar (red.): *Ecclesia Nidrosiensis 1153–1537. Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*. Nr 15 i *Skrifter* frå Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim 2003.
- Imsen, Steinar: "Mikkelskorn" i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(a).
- Imsen, Steinar: "Tiend" i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(b).
- Imsen, Steinar: "Inngang" i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(c).
- Imsen, Steinar: "Offertoll" i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(d).
- Imsen, Steinar: "Fogd" i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(e).
- Imsen, Steinar: "Den politiske situasjonen i 1536. Hvilken politisk makt hadde Olav Engelbrektsson?" i Supphellen, Steinar (red.): *Nytt søkelys på Olav Engelbrektsson. Skrifter* (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab), 2/2004(f).
- Imsen, Steinar: "Domkapitel" i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(g).
- Imsen, Steinar: "Len" i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(h).
- Imsen, Steinar (red.): *Den kirkehistoriske utfordring. Skrifter* nr. 19, Senter for

- middelalderstudier. Tapir akademiske forlag 2005.
- Isl. Ann. = Islandske Annaler indtil 1578*, udgivne for det Norske historiske Kildeskriftfond ved Gustav Storm. Christiania 1888.
- Jenkins, Richard: *Pierre Bourdieu*. Routledge (1992) 2002.
- Johannessen, Knut: ”Jordeiendomsforhold” i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(a).
- Johannessen, Knut: ”Landskyld” i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(b).
- Johannessen, Knut: ”Bygsel” i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004(c).
- Johannessen, Knut/Imsen, Steinar: ”Prestebordsgods” i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004.
- Johnsen, Oscar Albert: “Norske geistliges og kirkelige institutioners bogsamlinger i den senere middelalder” i *Sproglige og historiske afhandlinger viede Sophus Bugges Minde*. Kristiania 1908.
- Jordheim, Helge: *Lesningens vitenskap. Utkast til en ny filologi*. Universitetsforlaget 2001.
- Joys, Charles: “Tidsrommet 1280–1450” i Fjellbu, Arne m.fl.: *Nidaros erkebispesetol og bispesete 1153–1953. Bd 1*. Oslo 1955.
- JTD* = Jordebok i Trondheim Domkapittels bok i *NRJ* 5, 2. hefte.
- Jørgensen, Jon Gunnar (utg.): *Aslak Bolts jordebok*. Oslo 1997.
- Jørgensen, Torstein og Gastone Saletnich: *Syndere og pavemakt. Botsbrev fra Den Norske Kirkeprovins og Suderøyene til Pavestolen 1438–1531*. Misjonshøgskolens forlag 2004.
- Karlsson, Karl Henrik og Gustav Storm (utg.): *Finmarkens Beskrivelse af Erkebiskop Erik Walkendorf*. Særtrykk av Det norske geografiske selskabs Aarbog, 12/1901.
- Keussen, Hermann: *Die Matrikel der Universität Köln*. Zweiter Band 1476–1559. Bonn 1919.
- Kiil, Alf: *Da bøndene seilte. Bygdefarsbrukets historie i Nordlandene*. Oslo 1993.
- Kjeldstadli, Knut: *Fortida er ikke hva den en gang var*. Oslo 1992.
- KLNM* = *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingetid til reformasjonstid*. Oslo. 1956–1978.
- Kolsrud, Oluf: “Den norske Kirkes erkebiskoper og Biskoper indtil Reformationen”, i *DN XVII*. Oslo 1913.
- Kolsrud, Oluf (utg.): *Den Norske Kirkes Mindeskrift 1917. Utkast til en norsk Kirkeordinans*. Kristiania 1917.

- Kolsrud, Oluf: "Erkebiskop Olav Thronndsson av Nidaros. 1459–1474" i *Norvegia Sacra*, bd 4. Oslo 1924.
- Kolsrud, Oluf: *Nidaros og Stiklestad. Olavs-jubileet 1930. Minneskrift*. Steenske forlag 1937.
- Kolsrud, Oluf: Noregs kyrkjesoga. I. Millomalderen. Oslo 1958.
- Kolsrud, Oluf: Presteutdanning i Noreg. Oslo 1961.
- Kolsrud, Oluf: *Noregs kyrkjesoga. II. 1500–ca 1740*. Utg. av Svein Helge Birkeflet. Oslo 2007.
- Koht, Halvdan: *Olav Engelbriktsson og sjølvstendetapet 1537*. Oslo 1951.
- Koselleck, Reinhart: *Erfarenhet, tid och historia. Om historiska tiders semantik*. Daidalos 2004.
- Koselleck, Reinhart: *Begreber, tid og erfaring. En tekstsamling*. København 2007.
- Kühle, Lene Maria van der Aa: *Out of many, one. A theoretical and empirical study of religious pluralism in Denmark from the perspective of power*. Doktorgradsavhandling. Aarhus universitet 2004
- Kårstad, Eirik: "Trondenes og Senja. Føreløpig manus h-76." 1976.
- Kårstad, Eirik: "Ødegårder og oppgangstid i Trondenes. Bosetningen i bygdene opp mot Malangen i seinmiddelalderen" i Hansen, Lars Ivar (red.): *Seinmiddelalder i norske bygder*. Oslo 1981.
- Lange, Christian: "Matrikel over Norske Studerende ved Rostocks Universitet 1419–1690" i *Norske Samlinger*, Første Bind. Christiania 1852.
- LBSS = *Liber fraternitatis Santo Spirito*, ms. 328, Biblioteca Lancisiana, Roma.
- LD = *Latinske dokument til norsk historie fram til år 1204*. Utgjevne med omsetjing og kommentar ved Eirik Vandvik. Oslo 1959.
- Linchausen, Roger Martin: "Befolkningsforhold og levevilkår i kyst-Finnmark i seinmiddelalderen". Hovedoppgave i historie. Universitetet i Tromsø 1975.
- Lindbekk, Kari: *Det lå muligheter i strevet. 1500-1700*. Bd 2 av Lofotens og Vesterålens historie. Utg. av kommunene i Lofoten og Vesterålen 1978.
- Lindbæk, J. og G. Stemann: *De Danske Helligaandsklostre*. København 1906.
- Lindbæk, Johs.: *Pavernes forhold til Danmark under kongerne Kristiern 1 og Hans*. København 1907.
- LoF = *Lover og forordninger 1537–1605. Norsk lovstoff i sammendrag*. Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo 1988.
- Lunden, Kåre: "Mellomalder", særtrykk av *Heggen og Frøland-boka*, I. Askim 1965.

- Lunden, Kåre: "Hanseatane og norsk økonomi i seinmellomalderen. Nokre merknader" i *Historisk tidsskrift*, 2/1967.
- Lunden, Kåre: "Den materialistiske historieoppfatninga, konfrontert med sosiale endringar i Noreg i tidleg mellomalder" i *Historisk tidsskrift*, 3/1973.
- Lykke, Christian: "Aslak Bolt og erkesetetets økonomi." Hovedoppgave i historie. Historisk institutt, NTNU 2000.
- Lysaker, Trygve: "Erkebiskop Olav Engelbrektssons bakgrunn", DKNVS *Skrifter* nr 3. Trondheim 1961.
- Lysaker, Trygve: "En gåtefull periode i nordnorsk historie" i *Håløygminne*, 3/1976.
- Lysaker, Trygve: *Trondenes bygdebok. Trondenes sogns historie*. [1958] 2. utg. Harstad 1978(a).
- Lysaker, Trygve: *Trondenes bygdebok, Gårdshistorie for Trondenes herred med Harstad*. [1956] 2. utg. Harstad 1978(b).
- Lysaker, Trygve: *Trondenes bygdebok, Gårdshistorie for Sandtorg herred*. [1956] 2. utg. Harstad 1978(c).
- Lysaker, Trygve: *Trondenes bygdebok, Gårdshistorie for Skånland herred*. [1956] 2. utg. Harstad 1978(d).
- Lysaker, Trygve: *Nidaros erkebispesetol og bispesete 1153-1953*. 1: "Reformasjon og enevelde 1537-1804". Trondheim 1987(a).
- Lysaker, Trygve: "Var Trondenes kirke en kollegiatkirke i senmiddelalderen?" i *Håløygminne*, 4/1987(b).
- Mann, Michael: *A History of Power from the Beginning to A.D. 1760*. Bd. I, *The Sources of Social Power*. Cambridge 1986.
- Maton, Karl: "Habitus" i Grenfell, Michael (ed.): *Pierre Bourdieu. Key Concepts*. Acumen 2008.
- MLL = Magnus Lagabøters Landslov*. Oversatt av Absalon Taranger. 4. opplag, Universitetsforlaget 1970.
- Maurer, W.: "Reformation" i Campenhausen et.al. 1957–65: *Die Religion in Geschichte und Gegenwart: Handwörterbuch für Theologie und Religionswissenschaft*. Bd V. Dritte Auflage. Mohr. 1961.
- Moore, Robert: "Capital" i Grenfell, Michael (ed.): *Pierre Bourdieu. Key Concepts*. Acumen 2008.



- Morkinskinna* = *Morkinskinna. Pergamentsbog fra første Halvdel af det trettende Aarhundrede : indeholdende en af de ældste Optegnelser af Norske Kongesagaer*. Utg. ved C.R. Unger. Christiania 1867.
- Nannestad* = ”Biskop i Trondhjem dr. Fr. Nannestads optegnelser i hans almanakk av 1750 om kirker i Nord-Norge”, Wolff, J. U. (red.): *Tromsø museums årshefter. Kulturhistorisk avdeling bd.. 4*, (1931) 1942 og *Antiquariske Annaler*, bind 2, 1812: 263–269.
- Nansen, Fridtjof: *In Northern Mists, Arctic Exploration in Early Times* [engelsk utgåve av *Nord i Tåkeheimen*], vol. II. New York 1911.
- NBL* = *Norsk biografisk leksikon i Store norske leksikon*: <http://nbl.snl.no/search>
- Nedkvitne, Arnved: *Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100–1600*. Bergen 1983.
- Nedkvitne, Arnved: ”*Mens Bønderne seilte og Jægterne for*”. *Nordnorsk og vestnorsk kystøkonomi 1500-1730*. Oslo 1988.
- NgL* = *Norges gamle Love indtil 1387*. Redigert av Rudolf Keyser, Peter Andreas Munch, Gustav Storm og Ebbe Carsten Hornemann Hertzberg. 5 bd. Christiania 1846–1895.
- NgL 2* = *Norges gamle Love, Anden Række, 1388–1604*. Redigert av Absalon Taranger, Oscar Albert Johnsen, Oluf Kolsrud, Grethe Authén Blom, Ferdinand Linthoe Næshagen, Gösta Åquist og Halvor Kjellberg. 4 bd. Kristiania/Oslo: Norsk historisk Kjeldeskrift-Institut 1904–1995.
- NHR* = *Norske Herredags-Dombøger, Første Række, (1578–1604)* / udgivne for Det Norske Historiske Kildeskriftfond ved E.A. Thomle. 1893–1903.
- Nicolaissen, O.: ”Presten Ogmund Olavsson Kaabeins testamente av 1381” i *Haaløygminne*, 2/1922.
- Nielsen, Herluf: ”Provisioner”, *KLNM XIII*. 1968.
- Nielssen, Alf Ragnar: ”Ødetida på Vestvågøy. Bosetningshistorien 1300–1600.” Hovedoppgave i historie ved Universitetet i Tromsø. 1977.
- Nielssen, Alf Ragnar: *Skattelister og befolkningsutvikling i Helgøy – Karlsøy på første halvdel av 1600-tallet*. Publikasjon nr. 8 fra Helgøyprosjektet. Universitetet i Tromsø/NAVF 1984.
- Nielssen, Alf Ragnar: ”Fra storvær til småbruk” i *Heimen*, 2/1986.
- Nielssen, Alf Ragnar: ”Hansahandelens betydning for framveksten av fiskeværene i Nord-Norge” i *Håløygminne*, 3/1993.
- Nielssen, Alf Ragnar: ”Norwegian Fisheries, c. 1100–1850” i Starkey, David J., Jón Th. Thor og Ingo Heidbrink (eds.): *A History of the North Atlantic Fisheries. Volume 1. From Early Times to the Mid-Nineteenth Century*. Bremen 2009.

- Nilsen, Halkild: *Bergensernes handel på Finnmark i eldre tid: et bidrag til Bergens og Finnmarks handelshistorie*. Oslo 1966.
- Nils Mortensen 1685: *En Kort Sandtferdig Beretning offuer de thuende preste Gield i Nordlandene, Bisperne i Thrundhiemb En effter anden, Nyder Som en Løn for deris Embede*. 1 79b007607 – kat 1979-10-13 GUNNERUS XA Qv. 29, Spesialsamlingene, UB, NTNU.
- Nissen, Harald: “Domkapitlets bibliotek” i Nissen, Harald og Monica Aase (red.): *Til opplysning. Universitetsbiblioteket i Trondheim 1768–1993. Skrifter* nr. 1, DKNVS. Trondheim 1993.
- Nissen, Harald A.: “Utgravningene i erkebispegården i Trondheim: Arbeidsstyrke og lønnsforhold ved erkesetet i 1530-årene”. NIKU Temahefte 14. Trondheim 1998.
- Njåstad, Magne: *Norvegr. Norges historie – bind II. 1400–1800*. Oslo 2011.
- NLR = Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567*. 6 bd. Oslo: Riksarkivet. 1937–1943.
- NM = Norske magasin. Skrifter og optegnelser angaaende Norge og forfattede efter reformationen / samlede og udgivne af N. Nicolaysen*. 3 bd. Oslo 1858–1870.
- Normann, Sigurd: *Vår lutherske arv. Et festskrift til 400-årsjubileet for reformasjonens innførelse i Norge*. Norges Lutherlags Forlag 1937.
- NRJ = Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundrede (1514–1570)*. Redigert av Henrik Jørgen Huitfeldt-Kaas og Arne Odd Johnsen. 5 bd. Christiania/Oslo: Norsk historisk Kjeldeskrift-Institutt. 1885–1983.
- NRR = Norske Rigs-Registranter, tildeels i Uddrag [1523–1660]*. Redigert av Christian Christoph Andreas Lange, Edvard Omsen Heiberg, Siegwart Petersen, Otto Karl Klaudius Gregers Gregerssøn Lundh, Johan Ernst Welhaven Sars, Ole Andreas Øverland, Yngvar Nielsen og Erik Andreas Thomle. 12 bd. Christiania, 1861–1891.
- Nygaard, Jon: “...af stort est du kommen” *Henrik Ibsen og Skien*. Senter for Ibsen-studier. Universitetet i Oslo 2013.
- OEJ = Olav Engelbrektssøns Jordebog. Register paa St. Olavs jorder forfattet under erkebiskop Olav Engelbrektssøn. Anhang: Erkebiskop Gautes jordebøker*. Redigert av Christoffer Brinchmann og Johan Agerholt. Oslo: Norges Rigsarkiv 1926.
- OER = Olav Engelbriktssøns rekneskapsbøker 1532–1538*. Redigert av Jens Arup Seip. Oslo: Norges Riksarkiv 1936.
- Oftestad, Bernt T.: *Tro og politikk: en reformasjonshistorie*. Universitetsforlaget 2001.
- Oftestad, Bernt T., Tarald Rasmussen og Jan Schumacher: *Norsk kirkehistorie*. Universitetsforlaget 2005.

- Opsahl, Erik: "...som ieg tusinfold indfødder war". *Norsk innvandringshistorie ca. 900–1537*. Dr.art.-avhandling, Universitetet i Tromsø 2006.
- Opsahl, Erik: "Water or Beer? Anti-German Sentiments in Scandinavia in the Late Middle Ages. The Case of Norway" i Bisgaaard, Lars o.a.: *Guilds, Towns, and Cultural Transmission in the North, 1300-1500*. University Press of Southern Denmark, in print.
- Orning, Hans Jacob: *Norvegr. Norges historie – bind I. Frem til 1400*. Oslo 2011.
- Pirinen, Kauko: "Dekan", *KLNM* III. 1958.
- Pollestad, Kjell Arild: *Kirkeliv i nord før Svartedauden. Biskop Laurentius' saga*. Cappelen 2001.
- Prieur, Annick: "En teori om praksis" i Annick Prieur og Carsten Sestoft: *Pierre Bourdieu. En introduction*. Hans Reitzels Forlag. København 2006.
- Rey, Terry: *Bourdieu on Religion. Imposing Faith and Legitimacy*. Equinox 2007.
- Rian, Øystein: *Den aristokratiske fyrstestaten, 1536–1648*. Oslo 1997.
- Rian, Øystein: "Olav Engelbrektsson – den store taperen i norsk historie" i Supphellen, Steinar (red.): *Nytt søkelys på Olav Engelbrektsson. Skrifter* (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab), 2/2004(a).
- Rian, Øystein: "Olav Engelbrektssons kamp for det norske system. Det viktigste og mest interessante nederlag i Norgeshistoria" i Supphellen, Steinar (red.): *Nytt søkelys på Olav Engelbrektsson. Skrifter* (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab), 2/2004(b).
- Rian, Øystein: "Reformasjonen som katastrofe i norgeshistorien" i *Historie*, 1/2005.
- Rian, Øystein: "Historie i tvangstrøye. Kongemakt og historieformidling i Danmark-Norge 1536–1814" i *Historisk tidsskrift*, 1/2013.
- Riisøy, Anne Irene: "Stat og kirke: Rettsutøvelsen i kristenrettsaker mellom sættargjerdene og reformasjonen." Hovedoppgave i historie. Universitetet i Oslo 2000.
- Riisøy, Anne Irene: *Sex, rett og reformasjon*. Unipub 2006.
- RN = Regesta Norvegica [822–1419]*. Redigert av Sverre Bagge, Narve Bjørge, Erik Gunnes, Halvor Kjellberg, Arnved Nedkvitne, Gunnar I. Pettersen, Knut Sprauten og Anne-Marit Hamre. 9 bd. Oslo: Norsk Historisk Kjeldekrift-Institutt, 1978–2006.
- Rosenwein, Barbara H.: *To be the Neighbor of Saint Peter. The Social meaning of Cluny's Property, 909-1049*. Ithaca and London, Cornell University Press 1989.
- Rørvik, Thor Inge: "Humanisme – reformasjon – ortodoksi. Norsk idéhistorie på 1500- og 1600-tallet" i Hansen, Jan-Erik Ebbestad (red.): *Norsk tro og tanke. 1000–1800*. Bind 1. Tano Aschehoug 1998.

- Salonen, Kirsi og Ludwig Schmutge: "*A Sip from the Well of Grace*". *Medieval Texts from the Apostolic Penitentiary*. Washington D.C. 2009.
- Salvesen, Astrid: *Norges historie. Historien om de gamle norske kongene / Theodricus munk. Historien om danenes ferd til Jerusalem*. Oslo 1969.
- Sande, Siri: "Pilegrimssuvenirer" i Marina Prusac, Mona Bramer Solhaug og Mariannae Vedeler (red.) *På spor av Gud? Pilegrimsreiser i middelalderens kristenhet*. Oslo 2009.
- Sandnes, Jørn: *Ødetid og gjenreisning. Trøndsk busetningshistore ca 1200–1660*. Oslo 1971.
- Sandvik, Gudmund: *Prestegard og prestelønn. Studiar kring problemet eigedomsretten til dei norske prestegardane*. Oslo 1965.
- Sandvik, Gudmund: "Prästgård", *KLNM XIII*, 1968.
- Schanche, Audhild: "Jernalderens bosettingsmønster i et fleretnisk perspektiv" i Bertelsen, Reidar, Per Kyrre Reymert og Astrid Utne (red.): *Framskritt for fortida i nord. I Povl Simonsens fotefar*. Tromsø Museums skrifter XXII. Tromsø Museum, Universitetet i Tromsø 1989.
- Schielderop 1642 = Peder Jonssønn Schielderop om Throndenes, Lødingen og Tromsø kald, 22. sept. 1642. NRA, Danske kanselli, skåpsaker, skåp 14, pk. 157, litra H.
- Schreiner, Johan: *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*. Oslo 1941.
- Seebaß, Gottfried: "Reformation" i Balz, Horst et. al. 1977-2007: *Theologische Realenzyklopädie*. Bd 28. de Gruyter. 1997.
- Seip, Didrik Arup: "Trondenes jordebok" i *Håløygminne*, 1/1954.
- Seip, Jens Arup: *Sættargjerden i Tunsberg og kirkens jurisdiksjon*. Oslo 1942.
- Sigurðsson, Jón Viðar: *Norsk historie 800–1300*. 2. opplag. Oslo 2006.
- Skånland, Vegard: "Legat og nuntius", *KLNM X*, 1965.
- Slaatta, Tore: "Med Bourdieu som utgangspunkt: medienes makt" i *Sosiologi i dag*, 1-2/2002.
- SM = Skattematrikkelen 1647. Bd XVII. Troms og Finnmark fylker*. Universitetsforlaget 1978.
- Sogner, Sølvi: "Bondeluten i reformasjonsårhundret", i *Heimen XII* (1961–63), 61–71
- Steen, Sverre: *Tidsrummet fra omkring 1500 til omkring 1640*, band IV av Bull, Edvard, Wilhelm Keilhau, Haakon Shetelig og Sverre Steen: *Det Norske folks liv og historie gjennom tidene*. Oslo 1929–1938.
- Steinnes, Asgaut: "Gamal skatteskipnad i Noreg. Andre luten" i *Avhandlingar utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Historisk-filosofisk klasse*. Oslo 1933.
- Steinnes, Asgaut: *Mål, vekt og verderekning i Noreg i millomalderen og ei tid etter*. Oslo 1936.

- Stige, Morten og Terje Spurkland (red.): *Tingvoll kyrkje. Gåta Gunnar gjorde*. Skrifter nr. 21. Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim 2006.
- Storm, Gustav (utg.): *Sigurd Ranessøns Proces*. Kristiania 1877.
- Storm, Gustav (utg.): *Historisk-topografiske Skrifter om Norge og norske Landsdele, forfattede i Norge i det 16de Aarhundrede*. Christiania 1895.
- Storm, Gustav: *Afgifter fra den Norske kirkeprovins til det apostoliske kammer og kardinalkollegiet 1311–1523: efter optegnelser i de pavelige arkiver*. Christiania 1897.
- Svartvassmo, Asbjørn: "Trondenes kirkested i mellomalderen. Kloster, kollegiat eller bare et oppholdssted for dekanens kapellaner?" i *Håløygminne*, 3/1988.
- Svenska Akademiens ordbok*, bd 28. Lund 1957.
- Sørgård, Inge: "Trondenes kirke i skjæringspunktet mellom øst og vest. Var Trondenes kirke befestet i middelalderen?" Mastergradsoppgave i arkeologi. Universitetet i Tromsø 2005.
- Torkelsen, Edwin: "Konge og kapitel. En studie omkring de norske domkapitlers *raison d'être* fra reformasjonen til ca. 1600." Hovedoppgave i historie, Universitetet i Oslo 1971.
- Trædal, Vidar: *Kirkesteder og kirkebygninger i Troms og Finnmark før 1800*. Ph.d.-avhandling. Universitetet i Tromsø 2008.
- Tveite, Stein: "Nordfararane i Bergen i seinmellomalderen" i *Historisk tidsskrift*, 3/1968.
- Tveito, Olav: "Tingvoll kyrkje i mellomalderen: Funksjon, prestar, liturgisk praksis" i Stige, Morten og Terje Spurkland (red.): *Tingvoll kyrkje. Gåta Gunnar gjorde*. Skrifter nr. 21. Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim 2006.
- TDK = Trondheim domkapitel. Kopibok 1534–1662*. Statsarkivet i Trondheim.
- TJ = Trundenes Jordbog M.DC.LXVI*. Fortegnelse Paa den Rente oc Indkomst. Som er lagd till Bispen i Trundhjem pro officio, oc det af Trundenes præstegeld i Nordland. Av prost Erik Bredal, 28. april 1666, som svar på spørsmål frå Titus Bülche 5. oktober 1664. [fol. 162–fol.188] Vedlegg til soknepresten manntal 1664–66, Bd. 36, Rentekammeret.
- TR = Trondhjems reformats 1589. Oslo domkapittels jordebok 1595*. Utgitt for kjeldeskriftfondet. Oslo 1983.
- Ugulen, Jo Rune: "*- alle the knaber ther inde och sædescwenne -*" *Ei undersøking i den sosiale samansetjinga av den jordeigande eliten på Vestlandet i mellomalderen*. Doktorgradsavhandling i historie. Universitetet i Bergen 2006.
- Valkendorf = Karlsson, Karl Henrik og Gustav Storm (utg.): Finmarkens Beskrivelse af Erkebiskop Erik Walkendorf*. Særtrykk av Det norske geografiske selskabs Aarboeg, 12/1901.
- Werlen, Benno: *Society, action and space. An alternative human geography*. London 1993.

- Winge, Harald: "Olavssæd" i Imsen, Steinar og Harald Winge (red.): *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500–ca. 1800*. 2. utg., 3. opplag. Oslo 2004.
- Wold, Helge A.: *I paradisetts første krets*. Oslo 1991.
- Wold, Helge A.: *Querinis reise. Historier om en historie*. Orkana 2004.
- Wolgast, Eike: "Reform, Reformation" i Brunner, O.; Conze, W. und Koselleck, R. c1972–c1997: *Geschichtliche Grundbegriffe*. Bd 5, Pro–Soz. Klett-Cotta 1984.
- Wood, Susan: *The Proprietary Church in the Medieval West*. Oxford 2006.
- Øverås, Asbjørn, A. E. Erichsen og Johan Due: *Trondheim katedralskoles historie 1152–1952*. Trondheim 1952.
- Øygarden, Henriette Sagengen: "Prost, prosti og provins. Prosteembetet i Jemtland 1303–1563." Masteroppgave i historie. Institutt for historie og klassiske fag. NTNU 2013.